

# Bibelhebraisk grammatikk

Andrew Wergeland

## Innhald

Forord .....	4
Rettskriving og lydlære (ortografi og fonologi) .....	5
Skrift og uttale, § 1–3 .....	5
§ 1 Alfabetet og konsonantlydane .....	5
§ 2 Vokalteikn og vokallydar .....	9
§ 3 Andre teikn i og rundt teksten .....	17
Lydendringar og lydlover, § 4–13 .....	22
§ 4 Konsonantgrupper .....	22
§ 5 Vokalgrupper .....	22
§ 6 Ordtrykk .....	23
§ 7 Stavingstypar .....	24
§ 8 Stavingstypar og endringar i vokallengde .....	25
§ 9 Sjeva-endringar .....	28
§ 10 Endringar i vokalklang .....	33
§ 11 Pausale former .....	35
§ 12 Konsonantendringar .....	36
§ 13 Gutturalane og ׀ .....	41
Orda (etymologi) .....	44
§ 14 Ord og orddanning .....	44
§ 15 Nomenmønster .....	48
Bøyingslære (morfologi) .....	53
Verbbøying, § 16–25 .....	53
§ 16 Oversikt .....	53
§ 17 Verbstamme, kausativitet og diatese .....	54
§ 18 Subjektsaffiksa .....	55
§ 19 Stammemønstra .....	57
§ 20 Consecutivum .....	63
§ 21 Viljesformer av verbet .....	65
§ 22 Infinitte former av verbet (verbalnomina) .....	68
§ 23 Regelmessig verbbøying .....	72
§ 24 Uregelmessige verb .....	76
§ 25 Samanfatning: kjenneteikna på verbformene .....	104
Nomenbøying, § 26–31 .....	106
§ 26 Oversikt .....	106

§ 27	Status .....	107
§ 28	Substantiv .....	108
§ 29	Adjektiv .....	110
§ 30	Uregelmessige nomen .....	111
§ 31	Sjeldne endingar .....	112
Pronomensuffiks, § 33–37.....		113
§ 33	Formene.....	113
§ 34	Verb med pronomensuffiks .....	116
§ 35	Nomen med pronomensuffiks .....	121
§ 36	Partiklar med pronomensuffiks .....	123
§ 37	"Energisk" suffiks.....	125
Setningslære (syntaks).....		127
Verbstammer og konjugasjonar, § 38–43.....		127
§ 38	Verbstammene.....	127
§ 39	Dei fire hovudkonjugasjonane .....	147
§ 40	Jussiv, kohortativ, imperativ .....	162
§ 41	Infinitiv constructus.....	168
§ 42	Infinitiv absolutus.....	172
§ 43	Partisipp.....	175
Andre bøyingskategoriar og nominale funksjonar, § 44–52 .....		179
§ 44	Kjønn .....	179
§ 45	Tal.....	182
§ 46	Binding .....	186
§ 47	Retnings-ן ( <i>kamets he-locale</i> ) .....	189
§ 48	Substantiv som står til nomen .....	190
§ 49	Substantiv som står til verb .....	198
§ 50	Adjektiv .....	202
§ 51	Talord .....	205
§ 52	Pronomen og demonstrativ.....	209
Partiklar (funksjonsord), § 53–55.....		214
§ 53	Preposisjonar .....	215
§ 54	Konjunksjonar .....	232
§ 55	Partiklar med andre funksjonar .....	240
Frasar (oppbygging og funksjon), § 56–58 .....		252
§ 56	Nomenfrasar .....	252
§ 57	Preposisjonsfrasar.....	263
§ 58	Verbfrasar.....	266
Setningar (oppbygging og typar), § 59–62.....		268

§ 59	Setningsledd .....	268
§ 60	Setningstypar .....	276
§ 61	Leddsetningar .....	277
§ 62	Andre hovudsetningar og ytringar .....	282
Tillegg 1	Utvalde paradigme .....	288
	Paradigme 1: <b>regelmessige verb (§ 23a)</b> .....	288
	Paradigme 2: <b>I. guttural-verb (§ 24b1)</b> .....	290
	Paradigme 3: <b>II. guttural-verb (§ 24b2)</b> .....	291
	Paradigme 4: <b>III. guttural-verb (§ 24b3)</b> .....	292
	Paradigme 5: <b>א"ב-verb (§ 24c)</b> .....	293
	Paradigme 6: <b>opphavlege ו"ב-verb (§ 24d)</b> .....	294
	Paradigme 7: <b>ו"ב-verb (opphavlege ו"ב; § 24e)</b> .....	295
	Paradigme 8: <b>ג"ב-verb (§ 24f)</b> .....	296
	Paradigme 9: <b>ה"ל-verb (§ 24g)</b> .....	297
	Paradigme 10: <b>א"ל-verb (§ 24h)</b> .....	298
	Paradigme 11: <b>ו"י-verb (§ 24i)</b> .....	300
	Paradigme 12: <b>ג"י-verb (§ 24j)</b> .....	302
	Paradigme 13: <b>nomenbøying (§ 28)</b> .....	304
	Paradigme 14: <b>grunntal (§ 51a)</b> .....	305
	Paradigme 15: <b>ordenstal (§ 51b)</b> .....	306
	Paradigme 16: <b>personlege pronomer (§ 33 og 52a)</b> .....	307
	Paradigme 17: <b>pronomensuffiks på verb (§ 34)</b> .....	308
	Paradigme 18: <b>pronomensuffiks på nomen (§ 35)</b> .....	310
	Paradigme 19: <b>pronomensuffiks på partiklar (§ 35)</b> .....	311
Tillegg 2	Ordforklaringar .....	312
Tillegg 3	Sakregister .....	318
Tillegg 4	Register over hebraiske ord .....	323
Tillegg 5	Register over bibelstader .....	336
Litteratur	.....	349

# Forord

Like etter at eg begynte som hebraisklærer ved Menighetsfakultetet hausten 2000, vart eg oppmuntra av kollegaer til å gjere noko med læreboksituasjonen for bibelhebraisk. Det som var å få tak i på norsk, var enten forelda eller utilstrekkeleg. Dette arbeidet måtte eg utsette på grunn av eigne studium og revisjonsprosjektet til Det norske bibelselskap. Ikkje før i 2010 kunne eg endeleg starte med grammatikken.

Når ein skal undersøkje grammatikken til eit språk, kan ein spørje: "Kva meiner ein språkbrukar med funksjonsordet X (f.eks. *og*, *til* eller *ikkje*; i motsetning til innhaldsorda *HERREN*, *å seie* eller *son*) eller forma Y (preteritum, komparativ eller bunden)?" Men ein kan også spørje: "Korleis uttrykker ein språkbrukar den grammatiske eller logiske kategorien Z (fleirtal, vilkår eller futurum)?" Denne grammatikken tar for det meste utgangspunkt i det første spørsmålet. Funksjonsord, bøyingsformer og bestemte ordkombinasjonar dannar utgangspunktet for gjennomgangen. Etter at teikna, lydane og ordstrukturane i språket er presentert (§§ 1–15), blir bøyingskategoriane introdusert og bøyingsformene presentert (§§ 16–37, sjå også tillegg 1: «Utvalde paradigme»). I siste del av grammatikken (§§ 38–63) står bruken av eller funksjonen til dei ulike bøyingsformene i fokus. Men her vil det andre spørsmålet av og til påverke framstillinga, f.eks. § 46a om ord med bunde innhald uavhengig av bunden form.

Målet for grammatikken er å hjelpe lesaren i gang med å arbeide med bibelhebraiske tekstar. Den er primært for nybegynnara og prøver å vise korleis språket fungerer i bibeltekstane. Historiske og teoretiske perspektiv blir trekt inn berre i den grad dei har ein (forhåpentlegvis) pedagogisk funksjon. Eg har i tillegg fleire gonger bevisst utelate sjeldne former og fenomen. Denne grammatikken er altså ikkje tenkt som ei erstatning for dei større, framandspråklege referansegrammatikkane til f.eks. Kautzsch (Gesenius), Joüon-Muraoka og andre. Eg har likevel prøvd å gjere den såpass utførleg at den kan vere til nytte som eit oppslagsverk på norsk også etter endt grunnstudium.

Denne grammatikken er også avgrensa når det gjeld tekstutval. Eg har prøvd å hente eksempel først og fremst frå tekstane som teologistudentar og prestar møter i arbeidet sitt.

Der hebraisk tekst er omsett til norsk i denne grammatikken, er målet å gi att den hebraiske teksten så konkordant som råd. Det skal vere ei hjelp til å komme nærmare den hebraiske teksten. Slik sett prøver eg å bringe lesaren til teksten heller enn å bringe teksten til lesaren. Resultatet er ofte eit unaturleg, men likevel grammatisk, norsk språk. Omsettingane er då i utgangspunktet ikkje meint som forslag til korleis ein kan eller bør omsette teksten for norske lesarar i dag.

Fleire gonger i denne grammatikken blir hebraiske ord skrivne med norske bokstavar. Eg har prøvd å unngå eit komplisert transkripsjonssystem og heller forklare uttalen utifrå vanleg norsk rettskriving.

Ein stor takk til Anders Aschim, som har lese og kommentert manuskriptet, og Matthew P. Monger, som også har gitt verdifulle kommentarar.

Rettingar og forslag til forbetringar mottakast med takk!

# Rettskriving og lydlære (ortografi og fonologi)

## Skrift og uttale, § 1–3

### § 1 Alfabetet og konsonantlydane

#### a) Alfabetet

Det hebraiske alfabetet har 23 bokstavar, som blir lesne frå høgre til venstre. I tabellen nedanfor er bokstavane skrivne med det som heiter assyrisk (eller arameisk) kvadratskrift.<sup>1</sup>

Ein moderne "skoleuttale" av bibelhebraisk tar i bruk 20 forskjellige konsonantlydar. Ved eit tidlegare tidspunkt var heile 29 lydar i bruk. Då seks av desse lydane var variantar av andre lydar, var det berre behov for 23 bokstavar. Men fordi alfabetet som hebrearane overtok frå fønikarane, hadde berre 22 bokstavar, vart éin av bokstavane (ש) brukt for å vise til to forskjellige lydar.

Bokstav	Final form	Namn <sup>2</sup>	Uttale/lydverdi	Transkribert <sup>3</sup>
א		Álef <sup>4</sup> אָלֶף	Ein kort pause laga ved å lukke stemmebanda, for eksempel viss ein uttaler ein serie like, men åtskilde vokalar: e-e-e-e. א-lyden er avbrekket mellom dei. NB! א er ikkje ein <i>a</i> -lyd!	,
ב		Bet בֵּית	<i>b</i> (בּ) eller <i>v</i> (בְ) (sjå pkt. c om <i>dagesj</i> nedanfor)	<i>b</i> eller <i>ḅ</i>
ג		Gímel גִּימֶל	<i>g</i>	<i>g</i> eller <i>g̣</i>
ד		Dálet דָּלֶת	<i>d</i>	<i>d</i> eller <i>ḍ</i>
ה		He הָא	<i>h</i>	<i>h</i>
ו		Vav וָו	<i>v</i>	<i>w</i>
ז		Zájjin זָיִן	Stemt <i>s</i> -lyd = engelsk <i>z</i>	<i>z</i>

<sup>1</sup> Ei tidlegare skrift (*hebraisk* eller *paleohebraisk* skrift) gjekk gradvis ut av bruk i hundreåra før Jesu fødsel.

<sup>2</sup> Måten namna på bokstavane er stava på, er meint som hjelp til å uttale dei på norsk, og ikkje som transkripsjon.

<sup>3</sup> Dette transkripsjonssystemet søkjer å gi att hebraisk *skrift*, og ikkje primært *uttale*. Det finst mange måtar å transkribere hebraisk på. Transkripsjon brukast lite i denne grammatikken.

<sup>4</sup> Aksenteiknet viser kor trykket i ordet ligg.

Bokstav	Final form	Namn <sup>5</sup>	Uttale/lydverdi	Transkribert <sup>6</sup>
ח		Het חֵית	Tysk <i>ch</i> -lyd som i <i>buch</i>	<i>ħ</i>
ט		Tet טֵית	<i>t</i>	<i>t̥</i>
י		Jâd יוֹד	<i>j</i>	<i>y</i>
כ	ך	Kaff כֶּף	<i>k</i> (כּ) eller tysk <i>ch</i> (כּ)	<i>k</i> eller <i>k̄</i>
ל		Lámed לֶמֶד	<i>l</i>	<i>l</i>
מ	ם	Mem מֶם	<i>m</i>	<i>m</i>
נ	ן	Non נוֹן	<i>n</i>	<i>n</i>
ס		Sámek סֶמֶךְ	<i>s</i>	<i>s</i>
ע		Ájjin עֵיין	Som א.	·
פ	ף	Pe פֶּא	<i>p</i> (פּ) eller <i>f</i> (פּ)	<i>p</i> eller <i>p̄</i>
צ	ץ	Tsadé צֵדִי	<i>ts</i> som i <i>pizza</i>	<i>ʃ</i>
ק		Káf קוֹף	<i>k</i>	<i>q</i>
ר		Resj רֵישׁ	<i>r</i>	<i>r</i>
שׁ		Sin שֵׁין	<i>s</i>	<i>ś</i>
שׂ		Sjin שֵׁין	<i>sj</i>	<i>š</i>
ת		Tav תּוֹ	<i>t</i>	<i>t</i> eller <i>t̄</i>

### b) Begadkefat<sup>7</sup>-bokstavane (ב, ג, ד, כ, פ og ת)

Bokstavane **ב, ג, ד, כ, פ og ת** vart ein gong uttalt på to måtar – plosivt og frikativt. Uttalt *plosivt* har desse bokstavane lydverdiar vi høyrer i norsk *b, g, d, k, p, og t*, der munnkanalen blir heilt stengt og brått opna. Når desse bokstavane blir uttalt *frikativt*, blir ikkje munnkanalen heilt stengt og luftstraumen pressast gjennom. Då kan **כ** høyrast ut som norsk *v*. **ג** blir ein *stemt* variant av ein tysk *ch*-lyd. Bokstaven **ד** blir uttalt som ein stemt *th*-lyd som i engelsk *this*. **כ** får ein vanleg tysk *ch*-lyd som i *buch* for eksempel (same lyd som **ח**). **פ** høyrast ut som ein *f*. Og

<sup>5</sup> Måten namna på bokstavane er stava på, er meint som hjelp til å uttale dei på norsk, og ikkje som transkripsjon.

<sup>6</sup> Dette transkripsjonssystemet søkjer å gi att hebraisk *skrift*, og ikkje primært *uttale*. Det finst mange måtar å transkribere hebraisk på. Transkripsjon brukast lite i denne grammatikken.

<sup>7</sup> *Begadkefat* er eit hugseord sett saman av dei seks bokstavane **ב, ג, ד, כ, פ og ת**.

ת blir uttalt som ein ustemt *th*-lyd som i engelsk *think*.

I ein moderne "skoleuttale" av bibelhebraisk har berre *tre* av desse bokstavane to uttalevariantar: כּ, כֹ og כֻ. Alle seks blir likevel *transkribert* på to forskjellige måtar, avhengig av om bokstaven vart/blir uttalt plosivt eller frikativt. I transkripsjonen har den frikative varianten ein strek under bokstaven.<sup>8</sup>

Begadkefat-bokstavane blir/vart uttalt plosivt når dei er fordobla, når dei kjem like etter ein annan konsonant og som regel når dei står først i eit ord. Plosiv uttale blir alltid markert i skrift ved hjelp av *dagesj*-teiknet (sjå neste punkt).

### c) *Dagésj* (שִׁגְיָ): fordobling og/eller plosiv uttale

Bokstavane i bibelhandskriftene vart i mellomalderen supplert med nye teikn som skulle hjelpe til å formidle den tradisjonelle uttalen av tekstane. Blant desse teikna finn ein *dagésj*, skrive som ein prikk midt i bokstaven, f.eks. כֹּ. Det finst to hovudtypar *dagesj*: *dagesj forte* og *dagesj lene*, men det er ingen forskjell i korleis dei ser ut.

*Dagesj forte* ("sterk" *dagesj*) står i bokstavar som er *fordobla*. Begadkefat-bokstavar som er fordobla, har/hadde *plosiv* uttale. *Dagesj forte* står som regel *ikkje* i første eller siste bokstaven i eit ord. Med andre ord: Dei fleste ord på bibelhebraisk verken begynner eller sluttar på ein fordobla konsonant (sjå # 1 nedanfor).

*Dagesj lene* ("mild" *dagesj*) står berre i *begadkefat-bokstavar* som ikkje er fordobla, men som likevel blir/vart uttalt *plosivt* (# 3). *Dagesj lene* kan stå kor som helst i eit ord.

Ein *dagesj* i ein begadkefat *inni* eit ord, som kjem like etter ein *full* vokal (§ 2a), er *dagesj forte* og viser at bokstaven er fordobla og uttalt plosivt (# 2). Hugs *f*-ane: Full vokal framfor = forte og fordobling. Ein *dagesj* i andre bokstavar enn begadkefat-bokstavane er også *dagesj forte* (# 4).

Somme bokstavar får ikkje *dagesj*. Dette gjeld gutturalgruppa – א, ה, ת og ע – og som regel ך (jf. § 13). Prikken som ein likevel av og til finn i ה (og fire gonger i א), er ikkje *dagesj*, men *mappik* (# 5, sjå § 1g).

Nedanfor følger nokre eksempel på *dagesj lene* og *dagesj forte*:

	Ord	<i>Dagesj</i>	Forklaring
1.	כֹּל <i>heilskap</i>	<i>lene</i>	Ord på bibelhebraisk begynner vanlegvis ikkje med fleire enn éin konsonant. Det er heller ikkje nokon vokal framfor כּ (sjå § 2a).
2.	הֶבֶלֶ <i>heilskapen</i>	<i>forte</i>	Det er ein full vokal framfor כּ (sjå § 2a).
3.	וְאָמַרְתָּ <i>og så skal du seie</i>	<i>lene</i>	Ingen vokal framfor תּ (sjå § 2a).

<sup>8</sup> Ein kan også finne transkripsjonssystem der streken er sett *over* frikativ g og p.

	Ord	Dagesj	Forklaring
4.	הַמֶּלֶךְ <i>kongen</i>	<i>forte</i>	מ er ikkje ein begadkefat-bokstav og kan ikkje ha <i>dagesj lene</i> , berre <i>dagesj forte</i> .
5.	לָהּ <i>til henne</i>	ikkje <i>dagesj</i>	Ord på bibelhebraisk sluttar som regel ikkje på to like konsonantar. Bokstaven מ blir ikkje fordobla. Dette er <i>mappik</i> (sjå § 1g).

#### d) Uttalen av ו, ח, ט, ע, ק og שׁ

I tabellen over bokstavane i pkt. a ovanfor har desse seks bokstavane lydverdiar som (delvis) overlappar med andre bokstavar (ב, כ, ת, נ, נ og ס). Alle seks vart nok ein gong uttalt med andre lydar som framleis er i bruk i visse måtar å uttale hebraisk på, men ikkje i den tradisjonen som ligg til grunn for framstillinga her.

#### e) Finalbokstavar (ך, ם, ן, ף og ץ – hugseordet: *kamnapets*)

Fem bokstavar blir skrivne på ein særskild måte på slutten av ord. Lydverdien blir ikkje påverka av dette. Desse formene vart innført gradvis, og i eldre handskrifter er dei ikkje brukt konsekvent.

#### f) Lesemødre – ם, ה, ו og ם

Til å begynne med hadde alle hebraiske bokstavar berre konsonantisk verdi, og ord vart skrivne utan teikn for vokallydar. I Siloam-innskrifta frå ca. 700 f.Kr. står for eksempel <sup>9</sup>שׂן /'isj/ *mann*. Her kan ein sjå konsonantane *alef* og *sjin*, men ikkje noko teikn for i-vokalen mellom dei.

Etter kvart kunne fire bokstavar – ם, ה, ו og ם – også brukast for å gi att vokallydar. I bibelske handskrifter, for eksempel, er ordet for *mann* /'isj/ vanlegvis skrivi med ein *jåd* mellom konsonantane: שׂן. Denne *jåd*-en blir ikkje uttalt som ein *j*-lyd, den markerer berre vokallyden *i*.

Bruken av desse fire bokstavane for å markere vokallydar gjorde teksten mindre fleirtydig og lettare å lese. Derfor fekk dei namnet *lesemødre* (latin: *matres lectionis*). Andre namn på dei er *vokalbokstavar* og *kvilebokstavar*.

Det var ikkje tilfeldig kva for vokalar desse fire bokstavane kunne gi att. I handskriftene som ligg til grunn for moderne utgåver av hebraiske bibeltekstar, er det for det første stort sett berre *lange* vokalar som skrivast med lesemødre. For det andre vart bokstavane tildelt vokalane slik:

<sup>9</sup> Siloam-innskrifta bruker eigentleg eit eldre, *hebraisk* alfabet utan diakritiske teikn. Her er ordet transkribert til assyrisk kvadratskrift med eit diakritisk teikn for å markere bokstaven *sjin*.



א – a, i, e og å

ה – a, e og å

ו – o og å

י – i og e

Når desse bokstavane blir brukt som lese-mødre, er dei *ikkje* uttalt som konsonantar i tillegg. Dette kan vere vanskeleg å hugse når ein norsk lesar møter for eksempel ein י brukt som lese-mor for ein *e*-vokal. Då er det fort gjort å uttale dette som noko i retning av diftongen *ei* på norsk. Det er likevel feil. Bibelhebraisk har ikkje diftongen *ei*, og י skal ikkje uttalast som konsonant når den brukast som lese-mor.

### g) *Mappik* (מַפִּיק)

Fordi א, ה, ו og י vart brukt for å vise til både konsonantlydar og vokallydar, kunne det oppstå tvil om ein skulle oppfatte bokstaven som konsonant eller lese-mor. Ein prikk inni bokstaven vart derfor etter kvart brukt som teikn på at den skulle lesast som *konsonant*. Prikken vart kalla for *mappik*, og i dei fleste utgåver av bibelteksten blir den brukt nesten berre i ein konsonantisk ה på slutten av eit ord.<sup>10</sup> Ordet הַיָּהוּה *i henne* skal altså uttalast med ein tydeleg *h*-lyd til slutt: /bah/. Sidan ה ikkje blir fordobla på bibelhebraisk, går det ikkje an å forveksle *mappik* og *dagesj*.

## § 2 Vokalteikn og vokallydar

### a) Vokalteikna

Det er 12 forskjellige teikn brukt i dei fleste bibelhebraiske tekstar for å gi att vokallydar. Desse teikna viser primært til vokalklang (kvalitet) og som regel ikkje til vokallengde (kvantitet). Ein kan altså vanlegvis ikkje sjå om ein vokal er kort eller lang på vokalteiknet aleine. I tabellen nedanfor er vokalteikna forma etter det som heiter det *tiberiensiske* vokaliseringssystemet.<sup>11</sup> Her skrivast vokalteikna for det meste *under* bokstavane som vokalane kjem etter, men også over og/eller til venstre. Det vil seie at ein uttaler konsonantlyden først, og så vokallyden til teiknet under, til venstre for og/eller over bokstaven. I tabellen er ◌ brukt for å representere ein tilfeldig bokstav.

Ser ein bort frå vokallengde, kan bibelhebraisk i ein moderne "skoleuttale" ha fem til sju vokalvariantar. Her bruker vi dei seks følgande (uttalt på norsk vis): *a, e, i, o, å*, og ein mumlevokal omtrent som første vokallyden i *betale* når det er uttalt med normal talefart.

<sup>10</sup> Ein finn *mappik* også i *alef* i 1 Mos 43,26; 3 Mos 23,17; Esr 18,8 og Job 33,21.

<sup>11</sup> To andre system, eit palestinsk og eit babylonsk, har også vore i bruk, men det tiberiensiske systemet kom etter kvart til å bli rådande.

Når det gjeld lengde, blir vokalar på bibelhebraisk vanlegvis oppfatta som enten lange, korte eller ultrakorte. Lange og korte vokalar kallast for *fulle* vokalar, mens dei ultrakorte heiter *reduuerte* eller *sjevá*-vokalar. Det er i tillegg eit teikn som viser at det *ikkje* kjem ein vokal etter bokstaven.

Vokalteikn vart lagde til teksten overalt der ein uttaler ein vokal. Samtidig heldt ein fram med å skrive av teksten med lesemødre (§ 1f). Dermed kunne vokalar vise seg på to forskjellige måtar: vokalteikn pluss lesemor eller berre vokalteikn. I stavingar med lesemor heiter det at vokalen er skriven *plene*. Står vokalteiknet aleine, er vokalen skriven *defekt*. Vokalteikn kan altså brukast utan lesemødre, men lesemødre brukast ikkje utan vokalteikn. Det vil seia at alle vokalar i teksten skrivast med vokalteikn og somme skrivast med vokalteikn pluss lesemor.

Defekt	Plene	Namn <sup>12</sup>		Uttale	Transkribert	Eksempel <sup>13</sup>
FULLE VOKALAR						
◌ֶ		<i>Páttaḥ</i>	פְּתַח	kort a	<i>a</i>	בַּת / <i>batt</i> / <i>dotter</i>
◌ָ	◌ָ֑ ◌ָ֑	<i>Kámets</i>	קָמֶץ	lang a	<i>ā</i>	שָׁם / <i>sjam</i> / <i>der</i> נָא / <i>na</i> / <i>da</i> שָׁנָה / <i>sjaná</i> / <i>år</i>
◌ֵ	◌ֵ֑ ◌ֵ֑ ◌ֵ֑	<i>Segál</i>	סֵגוֹל	kort (el. lang) e	<i>e/(ē)</i>	אֶחָד / <i>eḥád</i> / <i>éin</i> דְּשֵׁא / <i>désje</i> / <i>gras</i> זֶה / <i>ze</i> / <i>denne/dette</i> ( <i>m.</i> ) אֵלֶּכָּה / <i>eléka</i> / <i>til deg</i> ( <i>m.</i> )
◌ִ	◌ִ֑ ◌ִ֑	<i>Hírek</i>	חִירֶק	kort el. lang i	<i>i / ī</i>	מִן / <i>minn</i> / <i>av, frå</i> כִּי / <i>ki</i> / <i>for</i> יָבֵא / <i>javí</i> / <i>han skal ta</i> <i>med</i>

<sup>12</sup> Måten namna på bokstavane er stava på er meint som hjelp til å uttala dei på norsk, og ikkje som transkripsjon.

<sup>13</sup> Her er ikkje dei hebraiske orda ordentleg transkribert. Målet er heller å gi att uttalen på ein "norsk" måte. Men sidan norsk ikkje har bokstavar som gir att lyden til ה og כ, blir *h* og *k* brukt for desse bokstavane.

Defekt	Plene	Namn <sup>14</sup>		Uttale	Transkribert	Eksempel <sup>15</sup>
FULLE VOKALAR (FORTS.)						
◌ֵ	אֵ הֵ יֵ	<i>Tseré</i>	צֵרֵי	(kort el.) lang e	(e)/ē	כֵּן /kenn/ slik כֵּסֵא /kissé/ stol הֵנָה /hinné/ sjå! בֵּית /bet/ hus
◌ֹ	◌וּ	<i>Kibbóts</i> ( <i>Sjórek</i> )	קִבּוּץ (שׁוּרְק)	kort el. lang o	u / ū û	עֲזִיזְהוּ /ozzijáho/ <i>Ussia</i>
◌ֶ	אֶ הֶ וֶ	<i>Hálem</i>	חֹלֶם	(kort el.) lang å	ō	אֲנִכִּי – /anákí/ eg זֹאת /zât/ denne/dette (f.) כֹּה /ká/ slik גְּדוֹל /gadál/ stor
◌ֻ		<i>Kámets</i> <i>ḥatóf</i>	קָמֻץ חָטוּף	kort å	o	כָּל־ /káll/ heilskap
REDUSERTE VOKALAR						
◌ִ		<i>Sjevá</i> <i>quiescens</i>	שׁוֹאֵ נַח	–	–	יִשְׂרָאֵל /jisra'él/ <i>Israel</i>
◌ִ		<i>Sjevá</i> <i>mobile</i>	שׁוֹאֵ נַע	ultrakort vokal lik den ein knapt høyrer i "betale"	ě	שְׁנַיִם /sj <sup>e</sup> nájjim/ to עֲבָדְךָ /avd <sup>e</sup> ká/ <i>tenaren din (m.)</i> הַדְּבָרִים /hadd <sup>e</sup> varím/ <i>orda</i> שַׁמְרוֹן /sjám <sup>e</sup> rán/ <i>Samaria</i>
◌ִ		<i>Hatéf</i> <i>páttaḥ</i>	חָטַף פְּתַח	ultrakort a	ǎ	אֲנִי / <sup>a</sup> ní/ eg
◌ִ		<i>Hatéf</i> <i>kámets</i>	חָטַף קָמֻץ	ultrakort å	ǒ	אֲהָלָו /áh <sup>å</sup> lá/ <i>teltet</i> <i>hans/sitt</i>

<sup>14</sup> Måten namna på bokstavane er stava på er meint som hjelp til å uttala dei på norsk, og ikkje som transkripsjon.

<sup>15</sup> Her er ikkje dei hebraiske orda ordentleg transkribert. Målet er heller å gi att uttalen på ein "norsk" måte. Men sidan norsk ikkje har bokstavar som gir att lyden til ה og כ, blir ḥ og k brukt for desse bokstavane.

REDUSERTE VOKALAR (FORTS.)						
◌ֵ		<i>Hatéf segál</i>	חֵטֵף סְגוּל	ultrakort e	ě	אלהים / <sup>e</sup> láhím/ <i>Gud</i>

### b) *Pataḥ furtivum*

Ord på bibelhebraisk har normalt ikkje to vokalar på rad (sjå om stavingstypene i § 7 nedanfor). Det vanlegaste unntaket til denne regelen er *pataḥ furtivum* ("smygande *pataḥ*"), ein *pataḥ* mellom ein *i*- eller *o*-vokal og ein ה (ה med *mappik*), ח eller ע i siste stavinga i ordet. Denne *pataḥ* skal helst skrivast litt til høgre for denne siste bokstaven for å vise at den skal uttalast *før* den, f.eks. גַּבְיָהּ /*gaváah*/ *høg*, מִזְבֵּחַ /*mizbéah*/ *alter* og יְהוֹשֻׁעַ /*j<sup>e</sup>håsjóa*/ *Josva*.

### c) **Bruk av lesemødre**

Vokalteikna *kamets*, *segál*, *hirek*, *tsere* og *hålem* finst både i stavingar med lesemødre og stavingar utan. Dersom ei staving uttalt med ein *o*-lyd har lesemor, er det nesten utan unntak ein ׀, og *sjorek* (׀) blir brukt som vokalteikn. Vokalteiknet *kibbots* har derfor nesten aldri lesemor etter seg. Lesemødre brukast som regel berre i stavingar med *lange* vokallydar, derfor står *pataḥ* eller *kamets hatof* berre unntaksvis i stavingar med lesemødre, og reduserte vokalar står aldri med lesemødre.

Tabellen over vokalteikna i pkt. a ovanfor viser kva for lesemødre dei enkelte vokalteikna kan ha. Dei fleste vokalteikn kan ha ׀ som lesemor (*kamets*, *segál*, *hirek*, *tsere* og *hålem*), og nesten like mange kan ha ה (*kamets*, *segál*, *tsere* og *hålem* – men ikkje *hirek*). Når det gjeld ׀ og ׀, er det meir avgrensa. Bokstaven ׀ står som lesemor nesten berre til såkalla *i*-vokalar: *segál*, *hirek* og *tsere*, og ׀ står saman berre med *o*-vokalar: *hålem* og *sjorek* (sjå nedanfor om vokaltypar). Sagt på ein annan måte, bokstaven ׀ kan ikkje vere lesemor for *a*- (*kamets* eller *pataḥ*) eller *i*-vokalar (*segál*, *hirek* eller *tsere*), og bokstaven ׀ kan som regel ikkje vere lesemor for *a*- (*kamets* eller *pataḥ*) eller *o*-vokalar (*hålem*, *kibbots*, *sjorek* eller *kamets hatof*).

Eit vanleg unntak til denne regelen er pronomensuffikset i tredje person hankjønn singularis som på nominale former i fleirtal heiter ׀ֵ-, men er uttalt *-áv*, f.eks. בָּנָיו /*banáv*/ *sønene hans*. Her ser vi bokstavane ׀ og ׀ etter den andre *kamets* i ordet. Etter reglane som er skissert her, skulle ein lese ordet *banájuv*, men det er likevel mest vanleg å *ikkje* lese ordet med *j*-lyden.

Bokstavane ׀, ה, ׀ og ׀ står som lesemødre i teksten berre når:

- a) Dei kjem i samband med dei "riktige" vokalteikna –
  - a. ׀: *kamets* (◌ֵ), *segál* (◌ֵ), *hirek* (◌ֵ), *tsere* (◌ֵ) og *hålem* (◌ֵ)

b. ה: kamets (◌ֶ), segål (◌ֶ), tsere (◌ֶ) og hålem (◌ֶ)

c. ו: hålem (◌ֶ) og sjorek (ו)

d. י: segål (◌ֶ), hirek (◌ֶ) og tsere (◌ֶ)

og

b) dei ikkje har eit vokalteikn knytt til (under, til venstre for eller over) seg.

Tabellen over vokalteikna i pkt. a ovanfor viser lesemødrene i bruk. Nedanfor følger eksempel på א, ה, ו og י brukt som konsonantar og ikkje lesemødre, og forklaringar på korleis ein ser det:

Bokstav	Eksempel	Kommentar
א	הָאָרֶץ /ha'árets/ landet	Her har א eit vokalteikn knytt til seg, i dette tilfellet kamets.
ה	כְּהוֹת /kehát/ bleik	Her har ה eit vokalteikn knytt til seg: hålem skrive plene med ו.
ה	עָלֶיהָ /'aléha/ over henne	Her har ה eit vokalteikn knytt til seg også: kamets.
	לָהּ /lah/ til henne	Mappík (prikken i bokstaven ה) viser at bokstaven er uttalt som konsonant og er ikkje lesemor.
ו	דָּוִד /davíd/ David	Bokstaven ו kan ikkje vere lesemor for a- eller i-vokalar, og har eit vokalteikn knytt til seg: hirek.
	עוֹן /aván/ skuld	Bokstaven ו kan ikkje vere lesemor for a- eller i-vokalar, og her kan den ikkje vere lesemor for hålem, for då ville ein ha to vokalar på rad, noko som generelt ikkje skjer på bibelhebraisk.
י	אֵלַי /elájj/ til meg	Bokstaven י kan ikkje vere lesemor for a- eller o-vokalar.
	מֵאֵשָׁ /ma <sup>a</sup> sejá/ Ma'aseja	Her kjem det eit vokalteikn etter י, i dette tilfellet ein kamets.
	הַלְוִיִּים /halvijjím/ levittane	Her har י både ein dagesj inni seg og eit vokalteikn etter seg.

For nybegynnaren kan det vere ei utfordring å skilje mellom sjorek, der vav er brukt som lesemor, og ein konsonantisk vav med dagesj forte (fordobling). Dei ser like ut: ו, men blir uttalt forskjellig. Ein vav med dagesj forte har alltid vokalteikn knytt til seg. Ein sjorek er å

rekna som vokalteikn og får ikkje andre vokalteikn knytt til seg, då det som regel ikkje er tillate med to vokalar på rad på bibelhebraisk. Det hjelper også å vite at ord på bibelhebraisk aldri begynner på to konsonantar på rad og sjeldan sluttar på ein fordobla konsonant. Eksempel med kommentar:

וּבְנֵי /ov <sup>e</sup> né/ og søner (av)	Ord på bibelhebraisk begynner ikkje på to konsonantar på rad: וּ er <i>sjorek</i> .
הוּא /ho/ han	Alle stavingar må ha ein vokal: וּ må vere ein <i>sjorek</i> .
צִוְּהָ /tsivvá/ han byr	Sidan bokstaven צ allereie har eit vokalteikn ( <i>hirek</i> ) knytt til seg og stavingar på bibelhebraisk generelt har berre éin vokal, må וּ vere ein fordobla <i>vav</i> . I tillegg kjem vokalteiknet <i>kamets</i> etter וּ. Sidan vokalteikn knyter seg berre til konsonantar og aldri lesemødre, må וּ vere ein fordobla <i>vav</i> .
וַיִּשְׁתַּחֲוּוּ /vajjisjah <sup>a</sup> vvó/ og så tilba dei	Den første וּ må vere ein fordobla <i>vav</i> fordi פ allereie har eit vokalteikn ( <i>hatef pattah</i> ) knytt til seg. Den andre וּ må vere <i>sjorek</i> fordi ord på bibelhebraisk som regel ikkje sluttar på fordobla konsonantar.

Bruken av lesemødre er ikkje konsekvent. Det vil seie at ein lang vokal i eitt og same ord kan skrivast somme gonger *plene* (dvs. med lesemor) og andre gonger *defekt* (dvs. utan lesemor), f.eks.: מְאֹסָתָה (to gonger) og מְאֹסָתָה (fire gonger). Dette har ikkje noko å seie for tolkinga av ordet.

Nokre få ord skil seg frå kvarandre i bruken av ei lesemor, f.eks. בֵּן *son* og בֵּינָם *mellom*.

#### d) *Kamets* og *kamets hatof* (◌ֶ)

Vokalteiknet ◌ֶ blir lese på to måtar på bibelhebraisk og har to forskjellige namn. Som oftast blir det lese som ein lang *a*-lyd og heiter *kamets*. Litt sjeldnare blir det lese som ein kort *å* og heiter *kamets hatof*. Då dette vokaliseringssystemet vart tatt i bruk, las ein ◌ֶ-teiknet berre som ein *å*-lyd (både lang og kort).

I dei fleste tilfella blir altså teiknet ◌ֶ no lese som ein lang *a* (*kamets*). Ein les det derimot som ein kort *å* (*kamets hatof*) som regel berre når stavinga er både 1) trykklett og 2) sluttar på ein konsonant, dvs. er lukka (sjå meir om trykk og stavingstypar i §§ 6–7), f.eks. (aksenteiknet *zakef* – ◌ֶ – blir brukt her for å vise kva for staving er trykktung og ein enkel apostrof ['] for å markere stavingsgrensa inni eit ord): כָּל־ /káll/ *heilskap*, חֵכְמוֹהָ /håk'má/ *visdom*, חֲזָנִי

/hân'néni/ ver meg nådig! og וַיִּקְרָא /vajjáakâm/ og så reiste han seg.

Den trykketunge stavinga i bibelhebraiske ord har vanlegvis eit aksentteikn over eller under seg (sjå § 3a). Dersom stavinga med ֶ-teiknet har eit aksentteikn, er stavinga trykketung og vokalteiknet skal lesast som *kamets* (lang *a*). Eit anna teikn som kan hjelpe å skilje mellom *kamets* og *kamets hatof*, er *metteg*. Dette er ein loddrett strek vanlegvis til venstre for vokalteiknet og står m.a. ved *lange* vokalar med ein *sjeva mobile* etterpå, f.eks. הַכְּמָה /hək̄má/ *ho er vis*, til forskjell frå הַכְּמָה /hək̄má/ *visdom* (sjå § 3b om *metteg*).

Stavinga med *kamets hatof* treng ikkje vere lukka dersom stavinga etterpå har *kamets hatof* eller ein *hatef kamets* som vokal, f.eks.: תַּעֲבִדֵם /tá'ávdém/ *du lar deg freiste til å dyrke dei* og אֶהְיֶה /áh<sup>á</sup>láj/ *teltet hans/sitt*.

Desse to observasjonane om bruken av *kamets hatof* (trykklette, lukka stavingar og etterfølgande *kamets hatof* / *hatef kamets*) vil kunne hjelpe i mange, men likevel ikkje alle tilfelle. Ein sikrare måte å kjenne igjen *kamets hatof* på, er å få greie på om vokalen som ֶ-teiknet representerer, opphavleg var *o*. Dette kan ein sjå når det i andre former av same ordet står ein *hålem*, *kibbots* eller *sjorek* i staden for ֶ-teiknet. Ordet כָּל־ heiter f.eks. i andre former כָּל og כָּלוּ. Verbet חָנַן i ei anna relevant form heiter חָנַן, og verbet וַיִּקְרָא heiter bl.a. וַיִּקְרָא. Utan suffiks heiter אֶהְיֶה berre אֶהְיֶה. I alle desse eksempla ser vi at stavinga med *kamets hatof* har "runda" vokalar – vokalar forma med runda lepper, dvs. *á* og *o* – i andre former av ordet.

#### e) Vokallengde (kvantitet)

Då ein først begynte å skrive av teksten med vokalteikn, markerte teikna berre vokalkvalitet og ikkje vokalkvantitet, dvs. vokallengde. Unntaket var dei reduserte vokalane. Men fordi vi uttaler vokalane på ein annan måte i dag enn då vokalteikna først vart tatte i bruk, viser minst eitt av vokalteikna også til kvantitet. Vokalteiknet ֶ (*patah*) er alltid ein *kort a*-lyd. Eit anna vokalteikn som vanlegvis viser til lengde, er ֶ. Sjølv om dette teiknet i utgangspunktet er tvitydig – det kan vise til både lang *a* og kort *á*, er det vanlegvis ein *kamets* og skal lesast som ein lang *a*-lyd. Og motsett: Dersom ein kjem fram til at ֶ er ein *kamets hatof*, må det altså lesast som ein kort *á*-lyd.

Resten av vokalteikna, bortsett frå dei reduserte vokalane, kan vise til både lange og korte vokalar. Når ein vokal er skriven *plene* – altså med både vokalteikn og lesemor, er den som regel lang. Når ein vokal er skriven defekt – altså berre med vokalteikn og utan lesemor, kan den vere enten lang eller kort. Omtrent den einaste måten å vite om ein defekt skriven vokal er lang eller kort, er å kjenne til den historiske utviklinga til ordet. Noko anna som ofte kan seie noko om vokallengde, er stavingstype. Opne, lukka, trykketunge og trykklette stavingar i ulike kombinasjonar har bestemte vokallengder knytt til seg, f.eks. vil lukka, trykklette stavingar som

regel berre ha korte vokalar (sjå § 8 om stavingstypar og vokallengde nedanfor). Elles kan ein grovt seie at *segål* (◌◌), *hirek* (◌◌) og *kibbots* (◌◌) pleier å vere korte, mens *tsere* (◌◌) og *hålem* (◌◌) pleier å vere lange.

#### f) Uttalen av *segål* og *tsere*

Ifølge tabellen over vokalteikna i pkt. a ovanfor, uttalast *segål* og *tsere* likt: *e*. Sidan ein neppe ville finne på eit skriftsystem der like lydar skrivast ulikt, er det mest sannsynleg at desse teikna opphavleg viste til to forskjellige lydar. Det er heller ikkje uvanleg å finne dei forklart og transkribert som *æ* (*segål*) og *e* (*tsere*). Uttalen som denne framstillinga legg opp til, der desse teikna blir uttalt likt (*e*), er brukt i ein moderne israelsk uttale.

#### g) *Sjevá quiescens* og *sjevá mobile*

Bortsett frå siste konsonant i ordet, har alle bokstavar som viser til konsonantlydar (dvs. som ikkje er brukt som lesemødre), i utgangspunktet eit vokalteikn knytt til seg. Dette gjeld til og med dei konsonantane inni ordet som ikkje har ein vokallyd etter seg. Teiknet som viser at det ikkje kjem ein vokal etter bokstaven, heiter *sjeva* (<sup>16</sup>◌◌) og ser slik ut: ◌◌. Når ein ser dette teiknet under ein bokstav, skal ein i utgangspunktet ikkje uttale nokon vokal, men heller gå direkte til neste konsonant, f.eks. *יִשְׂרָאֵל* /*jisra'él*/ *Israel*. Det er ingen vokal mellom *sin* (◌◌) og *resj* (◌◌) i dette ordet, og det markerast ved hjelp av ein *sjeva* (◌◌).

Den siste bokstaven i eit ord vil som regel ikkje ha noko vokalteikn knytt til seg. Viss bokstaven ikkje er lesemor, skal den uttalast som siste lyden i ordet, jf. bokstaven ◌◌ i ordet *יִשְׂרָאֵל* ovanfor. Det hender også at siste bokstav i ordet *har* eit *sjeva*-teikn under seg, f.eks. *אֵת* /*att/ du* (f.). Heller ikkje her skal ein uttale ein vokallyd etter konsonanten. Ord på bibelhebraisk sluttar som regel enten på lang vokal eller konsonant.

Uttaletradisjonen som denne framstillinga bygger på, legg likevel opp til at ein uttaler *sjeva* i visse tilfelle. Dette kan skje etter første konsonant i ordet og i alle andre konsonantposisjonar bortsett frå etter siste konsonant i ordet. Når *sjeva* blir uttalt, skjer det svært raskt og med ein utydeleg "mumlevokal" som liknar lyden mellom *b* og *t* når ein uttaler ordet "betale" med normal talefart: *b<sup>e</sup>tale*.

Ein uttalt *sjeva* heiter *sjeva mobile* (lat. "rørande på seg"), og ein stum *sjeva* heiter *sjeva quiescens* (lat. "kvilande"). Sidan *sjeva*-teiknet i utgangspunktet markerer at det ikkje kjem ein vokal etter konsonanten, må ein altså ha ein "grunn" til å uttale ein *sjeva* (*hatef*-vokalar skal ein alltid uttale – sjå neste punkt):

---

<sup>16</sup> Ordet *אֵין* betyr "ingen ting".



Ein uttaler <i>sjeva</i> når bokstaven den høyrer til:	Eksempel
– er første konsonant i ordet	יהודה /j <sup>e</sup> hodá/ <i>Juda</i>
– kjem etter ein konsonant som også har <i>sjeva</i>	ירמיהו /jirm <sup>e</sup> jáho/ <i>Jeremia</i>
– er fordobla (har <i>dagesj forte</i> inni seg)	וַיִּתְּנוּ /vajjitt <sup>e</sup> nó/ og så ga dei
– kjem etter ein lang vokal <sup>17</sup>	וַיִּאמְרוּ /vajjám <sup>e</sup> ró/ og så sa dei
– har ein lik bokstav etter seg	הָלֵלוּ /hall <sup>e</sup> ló/ <i>pris!</i>

### h) *Ḥatef-vokalar (farga sjeva, sjeva compositum, samansett sjeva)*

I tillegg til *sjeva quiescens* og *sjeva mobile*, finst det tre andre *sjeva*-teikn. Vokalane som desse teikna viser til, er like korte som *sjeva mobile*, men har til forskjell tydelege vokalklanger – enten *a*, *á* eller *e*. Dei blir kalla for *ḥatef-vokalar* (*ḥatef pataḥ* ׇ, *ḥatef kamets* ׀ og *ḥatef segól* ׀׀), farga *sjeva*-ar, *sjeva compositum* eller samansette *sjeva*-ar.

## § 3 Andre teikn i og rundt teksten

### a) Aksentteikn

Tekstane i standardutgåvene av den hebraiske bibelen er tilrettelagde for songleg framføring. Tilrettelegginga består primært i bruk av aksentteikn, som først og fremst fungerer som musikalsk notasjon. Sidan teksten skulle framførast på ein måte som får fram innhaldet klart og tydeleg, har aksentteikna to andre, sekundære funksjonar som er minst like viktige når det gjeld bibelhebraisk grammatikk. For det første viser aksentteikna vanlegvis kva for staving i eit ord som er *trykkung*. For det andre viser aksentteikna kva for ord som høyrer nært saman og kva for ord som ikkje høyrer saman, nesten som våre *setningsteikn* komma, (semi)kolon og punktum.

To forskjellige system for aksentteikn er brukt i dei fleste bibelhebraiske tekstar, men mange av dei same teikna brukast i begge systema. Det eine systemet – det allmenne – er brukt i dei fleste bibelske skrifter. Det andre systemet er brukt berre i dei poetiske skriftene Salmane, Job og Salomos ordtak.

I begge systema er dei fleste aksentteikna plassert over eller under første konsonanten i den trykkunge stavinga, f.eks. אֱלֹהִים og אֱלֹהִים /<sup>e</sup>lâhím/ *Gud*. Dette ordet uttalast med trykket på den siste stavinga *-hím*. I det første tilfellet er ordet skriva med aksentteiknet *atnaḥ* ( ◌̇ ) under ה-en. I det andre tilfellet er det skriva med aksentteiknet *zakef* ( ◌̂ ) over ה-en. Somme

<sup>17</sup> Det er ikkje alltid lett å vite om ein vokal er lang eller ikkje. Her kan ein sjå at *hålem* er lang fordi den er skriven *plene*.

aksentteikn er alltid plassert *framfor* ordet (såkalla prepositive aksentteikn), og andre kjem alltid *etter* siste bokstav i ordet (postpositive), f.eks. אֱלֹהִים og אֱלֹהִים. Slike aksentteikn er ikkje med å hjelpe lesaren finne fram til den trykkunge stavinga. Dette ordet uttalast /<sup>e</sup>lâhím/ med trykket på siste stavinga uansett. I dei vanlegaste hebraiske bibelutgåver er det eitt postpositivt aksentteikn som, i tillegg til å komme til slutt, *også* skrivast ved den trykkunge stavinga. Teiknet heiter *pasjta* og ser slik ut: מֶלֶךְ /méllek/ *konge*.

Legg merke til at aksentteikna ikkje er ordavhengige. Det vil seie at same ordet blir skrivne med forskjellige aksentteikn. Dette er i motsetning til norsk, der for eksempel ordet *fôr* (mat til husdyr) alltid har same aksentteiknet. Aksentteikna på bibelhebraisk er heller kontekstavhengige. Det vil seia at dei vart plassert ved dei ulike orda avhengig av plasseringa i verset og korleis forholdet mellom orda vart oppfatta. Det er nemleg slik at innanfor kvart system (det allmenne og det poetiske) er aksentteikna delt inn i to grupper: aksentteikn som brukast ved ord som ikkje høyrer nært saman med neste ordet (skiljande eller *disjunktive* aksentteikn), og aksentteikn som brukast ved ord med eit nært samband til neste ordet (sameinande eller *konjunktive* aksentteikn).

Å kjenne til dei viktigaste skiljande aksentteikna hjelper ein å dele teksten inn i mindre einingar sidan det ikkje finst setningsteikn slik vi kjenner dei frå norsk. Dei viktigaste skiljande aksentteikn inni eit vers er *atnah* – אַ, *zakef* – אֲ, *segálta* (postpositiv) – אֱ og *revia* – אִ. Desse aksentteikna brukast ofte, men ikkje alltid, der ein på norsk set eit komma, (semi)kolon, punktum, spørsmålsteikn, hermeteikn e.l., f.eks.:

וַיֹּאמֶר עוֹד אֱלֹהִים אֶל־מֹשֶׁה	Og så sa Gud vidare til MosesⓈ
כֹּה־תֹאמַר אֶל־בְּנֵי יִשְׂרָאֵל	«Slik skal du seie til israelittanⓈ
יְהוָה אֱלֹהֵי אֲבֹתֵיכֶם [...] שְׁלַחְנִי	HERREN, dykkar fedrars Gud, [...] har sendt meg
אֵלֵיכֶם	til dykkⓈ
זֶה־שְׁמִי לְעֹלָם	Dette er namnet mitt til evig tidⓈ
וַיְהִי זִכְרִי לְדֹר דָּר:	og dette skal eg kallast i alle ætter.

(2 Mos 3,15)

NB! Det er ikkje slik at *revia* og *segálta* alltid er kolon, *atnah* alltid punktum og *zakef* alltid komma slik som i dette verset. Det er ikkje noko éin-til-éin-forhold mellom hebraiske aksentteikn og norske setningsteikn. Norske grammatikkreglar avgjer til slutt om og kva slags setningsteikn ein eventuelt skal bruke der ein på hebraisk har eit skiljande aksentteikn.

Det finst også andre skiljande aksentteikn enn desse, men dei er mindre til hjelp når det gjeld å dele teksten inn i mindre einingar. Ei fullstendig oversikt over aksentteikna følger vanlegvis med den trykte utgåva av teksten.

Dei fleste orda i bibelhebraiske tekstar har trykk og derfor eit aksentteikn. Trykket ligg på siste eller nest siste stavinga. Ord utan trykk eller med berre sekundærtrykk har ikkje

aksenteikn. Slike ord uttalast i eitt med ordet etterpå – er altså *proklitiske* – og når ord deler trykk på denne måten, finst det ofte ein vassrett strek mellom dei ved toppen av bokstavane – ein *makkef*, f.eks. אֶל-מֹשֶׁה /*el måsjé/ til Moses*. Sjå nedanfor om *metteg* og *makkef*. I nokre få ord er sekundærtrykk markert ved hjelp av aksenteiknet *majelá* – ֿ.

**b) Méttég (מֶתֶג) – ֿ**

*Metteg* er ein loddrett strek vanlegvis til venstre for vokalteiknet under ein bokstav, f.eks. אֶ. Dette teiknet fortel lesaren at vokalen skal uttalast tydeleg, og ikkje på ein forhasta måte. Grunnen til at lesaren skal passe seg for ikkje å gå for fort forbi slike vokalar, er at dei ofte står i stavingar med sekundærtrykk. Ei følge av dette er at *metteg*-teiknet viser kva for stavingar som har sekundærtrykk. Bruken av *metteg* varierer mellom og innanfor handskriftene. Det står ved både lange og korte vokalar, men ikkje reduserte vokalar. Noko av det mest nyttige som *metteg*-teiknet gjer, er å vise at eit ֿ-teikn er ein vanleg (lang) *kamets* når det står ein *sjeva* under neste bokstav, f.eks. הִיְתָה /*haj<sup>e</sup>tá/ ho var*, יָדְךָ /*jad<sup>e</sup>ká/ handa di*, חַטָּאוּ /*hat<sup>e</sup>’ó/ dei syndar*.

**c) Sáf pasók (סוף פסוק) – :**

*Sáf pasok* betyr "slutten av verset" og er eit kolon-liknande teikn vanlegvis ved slutten av eit vers, f.eks.:

(1 Mos 1,1) בְּרֵאשִׁית בְּרָא אֱלֹהִים אֶת הַשָּׁמַיִם וְאֶת הָאָרֶץ:

I tillegg til vårt kolon, kan ein også lett sjå likskapen mellom *sáf pasok* og *sjeva*. Det er neppe tilfeldig, då begge to fortel om "ingen ting". *Sjeva* fortel at det ikkje er ein vokallyd etter bokstaven, og *sáf pasok* fortel at det ikkje er fleire ord i verset.

**d) Makkéf (מַקֵּף) – א־א**

*Makkef* er ein kort, vassrett strek mellom dei øvre delane av ei rekke med ord (## 1–3). Ord med *makkef* mellom seg blir uttalt som om dei var eitt ord, og har derfor berre éi trykkting staving til saman. Denne stavinga kjem alltid i ordet etter (siste) *makkef*-teiknet. Éi eller fleire stavingar føre *makkef* kan ha sekundærtrykk og eventuelt stå med ein *metteg* eller aksenteiknet *majelá* – ֿ. Det kan stå ein *makkef* mellom to, tre (# 2) eller ein sjeldan gong mellom fire ord (# 3). Bruken av *makkef* er ikkje konsekvent.

1.	אֶת-הָאָרֶץ	[objektsmerket] + landet
2.	אֶת-כָּל-הָעָם	heile folket

3.	וְאֵת־כָּל־אֲשֶׁר־בָּם	og alt som er i dei (2 Mos 20,11)
----	------------------------	-----------------------------------


e) *Pasék* (פִּסֵּק) – |

*Pasek* betyr noko slikt som "skiljande" og er ein loddrett strek mellom ord, f.eks. וַיִּנְגַע  
 אֶת־פְּרֹעָה | יְהוָה; og *HERREN slo Farao* (1 Mos 12,17). Dette er noko anna enn den loddrette  
 streken som er ein del av somme aksenteikn (sjå oversikta i *Biblia Hebraica*), f.eks.  
 aksenteiknet som heiter "stor *sjalsjéllet*" med både små strekar over den trykkunge stavinga  
 og ein loddrett strek etter ordet: וַיֵּאמֶר | og *så sa han*.

Ulike teoriar har blitt framsett for å forklare bruken av *pasek*, m.a. at det skal trekke  
 merksemda til noko spesielt i teksten, eller at det skal sørge for at to ord heldast åtskilt.

f) *Masoretiske sirkclar* – ׀

I tekstutgåver utstyrt med korte, masoretiske kommentarar i margen (*masora parva*), er  
 det vanleg å finne små rundingar over dei orda i teksten som blir kommentert i margen, f.eks.:



Desse sirkclarne fungerer omtrent som fotnoteteiknet i moderne tekstar (\*). Er det fleire  
 kommentarar på ei linje, står som regel éin sirkel for kvar kommentar. Dersom to eller fleire  
 ord blir kommentert samtidig, står sirkelen/sirkclarne over mellomrommet/-a mellom dei.

Dei fleste kommentarar i margen handlar om statistikk – kor ofte eit ord førekjem med  
 ein bestemt stavemåte, osv., men sjå *ketib-kere* nedanfor.

g) *Ketib-Kere* (כְּתִיב־קֵרִי)

Éin bestemt type kommentar i margen handlar om korleis ein skal lese teksten. Då  
 vokalteikn vart lagde til konsonantteksten, var det slik at teksten somme stader vart lese opp  
 eller framført på ein annan måte enn konsonantane skulle tilseie. Det var altså av og til forskjell  
 på kva som sto skrive, og kva som eigentleg vart lese. I staden for å endre, legge til eller ta vekk  
 bokstavar frå teksten, vart bokstavane til ordet som vart lese, skrivne i margen med ein ק̇ under  
 (sjå eksemplet på bildet i pkt. f ovanfor). Vokalteikna til ordet som vart lese, vart skrivne i  
 teksten saman med dei "galne" bokstavane. Over desse bokstavane i teksten vart det plassert  
 ein sirkel for å vise til "kommentaren" i margen.

Eit eksempel finn ein i Sal 100,3: הוּא עֲשָׂנוּ וְלֹא אֲנַחְנוּ. I teksten står ein sirkel over  
 ordet וְלֹא, og i margen står ein ק̇ med bokstavane וְלוֹ over. Poenget med kommentaren er å  
 formidle at ein ikkje skal lese orda i teksten: וְלֹא [Han har skapt oss] og ikkje [vi sjølv], men

heller det som står i margen: וְלוֹ [Han har skapt oss] og [vi er] hans. For å komme fram til denne lese måten må ein ta vokalane frå teksten og lesa dei saman med bokstavane over ק̇ i margen. I denne samanhengen står bokstaven ק i margen for קְרִי, eit arameisk partisipp som betyr (det som er) lese. Ein seier då at i dette tilfellet er וְלוֹ kere-forma fordi det er det som er lese. Ordet i teksten, i dette tilfellet וְלוֹ, er ketib-forma, etter det arameiske ordet כְּתִיב som betyr (det som er) skrive.

Eksemplet frå Sal 100,3 er eit interessant tilfelle fordi ketib- og kere-formene er to heilt forskjellige ord (sjølv om dei blir uttalt likt). Nettopp derfor er det også eit atypisk eksempel på ketib-kere-fenomenet generelt. Det finst andre eksempel der ketib- og kere-formene er forskjellige ord, men dei aller fleste tilfella handlar heller om alternative stave- eller formuleringsmåtar eller retting av skrivefeil. I ca. 16 tilfelle blir eit ord lagt til eller tatt ut av teksten på denne måten, f.eks. 2 Kong 19,31 der ordet "Sebaot" blir sett inn etter "HERREN", og Jer 51,3 der ordet "spenne" er skrive to gonger i teksten, men er lese berre éin gong.

Somme tilfelle av ketib-kere dukkar opp i teksten så mange gonger at ein ikkje fann det nødvendig å skrive kere-bokstavane i margen, men nøydde seg med å skrive kere-vokalteikna saman med ketib-bokstavane i teksten. Slike tilfelle går under namnet ketib-kere perpetuum ("kontinuerleg ketib-kere").

Det vanlegaste eksempel på dette er gudsnamnet יהוה HERREN/Jave. Dette ordet førekjem nesten 7000 gonger i teksten, men aldri med dei vokalane som dei fleste språkforskarar trur opphavleg høyrde til: יהוה. I handskriftet som ligg til grunn for den standard, vitskapelege utgåva av den hebraiske bibelen, skrivast יהוה-bokstavane som oftast (ca. 5650 gonger) med vokalteikna til שְׁמָא /sj<sup>e</sup>ma/, eit arameisk ord som betyr namnet: יהוה. Denne bokstav- og vokalteiknkombinasjonen er normalt umogeleg på bibelhebraisk fordi vokalteiknet sjeva aldri får lesemor. Andre variantar ein finn i teksten, er יהוה/יהוה/יהוה/יהוה (med vokalane til ordet אֱלֹהִים Gud) og יהוה (med vokalane til אֲדֹנָי Herren).

Andre eksempel på ketib-kere perpetuum:

1. Bynamnet Jerusalem: יְרוּשָׁלַיִם – vokalteikna til יְרוּשָׁלַיִם blir sett saman med bokstavane ירושלים (sannsynlegvis uttalt j<sup>e</sup>rosjalém).
2. Person-, folke- og stadnamnet Jissakar: יִשָּׂשכָר (1 Mos 30,18 osv.) – ordet uttalast som יִשָּׂכָר.
3. Det personlege pronomenet i 3fsg. ho i Mosebøkene: הוּא – det skal uttalast som om det sto הֵיא, slik pronomenet elles heiter.

## Lydendringar og lydlover, § 4–13

### § 4 Konsonantgrupper

Konsonantane på bibelhebraisk blir ofte delt inn i grupper som meir eller mindre svarer til dei i tabellen nedanfor. Dei fleste konsonantane er gruppert etter kor i munnen dei vart eller blir uttalt (*artikulasjonsstaden*). Éi gruppe, sibilantane, er basert på korleis lydane blir laga (*artikulasjonsmåten*). Denne inndelinga er *ikkje* meint som hjelp til å fastsette ein historisk eller akademisk uttale av konsonantane. Inndelinga skal heller gjere det lettare å formulere reglar for lydendringar som gjeld konsonantane i dei enkelte gruppene. Sjå § 1a for hjelp med uttalen av konsonantane.

Gruppenamnet	Konsonantane	Kommentar
Labialar	פ מ ב	Leppelydar (frå lat. <i>labium</i> "leppe").
Dentalar	ת ר נ ל ט ד	Tannlydar (frå lat. <i>dens</i> "tann"). Felles for desse konsonantane er at dei blir uttalt med tunga like bak tennene.
Palatarar (velarar)	ק כ י ג	På norsk er desse konsonantlydane, bortsett frå י, kjent som <i>velarar</i> . I hebraiskfagleg litteratur er det mest vanleg å bruke ordet <i>palatarar</i> .
Gutturalar (laryngalar)	ע ח ה א	Opphavleg vart alle desse konsonantane uttalt i strupen (lat. <i>guttur</i> eller <i>larynx</i> ).
Sibilantar	ש צ ס ז	"S-lydar" i ulike variantar.

### § 5 Vokalgrupper

Når ord blir bøygd på bibelhebraisk, kan stavingar endre type og vokalar få ein annan lengde og/eller klang. Når ein skal lære om desse endringane, er det praktisk å kunne omtale vokalane i grupper, og ikkje berre enkeltvis.

Det er tre vokalgrupper i bibelhebraisk: a-vokalar, i-vokalar og o-vokalar. Dei siste kan også heite runda vokalar fordi ein rundar leppene når ein uttaler dei. Vokalane høyrer til dei tre gruppene som vist nedanfor:

◌ַ	<i>pattah</i>
◌ֶ	<i>kamets</i>
<u>a-vokalar</u>	◌ֶ ◌ַ <i>segâl</i>
	◌ֶ ◌ַ <i>hatef pattah</i>
	◌ֶ ◌ַ <i>hatef segâl</i>

◌ִ	<i>segâl</i>
◌ֵ	<i>tsere</i>
<u>i-vokalar</u>	◌ִ ◌ֵ <i>hirek</i>
	◌ִ ◌ֵ <i>hatef segâl</i>

◌ֹ	<i>kibbots</i>
◌ֻ	<i>sjorek</i>
<u>o-vokalar</u>	◌ֹ ◌ֻ <i>hâlem</i>
	◌ֹ ◌ֻ <i>kamets hatef</i>
	◌ֹ ◌ֻ <i>hatef kamets</i>

Legg merke til at både *segål* og *hatef segål* høyrer til to forskjellige vokalgrupper: a-vokalar og i-vokalar.

Når vokalar endrar seg på bibelhebraisk, skjer endringane stort sett innanfor vokalgruppene. Ein *hålem*, for eksempel, kan gjerne bli til ein *kibbots* eller *kamets hatef* sidan desse er alle o-vokalar. Mindre vanleg er det at ein *hålem* blir til ein *kamets*, sidan dei høyrer til to forskjellige vokalgrupper.

## § 6 Ordtrykk

Ord på bibelhebraisk har vanlegvis éi staving som blir framheva i uttalen i forhold til dei andre stavingane i ordet. Slike stavingar blir kalla for "trykkunge," i motsetning til "trykklette" stavingar. Trykkunge stavingar har som regel aksenteikn over eller under seg, f.eks. den andre stavinga i ordet **שֵׁר** /<sup>a</sup>*sjér*/ som (sjå § 3a). Lengre ord og ord framfor ein *makkef* kan også ha éi eller to stavingar med sekundærtrykk. Slike stavingar kan stå med *metteg* (§ 3b) eller aksenteiknet *majelá* (◌), f.eks. ordet **וְהִתְפַּלֵּל** og så skal dei be med to *metteg*, og ordet **וְקִוִּיתִי** og så skal eg håpe med både *majelá* og *metteg*.

Trykket i hebraiske ord ligg som regel på siste stavinga. Somme ord har trykket på den nest siste stavinga, men berre på visse vilkår: Når den nest siste stavinga i eit ord sluttar på vokal (dvs. er *open*, sjå neste punkt), kan den ha trykket dersom den siste stavinga endar på konsonant, f.eks. **וַיֹּאמֶר**. Og motsett: Når den nest siste stavinga sluttar på konsonant, kan den ha trykket dersom siste stavinga sluttar på vokal, f.eks. **הֵאֵלָּה** *desse* (sjå neste punkt om stavingsgrenser).

Trykkplassering kan i somme tilfelle avgjere forskjellen mellom ulike ord eller ulike bøyingsformer av det same ordet, f.eks. **וַיֹּאמֶרְתִּי** og *eg seier* (med trykket på nest siste stavinga) og **וַיֹּאמֶרְתִּי** og så kjem eg til å seie (med trykket på siste stavinga).

Når ord blir bøygd, skjer det gjerne at trykket flyttar på seg. Det kan flytte seg bakover mot starten av ordet, jf. f.eks. **יֹאמֶר** *han seier* med trykk på siste stavinga og **וַיֹּאמֶר** og så *sa han* der trykket har flytta seg til den nest siste stavinga. Det kan også flytte seg framover mot slutten, særleg når stavingar blir lagde til denne enden av ordet: **אָמַר** *han seier* og **אָמַרְהוּ** *ho seier*. Trykket kan også flytte seg bakover til den nest siste stavinga i ordet når det påfølgande ordet har trykket på første stavinga. Ordet **הַיְכָל** *slott/tempel*, for eksempel, har nesten alltid trykket på siste stavinga. Men i Sal 45,16 står det med trykket i nest siste stavinga fordi ordet etterpå har trykket på første stavinga: **בְּהֵיכַל מְלֹךְ** *i kongens slott* – dette for å unngå ein urytmisk samanstyrt av to trykkunge stavingar på rad. Pausale former (sjå § 11) viser også trykkforskyving.

## § 7 Stavingstypar

Lengda og klangen på ein del vokalar på bibelhebraisk heng saman med kva slags staving vokalen er ein del av. Og fordi stavingar kan endre type når ord blir bøygd, kan også vokalane endra seg når ord blir bøygd (sjå §§ 8–11).

Stavingar på bibelhebraisk begynner som regel på ein, og berre éin, konsonant. Unntaka er eufonisk fordobling (sjå § 12d) og når konjunksjonen  $\text{-} \aleph$  skrivast  $\text{-} \aleph$  (sjå § 9b og g). Hebraiske stavingar begynner altså ikkje på vokalar eller fleire konsonantar på rad.

Etter konsonanten i starten av stavinga kjem ein, og berre éin, vokal – lang, kort eller ultrakort. Unntaket er *pataḥ furtivum* (§ 2b), der ein får to vokalar på rad. Ein har altså ikkje diftongar på hebraisk slik ein er vand til frå norsk. Dersom vokalen er siste lyden i stavinga, er det ei *open* staving.

Stavingar kan også slutta på ein konsonant. Slike stavingar blir kalla *lukka* stavingar. På slutten av ord hender det at ein får to konsonantar på rad, men det er sjeldan. Ein kallar slike stavingar for *dobbeltlukka* stavingar.

Når ein tar med trykk, endar ein opp med 4–5 stavingstypar (*dobbeltlukka* stavingar er alltid trykktunge):

	Open	Lukka	Dobbeltlukka
Trykklett	Open, trykklett staving	Lukka, trykklett staving	<del>Open, trykklett staving</del>
Trykktung	Open, trykktung staving	Lukka, trykktung staving	Dobbeltlukka, trykktung staving

Ordet  $\text{וְנִכְלַמְתָּ}$  /*v<sup>e</sup>niklámt/* og *så skal du skamme deg*, for eksempel, har tre stavingar.

Den første stavinga begynner med konsonanten  $\text{נ}$  og sluttar med vokalen *sjeva mobile*:  $\text{-} \aleph$ .

Konsonanten  $\text{נ}$  kan ikkje vere ein del av denne første stavinga fordi den andre stavinga då ville begynt på ein vokal, noko som ikkje skjer på bibelhebraisk. Første stavinga er derfor open. Fordi aksenteiknet er plassert over ei anna staving, er denne stavinga også trykklett – altså ei open, trykklett staving.

Den andre stavinga i ordet  $\text{וְנִכְלַמְתָּ}$  begynner på  $\text{כ}$ . Vokalen i denne stavinga er *hirek*.

Siste lyden i stavinga er konsonanten  $\text{כ}$ . Denne konsonanten har ingen vokal etter seg sidan det ikkje er nokon grunn til å uttale *sjeva* her (§ 2g). Den kan derfor ikkje begynne den neste stavinga. Stavinga er altså  $\text{-} \aleph$ - og er lukka og trykklett.

Siste stavinga i dette eksempelordet er  $\text{לְמַתָּ}$ . Dette er eit sjeldan eksempel på eit ord som sluttar på to konsonantar. Stavinga er derfor dobbeltlukka. Av aksenteiknet går det også fram at stavinga er trykktung – altså ei dobbeltlukka, trykktung staving.



Dette gir følgende stavingsgrenser: וַיִּאמֶר | וַיִּבְרָא | וַיִּשְׂרָאֵל. Den trykktunge stavinga er markert med *zakef* (אָ).

Fordobla konsonantar førekjem som regel inni ord. Slike konsonantar fungerer både som siste lyd i stavinga føre og som første lyd i stavinga som følger. I ordet וַיִּאמֶר /vajjâmer/ og så *sa han*, for eksempel, høyrer den fordobla ׀ til både første og andre stavinga. Den første stavinga heiter -׀י og er lukka fordi den sluttar på konsonant. Den andre stavinga (-יא-) er open fordi den sluttar på vokal. Den siste stavinga heiter ׀מר- og er også lukka: ׀יא ׀מר.

## § 8 Stavingstypar og endringar i vokallengde

Mange ord på bibelhebraisk har ein eller fleire vokalar som ikkje endrar seg uansett korleis ordet blir bøygd, f.eks. o-vokalen i גוי *folk*. Dette ordet har ein lang *hålem* mellom ׀ og ׀ i alle former: גוים *folk* (pl.), גויהם *folket deira*, גויי *folka* (til) ... og גויך *folket ditt*. Andre eksempel er מלאך *sendebod*, som alltid har ein (kort) *patah* i første stavinga, og היכל *tempel*, som alltid har ein lang *tsere* i første stavinga.

Andre ord har vokalar som kan skiftast ut med kortare eller lengre vokalar frå same vokalgruppa. Dette gjeld f.eks. כל *heilskap*, der vokalen kan vere både lang הכל *heilskapen* og kort כל; *heilskapen* (av) ...; יד *hand*, der vokalen kan vere både lang יד, kort יד *handa* (til) ... og redusert ידי *hendene* (til) ...; og בן *son*, med både ein lang בן, kort בן *son* (av) ... og ein redusert variant בני *sønene* (til) ...

Legg merke til at mens *hålem* i גוי er stabil, så kan *hålem* i כל skiftast ut med ein annan vokal i same gruppa med ei anna lengde. Det same gjeld også *patah* i מלאך og יד, og *tsere* i היכל og בן. Dette viser at det ikkje er vokalen *hålem* (eller *patah* eller *tsere*) i seg sjølv som er stabil eller utskiftbar. Det er o-vokalen i ordet גוי, den korte a-vokalen i ordet מלאך, og i-vokalen i ordet היכל som er stabile. Og det er o-vokalen i ordet כל, a-vokalen i ordet יד, og i-vokalen i ordet בן som er utskiftbare. Om ein vokal er stabil eller utskiftbar, er altså avhengig av ordet vokalen er ein del av. Eit ord kan ha både stabile og utskiftbare vokalar.

Desse endringane i vokallengde henger saman med endringane som skjer med stavingane når ord blir bøygd. Derfor er framstillinga nedanfor ordna etter kva slags staving vokalen er ein del av.

### a) Lukka, trykklette stavingar og dobbeltlukka stavingar

Visse stavingstypar har alltid same vokallengde. Lukka, trykklette stavingar og dobbeltlukka stavingar, for eksempel, har alltid korte vokalar (bortsett frå pausale former, sjå § 11). Dersom ein utskiftbar vokal hamnar i ei slik staving, blir den til ein kort vokal, jf. ## 1–2, den andre stavinga i # 3, den tredje stavinga i # 4 (alle saman lukka, trykklette stavingar) og # 5 (dobbeltlukka staving).

	Referanseform <sup>18</sup>		Eksempel	
1.	בֵּן	son	בֵּן־	son (til) ...
2.	שֵׁם	namn	שֵׁמְךָ	namnet ditt
3.	לֵבָב	hjarte	לֵבָבְכֶם	hjartet dykkar
4.	מַחְשָׁבָה	plan	מַחְשָׁבָתוֹ	planen hans
5.	שָׂם	han plasserer	שָׂמְתָּ	du plasserer

Der ei staving skulle ha blitt dobbeltlukka, hender det ofte at ein ekstra vokal kjem inn mellom dei to siste konsonantane. Sidan denne ekstra vokalen som regel er *segål*, blir slike former gjerne kalla for *segålatar* (eng. *segholates*). Når éin av eller begge dei to siste konsonantane er ein guttural, er den ekstra vokalen vanlegvis *pattaḥ* (# 9). Viss éin av dei er ׀, er vokalen gjerne *hirek* (# 11). Ein i- eller a-vokal i stavinga som skulle ha blitt dobbeltlukka, blir også som regel til *segål*. Sidan den ekstra vokalen ikkje påverkar trykkplasseringa, står slike ord med trykket på nest siste stavinga.

Eksempel på segålatar er adjektiv og partisipp bøygd i fem. sg. med ׀ som ending (## 6–7) og substantiv bøygd etter f<sub>2</sub>-mønsteret (## 8–9, sjå § 28a). I tillegg kjem ei rekke andre ord der den opphavlege dobbeltlukka forma dukkar opp der konsonantane slepp å stå sist i ordet (f.eks. på grunn av eit pronomensuffiks, e.l. – ## 9–11) eller i transkripsjon/andre språk (# 12).

	Former utan hjelpevokal		Former med hjelpevokal	
6.	אַחֵר	annen (msg.)	אַחֵרֶת* > אַחֵרֵת	annen (fsg.)
7.	יוֹשֵׁב	sitjande (msg.)	יוֹשֵׁבֶת* > יוֹשֵׁבֵת	sitjande (fsg.)
8.	מִשְׁמֵר	varetekt (m-mønster)	מִשְׁמֵרֶת* > מִשְׁמֵרֵת	noko å ta vare på (f <sub>2</sub> -mønster)
9.	צָרְעָתוֹ	hudsjukdommen hans	צָרְעָתָ* > צָרְעֵת	hudsjukdom
10.	מֶלֶךְהַ	kongen hennar	מֶלֶךְ* > מֶלֶךְ	konge

<sup>18</sup> Referanseformene er andre former av eksempelorda der dei utskiftbare/utbytbare vokalane har ei anna lengde enn i eksempelet fordi dei står i ein annan stavingstype. Der referanseforma og/eller eksempelet har fleire stavingar, er den relevante stavinga skravert.

	Former utan hjelpevokal		Former med hjelpevokal	
11.	הַבַּיְתָה	mot huset	בַּיְתָ* > בֵּית	hus
12.	Δαμασκός	Damaskus	דַּמְשֵׁק* > דַּמְשֶׁק	Damaskus

### b) Opne, trykklette stavingar

I opne, trykklette stavingar er alle vokallengder representert. Utskiftbare vokalar er ofte redusert, f.eks. den første vokalen i # 1, den andre vokalen i # 2 eller den tredje vokalen i # 3.

Det kan også skje ei forlenging, men berre når den trykkttunge stavinga kjem like etterpå, f.eks. ## 4–6. Vokalar som er like framfor den trykkttunge stavinga, heiter *pretoniske* (frå lat. *prae* "framfor" og *tonus* "trykk"). NB! Pretoniske vokalar er ikkje alltid lange! A-vokalar er dei som oftast blir pretonisk lange (## 4–5), men også i-vokalar kan bli det (# 6).

Utskiftbare vokalar i opne, trykklette stavingar er korte når det kjem ein *hatef*-vokal i neste stavinga (# 7). Dette gjeld særleg konjunksjonen *-וּ* og preposisjonane *-י* i, *פֵּא*, *וֵד*, *-לְ* til, *for*, og *-לִּ* lik, i samsvar med (sjå § 9d). Spørjepartikkelen *-הִ* har kort vokal når ordet den er sett saman med, begynner på ein guttural (# 8).

1.	אָמַר	han seier	אָמְרָתֶם	de seier
2.	יִשְׁמַר	han vaktar	יִשְׁמְרוּ	dei vaktar
3.	הִלָּחֵם	strid! (msg.)	הִלָּחֲמוּ	strid! (mpl., 2 Mos 17,9)
4.	עַל־	over	עָלָיו	over han
5.	שָׁלַח	han sender	שָׁלַחֵו	han sender han
6.	אֶל־	til	אֵלָיו	til han
7.	רָחַב	vid (msg. abs.)	רָחַבְתָּ	vid (fsg. cstr.)
8.	הָאָתָּה + הִּ →		הָאָתָּה	du?

### c) Opne, trykkttunge stavingar

I opne, trykkttunge stavingar er utskiftbare vokalar ofte lange (## 1–4). Men på grunn av korleis språket har utvikla seg, finn ein også ein del korte vokalar i slike stavingar. Dette gjeld i særleg grad ord som opphavleg var på berre éi staving med kort vokal og to konsonantar til slutt, f.eks. \*/sjebt/ *stamme*. Slike ord fekk etter kvart ein ny vokal mellom dei to siste konsonantane som gjorde at den opphavlege, korte vokalen hamna i ei open, trykkttung staving, f.eks. /sjebet/ *stamme* (# 5, sjå også pkt. a). Alle tre vokalgrupper er representert i slike ord (## 5–8).

1.	מֶלֶכְךָ	kongen din	מֶלֶכְנוּ	kongen vår
----	----------	------------	-----------	------------


2.	לְּךָ	til deg	לָנוּ	til oss
3.	מֵצֵאתָנוּ	ho finn oss	מֵצֵאתָ	ho finn
4.	שָׁנָת	år (sg. cstr.)	שָׁנָה	år (sg. abs.)
5.	שִׁבְטִים	stammer	שִׁבֵּט	stamme
6.	עֲבָדָיו	tenarane hans	עֶבֶד	tenar
7.	שַׁעֲרֶיךָ	portane dine	שַׁעַר	port
8.	קִדְשָׁיו	hans heilage ting	קִדְשׁ	noko heilag

#### d) Lukka, trykktunge stavingar

Om ein utskiftbar vokal i ei lukka, trykktung staving er lang eller kort, er mest avhengig av kva type ord det er. Mens nominale former (substantiv, adjektiv, pronomen, ein del talord, men også partisipp) normalt har *lange* vokalar i slike stavingar (## 1–3), finn ein for det meste *korte* vokalar i denne stavingstypen hos dei fleste verbformene (## 4–6).

1.	בֶּן	son (til) ...	בֵּן	son
2.	יָד־	hand (av) ...	יָד	hand
3.		נִלְחָם	stridande [partisipp]	
4.		נִלְחָם	han stridde [perfektum]	
5.	אָמְרוּ	dei seier	אָמַר	han seier
6.	וַיִּקְחוּ	og så tok dei	וַיִּקַּח	og så tok han

#### e) Samanfating: vokallengder etter stavingstype

	Open	Lukka	Dobbeltlukka
Trykklett	Redusert el. (pretonisk) lang (ev. kort)	Kort	
Trykktung	Lang (ev. kort)	Lang (nomen) el. kort (verb)	Kort

### § 9 Sjeva-endringar

I førre avsnitt ser ein eksempel på at opne, trykklette stavingar kan ha både reduserte vokalar, lange vokalar og korte vokalar, jf. den første vokalen i følgande ord: מֵצֵאתָנוּ og halvparten deira – וַיִּקְחוּ og ein halv – וַיִּקְחֵי og halvparten av ... I dette avsnittet blir denne

variasjonen systematisert med *sjeva*-vokalen som utgangspunkt.<sup>19</sup> Disse endringane gjeld fleire ord, men i særleg grad konjunksjonen -ַּֿ *og* og preposisjonane -ַּֿ *i, på, ved*, -ֶֿ *til, for*, og -ֶֿ *lik, i samsvar med*. Endringane som skjer med *sjeva*-vokalar, er avhengige av korleis stavinga etterpå ser ut, dvs. kva for bokstav den begynner med, kva for vokal den har og om den er trykk tung eller trykklett.

### a) Opne, trykklette stavingar

Som nemnt tidlegare, har opne, trykklette stavingar ofte reduserte vokalar, jf. første vokal i følgande eksempel. Dette gjeld både sjølvstendige ord (## 1–3) og prefigerte ord (dvs. ord som skrivast i eitt med påfølgande ordet) med éi open staving: konjunksjonen -ַּֿ og preposisjonane -ַּֿ, -ֶֿ, og -ֶֿ. (## 4–7).

1.	יְהוּדָה	Juda
2.	בְּנֵי	søner (av) ...
3.	נְאֻמֹּתַי	ytring (av) ...
4.	וְאֵת	og [objektsmerket]
5.	בְּכֹל	i all ...
6.	לְמַעַן	slik at
7.	כָּכֹל	i samsvar med all ...

### b) Framfor stavingar med *sjeva mobile* og ein annan forbokstav enn ׀

På bibelhebraisk førekjem ikkje to *sjeva mobile* på rad. Der ein hadde venta denne vokalsekvensen, finn ein vanlegvis heller sekvensen *kort vokal* (vanlegvis *hirek*) + *sjeva quiescens* (## 1–5). Konjunksjonen ׀ skil seg ut her på den måten at den blir til ׀ i slike tilfelle (# 6, jf. også pkt. f nedanfor). Den første vokalen i alle eksempla nedanfor er *sjeva* i andre former av dei same orda. Den er ein kort vokal (*hirek*, som oftast) eller *sjorek* når neste vokal i ordet skulle ha vore *sjeva mobile*.

1.	שְׁמַעוּ* →	שְׁמַעוּ <sup>20</sup>	høyr! (mpl.)
2.	פְּנֵי + ׀ →	לְפָנַי	framfor (← for ansiktet [til])
3.	שָׁנָה + בְּ →	בְּשָׁנָה	i året [då ...]

<sup>19</sup> Det historiske utgangspunktet for desse vokalarne er nok heller ein kort *a*-lyd. Men fordi den er redusert til *sjeva mobile* i dei fleste formene, er det kanskje mest tenleg å bruke det som utgangspunkt.

<sup>20</sup> Ikkje alle forklarar *hirek* i dette ordet som ein endra *sjeva*-vokal, jf. § 21c.

4.	כָּ + דְבַר →	כְּדַבֵּר	i samsvar med ordet [frå ...]
5.	הֵּ + מְעַט →	הֲמְעַט	er det lite?
6.	וְ + שְׁנַיִם →	וּשְׁנַיִם	og to

### c) Framfor stavingar som begynner på ׀

Der ein ventar å finne *sjeva mobile* framfor *jåd* med *sjeva mobile*, finn ein vanlegvis heller *ħirek* skrive *plene* med *jåd*: -יֵ. Dette gjeld også konjunksjonen ׀.

1.	בְּ + יְרוּשָׁלַיִם →	בְּיְרוּשָׁלַיִם	i Jerusalem
2.	וְ + יְהוּדָה →	וְיְהוּדָה	og Juda
3.	לְ + יְהוּדָה →	לְיְהוּדָה	for Juda
4.	כְּ + יָמֵי →	כְּיָמֵי	lik dagar [når/då ...]

### d) Framfor stavingar med *ħatef*-vokal

Framfor stavingar med *ħatef*-vokal pleier ein heller ikkje å finne *sjeva mobile* på bibelhebraisk. Men i staden for ein *ħirek*, blir *sjeva mobile* til same *fulle* vokalen som *ħatef*-vokalen (## 1–5). I slike tilfelle skrivast likevel spørjepartikkelen med *pattaħ* som i pkt. b (# 6).

1.	כְּ + אֲשֶׁר →	כְּאֲשֶׁר	slik som
2.	לְ + אֲכַל →	לְאֲכַל	for å ete
3.	בְּ + חָרִי- →	בְּחָרִי-	i (brennande) harme
4.	שֶׁאֱלוֹ*	שֶׁאֱלוֹ	be!
5.	וְ + אֲנִי →	וְאֲנִי	og eg
6.	הֵּ + אֱלֹהִים →	הֲאֱלֹהִים	Gud?

### e) Framfor guttural (berre spørjepartikkelen -הֵ)

Spørjepartikkelen הֵ- skrivast vanlegvis med ein *pattaħ* når ordet den knyter seg til, begynner på ein guttural.

1.	הֵ + עַל- →	הֲעַל-	(er det) over ...?
2.	הֵ + אַתָּה →	הֲאַתָּה	(er) du?

3.	הָ + הַצֵּילוּ → הַהֲצֵילוּ	berga dei?
4.	הָ + הַחִפֵּץ → הַחִפֵּץ	(er det) glede?

**f) Framfor stavingar som begynner på א**

Mange ord på bibelhebraisk begynner på eller har i seg ein *sjeva mobile* etterfølgd av konsonanten א (## 1–2). Det hender likevel innimellom at ein slik א går over frå å vere konsonant til å bli lesemor (jf. § 12b). *Sjeva*-vokalen blir i slike tilfelle til ein full vokal, lang (## 3–8) eller kort (# 9). Dette gjeld særleg konjunksjonen -ִּי og preposisjonane -בְּ, -לְ og -כֶּ framfor orda אֱלֹהִים *Gud*, אֲדֹנָי/אֲדֹן *herre/Herren* og אָמַר *å seie* (det siste berre med preposisjonen לְ).

1.	מֵאָה	hundre
2.	יֵצְאִים	gåande ut
3.	מֵאָתַיִם* מֵאָתַיִם	to hundre
4.	קֹרְאִים* קֹרְאִים	kallande (Sal 99,6)
5.	בְּ + אֱלֹהִים → בְּאֱלֹהִים	på Gud
6.	כְּ + אֱלֹהִים → כְּאֱלֹהִים	lik Gud
7.	וְ + אֱלֹהֵי → וְאֱלֹהֵי	og Gud (av) ...
8.	לְ + אָמַר → לְאָמַר	[innleier direkte tale]
9.	לְ + אֲדֹנָי → לְאֲדֹנָי	til min herre

Etter konjunksjonen וְ og preposisjonane בְּ, לְ og כֶּ, blir אֲדֹנָי *Herren* brukt som *kere*-forma av gudsnamnet יהוה (sjå § 3g). Som i eksempel # 9 ovanfor, blir *sjeva*-vokalen også her til ein kort, full vokal og א-lyden forsvinn. Legg merke til uttalen!

10.	וְיְהוָה /vadânaj/	og HERREN
11.	בְּיְהוָה /badânaj/	på HERREN
12.	לְיְהוָה /ladânaj/	til HERREN
13.	כְּיְהוָה /kadânaj/	lik HERREN

**g) Framfor stavingar som begynner på labial (ב, מ eller פ)**

Når konjunksjonen וְ blir sett framfor ord som begynner på ein labial (ב, מ eller פ), skrivast det וּ. Hos preposisjonane בְּ, לְ og כִּי er det ingen tilsvarende endring.

1.	וְ + בְּנֵי →	וּבְנֵי	og søner (av) ...
2.	וְ + מִן →	וּמִן	og av
3.	וְ + פְּקֻדָּתִי →	וּפְּקֻדָּתִי	og så skal eg straffe

**h) Framfor trykkttunge stavingar**

Framfor trykkttunge stavingar kan ein *sjeva mobile* bli verande som ein redusert vokal, eller den kan bli til ein såkalla pretonisk *kamets* (sjå § 8b). Det siste skjer vanlegvis berre i slutten av setningar.

1.	וְ + דָר →	וּדָר	og slekt
2.	וְ + אֵשׁ →	וּאֵשׁ	med eld
3.	וְ + לָכֶת →	וּלָכֶת	for å gå
4.	וְ + זֵאת →	וּזֵאת	som dette

**i) Samanfating for וְ, בְּ, לְ, og כִּי**

	-וְ og	-בְּ i, på, ved	-לְ til, for	-כִּי lik, som
Opne, trykklette stavingar	<i>sjeva mobile:</i> וְאֵת-	<i>sjeva mobile:</i> בְּכֹל-	<i>sjeva mobile:</i> לְמַעַן	<i>sjeva mobile:</i> כִּיכֹל
Framfor <i>sjeva</i> og ikkje ׳	<i>sjorek:</i> וּשְׁנַיִם	<i>hirek:</i> בְּשֵׁנַת	<i>hirek:</i> לְפָנַי	<i>hirek:</i> כְּדָבָר
Framfor ׳	<i>plene-skrive</i> <i>hirek:</i> וְיִהְיֶה	<i>plene-skrive</i> <i>hirek:</i> בְּיִרוּשָׁלַם	<i>plene-skrive</i> <i>hirek:</i> לְיִהוּדָה	<i>plene-skrive</i> <i>hirek:</i> כְּיָמַי
Framfor <i>hatef-vokalar</i>	full variant av <i>hatef-vokalen:</i> וְאֵנִי	full variant av <i>hatef-vokalen:</i> בְּחָרִי	full variant av <i>hatef-vokalen:</i> לְאֵכֶל	full variant av <i>hatef-vokalen:</i> כְּאֵשֶׁר



	-וּ og	-בּ i, på, ved	-לְ til, for	-כֵּן lik, som
Framfor אֱלֹהִים, אֲדֹנָי/אֲדֹנָיִךְ, יהוה og אָמַר (berre לְ)	full vokal: וַיְהוּהוּ (וַיְהוּהוּ)	full vokal: בְּאֱלֹהִים (בְּיְהוּהוּ)	full vokal: לְיְהוּהוּ (לְיְהוּהוּ)	full vokal: כְּאֱלֹהִים (כְּיְהוּהוּ)
Framfor labialar	sjorek: וּבְגַי	ingen endring	ingen endring	ingen endring
Framfor trykk tung staving	ingen endring, eller kamets: וְדַר	ingen endring, eller kamets: בְּאֵשׁ	ingen endring, eller kamets: לְלֶכֶת	ingen endring, eller kamets: כְּזֹאת

## § 10 Endringar i vokalklang

I tillegg til endringane i vokallengde som er skissert i §§ 8 og 9, kan det også skje at vokalar endrar *klang* når stavingstypen endrar seg. Sjølv om ein del av stoffet i dette avsnittet har språkhistorisk relevans, er hensikta her først og fremst å bli kjent med vokalendringane som skjer innanfor språkstadiet som bibeltekstane representerer. Her er eksempel på somme av dei mest vanlege klangendringane:

### a) i-vokal → a-vokal

I lukka, trykk tung stavingar kan ein i-vokal – vanlegvis הִ (hirek) eller טִ (tsere) – bli til ein a-vokal – vanlegvis פִ (patah), jf. ## 1–4. Dette fenomenet heiter som regel "Philippis lov".

	i-vokal		a-vokal (lukka, trykk tung staving)	
1.	הַגִּיד	han kunngjer	הַגִּידְתָּ	du (m.) kunngjer
2.	אָהַב	han elsker	אָהַבְתָּ	du (f.) elsker
3.	חָצַר	innhegning	חָצַרְתָּ	innhegning (til) ...
4.	יָלַד	han går	יָלַדְתָּ	dei/de (f.) går

### b) a-vokal → i-vokal

Denne endringa er motsetninga til det førre og skjer då gjerne i lukka, trykklette stavingar.

	a-vokal		i-vokal (lukka, trykklett staving)	
1.	יָד	hand	יָדְכֶם	handa dykkar
2.	דָּבַר	ord	דָּבַרְתִּי	ord (av) ...
3.	זָקֵן	gammal	זָקֵנִי	gamle (av) ...
4.	יָלַדְתִּי	eg føder	יָלַדְתִּיךָ	eg føder deg (Sal 2,7)



eksempel, er brukt som bindevokal mellom ein del pronominale suffiks og orda dei knyter seg til (§ 33ff). Men når vokalen i suffikset er ְ (kamets), kan ִ (tsere) bli til ִ (segål) (## 1–2). Spørjepartikkelen -הֲ skrivast med segål når neste stavinga begynner på ein guttural med kamets (# 3).<sup>22</sup> Eit anna eksempel er spørjepronomenet מָה kva? som framfor eit ord med ְ i første stavinga kan skrivast מָהִ (# 4).

	Annan vokal(kombinasjon)		ִ-ִ	
1.	וַיִּקְחֶהּ	og så tok han han	וַיִּקְחֶהָ	og så tok han henne
2.	יָדֶיךָ	handa di (f.)	יָדֶיךָ	handa di (m.)
3.	הֲלוֹא	(er) ikkje?	הֲאֵפֶס	er det slutt? (Sal 77,9)
4.	מָה הַדְּבָר	kva (er) tingen?	מָה הָאָדָם	kva (gjer) mennesket? (Fork 2,12)

## § 11 Pausale former

Ord med sterkt skiljande aksentteikn (§ 3a) vart lese eller framført med ein etterfølgande pause. Dette påverka uttalen av desse orda slik at ein eller fleire av vokalane kunne bli forlengt eller endra, eller trykket kunne flytte på seg. Aksentteikna dette gjeld, er primært *sillok* (ס – dette teiknet står alltid ved siste ordet i verset, ## 1 og 6), *atnah* (ס, ## 2, 4 og 7) og *åle-v<sup>e</sup>jåred* (סס – dette aksentteiknet, som berre finst i Salmane, Job og Salomos ordtak, består av to teikn, # 3). Men pausale former kan også dukke opp ved *zakef* (ס, # 5), *segålta* (ס) og *revia* (ס).

	Kontekstuell form	Pausal form	Kommentar
1.	מְצַרִּים	מְצַרִּים	Korte vokalar i trykktunge stavingar kan bli lange.
2.	אֶרֶץ	אֶרֶץ	Den opphavlege, korte <i>a</i> -lyden bak mange <i>segål</i> kan bli forlengt til <i>kamets</i> .
3.	וַיֹּאמֶר	וַיֹּאמֶר	Trykket kan flytta seg framover (# 3) eller bakover (# 4).
4.	אֶתָּה	אֶתָּה	
6.	כָּלִי	כָּלִי	Reduserte vokalar kan bli til fulle, trykktunge vokalar.
7.	לֵךְ	לֵךְ	

<sup>22</sup> Spørjepartikkelen hadde nok opphavleg ein kort *a* som vokal og kunne derfor ha kome under pkt f. Den er likevel plassert under dette punktet fordi den skrivast med *hatef patah* i dei fleste tilfella.

## § 12 Konsonantendringar

### a) Metatase (omstilling)

Når to språklydar byter plass, kallast det *metatase*. Ordet *kross*, av latinsk *crux*, heiter *kors* på bokmål nettopp fordi konsonantane *r* og *o* har bytt plass. Metatase står også bak forskjellen mellom *hugse* og *huske* (norr. *hugsa*). På bibelhebraisk skjer det i verbstamma *Hithpael* med *t*-lyden i forstavinga og ein etterfølgande sibilant (s-lyd, sjå § 4).

	Før metatase	Etter metatase	
1.	וַאֲשַׁמְרָ*	וַאֲשַׁמְרָ	og så vakta eg meg (Sal 18,24)
2.	מִתְסַתֵּר*	מִתְסַתֵּר	skjulande seg
3.	וְהַמְשַׁכֵּר*	וְהַמְשַׁכֵּר	og den som får lønn (Hag 1,6)

### b) Bortfall av konsonant<sup>23</sup>

Konsonantane א, ה, ו, og י kan bli til lesemødre eller forsvinne heilt:

א – Gutturalen א blir sjeldan borte i skrift, men er vanlegvis ikkje uttalt i slutten av ei staving. Då blir den til lesemor (## 1–2). Dersom vokalen i stavinga skulle vore kort, blir den forlengt. Denne konsonanten kan også bli til lesemor etter ei staving med *sjeva* som vokal (jf. § 9f og # 3). Det hender også at א forsvinn sjølv etter å ha blitt lesemor. Dette er mest vanleg når den førre bokstaven også er ein א (# 4, sjå § 24c – א"פ-verb).

1.	וַיִּקְרָא*	וַיִּקְרָא	og så kalla han
2.	שָׂנְאֵתִי*	שָׂנְאֵתִי	eg hatar
3.	לְאֱלֹהִים*	לְאֱלֹהִים	til Gud
4.	וַאֲמַר*	וַאֲמַר	og så sa eg

ה – Den andre gutturalen som kan forsvinne mellom vokalar er ה. Dette skjer kanskje oftast med den bundne artikkelen (-הּ) etter preposisjonane בְּ-, לְ- og כְּ- (## 1–3), og med pronomensuffiksa i 3msg., 3mpl. og 3pl. (## 4–6) og med ה i *Hiphil* imperfektum etter subjektsprefiks (# 7). Men det finst også eksempel utanom desse tilfella (# 8). Til forskjell frå א, blir ה også borte i skrift. Dersom stavinga framfor hadde ein *sjeva* som vokal, blir denne vanlegvis bytt ut med vokalen som skulle ha kome etter ה (## 1–4 og 7, men sjå # 6). Dersom

<sup>23</sup> For manglande fordobling, sjå pkt. d.

det var ein full vokal framfor ה, skjer det ein vokalkontraksjon der *a + o* blir til *å* (# 4) og *a + e* blir til *a* (# 5).

1.	בְּהַיּוֹם*	בַּיּוֹם	på dagen
2.	לְהַמְלִיךְ*	לְמֶלֶךְ	til kongen
3.	בְּהַכְּתוּב*	בְּכַתּוּב	i samsvar med det som er skrive
4.	שָׁמָּה (Esek 7,20)	שָׁמוֹ	han set han
5.	בָּהֶם	בָּם	i dei
6.	לְבָהֶן (Esek 13,17)	לְבָן (2 Mos 35,26)	hjartet deira (f.)
7.	יָשִׁיב*	יָשִׁיב	han fører tilbake
8.	לְהִרְאוֹת*	לְרְאוֹת	for å vise seg

ו og י – Etter ein *o*-lyd blir konsonanten ו i slutten av ei staving vanlegvis til *sjorek* (# 9). På same måte blir konsonanten י til ei leseomor når den står sist i ei staving etter ein *i*-lyd (# 10, jf. § 9c).

Når ו eller י kjem etter ein *a*-lyd (-וֹ-, -יֹ- og -יְ-), skjer det gjerne ein kontraksjon, slik at *a*-lyd + ו blir til ein lang, *plene*-skriven<sup>24</sup> *hålem* (# 11–12), mens *a*-lyd + י blir til ein lang, *plene*-skriven<sup>20</sup> *tsere* (# 13, ev. *segål*).

I slutten av ord, etter ein *a*-lyd, og i starten av ord, framfor *sjeva*, kan י og ו forsvinne heilt (## 14–15).

9.	הַוּצָאָה*	הוּצָאָה	ho blir ført ut	
10.	תִּירָא*	תִּירָא	du er redd	
11.	עוֹלָה	urett	עוֹלָת	urett (pl.)
12.	בְּתוֹךְ	i midten	בְּתוֹךְ	i midten (av) ...
13.	בֵּית	hus	בֵּיתוֹ	huset hans
14.	עָשִׂי*	עָשָׂה	han gjer	

<sup>24</sup> Det hender også at denne *hålem* eller *tsere* skrivast *defect*, dvs. utan leseomor, f.eks. וְעֹלָה urett av עוֹלָה, og עֵינִי *auga* (til) ... av עֵינִי.

15.	וְשָׁב*	שָׁב	set deg! (m.)
-----	---------	------	---------------

### c) Assimilasjon

Når ein språklyd blir lik eller likare ein annan lyd rundt den, heiter det *assimilasjon*. At det heiter *namn* på nynorsk og ikkje *nafn*, er eit eksempel på *delvis* assimilasjon då konsonanten *m* er likare *n* (begge to er nasale lydar) enn *f*.<sup>25</sup> Til forskjell frå dette norske eksemplet, er assimilasjon på bibelhebraisk nesten alltid total, dvs. at konsonanten blir *heilt* lik ein annan. Fenomenet er knytt først og fremst til konsonanten ׀, men assimilasjon skjer også med andre konsonantar, f.eks. ל i verbet לקח og ת i *Hithpael*-former av verba דבר, טהר og טמא.<sup>26</sup>

׀ – Dersom det kjem ein konsonant like *etter* ein ׀, utan nokon vokal mellom, blir ׀ vanlegvis fullstendig assimilert til (heilt lik) den andre konsonanten. Resultatet er to like konsonantar på rad, dvs. ein fordobla konsonant, markert med *dagesj forte* (§ 1c). Dette er svært vanleg med preposisjonen מן *av, frå*, der den skrivast i eitt med ordet etterpå (# 1–2). Også verb med ׀ som første radikal viser eksempel på assimilasjon (## 3–4). Dersom det kjem ein annan konsonant like *framfor* ein ׀, blir ikkje ׀ assimilert (# 5). Det skjer også at ׀ ikkje blir assimilert, f.eks. etter preposisjonen ל־ *til, for* (# 6).

1.	<sup>27</sup> מן + פְּנִי →	<sup>28</sup> מְפְנִי	frå
2.	שם + מן →	מְשֵׁם	frå der
3.	וַיִּגְתָּן* <sup>29</sup>	וַיִּתָּן	og så ga han
4.	וַיִּנְכוּ*	וַיִּנְכוּ	og så slo dei
5.		לְבָנוֹת	for å bygge

<sup>25</sup> Også *v* i bokmålsforma *navn* er eit resultat av assimilasjon sidan ein stemt *v*-lyd er likare lydane rundt (*a*-lyden og *m*-lyden) enn den ustemte *f*-lyden i norrønt *nafn*.

<sup>26</sup> Det skjer også ein *delvis* assimilasjon (og metatese) når ת møter צ i *Hithpael* av verb som begynner på צ, og blir til ט: וְצַטְדִּקְנוּ *vi viser at vi er skyldfrie* (1 Mos 44,16) av verbet צַדִּיק *å vere skyldfri*. Konsonantane ט og צ hadde tidlegare same artikulasjonsmåte (sjå § 4).

<sup>27</sup> Dette ordet har *dagesj lene* i bokstaven פ fordi ord på bibelhebraisk ikkje pleier å begynne med ein fordobla konsonant (jf. § 1c og § 7).

<sup>28</sup> Dette ordet har *dagesj forte* i bokstaven פ fordi den er fordobla som resultat av ein assimilert ׀. Ein kan sjå at det er *dagesj forte* ved at det er ein *dagesj* i ein *begadkefat* med full vokal like framfor. Det same gjeld fleire eksempel her.

<sup>29</sup> Dette ordet har *dagesj lene* i bokstaven ת. Ein ser at det er *dagesj lene* ved at det ikkje er full vokal like framfor (jf. § 1c).

6.	לִּנְפֹּל	for å falle
----	-----------	-------------

ה – Når det kjem ein "energisk" נ (§ 37) mellom eit ord og eit suffiks som begynner på ה, blir ה assimilert (bakover) til נ.

7.	אֵינְנֶהוּ*	אֵינְנוּ <sup>30</sup>	han er ikkje
8.	אֶתְנַנֶּה*	אֶתְנַנֶּה	eg gir henne

#### d) Fordobling

Når same konsonant kjem to gonger på rad, utan ein vokal mellom, skrivast ikkje bokstaven to gonger slik som på norsk, men ein prikk blir sett omtrent midt i bokstaven, f.eks. ז. Ein bokstav med prikk i seg er likevel ikkje alltid fordobla. Ein prikk i ה på slutten av eit ord (הֵ) heiter *mappik* og betyr at ה ikkje er lesemor, men skal uttalast (sjå § 1g). Og ein prikk i ein *begadkefat*-bokstav utan ein full vokal framfor heiter *dagesj lene* og betyr at bokstaven skal uttalast (eller vart ein gong uttalt) plosivt (sjå § 1b–c). Prikken som markerer fordobling, heiter *dagesj forte*. Når ein uttaler fordobla konsonantar, er det vanlegvis ikkje nødvendig å gjere noko forskjell på dei og vanlege (ikkje-fordobla) konsonantar. Men når ב, כ eller פ er fordobla, er det vanlegast å uttala dei plosivt – *b, k og p* (ikkje *v, k og f*).

Bortsett frå gutturalane, kan alle konsonantane bli fordobla, men det er ekstremt sjeldan at ר blir fordobla (berre ca. 17 gonger). Fordobla konsonantar finst som regel ikkje på slutten av ord. Dersom to like konsonantar endar opp i slutten av eit ord, utan ein vokal mellom seg, blir vanlegvis den eine borte og ordet sluttar på enkel konsonant (sjå bl.a. § 24j ע"ע-verb, for eksempel). Fordobling kan også mangle ved konsonantane י, ל, מ, נ, sibilantane og ק når vokalen under er *sjeva* (## 1–6).

1.	וַיְהִי*	וַיְהִי	og så skjedde det
2.	הַלְוִיִּם*	הַלְוִיִּם	levittane
3.	הַמְדַבֵּר*	הַמְדַבֵּר	den talande
4.	וַיִּקְנְאוּ*	וַיִּקְנְאוּ	og så vart dei sjalu
5.	וַיִּשְׁאוּ*	וַיִּשְׁאוּ	og så løfta dei

<sup>30</sup> Fordi suffikset i 1. person pluralis heiter נַנּוּ-, kan dette og liknande ord (som sluttar på נַנּוּ-) gjerne tolkast slik at suffikset viser til 1pl.

6.	מְבַקְשִׁי*	מְבַקְשִׁי	søkjande ...
----	-------------	------------	--------------

Det er ulike grunnar til at konsonantar blir fordobla:

Når to like konsonantar hamnar rett ved sida av kvarandre, utan vokal mellom dei, blir det fordobling. Dette skjer både når eit ord i seg sjølv har to konsonantar på rad (## 7–8), når eit ord med to like konsonantar blir bøygd slik at dei kjem rett etter kvarander (# 9), og når eit suffiks begynner på same konsonanten som ordet sluttar på (## 10–11).

7.		הַיָּה	[merksemdspartikkel]
8.		עַמִּי	folket mitt
9.		חַנּוּנִי	ver meg nådig!
10.	מִמּוֹן + נִי →	מִמּוֹנִי	frå meg
11.	נָתַן + נו →	נָתַנּוּ	vi gir

Når ein konsonant blir heilt assimilert til ein annan konsonant, blir det fordobling (# 12, sjå også pkt. c).

12.	אֲנִתָּה*	אָתָּה	du (m.)
-----	-----------	--------	---------

Fordobling høyrer også med til fleire bøyingsformer, f.eks. den bundne artikkel (# 13), imperfektum consecutivum (# 14) og dei faktitive verbstammene (## 15–17).

13.	הַמֶּלֶךְ	kongen
14.	וַיֹּאמֶר	og så sa han
15.	דִּבֶּר	han talar
16.	מִשְׁלַח	sendt bort
17.	מִתְהַלֵּךְ	gåande fram og tilbake

Utifrå vokalbildet ser det ut til at konsonanten ן i visse ord er virtuelt fordobla (sjå § 13a) utan synleg grunn (spontan fordobling). Dette gjeld bl.a. ordet מְבַקְשִׁי *bror* i fleirtal (# 18), ordet *éin* i eintal (# 19) og preposisjonen אַחֲרַי *etter* (# 20). I alle desse eksempla skulle a-vokalen i første stavinga normalt blitt redusert eller forlengt (sjå § 8b). Kortversjonen av vokalen er mest vanleg i lukka stavingar (§ 8a), noko som ville stemme her dersom ן var fordobla.



18.	אָחִים	brøyr
19.	אֶחָד	éin (msg. cstr.)
20.	אַחֶר	etter

Sjølv om stavingar på bibelhebraisk i utgangspunktet begynner på berre éin konsonant, hender det at første konsonanten i eit ord er fordobla på grunn av eit nært samband til det førre ordet (# 21). Dette heiter eufonisk ('vellydande') fordobling. Ein annan type eufonisk fordobling dukkar opp inni ord for å lage mellomrom mellom stavingar (# 22) og kallast *dagesj dirimens* (lat. "skiljande").

21.	קָלִילָה לִי	det vere langt frå meg!
22.	נִצְרָה	ta vare på henne! (Ordt 4,13)

### § 13 Gutturalane og ׀

Konsonantane א, ה, ׀ og ע kallast for *gutturalar* (eller *laryngalar*), og saman med konsonanten ׀ har dei trekk som skil dei ut frå resten av konsonantane: Dei blir ikkje fordobla (pkt. a), dei føretrekker a-vokalar (pkt. b) og dei føretrekker *hatef*-vokalar (pkt. c).<sup>31</sup>

#### a) Blir ikkje fordobla

Gutturalane og ׀ blir som regel ikkje fordobla og får då ikkje *dagesj*.<sup>32</sup> På slutten av ord kan ה gjerne ha ein prikk i seg, men det er *mappik*, ikkje *dagesj* (sjå § 1g). Der ein elles hadde venta fordobling, skjer heller éin av to ting: (1) Gutturalen (men ikkje ׀) kan bli *virtuelt* (tilsynelatande) fordobla, eller (2) vokalen før gutturalen eller ׀ kan bli forlengt.

#### (1) Virtuelt fordobling

Når ein utskiftbar vokal i ei open staving framfor ein guttural oppfører seg som om den sto i ei lukka staving, heiter det at gutturalen er virtuelt fordobla. I eksempla nedanfor står

<sup>31</sup> Sjølv om כ utan *dagesj* og ׀ blir uttalt likt, er ikkje כ rekna blant gutturalane.

<sup>32</sup> Konsonanten ׀ er fordobla (og har *dagesj*) ca. sytten gonger. Konsonanten ה har det som ser ut som ein *dagesj* éin gong i handskriftet som ligg til grunn for den standard vitskapelege utgåva av bibeltekstane på hebraisk, i 1 Mos 34,28: הַמְרִיָּהֶם. Ifølgje noten i BHS, er det mange handskrifter og trykte utgåver utan ein *dagesj* her, så det er nok ein avskrivarfeil i dette handskriftet.

gutturalar der ein i liknande ord finn fordobla konsonantar. I kvart tilfelle har gutturalen ein vokal etter seg og er derfor starten på ei ny staving, ikkje slutten av førre stavinga. Sjølv om stavinga framfor gutturalen er trykklett og tilsynelatande open, er vokalen likevel kort. Men ifølge § 8b har slike stavingar berre unntaksvis korte vokalar. Dette, saman med dei parallelle formene med fordobling, har ført til at ein seier at gutturalane i slike tilfelle er *virtuelt* fordobla.

Virtuell fordobling er vanlegast med פ (# 1) og ה (# 2) og mindre vanleg med ע (# 3)

og א:

	Fordobling (ikkje guttural)		Virtuell fordobling	
1.	ממול	framfor	מחויץ	utanfor
2.	הסוס	hesten	ההוא	det/den
3.	המצרים	egyptarane	העורים	dei blinde
4.	דבר	han talar	נאץ	han foraktar

## (2) Erstatningsforlenging

Framfor gutturalar og ר som skulle ha vore fordobla, ser ein også ein del lange vokalar. Ein seier då at det har skjedd ei erstatningsforlenging, dvs. ei vokalforlenging som erstatning for den manglande fordoblinga. I slike tilfelle blir vanlegvis *pataḥ* forlenget til *kamets*, *hirek* til *tsere* og *kibbots* til *hålem*. Erstatningsforlenging er mest vanleg med ר (# 5) og א (# 6), mindre vanleg med ע (# 7), ה (# 8) og פ (# 9).

	Fordobling (ikkje guttural)		Erstatningsforlenging	
5.	השנה	året	הרעה	ulykka
6.	דבר	han talar	מאן	han nektar
7.	המצרים	egyptarane	העברים	hebrearane
8.	השר	hovdingen	ההר	fjellet
9.	מקרב	ut frå ...	מחרב	frå sverd

## b) Føretrekker a-vokalar

Både framfor og etter gutturalar finn ein ofte a-vokalar der ein i utgangspunktet skulle vente enten i- eller o-vokalar. Dette heng nok saman med korleis gutturalane blir eller vart uttalt bakarst i munnhøla. Vokalen før (# 1, 3–5) eller etter (# 2, 4) gutturalen blir helst til *pataḥ* (# 2–5), men også *segål* (# 1). Når ein guttural lukkar ei trykk tung staving med ein lang i- eller o-vokal på slutten av eit ord, kan det også skje at ein *pataḥ* "smyg seg inn" mellom vokalen og gutturalen (# 3). Ein slik *pataḥ* kallast for *pataḥ furtivum* – "smygande *pataḥ*" (sjå også § 2b).

I trykte vitskapelege utgåver av bibeltekstane er den plassert under gutturalen og litt til høgre. I andre kjelder kan ein finne den rett under gutturalen. Den uttalast likevel *før* gutturalen til slutt i ordet.

1.	וַיִּמְלֹךְ	og så vart han konge	וַיֵּאָסֶר	og så batt han
2.			וַיִּנְהֶג	og så dreiv han
3.	רוּת	Rut	רוּחַ	pust
4.	וַיִּבֶן	og så bygde han	וַיַּעַשׂ	og så gjorde han
5.	וַיִּשָּׁב	og så tok han til fange	וַיִּרְאֵ	og så såg han

### c) Føretrekker *hatef*-vokalar

Gutturalar kan lukke stavingar inni ord, dvs. dei kan ha *sjeva quiescens* etter seg, men nesten berre i trykkunge stavingar (## 1–2). Viss stavinga er trykklett, blir *sjeva quiescens* som regel bytt ut med ein *hatef*-vokal (## 3–6). Der det skulle stått ein *sjeva mobile* etter ein guttural, står heller ein *hatef*-vokal (## 7–10).

1.		אַנְחָנוּ	vi	
2.		יָדַעְתִּי	eg kjenner	
3.	נִלְחָם	krigande	נִאָמַן	påliteleg
4.	אַרְנֹן	Arnon	אַהֲרֹן	Aron
5.	אַשְׂרֵי	lykke	אַחֲרַי	bak
6.	לְמַרְוֹת	for å trasse	לְעִשׂוֹת	for å gjere
7.	שִׁכֶּם	Sikem	אֲשֶׁר	som
8.	הַיֹּשְׁבִים	innbyggjarane	הַכְּהֹנִים	prestane
9.	לְשַׁלְּחוֹ	for å la han fare	לְנַחֲמוֹ	for å trøyste han
10.	בְּאַסְפְּדָךְ	når du samlar	בְּשִׁמְעֶךָ	når du høyrer

# Orda (etymologi)

## § 14 Ord og orddanning

### a) Rot, radikal

Dei fleste orda på bibelhebraisk kan settast saman i grupper basert på ein felles kjerne på tre bokstavar og eit felles meiningsinnhald. Viss ein tenkjer seg om, ser ein noko liknande på norsk med f.eks. orda *sta – stad – stand – stode – stund – stø – stå*, som har både felles lydelement og betydningsfelt. Nedanfor er tre grupper med ord på bibelhebraisk. Innanfor kvar gruppe ser ein at dei same tre bokstavane går igjen: מלך (## 1–7), הלך (## 8–14) og שמע (## 15–21). I tillegg har alle orda innanfor kvar gruppe noko til felles i betydinga.

1.	מֶלֶךְ	han regjerer	8.	הֵלֵךְ	han går	15.	שָׁמַע	han høyrer
2.	מְלִיךָ	konge	9.	הֵלֵךְ	ferdamann	16.	שָׁמַע	rykte
3.	הַמְּלִיךָ	han innset som konge	10.	הוֹלִיךָ	han fører	17.	הַשְׁמִיעַ	han kunngjer
4.	מְלֻכָּה	dronning	11.	הֵלֵךְ	steg	18.	מִשְׁמָע	det ein høyrer
5.	מְלוּכָה	kongemakt	12.	הֵלִיכָה	ferd	19.	שְׁמוּעָה	rykte
6.	מְלָכוּת	kongemakt	13.	תְּהִלּוּכָה	festtog	20.	הַשְׁמָעוּת	kunngjering
7.	מַמְלָכָה	kongerike	14.	מִהֵלֵךְ	ferd	21.	מִשְׁמַעַת	lydig gruppe

Bokstavkombinasjonen som går igjen i ei slik gruppe, heiter *rota*. Dei enkelte bokstavane i ei rot blir kalla for *radikalar* (eigl. "det som høyrer til rota [lat. *radix*]"), og dei er vanlegvis tre i tal. Norske røter består av ein kombinasjon av både konsonantar og vokalar. Dei kan derfor uttalast og av og til brukast aleine som ord: kong-, gå, høyr-. Røter på bibelhebraisk, derimot, er berre bokstavkombinasjonar utan vokalar: מלך, הלך, שמע. Dei kan ikkje uttalast, men er abstrakte størrelsar som aldri dukkar opp uavhengig av tilleggselementa som brukast for å danna ekte ordformer (sjå pkt. c).

Av praktiske grunnar har det blitt vanleg å omtale dei fleste røter ved hjelp av ei ordform med eit par *a*-lydar mellom radikalane, jf. ## 1, 8 og 15 ovanfor. Når ein altså vil *snakke* om rota מלך, seier ein ikkje "*mem lamed kaff*", men */maláak/*. Dette er ei verbform som heiter *Qal* perfektum 3. person maskulinum singularis. Det er dette som er nemneforma for både røter og verb, i alle fall dei fleste (sjå nedanfor). Til samanlikning er *infinitiv* nemneforma for verb på norsk: å regjere, å gå, å høyre.

Somme røter (og verb i *Qal* perfektum 3msg.) har ein *e*-lyd i den andre stavinga av nemneforma, f.eks. ירא */jaré/* og מלא */malé/*. Nokre få har ein *á*-lyd der: יכל */jakáll/*. Ein kan

ikkje sjå av rota kva slags vokal den har i den andre stavinga, men dei aller fleste har altså ein *a*-lyd der.

Den første radikalen i ei rot er den einaste som alltid er ein konsonant. Det finst altså røter der andre radikal er lesemor, røter der tredje radikal er lesemor og røter der både andre og tredje radikal er lesemødre.

Røter der andre radikal er lesemor, har berre éi staving og dermed berre éin vokal i nemneforma – enten *sjorek* eller *hirek*. Dei med *sjorek* som rotvokal, har ם som andre radikal: שׁוּב (שׁוּב) /*sjov*/, מוּת (מוּת) /*mot*/, קוּם (קוּם) /*kom*/. Røter som har *hirek* som rotvokal, har ך som andre radikal: שׁיּם (שׁיּם) /*sim*/, בּיּן (בּיּן) /*bin*/. Nemneforma til slike røter er ei anna verbform enn den som brukast for dei fleste røtene, nemleg *Qal* infinitiv constructus. *Merk*: Det finst røter med ם eller ך som andre radikal der desse bokstavane *ikkje* er lesemødre, men konsonantar. Det er altså *ikkje* slik at alle røter med ם eller ך som andre radikal har berre éi staving med *sjorek* eller *hirek* som vokal, jf. הִיּה /*hajá*/, צוּה /*tsavá*/, חוּה /*havá*/.

Når ה er siste radikal i rota, er det vanlegvis lesemor, jf. עָשָׂה /*asá*/, רָאָה /*ra'á*/, עָלָה /*alá*/. Viss ei rot har *konsonantisk* ה til slutt, skrivast det med *mappik*: גָּבַהּ /*gaváh*/, מָהָה /*maháh*/, תָּמָה /*tamáh*/.

Når to eller fleire forskjellige ord blir stava likt, heiter dei *homografar*. På norsk er f.eks. *gir* (på bil) – *gir* (presens av *å gi*) og *så* (adverb og konjunksjon) – *så* (legge frø i jorda) homografar. Enkelte røter på bibelhebraisk er også homografar, f.eks. דָּבַר (*Piel*: å snu ryggen til) – דָּבַר (*Piel*: å tale). For å gjere det tydeleg kva for ord som er meint, brukast det gjerne romartal i leksika og ordlister: I דָּבַר *Piel* = å snu ryggen til og II דָּבַר *Piel* = å tale.

## b) Oppdeling av ord – rot, stamme, morfem, bøyning, avleiing

Sjølv om det finst røter på norsk som også fungerer som sjølvstendige ordformer, såkalla *rotord*, er det ganske vanleg at ulike språklege element brukast i tillegg for å danne eller bøye ord. Slike element heiter *morfem*. Rota *rein*, for eksempel, kan gjerne brukast aleine. Men den kan også ha eit morfem festa bakarst som eit *suffiks*: *rein-t*, *rein-e*. Desse er *bøyingsmorfem* fordi dei ikkje endrar betydninga av ordet, berre korleis ordet blir brukt. Tar ein vekk alle bøyingsmorfem frå eit ord, sit ein igjen med det som kallast *ordstamma*. I dette tilfellet er stamma identisk med rota. Ved hjelp av forstavinga *u-*, blir ordet *urein* danna. Prefikset *u-* er eit *avleiingsmorfem* fordi det dannar ei ny stamme, og ikkje berre ei ny bøyning av same stamma. Ordet *u-rein-skap-en* har to *avleiingsmorfem*: *u-* og *-skap*, og eit *bøyingsmorfem*: *-en*.

Bibelhebraisk er også eit språk der *avleiingsmorfem* og *bøyingsmorfem* blir festa direkte på rota. For å forstå ord på bibelhebraisk, må ein derfor kunne skilje mellom *bøyingsmorfem*, *avleiingsmorfem* og rot. Noko som av og til gjer dette vanskeleg, er at ein del røter har radikalar som kan forsvinne når ord blir danna eller bøygd. Dette gjeld dei fleste rotgrupper nemnt i § 24a.

Ordstammer består vanlegvis av ei rot saman med ein kombinasjon av eitt eller to infiks mellom radikalane, pluss eventuelt eit prefiks og/eller suffiks som til saman dannar eit

*avleiingsmorfem*mønster. Det same mønsteret brukast gjerne med fleire røter (sjå §§ 15 og 19). Slike mønster er underlagde dei vanlege lydlovene (jf. §§ 8–13) og kan derfor vise ein viss variasjon alt etter som kva for bokstavar som er brukt i rota og kor trykket i ordet ligg.

Det finst også *klitiske* ord på bibelhebraisk, f.eks. visse partiklar (sjå § 9i) og pronominalformer (§ 33ff). Klitiske ord skrivast som prefiks eller suffiks, men er verken bøyingsmorfem eller avleiingsmorfem. Eit par ordformer som eksempel:

– *verbet דבר (= tale)*, f.eks. i *Piel* imperfektum consecutivum 3. pers. mask. sg. med partikkelen

וַיְדַבֵּר:

-וַיְ- er den klitiske partikkelen -וַיְ- og (verken bøyings- eller avleiingsmorfem) som alltid skrivast som *prefiks*,

-וַיְ- er eit *prefigert* bøyingsmorfem som viser til 3. pers. mask. sg.,

דבר- er *rota* og

-וַיְ- er tre *infiks* (to vokalar og ei konsonantfordobling i midten) som utgjør eit avleiingsmorfemmønster for verbstamma *Piel* (§ 19c).

- *substantivet מִשְׁפָּט (= rett, lov)*, f.eks. i *pluralis* med eit pronomensuffiks til slutt: מִשְׁפָּטֶיךָ

-וַיְ- er eit avleiingsmorfemmønster som består av eit *prefiks* (וַיְ) og eit *infiks* (וַיְ) mellom andre og tredje radikal,

-שפט- er *rota*,

-וַיְ- er eit *suffigert* bøyingsmorfem som viser til fleirtal og

וַיְ- er eit klitisk pronomen (verken bøyings- eller avleiingsmorfem) som skrivast som *suffiks*.

### c) Ordklasser

Følgande ordklasser er nemnt i denne grammatikken:

- verb
- nomen (f.eks. substantiv, adjektiv, pronomen og talord)
- partiklar (f.eks. preposisjonar, konjunksjonar, interjeksjonar og adverb)

Inndelinga er tradisjonell og basert på bøyingsmønster, syntaktisk funksjon og betydning. Det er eit forsøk på å gjere det enklare å studere språket ved å gruppere og systematisere orda. Ein bør likevel vere klar over at grensene mellom klassene er flytande. Det finst, for eksempel, verbformer med karakteristisk nomenbøying og ord som fungerer både som preposisjonar og substantiv. Av desse ordklassene er det berre verb og nomen (bortsett frå pronomen) som er bøyeelege. Partiklar er ubøyeelege.

#### d) Orddanning

Ser ein bort frå importord (ord tatt inn frå andre språk), finst det tre typar ord på bibelhebraisk: primitive ord, avleiingar av røter og avleiingar av andre ord. Primitive ord kan ikkje settast i samanheng med ei rot på tre radikalar. Dei har ofte berre éi staving (open eller lukka) og fungerer vanlegvis som partiklar (## 1–3) eller nomen (## 4–6).

1.	וְ	og, så, eller, men, for
2.	אֶת	[objektsmerket]
3.	מִן	av, frå, på grunn av
4.	בֶּן	son
5.	יוֹם	dag
6.	יָד	hand

Dei fleste orda på bibelhebraisk er avleiingar av røter. Fleire forskjellige avleiingsmorfemmonster er brukt for verb-, nomen- og partikkelstammer (sjå pkt. c). Verbmønstra er dei mest konsekvente og regelmessige. Dette gjer at ein ofte kan vite noko om bruken eller betydninga av eit verb berre ved å kjenne igjen rota og avleiingsmorfemmonsteret. Desse mønstra blir gjennomgåtte i § 19.

Avleiingsmorfemmonstra som ein finn hos nomen, er ikkje like mykje til hjelp som verbmønstra når det gjeld å slå fast betydninga til stamma. Det finst likevel nomenmønster som er brukt konsekvent nok med eit bestemt betydningsfelt til at det kan vere fruktbart å lære dei. Slike mønster er temaet for § 15 (sjå også § 44).

Av partiklane er det berre adverb som til ei viss grad viser eit regelmessig avleiingsmorfemmonster. På norsk kan ein danne adverb f.eks. ved hjelp av avleiingsmorfemet *–vis* (*lagvis*, *stykkevis*). Adjektiv kan også lett brukast adverbialt når dei bøyast i inkjekjønn, f.eks. *god* – *godt*: *Du høyrer godt*. På bibelhebraisk, på same måte som på norsk, blir både substantiv og adjektiv brukt adverbialt, men utan noka spesiell bøyning. Nokre få adverb blir danna ved hjelp av avleiingsmorfemet ׀ָ, bl.a. ## 7–9.

7.	יּוֹמָם	om dagen av יוֹם dag
8.	חֲנּוּם	utan vederlag av חֲנּוּן gunst
9.	רֵיקָה	tomhendt av רֵיק tom

Dersom eit ord ikkje er primitivt eller ei avleiing av ei rot, er det ei avleiing av eit anna ord – enten eit primitivt ord eller ei rotavleiing. Ord som er avleidd av verb, heiter *deverbale* (## 10–11) og ord som er avleidd av nomen (primitive eller ikkje), er *denominative* (## 11–14). Bortsett frå ord avleidd av primitive ord, er det ikkje alltid råd å vite om eit ord er ei avleiing av ei rot eller eit anna ord.

10.	תְּקוּהָ <i>håp, forventning</i> av verbet (?) קוּה <i>Piel: å håpe, å forvente</i>
11.	עֵדוּת <i>vitnesbyrd</i> av verbet עוּד <i>Hiphil: å ta til vitne, å vitne</i> av nomenet עֵד <i>vitne</i> (primitivt)
12.	אָזֵן <i>Hiphil: å lytte</i> av nomenet אָזֵן <i>øyre</i> (primitivt)
13.	רֵאשִׁית <i>første del</i> av nomenet ראש <i>hovud</i> (primitivt)
14.	קִדְמוֹנִי <i>austleg, tidlegare</i> av nomenet קִדְמָה <i>det som er framfor, aust</i> av verbet/rota קָדַם <i>Piel: å vere føre, framfor</i>

Samansette ord er ganske vanlege på norsk, med eller utan samansetningselement (vanlegvis *-s-* eller *-e-*), f.eks. *frelse-s-gjerning, rett-leie, i-mot*. På bibelhebraisk brukast samansetning nesten berre for eigennamn (## 15–17) og preposisjonar (## 18–20), og berre sjeldan i fellesnamn (# 21). Samansette eigennamn er ofte vanskelege å løyse opp og tyde. Om bruken av samansette preposisjonar, sjå § 53.

15.	יִשְׂרָאֵל	יִשְׂרָאֵל (ה) + אֵל	Israel (Gud strider)
16.	יְהוֹשׁוּעַ	יְהוָה + שׁוּעַ	Josva (HERREN er hjelp)
17.	בְּנִימִן	בֶּן (בֵּן) + יִמִּין	Benjamin (son/mann av høgre hand / sør)
18.	מֵעַל	מִן + עַל	frå + over
19.	מֵאֵת	מִן + אֵת	frå + hos
20.	לְמִן	לְ + מִן	for + frå
21.	בְּלֵיעַל	בְּלֵי + יַעַל?	utan nytte, vond

## § 15 Nomenmønster

Det finst ein del ord som sluttar på *-dom* på norsk: *herleg-dom, vis-dom, rik-dom*. I tillegg til å dele same avleiingsmorfem (suffikset *-dom*), høyrer slike ord til same ordklasse (substantiv) og har ofte ein felles betydningskomponent (noko med ein eigenskap eller tilstand å gjere). Det same kan ein seie om ein del andre avleiingsmorfem for både substantiv (*-eri, -(n)ing, -isme*) og adjektiv (*-bar, -leg, -(i)sk*). Bruken av slike morfem kan vere så konsekvent at ein ofte kan ha ein idé om kva eit nytt ord betyr, berre ved å kjenne til rota og avleiingsmorfemet: *syklisme* og *hovudstadsk*, f.eks. Den største forskjellen mellom norsk og bibelhebraisk her er at det enkle avleiingsmorfemet på norsk er bytt ut med eit mangfaldig avleiingsmorfemmonster på hebraisk (sjå § 14b).

Nomenstammer på bibelhebraisk (både substantiv og adjektiv) blir på same måte som



på norsk danna av røter ved hjelp av ulike affiks. Eit affiks er eit lydelement som leggst til eit ord. Her er det snakk om i det minste eitt infiks (ein vokal eller to plassert mellom rotkonsonantane og eventuelt ei fordobling av éin av rotkonsonantane), pluss eventuelt eit prefiks (forstaving) og/eller suffiks (ending). Ordet **מְקוֹם** *stad*, f.eks., er avleidd av rota **קוּם** ved hjelp av infikset **־** (*hålem*) kombinert med prefikset **מְ-**. Den enkelte affikskombinasjonen dannar eit slags mønster som gjerne brukast på fleire røter. Mønsteret frå **מְקוֹם** finn vi igjen i **מְרוֹם** *høg stad*, **מְעוֹז** *tilfluktsstad*, og **מְבוֹא** *inngang*. Nomen som deler same mønster, kan også ha felles betydningselement, slik som eksempla her som alle har med "ein stad" å gjere. Dersom ein kjenner til betydningskomponenten for mønsteret og grunnbetydninga av rota, kan ein få ei peiling på kva nomenet betyr. Det kan derfor vere nyttig å bli kjent med dei vanlegaste nomenmønster, i tillegg til dei vanlegaste røtene, for å opparbeide eit basis ordforråd på bibelhebraisk.

Obs! Mønstra nedanfor brukast gjerne med fleire typar ord og betydningselement enn dei som blir nemnt her.

#### a) Mønster med berre vokalinfixs

Ein del *adjektiv* (## 1–3) har vokalmønsteret **קִטֵּל**,<sup>33</sup> men også somme substantiv, særleg *kroppsdelar* (## 4–5).

1.	<b>זָקֵן</b>	gammal	av <b>זָקַן</b>	å vere/bli gammal
2.	<b>טָמֵא</b>	urein	av <b>טָמַא</b>	å bli (kultisk) urein
3.	<b>מָלֵא</b>	full	av <b>מָלֵא</b>	å vere full
4.	<b>כַּתֵּף</b>	skulder(blad), overarm (med brystet)	(primitivt)	
5.	<b>יָרֵךְ</b>	(øvre) lår	av <b>יָרַךְ</b>	???

Vokalmønsteret **קִטֵּל** er henta frå éi av partisippformene i *Qal* (§ 22c) og brukast vanlegvis med ulike *yrkestitlar* eller om ein som har ei bestemt verbhandling som kjenneteikn (## 6–8).

6.	<b>בָּהֵן</b>	offerprest	av ???	
7.	<b>אֵיב</b>	fiende	av <b>אֵיב</b>	å vere fiendtleg mot
8.	<b>סָפַר</b>	skrivar	av <b>סָפַר</b>	å telje

<sup>33</sup> Her blir rota **קִטֵּל** brukt som "skjelett" for dei ulike affiksmønstra.

Eit anna vanleg *adjektivmønster* er קטיל (## 9–12), som også brukast med substantiv om "yrke" (## 13–15) og *jordbrukshandlingar* (# 16).

9.	עָנִי	hjelpelaus	av II ענה	å lide vondt, vere nedbøygd, bli audmjuka
10.	נָקִי	rein	av נקה	<i>Niphal</i> : å vere (skyld)fri
11.	תָּמִים	utan feil, ulasteleg	av תמם	å vere/bli fullført
12.	שָׁעִיר	hårete	av שער	å ha/få bust/stivt hår, grøsse
13.	נְבִיא	profet	av ???	
14.	נָשִׂיא	hovding	av נשא	å bere, løfte
15.	מְשִׁיחַ	salva	av משח	å smørje
16.	קָצִיר	kornhaust	av קצר	å hauste

קט(ו)ל-mønsteret brukast med *adjektiv* (## 17–19).

17.	גָּדוֹל	stor	av גדל	å vekse, vere/bli stor, sterk
18.	קָדוֹשׁ	heilag	av קדש	å vere heilag
19.	טָהוֹר	rein	av טהר	å vere rein

### b) Mønster med fordobling av andre radikal

Mønsteret קטיל er det mest vanlege av fleire nomenmønster med fordobling av andre radikal. Det brukast for å danne *adjektiv* (## 1–3).

1.	צַדִּיק	rettferdig	av צדק	å ha/vere rett, vere rettferdig
2.	אַדִּיר	mektig	av אדר	å vere mektig?
3.	אַבִּיר	sterk	av אבר	å vere sterk?

### c) Mønster med prefiks

Svært mange substantiv er danna ved hjelp av ein prefigert -ג.<sup>34</sup> Lista nedanfor kunne

<sup>34</sup> Vokalen i prefikset er ofte ein utskiftbar *a*- eller *i*-vokal. I lukka, trykklette stavingar kan ein slik *a*-vokal bli til *hirek* (§ 10b). Det er derfor vanskeleg å vite om *hirek* i ## 2–3 og 6–7 er opphavleg eller ikkje. I opne, trykklette stavingar blir ein utskiftbar *a*-vokal gjerne forlengt til *kamets* (## 1 og 4, jf. § 8b). Vokalen som er sett inn i rota, er ofte ein *a*-vokal (## 1–2, 6–7), men *i*-vokalar brukast også (## 3–4), og i visse tilfelle er det ikkje mogleg å vite om ein *a*- eller *i*-vokal er brukt (## 5 og 8).

ha vore mykje lengre. Eitt eksempel nedanfor har også f<sub>1</sub>-endinga הַ- (# 7, sjå § 28). Dette mønsteret brukast for både *stader* (## 1–2[3?]), *reiskap* (## [3?]4–5) og *substantiv med abstrakt betydning* (## 6–8).

1.	מְקוֹם	stad	av קוּם	å stå, reise seg
2.	מִדְבָּר	ørken	av I דָּבַר	å snu ryggen til
3.	מִזְבֵּחַ	alter	av זָבַח	å ofre
4.	מָגֵן	skjold	av גָּנַן	å lukke inn, verne
5.	מָטֵה	stav, stamme	av נָטָה	å rekke ut
6.	מִשְׁפָּט	rett, dom, lov	av שָׁפַט	å skipe rett, dømme
7.	מִלְחָמָה	strid, krig	av לָחַם	<i>Niphal</i> : å stride, krige
8.	מַעֲשֵׂה	gjerning	av עָשָׂה	å gjere, lage

*Verbalsubstantiv*, dvs. substantiv som nemner ei verbhandling eller -tilstand, blir ofte danna ved hjelp av prefikset -ת. Dei fleste slike substantiv har ei f-ending (sjå § 28), f.eks. הַ-. Om prefikset har ein vokal og kva for vokal det i så fall er, varierer.

9.	תּוֹרָה	Rettleiing	av III יָרָה	<i>Hiphil</i> : å rettleie
10.	תְּפִלָּה	bønn	av פָּלַל	<i>Hithpael</i> : å be
11.	תְּרוּמָה	bidrag, offer	av רוּם?	<i>Hiphil</i> : å ta og ofre
12.	תְּהִלָּה	lovprising	av II הִלֵּל	<i>Piel</i> : å lovprise

#### d) Mønster med suffiks

Det mest vanlege avleiingssuffikset på bibelhebraisk er -וֹן. Her finn ein bl.a. *adjektiv* (## 1–3), *abstrakte substantiv* (## 4–6) og *diminutiv* ("minskingsord," # 7). I tillegg til שמְרוֹן (# 5), brukast dette suffikset på fleire andre *stadnamn*, bl.a.: צִיּוֹן *Sion*, לְבָנוֹן *Libanon* og חֶבְרוֹן *Hebron*.

1.	רִאשׁוֹן	først	av ראש	hovud
2.	אֲבִיּוֹן	fattig	av אָבָה?	å vilje (noko)
3.	עֲלִיּוֹן	øvre, om Gud: Den høgste	av עלה	å stige oppover

4.	עוֹן	synd, straff, skuld	av עוה	å gjere galt
5.	שְׁמֶרוֹן	("vakt"?), fjell- og bynamn: Samaria	av שמר?	å vakte
6.	רְצוֹן	glede, hugnad, gunst	av I רצה	å ha glede i
7.	עֲמוֹן	("vesle onkel"), personnamn: Ammon	av עם	farbror, slekt, folk

Suffikset יֵ- dannar *adjektiv* av talord (## 8–10, sjå også § 51), namn på folk/land (## 11–13) og substantiv (## 14–15).

8.	שְׁנַי	andre	av שְׁנַיִם	to
9.	שְׁלִישִׁי	tredje	av שְׁלֹשׁ	tre
10.	שְׁבִיעִי	sjuande	av שֶׁבַע	sju
11.	פְּלִשְׁתִּי	som gjeld Filistarland, ein filistar	av פְּלִשְׁתַּיִם	Filistarland
12.	יְהוּדִי	judeisk, judear	av יְהוּדָה	Juda
13.	כְּנַעֲנִי	kanaaneisk, kanaanear	av כְּנַעַן	Kanaan
14.	נֹכְרִי	fremmend	av נֹכַר*	fremmendskap
15.	יְמִינִי	høgre	av יָמִין	høgre hand/side

Suffiksa וֹת- og יֵ- var opphavleg berre f<sub>2</sub>-endinga ת- bak ord som slutta på ו- og יֵ-. Seinare vart desse suffiksa brukte til å danna *abstrakte (verbal-)substantiv* av andre ordformer (## 16–19).

16.	מְלָכוֹת	kongemakt	av מֶלֶךְ	konge
17.	עֵדוּת	vitnesbyrd	av עוּד	<i>Hiphil: å ta til vitne, å vitne</i>
18.	שְׂאֵרִית	rest	av שָׂאֵר	å vere igjen
19.	אַחֲרֵית	ende, slutt	av אַחַר	å vere bak

Sjå elles § 44a om f-endingane som orddanningselement.

# Bøyingslære (morfologi)

Første delen av denne grammatikken («Rettskriving og lydlære [ortografi og fonologi]») handlar bl.a. om endringar som skjer med ord som resultat av den lydlege konteksten dei er ein del av (§§ 4–13). Denne neste delen («Bøyingslære [morfologi]») handlar derimot om dei ulike formene ord kan ha, avhengig av korleis språkbrukaren vil bruke orda i teksten. Dei ulike variantane av dei klitiske preposisjonane -ִּ, -ִּֿ og -ִּֿֿ (§ 9), f.eks., heng saman med lydbildet til orda dei fester seg til. Dei er altså ikkje avhengig av betydningsnyansane til preposisjonane som språkbrukarane vil uttrykke gjennom dei. Om preposisjonen -ִּ skrivast med *sjeva* eller *hirek*, kan den likevel formidle heile rekka av nyansane ein finn i § 53d. I det følgjande handlar det derimot om endringar som det kan knytast betydning eller grammatisk funksjon til.

## Verbbøying, § 16–25

### § 16 Oversikt

Eit verb på bibelhebraisk er som regel bøygd i:

- a) ei *verbstamme*:<sup>35</sup> *Qal, Niphal, Piel, Pual, Hithpael, Hiphil, Hophal*, pluss nokre få andre (sjå § 17a),
- b) ein *konjugasjon*:
  - enten *finitt* (bøygd i person, kjønn og tal): perfektum, imperfektum, perfektum consecutivum, imperfektum consecutivum, jussiv, imperativ, kohortativ,
  - eller *infinit* (ubøygd eller bøygd som nomen [§ 26ff]): infinitiv constructus, infinitiv absolutus, partisipp (sjå § 22),
- c) og *person, kjønn* og *tal* (berre finitte konjugasjonar): 3. og 2. person hankjønn (*maskulinum*) og hokjønn (*femininum*), eintal (*singularis*) og fleirtal (*pluralis*), og 1. person eintal og fleirtal (verb i 1. person blir ikkje bøygd i kjønn).

Når det gjeld *bruken* av dei fire hovudkonjugasjonane (perfektum, imperfektum, perfektum consecutivum og imperfektum consecutivum), er dei fleste einige om at valet mellom dei ikkje går primært på *tidspunktet* for verbsituasjonen. Det ser heller ut til at aspekt og modalitet er viktigare kategoriar (sjå § 39). Det viktigaste å få med seg i første omgang er at bibelhebraisk perfektum og imperfektum *ikkje* er det same som norsk perfektum og imperfektum (det siste heiter vanlegvis *preteritum* i dag).

<sup>35</sup> I andre framstillingar på norsk kan desse heite *konjugasjonar*.

## § 17 Verbstamme, kausativitet og diatese

### a) Verbstamme

I § 14b er ordet *stamme* brukt om ei ordform utan bøyingsmorfem. Det er altså stamma som vanlegvis står som oppslagsform i ordboka, og som blir bøygd. Når det gjeld nomen, kan ein gruppere stammene etter affiksmønstra dei har (prefiks – infiks – suffiks) og finne likskapar mellom stammene innanfor gruppene når det gjeld grammatisk funksjon eller betydning (§ 15).

Verb skil seg frå nomen bl.a. på den måten at det er *rota* som brukast som oppslagsform. I tillegg er affiksmønstra for verb såpass avgrensa i tal og konsekvente i funksjon/betydning, at det lønner seg å sjå på dei som *bøyingar* heller enn *avleiingar*. Dei ulike affiksmønstra for verb blir kalla for *verbstammer*.

Ordet *stamme* får dermed to forskjellige nyansar i denne grammatikken: Ei nomenstamme er ei ubøygd form av eit nomen og brukast som oppslags- og nemneform. Ei verbstamme er ein bøyingskategori for verb og er kjenneteikna av eit konsonant- og vokalmønster.

Konsonant- og vokalmønstra til verbstammene er eitt av tema for denne delen av grammatikken («Bøyingslære [Morfologi]»), mens den *grammatisk-semantiske funksjonen* til verbstammene blir grundig gjennomgått under «Setningslære» (syntaks) (§ 38). Her må det likevel nemnast litt om kategoriane som i stor grad styrer val av verbstamme: *kausativitet* og *diatese*.

### b) Kausativitet

Kausativitet (frå lat. *causa* "årsak", jf. eng. *cause*) er namnet på eigenskapen hos verb der den handlande *forårsakar* at den som er handla på, utfører ei handling eller kjem inn i ein tilstand. Verbet *føre*, f.eks., er avleidd av *fare* og brukast når subjektet forårsakar at objektet utfører handlinga *å fare*. Verbet *tømme* (frå *tom*), på den andre sida, brukast når subjektet forårsakar at objektet kjem inn i ein *tom* tilstand. Andre eksempel er *felle* (frå *falle*) og *fylle* (frå *full*).

Når ein vil spesifisere at det er ein *tilstand* som blir forårsaka, heiter det at verbet er *faktivt*. Når det er ein som forårsakar ei *handling*, kallast verbet *kausativt* (sjå § 38).

Til trass for dei ovannemnde og andre liknande verbpar, er det ikkje grunnlag for å seie at norske verb blir *bøygd* i kausativitet. Ein kan altså ikkje ta eit kva som helst verb (*kalle*) og lage ei kausativ form av det (\**kelle* = *få til å kalle*).

### c) Diatese

På norsk handlar diatese (gr. 'oppstilling, tilstand') om forholdet mellom subjektet og verbsituasjonen. *Aktive* former av verb blir brukt når subjektet er den som utfører handlinga, mens *passive* former brukast når subjektet er ramma av, sansa av eller er produktet av handlinga. Eit tredje alternativ, *medium*, er ein mellomting mellom aktiv og passiv og rommar ulike situasjonar, deriblant den der subjektet utfører verbhandlinga på seg sjølv: *refleksiv*. Norske verb med aktiv diatese har inga spesiell bøyning, dvs. dei er ikkje markert, eit såkalla nullmorfem. Men ein del passive og medium verb blir bøygd med *-st* (bm. *-s*) til slutt: *førast* (= *bli ført*), *samlast* (= *bli samla / samle seg*), *synast* (= *bli synt / syne seg*). Det er likevel færre verb som (framleis) kan ha ei slik bøyingsending utanfor infinitiv: \**har førtst*, \**Dei samlast i*

går."

Mens diatese berre delvis er ein del av det norske bøyingsystemet og kausativitet ikkje er det i det heile, er begge to totalt innlemma i bøyinga av bibelhebraiske verb. Forma eit verb har på bibelhebraisk, fortel i utgangspunktet om verbet er aktivt, passivt eller medium, og kva slags kausativitet verbet uttrykker: ingen, faktitiv eller kausativ.

Den mest vanlege verbstamma, *Qal*, og dens passiv/medium motpart, *Niphal*, viser ingen kausativitet og kallast derfor for *ikkje-kausative* verbstammer. Sjølv om *Piel* er brukt med fleire nyansar enn den faktitive (§ 38c) og *Hiphil* ikkje er avgrensa til ein kausativ nyanse (§ 38f), blir *faktitiv* brukt i § 23 om *Piel* og dets passive og refleksive variantar, og *kausativ* om *Hiphil* og dets passive variant.

## § 18 Subjektsaffiksa

Eit verb bøygd i ein av dei finitte konjugasjonane har vanlegvis eit prefiks og/eller suffiks som viser person, kjønn og tal for subjektet. Fordi verbet kan ha eit suffiks i tillegg som viser til objektet, bruker vi ordet *subjektsaffiks* om affiks som viser til subjektet. Eit slik affiks som blir festa føre verbet, heiter eit subjektsprefiks og eit som kjem bak på verbet, heiter eit subjektssuffiks. Det kan, som sagt, komme endå eit suffiks bak eit subjektssuffiks, eit såkalla pronomensuffiks (sjå § 34).

Sjølv om dei fleste subjektsaffiksa har sitt opphav i dei personlege pronomena (§ 52), har dei fått ulik utforming på verb i perfektum og verb i imperfektum. (Dei andre finitte konjugasjonane bruker i utgangspunktet dei same subjektsaffiksa som verb i imperfektum.) Ein annan forskjell mellom perfektum og imperfektum er at mens perfektum berre bruker subjektssuffiks, så bruker imperfektum både subjektsprefiks og subjektssuffiks. Derfor kallar somme perfektum for *suffikskonjugasjonen* og imperfektum for *prefikskonjugasjonen*, eller bruker berre formene i 3msg. som namn: *qatal* og *yiqtol*.

HUGSEREGEL: Ordet *imperfektum* har eit prefiks (*im-*) og verb i imperfektum har eit prefiks. Ordet *perfektum* har ikkje noko prefiks, og det har heller ikkje verb i perfektum.

Subjektsaffiksa er dei same for alle verbstammene i både regelmessige og uregelmessige former. Pronomena er med for å vise samanhengen mellom dei og affiksa.

### a) Subjektssuffiks i *perfektum*

Tal / person / kjønn	Personlege pronomen i GT	Subjektssuffiksa i GT	<i>Qal</i> perfektum
Singularis			
3. m.	הוא	–	קָטַל
3. f.	היא/הוא	הִיא-	קָטְלָהּ
2. m.	אתָּה	אַתָּה-	קָטַלְתָּ
2. f.	אתְּ	אַתְּ-	קָטַלְתְּ
1.	אֲנִי/אָנִי	אֲנִי-	קָטַלְתִּי
Pluralis			
3. m.	הֵמָּה/הֵם	–וּ	קָטְלוּ
3. f.	הֵנָּה	–וּ	קָטְלוּ
2. m.	אתֶּם	אַתֶּם-	קָטַלְתֶּם
2. f.	אתֶּנָּה	אַתֶּנּוּ-	קָטַלְתֶּנּוּ
1.	אַנְחֵנוּ(אֲנֵנוּ)	–נוּ	קָטַלְנוּ

#### MERKNADER

(1) Det opphavlege suffikset i 3. pers. mask. sg. (-a) har i likskap med ein del andre utlydande vokalar og konsonantar falle bort, men er bevart framfor pronomensuffiks: שָׁלַחְנִי (sjå § 34).

(2) I 2. pers. mask. sg., 1. pers. sg. og 1. pers. pl. er suffikset trykklett sjølv når det er siste stavinga i ordet. Trykket i eksempelordet i siste kolonnen er markert med aksenteiknet *zakef* – אֲ. Dei andre suffiksa med vokal (3. pers. fem. sg., 3. pers. pl. og 2. pers. mask./fem. pl.) er trykktunge.

(3) *Dagesj* i אֲ (2. pers. sg./pl. og 1. pers. sg.) er *dagesj lene*, ikkje *dagesj forte*. Dette kan ein sjå av perfektumformene i den siste kolonnen (ingen full vokal framfor אֲ, jf. § 1c). Det er altså ikkje fordobling i nokon av desse suffiksa. *Dagesj* er tatt med i dei "nakne" suffikseksempla i den femte kolonnen fordi det ikkje pleier å komme ein full vokal framfor desse suffiksa. Unntaka er uregelmessige verb, f.eks. עָשִׂיתָ (sjå § 24).

### b) Subjektsaffiks i *imperfektum*

NB! Subjektsprefikset i imperfektum er berre ein enkel konsonant: י, ת, אֲ eller אֱ. Vokalane i dei første stavingane i den siste kolonnen høyrer til stammemønsteret for *Qal* (sjå § 19a).



Tal / person / kjønn	Personlege pronomen i GT	Subjektsaffiksa i GT (paragogisk ן i parentes)	Qal imperfektum
Singularis			
3. m.	הוא	יֹוֹ	יִקְטֹל
3. f.	היא/הוא	תֹּוֹ	תִּקְטֹל
2. m.	אתָּ	תֹּוֹ	תִּקְטֹל
2. f.	אתְּ	(י)תֹּוֹי	(י)תִּקְטֹלִי
1.	אֲנִי/אָנִי	אֹוֹ	אִקְטֹל
Pluralis			
3. m.	הֵם/הֵנָּה	(י)וֹוֹי	(י)יִקְטֹלוּ
3. f.	הֵנָּה	תֹּוֹנָּה	תִּקְטֹלְנָה
2. m.	אתֶּם	(י)וֹוֹתֶּם	(י)תִּקְטֹלוּ
2. f.	אתֶּנָּה	תֹּוֹנָּה	תִּקְטֹלְנָה
1.	נַחֲנוּ(אֲנֵינוּ)	נֹוֹנָּנוּ	נִקְטֹלוּ

#### MERKNADER

(1) Subjektsprefikset for både *3. pers. fem. sg.* og *2. pers. mask. sg.* er ת. Samanhengen gjer det som oftast klart kven/kva som er subjektet. At *3. pers. fem. sg.* (og *pl.*) har ת som prefiks, kan henge saman med endinga i f-mønstra for nomen (§ 28).

(2) I *2. pers. fem. sg.*, *3. pers. mask. pl.* og *2. pers. mask. pl.* kan subjektsuffikset skrivast med ן til slutt. Det heiter *paragogisk* ('forlengande') ן og finst nokre få gonger i *2. pers. fem. sg.*, *2. pers. mask. pl.* og i jussiv (sjå § 21a). I *3. pers. mask. pl.* blir det brukt i om lag fire prosent av moglege tilfelle (sjå elles § 37).

(3) I *3. pers. fem. pl.* og *2. pers. fem. pl.* har det også skjedd samanfall av former. Her må samanhengen avgjere analysen. Verb i *imperfektum 2. pers. fem. pl.* er likevel svært sjeldne.

## § 19 Stammemønstra

Verbstammene er kjenneteikna av forskjellige vokal- og konsonantmønster, derav den hebraiske nemninga בְּנֵינִין "strukturar".<sup>36</sup> Desse mønstra er underlagde lydlovene i §§ 8–13, pluss fleire. I det følgande er opphavlege former nemnt som hjelp til å sjå samanhengen i systemet, særleg når det gjeld "uregelmessige" verb.

<sup>36</sup> I andre framstillingar brukast ordet *konjugasjon* om det same.

Den mest vanlege verbstamma heiter *Qal* (קל), med ca. 63 prosent av verbførekomstane. Ordet קל betyr *lett*, og stamma har fått dette namnet fordi formene er kjenneteikna av vokalinfixs aleine, utan dei ekstra konsonantane som gjer dei andre stammene, som blir kalla *kebedim* (כַּבְּדִים *tunge*), "tunge".

*Kebedim*-stammene (*Niphal*, *Piel*, *Pual*, *Hithpael*, *Hiphil* og *Hophal*) har fått namna sine frå perfektumformene av rota פִּעַל i 3msg. i dei forskjellige verbstammene. Namnet *Niphal*, f.eks., er eigentleg verbforma נִפְעַל, som er perfektum 3msg. av rota פִּעַל i verbstamma som vi kallar for *Niphal*. Namnet *Piel* er verbforma פִּעֵל, som er perfektum 3msg. av rota פִּעַל i verbstamma som vi kallar for *Piel*. Namna på *kebedim*-stammene kan derfor hjelpe oss å hugse konsonant- og vokalmønstra i perfektum.

Alle vokalane som blir brukt som stammeaffiks, er i utgangspunktet utskiftbare. Det betyr at dei kan bli kortare eller lengre, avhengig av kor den trykkunge stavinga er.

Det finst nesten ingen røter som er brukt i alle stammene. Det gjeld også mønsterverbet קטל. Definisjonane av denne rota i dei ulike verbstammene nedanfor er derfor ikkje alltid "ekte", men er meint som hjelp til å lære bruken av stammene.

#### a) *Qal*

*Qal*-stamma har eit hovudmønster for perfektumformene med eit tilsvarande hovudmønster for imperfektum. I tillegg kjem sekundære mønster i både perfektum og imperfektum. Det er ein tendens til at handlingsverb (fientive verb), der subjektet rører på seg eller endrar tilstand, bruker hovudmønsteret, og tilstandsverb (stative verb), som skildrar ein tilstand eller eigenskap hos subjektet, bruker dei sekundære mønstra. Men dette er ikkje gjennomført. Det er berre i *Qal* at det finst fleire mønster innanfor perfektum og imperfektum.

Hovudmønsteret for *Qal* perfektum, utan subjektssuffiks, er ִִִּ. I *Qal* imperfektum er hovudmønsteret ִִִִִּ. Med subjektsaffiks, får ein paradigmet vist i § 23a.

#### MERKNADER TIL FORMENE

(1) Lengdene på stammevokalane stemmer stort sett overeins med lydlovene i § 8. Unntaka er *perfektum 3. pers. fem. sg.* og *3. pers. mask. og fem. pl.*

(2) I *perfektum 3. pers. fem. sg.* og *3. pers. mask. og fem. pl.* skulle ein etter lydlovene i § 8 vente ein redusert vokal i den første stavinga (open, trykklett staving) og ein lang vokal i den andre stavinga (open, trykklett og pretonisk staving): קטלִּ.\* Den lange vokalen i den første stavinga er kanskje blitt verande fordi dei fleste andre former har den.

(3) I *imperfektum* var *hirek* i prefiksstavinga nok opphavleg ein kort a-vokal: קטלִּ.\* Slike vokalar blir ofte til *hirek* i lukka, trykklette stavingar (sjå § 10b). I fleire uregelmessige verb har a-vokalen i denne stavinga blitt verande, f.eks. i קוּם *han reiser seg* (sjå elles § 24).

(4) I *imperfektum 1. sg.* er vokalen i prefiksstavinga *segål* i staden for *hirek*, enten på grunn av gutturalen (⌘) brukt som subjektsprefiks (jf. § 13b) eller for å unngå ein uttale for lik קטלִּ i *3. pers. mask. sg.*



gutturalen brukt som subjektsprefiks (jf. § 13b) eller for å unngå ein uttale for lik יקטל i 3. pers. mask. sg.

(3) I imperfektum 3. og 2. pers. fem. pl. blir i-vokalen i tredje staving til *pataḥ* etter Philippris lov (§ 10a).

### c) Piel

*Piel* er den aktive, faktitive verbstamma (sjå § 17). Den andre radikal i rota er i utgangspunktet fordobla i alle former i *Piel* (sjå § 12d om fordobling). Somme bruker derfor namnet *D-stamma*, der *D* står for *dobbel*, om *Piel*. Ved hjelp av vokalane i namnet *Piel* (פִּעַל) får vi følgande mønster i perfektum: פִּעַל.

I imperfektum har vokalen i prefiksstavinga blitt redusert til *sjeva*. Etter første radikal kjem det ein a-vokal, og etter den fordobla andre radikal kjem det ein i-vokal slik som perfektum: פִּעַל.

Paradigmet er i § 23b.

#### MERKNADER

(1) I *perfektum* hadde både første og andre stavinga opphavleg a-vokalar: קטל.\* Den andre a-vokalen vart tidleg til ein i-vokal, kanskje på grunn av i-vokalen i imperfektum. Den første a-vokalen vart seinare til ein i-vokal, slik som mange andre a-vokalar i lukka, trykklette stavingar (jf. § 10b).

(2) I former av *perfektum* 3. pers. mask. sg. der verbet sluttar på konsonant, er det fleire tilfelle med *pataḥ* i den andre stavinga enn *tsere*. Dette er enten eit eksempel på Philippris lov (§ 10a) eller eit resultat av at dei andre formene med *pataḥ* i 2. og 1. pers. har påverka forma her i 3. pers. mask. sg. Verbet med flest førekomstar i *Piel* *perfektum* 3. pers. mask. sg. har *segal* i den andre stavinga i dei aller fleste tilfella: דָּבַר *han taler*.

(3) I *perfektum*former der subjektssuffikset begynner på konsonant, har i-vokalen i den andre stavinga blitt til ein a-vokal igjen, nok eit eksempel på Philippris lov (sjå § 10a). I 2. pers. mask. og fem. pl. er denne a-vokalen i ei trykklett staving, noko som ikkje stemmer heilt med Philippris lov. Det kan derfor vere at den opphavlege a-vokalen har blitt ståande i desse formene eller at dei andre formene har påverka vokaliseringa her.

### d) Pual

Det passive motsvaret til *Piel* er *Pual*, den passive, faktitive verbstamma (sjå § 17). Her er også den andre radikalen i rota fordobla i alle regelmessige former (sjå § 12d om fordobling). Det er vokalmønsteret som skil *Pual* frå *Piel*. I likskap med den andre reint passive verbstamma *Hophal*, har også *Pual* ein a-vokal i siste stavinga. Men det som gjer tydelegast forskjell frå *Piel*, som også kan ha ein a-vokal i den andre stavinga, er den runda vokalen i første stavinga. Dette gir i utgangspunktet følgande mønsteret i perfektum (jf. namnet *Pual* פִּעַל): פִּעַל.

Imperfektum *Pual* har same mønsteret som perfektum, med ei prefiksstaving med *sjeva* i tillegg: פִּעַל.

Sjå § 23b for paradigmet.

### e) Hithpael

I tillegg til passiv *Pual* har aktiv *Piel* også ein medium variant som heiter *Hithpael*. Alle tre faktitive verbstammer har fordobling av andre radikal som kjenneteikn. *Hithpael* har i tillegg eit prefiks: -הִתְ. Med vokalane i namnet *Hithpael* (הִתְפִּעַל) får vi følgande mønster i perfektum: פִּעַל־הִתְ.

*Hithpael* har same vokalmønster i både perfektum og imperfektum. Når subjektsprefiks blir lagde på, forsvinn ה i -תהּ og ein endar opp med dette mønsteret:

תְּ־וְ־

#### MERKNADER

(1) I *perfektum 2. pers. sg., 1. pers. sg. og pl. og imperfektum 3. og 2. pers. fem. pl.* har i-vokalen i den tredje stavinga gått over til *pataḥ* (Philippis lov, § 10a). I *2. pers. mask. og fem. pl.* er denne stavinga trykklett og oppfyller dermed ikkje kriteria for Philippis lov. Vokalen har likevel blitt *pataḥ*, påverka kanskje av dei andre formene i perfektum.

(2) I *imperfektum 1. sg.* er vokalen i prefiksstavinga *segål* i staden for *hirek*, enten på grunn av gutturalen brukt som subjektsprefiks (jf. § 13b) eller for å unngå ein uttale for lik תְּ־וְ־ i *3. pers. mask. sg.*

#### f) Hiphil

*Hiphil* er den aktive, kausative verbstamma (sjå § 17). I perfektum begynner alle formene på ה, ein kan derfor finne *Hiphil* omtalt som *H-stamma*. Det andre viktige kjenneteiknet i *Hiphil* er ein lang i-vokal i den andre stavinga. Mønsteret i perfektum ser i utgangspunktet slik ut (jf. namnet *Hiphil* הִפְעִיל): וְ־יְ־וְ־הּ.

I imperfektum har ה i *Hiphil* falle bort etter subjektsprefikset slik som i *Hithpael*. Den andre forskjellen mellom perfektum og imperfektum *Hiphil* er at a-vokalen i prefikset ikkje har blitt svekt til *hirek* i imperfektum: וְ־יְ־וְ־וְ־.

Paradigmet er i § 23c.

#### MERKNADER

(1) I *perfektum* hadde både første og andre stavinga opphavleg a-vokalar: הִקְטַל.\* Den andre a-vokalen vart tidleg til ein i-vokal, kanskje på grunn av i-vokalen i imperfektum. Den første a-vokalen vart seinare til ein i-vokal, slik som mange andre a-vokalar i lukka, trykklette stavingar (jf. § 10b). Denne opphavlege a-vokalen forklarar forma på uregelmessige verb som הוֹלִיד *han blir far til NN* (sjå § 24e).

(2) I *perfektum 2. pers. sg. og 1. pers. sg. og pl.* har den sekundære (sjå førre punkt) i-vokalen i den andre stavinga gått over til *pataḥ* (Philippis lov, § 10a). I *2. pers. mask. og fem. pl.* er denne stavinga trykklett og oppfyller dermed ikkje kriteria for Philippis lov. Vokalen er likevel vanlegvis *pataḥ*, enten den opphavlege a-vokalen som har blitt ståande i desse formene, eller ein ny a-vokal kanskje påverka av dei andre formene i perfektum.

(3) I *imperfektum* var i-vokalen i den andre stavinga opphavleg kort. Denne korte vokalen, skriven som *tsere*, er som regel bevart i *3. og 2. pers. fem. pl.*, i *imperfektum consecutivum, jussiv, imperativ* og av og til i vanlege imperfektumformer utanom *3. og 2. pers. fem. pl.*

#### g) Hophal

Akkurat som *Pual* er passiv av *Piel*, så er *Hophal* passiv av *Hiphil*. *Hophal* er altså den passive, kausative verbstamma (for bruken av *Hophal*, sjå § 38g). *Hophal* har til felles med *Pual* både a-vokalen i den andre stavinga og den runda vokalen i første stavinga. I *Hophal* er denne runda vokalen vanlegvis skriven som *kamets hatof* (sjå § 2d). Dette gir følgende mønster i perfektum (jf. namnet *Hophal* הִפְעִיל): וְ־וְ־וְ־וְ־.

Einaste forskjell mellom *Hophal* perfektum og *Hophal* imperfektum er at ה forsvinn etter subjektsprefikset: וְ־וְ־וְ־וְ־.

Sjå paradigmet i § 23c.

#### h) Andre verbstammer, bl.a. *Hishtaphel* og *Qal* passiv

I tillegg til dei sju vanlegaste verbstammene ovanfor, finst det opp imot 17 andre verbstammer i bruk på bibelhebraisk. Langt dei fleste av desse er variantar av dei sju vanlegaste, men brukt med uregelmessige røter, dvs. røter der ein eller fleire av radikalane assimilerer seg, fell bort eller oppfører seg elles "unormalt". Desse verbstammene blir omtalt i samband med desse uregelmessige røtene i § 24. Eit par unntak blant desse 17 er det verdt å sjå nærmare på her: *Hishtaphel* og *Qal* passiv.

*Hishtaphel* er brukt ca. 173 gonger i Bibelen og alltid med same rota: חוה. Meininga er noko slik som *bøye seg ned (for å tilbe)*. I likskap med dei vanlegaste verbstammene ser ein mønsteret for denne stamma i sjølve namnet *Hishtaphel* הִשְׁתַּפְּעַל. Byter ein ut mønsterverbet לַעֲלֵ פֶעַל med חוה, får ein følgande former i *perfektum* og *imperfektum* 3. pers. mask. sg.:

3. m. sg. | הִשְׁתַּחֲוֶה | יִשְׁתַּחֲוֶה

#### MERKNADER

(1) Rota חוה er uregelmessig på den måten at den har ein guttural som første radikal (sjå § 24b), og at den sluttar på ikkje-konsonantisk ה (sjå § 24g). Dette fører til ein *hatef*-vokal etter første radikal og enten ein *kamets* eller *segâl* etter andre radikal i 3. pers. mask. sg.

(2) Tidlegare var slike former oppfatta som *Hithpalel* av ei tenkt rot שחה, der ת og ש bytte plass via metatase (sjå § 12a).

Den mest vanlege passive, ikkje-kausative verbstamma er *Niphal*. Det finst likevel verbformer med passiv betydning som liknar på *Pual* eller *Hophal*, men som ikkje har noko motsvar i *Piel* eller *Hiphil*. Slike verb er nok bøygd i *Qal* passiv. Verbet ילד, f.eks., betyr *føde* i *Qal* og *hjelp å føde (som jordmor)* i *Piel*. Cirka 27 gonger er det brukt med ei form som liknar *Pual*, f.eks. יִלֵּד. Men betydninga er ikkje *få hjelp til å føde* slik ein hadde venta av *Pual* for dette verbet, men heller *bli født*, dvs. passiv av *Qal*. Eit anna liknande tilfelle er verbet לִקַּח, som ikkje ein gong finst i *Piel* eller *Hiphil*. Ein kan derfor tenkje seg følgande former i *perfektum* og *imperfektum* 3. pers. mask. sg. for *Qal* passiv:

3. m. sg. | יִקְטֹל | קִטֵּל

#### MERKNADER

(1) I *perfektum* var forma nok opphavleg יִקְטֹל,\* men radikalen etter den korte o-lyden vart fordobla slik som i ein del andre ord som ikkje kjem av røter med to like bokstavar, f.eks. אִחֻזָּה *eigedom* av rota אָחַז. Forma vart dermed identisk med og oppfatta som *Pual* *perfektum*. Det er berre ut ifrå bruken av verbet at ein kan sjå at det er *Qal* passiv og ikkje *Pual*.

(2) I *imperfektum* er *Qal* passiv identisk med *Hophal* fordi ה i *Hophal* forsvinn etter subjektsprefikset.

Igjen, det er berre *bruken* som skil *Qal* passiv og *Hophal. Imperfektum Qal* passiv brukast berre med uregelmessige røter, f.eks.  $\text{גִּי}$  av  $\text{גִּי}$  *gi* (sjå § 24f) og  $\text{שֵׁט}$  2 Mos 21,30 av  $\text{שֵׁט}$  *sette* (sjå § 24i).

## § 20 Consecutivum

Mange verb som er bøygd i perfektum eller imperfektum med konjunksjonen  $\text{וְ}$  framfor seg, skil seg ut i både form og funksjon. Fordi desse spesielle formene ofte blir brukt om påfølgande verbsituasjonar (sjå §§ 39c og d), får dei ordet *consecutivum* (frå lat. *consecutus* "kommande like etterpå") som tillegg i namnet: perfektum consecutivum og imperfektum consecutivum. Verb i perfektum consecutivum kan ha eit anna trykkmønster, mens verb i imperfektum consecutivum har ein annleis form av konjunksjonen og gjerne ein kortare versjon av stammemønsteret.

### a) Perfektum consecutivum

Dei aller fleste formene i perfektum consecutivum ser ut som vanlege perfektumformer med konjunksjonen  $\text{וְ}$  føre. I slike tilfelle må samanhengen avgjere om ein skal analysere verbet som perfektum eller perfektum consecutivum. Former i 2. pers. mask. sg. og 1. pers. sg., derimot, har vanlegvis trykket på *subjektssuffikset* i staden for stavinga før.<sup>38</sup> I eksempla nedanfor er trykket markert med aksenteiknet *zakef*:  $\text{ִ}$ .

	Perfektum – utan konjunksjon	Perfektum – med konjunksjon	Perfektum consecutivum – alltid med konjunksjon
	<i>trykk på nest siste staving</i>		<i>trykk på subjektssuffiks</i>
Sg. 2. m.	$\text{קָטַלְתָּ}$	$\text{וְקָטַלְתָּ}$	$\text{וְקָטַלְתָּ}$
Sg. 1.	$\text{קָטַלְתִּי}$	$\text{וְקָטַלְתִּי}$	$\text{וְקָטַלְתִּי}$

Trykket kan bli verande på *nest* siste stavinga i 2. pers. mask. sg. og 1. pers. sg. av perfektum consecutivum når ordet etterpå har trykket i første stavinga (# 1), når nest siste stavinga er open (# 2) eller når ordet har ei pausal form (# 3).

	Unntak: perfektum consecutivum i 2msg. eller 1sg. med trykk på <i>nest siste</i> staving	
1.	$\text{וְשִׁלַּחְתִּי אֵשׁ}$	Og så skal eg sende eld
2.	$\text{וְקָרָאתָ}$	Og så skal du kalle

<sup>38</sup> Til forskjell frå vokallengde og (i visse dialektar) ordtone, er ikkje ordtrykk vanlegvis betydingsskiljande på norsk. Det er altså få ord der trykkplasseringa avgjer betyding. Eit eksempel kan vere *to'tal* (i mots. til *eintal*) og *tota'l* ('heil').

3.	וְשָׁבַעְתָּ	Og så skal du bli mett
----	--------------	------------------------

## b) Imperfektum consecutivum

Imperfektum consecutivum er kjenneteikna av ei spesiell form av konjunksjonen -ַי og ev. ei kortare form av verbet.

Konjunksjonen -ַי har vanlegvis *sjeva mobile* til vokal (sjå unntaka i § 9). I imperfektum consecutivum har konjunksjonen ein *pataḥ* til vokal og subjektsprefikset er fordobla (# 1). Til forskjell frå perfektum consecutivum gjeld dette i utgangspunktet alle personar, kjønn og tal. I *1. pers. sg.* er prefikskonsonanten **ס**, som ikkje blir fordobla (sjå § 13a, om manglande fordobling elles, sjå § 12d). Då har konjunksjonen ein *kamets* i staden for *pataḥ* (erstatningsforlenging, # 2).

		Imperfektum – uten konjunksjon	Imperfektum – med konjunksjon	Imperfektum consecutivum – alltid med konjunksjon
1.	<i>Qal</i> 3msg.	יִקְטֹל	וְיִקְטֹל	וְיִקְטֹל
2.	<i>Qal</i> 1sg.	אֶקְטֹל	וְאֶקְטֹל	וְאֶקְטֹל

Verb i *Hiphil*, וִי"ע-verb (§ 24i) i *Qal* og ה־לִּ-verb (§ 24g) i alle verbstammene har vanlegvis ei *kortare* form i imperfektum consecutivum når det ikkje kjem eit suffiks etterpå, dvs. i utgangspunktet *3. pers. mask. og fem. sg.*, *2. pers. mask. sg.* og *1. pers. sg. og pl.* (sjå også *Jussiv* i § 21a). Som vanleg finst det unntak også her, f.eks. וְאֶשְׁוֹב og וְאֶרְאֶה i Sak 5,1.

Kortformene i *Hiphil* og וִי"ע-verb i *Qal* har ein kortare *vokal*, dvs. *tsere* i staden for *hirek* i *Hiphil* (# 3, i *Hiphil* av וִי"ע-verb, er vokalen *segål*), *segål* i staden for *hirek* i וִי"ע-verb (# 4), og *kamets hatof* i staden for *sjorek* i וִי"ע-verb (# 5, NB! I *jussiv* er dei korte vokalane i וִי"ע-verb *tsere* og *hålem*). Når verbet har eit pronomensuffiks eller annan type ending (§§ 33ff), er vokalen vanlegvis ikkje kortare, f.eks. וְיִוָּשְׁעוּם (*Hiphil* 3msg. + pron.sf. 3mpl.) og så *hjelp*te *han dei* (m.) mot utan suffiks (sjå også § 34b). og så *hjelp*te *han* <sup>39</sup>וְיִוָּשְׁעוּ

I ה־לִּ-verb fell siste vokalen bort i imperfektum consecutivum når det ikkje kjem subjektssuffiks til slutt (sjå § 18b), slik at ordet sluttar på andre radikal. I slike former kjem det ofte inn ein ekstra vokal (f.eks. *segål*) mellom dei to siste konsonantane (# 6, sjå også § 8a).

<sup>39</sup> Den korte vokalen i denne forma er *pataḥ* i staden for *hirek* på grunn av gutturalen (ע) til slutt (sjå § 13b).



		Imperfektum – utan konjunksjon	Imperfektum – med konjunksjon	Imperfektum consecutivum – alltid med konjunksjon
3.	<i>Hiphil</i> 3msg.	יִקְטִיל	וַיִּקְטִיל	וַיִּקְטִיל
4.	<i>Qal</i> 3msg. י"ע-verb	יִשִּׁים	וַיִּשִּׁים	וַיִּשִּׁים
5.	<i>Qal</i> 3msg. ו"ע-verb	יָקוּם	וַיָּקוּם	וַיָּקוּם
6.	<i>Qal</i> 3msg. ל"ה-verb	יִגְלֶה	וַיִּגְלֶה	וַיִּגְלֶה / וַיִּגְלֶה

## § 21 Viljesformer av verbet

På norsk er *imperativ* den einaste enkle verbforma som vanlegvis blir brukt når språkbrukaren uttrykker sin vilje om ein verbsituasjon: *Gå! Ver så god, sit!* Subjektet for norsk imperativ er alltid i andre person (du, de). Før hadde norsk ei form til bruk i tredje person, *konjunktiv*. Men den finst no berre i faste vendingar: *HERREN velsigne deg! Leve kongen!*<sup>40</sup>

Særleg tre forskjellige verbkonjugasjonar blir brukt på bibelhebraisk når ein språkbrukar uttrykker sin vilje om ein verbsituasjon. Sjølv om desse konjugasjonane har omtrent same *funksjon*, er kjenneteikna på *formene* ulike. Som på norsk, finst det også *imperativ* (frå lat. *imperare* "befale") på bibelhebraisk som brukast i andre person. I tillegg har ein *jussiv* (frå lat. *jubere* "gi ordre") i tredje person og av og til andre person og *kohortativ* (frå lat. *cohortare* "oppfordre") i første person.

Når det gjeld konsonant- og vokalmønsteret til viljesformene, tar dette som regel utgangspunkt i same mønsteret som *imperfektum*. Det vil seie at desse formene vanlegvis liknar imperfektumformene på ein eller annan måte.

For både jussiv og kohortativ gjeld det at verb kan mangle dei formale kjenneteikna og likevel bli brukt med jussiv eller kohortativ betydning. I slike tilfelle er det samanhengen som eventuelt peiker i retning av ei viljesform. Moglege peikepinnar i samanhengen kan vere nektingspartikkelen לֹא, andre verb med ei klart jussiv, kohortativ eller imperativ form (sjå nedanfor) eller at teksten gir best meining dersom språkbrukaren bruker ei viljesform.

### a) Jussiv

Jussiv er ei viljesform som blir brukt mest i *tredje* person: – *Det bli lys! Måtte ho komme tilbake!* Men sidan imperativ ikkje kan få nekting på bibelhebraisk, finst det ein del jussivformer i *andre* person også, gjerne med nektingspartikkelen לֹא framfor: – *Ver ikkje redd!* Sjå elles § 40a om bruken av jussiv.

På grunn av den språkhistoriske utviklinga bak bibelhebraisk, er det for dei fleste verba

<sup>40</sup> Ein språkbrukar kan sjølvstilt uttrykke sin vilje om ein verbsituasjon i både første og tredje person på moderne norsk. Men det skjer gjennom hjelpeverb (*La ..., Måtte ...*) o.l., ikkje med ei enkel verbform.

ingen forskjell i *form* mellom imperfektum og jussiv. Når det er tilfellet, er det sammenhengen som avgjør om verbet står i jussiv eller ikkje. Då står det gjerne *andre verb* like ved som tydeleg viser ei viljesform (# 1, jf. verbet יִרְא), eller *nektingspartikkelen* אַל er brukt (# 2) eller det gir *best mening* med jussiv (# 3, sjå § 40a).

	Imperfektum	Jussiv	Eksempel	
1.	יִשְׁפֹּט	יִשְׁפֹּט	יִרְא יְהוָה עֲלֵיכֶם וְיִשְׁפֹּט	Måtte HERREN rette auga mot dykk og <i>dømme</i> dykk! 2 Mos 5,21
2.	תִּשְׁמָעוּ	תִּשְׁמָעוּ	אַל-תִּשְׁמָעוּ עַל-דְּבָרֵי הַנְּבִיאִים הַנְּבִיאִים לָכֶם	Høyr ikkje på orda til profetane som spår for dykk! Jer 23,16
3.	יִגְדֹּל	יִגְדֹּל	וְעַתָּה יִגְדֹּל-נָא כַּח אֲדָנִי כַּאֲשֶׁר דִּבַּרְתָּ	Og no, <i>la</i> Herrens makt <i>vis</i> seg stor slik som du sa! 4 Mos 14,17

Verb i *Hiphil*, י״ע-verb i *Qal* og ל״ה-verb i alle verbstammene har som regel ei *kortare* form i jussiv enn i imperfektum når det ikkje kjem eit subjektssuffiks etterpå, dvs. i *3. pers. mask. og fem. sg.*, *2. pers. mask. sg.* og *1. pers. sg. og pl.* (jf. § 20b om imperfektum consecutivum). Tidlegare hadde nok alle verb både lang- og kortformer, men skiljet mellom dei har seinare falle bort for dei fleste verba. Sjølv hos verb som framleis viser begge formlengdene, er bruken av dei ikkje heilt konsekvent. Kortformer manglar av og til jussiv mening (f.eks. יִרְדֵּי i Jes 41,2), og langformer har den av og til (f.eks. תִּעֲשֶׂה i 2 Sam 13,12).

Kortformene i *Hiphil* og י״ע-verb i *Qal* har ein kortare vokal, dvs. *tsere* (eller *segål*) i staden for *hirek* i *Hiphil* og י״ע-verb (## 4–5), og *hålem* i staden for *sjorek* i ל״ה-verb (# 6, NB! I imperfektum consecutivum er den korte vokalen *kamets hatof*). Når verbet har eit pronomensuffiks (§§ 33ff), er vokalen vanlegvis ikkje kortare, f.eks. יִשְׁעֲנוּ (med lang *hirek* skrivne defektivt her i *Hiphil* 3msg. + pron.sf. 1pl.) *måtte han hjelpe oss!* mot *måtte han* <sup>41</sup>יִשְׁעֵי *hjelpe!* (Ordt 20,22) utan suffiks (sjå også § 34d).

I ל״ה-verb fell siste vokalen bort i former utan subjektssuffiks (sjå § 18b), og ordet sluttar på andre radikal. I slike former kjem det ofte inn ein ekstra vokal (f.eks. *segål*) mellom dei to siste konsonantane (# 7, sjå § 8a).

<sup>41</sup> Den korte vokalen i denne forma er *pataḥ* i staden for *hirek* på grunn av gutturalen (v) til slutt (sjå § 13b).

		Imperfektum	Jussiv	Kjenneteikn i jussiv
4.	<i>Hiphil</i> 3msg.	יְקַטִּיל	יִקְטַל	<i>Kortare vokal</i>
		Imperfektum	Jussiv	Kjenneteikn i jussiv
5.	<i>Qal</i> 3msg. שי"ע-verb (שים)	יִשֶׁם	יִשֵּׁם	<i>Kortare vokal</i>
6.	<i>Qal</i> 3msg. קו"ע-verb (קום)	יִקוּם	יִקֹּם	
7.	<i>Qal</i> 3msg. ה"ל"ה-verb (גלה)	יִגְלֶה	יִגְלֵ / יִגְלֶ	<i>Bortfall av siste vokal</i>

Sjå elles paradigma i § 23 og bakarst i boka.

### b) Kohortativ

Kohortativ heiter viljesforma som med nokre få unntak brukast i første person: *Eg vil gi! La oss gå!* (Sjå § 40b om bruken av kohortativ). Det ser ut som imperfektum, men har ofte הֻ- som suffiks (## 1–2).<sup>42</sup> Dette suffikset, som kan henge saman med energisk נ (sjå § 37), gjer vanlegvis den nest siste stavinga open og trykklett, slik at vokalen blir *sjeva mobile* (bortsett frå i *Hiphil*, der vokalen blir verande lang). Kjenneteiknet i kohortativ gjeld alle verbstammene (sjå § 23). Suffikset manglar når verbet i kohortativ har pronomensuffiks (sjå §§ 33ff), hos dei fleste former av ה"ל"ה- og א"ל"א-verb og ein del gonger elles (f.eks. אַבּוּשׁ i Sal 25,20).

		Imperfektum	Kohortativ
1.	<i>Qal</i> 1. pers. sg.	אֶקְטַל	אֶקְטַלְהֻ
2.	<i>Qal</i> 1. pers. pl.	נִקְטַל	נִקְטַלְהֻ

### c) Imperativ

Imperativ er den mest vanlege viljesforma på bibelhebraisk. Slik som på norsk, brukast den berre i andre person: *Høyr (de)! Gå (du)!* Imperativformer liknar imperfektum, men manglar subjektsprefiks. I *Qal* og *Piel* startar imperativ vanlegvis på første radikal, mens i *Niphal*, *Hiphil* og *Hithpael* blir ה sett inn for subjektsprefikset. *Hiphil* imperativ msg. har i tillegg ein kort vokal (vanlegvis *tsere*) i den andre stavinga, slik som i imperfektum consecutivum og jussiv. Sjå paradigma i § 23 for dei regelmessige formene. Imperativ er ikkje brukt i *Pual* eller *Hophal*.

Av over to tusen imperativformer i maskulinum singularis på bibelhebraisk, har cirka tre hundre הֻ- ("paragogisk" ה) som suffiks (## 1–4, jf. kohortativsuffikset i pkt. b). Når *Hiphil* imperativ msg. får dette suffikset, er i-vokalen i den andre stavinga lang (*hirek*) som i imperfektum (# 3). Ingen av desse tre hundre har pronomensuffiks i tillegg (sjå § 33).

<sup>42</sup> Dette suffikset blir også brukt ca. hundre gonger på verb i imperfektum consecutivum og av og til på verb i imperfektum utan kohortativ meining (sjå også pkt. c). Det er usikkert kva slags funksjon suffikset har i slike tilfelle (sjå § 40b).

I *Qal* imperativ er det brukt to andre vokalmønster i tillegg til mønstra ein finn i imperfektum. Dei vanlege imperfektummønstra  $\text{וְ\text{וְ}}$  /  $\text{וְ\text{וְ}}$  brukast i maskulinum singularis, femininum pluralis og pausale former av femininum singularis og maskulinum pluralis. Eit anna mønster –  $\text{וְ\text{וְ}}$  – brukast i femininum singularis, maskulinum pluralis og i former av maskulinum singularis med  $\text{הְ}$ -suffikset (# 4) eller eit pronomensuffiks (sjå § 34c). Eit tredje mønster –  $\text{וְ\text{וְ}}$  (med *kamets hatof!*) – brukast i former av maskulinum singularis med  $\text{הְ}$ -suffikset (# 4) eller eit pronomensuffiks (sjå § 34c). Desse mønstra kan ha oppstått i samband med dei vanlege mønstra eller som sjølvstendige, parallelle mønster.

Imperativ 2. mask. sg. med $\text{הְ}$ -suffikset		
1.	<i>Niphal</i>	הִקְטֹלָה
2.	<i>Piel</i>	קִטְלָה
3.	<i>Hiphil</i>	הִקְטִילָה
4.	<i>Qal</i>	קִטְלָה / קִטְלָה / קִטְלָה

״פ-verb som mister første radikal i *Qal* imperfektum, begynner på andre radikal i imperativ (# 5, sjå § 24e). Det same gjer ״פ-verb som ikkje bruker hovudmønsteret (med runda vokal) i imperfektum (## 6–7, sjå §§ 24f).

<i>Qal</i> imperativ 2. pers. mask. sg.		
5.	״פ-verb (יִשַׁב)	יִשַׁב
6.	״פ-verb (יִגַּשׁ [impf. = יִגְשׁ])	יִגְשׁ
7.	״פ-verb (יִפֹּל [impf. = יִפֹּל])	יִפֹּל

## § 22 Infinitte former av verbet (verbalnomina)

Infinitte verb liknar som regel verb i imperfektum på ein eller annan måte. Dei viktigaste unntaka er formene i *Qal* partisipp og *Niphal* partisipp (pkt. c).

### a) Infinitiv constructus

Infinitiv constructus (også berre kalla *infinitiv*) er verbets substantiviske form og brukast bl.a. som norsk infinitiv (sjå § 41). Det er ingen betydningsmessig samanheng mellom infinitiv constructus og bøyingsforma status constructus hos nomen (sjå § 27).

Infinitiv constructus er som regel identisk med imperativ maskulinum singularis, dvs.



6.	גל"ל-verb (גלה)	גלות
----	-----------------	------

## b) Infinitiv absolutus

Infinitiv absolutus er ei nominal form av verbet som ikkje har noko direkte tilsvar på norsk. I denne delen av grammatikken er det som regel omsett med eit verbalsubstantiv (f.eks. *høyring, rov*). Oftast har det ei forsterkande eller bydande betydning (sjå § 42 om bruken). Det er ingen betydningsmessig samanheng mellom infinitiv absolutus og bøyingsforma status absolutus hos nomen (sjå § 27).

I *Piel* og *Hithpael* (og ca. 15 gonger i *Niphal*) er infinitiv absolutus identisk med infinitiv constructus, dvs. det same som imperfektum 3msg., minus subjektsprefiks, ev. med ה i staden for (*Hithpael* og *Niphal*).

Likskapen med imperfektum er også tydeleg i *Hiphil*, men *hirek* i den andre stavinga er bytt ut med ein lang *tsere*<sup>46</sup> (*tsere* i *Hiphil* imperativ er kort). Infinitiv absolutus i *Hophal* ser ut som *Hiphil*, berre at det har den karakteristiske runda vokalen (vanlegvis *kamets hatof*) i første stavinga.

Likskapen mellom infinitiv absolutus og imperfektum i *Qal* er nok eit tilfeldig utslag av lydutfviklinga i hebraisk. I imperfektum er *hålem* i den andre stavinga opphavleg ein kort *o*-lyd. I infinitiv absolutus er det ein opphavleg lang *a*-vokal. Slike vokalar har stort sett gått over til *å* både i norsk og bibelhebraisk (jf. bruken av *aa*, opphavleg ein lang *a*, for å markere ein *å*-lyd). Denne lange vokalen dukkar også opp i former av *Niphal* infinitiv absolutus, som elles kan ha trekk frå enten perfektum (נקטול) eller infinitiv constructus (הקטול). *Pual* infinitiv absolutus finst berre éin gong, også med *hålem* i den andre stavinga: גָּנַב (1 Mos 40,15) av גַּב *stele*.<sup>47</sup>

	<i>Qal</i>	<i>Niphal</i>	<i>Piel</i>	<i>Pual</i>	<i>Hithpael</i>	<i>Hiphil</i>	<i>Hophal</i>
<i>Impf.</i>	יקטל	יקטל	יקטל	יקטל	יתקטל	יקטיל	יקטל
<i>Inf. cstr.</i>	קטל	הקטל	קטל	קטל	התקטל	הקטיל	הקטל
<i>Inf. abs.</i>	קטול	נקטול / הקטל / הקטול	קטל	קטול	התקטל	הקטל	הקטל

## c) Partisipp

Partisipp (frå lat. *particeps* "som har del i") viser eller *har del i* både verbale og nominale trekk. Det er eit verb brukt og bøygd som eit adjektiv. Tradisjonell norsk grammatikk har to former i partisipp – presens partisipp og perfektum partisipp. Former i presens partisipp endar på -ande (bm: -ende) og beskriv den/det/dei som aktivt utfører handlinga som verbet viser til: den *levande* Gud = den Gud som lever. Det er stor variasjon i korleis perfektum partisipp ser ut, då desse i grunnen er perfektumformer utan hjelpeverbet *ha*. Til forskjell frå presens partisipp, beskriv perfektum partisipp den/det/dei som passivt er ramma av, eller produktet av verbhandlinga: ein *samla* flokk = ein flokk som nokon har samla.

<sup>46</sup> I ca. ti prosent av tilfella er denne *tsere* skrivne *plene* (sjå § 2c).

<sup>47</sup> Sju (av 84) gonger har *Piel* infinitiv absolutus *hålem* i siste stavinga.

Bibelhebraisk har også dette skiljet mellom å beskrive den aktive eller den passive i ein verbsituasjon, men knyter det for det meste til verbstammens diatesar. Med andre ord, dersom verbstamma er passiv (f.eks. *Niphal*, *Pual* og *Hophal*), så er partisippet passivt. Dersom verbstamma er aktiv, er også partisippet aktivt. Unntaket er *Qal*, som har både aktive og passive former i partisipp. Sjå § 43 om bruken av partisipp på bibelhebraisk.

#### (1) *Piel*, *Pual*, *Hithpael*, *Hiphil* og *Hophal*

Partisippformene i dei fleste verbstammene har same mønsteret som imperfektum, men med ם i staden for subjektsprefiks (sjå § 15c om ם som orddanningsprefiks). Dette gjeld *Piel*, *Pual*, *Hithpael*, *Hiphil* og *Hophal*.<sup>48</sup>

#### (2) *Qal* (hovudmønsteret)

Transitive verb<sup>49</sup> som blir bøygd etter hovudmønsteret i perfektum *Qal* (קָטַל), har både ei aktiv og ei passiv partisippform. Intransitive verb med denne bøyinga har berre ei aktiv form i partisipp. Både aktivt og passivt partisipp i *Qal* er kjenneteikna av eit bestemt vokalmønster. Aktivt partisipp har ein lang, stabil (ikkje utskiftbar/utbytbar) *hålem* etter første radikal og ein utskiftbar *tsere* etter andre radikal: קָטַל. Passivt partisipp har ein utskiftbar *kamets* etter første radikal og ein lang, stabil *sjorek* (ev. *kibbots*) etter andre radikal: קָטַל.

#### (3) *Qal* (sekundærmønsteret), *Niphal* og ם־עֵי-verb

Verb som bruker sekundærmønstra i *Qal* perfektum (קָטַל og קָטַל), har i likskap med *Niphal* identiske former i perfektum og partisipp. Det same gjeld ם־עֵי-verb i *Qal* aktivt partisipp (sjå § 24i). Det er først når slike former blir bøygd, at ein kan sjå om det er snakk om perfektum eller partisipp.

#### (4) Bøying

Partisipp blir bøygd som nomen, nærmare bestemt som adjektiv, dvs. i kjønn, tal, binding og status. Bøyinga er lik for alle verbstammene og begge partisippformer i *Qal*.

Sjå § 23 for eksempel.

<sup>48</sup> Partisipp *Hophal* har litt oftare vokalen *kibbots* i første stavinga enn *kamets hatof*.

<sup>49</sup> Transitive verb uttrykker handlingar som går ut over andre (jf. lat. *transire* "gå over") og tar derfor vanlegvis objekt (sjå § 38).

## § 23 Regelmessig verbøying

### a) IKKJE-KAUSATIVE VERBSTAMMER →

Konjugasjon →		<i>Perfektum</i> (§ 39a)		<i>Imperfektum</i> (§ 39b)		<i>Jussiv</i> (§ 40a)	
↓ Verbstamme (§ 19)		Subjektssuffiks: § 18a		Subjektsaffiks: § 18b		Kjenneteikn: § 21a	
Hovudmønster (handlings- verb)		Sg.	Pl.	Sg.	Pl.	Sg.	Pl.
	3. m.	קָטַל	קָטְלוּ	יִקְטַל	יִקְטְלוּ (י)	יִקְטַל	יִקְטְלוּ
Aktiv:	3. f.	קָטְלָהּ		תִּקְטַל	תִּקְטְלֶנָּה	תִּקְטַל	תִּקְטְלֶנָּה
<i>Qal</i> - קָל (§ 38a)	2. m.	קָטַלְתָּ	קָטַלְתֶּם	תִּקְטַל	תִּקְטְלוּ (י)	תִּקְטַל	תִּקְטְלוּ
	2. f.	קָטַלְתְּ	קָטַלְתֶּן	תִּקְטְלִי (י)	תִּקְטְלֶנָּה	תִּקְטְלִי	תִּקְטְלֶנָּה
<b>Mønsterverb:</b> קטל <i>drepe</i>	1.	קָטַלְתִּי	קָטַלְנוּ	אֶקְטַל	נִקְטַל	–	–
	3. m.	כָּבַדְתָּ /		יִכָּבֵד	יִכָּבְדוּ (י)	יִכָּבֵד	יִכָּבְדוּ
Sekundær- mønster (tilstandsverb)	3. f.	קָטַן /	כָּבַדְתְּ /	תִּכָּבֵד	תִּכָּבְדֶנָּה	תִּכָּבֵד	תִּכָּבְדֶנָּה
Aktiv:	2. m.	כָּבַדְתָּ /	כָּבַדְתֶּם /	תִּכָּבֵד	תִּכָּבְדוּ (י)	תִּכָּבֵד	תִּכָּבְדוּ
<i>Qal</i> – קָל (§ 38a)	2. f.	קָטַנְתְּ /	קָטַנְתֶּם /	תִּכָּבְדִי (י)	תִּכָּבְדֶנָּה	תִּכָּבְדִי	תִּכָּבְדֶנָּה
<b>Mønsterverb:</b> כבד <i>vere tung</i> , קטן <i>vere liten</i>	1.	כָּבַדְתִּי /	כָּבַדְנוּ /	אֶכָּבֵד	נִכָּבֵד	–	–
		קָטַנְתִּי	קָטַנוּ				
Passiv og medium:	3. m.	נִקְטַל	נִקְטְלוּ	יִקְטַל	יִקְטְלוּ (י)	יִקְטַל	יִקְטְלוּ
<i>Niphal</i> –	3. f.	נִקְטְלָהּ		תִּקְטַל	תִּקְטְלֶנָּה	תִּקְטַל	תִּקְטְלֶנָּה
נִפְעַל (§ 38b)	2. m.	נִקְטַלְתָּ	נִקְטַלְתֶּם	תִּקְטַל	תִּקְטְלוּ (י)	תִּקְטַל	תִּקְטְלוּ
	2. f.	נִקְטַלְתְּ	נִקְטַלְתֶּן	תִּקְטְלִי (י)	תִּקְטְלֶנָּה	תִּקְטְלִי	תִּקְטְלֶנָּה
<b>Mønsterverb:</b> קטל <i>Niphal</i> – <i>bli drepe</i> / <i>drepe seg sjølv</i>	1.	נִקְטַלְתִּי	נִקְטַלְנוּ	אֶקְטַל /	נִקְטַל	–	–
				אֶקְטַל			



a) IKKJE-KAUSATIVE VERBSTAMMER (forts.)

<i>Kohortativ</i> (§ 40b)		<i>Imperativ</i> (§ 40c)		<i>Infinitiv</i> (§§ 41–42)		<i>Partisipp</i> (§ 43)	
Kjenneteikn: § 21b		Kjenneteikn: § 21c		Kjenneteikn: § 22a–b		Kjenneteikn: § 22c	
Sg.	Pl.	Sg.	Pl.			Sg.	Pl.
—	—	—	—			Aktiv: (m) קטל	קטלים
—	—	—	—	Infinitiv constructus:	קטל	(f) קטלת / קטלה	קטלות
—	—	קטל	קטלו			Passiv: (m) קטול	קטולים
—	—	קטלי	קטלנה			(f) קטולה	קטלות
אקטלה	נקטלה	—	—	Infinitiv absolutus:	קטול	(Bøying: § 29)	
—	—	—	—				
—	—	—	—				
—	—	—	—	Infinitiv constructus:	פבד / פבד	(m) פבד	פבדים
—	—	פבד	פבדו			(f) פבדה	פבדות
—	—	פבד	פבדו			(Bøying: § 29)	
אכבדה	נכבדה	—	—	Infinitiv absolutus:	פבוד		
—	—	—	—				
—	—	—	—				
—	—	הקטל	הקטלו	Infinitiv constructus:	הקטל	(m) נקטל	נקטלים
—	—	הקטלי	הקטלנה			(f) נקטלת / נקטלה	נקטלות
אקטלה /	נקטלה	—	—	Infinitiv absolutus:	הקטל /	(Bøying: § 29)	
אקטלה		—	—		נקטל		

b) FAKTITIVE VERBSTAMMER

→

Konjugasjon →		<i>Perfektum</i> (§ 39a)		<i>Imperfektum</i> (§ 39b)		<i>Jussiv</i> (§ 40a)	
↓ Verbstamme (§ 19)		Subjektssuffiks: § 18a		Subjektsaffiks: § 18b		Kjenneteikn: § 20a	
		Sg.	Pl.	Sg.	Pl.	Sg.	Pl.
Aktiv: <i>Piel</i> – פִּעַל – (§ 38c)	3. m.	קִטַּל/קִטְלָה		יִקְטַל	יִקְטְלוּ(ו)	יִקְטַל	יִקְטְלוּ
			קִטְלוּ				
	3. f.	קִטְלָה		תִּקְטַל	תִּקְטְלֶנָּה	תִּקְטַל	תִּקְטְלֶנָּה
	2. m.	קִטְלָתָּ	קִטְלֹתָם	תִּקְטַל	תִּקְטְלוּ(ו)	תִּקְטַל	תִּקְטְלוּ
Mønsterverb: קטל <i>Piel</i> – <i>gjere drepen</i>	2. f.	קִטְלָתְּ	קִטְלֹתֵינוּ	תִּקְטְלִי(ו)	תִּקְטְלֶנָּה	תִּקְטְלִי	תִּקְטְלֶנָּה
	1.	קִטְלֹתִי	קִטְלֵנוּ	אִקְטַל	נִקְטַל	–	–
	3. m.	קִטַּל		יִקְטַל	יִקְטְלוּ(ו)	יִקְטַל	יִקְטְלוּ
			קִטְלוּ				
Passiv: <i>Pual</i> – פִּעֻל – (§ 38d)	3. f.	קִטְלָה		תִּקְטַל	תִּקְטְלֶנָּה	תִּקְטַל	תִּקְטְלֶנָּה
	2. m.	קִטְלָתָּ	קִטְלֹתָם	תִּקְטַל	תִּקְטְלוּ(ו)	תִּקְטַל	תִּקְטְלוּ
	2. f.	קִטְלָתְּ	קִטְלֹתֵינוּ	תִּקְטְלִי(ו)	תִּקְטְלֶנָּה	תִּקְטְלִי	תִּקְטְלֶנָּה
	1.	קִטְלֹתִי	קִטְלֵנוּ	אִקְטַל	נִקְטַל	–	–
Medium: <i>Hithpael</i> – הִתְפַּעֵל – (§ 38e)	3. m.	הִתְקַטַּל		יִתְקַטַּל	יִתְקַטְלוּ(ו)	יִתְקַטַּל	יִתְקַטְלוּ
			הִתְקַטְלוּ				
	3. f.	הִתְקַטְלָה		תִּתְקַטַּל	תִּתְקַטְלֶנָּה	תִּתְקַטַּל	תִּתְקַטְלֶנָּה
	2. m.	הִתְקַטְלָתָּ	הִתְקַטְלֹתָם	תִּתְקַטַּל	תִּתְקַטְלוּ(ו)	תִּתְקַטַּל	תִּתְקַטְלוּ
Mønsterverb: קטל <i>Hithpael</i> – <i>gjere seg sjølv drepen</i>	2. f.	הִתְקַטְלָתְּ	הִתְקַטְלֹתֵינוּ	תִּתְקַטְלִי(ו)	תִּתְקַטְלֶנָּה	תִּתְקַטְלִי	תִּתְקַטְלֶנָּה
	1.	הִתְקַטְלֹתִי	הִתְקַטְלֵנוּ	אִתְקַטַּל	נִתְקַטַּל	–	–

**b) FAKTITIVE VERBSTAMMER (forts.)**

<i>Kohortativ</i> (§ 40b)		<i>Imperativ</i> (§ 40c)		<i>Infinitiv</i> (§§ 41–42)		<i>Partisipp</i> (§ 43)	
Kjenneteikn: § 21b		Kjenneteikn: § 21c		Kjenneteikn: § 22a–b		Kjenneteikn: § 22c	
Sg.	Pl.	Sg.	Pl.			Sg.	Pl.
–	–	–	–				
–	–	–	–	Infinitiv constructus:	קִטֵּל	(m) מְקַטֵּל	מְקַטְלִים
–	–	קִטֵּל	קִטְלוּ			(f) מְקַטְלָה	מְקַטְלוֹת
–	–	קִטְלִי	קִטְלָנָה				(Bøying: § 29)
אֶקְטֹלָה	נִקְטֹלָה	–	–	Infinitiv absolutus:	קִטֵּל		
–	–	–	–				
–	–	–	–	Infinitiv constructus:	קִטְלֵ <sup>50</sup>	(m) מְקַטֵּל	מְקַטְלִים
–	–	–	–			(f) מְקַטְלָה/מְקַטְלָת	מְקַטְלוֹת
–	–	–	–				(Bøying: § 29)
אֶקְטֹלָה	נִקְטֹלָה	–	–	Infinitiv absolutus:	קִטֵּל		
–	–	–	–				
–	–	–	–	Infinitiv constructus:	הִתְקַטֵּל	(m) מִתְקַטֵּל	מִתְקַטְלִים
–	–	הִתְקַטֵּל	הִתְקַטְלוּ			(f) מִתְקַטְלָה/מִתְקַטְלָת	מִתְקַטְלוֹת
–	–	הִתְקַטְלִי	הִתְקַטְלָנָה				(Bøying: § 29)
אֶתְקַטֵּלָה	נִתְקַטֵּלָה	–	–	Infinitiv absolutus:	הִתְקַטֵּל		

<sup>50</sup> Einaste tilfelle er עֲנֹתוֹ, av verbet II ענה å vere audmjuk, i Sal 132,1. Dette er eit ל"ה-verb (sjå § 24g) med pronomensuffiks (sjå § 34e).

c) KAUSATIVE VERBSTAMMER

→

Konjugasjon →	<i>Perfektum</i> (§ 39a)		<i>Imperfektum</i> (§ 39b)		<i>Jussiv</i> (§ 40a)		
↓ Verbstamme (§ 19)	Subjektssuffiks: § 18a		Subjektsaffiks: § 18b		Kjenneteikn: § 21a		
	Sg.	Pl.	Sg.	Pl.	Sg.	Pl.	
Aktiv: <i>Hiphil</i> – הִפְעִיל (§ 38f)	3. m.	הִקְטִיל	יִקְטִיל	יִקְטִילוּ(ו)	יִקְטַל	יִקְטְלוּ	
	3. f.	הִקְטִילָהּ	תִּקְטִיל	תִּקְטִלְנָהּ	תִּקְטַל	תִּקְטְלוּ	
	2. m.	הִקְטִילְתָּ	תִּקְטִילְתֶּם	תִּקְטִיל	תִּקְטִילוּ(ו)	תִּקְטַל	תִּקְטְלוּ
Mønsterverb: קטל <i>Hiphil</i> – <i>få til å drepe</i>	2. f.	הִקְטִילְתְּ	תִּקְטִילְתְּ	תִּקְטִילִי(ו)	תִּקְטִלְנִי	תִּקְטִילִי	תִּקְטִילִי
	1.	הִקְטִילְתִּי	הִקְטִילְנוּ	אֶקְטִיל	נִקְטִיל	–	–
Passiv: <i>Hophal</i> – הִפְעִיל (§ 38g)	3. m.	הִקְטָל	יִקְטַל	יִקְטִלוּ(ו)	יִקְטַל	יִקְטְלוּ	
	3. f.	הִקְטָלָהּ	תִּקְטַל	תִּקְטִלְנָהּ	תִּקְטַל	תִּקְטְלוּ	
	2. m.	הִקְטָלְתָּ	תִּקְטָלְתֶּם	תִּקְטַל	תִּקְטִלוּ(ו)	תִּקְטַל	תִּקְטְלוּ
Mønsterverb: קטל <i>Hophal</i> – <i>bli fått til å drepe</i>	2. f.	הִקְטָלְתְּ	תִּקְטָלְתְּ	תִּקְטָלִי(ו)	תִּקְטִלְנִי	תִּקְטָלִי	תִּקְטָלְנִי
	1.	הִקְטָלְתִּי	הִקְטָלְנוּ	אֶקְטַל	נִקְטַל	–	–

§ 24 Uregelmessige verb

a) Inndeling av uregelmessige verb

Mange røter har såpass mykje til felles med andre røter når det gjeld orddanning og bøying, at det er praktisk å omtale dei gruppevis, og ikkje berre enkeltvis. Gruppene består for det meste av røter med same bokstav som enten første, andre eller tredje radikal. Jamfør røtene nedanfor.

א"פ-røter	פ"פ-røter	ע"ו-røter	ל"ה-røter	ל"א-røter
1. אכל	4. נתן	7. שוב	10. עשה	13. יצא
2. אמר	5. נשא	8. מות	11. ראה	14. קרא
3. אבד	6. נכה	9. קום	12. עלה	15. נשא

c) KAUSATIVE VERBSTAMMER (forts.)

<i>Kohortativ</i> (§ 40b)		<i>Imperativ</i> (§ 40c)		<i>Infinitiv</i> (§§ 41–42)		<i>Partisipp</i> (§ 43)	
Kjenneteikn: § 21b		Kjenneteikn: § 21c		Kjenneteikn: § 22a–b		Kjenneteikn: § 22c	
Sg.	Pl.	Sg.	Pl.			Sg.	Pl.
–	–	–	–				
–	–	–	–	Infinitiv constructus:	הַקְטִיל	מְקַטֵּל (m)	מְקַטְלִים
–	–	הַקְטִיל	הַקְטִילוּ			מְקַטְלָה / מְקַטְלָת (f)	מְקַטְלוֹת
–	–	הַקְטִילֵי	הַקְטִילֵנָה				(Bøying: § 29)
אֶקְטִילָה	נִקְטִילָה	–	–	Infinitiv absolutus:	הַקְטִיל		
–	–	–	–				
–	–	–	–	Infinitiv constructus:	הַקְטִיל	מְקַטֵּל (m)	מְקַטְלִים
–	–	–	–			מְקַטְלָה / מְקַטְלָת (f)	מְקַטְלוֹת
–	–	–	–				(Bøying: § 29)
אֶקְטִלָּה	נִקְטִלָּה	–	–	Infinitiv absolutus:	הַקְטִיל		

Røtene i den første gruppa (## 1–3) har **ס** som første radikal, i den andre gruppa (## 4–6) er første radikalen **ג**. Felles for røtene i den tredje gruppa (## 7–9) er **ל** som andre radikal. Dei to siste gruppene (## 10–12 og 13–15) har enten **ה** eller **ס** som tredje radikal. Det finst fleire grupper enn desse her.

I staden for å omtale desse gruppene som "første radikal er **ס**"-røter, "første radikal er **ג**"-røter, "andre radikal er **ל**"-røter osv., er det blitt vanleg å vise til første, andre eller tredje radikal ved hjelp av radikalane i rota **פעל**. Bokstaven **פ** viser då til første radikal, **ע** viser til andre radikal og **ל** til tredje. Når ein så vil vise til røter med same bokstav som *første* radikal,

begynner ein med פ, sidan פ er første radikal i mønsterrota פעל.<sup>51</sup> I denne samanhengen betyr פ det same som "første radikal". På same måte betyr ע "andre radikal" og ל "tredje radikal". Ved hjelp av פ, ע eller ל kan ein altså omtale grupper av røter med felles første, andre eller tredje radikal. Etter פ, ע eller ל kjem bokstaven som er felles for røtene i gruppa. Viss א er felles første radikal for røtene i gruppa, kjem א etter פ i gruppenamnet med "-teiknet mellom dei for å vise at det ikkje er snakk om eit ord, men ei slags forkorting for "første radikal er א": א"פ-røter. Viss א er felles tredje radikal for røtene i gruppa, kjem א etter ל i gruppenamnet sidan ל viser til tredje radikal: א"ל-røter. I tillegg til gruppene nemnt ovanfor, finst det etter same mønster også י"פ-røter (## 16–18) og י"ע-røter (## 19–21). Ei siste gruppe, ע"ע-røter, er røter der dei to siste radikalane er like (## 22–24).

<u>פ"פ-røter</u>	<u>י"ע-røter</u>	<u>ע"ע-røter</u>
16. ישב	19. שים	22. הלל
17. יצא	20. בין	23. סבב
18. ידע	21. שיר	24. רעע

Røter med *gutturalar* i seg dannar også grupper, alt etter som kva for radikal er guttural. Der første radikal er guttural, heiter dei I. guttural-røter (## 25–27). Der andre radikal er guttural, heiter dei II. guttural-røter (## 28–30). Og der tredje radikal er guttural, heiter dei III. guttural-røter (## 31–33). NB! Det er fem røter som begynner på א som dannar ei eiga gruppe (א"פ-røter, sjå § 24c) fordi dei har fellestrekk som skil dei frå dei andre I. guttural-røtene (sjå § 24b). Det same gjeld alle verb som *sluttar* på א (א"ל-røter). Dei er ikkje vanlege III. guttural-røter. Verb som har lesemora ה som tredje radikal, er heller ikkje III. guttural-røter. Dei kallast ה"ל-røter (## 10–12 ovanfor).

<u>I. guttural-røter</u>	<u>II. guttural-røter</u>	<u>III. guttural-røter</u>
25. היה	28. ראה	31. שמע
26. עשה	29. אהב	32. לקח
27. הלך	30. לחם	33. גבה

<sup>51</sup> Denne rota, som betyr å gjere, vart brukt i mellomaldergrammatikkar som mønsterrot og dannar grunnlag for namna på dei verbstammene utanom *Qal*: *Niphal*, *Pual*, *Hiphil*, ... Den brukast ikkje som mønsterverb i denne eller andre moderne grammatikkar.

Same rota kan høyra til forskjellige grupper. Rota **אשנ**, f.eks., er både ei **פ"ן**-rot og ei **ל"א**-rot. Og **עלה** er både ei **ל"ה**-rot og ei I. guttural-rot.

Rotgruppene som er omtalt her, har verbformer som bryt med mønstra i § 23. Slike røter har gjerne radikalar som ikkje passar med alle vokaltypene, og/eller som forsvinn i skrift/uttale.

Det er vanleg å dele uregelmessige verb inn i to typar: gutturalverb og svake verb. Gutturalverb har ein eller fleire *uttalte* gutturalar (sjå § 13) som radikal(ar) (sjå pkt. b nedanfor). Verb med **א** og/eller **ה** som *ikkje* uttalast, er altså ikkje gutturalverb.

Svake verb har ein "svak" bokstav som ein av radikalane, dvs. ein **א**, **ה**, **ו**, **י** og/eller **נ** som forsvinn i skrift/uttale (sjå pkt. c–i nedanfor). I tillegg kjem verb der siste radikal ofte forsvinn fordi den er den andre av to like konsonantar utan vokal mellom seg på slutten av eit ord (sjå § 12d og pkt. j nedanfor).

Røter med uregelmessige verbformer har også vanlegvis mange regelmessige former. Med andre ord, ei verbrot som høyrer til ei av gruppene nedanfor, er ikkje uregelmessig i absolutt alle former.

## b) Verb med gutturalar (eller **ה**)

Gutturalverb vik av frå regelmessige verbmønster når det gjeld fordobling, i- og o-vokalar og *sjeva* (jf. § 13 ovanfor). Verb med bokstaven **ה** har ein del fellestrekk med gutturalverb.

Innanfor denne gruppa er det praktisk å lage tre inndelingar, alt etter som kva for radikal er guttural. Der første radikal er guttural, snakkar ein om I. guttural-verb. Der andre radikal er guttural, heiter dei II. guttural-verb. Og verb med guttural som tredje radikal er III. guttural-verb. **אפ"ל**-, **ל"ה**- **א"ל**-verb og verbet **הלך** ser ut som gutturalverb fordi dei har ein guttural som éin av radikalane. Og i somme former liknar desse verba gutturalverb. Men fordi gutturalane i desse verba gjerne blir til lesemor eller forsvinn, er dei ikkje rekna som vanlege gutturalverb.

(1) I. guttural-verb (paradigme 2) – eksempel: **היה** å vere, **עשה** å gjere, **ראה** å sjå,

**חזק** å vere sterk, **אהב** å elske.

UNNTAK: Fem verb med **א** som første radikal har fleire former der **א** har blitt lesemor. Desse verba er gjennomgått i § 24c (**אפ"ל**-verb) nedanfor. Første radikal i verbet **הלך** er heilt borte i ein del former, og verbet høyrer derfor saman med **פ"ל**-verb (sjå § 24e). Både **אפ"ל**-verb og verbet **הלך** har likevel enkelte former som liknar I. guttural-verb.

Fordi gutturalar ikkje blir fordobla, er I. guttural-verb uregelmessige der første radikalen vanlegvis er fordobla, f.eks. i *Niphal*-konjugasjonane som bruker imperfektummønsteret (# 1, sjå § 19b). I staden for fordobling skjer det erstatningsforlenging (sjå § 13a2).

		Regelmessig	I. guttural-verb	
1.	<i>Niphal</i> impf.	יִקְטֹל	יִחְשַׁב	han er rekna

I-vokalar blir gjerne til *segål* eller *pataḥ* framfor gutturalar, f.eks. i *Qal* imperfektum (# 2–3), *Niphal* perfektum (# 4, og *Niphal* partisipp!) og *Hiphil* perfektum (# 5).

		Regelmessig	I. guttural-verb	
2.	<i>Qal</i> impf. – hovudmønster	יִקְטֹל	יַעֲמֹד <sup>52</sup>	han stiller seg
3.	<i>Qal</i> impf. – sekundærmønster	יִקְטֹל	יִחַזֵּק	han er sterk
4.	<i>Niphal</i> perfektum	נִקְטַל	נִהַפֵּד	han er rekna
5.	<i>Hiphil</i> perfektum	הִקְטִיל	הִעֲמִיד	han stiller

Der ein på regelmessige former har *sjeva quiescens* eller *mobile* (§ 2g) etter første radikal, har I. guttural-verb ofte ein *ḥatef*-vokal, f.eks. i *Qal* perfektum 2. pers. pl. (# 6), *Qal* perfektum med pronomensuffiks (# 7, sjå § 34a), *Qal*-konjugasjonar som bruker imperfektummønstra (# 8), *Qal* passivt partisipp utanom msg. abs. (# 9), *Niphal* perfektum og partisipp (# 10), *Hiphil* perfektum (# 11), *Hiphil*-konjugasjonar som bruker imperfektummønsteret (# 12) og *Hophal* (# 13). Der vokalen etter *andre* radikal i slike tilfelle vanlegvis er *sjeva mobile*, har første radikal *pataḥ* etter seg, f.eks. *Qal* imperfektum 2. pers. fem. sg. og mask. pl. (# 14).

		Regelmessig	I. guttural-verb	
6.	<i>Qal</i> perfektum 2pl.	קִטְלֹתֶם	עֲבַדְתֶּם	de (m.) tener
7.	<i>Qal</i> perfektum med pronomensf.	קִטְלוּנִי	עֲזַבוּנִי	dei går frå meg
8.	<i>Qal</i> imperfektum	יִקְטֹל	יַעֲבֹר	han kryssar
9.	<i>Qal</i> passivt partisipp mpl. abs.	קִטְלוּלִים	אֲסוּרִים	fanga (mpl.)
10.	<i>Niphal</i> partisipp	נִקְטָל	נֶאֱמָן	påliteleg
11.	<i>Hiphil</i> perfektum	הִקְטִיל	הִחֲזִיק	han grip
12.	<i>Hiphil</i> imperativ	הִקְטִילָהּ	הֲאִזְיֵנָה	lytt! (msg.)
13.	<i>Hophal</i>	יִקְטֹל	יִחָרֵם	han er bannlyst
14.	<i>Qal</i> imperfektum 3mpl.	יִקְטְלוּ	יַעֲמְדוּ	dei stiller seg

<sup>52</sup> A-vokalen etter subjektsprefikset i hovudmønsteret av *Qal* imperfektum er nok opphavleg. Slik sett er det heller snakk om at vokalen her blir ståande framfor gutturalen, heller enn at ein i-vokal har blitt ein a-vokal.



(2) II. guttural-verb (paradigme 3) – Eksempel: **ראה** å sjå, **אהב** å elske, **קרא** å kalle, **לחם** *Niphal*: å krige, **רעה** å gjete.

Det er inga fordobling av andre radikal hos II. guttural-verb (sjå § 13a). Dette fører til uregelmessige former i dei faktitive verbstammene (sjå § 19c–e).<sup>53</sup> Når fordobling manglar, kan vokalen framfor gutturalen bli forlenget – erstatningsforlenging (mest vanleg med א og ר, ## 1–3). Elles er vokalane rundt uendra – virtuell fordobling (stort sett med ה, ח og ע, ## 4–6).

		Regelmessig	II. guttural-verb	
1.	<i>Piel</i> infinitiv cstr.	קִטֵּל	שָׁרַת	å gjere kultteneste
2.	<i>Piel</i> perfektum	קִטְּלוּ	מֵאָנוּ	dei nektar
3.	<i>Pual</i> partisipp	מְקִטֵּל	מִצְרָע	lidande av hudsjukdom
4.	<i>Piel</i> imperativ	קִטֵּל	מֵהָר	skund deg! (msg.)
5.	<i>Piel</i> infinitiv cstr.	קִטֵּל	שַׁחַת	å øydelegge
6.	<i>Piel</i> perfektum	קִטְּלֶתָּ	בְּעֵרָתָּ	du (m.) ryddar ut

Der regelmessige verb har ein i-vokal framfor andre radikal i *Qal* imperativ, kan II. guttural-verb ha ein a-vokal (# 7). I infinitiv constructus med pronomensuffiks har II. guttural-verb i *Qal* ofte ein a-vokal framfor andre radikal der regelmessige verb gjerne har *kamets hatof* (# 8).

		Regelmessig	II. guttural-verb	
7.	<i>Qal</i> imperativ	קִטְּלוּ	שִׁאֲלוּ	be! (mpl.)
8.	<i>Qal</i> infinitiv cstr.	קִטְּלוּ	זִעְפוּ	at han er sint

II. guttural-verb har ofte ein a-vokal etter andre radikal når regelmessige verb har ein o- eller i-vokal der, f.eks. *Qal* imperfektum og imperativ (# 9, men ikkje infinitiv constructus!: # 10), *Niphal* imperfektum (# 11), *Piel* perfektum (# 12) og *Hithpael* imperfektum (# 13).

		Regelmessig	II. guttural-verb	
9.	<i>Qal</i> imperfektum	יִקְטֹל	יִשְׁאֵל	han ber
10.	<i>Qal</i> infinitiv cstr.	קִטֵּל	שִׁאֵל	å be
11.	<i>Niphal</i> imperfektum	יִקְטֹל	יִנְעַץ	han samrødde seg

<sup>53</sup> Det same gjeld passiv *Qal* perfektum (sjå § 19h), f.eks. זָרַק *det blir skvett*.

12.	<i>Piel</i> perfektum	קָטַל	בָּרַךְ	han velsignar
13.	<i>Hithpael</i> imperfektum	יִתְקַטֵּל	יִתְגַּאֵל	han gjer seg urein

I staden for *sjeva* etter andre radikal, har II. guttural-verb ofte *ḥatef pataḥ*, f.eks. i perfektum 3fsg. og 3pl. (# 14) og imperfektum og imperativ 2fsg. og mpl. (# 15).

		Regelmessig	II. guttural-verb	
14.	<i>Qal</i> perfektum 3fsg.	קָטַלָּה	רָאֲתָהּ	ho ser
15.	<i>Qal</i> imperfektum 3mpl.	יִקְטְלוּ	יִצְעֲקוּ	dei skrik

(3) III. guttural-verb (paradigme 4) – Eksempel: אָמַר *å seie*, שָׁמַע *å høyre*, לָקַח *å ta*, גָּבַהּ *å vere høg*.

UNNTAK: Verb med א som tredje radikal (א"ל-verb) er ikkje vanlege III. guttural-verb sidan א er lesemor i dei fleste formene (sjå § 24h). Verb med ה som tredje radikal er berre III. guttural-verb dersom ה er konsonant, og ikkje lesemor. I nemneforma vil ה ha *mappik* i seg (sjå § 1g), f.eks. הִגְבִּיהוּ. Der ה er lesemor, er det heller snakk om א"ל-verb (sjå § 24g).

Ein *pataḥ* kjem som regel inn framfor tredje radikal hos III. guttural-verb når denne radikalen lukkar stavinga.

Denne vokalen blir skriven som *pataḥ furtivum* (sjå § 2b) i pausale former av finite verb (# 1), absolutus-former av partisipp (# 2), *Qal* infinitiv constructus (# 3), infinitiv absolutus (# 4), *Hiphil* (# 5) og *Qal* passivt partisipp – både absolutus og constructus (# 6).

		Regelmessig	III. guttural-verb	
1.	<i>Qal</i> perfektum (pausal)	כָּבַד	שָׁמַע	han høyrer
2.	<i>Piel</i> partisipp msg. abs.	מְקַטֵּל	מְנַצֵּחַ	???
3.	<i>Qal</i> infinitiv cstr.	קָטַל	שָׁמַע	å høyre
4.	<i>Qal</i> infinitiv absolutus	קָטוּל	שָׁמוֹעַ	høyring
5.	<i>Hiphil</i>	הִקְטִיל	הִצְלִיחַ	han får til å lykkast
6.	<i>Qal</i> passivt partisipp msg. cstr.	קָטוּל	יְדוּעַ	kjent (Jes 53,3)

I andre tilfelle erstattar *pataḥ* ein i- eller o-vokal, f. eks. kontekstuelle former av finite verb (# 7), infinitiv constructus utanom *Qal* og *Hiphil* (# 8) og constructus-former av partisipp (# 9, unntak *Qal* passivt partisipp, sjå # 6 ovanfor).

		Regelmessig	III. guttural-verb	
7.	<i>Qal</i> imperfektum	יקטל	ישלח	han sender
8.	<i>Piel</i> infinitiv cstr.	קטל	שלח	å la fare
9.	<i>Qal</i> aktivt partisipp msg. cstr.	קטל	נטע	plantande (Sal 94,9)

III. guttural-verb har *hatef pattaḥ*, og ikkje *sjeva quiescens* eller *mobile*, etter tredje radikal framfor pronomensuffiksa i 2. pers. mask. (sg. og pl., # 10) og subjektssuffikset i 1. pers. pl. når det kjem pronomensuffiks etterpå (# 11). I staden for *sjeva quiescens* etter tredje radikal i perfektum 2. pers. fem. sg., har III. guttural-verb *pattaḥ* (# 12).

		Regelmessig	III. guttural-verb	
10.	<i>Qal</i> imperfektum	קטלך	שמעך	at du (m.) høyrer
11.	<i>Piel</i> infinitiv cstr.	קטלנום	ידענום	vi kjenner dei
12.	<i>Qal</i> perfektum 2fsg.	קטלת	ידעת	du (f.) kjenner

c) א"פ-verb (paradigme 5) – אמר *å seie*, אכל *å ete*, אבד *å gå til grunne*, אבה *å vilje* og אפה *å bake*

Hos dei fem verba ovanfor er første radikal (א) *lesemor* i *Qal* imperfektum (også consecutivum).<sup>54</sup> Hos verbet אהז *å gripe* er første radikal som oftast *lesemor* i *Qal* imperfektum, men ikkje alltid.<sup>55</sup>

Vokalen etter subjektsprefikset er *hålem*.<sup>56</sup> For å unngå to likelydande vokalar rett etter kvarandre, er vokalen i den andre stavinga enten *pattaḥ* (# 1) eller *segål* (# 2, ev. *tsere* i pausale former [# 3], i regelmessige verb er denne vokalen vanlegvis *hålem*).

I 1. pers. sg., der subjektsprefikset er א, blir første radikal vanlegvis borte i skrift også (# 4).

Utanom *Qal* imperfektum, blir א"פ-verb bøygd som I. guttural-verb (sjå § 24b1).

		Regelmessig	א"פ-verb	
1.	<i>Qal</i> imperfektum	יקטל	יאכל	han et

<sup>54</sup> Og i nokre få enkelte tilfelle utanom *Qal*, f.eks. אוקיל *eg ga mat* (*Hiphil* imperf. 1sg. av אכל; Hos 11,4).

<sup>55</sup> Også verba אסף *å samle* og אהב *å elske* har former der første radikal er borte.

<sup>56</sup> Denne vokalen kjem av ein opphavleg lang *a*-lyd (slik mange *å*-ar på norsk kjem av opphavlege lange *a*-ar). Den lange *a*-en oppsto då første radikal (א) vart til *lesemor* og den opphavlege prefiksvokalen (kort *a*) vart forlengt.

2.	<i>Qal</i> imperfektum cons.	וַיִּקְטֹל	וַיֹּאמֶר	og så sa han
3.	<i>Qal</i> imperfektum (pausal)	יִקְטֹלוּ	יֹאבְדוּ	dei går til grunne
4.	<i>Qal</i> imperfektum cons. 1sg.	וְאִקְטֹל	וְאֹמַר	og så sa eg

**d) Opphavlege פ"י-verb (paradigme 6) – יבשׁ å vere tørr, ינק å suge, ישר å vere rett, יטב å vere god, יקץ å vakne, ילל Hiphil: å jamre, ימן Hiphil: å ta til høgre**

Sju verb med י som første radikal (ovanfor) har denne י med i nesten alle formene.<sup>57</sup> Dei andre verba med י som første radikal manglar denne י i fleire av formene (sjå neste punkt).

Uregelmessige former av opphavlege פ"י-verb finst i berre *Qal* og *Hiphil*, og i *Qal* blir dei bøygd etter sekundærmønsteret med ein i-vokal i den andre stavinga i perfektum og ein a-vokal i imperfektum (## 1–2).<sup>58</sup> Perfektumformer i *Qal* er regelmessige. I imperfektum *Qal* blir første radikal til lesemor etter i-vokalen i prefiksstavinga: -יִ > -יְ (# 2, sjå § 12b).

1.	<i>Qal</i> perfektum 3msg.	כָּבַד	יָבֵשׁ	han er tørr
2.	<i>Qal</i> imperfektum 3msg.	יִכְבֵּד	יִיבֵשׁ	han er tørr

I *Hiphil* (perfektum, imperfektum, imperativ, ...) er vokalen etter ה, subjektprefiks eller מ i første stavinga alltid ein lang *tsere* og første radikal er lesemor (# 3). Denne vokalen er ein kontraksjon av ein a-vokal pluss første radikal (-יִ > -יְ, sjå § 12b). I perfektum hadde *Hiphil* opphavleg ein a-vokal i første stavinga (sjå MERKNAD 1 til § 19f).

3.	<i>Hiphil</i> imperativ mpl.	הִקְטִילוּ	הִלְלוּ	jamra (mpl.)!
----	------------------------------	------------	---------	---------------

**e) פ"י-verb (opphavlege פ"י) (paradigme 7) – eksempel: ישב å sitte, יצא å gå ut, ידע å kjenne, הלך å gå<sup>59</sup>**

Dei fleste verba med י som første radikal har fleire former der denne י enten er borte

<sup>57</sup> Verbet יבשׁ i *Hiphil* blir bøygd som eit vanleg פ"י-verb (opphavleg פ"י; sjå punkt d).

<sup>58</sup> Verbet ישר i *Qal* perfektum heiter riktignok יִשָּׂר, men a-vokalen i den andre stavinga kjem nok av at ordet sluttar på ר (sjå § 13b).

<sup>59</sup> Verbet הלך har jo ikkje י som første radikal, men blir bøygd som andre פ"י-verb utanom *Qal* perfektum.

eller erstatta av ך. Grunnen til at ך dukkar opp i fleire former av desse verba, er nok at dei opphavleg hadde denne bokstaven som første radikal.

*Former med ך som første radikal* – Første radikal i ך-verb er ך i *Qal*-konjugasjonar der denne radikalen er første lyden i ordet og det kjem ein full vokal etterpå (perfektum, partisipp og infinitiv absolutus, ## 1–3) og ofte i alle konjugasjonane når verbet har ein a-vokal i den andre stavinga i imperfektum (## 4–5, sjå § 19a). Første radikal er også ך i *Piel* og *Pual* (## 6–7, og av og til i *Hithpael* [# 8]).

Regelmessige former av ך-verb			
1.	<i>Qal</i> perfektum	יָדַעְתִּי	eg kjenner
2.	<i>Qal</i> partisipp	יֹשֵׁבִי	sitjande
3.	<i>Qal</i> infinitiv absolutus	יָדַעַ	kjennskap
4.	<i>Qal</i> impf. (a-vokal i den andre stavinga)	תִּירָא	du (m.) er redd
5.	<i>Qal</i> inf. cstr. (impf.: יִישׁוּן)	לִישׁוֹן	å sove (Fork 5,11)
6.	<i>Piel</i>	יַסֵּד	han etablerer
7.	<i>Pual</i>	יִסְדּוּ	han blir etablert
8.	<i>Hithpael</i>	יִתְיַצֵּב	han stiller seg

*Former utan første radikal* – Første radikal i ך-verb er borte i *Qal*-konjugasjonar som bruker imperfektummønsteret (imperfektum, imperativ og infinitiv constructus) når verbet ikkje har ein a-vokal i den andre stavinga i imperfektum (## 9–11). Men i staden for den vanlege runda vokalen i *Qal* imperfektum (יִקְטֹל), har slike verb ein i-vokal i den andre stavinga (sjå § 19a). Vokalen i den første stavinga (*tseré*) er kanskje ein kontraksjon av den opphavlege prefiksvokalen (kort *a*) og første radikalen (ך, sjå § 12b, jf. *Hiphil* former av opphavlege ך-verb i § 24d).

I infinitiv constructus, blir *f*<sub>2</sub>-nomenendinga ך lagd til slutten av verbet, kanskje for å erstatte den tapte første radikalen. Ein hjelpevokal kjem ofte inn framfor ך for å hindre at ordet sluttar på to konsonantar på rad (sjå § 8a). Denne hjelpevokalen er ikkje nødvendig når siste radikal er ך (# 12), eller når ך ikkje er siste lyden i ordet, som f.eks. når verbet har eit pronomensuffiks til slutt (# 13).

Fordi dei fleste ך-verb blir bøygd på denne måten (utan første radikal), blir første radikal borte i *Qal* imperativ og infinitiv constructus også hos enkelte verb som har ein a-vokal

i imperfektum (## 14–15).

I enkelte verb som mister første radikal (dei fleste med **צ** som andre radikal), er andre radikal fordobla, enten på grunn av ein kvantitetsmetatese<sup>60</sup> eller assimilasjon av første radikal (# 16). Dette fenomenet er ikkje avgrensa til former i *Qal* (# 17).

		פ"י-verb utan første radikal		
9.	<i>Qal</i> imperfektum	יקטל	יצא	han går ut
10.	<i>Qal</i> imperativ	קטל	צא	gå ut! (msg.)
11.	<i>Qal</i> infinitiv constructus	קטל	שבת	å sette seg
12.	<i>Qal</i> infinitiv constructus med <b>א</b> som tredje radikal	קטל	צאת	å gå ut
13.	<i>Qal</i> infinitiv constructus med pronomensuffiks	קטלך	שבתיך	at du sit
14.	<i>Qal</i> imperativ (imperfektum med a-vokal)	כבד	רש	bli arving! (msg.)
15.	<i>Qal</i> infinitiv constructus (imperfektum med a-vokal)	כבד	רשת	å vere arving
16.	<i>Qal</i> (med fordobling av andre radikal)	אקטלך	אצרך	eg formar deg (m.; Jer 1,5)
17.	<i>Niphal</i> (med fordobling av andre radikal)	נקטלו	נצתו	dei blir brent

*Former med ו som første radikal* – Første radikal i פ"י-verb er ו i *Niphal*, *Hiphil* og *Hophal* (## 18–21, og av og til *Hithpael* [# 22]). I *Niphal* perfektum (og partisipp) og *Hiphil* (alle konjugasjonar) blir den opphavlege vokalen i prefiksstavinga (kort *a*) og første radikalen (ו) kontrahert til *hålem*, som regel skriven *plene* med ו<sup>61</sup> (וֹ- > -וֹ- ; ## 18 og 20, sjå § 12b). I *Hophal* blir første radikalen (ו) til lesemor (*sjorek*) etter vokalen i prefiksstavinga (kort *o*, # 21, sjå § 12b).

		Former av פ"י-verb med ו som første radikal		
18.	<i>Niphal</i> perfektum	נקטל	נודע	han blir kjent

<sup>60</sup> Ifølgje § 12a er metatese ei omstilling av språklydar. I ein kvantitetsmetatese er det berre *kvantiteten* (kort/lang) på to lydar som byter plass. Etter at vokalen i prefiksstavinga og første radikal (ו eller ו) i desse spesielle פ"י-verb har blitt til ein lang vokal (enten gjennom bortfall eller kontraksjon, sjå § 12b), byter denne lange vokalen kvantitet med andre radikal, som er kort, slik at vokalen blir kort og konsonanten blir lang (fordobla).

<sup>61</sup> Men av og til *defekt*. Jf. הדות *Hiphil* inf. cstr. av דה.

19.	<i>Niphal</i> imperfektum	יִקְטֹל	יִוָּלֵד	han blir født
20.	<i>Hiphil</i> perfektum	הִקְטִיל	הוֹלִיד	han blir far til ...
21.	<i>Hophal</i> perfektum	הִקְטִיל	הוֹרֵד	han blir ført ned
22.	<i>Hithpael</i> perfektum	הִתְקַטֵּל	הִתְוַדָּה <sup>62</sup>	han vedkjenner

Verbet יִכֹּל er defektivt: I perfektum blir det bøygdt i *Qal* (יִכְלוּ), men i imperfektum brukast *Hophal*-mønsteret (יִוָּכֵל) med same betydning som *Qal*: å kunne, klare, vere i stand til. I leksikonet er det vanleg å finne desse *Hophal*-formene under *Qal*.

**f) ׀׀-verb (paradigme 8) – נתן å gi, נשא å løfte, נכה *Hiphil*: å slå, לקח å ta<sup>63</sup>**

Når første radikal i eit verb er ׀, kan den bli assimilert til andre radikal når det ikkje er nokon vokal mellom dei (§ 12c). Første radikal er i tillegg borte (ikkje berre assimilert) i fleire former av slike verb.

*Former der første radikal er assimilert* – Første radikal i ׀׀-verb er som regel assimilert til andre radikal når det ikkje er nokon vokal mellom dei, dvs. i *Qal* imperfektum (# 1), *Niphal* perfektum, partisipp (og infinitiv absolutus, # 2), *Hiphil* (# 3) og *Hophal* (# 4, for *kibbots*, sjå § 10c).

		׀׀-verb med assimilert første radikal		
1.	<i>Qal</i> imperfektum	יִקְטֹל	יִפֹּל	han fell
2.	<i>Niphal</i> partisipp	נִקְטָל	נִצָּב	stående
3.	<i>Hiphil</i> perfektum	הִקְטִיל	הִגִּיד	han kunngjer
4.	<i>Hophal</i> imperfektum	יִקְטֹל	יִגֵּד	det blir kunngjort

*Former der første radikal ikkje er assimilert* – Første radikal er ikkje assimilert i *Qal*, *Niphal*, *Hiphil* eller *Hophal* når andre radikal er gutturalane ׀, הֵ eller ׀ (# 5). Den er heller ikkje assimilert i *Hiphil* eller *Hophal* når andre radikal er gutturalen ׀ (# 6). ׀׀-verb i *Qal* imperfektum med ׀ eller ׀ som andre radikal har former med og utan assimilasjon (# 7). Og i

<sup>62</sup> Dette verbet (ידה) er også eit הֵ׀-verb og sluttar derfor på הֵ׀- i perfektum utan subjektssuffiks (sjå § 24g).

<sup>63</sup> Verbet לקח har jo ikkje ׀ som første radikal, men blir bøygdt som andre ׀׀-verb, kanskje på grunn av dets antonym נתן å gi.

*Qal* infinitiv constructus med preposisjonane -בְּ, -כִּי eller -לְ framfor, er første radikal ikkje assimilert i former med ein runda vokal etter andre radikal (# 8).

		פ"פ-verb der første radikal <i>ikkje</i> er assimilert		
5.	<i>Qal</i> imperfektum consecutivum	וִיכַבֵּד	וַיִּנְהַג	og så dreiv han vekk
6.	<i>Hiphil</i> infinitiv constructus	הַקָּטִיל	הִנְחִיל	å gi i arv
7.	<i>Qal</i> imperfektum (consecutivum)	יִכַבֵּד	תִּחַת	ho går inn (Ordt 17,10, jf. וַתִּנְחַת [Sal 38,3])
8.	Preposisjonen -בְּ, -כִּי eller -לְ + <i>Qal</i> inf. cstr. med runda vokal etter andre radikal	בְּקָטַל	בְּנָפַל	når ... fell

*Former utan første radikal* – Første radikal er ofte borte hos verb i *Qal* imperativ og infinitiv constructus når imperfektum har ein a- eller i-vokal etter andre radikal (## 9–13; dette gjeld ikkje פ"פ-verb som også er ל"ה-verb). I infinitiv constructus, blir f<sub>2</sub>-nomenendinga ת lagd til slutten av slike former, kanskje for å erstatte den tapte første radikalen (## 10–13), og ein hjelpevokal kjem ofte inn framfor ת for å hindre at ordet sluttar på to konsonantar på rad (# 10, sjå § 8a). Denne hjelpevokalen er ikkje nødvendig når tredje radikal er ein assimilert נ (# 11), ein נ (# 12) eller når ת ikkje er siste lyden i ordet, som f.eks. når verbet har eit pronomensuffiks til slutt (# 13).

		Former av פ"פ-verb utan første radikal		
9.	<i>Qal</i> imperativ mpl.	קָטְלוּ	תָּנוּ	gi! (jf. impf. יִתְּנוּ)
10.	<i>Qal</i> infinitiv constructus	כָּבַד	גָּשַׁת	å komme nær
11.	<i>Qal</i> infinitiv constructus	כָּבַד	תַּת	å gi (נתן)
12.	<i>Qal</i> infinitiv constructus	כָּבַד	שָׂאת	å løfte
13.	<i>Qal</i> infinitiv constructus med pronomensuffiks	קָטְלֶם	גָּשְׁתֶּם	det at dei kjem nær

Verbet נתן er det einaste פ"פ-verb med ein i-vokal i den andre stavinga i imperfektum: יִתְּנוּ. I infinitiv constructus blir tredje radikal assimilert til f<sub>2</sub>-nomenendinga ת, f.eks. (med pronomensuffiks i 1sg.): תִּתֵּנִי. Når denne fordobla ת står til slutt i ordet, blir den til ein enkel



konsonant (sjå § 12d), og i-vokalen skrivast som *tsere* (sjå § 10e): תָּת.

**g) ה"ל-verb (paradigme 9) – היה å bli/skje/vere, עשה å gjere/lage, ראה å sjå, עלה å stige oppover**

Sjølv om ה"ל-verb har tre radikalar slik som alle andre verb, har dei berre to konsonantar i rota. Den tredje radikalen (ה) fungerer som lesemor. Opphavleg var tredje radikal י (ev. ו), noko ein kan sjå spor av i bøyinga, og som dukkar opp i sjeldne former. Etter andre radikal, er dei enkelte konjugasjonsformene (perfektum 3msg., imperfektum 1pl., imperativ mpl., ...) stort sett like i alle verbstammer.

I **perfektum** 3msg. har ה"ל-verb הִ- etter andre radikal (# 1, sjå § 12b om bortfall av י). Når verbet har eit pronomensuffiks i 2m., sluttar det på andre radikal (# 2).

Subjektssuffikset i 3fsg. kjem også rett på andre radikal og heiter הִתְ- (# 3, dette er f<sub>2</sub>-nomenendinga [ת] og f<sub>1</sub>-nomenendinga [הִתְ-] lagde på 3msg.-forma). Med pronomensuffiks er subjektssuffikset i 3fsg. berre -תְ- (# 4).

Mellom andre radikal og subjektssuffiksa som vanlegvis begynner på konsonant (2. og 1. person), har ה"ל-verb i perfektum ein *plene*-skrivne i-vokal: *hirek* (-יִ-) eller *tsere* (-יִ-). Passive verbstammer (*Niphal*, *Pual* og *Hophal*) har nesten alltid *tsere* (# 5; kontraksjon av a-vokal pluss י: -יִ- > -יִ- [§ 12b]). Ikkje-passive stammer (*Qal*, *Piel*, *Hiphil* og *Hithpael*) kan alltid ha *hirek* (# 6; i-vokal pluss י: -יִ- > -יִ- [§ 12b]), som er vanlegast, men *tsere* er også brukt ein del gonger (# 7). Størst variasjon ser ein i *Hiphil* og *Hithpael*.

Subjektssuffikset i 3pl. (י-) kjem rett på andre radikal (# 8).

1.	<i>Qal</i> perfektum 3msg.	קָטַל	עָשָׂה	han gjer/lagar
2.	<i>Piel</i> perfektum 3msg. + pron.sf. 2msg.	קָטַלְךָ	צִוְךָ	han befaler deg
3.	<i>Qal</i> perfektum 3fsg.	קָטְלָהּ	הִתְהַ	ho blir/skjer
4.	<i>Qal</i> perfektum 3fsg. + pron.sf. 1sg.	קָטַלְתָּנִי	עָשָׂתָּנִי (Job 33,4)	ho gjer/lagar meg
5.	<i>Pual</i> perfektum 1sg.	קָטַלְתִּי	צִוִּיתִי	eg blir befalt
6.	<i>Qal</i> perfektum 2msg.	קָטַלְתָּ	עָשִׂיתָ	du gjer/lagar
7.	<i>Hiphil</i> perfektum 1sg.	הִקְטַלְתִּי	הִרְבִּיתִי	eg aukar
8.	<i>Qal</i> perfektum 3pl.	קָטְלוּ	הָיוּ	dei blir/skjer

I **imperfektum** har verbformene utan subjektssuffiks ein *plene*-skrivne *segål* (הִיָּ) rett etter andre radikal (# 9; kontraksjon av a-vokal pluss י: -יָ- > -יָ-?). Når det kjem eit pronomensuffiks i 2m. like etterpå, er det ingen *segål* (# 10).

Suffiksa i 2fsg. (יָ-) og mpl. (י-) kjem rett på andre radikal (# 11).

Mellom andre radikal og subjektssuffikset i fpl. (נָ-), har הִלְ-verb i imperfektum ein *plene*-skrivne *segål* (-יָ-; # 12; kontraksjon av a-vokal pluss י: -יָ- > -יָ- [§ 12b]).

9.	<i>Qal</i> imperfektum 3msg.	יְקַטֵּל	יְהִי	han blir/skjer
10.	<i>Hiphil</i> imperfektum 3msg. + pron.sf. 2msg.	יְקַטִּילְךָ	יִרְפֶּךָ	han sviktar deg
11.	<i>Qal</i> imperfektum 3mpl.	יְקַטְלוּ	יְהִיוּ	dei blir/skjer
12.	<i>Qal</i> imperfektum fpl.	תְּקַטְלֵנָה	תְּהִינָה	dei/de (f.) blir/skjer

I **imperativ** msg. er siste vokal *tsere* (הִיָּ-) i staden for *segål* i imperfektum (# 13).

13.	<i>Qal</i> imperativ msg.	קַטֵּל	רֵא	sjå (msg.)!
-----	---------------------------	--------	-----	-------------

I **imperfektum consecutivum** og **jussiv** (og av og til i imperativ) pleier הִלְ-verb utan subjektssuffiks å slutte på andre radikal. Det heiter at slike kortformer er *apokopert* (lat. "avhogd"). Viss verbet på denne måten skulle ende opp med to konsonantar på rad til slutt, er det sjeldan at ordet står utan andre vokal- og konsonantendringar i tillegg (# 14). Vokalen etter subjektsprefikset i *Qal* (vanlegvis *hirek*) kan bli til *tsere* (# 15), og den fordobla andre radikal i faktitive verb (sjå § 19c–e) blir til ein enkel konsonant (# 16). Den vanlegaste vokalendringa i apokoperte former er likevel at ein hjelpevokal (vanlegvis *segål*) kjem inn mellom første og andre radikal (sjå § 8a, # 17). Når éin av eller begge radikalane er ein guttural, er den ekstra vokalen vanlegvis *pataḥ* (# 18). Apokoperte former av הִיהַ og הִיהַ manglar vokal etter subjektsprefikset og sluttar på ein *plene*-skrivne *hirek* (# 19). Verbet רֵא i *Qal* imperfektum consecutivum 3msg. har *pataḥ* etter subjektssuffikset og ingen vokal etter første radikal (# 20). Det finst også apokoperte former av הִלְ-verb utanom imperfektum consecutivum, jussiv og imperativ.

14.	<i>Hiphil</i> imperfektum consecutivum 3msg.	וַיְקַטֵּל	וַיִּשְׁקֶךָ	og så lét han deg drikke
15.	<i>Qal</i> imperfektum consecutivum 3msg.	וַיְקַטֵּל	וַיִּבֶדְךָ	og så gret han

16.	<i>Piel</i> imperativ msg.	קָטַל	צוּ	befal (msg.)!
17.	<i>Qal</i> imperfektum consecutivum 3msg.	וַיִּקְטַל	וַיִּבֶן	og så bygde han
18.	<i>Qal</i> imperfektum consecutivum 3msg.	וַיִּקְטַל	וַיַּחַר	og så brann han
19.	<i>Qal</i> jussiv 3msg.	יִקְטַל	יְהִי	måtte han bli/skje!
20.	<i>Qal</i> imperfektum consecutivum 3msg.	וַיִּקְטַל	וַיִּרְאֵ	og så såg han

I **infinitiv constructus** har ל"ה-verb וְ- etter andre radikal i alle verbstammer (# 21–22). **Infinitiv absolutus**-formene av ל"ה-verb er stort sett regelmessige. Men i *Qal* kan siste radikal bli bytt ut med וּ (# 23). Den opphavlege forma av verbet רָבָה i *Hiphil* infinitiv absolutus (הִרְבָּה) har blitt eit adverb (*mykje, stort*). Det er kanskje derfor infinitiv absolutus-forma no heiter הִרְבָּה.

21.	<i>Qal</i> infinitiv constructus	קָטַל	עֲשׂוֹת	å gjere/lage
22.	<i>Hiphil</i> infinitiv constructus	הִקְטִיל	הִעֲלֹת	å føre oppover
23.	<i>Qal</i> infinitiv absolutus	קָטַל	עָשׂוּ	gjering/laging

I aktivt **partisipp** *Qal* og partisipp av *kebedim*-stammene sluttar ל"ה-verb på הֹ- i msg. abs. (# 24) og הֹ- i msg. cstr. (# 25). Dei andre nomenendingane i partisipp blir lagde direkte til andre radikal (## 26–27). I passivt partisipp *Qal* er den opphavlege tredje radikal (\*) framleis til stades, og formene er regelmessige (# 28).

24.	<i>Qal</i> aktivt partisipp msg. abs.	קָטַל	עֹשֶׂה	gjerande/lagande
25.	<i>Hiphil</i> partisipp msg. cstr.	מִקְטִיל	מַעֲלֶה	førande oppover
26.	<i>Qal</i> aktivt partisipp mpl. abs.	קֹטְלִים	עֹשִׂים	gjerande/lagande (mpl.)
27.	<i>Qal</i> aktivt partisipp fpl.	קֹטְלוֹת	רֹאוֹת	sjåande (fpl.)
28.	<i>Qal</i> passivt partisipp fsg. abs.	קְטוּלָה	נְטוּיָה	utstrakt

I *Qal* perfektum 3msg. blir verbet חָיָה å leve ofte bøygd som eit ע"ע-verb (sjå § 24j).

**h) א"ל-verb (paradigme 10) – אָרָא å rope/kalle/lese, נִשָּׂא å løfte/bera, מָלֵא å vere full**

א"ל-verb har א as tredje radikal. Grunnen til at slike verb ikkje er rekna blant III. guttural-verb (§ 24b3), er at א er *lesemor* og ikkje konsonant i mange av desse formene. א"ל-verb har ofte litt andre vokalar enn dei ein vanlegvis finn i regelmessige verb.

Der tredje radikal i dei fleste andre verbtypar lukkar ei staving med kort eller lang vokal, er siste radikal i א"ל-verb som regel lesemor for ein lang vokal. Når denne stavinga er sist i ordet, er ein a-vokal *kamets* i staden for *pataḥ* (## 1–2; i-vokalane er *tsere* og *hirek* som vanleg). I *Qal* perfektum, framfor subjektssuffiks som begynner på konsonant (2. og 1. person), er denne lange vokalen enten *kamets* (hovudmønster, # 3) eller *tsere* (sekundærmønster, # 4). I tilsvarende perfektumformer hos *kebedim*-stammene er vokalen som regel *tsere* (## 5–6). Framfor pronomensuffiks i 2. person maskulinum er א konsonant, men i staden for *sjeva quiescens*, har den *ḥatef pataḥ*, slik som III. guttural-verb (# 7).

1.	<i>Qal</i> imperfektum 3msg.	יִכְבֵּד	יִטְמֵא	han er urein
2.	<i>Niphal</i> perfektum 3msg.	נִקְטָל	נִקְרָא	han blir kalla
3.	<i>Qal</i> perfektum 1pl.	קִטְלָנוּ	חָטְאָנוּ	vi syndar
4.	<i>Qal</i> perfektum 1sg.	כָּבַדְתִּי	שָׁנְאַתִּי	eg hatar
5.	<i>Piel</i> perfektum 1sg.	קִטְלִיתִי	קִנְאַתִּי	eg viser brennande iver
6.	<i>Niphal</i> perfektum 2fsg.	נִקְטַלְתְּ	נִטְמַאתְּ	du (f.) gjer deg urein
7.	<i>Qal</i> perfektum 3msg. + pron.sf. 2msg.	קִטְלֶהָ	נִשְׂאֶהָ	han løfter deg

I *Qal* imperfektum har א"ל-verb vanlegvis ein a-vokal i den andre stavinga – også dei med hovudmønster i perfektum (# 8). Dette a-mønsteret blir også brukt i imperativ msg. *Qal* (# 9), men infinitiv constructus har vanlegvis ein runda vokal i den andre stavinga (# 10). א"ל-verb i imperfektum femininum pluralis sluttar på אָנָהּ- (ofte stava אָנָּהּ-) i alle verbstammene (## 11–12).

8.	<i>Qal</i> imperfektum 3msg.	יִקְטָל	יִקְרָא (perf.: קָרָא)	han kallar
9.	<i>Qal</i> imperativ msg.	קְטַל	קְרָא	kall (msg.)!
10.	<i>Qal</i> infinitiv constructus	קָטַל	קָרָא	å kalle
11.	<i>Qal</i> imperfektum fpl.	תִּקְטְלֶנָּהּ	תִּקְרְאֶנָּהּ	dei/de (f.) kallar

12.	<i>Piel</i> imperfektum fpl.	תִּקְטְלֶנָּה	תִּמְלֶאנָּה	dei/de (f.) fyller
-----	------------------------------	---------------	--------------	--------------------

ל"ה-verb i imperfektum (og imperativ) fpl. har same vokal etter andre radikal som ל"ה-verb, jf. תִּקְרְאֶנָּה og תִּהְיֶינָּה. Dette og andre likskapar med ל"ה-verb heng kanskje saman med at når א er lesemor, blir ל"ה-verb ofte uttalt som ל"ה-verb. Det finst i tillegg andre, meir sporadiske tilfelle der ל"ה-verb blir bøygd som ל"ה-verb, f.eks. former i infinitiv constructus som sluttar på *-at* (תִּאֲתֹ-/תִּאֲתֹ-/-תִּאֲתֹ-, jf. גִּלְוֹת). Av og til fell tredje radikalen i ל"ה-verb bort (slik som i ל"ה-verb), f.eks. נִשְׂיִם (*Qal* aktivt partisipp mpl. abs. av נִשְׂא).

i) ל"ה-verb (paradigme 11) – בּוֹא *å komme inn*, שׁוֹב *å vende tilbake*, מוֹת *å vere død/døy*, קוֹם *å reise seg*, שִׁים *å sette*

ל"ה-verb har i likskap med ל"ה-verb berre to konsonantar i rota. Der andre radikal (י eller י) er synleg i desse verba, er den som regel lesemor.<sup>64</sup> På grunn av dette består slike verb vanlegvis av berre éi staving, pluss eventuelle pre- og suffiks. Vokalen i denne stavinga er som regel av same type (a-, i- eller o-vokal, sjå § 5) som vokalen mellom andre og tredje radikal i regelmessige former, jf. f.eks. *Qal* perfektum 3msg. קָם (a-vokal) og קָטַל (a-vokal mellom andre og tredje radikal). Nemneforma for ל"ה-verb er *Qal* infinitiv constructus, og ikkje *Qal* perfektum 3msg. slik som med andre verb.

I *Qal* perfektum manglar dei fleste ל"ה-verb andre radikal. Formene består av éi staving, pluss eventuelt subjektssuffiks. Mellom første og tredje radikal er det nesten alltid ein utbyttbar a-vokal (## 1–2). Verbet מוֹת har ein utbyttbar i-vokal (# 3, jf. i-vokalen i mønsterverbet פָּבַד) som blir til *pataḥ* framfor to konsonantar (# 4, jf. § 10a). Tre ל"ה-verb har vanlegvis ein runda vokal i *Qal* perfektum: בּוֹשׁ *å skamme seg*, טוֹב *å vere god* og אֹר *å vere lys/lysne* (## 5–6, jf. den runda vokalen i mønsterverbet קָטַן).

1.	<i>Qal</i> perfektum 3msg.	קָטַל	בָּא	han kjem inn
2.	<i>Qal</i> perfektum 1sg.	קָטַלְתִּי	שָׂמַתִּי	eg set
3.	<i>Qal</i> perfektum 3msg.	פָּבַד	מָת	han er død

<sup>64</sup> Somme meiner at andre radikal i desse verba ein gong var konsonant. Andre meiner at desse verba alltid har hatt berre to konsonantar, og kallar dei derfor for "hole verb".

4.	<i>Qal</i> perfektum 1pl.	מָתוּנוּ	כָּבַדְנוּ	vi er døde
5.	<i>Qal</i> perfektum 3msg.	טוֹב	קָטוֹן	han er god
6.	<i>Qal</i> perfektum 1pl.	בְּשָׁנוּ	קָטַנּוּ	vi skammer oss

י"ע-verb i *Qal imperfektum* har vanlegvis *kamets* etter subjektsprefikset<sup>65</sup> og ein o-vokal (med י"ע-verb) eller i-vokal (med י"ע-verb) etter første radikal. Denne vokalen er ofte skriven *plene* med andre radikal som lesemor (## 7–8), men den skrivast også *defekt* (# 9). Verbet בּוֹשֵׁת i imperfektum har *tsere* etter subjektsprefikset og *hålem* etter første radikal (# 10).<sup>66</sup> I fem.pl. er det ofte ein hjelpevokal (-[י]ֹ-) mellom tredje radikal og subjektssuffikset (# 11). Utan denne hjelpevokalen, blir vokalen etter første radikal vanlegvis kort (# 12).

7.	<i>Qal</i> imperfektum 3msg.	יָמֹת	יָקֹטֵל	han er død/døyr
8.	<i>Qal</i> imperfektum 1sg.	אֲשִׁים	אֲתִין	eg set
9.	<i>Qal</i> imperfektum 3mpl.	יָמָתוּ	יָקֹטְלוּ	dei er døde/døyr
10.	<i>Qal</i> imperfektum 3mpl.	יִבְשׂוּ	יִקְטְנוּ	dei skammer seg
11.	<i>Qal</i> imperfektum 2fpl.	תִּשְׁבְּינָה	תִּקְטְלֵנָה	de (f.) vender tilbake (Esek 16,55)
12.	<i>Qal</i> imperfektum 3fpl.	תִּשְׁבְּנָה	תִּקְטְלֵנָה	dei (f.) vender tilbake (Esek 35,9)

I *Qal imperfektum consecutivum* og *jussiv* pleier י"ע-verb utan subjektssuffiks å ha kort vokal etter første radikal. י"ע-verb har *kamets hatof* etter første radikal i imperfektum consecutivum<sup>67</sup> (# 13) og *hålem* i jussiv (# 14). י"ע-verb har *segål* etter første radikal i imperfektum consecutivum (# 15) og *tsere* i jussiv (# 16). I imperfektum consecutivum er prefiksstavinga trykk tung. Sjå nedanfor om *Hiphil*. Det finst også tilfelle av י"ע-verb med kort vokal utanom imperfektum consecutivum og jussiv.

<sup>65</sup> Dei fleste verba med *hirek* etter subjektsprefikset hadde nok opphavleg ein a-vokal etter subjektsprefikset. Denne a-vokalen vart seinare hos dei fleste verba til *hirek* i lukka, trykklett staving (sjå § 10b). I י"ע-verb er denne a-vokalen i ei open, trykklett staving framfor ei trykk tung staving (pretonisk) og er blitt lang (sjå § 8b). Viss neste stavinga *ikkje* er trykk tung, er prefiksvokalen redusert.

<sup>66</sup> *Tsere*-en er den opphavlege i-vokalen frå sekundærmønsteret (sjå § 19a) i ei open, trykklett staving. *Hålem* i den andre stavinga kjem av ein opphavleg lang a-vokal (jf. sekundærmønsteret, § 19a) som etter kvart vart rund (jf. *aa* [lang *a*] > *å* på norsk).

<sup>67</sup> Pausale former i imperfektum consecutivum har *hålem* i staden for *kamets hatof*.

13.	<i>Qal</i> imperfektum consecutivum 3msg.	וַיָּשָׁב	וַיִּקְטֹל	og så vendte han tilbake
14.	<i>Qal</i> jussiv 3msg.	יָשָׁב	יִקְטֹל	måtte han vende tilbake
15.	<i>Qal</i> imperfektum consecutivum 3msg.	וַיָּשֶׂם	וַיִּתֵּן	og så sette han
16.	<i>Qal</i> jussiv 3msg.	יָשֶׂם	יִתֵּן	måtte han sette

***Qal* imperativ** og **infinitiv constructus** av ע"ו-verb står i forhold til imperfektummønstra på same måte som regelmessige verbformer. Det vil seie at dei er like imperfektum, minus subjektsprefiks (## 17–18). Verbet שים skil seg ut på den måten at sjølv om det har ein i-vokal i imperfektum (og imperativ; שים/ישים), har det nesten alltid ein o-vokal i infinitiv constructus (# 19). Former i **infinitiv absolutus** skrivast vanlegvis med *hålem* (# 20, jf. regelmessige former).

17.	<i>Qal</i> imperativ msg.	קָטֹל	קוּם	reis deg (m.)!
18.	<i>Qal</i> infinitiv constructus	קָטֹל	שׁוּב	å vende tilbake
19.	<i>Qal</i> infinitiv constructus	קָטֹל	שׁוּם	å sette
20.	<i>Qal</i> infinitiv absolutus	קָטוּל	מוֹת	døden

ע"ו-verb i ***Qal* aktivt partisipp** har ikkje den karakteristiske *hålem* etter første radikal som ein finn i dei fleste andre verb. Dei har heller same mønsteret som perfektumformene, men er bøygd som nomen (jf. partisipp av regelmessige verb i *Qal* som bruker sekundærmønsteret i imperfektum [sjå §§ 19a og 23a] og partisipp av regelmessige verb i *Niphal* [sjå §§ 19b og 23a]). Dette vil seia at dei fleste ע"ו-verb i *Qal* aktivt partisipp har ein *kamets* mellom første og tredje radikal (## 21–22). Verbet מות (og עור) har i likskap med perfektummønsteret ein *tsere* (# 23), og בוש, טוב og אור har *hålem* (# 24). I ***Qal* passivt partisipp** har ע"ו-verb vanlegvis den same o-vokalen (*sjorek* eller *kibbots*) som regelmessige verb har etter andre radikal (# 25).

21.	<i>Qal</i> aktivt partisipp fsg. cstr.	קָטֹל	זָבַת	flytande (זוב)
22.	<i>Qal</i> aktivt partisipp msg.	קָטֹל	שָׂם	settande (שים)
23.	<i>Qal</i> aktivt partisipp msg.	קָטֹל	מֵת	død/døyande (מות)
24.	<i>Qal</i> aktivt partisipp mpl. abs.	קָטֹל	בוֹשִׁים	skammande seg (בוש)

25.	<i>Qal</i> passivt partisipp mpl. abs.	קָטוּל	מוּל	omskoren (מוּל; Jer 9,24)
-----	--	--------	------	---------------------------

I *Niphal* perfektum har ״ע״ו-verb *kamets* etter den prefigerte ך (i staden for *hirek*) så lenge stavinga er pretonisk, elles har dei *sjeva*.<sup>68</sup> Etter første radikal kjem *hålem* (## 26–27).<sup>69</sup> Framfor subjektssuffiks som begynner på konsonant (2. og 1. person), er det vanlegvis ein bindevokal (-[ׁ]-) etter tredje radikal (## 27–28). Når vokalen etter første radikal er trykklett, kan den bli til *sjorek* eller *kibbots* (# 28, sjå § 10d).

26.	<i>Niphal</i> perfektum 3pl.	נִקְטְלוּ	נִפְצוּ	dei breier seg ut
27.	<i>Niphal</i> perfektum 2mpl.	נִקְטְלֶתֶם	נִקְטְתֶם	de kjenner avsky for dykk sjølve
28.	<i>Niphal</i> perfektum 1sg.	נִקְטַלְתִּי	נִפְגַּזְתִּי	eg er kraftlaus (Sal 38,9)

I *Niphal* imperfektum har ״ע״ו-verb *hirek* etter subjektsprefikset og fordobling av første radikal som vanleg, men også her har dei *hålem* etter første radikal (# 29). Imperativ og infinitiv constructus av ״ע״ו-verb i *Niphal* står i forhold til imperfektummønsteret på same måte som regelmessige verbformer. Det vil seie at dei er like imperfektum, men med ה i staden for subjektsprefiks (## 30–31).

29.	<i>Niphal</i> imperfektum 3msg.	יִקְטֹל	יִמּוּט	han vaklar
30.	<i>Niphal</i> imperativ msg.	הִקְטֹל	הִבּוֹן	stå fast (msg.)!
31.	<i>Niphal</i> infinitiv constructus	הִקְטֹל	הַמוּל	å bli omskoren

Partisipp liknar perfektum som vanleg (# 32), og former i infinitiv absolutus skrivast vanlegvis med *hålem* etter første radikal (## 33–34).

32.	<i>Niphal</i> partisipp msg.	נִקְטֵל	נִבּוֹן	gjort fast
33.	<i>Niphal</i> infinitiv absolutus	הִקְטוּל	הַמוּל	omskjering
34.	<i>Niphal</i> infinitiv absolutus	נִקְטוּל	נִסּוּג	tilbakeviking (Jes 59,13)

״ע״ו-verb blir som regel ikkje bøygd i dei faktitive verbstammene *Piel*, *Pual* eller

<sup>68</sup> Ifølgje § 19b var denne *hirek* opphavleg ein a-vokal. Her i *Niphal* av ״ע״ו-verb er denne a-vokalen lang i ei *pretonisk*, open og trykklett staving, men redusert i ei open, trykklett staving som ikkje er pretonisk (sjå § 8b).

<sup>69</sup> Kanskje ein forlengt a-vokal som vart til *å*?



**Hithpael** slik ein kjenner dei hos regelmessige verb. Unntaka er få og regelmessige, bortsett frå at ם som regel brukast som andre radikal (sjølv når rota har ו), f.eks. קיים (Piel inf. cstr. av קום).

Det finst likevel mange former av ם-verb med faktitiv betydning og ei slags dobling i rota. Men til forskjell frå Piel, Pual og Hithpael, er det heller tredje radikal som dukkar opp to gonger, og med ein vokal i mellom. Verbstammene heiter **Polel**, **Polal** og **Hithpolel** og tilsvarer Piel, Pual og Hithpael i funksjon (dvs. dei er faktitive verbstammer – aktiv, passiv og medium). I alle tre finn ein vanlegvis *hålem* etter første radikal. Polel og Hithpolel har i utgangspunktet ein i-vokal mellom dei to like konsonantane (## 35, 39, 41 og 45), men framfor to konsonantar er den *patah* (# 36, sjå § 10a) og i trykklett, open staving er den redusert (## 37, 40, 42–43, sjå § 8b). Polal har alltid ein a-vokal mellom dei to like konsonantane (## 38 og 44). Etter subjektsprefiks i Polel og Polal imperfektum kjem ein redusert vokal (# 37). Imperativ, infinitiv og partisipp er like imperfektum, men enten utan subjektsprefiks (Polel imperativ og infinitiv constructus, ## 40–41), med ה i staden for subjektsprefiks (Hithpolel imperativ, # 42) eller med ם i staden for subjektsprefiks (Polel, Polal og Hithpolel partisipp, ## 43–45).

35.	Polel perfektum 3msg.	קטל (Piel)	כונן	han gjer fast
36.	Polel perfektum 2msg.	קטלת (Piel)	כוננת	du gjer fast
37.	Polel imperfektum 3msg. + pron.sf. 3fsg.	יקטלה (Piel)	יכוננה	han gjer henne fast
38.	Polal perfektum 1sg.	קטלתי (Pual)	חוללתי <sup>70</sup>	eg vart fødd
39.	Hithpolel imperfektum 1sg.	אתקטל (Hithpael)	אתבונן	eg skjønner
40.	Polel imperativ mpl.	קטלו (Piel)	רוממו	opphøg (mpl.)!
41.	Polel infinitiv constructus	קטל (Piel)	מותת	å drepe (Sal 109,16)
42.	Hithpolel imperativ	התקטלו (Hithpael)	התבוננו	tenk på (mpl.)!
43.	Polel partisipp mpl. abs.	מקטלים (Piel)	משררים	syngande
44.	Polal partisipp	מקטל (Pual)	מרום	opphøgt (Neh 9,5)
45.	Hithpolel partisipp	מתקטל (Hithpael)	מתחולל	kvervande

ם-verb i **Hiphil** perfektum har vanlegvis *tsere* etter den prefigerte ה (i staden for *hirek*) – så lenge stavinga er pretonisk (= like framfor den trykkunge stavinga, ## 46 og 49),<sup>71</sup>

<sup>70</sup> Dette er ei pausal form, elles hadde nok a-vokalen i den andre stavinga vore *patah*.

<sup>71</sup> Jf. *tsere* etter ה i **Hiphil** perfektum av opphavlege ם-verb.

elles har dei *hatef patah* (ev. *hatef segal* eller vanleg *patah*) etter ה (## 47–48).<sup>72</sup> Etter første radikal kjem ein lang *hirek* (## 46–47). Framfor subjektssuffiks som begynner på konsonant (2. og 1. person), er det vanlegvis ein bindevokal (-[ו]-) etter tredje radikal (## 47–48). Når vokalen etter første radikal ikkje er pretonisk, kan den bli til *tsere* (# 48). Former i 2. og 1. person som manglar bindevokal, har som regel *patah* etter første radikal (# 49).

46.	<i>Hiphil</i> perfektum 3pl.	הַקְטִילוּ	הִבִּיאוּ	dei fører inn
47.	<i>Hiphil</i> perfektum 1sg.	הַקְטִלְתִּי	הִקְמֹתִי	eg reiser opp
48.	<i>Hiphil</i> perfektum 2msg.	הַקְטִלְתָּ	הִשְׁבַּתָּ	du fører tilbake
49.	<i>Hiphil</i> perfektum 2msg.	הַקְטִלְתָּ	הִנְפַתָּ	du svingar

I *Hiphil* imperfektum har ע"ו-verb *kamets* etter subjektsprefikset (jf. a-vokalen i regelmessige former: יִקְטִיל) når stavinga er pretonisk (## 50 og 52), elles ein redusert vokal (# 51). Etter første radikal kjem ein lang *hirek* (vanlegvis *plene*-skreven, ## 50–51). I fem.pl. kan det komme ein hjelpevokal (-[י]ֹ-) mellom tredje radikal og subjektssuffikset (# 51). Utan denne hjelpevokalen, kan vokalen etter første radikal vere kort (# 52).

50.	<i>Hiphil</i> imperfektum 3msg.	יִקְטִיל	יָשִׁיב	han fører tilbake
51.	<i>Hiphil</i> imperfektum 3fpl.	תִּקְטִלְנָה	תִּבְיֹאֲנָה	dei fører inn (3 Mos 7,30)
52.	<i>Hiphil</i> imperfektum 3fpl.	תִּקְטִלְנָה	תִּשְׁבְּנָה	dei fører tilbake (Job 20,10)

I *Hiphil* imperfektum consecutivum og jussiv pleier ע"ו-verb utan subjektssuffiks å ha ein kort i-vokal: *segal* i imperfektum consecutivum (# 53) og *tsere* i jussiv (# 54). I imperfektum consecutivum er prefiksstavinga trykk tung.

53.	<i>Hiphil</i> imperfektum consecutivum	וַיִּקְטִל	וַיִּשָּׁב	og så førte han tilbake
54.	<i>Hiphil</i> jussiv 3msg.	יִקְטֵל	יִטֵּר	måtte han ta bort

Imperativ og infinitiv constructus av ע"ו-verb i *Hiphil* står i forhold til imperfektummønsteret på same måte som regelmessige verbformer. Det vil seie at dei er like imperfektum, men med ה i staden for subjektsprefiks (## 55 og 57). Når ei form i imperativ

<sup>72</sup> Ifølgje § 19 f. var *hirek* etter ה i *Hiphil* perfektum opphavleg ein a-vokal (jf. *Hiphil* impf.).

endar på tredje radikal (msg. utan suffiks), har den *tsere* i staden for *hirek* etter første radikal (# 56). Former i infinitiv absolutus skrivast vanlegvis med *tsere* etter første radikal (# 58), og partisipp har som vanleg ׀ i staden for subjektsprefiks, men med ein i-vokal etterpå (ikkje ein a-vokal som regelmessige verb, # 59).<sup>73</sup>

55.	<i>Hiphil</i> imperativ mpl.	הַקְטִילוּ	הָרִיעוּ	rop (mpl.)!
56.	<i>Hiphil</i> imperativ msg.	הַקְטֵל	הָשֵׁב	før tilbake (msg.)!
57.	<i>Hiphil</i> infinitiv constructus	הַקְטִיל	הָבִיא	å føre inn
58.	<i>Hiphil</i> infinitiv absolutus	הַקְטִל	הָשֵׁב	tilbakeføring
59.	<i>Hiphil</i> partisipp msg.	מְקַטֵּל	מְבִיא	førande inn

I *Hophal* har ׀-verb ein a-vokal (*pataḥ* eller *kamets*) mellom første og tredje radikal (jf. a-vokalen mellom andre og tredje radikal i הַקְטִל). I den første stavinga, etter ה (i perfektum, # 60), subjektsprefiksa (i imperfektum, # 61) eller ׀ (i partisipp, # 62), er det ein o-vokal (*sjerek* eller *kibbots*).

60.	<i>Hophal</i> perfektum 3msg.	הַקְטִל	הוּקַם	han blir reist opp
61.	<i>Hophal</i> imperfektum 3msg.	יִקְטֵל	יּוּמַת	han blir drepen
62.	<i>Hophal</i> partisipp	מְקַטֵּל	מוּבָא	ført inn

Nokre få ׀-verb har former der første radikal er fordobla. Hos dei fleste slike verb, har desse formene den same betydninga som former utan fordobling. Verbet נוּחַ i *Hiphil*, derimot, betyr *å sette, plassere* med fordobling av første radikal, og *å gi kvile* utan fordobling av første radikal. Utan fordobling er desse verba som vanlege ׀-verb. Former med fordobling har ein kort vokal (*hirek* [# 63] eller *pataḥ* [# 64]) i den første stavinga etter prefikset ה (i perfektum, imperativ og infinitiv), subjektsprefiksa (i imperfektum) eller ׀ (i partisipp).

63.	<i>Hiphil</i> perfektum 3msg.	han gir kvile	הִנִּיחַ	הִנִּיחַ	han plasserer
64.	<i>Hiphil</i> imperfektum	han gir kvile	יְנִיחַ	יְנִיחַ	han plasserer

<sup>73</sup> Jf. *tsere* etter ׀ i *Hiphil* partisipp av opphavlege ׀-verb.

j) **ע"ע-verb (paradigme 12)** – הלל *Piel*: å prise, סבב å gå rundt, חלל å vanhelge, ערע å vere vond

Verb som har to like konsonantar som andre og tredje radikal, heiter **ע"ע-verb** (dette bryt med systemet for korleis rotgrupper vanlegvis er nemnt, sjå § 14b). Fleire former av slike verb manglar ein vokal mellom dei to siste radikalane, slik at dei opptretr som éin, fordobla konsonant.<sup>74</sup> Der denne fordobla konsonanten skulle stått sist i ordet, blir den som regel til ein enkel konsonant og tredje radikal er borte. Det finst i tillegg former av **ע"ע-verb** der *første* radikal er fordobla, såkalla *aramaiserande* former.

*Regelmessige former (med vokal mellom andre og tredje radikal)* – **ע"ע-verb** som blir bøygd etter hovudmønsteret, dvs. handlingsverb vanlegvis (sjå §§ 19a og 23a), har stort sett regelmessige former i *Qal* perfektum 3. person (## 1–3), *Qal* infinitiv absolutus (# 4) og *Qal* partisipp (aktivt [# 5] og passivt [# 6]). Regelmessige former finn ein også vanlegvis i *Piel*, *Pual* og *Hithpael* (## 7–9).

1.	<i>Qal</i> perfektum 3msg.	קָטַל	מָדַד	han måler
2.	<i>Qal</i> perfektum 3fsg.	קָטְלָהּ	נָדְדָהּ	ho flyktar
3.	<i>Qal</i> perfektum 3pl.	קָטְלוּ	בָּזְזוּ	dei røvar
4.	<i>Qal</i> infinitiv absolutus	קָטוּל	צָרוּר	strid
5.	<i>Qal</i> aktivt partisipp	קָטֵל	שׂוֹדֵד	herjande
6.	<i>Qal</i> passivt partisipp	קָטוּל	אָרוּר	forbanna
7.	<i>Piel</i> infinitiv constructus	קָטֵל	הִלֵּל	å prise
8.	<i>Pual</i> perfektum 3msg.	קָטַל	שָׂדַד	han er herja
9.	<i>Hithpael</i> impf. cons. 3msg.	וַיִּתְקַטֵּל	וַיִּתְפַּלֵּל	og så ba han

Som alternativ til *Piel*, *Pual* og *Hithpael* kan ein også finne **ע"ע-verb** bøygd i *Poel*, *Poal* og *Hithpoel* (## 10–12, jf. *Polel*, *Polal* og *Hithpolel* med **ע"י-verb**, § 24i). Desse formene er også på sett og vis regelmessige.

10.	<i>Poel</i> imperfektum 3mpl.	יְקוּטְלוּ	יְסוּבְבוּ	dei går rundt og rundt
11.	<i>Poal</i> partisipp msg.	מְקוּטֵל	מְהוּלָל	gjort til narr (Fork 2,2)

<sup>74</sup> Ein annan måte å forklare **ע"ע-verb** på er å seie at dei som regel består av berre to radikalar, ein kort (enkel) og ein lang (fordobla).

12.	<i>Hithpoel</i> perfektum 3mpl.	הִתְקַטְּלוּ	הִתְהַלְּלוּ	dei oppfører seg som gale
-----	---------------------------------	--------------	--------------	---------------------------

Unntaksvis kan ein også finne andre regelmessige former, f.eks. *Qal* infinitiv constructus (spesielt med preposisjon framfor, # 13) og enkelte former av visse røter (## 14–15).

13.	<i>Qal</i> infinitiv constructus	קָטַל	שָׁלַל	å plyndre
14.	<i>Qal</i> perfektum 3pl. av שָׂמַם (sekundærmønster)	כָּבְדוּ	שָׂמְמוּ	dei er forfærde
15.	<i>Hiphil</i> av רָנַן (her: imperativ mpl.)	הִקְטִילוּ	הִרְנִינוּ	bryt ut i jubel!

*Former utan tredje radikal* – Med unntak av dei regelmessige formene nemnt ovanfor, manglar ע"ע-verb tredje radikal når denne radikalen skulle stått sist i ordet.<sup>75</sup> I slike former, og i former der andre og tredje radikal opptrer som éin, fordobla konsonant (sjå nedanfor), er vokalen ein ofte finn mellom andre og tredje radikal hos regelmessige verb, også borte. Men ein vokal av same type er då vanlegvis å finne etter første radikal (sjå § 5 om vokalgrupper).

Regelmessige verb bøygd etter hovudmønsteret i *Qal* perfektum har, f.eks., ein a-vokal mellom andre og tredje radikal (sjå § 23a). Tilsvarande former av ע"ע-verb har ein a-vokal etter første radikal (# 16). I strid med denne generelle regelen har også verb som skulle ha vore bøygd etter eit sekundærmønster i *Qal* perfektum, ein a-vokal etter første radikal, ikkje ein i- eller o-vokal slik ein hadde venta (# 17, sjå § 23a).

16.	<i>Qal</i> perfektum 3msg. av שָׁחַח (hovudmønster)	קָטַל	שָׁח	han bøyer seg
17.	<i>Qal</i> perfektum 3msg. av צָרַר (sekundærmønster)	כָּבְדוּ	צָרַר	han er trong

På same vis har ע"ע-verb bøygd i *Qal* imperfektum, imperativ eller infinitiv constructus ein o- eller a-vokal etter første radikal (## 18–19, jf. o- eller a-vokalen mellom andre og tredje radikal i tilsvarande former av regelmessige verb).<sup>76</sup> Verb med ein o-vokal i imperfektum har *kamets* etter subjektsprefikset,<sup>77</sup> og verb med ein a-vokal i imperfektum har vanlegvis *tsere* etter subjektsprefikset (jf. ע"וי-verb).<sup>78</sup>

<sup>75</sup> Tredje radikal manglar unntaksvis også når denne radikalen *ikkje* skulle stå til slutt i ordet, f.eks. הִתְלַף (av תָּלַל) *du narrar* og הִנְצִי (av נָצַץ) *dei blomstrar*.

<sup>76</sup> Nokre svært få ע"ע-verb har ein i-vokal etter første radikal i *Qal* imperfektum, f.eks. הִנְּן *han forsvarer* (Jes 31,5).

<sup>77</sup> Dei fleste verba med *hirek* etter subjektsprefikset i imperfektum hadde nok opphavleg ein a-vokal etter subjektsprefikset. Denne a-vokalen vart seinare hos dei fleste verba til *hirek* i lukka, trykklett staving (sjå § 10b). I ע"ע-verb er denne a-vokalen i ei open, trykklett staving framfor ei trykk tung staving (pretonisk) og er blitt lang (sjå § 8b).

<sup>78</sup> Her er *tsere* den opphavlege i-vokalen frå sekundærmønsteret (sjå § 19a) i ei open, trykklett staving.

18.	<i>Qal</i> imperfektum 3msg. av סבב (hovudmønster)	יִסַּב	יִקְטֹל	han går rundt
19.	<i>Qal</i> imperfektum 3msg. av רעע (sekundærmønster)	יִרַע	יִכְבֹּד	han er vond

I *Niphal* perfektum (og partisipp) har *ע"ע*-verb *kamets* etter den prefigerte ׀ (i staden for *hirek*) så lenge stavinga er pretonisk, elles har dei *sjeva*.<sup>79</sup> Også her er vokalen som skulle ha stått mellom andre og tredje radikal, i dette tilfellet *patah*, å finne etter første radikal (# 20).<sup>80</sup> I *Niphal* imperfektum (og imperativ), derimot, er det vanlegvis ein a-vokal etter første radikal (# 21), ikkje i-vokalen *tsere* som ein hadde venta, og som ein finn i infinitiv constructus (# 22).<sup>81</sup> Vokalen etter første radikal i infinitiv absolutus er også den ein kjenner igjen frå regelmessige verb mellom andre og tredje radikal (# 23).

20.	<i>Niphal</i> perfektum 3msg. av סבב	נִסַּב	נִקְטֹל	han svingar
21.	<i>Niphal</i> imperfektum 3msg. av מדד	יִמַּד	תִּקְטֹל	det blir målt
22.	<i>Niphal</i> infinitiv constructus av מסס	הִמַּס	הִקְטֹל	å smelte
23.	<i>Niphal</i> infinitiv absolutus av בזז	הִבִּיז	הִקְטֹל	rov

*ע"ע*-verb i *Hiphil* har også same type vokal, ein i-vokal, etter første radikal som ein finn hos regelmessige verb mellom andre og tredje radikal.<sup>82</sup> I **perfektum** har dei vanlegvis *tsere* etter den prefigerte ה (i staden for *hirek*) – så lenge stavinga er pretonisk (= like framfor den trykktunge stavinga, #24),<sup>83</sup> elles har dei *hatef patah* (ev. *hatef segal* eller *patah*) etter ה.<sup>84</sup>

24.	<i>Hiphil</i> perfektum 3msg. av חלל	הִחֵל	הִקְטִיל	han begynner
-----	--------------------------------------	-------	----------	--------------

<sup>79</sup> Ifølgje § 19b var denne *hirek* opphavleg ein a-vokal. Her i *Niphal* av *ע"ע*-verb er denne a-vokalen lang i ei pretonisk, open og trykklett staving, men redusert i ei open, trykklett staving som ikkje er pretonisk (sjå § 8b).

<sup>80</sup> Det finst også former i *Niphal* perfektum og partisipp med ein i- eller o-vokal etter første radikal, f.eks. נִקְלַ (det er) lett og נִגְלִי׃ dei rullast saman (Jes 34,4).

<sup>81</sup> Det finst også former i *Niphal* imperfektum med ein o-vokal etter første radikal, f.eks. יִרַע han blir plaga.

<sup>82</sup> Ein finn også fleire former med *patah* etter første radikal, enten fordi i-vokalen har blitt til *patah* i lukka, trykktung staving etter "Philipis lov" (sjå § 10a), f.eks. תִּלְלִי (perf. 2msg. av תלל) du narrar, eller fordi perfektumforma i *Hiphil* har blitt laga av eit adjektiv med ein a-vokal, f.eks. הִרַךְ (perf. 3ms. av רכך, jf. adjektivet רך mjuk) han gjer mjuk (Job 23,16), eller på grunn av konsonantane rundt vokalen, f.eks. הִרַע (inf. cstr. av רעע) å gjere skade.

<sup>83</sup> Jf. *tsere* etter ה i *Hiphil* perfektum av *ע"ו*-verb.

<sup>84</sup> Ifølgje § 19f var *hirek* etter ה i *Hiphil* perfektum opphavleg ein a-vokal (jf. *Hiphil* impf.).

I imperfektum, imperativ, infinitiv constructus og infinitiv absolutus har **ע"ע**-verb *kamets* etter subjektprefikset eller imperativ-/infinitivprefikset ה (jf. a-vokalen i regelmessige former: **יקטיל**) når stavinga er pretonisk (# 25), elles ein redusert vokal. **Partisipp** har som vanleg **מ** i staden for subjektprefiks, men med ein i-vokal etterpå (ikkje ein a-vokal som regelmessige verb, # 26).<sup>85</sup>

25.	<i>Hiphil</i> imperfektum 3msg. av פּרַר	יִקְטִיל	יִפֵּר	han bryt
26.	<i>Hiphil</i> partisipp msg. av פּרַר	מִקְטִיל	מִפֵּר	brytande

**Hophal**-former av **ע"ע**-verb har vanlegvis ein a-vokal etter første radikal (jf. a-vokalen mellom andre og tredje radikal hos regelmessige verb). I den første stavinga er det ein o-vokal, slik som med regelmessige former, men den er som oftast *sjorek* (# 27) eller *kibbots* (# 28).

27.	<i>Hophal</i> perfektum 3msg. av חָלַל	הִקְטִיל	הוֹחֵל	det blir sett i gang (1 Mos 4,26)
28.	<i>Hophal</i> imperfektum 3msg. av חָנַן	יִקְטִיל	יִחַן	han blir vist nåde

*Former der andre og tredje radikal opptrer som éin, fordobla konsonant* – Med unntak av dei regelmessige formene nemnt ovanfor, pleier dei to siste radikalane i **ע"ע**-verb å stå saman som ein fordobla konsonant når det kjem ein vokal etter tredje radikal. I likskap med formene som endar på andre radikal (sjå ovanfor), er ein vokal av same type som skulle ha komme mellom andre og tredje radikal, vanlegvis å finne etter første radikal.

Vokalen etter tredje radikal kan vere eit subjektssuffiks (# 29, sjå § 18) eller ein bindevokal framfor pronomensuffiks (# 30, sjå § 34). Men for å unngå tre konsonantar på rad, kan det også komme ein bindevokal mellom tredje radikal og eit subjektssuffiks som begynner på konsonant. I perfektum er denne bindevokal vanlegvis *hålem* (# 31) og i imperfektum (berre 2. og 3. person fem. singularis) er det *segål* (# 32).

29.	<i>Qal</i> imperfektum cons. 3mpl. av סָבַב	וַיִּקְטְלוּ	וַיִּסְבּוּ	og så gjekk dei rundt
30.	<i>Qal</i> imperativ msg. av חָנַן med pr.sf. i 1sg.	קְטִלְנִי	חַנְּנִי	vis meg nåde!
31.	<i>Qal</i> perfektum 1sg. av גָּנַן	קְטִלְתִּי	גָּנַנְתִּי	eg vernar
32.	<i>Qal</i> imperfektum 3fpl. av סָבַב	תִּקְטְלֵנָה	תִּסְבְּינָה	dei går rundt (1 Mos 37,7)

<sup>85</sup> Jf. *tsere* etter **מ** i *Hiphil* partisipp av **ע"וי**-verb.

			ה	
--	--	--	---	--

*Former der første radikal er fordobla* – På arameisk er det vanleg at *første* radikal i **ע"ע**-verb er fordobla. Dette ser ut til å ha smitta over på bibelhebraisk i ein del former som blir kalla for "arameiserande". Vokalen framfor første radikal i slike former er den vanlege, korte vokalen som ein finn hos regelmessige verb (## 33–35). Der ei arameiserande form har ein guttural eller ה som første radikal, er denne sjølvstøtt ikkje fordobla, men den kan vere virtuelt fordobla (# 35) eller vokalen framfor kan vere forlenget (sjå § 13a).

33.	<i>Hiphil</i> imperfektum cons. 3msg. av סבב	וִיקָטַל	וַיִּסַּב	og så førte han rundt
34.	<i>Qal</i> imperfektum cons. 3msg. av סבב	וִיקָטַל	וַיִּסַּב	og så vendte han seg
35.	<i>Niphal</i> perfektum 2fsg. av חלל	נִקְטַלְתָּ	נַחַלְתָּ	du blir vanhelga

## § 25 Samanfating: kjenneteikna på verbformene

### a) Prefiks

(1)*Subjektprefiks* – י, ת, אָ eller אַ (sjå § 18b) – står framfor rota i

- *imperfektum*,
- *jussiv*, og
- *kohortativ*

og er med på å vise person, kjønn og tal til subjektet. NB! Dei ulike verbstammene bruker forskjellige vokalar etter subjektprefikset (sjå § 19). Viss ei form med prefiks er kort (sjå pkt. d), er det imperfektum consecutivum eller jussiv; viss den har הַ־ til slutt, er det kohortativ.

(2)*Stammeprefiks* er brukt i

- *Niphal*: אַ,
- *Hithpael*: תְּהַ,
- *Hiphil*: הַ, og
- *Hophal*: הַ.

Mellom stammeprefikset og rota er det forskjellige vokalar, bortsett frå *Niphal* imperfektum, imperativ og infinitiv – der prefikset som regel blir assimilert (sjå § 12c), og *Hithpael* (sjå § 19). Etter subjektprefikset og partisipprefikset אַ, blir הַ i stammeprefikset borte i *Hithpael*, *Hiphil* og *Hophal*.

(3)*הַ-prefikset i imperativ og infinitiv* finst i

- *Niphal*,



- *Hithpael*,
- *Hiphil*, og
- *Hophal*.

Dei andre verbstammene (*Qal*, *Piel* og *Pual*) begynner rett på første radikal i imperativ og infinitiv. Vokalmønsteret er det same som er brukt i imperfektum.

(4) **נ**-prefikset i *partisipp* går igjen i

- *Piel*,
- *Pual*,
- *Hithpael*,
- *Hiphil*, og
- *Hophal*.

Vokalmønsteret er det same som er brukt i imperfektum.

## b) Fordobling

(1) **Imperfektum consecutivum** (sjå § 20b) er kjenneteikna av fordobling i subjektsprefikset (bortsett frå **נ**). I tillegg står konjunksjonen **ו** med *pattaḥ* i staden for *sjeva*.

Når subjektsprefikset er **נ**, er det inga fordobling, og **ו** får ein *kamets* under seg. Fordobling kan også mangle når det kjem *sjeva* etter subjektsprefikset **ו** i *Piel* og *Pual* (sjå § 12d).

(2) **Niphal imperfektum, imperativ og infinitiv** har fordobling i første radikal på grunn av det assimilerte stammeprefikset **נ**. Når første radikal er ein guttural, blir det heller virtuell fordobling eller erstatningsforlenging (sjå §§ 13a og 24b1).

(3) **Dei faktitive verbstammene** er kjenneteikna av fordobling av andre radikal i alle former (sjå § 19c–e). Når andre radikal er ein guttural, blir det heller virtuell fordobling eller erstatningsforlenging (sjå §§ 13a og 24b2).

## c) Suffiks

(1) **Subjektssuffiks**

- *Perfektum* har subjektssuffiks (sjå § 18a) som primærkjenneteikn i alle former bortsett frå 3. person maskulinum singularis. Med visse uregelmessige verbtypar, kjem det ein bindevokal mellom rota og suffikset. Eit eventuelt pronomensuffiks kjem *etter* subjektssuffikset.

- *Imperfektum* har subjektsprefiks (sjå pkt. a1) som primærkjenneteikn. Det er likevel fem former i imperfektum (med tilsvarende former i jussiv og imperativ) med suffiks, dei fleste av dei i pluralis (sjå § 18b). Med visse uregelmessige verbtypar, kjem det ein bindevokal mellom rota og suffikset. Eit eventuelt pronomensuffiks kjem *etter* subjektssuffikset.

(2) **Eit הַ-suffiks (paragogisk ה)** finn ein i

- *imperativ maskulinum singularis* (sjå §21c) ca. tre hundre gonger (av over to tusen totalt) og

- *kohortativ* (sjå §21b) dei fleste gongene.

#### d) Diverse

##### (1) *Kjenneteikna på verbstammene*

• *Qal* er kjenneteikna av ei enkel stamme utan konsonant- eller vokaltilllegg. Vokalmønsteret i perfektum er enten  $\text{CVCVC}$ ,  $\text{CVCVC}$  eller  $\text{CVCVC}$  (sjeldan). I imperfektum er det enten  $\text{CVCVC}$  eller  $\text{CVCVC}$ .

• *Niphal* har  $\text{N}$  framfor rota, enten i eiga staving eller assimilert til første radikal. Vokalmønsteret i perfektum er  $\text{CVCVCN}$  og i imperfektum er det  $\text{CVCVCN}$ .

• *Piel* har fordobling av andre radikal og enten ein i- eller a-vokal etter første radikal:  $\text{CVCVC}$  (perfektum) og  $\text{CVCVC}$  (imperfektum).

• *Pual* har fordobling av andre radikal og ein o-vokal etter første radikal (jf. o-vokalen i *Hophal*):  $\text{CVCVC}$  (perfektum) og  $\text{CVCVC}$  (imperfektum).

• *Hithpael* har fordobling av andre radikal og ei staving som sluttar på  $\text{-N}$  framfor rota.

• *Hiphil* er kjenneteikna av  $\text{-N}$  framfor rota i perfektum ( $\text{CVCVCN}$ ) og av ein lang, *plene*-skrivne *hirek* etter andre radikal i imperfektum ( $\text{CVCVC}$ ).

• *Hophal* er kjenneteikna av ein o-vokal (som regel *kamets hatof*) framfor rota (jf. o-vokalen i *Pual*).

(2) **Kortform** i imperfektum consecutivum, jussiv og *Hiphil* imperativ (gjeld berre former utan suffiks):

•  $\text{N}$ -verb sluttar på andre radikal.

•  $\text{N}$ -verb og verb i *Hiphil* har *kort* vokal i siste staving.

## Nomenbøying, § 26–31

### § 26 Oversikt

Nomen (lat. "namn") er ord som nemner personar, ting, stader og eigenskapar – konkrete eller abstrakte. Substantiv og adjektiv blir bøygd med dei same endingane, bortsett frå endingane i dualis (total), som berre brukast på substantiv. Talord er bøygd som substantiv eller adjektiv, men har ein del spesielle trekk når det gjeld bruk (sjå § 51). Pronomen er også ord som nemner personar og ting, men dei blir ikkje bøygd.

I analysen av bibelhebraiske nomen, nemner ein gjerne følgande kategoriar: kjønn, tal, status og binding (bm: bestemthet). Nomenbøying på bibelhebraisk opererer nemleg med

a) to kjønn: hankjønn (*maskulinum*) og hokjønn (*femininum*) – substantiv *har* kjønn, mens adjektiv *blir bøygd i* kjønn, slik som på norsk;

b) tre tal: eintal (*singularis*), total (*dualis* – lite brukt, og ikkje med adjektiviske ord) og fleirtal (*pluralis*);

- c) to statusar: status absolutus og status constructus (sjå § 27) og
- d) ubundne og bundne former.

Kasus, dvs. eit system for å markere grammatiske forhold mellom orda i ei setning, høyrer til den historiske bakgrunnen for både norsk og bibelhebraisk. I begge språka finst det restar etter eit slikt system enno. Dette er tydelegast på norsk der genitiv-s brukast for å markere at ting eller personar høyrer saman – *HERRENS ord*, og der både genitiv og dativ heng igjen i ein del preposisjonsfrasar: *til fots, i tide, av garde*. Også dei ulike pronomenerne (*ho – henne – hennar*) er uttrykk for kasus.

Restar etter eit eldre kasussystem er meir spreidde på bibelhebraisk. Ei nominativending (ִ-) finst i somme samansette eigennamn, f.eks. פְּנוּאֵל *Penuel*. Men det er ikkje sikkert at noka akkusativending har overlevd, og viss det finst noko igjen av den gamle genitivendinga *-i*, blir det brukt på ein annan måte enn tidlegare (sjå § 31).

Dette betyr ikkje at nomen ikkje framleis har dei ulike funksjonane som tidlegare vart markert med kasusendingar, berre at markeringane ikkje er brukt lenger eller på same måte. Eit viktig unntak på bibelhebraisk er genitivfunksjonen. Det er likevel ein stor forskjell på korleis denne funksjonen tidlegare vart markert, og korleis ein kan sjå det på bibelhebraisk (sjå §§ 27 og 48).

I denne grammatikken er det særleg fokus på dei ulike *endingane* nomen får når dei blir bøygd. På grunn av trykkendingane som nomen gjennomgår, enten som resultat av tilføyning av endingar og/eller ein nær samanheng med det påfølgande ordet, blir gjerne utskiftbare vokalar endra når nomen blir bøygd eller får pronomensuffiks. For ei oversikt over slike vokalendingar, visast det til oversiktene over nomenklasser i referansegrammatikkane til f.eks. Kautzsch (Gesenius), Joüon-Muraoka og andre.

## § 27 Status

Både på norsk og bibelhebraisk bruker ein substantiv for nærmare å bestemme eller spesifisere noko ved andre nomen i eit genitivforhold. På norsk skjer dette ved hjelp av (1) samansetning: *kongsstolen*; (2) genitiv-s: *kongens stol*; og (3) preposisjonar: *stolen til kongen*. I alle desse eksempla blir substantivet *konge(n)* brukt for å spesifisere kva slags, kva for eller kven sin stol det er snakk om. Ordet *stol* er altså det primære, og *konge* fungerer som eit sekundært, spesifiserande element. Med andre ord, *stol* er hovudordet og *konge* er attributt ("tildelt [til noko anna]" av lat. *attribuere* "tildele"). Fordi *konge* er eit substantiv, kallast det her eit substantivisk attributt. Legg merke til at ordstillinga i to av desse tre eksempla er attributt – hovudord (1 og 2).

Bibelhebraisk har ikkje lenger kasusendingar som markerer substantiviske attributtet slik som genitiv-s på norsk. Preposisjonen *-ל kan* brukast som *til* på norsk framfor attributtet, som i det tredje eksemplet (sjå § 53f), men dette er ikkje det vanlegaste. Sjølv om samansetning slik ein kjenner det frå norsk ikkje finst i noka særleg grad (sjå § 14d), har bibelhebraisk noko tilsvarende som oftast blir brukt når attributtet er eit substantiv: constructus-kjeder (sjå §§ 48a og 56a1 om bruken).

Ein viktig forskjell mellom norske samansetningar og bibelhebraiske constructus-kjeder gjeld ordstilling. Mens hovudordet i norske samansetningar som oftast kjem til slutt, står det *framfor* attributtet i bibelhebraiske constructus-kjeder. Ordstillinga er altså hovudord – attributt.

Sjølv om eit hovudord og eit etterfølgande substantivisk attributt ikkje skrivast som eitt

ord på bibelhebraisk (jf. *kongsstolen*), utgjør dei likevel ei lydmessig eining. Då hovudtrykket vanlegvis kjem til slutt i hebraiske ord, blir ordtrykket på hovudordet vanlegvis redusert eller borte. Slik er det med norske samansetningar også, jf. *kongsstolen* der *-stolen* ikkje har like mykje ordtrykk som når det står aleine. Trykkreduksjonen på bibelhebraisk kan føre til vokalendringar i hovudord med utskiftbare vokalar (sjå §§ 8–10).

Nomen på bibelhebraisk står normalt i status absolutus. Dette er nomenets umarkerte status. Når eit nomen har eit substantivisk attributt og dermed fungerer som hovudord i ei constructus-kjede, står det i status constructus. Nomen i status constructus kan mangle aksentteikn, dei kan ha forkorta og/eller reduserte vokalar (pga. redusert trykk) og i visse tilfelle har dei spesielle endingar (sjå § 28).

## § 28 Substantiv

### a) Hovudformer

Substantiv på bibelhebraisk blir hovudsakleg bøygd etter eitt av tre forskjellige mønster (sjå tabellen nedanfor). Dei fleste hankjønnssubstantiv bruker eitt mønster (m). Dei fleste hokjønnssubstantiv bruker to andre mønster der det eine ( $f_1$ ) er vanlegare enn det andre ( $f_2$ ). Fordi det finst hankjønnssubstantiv som følger eitt av f-mønstra (f.eks. לַיְלֹת - לַיְלָה *natt* og אֲשָׁפֹת - אֲשָׁפֹתוֹת *dunge*) og hokjønnssubstantiv som følger m-mønsteret (עֵרִים - עֵיר *by*), kan ikkje bøyingsmønsteret brukast til å fastslå kjønnet til eit substantiv. Ein må heller bruke samsvarsbøyde adjektiv, pronomen, talord og verb.

Fleire substantiv byter mønster undervegs i bøyinga, dvs. at dei f.eks. bruker m-mønsteret i eintal og  $f_1$ -mønsteret i fleirtal (שָׁמַיִם - שָׁמַיִם *namn*) eller omvendt (שָׁנָה - שָׁנִים *år*). Andre substantiv bruker begge mønster i fleirtal, sjølv om den eine forma er vanlegare enn den andre, f.eks. נְהַרִים *elv* (m.): נְהַרֹתָּ וְנְהַרִים.

Substantiv bøygd etter m-mønsteret er umarkert i eintal. Dei har altså ikkje noko spesielt kjenneteikn. I status constructus kan vokalar bli forkorta og/eller redusert (jf. forskjellen mellom מְשַׁפֵּט med lang vokal i siste stavinga og מְשַׁפֵּט med kort vokal, i tabellen nedanfor). Men dette er heller eit resultat av trykkforholdet mellom hovudordet og det substantiviske attributtet enn noka eigentleg bøyning (sjå § 27).

I fleirtal innanfor m-mønsteret har substantiv i absolutus endinga םִ- (med eller utan lesemor) og substantiv i constructus, endinga םִ-. Også her kan substantiv i constructus ha forkorta eller reduserte vokalar.

Dei fleste hokjønnssubstantiv blir bøygd etter  $f_1$ -mønsteret. Der har former i eintal absolutus endinga הִ-. I status constructus er endinga תִ-.  $F_2$ -mønsteret i eintal har endinga תִ- i både status absolutus og status constructus. I fleirtal har både  $f_1$ - og  $f_2$ -mønstra endinga תִ- (med eller utan lesemor) i absolutus og constructus, i tillegg til eventuelle forkorta eller

reduuerte vokalar i constructus.

Den bundne artikkelen på bibelhebraisk er forma som eit prefiks som vanlegvis fører til *fordobling* av første bokstaven i ordet: -ֹה (sjå § 10f om endring av *pattaḥ* til *segål* og § 12d om manglande fordobling). Når første bokstaven er ein guttural eller ר, skjer det ei virtuell fordobling (הַחֲטָאת *syndofferet*) eller erstatningsforlenging (אֶרֶץ הָאָרֶץ *landet*, sjå § 13a). Artikkelens konsonant (ה) fell vanlegvis bort etter preposisjonane בּ, כּ og לְ, og preposisjonen overtek artikkelens vokal (בַּיּוֹם *på dagen*, כְּדַבֵּר *lik ordet* og לְחַדְשׁ [med virtuell fordobling] *til månaden*). Det er berre nomen i status absolutus som kan ha bunden artikkel. Nomen i status constructus kan vere bundne når det gjeld betydning, men ikkje form (sjå § 46a).

Etter lydreglane i § 12d vil to like konsonantar i slutten av eit ord som regel bli til éin enkel konsonant, f.eks. עַם\* > עַם *folk*. Når eit slikt substantiv har ei bøyingsending til slutt, skjer det ikkje noko bortfall av konsonant, f.eks. עַמִּים *folk* (pl. abs.).

Tal	Singularis			Pluralis		
	Absolutus		Constructus	Absolutus		Constructus
	Ubunden	Bunden		Ubunden	Bunden	
Subst. – m <i>rett, lov</i>	מִשְׁפָּט	הַמִּשְׁפָּט	מִשְׁפָּט	מִשְׁפָּטִים	הַמִּשְׁפָּטִים	מִשְׁפָּטִי
	–	-ֹה	–	ִים-	ִים-ֹה	ִי-
Subst. – f <sub>1</sub> <i>hundre</i>	מֵאָה	הַמֵּאָה	מֵאָה	מֵאוֹת	הַמֵּאוֹת	מֵאוֹת
	הָ-	הָ-ֹה	תְ-	וֹת-	וֹת-ֹה	וֹת-
Subst. – f <sub>2</sub> <i>ring</i>	טַבַּעַת	הַטַּבַּעַת	טַבַּעַת	טַבַּעוֹת	הַטַּבַּעוֹת	טַבַּעוֹת
	ת-	ת-ֹה	ת-	וֹת-	וֹת-ֹה	וֹת-

#### MERKNADER TIL FORMENE

(1) I fleirtal constructus innanfor m-mønsteret er יִ-endinga opphavleg diftongen *-aj*. Dette er den gamle kausendinga i akkusativ-genitiv dualis, som har spreidd seg til pluralis og brukast også der substantivet har ein nominativ funksjon. Slike "diftongar" blir gjerne til enkle, lange vokalar når trykket blir redusert eller borte (sjå § 12b).

(2) I f<sub>2</sub>-mønsteret er ת-endinga i singularis ein variant av det opphavlege hokjønnsendinga תְ-. Når det kjem to konsonantar på rad på slutten av eit ord, blir det som regel sett inn ein vokal mellom dei, som oftast *segål* (men gjerne *pattaḥ* når ein av dei er ein guttural): *tabba't* > *tabba'at*. Dette endrar vanlegvis ikkje trykket i ordet, derfor ligg det på nest siste stavinga i slike ord (sjå § 8a).

(3) Det konjunktive aksenteiknet *moná* er brukt her i constructus singularis innanfor f<sub>2</sub>-mønsteret for å markere forskjellen mellom absolutus og constructus.

## b) Dualis (total)

Det er berre substantiv som blir bøygd i dualis (total) på bibelhebraisk (dersom eit adjektivisk ord står til eit substantiv i dualis, står adjektivet i pluralis). Formene i dualis absolutus er kjenneteikna av םֿ-endinga, der trykket ligg på a-vokalen. Innanfor m-mønsteret har dualis constructus same kjenneteikn som pluralis constructus: םֿ-.

Begge f-mønstra er like i dualis, og forskjellen mellom dei og m-mønsteret er at dei har ת i starten av suffikset: םֿ-תֿ / םֿ-תֿ.

Tal	Dualis		
	Absolutus		Constructus
	Ubunden	Bunden	
Subst. – m <i>משפט</i> <i>rett, lov</i>	משפּטֿים	המשפּטֿים	משפּטֿי
	םֿ-	םֿ-ה	םֿ-
Subst. – f <sub>1</sub> <i>מאה</i> <i>hundre</i>	מאתֿים	המאתֿים	מאתֿי
	תֿים-	תֿים-ה	תֿי-
Subst. – f <sub>2</sub> <i>טבעת</i> <i>ring</i>	טבעתֿים	הטבעתֿים	טבעתֿי
	תֿים-	תֿים-ה	תֿי-

### MERKNADER TIL FORMENE

- (1) I ordet מאתֿים (< מאתֿתֿים) har א blitt lesemer etter *sjeva*-vokalen (sjå §§ 9f og 12b).
- (2) I alle former av טבעתֿ i dualis kjem det ein vokal etter ת. Derfor er det ikkje behov for hjelpevokalen mellom ע og ת (sjå § 8a).

## § 29 Adjektiv

Adjektiv på bibelhebraisk blir bøygd etter dei same mønstra som substantiv, minus dualis. Fordi adjektiv også kan ha substantiviske attributt, f.eks. יפת תאר *formvakker*, er status ein del av adjektivbøyinga. Både m- og eitt av f-mønstra kan brukast på same adjektivet, dvs. at det enkelte adjektivet ikkje blir knytt til det eine eller andre mønsteret slik som dei fleste substantiv. Men det er sjeldan at same adjektiv finst i både f<sub>1</sub>-former og f<sub>2</sub>-former, f.eks. תהתֿי *nedre*: תהתֿי Sal 86,13 og תהתֿי passim. Akkurat som på norsk, kan adjektiv på bibelhebraisk ha bunden form.

Tal	Singularis			Pluralis		
Status	Absolutus		Constructus	Absolutus		Constructus
Binding	Ubunden	Bunden		Ubunden	Bunden	
Adj. – m גָּמָל <i>gammal</i>	גָּמָל	הַגָּמָל	גָּמָל	גָּמָלִים	הַגָּמָלִים	גָּמָלִי
	–	–הַ	–	–יִם	–יִם־הַ	–יִ
Adj. – f <sub>1</sub> גָּמָל <i>gammal</i>	גָּמְלָה	הַגָּמְלָה	גָּמְלָת	גָּמְלוֹת	הַגָּמְלוֹת	גָּמְלוֹת
	–הַ	–הַ	–תִּ	–וֹת	–וֹת־הַ	–וֹת־
Adj. – f <sub>2</sub> שְׂמָאלִי <i>venstre</i>	שְׂמָאלִית	הַשְׂמָאלִית	שְׂמָאלִית	שְׂמָאלִיּוֹת	הַשְׂמָאלִיּוֹת	שְׂמָאלִיּוֹת
	–ת־	–ת־הַ	–ת־	–וֹת	–וֹת־הַ	–וֹת־

### § 30 Uregelmessige nomen

Uregelmessige nomen har forskjellar mellom formene i eintal og fleirtal som ikkje kan forklarast ved hjelp av lydlovene i §§ 8–13. Nedanfor følger berre dei vanlegaste uregelmessige nomen.

## 1 og 2 ser ut i sg. cstr. til å ha den gamle kasusendinga i genitiv eintal, men den markerer ikkje genitiv funksjon lenger.

## 3 og 4 bruker forskjellige røter i eintal og fleirtal.

## 9 og 13 ser ut til å ha ei dualis-ending, men begge røter sluttar på י.

	Sg. abs.	Sg. cstr.	Pl. abs.	Pl. cstr.	Kjønn	Betydning
1.	אָב	אָבִי	אָבוֹת	אָבוֹתֵי	m.	far
2.	אָח	אָחִי	אָחִים	אָחֵי	m.	bror
3.	אִישׁ	אִישׁ	אֲנָשִׁים	אֲנָשָׁי	m.	mann, ektemann
4.	אִשָּׁה	אִשָּׁת	נָשִׁים	נָשָׁי	f.	kvinne, hustru
5.	בַּיִת	בַּיִת	בָּתַיִם	בָּתַי	m.	hus
6.	בֶּן	בֶּן־	בָּנִים	בָּנָי	m.	son
7.	בַּת	בַּת	בָּנוֹת	בָּנוֹתֵי	f.	dotter
8.	יוֹם	יוֹם	יָמִים	יָמָי	m.	dag

	Sg. abs.	Sg. cstr.	Pl. abs.	Pl. cstr.	Kjønn	Betydning
9.			מַיִם	מַי	m.	vatn
10.	עִיר	עִיר	עָרִים	עָרֵי	f.	by
11.	פֶּה	פִּי	פִּיּוֹת / פִּיּוֹת	–	m.	mun
12.	רֹאשׁ	רֹאשׁ	רִאשִׁים	רִאשֵׁי	m.	hovud
13.			שָׁמַיִם	שָׁמַי	m.	himmel

### § 31 Sjeldne endingar

I tillegg til endingane skissert i § 28, kan følgande, sjeldnare endingar av og til dukka opp på slutten av ord på bibelhebraisk. Av desse er retnings-ה det vanlegaste og viktigaste.

#### a) Retnings-ה (kamets he-locale)

Dersom ei handling har ei bestemt retning, kan dette visast ved hjelp av endinga ה־ på slutten av ordet som viser til målet for bevegelsen. Endinga er trykklett og kan føyast til både partiklar (# 1) og substantiv (både fellesnamn [# 2] og eigennamn [# 3]). Sjå elles § 47.

1.	שָׁם (> *שָׁם)	der	שָׁמָּה	dit
2.	אֶרֶץ (> *אֶרֶץ)	jord	אֶרֶצָה	til jorda
3.	בָּבֶל	Babylonia	בָּבֶלָה	til Babylonia

#### b) Enklitisk ם

Ei ending som ser ut til å ha gått av bruk før bibeltekstane fekk sine endelege former, er enklitisk ם. "Enklitisk" (frå gr. enklinå *å lene seg inntil*) betyr at endinga ikkje var trykktung, men "lente seg inntil" ordet den var føydd til. Det er usikkert korleis endinga opphavleg såg ut. Den finst for det meste no der former med bokstaven ם i seg bryt med vanleg bibelhebraisk grammatikk (# 1), eller der parallelle tekstar manglar ם (# 2), oftast mellom ord i constructus-kjeder.

	Bibeltekst		Rekonstruksjon med enklitisk ם	
1.	כָּל־רַבִּים עַמִּים	alle mange (?) folk (pl.) (Sal 89,51)	כָּל־רַבִּים־עַמִּים	alle folkestridar



	Bibelt tekst		Rekonstruksjon med enklitisk ם	
2.	אַפִּיקֵי מֵיִם	rennene i vatnet (Sal 18,16)	אַפִּיקֵי־ם יִם (Jf. 2 Sam 22,16: אַפִּיקֵי יִם)	rennene i havet

### c) Bindevokalane ם־ og ם־

På slutten av substantiv (## 1 og 4), adjektiv (# 2) og partisipp (# 3) med substantivisk attributt (## 2–4) eller attributiv preposisjonsfrase (# 1) finn ein av og til vokalen ם־ (endå sjeldnare ם־ [# 4]). Sjå også § 30, ## 1 og 2.

1.	שָׂרְתִי בַמְּדִינוֹת	fyrstinna blant landa (Klag 1,1)
2.	חִכְלִילֵי עֵינַיִם	glitrande (i) auge (1 Mos 49,12)
3.	שֹׁכְנֵי סֵנָה	den som bur i klungeren (5 Mos 33,16)
4.	וְחַיְתוֹ-אָרֶץ	og dyra på jorda (villdyr) (1 Mos 1,24)

## Pronomensuffiks, § 33–37

### § 33 Formene

Personlege pronomener på bibelhebraisk kan stå som suffiks på både verb, nomen og partiklar. På norsk kan ein høyre (og i uformell skrift *sjå*) noko liknande i enkelte dialektar: Har du først tatt'a ombord, så får du ro'a til lands.<sup>86</sup> Nå går'n igjen!<sup>87</sup>

Suffiksformene av dei personlege pronomenera er for det meste basert på dei frie formene av pronomenera, men dei kan ha litt forskjellig utforming. Generelt gjeld det at formene på pronomensuffiksa varierer litt etter korleis orda dei er føydde til, sluttar. Ord som sluttar på konsonant, får som regel ein bindevokal, *-a-*, *-e-* eller *-i-*, framfor suffikset.

Fordi stavingane i eit ord gjerne endrar type (sjå § 7) når suffiks blir føydde til, skjer det ofte vokalendringar i ord med suffiks. Og pausale former (sjå § 11) vil, som vanleg, avvike noko frå dei regelmessige formene presentert i dei følgjande paragrafane.

Etter lydreglane i § 12d vil to like konsonantar i slutten av eit ord som regel bli til éin enkel konsonant, f.eks. *יִסּוּב*\* > *יִסּוּבֵי* *han omringar*, *עַם*\* > *עַמֵּי* *folk* og *עַם*\* > *עַמֵּי* *hos*. Når slike ord har eit pronomensuffiks til slutt, er det ikkje noko konsonantbortfall, f.eks. *יִסּוּבֵי* *han*

<sup>86</sup> <http://www.webland.no/sitater/view.asp?searchType=Category&CategoryID=28> [sitert 10. mai 2011].

<sup>87</sup> <http://www.skiforeningen.no/mdb/bilde/13217> [sitert 10. mai 2011].

omringar meg, עַמִּי folket mitt og עִמּוֹ hos han.

Dei fleste grunnformene av pronomensuffiksa (nedanfor) er framleis i bruk på bibelhebraisk. Men *-ki* (כִּי-) i 2. pers. fem. sg. er sjeldan sidan vokalen har falle bort i dei fleste tilfella (*-ki* > *-k*). Og i 1. sg. er a-vokalen i *-ja* alltid borte, og former med *-j* (י-) blir brukt i staden for, i tillegg til *-ni* (נִי-).

Tal / person / kjønn	Personlege pronomen på bibelhebraisk	Grunnformene av pronomensuffiksa	Pronomensuffiks på bibelhebraisk <sup>88</sup>
Singularis			
3. m.	הוא	<i>-ho</i>	וְ-, וּ-, הוּ-, וֹ- og הִ-
3. f.	היא/הוא	<i>-ha</i>	הִ-, הָ-, הַ- og אֵהּ-
2. m.	אתָּה	<i>-ka</i>	אֶ-, אַ- (pausal) og כָּה-
2. f.	אתְּ	<i>-ki</i>	אֶ- og כִּי-
1.	אֲנִי/אֲנִי	<i>-ja / -ni</i>	י- og נִי-
Pluralis			
3. m.	הֵמָּה/הֵם	<i>-hem</i>	הֵם-, מוּ-, הֵמָּה-, מוּ- og הֵמָּה-
3. f.	הֵנָּה	<i>-hen</i>	הֵנָּה-, הֵנָּה-, הֵנָּה-, הֵנָּה- og הֵנָּה-
2. m.	אתָּם	<i>-kem</i>	כֶּם-
2. f.	אתְּנָה	<i>-ken</i>	כֶּן- og כְּנָה-
1.	אֲנֵנוּ(אֵ)	<i>-no</i>	נוּ-

#### MERKNADER TIL SUFFIKSFORMENE

**3. pers. mask. sg.** – Konsonanten ה i grunnforma av suffikset (*-ho*) fell ofte bort etter bindevokalen *-a-* og *i*-lyden i subjektssuffikset הִי-. Dei forskjellige vokalkombinasjonane som står igjen, utviklar seg ulikt:

- *-aho* > *-ao* > *-â*, f.eks. etter bindevokalen *-a-* på nominale former (sjå § 35): אֲהָלוֹ (med *kamets hatof* i første stavinga!) *teltet hans* (ev. med ה som lesemor: אֲהָלָה).
- *-iho* > *-io* > *-iv*, f.eks. etter subjektssuffikset הִי- i perf. 2fsg. og 1sg. (sjå § 34a): וְנִתְּתִיו *eg gir han*.

<sup>88</sup> Eit arameisk pronomensuffiks (וְהִי-) i 3msg. dukkar opp i Sal 116,12 תְּגַמְלוּהִי *tilbakebetalingane hans*.

Etter constructus-endinga i fleirtal הַ- (opphavleg הַ-, sjå § 28a), fell konsonanten ה i grunnforma av suffikset (-ho) bort. Bokstaven ה blir som regel verande igjen i skriftbildet, men uttalast ikkje:

- -ajho > -av, f.eks. בָּנָיו /banav/ sønene hans.

Konsonanten ה i grunnforma av pronomensuffikset (-ho) kan bli assimilert til bokstaven ה eller ת på slutten av ordet det er føydd til. Dette fører til former med fordobling:

- -nho > -nno, f.eks. etter preposisjonen מִן (som blir reduplisert framfor dei fleste suffiksa: minmin > mimmin > mimmen, sjå § 36): מִמִּנִּי מִן־ frå han.
- -tho > -tto, f.eks. etter subjektssuffikset ת־ i perf. 3. pers. fem. sg. (sjå § 34a): תִּבְרַתִּי ho stel han.

**3. pers. fem. sg.** – Grunnforma av pronomensuffikset (-ha) etter ein a-vokal, som bindevokal eller siste lyd i ordet suffikset er føydd til, kan miste den siste (utlydande) vokalen. Prikken i ה- er mappik (sjå § 1g):

- -aha > -ah, f.eks. etter bindevokalen -a- på nominale former: הִשְׁתָּהּ אֵת־ ta henne i eige.

Konsonanten ה i grunnforma av pronomensuffikset (-ha) kan bli assimilert til bokstaven ה eller ת på slutten av ordet det er føydd til. Dette fører til former med fordobling:

- -nha > -nna, f.eks. etter preposisjonen מִן (som blir reduplisert framfor dei fleste suffiksa: minmin > mimmin > mimmen, sjå § 36): מִמִּנֶּה מִן־ frå henne.
- -tha > -tta, f.eks. etter subjektssuffikset ת־ i perf. 3. pers. fem. sg. (sjå § 34a): הִצִּיתָהּ ho befaler henne.

**2. pers. mask. sg.** – Når bindevokalen -a- (eller ein a-vokal på slutten av ordet suffikset er føydd til) blir verande i pausale former (sjå § 11) framfor pronomensuffikset, fell vokalen på slutten av suffikset bort. Slike former er identiske med dei fleste pronomensuffiksa i 2. pers. fem. sg. Samanhengen avgjer om ein skal tolke formene som hankjønn eller hokjønn:

- -aka > -ak, f.eks. etter preposisjonen לְ: לְךָ־ til deg (m.; kontekstform: לְךָ).

**1. pers. sg.** – Suffiksforma הִ- brukast nesten berre med finitte verb (sjå § 16b), verb i infinitiv constructus der pronomensuffikset viser til objektet for verbhandlinga, og med partiklane הִנֵּה og הִנֵּה־.

Grunnforma -ja har mista siste vokalen, slik at det berre står -j igjen. Når det kjem ein i-lyd like framfor, blir bokstaven י til lesemor:

- -ija > -ij > -i, f.eks. etter bindevokalen -i- bak nominale former: יָנִישִׁי livet mitt (vanleg poetisk omskriving for eg).

Etter constructus-endinga i fleirtal הַ- (opphavleg הַ-, sjå § 28a), endar ein opp med ein fordobla konsonant. På slutten av ord blir vanlegvis fordobla konsonantar til enkle konsonantar:

- -ajja > -ajj > -aj, f.eks. רַגְלֵי־ føtene mine (pausal form med lang a-lyd: רַגְלֵי).

**3. pers. mask. pl.** – Konsonanten ה i grunnforma av suffikset (-hem) fell ofte bort etter bindevokalane -a- eller -e-, eller ein annan vokal på slutten av ordet suffikset er føydd til. Dei forskjellige vokalkombinasjonane som står igjen, utviklar seg ulikt:

- -ahem > -aem > -am, f.eks. etter bindevokalen -a- bak nominale former: יָדָם handa deira/si (m.).
- -ehem > -eem > -em, f.eks. etter bindevokalen -e- bak imperfektumformer: יָתְנִים han gir dei (m.; éin gong med segål: יָתְנִים־ ta dei! 1 Mos 48,9).
- -ohem > -oem > -om, f.eks. etter subjektssuffikset ה־ i perf. 3pl. og impf./impv. mpl.: יָתְנִשׁוּם ta dei (m.)!

- *-ihem* > *-iem* > *-im*, f.eks. etter subjektssuffikset **יְהִי**- i perf. 2fsg. og 1sg. (sjå § 34a): **וַיִּתְּתִים** og så skal eg gi dei (m.).

Ein poetisk variant av pronomensuffikset i 3mpl. er **וְזָמוּ/וְזָמוּ**-, jf. "urforma" av det personlege pronomenet i 3. pers. mask. pl.: *homo/himo*.

På same måte som det personlege pronomenet i 3mpl. har ein variant med ein a-vokal til slutt (**הֵמָּה**), blir også pronomensuffikset i 3mpl. skrive to gonger med ein utlydande a-vokal: **אֵלֵיהֶמָּה** *pilarane deira* Esek 40,16 og **לִיקֵיהֶמָּה** *lik dei* Jer 36,32.

**3. pers. fem. pl.** – På same måte som det personlege pronomenet i 3fpl. blir skrive med ein a-vokal til slutt (**הֵנָּה**), blir også pronomensuffikset i 3fpl. nokre gonger skrive med ein utlydande a-vokal, f.eks. etter preposisjonen **מִן**: **מִן־הֵנָּה** *frå dei* (f.).

Konsonanten **ה** i grunnforma av suffikset (*-hen*) fell ofte bort etter bindevokalane *-a-* eller *-e-*, eller ein annan vokal på slutten av ordet suffikset er føydd til. Dei forskjellige vokalkombinasjonane som står igjen, utviklar seg ulikt:

- *-ahen(a)* > *-aen(a)* > *-an(a)*, f.eks. etter bindevokalen *-a-* bak nominale former: **נַחֲלָתָן** *arven deira* (f.) og **בְּלִנָּה** *heilskapen deira* (f.).
- *-ahena* > *-aena* > *-ena* (sjå § 10g om vokalsekvensen **ֶֿ-ֶֿ**), f.eks. etter bindevokalen *-a-* bak nomenet **קֶרֶב** (opphavleg **קֶרֶב\***, sjå § 8a): **קֶרֶבְנָה** *deira* (f.) *indre* 1 Mos 41,21.
- *-ohen* > *-oen* > *-on*, f.eks. etter subjektssuffikset **יְ**- i perf. 3pl. og impf./impv. mpl.: **יְהִרְגֵן** *dei* (m.) *drep dei* (f.) Sak 11,5.
- *-ihen* > *-ien* > *-in*, f. eks. etter subjektssuffikset **יְהִי**- i perf. 2fsg. og 1sg. (sjå § 34a): **יְדַעְתִּין** *eg kjenner dei* (f.) Jes 48,7.

Når bindevokalen *-a-* blir trykktung i pausale former, kan første vokalen i former av pronomensuffikset med ein a-vokal til slutt (*-hena*) falle bort:

- *-ahena* > *-ahna*, f.eks. **בְּתוֹכָהֶנָּה** *i deira* (f.) *midte* Esek 16,53.

**2. pers. fem. pl.** – På same måte som det personlege pronomenet i 2fpl. blir skrive med ein a-vokal til slutt (**אַתְּנָה**), blir også pronomensuffikset i 2fpl. nokre gonger skrive med ein utlydande a-vokal, f.eks. etter preposisjonen **לְ** i Esek 13,18: **לְכַנְּנָה** *for dykk* (f.).

## § 34 Verb med pronomensuffiks

Når objektet eller adverbialet til eit verb er eit personleg pronomet (Han sender *han*, *henne*, *deg*, ...), blir det gjerne uttrykt ved hjelp av eit pronomensuffiks lagt direkte på verbet (sjå §§ 49 og 58).<sup>89</sup> Med finitte verbkonjugasjonar (sjå § 16), er suffikset for 1. pers. sg. **נִי**- og ikkje **יְ-**, som brukast med nomen og infinitte verb (både **יְ-** og **נִי**- brukast med infinitiv constructus).

Når verbet sluttar på konsonant, kjem det som regel ein bindevokal mellom verbet og dei fleste pronomensuffiksa. Dei vanlegaste unntaka er suffiksa i 2msg. (**יְ-**) og 2mpl. (**כֶּם-**).

<sup>89</sup> Alternativt kan eit objekt eller adverbial uttrykkast gjennom eit pronomensuffiks lagt på objektsmerket eller ein preposisjon.

Vokaltypen som er brukt (a- eller i-vokal), er noko avhengig av verbkonjugasjonen (perfektum, imperfektum, ...).

### a) Perfektum med pronomensuffiks

Mellom eit verb i perfektum som sluttar på konsonant, og eit pronomensuffiks, står vanlegvis bindevokalen *-a-* (enten *pattah* eller *kamets*, ## 1–2).<sup>90</sup> Elles står bindevokalen *-e-* (*tsere* eller *segål*, ## 3–4), ein *sjeva*-vokal (*mobile* eller *hatef*, ## 5–6) eller ingenting (# 7). ה"ל-verb i perfektum 3msg. med pronomensuffiks i 2m. endar vanlegvis på andre radikal.

1.	שְׁלַחְנִי	han sender meg
2.	הוֹצִיאָנוּ	han fører oss ut
3.	וּשְׁאַלְךָ	og han spør deg (f.) (Dom 4,20)
4.	וּשְׂנֵאָךְ	og han hatar deg (m.) (Ordt 25,17)
5.	בִּרְכָךְ	han velsignar deg (m.)
6.	הוֹצִיאָךְ	han førte deg (m.) ut
7.	מָצְאוּתָנוּ	ho finn oss

*Eldre* former av subjektssuffiksa i perfektum 3. pers. fem sg., 2. pers. fem. sg. og 2. pers. mask. pl. er ofte brukt når verbet har pronomensuffiks (sjå § 18a):

- קִטְלָתָּ i staden for קִטְלָהּ i 3fsg. (# 8),
- קִטְלִיתָּ i staden for קִטְלִיתָּ i 2fsg. (# 9) og
- קִטְלִיתָּ i staden for קִטְלִיתָּם i 2mpl. (# 11).

Slik kan det bli like former i perfektum 2fsg. og 1sg. med pronomensuffiks (## 9–10). Samanhengen avgjer korleis ein skal analysere formene.

8.	לִדְתָּךְ	ho føder deg (m.)
9.	וּנְתַתִּיהוּ	og du (f.) gir han (Esek 16,19)
10.	וּנְתַתִּיהוּ	og eg gir han (Dom 4,7)
11.	הֶעֱלִיתָנוּ	de (bm: dere) førte oss opp

### b) Imperfektum med pronomensuffiks

Mellom eit verb i imperfektum som sluttar på konsonant, og eit pronomensuffiks, står vanlegvis bindevokalen *-e-* (enten *tsere* eller *segål*, ## 1–2). Elles førekjem bindevokalen *-a-*

<sup>90</sup> Denne a-vokalen etter perfektum 3. pers. mask. sg. kan også vere det opphavlege subjektssuffikset (sjå § 18a).

(*pataḥ* eller *kamets*, ## 3–4), ein *sjeva*-vokal (*mobile* eller *hatef*, ## 5–6) eller ingenting (# 7). ה"ל-verb utan subjektssuffiks i imperfektum manglar tredje radikal når det kjem pronomensuffiks til slutt (# 8).

1.	יְתַנְּהוּ	han gir han
2.	יְקַחָהּ	han tar henne
3.	יֶאֱהָבֵנִי	han elsker meg
4.	יּוֹצֵאָהּ	han fører henne ut
5.	יְבָרֵכְךָ	han velsignar deg (m.)
6.	יְבִיאֲךָ	han fører deg (m.) inn
7.	אֶתְנֶנְךָ	eg gir deg (m.)
8.	אֹדְךָ	eg prisar deg (m.; av rota יָדָה)

I 3. pers. fem. pl. (og kanskje 2. pers. fem. pl., men det er ingen sikre belegg) er subjektssuffikset נָה- (sjå § 18b) bytt ut med וֹ-/-וֹ- framfor pronomensuffiks, f.eks. תִּחְשַׁבֵּנִי *dei* (f.) *reknar meg* (Job 19,15).

Verb som vanlegvis har ein kortare vokal i imperfektum consecutivum (*Hiphil* [# 9] og ע"ו-verb i *Qal* [# 11], sjå § 20b), har som regel vanleg (lang) vokal når det kjem pronomensuffiks til slutt (## 10 og 12).

9.	וַיִּשְׁע	og så hjelpte han
10.	וַיִּשְׁיַעֵם	og så hjelpte han dei (m.)
11.	וַתָּשֶׂם	og så sette ho
12.	וַתְּשִׂימֵם	og så sette ho dei (m.) (1 Mos 31,34)

Verb som sluttar på andre radikal i imperfektum consecutivum (ה"ל-verb i former utan subjektssuffiks, sjå § 20b), tar pronomensuffiks som vanlege verb i imperfektum (sjå # 8 ovanfor).

### c) Imperativ med suffiks

Mellom eit verb i imperativ som sluttar på konsonant (dvs. mask. sg.), og eit pronomensuffiks, står vanlegvis bindevokalen *-e-* (enten *tsere* eller *segål*, ## 1–2). Elles førekjem bindevokalen *-a-* (# 3).

1.	לְמַדְנִי	lær meg!
2.	אֶהְבֶּהָ	elsk henne!
3.	הַשְׁחִיתֶהּ	øydelegg henne!

Verb i *Qal* som blir bøygd etter hovudmønsteret i imperfektum (יְקַטֵּל, sjå §§ 19a og 23a), har eit anna vokalmønster i imperativ med pronomensuffiks: ִִִּ (med *kamets hatof!*, # 4), ev. ִִִּ ( # 5). Verb bøygd etter sekundærmønsteret i imperfektum har vanlegvis same mønsteret i imperativ med suffiks ( # 6).

4.	שְׂפִטְנִי	gi meg min rett!
5.	נִצְרָהָ <sup>91</sup>	ta vare på henne! (Ordt 4,13)
6.	שְׁמַעְנִי	høyr meg! (jf. impf. 2msg. תִּשְׁמַע)

Verb i *Hiphil* imperativ msg. har vanlegvis ein kort vokal i den andre stavinga ( # 7, sjå §§ 21c og 23c, jf. imperfektum 2msg. med lang vokal # 8). Med pronomensuffiks har slike verb vanleg (lang) vokal i den andre stavinga ( # 9).

7.	הֲרַחֵק	fjern! (impv.)
8.	תִּרְחִיק	du fjernar (imperf., Job 22,23)
9.	הֲרַחֵקֵהוּ	fjern han! (impv., Job 11,14)

#### d) Jussiv og kohortativ med suffiks

Mellom eit verb i jussiv som sluttar på konsonant, og eit pronomensuffiks, står vanlegvis bindevokalen *-e-* (enten *tsere* eller *segål*, ## 1–2). Elles førekjem *sjeva* (*mobile* eller *hatef*, ## 3–4) eller ingenting ( # 5).

1.	יִוְרְנוּ	måtte han lære oss!
2.	יַעֲרֶכֶּהָ	måtte han legge henne fram! (Jes 44,7)
3.	יְבָרְכֶךָ	han velsigne deg!
4.	יִשְׂאֶךָ	måtte han narre deg!

<sup>91</sup> *Dagesj* i dette ordet er verken *forte* eller *lene*, men *dirimens* (lat. "skiljande"). Det er ein type eufonisk *dagesj* (sjå § 12d) som lagar eit mellomrom mellom stavingar inni ord.

5.	יָגִדָּךְ	måtte han kunngjere deg! (5 Mos 32,7)
----	-----------	---------------------------------------

Verb som vanlegvis har ein kortare vokal i jussiv (*Hiphil* [# 6] og י"ע-verb i *Qal* [# 8], sjå § 21a), har som regel vanleg (lang) vokal når det kjem pronomensuffiks til slutt (## 7 og 9).

6.	יָגִד	måtte han kunngjere!
7.	יָגִידָּהּ	måtte han kunngjere henne! (Jes 44,7)
8.	יָשֵׁת	måtte han sette!
9.	יָשִׁיתָהוּ	måtte han sette han! (1 Mos 41,33)

Verb i kohortativ med pronomensuffiks manglar kohortativkjenneteiknet (dersom suffikset ה־ ikkje heng saman med energisk ׀, sjå § 37) og ser derfor ut som vanlege imperfektumformer med pronomensuffiks (sjå pkt. b).

#### e) Infinitiv constructus med suffiks

Verb i infinitiv constructus tar pronomensuffiks i stor grad på same måte som nomen i eintal (sjå § 35a). Mens pronomensuffiks på *finite* verb berre viser til objektet for verbhandlinga, kan suffiks på infinitiv constructus vise til enten objektet eller subjektet. Bortsett frå pronomensuffikset i 1. pers. sg., er det samanhengen som avgjer om suffikset viser til objektet eller subjektet. Pronomensuffikset i 1sg. viser til objektet når det skrivast יְ- (# 1) og vanlegvis til subjektet for verbsituasjonen når det skrivast יֹ- (# 2).

1.	pronomensuffiks viser til objekt	לְשִׁלְחָנִי	å sende <i>meg</i> vekk (2 Sam 13,16)
2.	pronomensuffiks viser til subjekt	בְּשִׁלְחִי	når <i>eg</i> sender ut (Esek 5,16)

I *Qal* infinitiv constructus blir fleire forskjellige vokalmønster brukt når verb har pronomensuffiks. Det vanlegaste mønsteret har ein runda vokal (*kamets ḥatof*) etter første radikal (# 3). Men begge imperfektummønster, både sekundærmønsteret ֹֿֿ (# 4, med forlenging av a-vokalen i dette tilfellet pga. bortfall av ׀, sjå § 12b) og hovudmønsteret ֹֿֿֿ (# 5, med *kamets ḥatof!*), brukast, i tillegg til mønster med ein i- eller a-vokal i den første stavinga (## 6–7, sjå § 22a).

3.	מְלִכּוֹ	at han regjerer
4.	קָרְאָתוֹ	å møte han



5.	שָׁמְרֵךְ	å vakta deg (m.)
6.	שִׁבְרִי	at eg bryt
7.	צֵעֲדֵךְ	at du (m.) skrid fram

Verb i infinitiv absolutus har ikkje pronomensuffiks.

#### f) Partisipp med suffiks

Som ei nominal form av verbet, tar partisipp pronomensuffiks som andre nomen (sjå § 35). Cirka seks gonger brukast וְ-, og ikkje berre יְ-, som suffiks i 1. pers. sg., f.eks. עֹשֶׂנִי *han som lagar meg*.

### § 35 Nomen med pronomensuffiks

Når det substantiviske attributtet (sjå § 27) til eit nomen er eit personleg pronomen (stolen *hans, hennar, din, ...*), blir det gjerne uttrykt ved hjelp av eit pronomensuffiks lagt direkte på nomenet. Fordi suffikset er eit substantivisk attributt, kjem det etter ei eventuell constructus-ending på nomenet – dvs. תְּ- eller יְ- (sjå § 28, men også יְ- på אָב, אָח og פֶּה sjå § 30). Når eit nomen som blir bøygd etter eitt av f-mønstra i fleirtal, får pronomensuffiks, blir יְ-endinga (opphavleg יְ-) frå m-mønsteret lagd bak תְּ-endinga, framfor suffikset (sjå pkt. b nedanfor).

Suffikset for 1. pers. sg. er יְ- og ikkje וְ-, som brukast med finitte verb.

#### a) Nomen i singularis med pronomensuffiks

Når eit nomen i *eintal* constructus sluttar på konsonant, kjem det som regel ein bindevokal mellom nomenet og dei fleste pronomensuffiksa. Dei vanlegaste unntaka er suffiksa i 2msg. (וְ-) og 2pl. (כֶּם-/כֶּן-). Vokalen som er brukt (-a-, -e- eller -i-), er avhengig av pronomensuffikset. Framfor suffiksa i 3. pers. (mask. og fem., sg. og pl.) er bindevokalen vanlegvis -a-. Framfor 2. pers. fem. sg., 1. pers. pl. og pausale former av 2. pers. mask. sg., er bindevokalen -e-. Og framfor 1. pers. sg., er bindevokalen -i-. Når andre bindevokalar blir brukt, kan suffikset sjå annleis ut enn i tabellen nedanfor, f.eks. suffikset i 3msg. etter bindevokalen -e-: רֵעֵהוּ *nesten hans/sin* (sjå § 33 for dei ulike formene pronomensuffiksa kan ha).

## Nomen i eintal med pronomensuffiks

Tal / person / kjønn på suffikset	Nomen bøygd etter m-mønsteret (מִשְׁפָּטֵי <i>rett</i> ; constructus: מִשְׁפָּט)	Nomen bøygd etter f <sub>1</sub> -mønsteret (מֵאָה <i>hundre</i> ; constructus: מְאָה)	Nomen bøygd etter f <sub>2</sub> -mønsteret (טִבְעָתֵי <i>ring</i> ; constructus: טִבְעָת)
Singularis			
3. m.	מִשְׁפָּטוֹ	מְאָתוֹ	טִבְעָתוֹ
3. f.	מִשְׁפָּטֶיהָ	מְאָתֶיהָ	טִבְעָתֶיהָ
2. m.	מִשְׁפָּטֶיךָ (pausal: מִשְׁפָּטֶיךָ)	מְאָתֶיךָ (pausal: מְאָתֶיךָ)	טִבְעָתֶיךָ (pausal: טִבְעָתֶיךָ)
2. f.	מִשְׁפָּטֶיךָ	מְאָתֶיךָ	טִבְעָתֶיךָ
1.	מִשְׁפָּטִי	מְאָתִי	טִבְעָתִי
Pluralis			
3. m.	מִשְׁפָּטָם	מְאָתָם	טִבְעָתָם
3. f.	מִשְׁפָּטָן	מְאָתָן	טִבְעָתָן
2. m.	מִשְׁפָּטְכֶם	מְאָתְכֶם	טִבְעָתְכֶם
2. f.	מִשְׁפָּטְכֶן	מְאָתְכֶן	טִבְעָתְכֶן
1.	מִשְׁפָּטָנוּ	מְאָתָנוּ	טִבְעָתָנוּ

### MERKNADER TIL FORMENE

(1) I ei open, trykklett staving like framfor den trykktunge stavinga, blir a-vokalen i תִּ-endinga (f<sub>1</sub>-mønsteret) lang (sjå § 8b).

(2) Hjelpevokalen mellom dei to siste konsonantane i ord bøygd etter f<sub>2</sub>-mønsteret i eintal er berre nødvendig når orda sluttar på ת-endinga utan noko (pronomensuffiks, e.l.) etterpå (sjå §§ 28a og 8a).

(3) Sjå elles § 33.

### b) Nomen i pluralis (og dualis) med pronomensuffiks

Nomen i fleirtal med pronomensuffiks har som regel det opphavlege constructus-endinga i fleirtal frå m-mønsteret (-aj, sjå § 28a) like framfor suffikset. NB: Dette gjeld også nomen som elles blir bøygd etter eit f-mønster! Slike nomen har to fleirtalsendingar på former med pronomensuffiks: både תִּ- og יִ-/יְ- (sjå tabellen nedanfor). Nomen i total (dualis) tar pronomensuffiks på same måte.

## Nomen i fleirtal med pronomensuffiks

Tal / person / kjønn på suffikset	Nomen bøygd etter m-mønsteret (מִשְׁפָּט <i>rett</i> ; fleirtal constructus: מִשְׁפָּטִי)	Nomen bøygd etter eit f-mønster (מֵאָה <i>hundre</i> ; fleirtal constructus: מְאוֹת)
Singularis		
3. m.	מִשְׁפָּטָיו	מְאוֹתָיו
3. f.	מִשְׁפָּטֶיהָ	מְאוֹתֶיהָ
2. m.	מִשְׁפָּטֶיךָ	מְאוֹתֶיךָ
2. f.	מִשְׁפָּטֶיךָ	מְאוֹתֶיךָ
1.	מִשְׁפָּטִי	מְאוֹתִי
Pluralis		
3. m.	מִשְׁפָּטֵיהֶם	מְאוֹתֵיהֶם
3. f.	מִשְׁפָּטֵיהֶן	מְאוֹתֵיהֶן
2. m.	מִשְׁפָּטֵיכֶם	מְאוֹתֵיכֶם
2. f.	מִשְׁפָּטֵיכֶן	מְאוֹתֵיכֶן
1.	מִשְׁפָּטֵינוּ	מְאוֹתֵינוּ

### MERKNADER TIL FORMENE

(1) Konsonanten ך i den opphavlege constructus-endinga ךֿ- blir ikkje uttalt framfor pronomensuffikset i 3. pers. mask. sg. Konsonanten ה i suffikset fell også bort, men ךֿ blir som regel verande igjen i skriftbildet: *-ajho* > *-av* (ךֿ-/[ךֿ-]).

(2) Den opphavlege constructus-endinga ךֿ- blir som regel til ךֿ- framfor pronomensuffiks (sjå § 12b). Der suffikset har *kamets* som vokal, blir *tsere* til *segål* (sjå § 10g).

(3) Den opphavlege constructus-endinga ךֿ- blir verande framfor suffiksa i 2. pers. fem. sg. og 1. pers. sg. For å unngå to konsonantar på rad på slutten av ordet med suffikset i 2. pers. fem. sg., blir det sett inn ein hjelpevokal mellom ךֿ- og suffikset (sjå § 8a). Om suffikset i 1. pers. sg., sjå § 33.

(4) Sjå elles § 33.

## § 36 Partiklar med pronomensuffiks

Dei partiklane som oftast tar pronomensuffiks, er preposisjonar. Det skjer når utfyllinga er eit personleg pronomen (til *han*, *henne*, *det*, *deg*, ...). Andre partiklar som tar suffiks, er objektsmerket אַת (sjå § 55a), merksemdspartikkelen הִנֵּה (sjå § 55c) og eksistenspartiklane יֵשׁ *det er* og אֵין *det er ikkje*.

Partiklar tar som regel suffiks slik som nomen – dei fleste som eit nomen i eintal (sjå § 35a), men enkelte som eit nomen i fleirtal, f.eks. לְּ i tabellen nedanfor (sjå § 35b).<sup>92</sup> Men i motsetning til dei fleste nomen, blir bindevokalen *-a-* brukt oftare med suffiksa i 2. pers. fem. sg. og 1. pers. pl. enn bindevokalen *-e-*. Ein annan forskjell mellom partiklar og nomen er at ךְ- ofte blir brukt som den pausale forma av suffikset i 2. pers. mask. sg. (og ikkje ךְ-). Som regel blir ךְ- brukt som suffiks i 1. pers. sg., men fleire partiklar bruker også ךְ-, f.eks. הַנְּי.

#### Vanlege partiklar med pronomensuffiks

Tal / person / kjønn på suff.	לְּ til, for	Preposisjonen אֶת med	Objektsmerket אֶת	לְּ til	מִן frå	כְּ lik
Singularis						
3. m.	לוֹ	אֵתוֹ	אֵתוֹ	אֵלָיו	מֵמֶנּוּ	כְּמֵהוּ
3. f.	לָהּ	אֵתָהּ	אֵתָהּ	אֵלֶיהָ	מֵמֶנָּה	כְּמוֹתָהּ
2. m. (pausal)	לְּ? (לְּ?)	אֵתָ? (אֵתָ?)	אֵתָ? (אֵתָ?)	אֵלָיְךָ אֵלָיְךָ	מֵמֶךָ (מֵמֶךָ)	כְּמוֹךָ
2. f.	לְּ?	אֵתָ?	אֵתָ?	אֵלַיְךָ	מֵמֶךָ	—
1.	לִי	אֵתִי	אֵתִי	אֵלַי	מֵמֶנִּי	כְּמוֹנִי
Pluralis						
3. m.	לָהֶם	אֵתָם	אֵתָם	אֵלֵיהֶם	מֵהֶם	כְּמוֹתָם / כְּהֶם
3. f.	לָהֶן	—	אֵתָהֶן	אֵלֵיהֶן	מֵהֶנָּה	כְּהֶן
2. m.	לָכֶם	אֵתְכֶם	אֵתְכֶם	אֵלֵיכֶם	מֵכֶם	כְּכֶם
2. f.	לְכַנְּהָ	—	—	—	—	—
1.	לָנוּ	אֵתָנוּ	אֵתָנוּ	אֵלֵינוּ	מֵמֶנּוּ	כְּמֵנוּ

#### MERKNADER TIL FORMENE

(1) Grunnforma til preposisjonen לְּ er nok *la*. Denne a-vokalen kan ha "smitta over" til andre partiklar som bindevokal framfor suffiks i 2. pers. fem. sg. (לְּ-), 1. pers. pl. (לָנוּ-) og den pausale forma av 2. pers. mask. sg. (לְּ-).

<sup>92</sup> Somme partiklar var nok opphavleg nomen som kunne stå i fleirtal, mens andre partiklar ser ut til å vere avleidd av røter som opphavleg hadde ךְ som tredje radikal, og der denne radikalen dukkar opp i ymse former.

(2) Fire gonger i Job blir preposisjonen  $\text{-לְ}$  utvida med spørjepronomenet  $\text{מִן}$  (som elles vanlegvis skrivast  $\text{-מֵה}$ ):  $\text{לְמִן}$ . Denne utvida forma brukast òg nokre få gonger framfor suffikset i 3. pers. mask. sg.:  $\text{לְמִנִּי}$ . Det finst i tillegg ei form av denne preposisjonen med pronomensuffiks i 3. pers. mask. pl. som også heiter:  $\text{לְמִנֵּם}$ . Sjå også punkt 6.

(3) Dei to  $\text{תִּי}$  i preposisjonen  $\text{תִּיִּךְ}$  kjem fram igjen når dei slepp å stå sist i ordet (sjå § 12d). I-vokalen skrivast som *tsere* når partikkelen er trykktung, *segål* når den er trykklett og *hirek* framfor fordobla konsonant (sjå § 10e).

(4) Objektsmerket  $\text{תִּיִּךְ}$  hadde opphavleg ein a-vokal som kunne vere enten lang eller kort. Den lange versjonen vart til *hålem* og brukast når partikkelen har pronomensuffiks (bortsett frå suffikset i 2. pers. mask. pl.). Den korte versjonen vart til *segål* og brukast når partikkelen er trykklett ( $\text{-תִּיִּךְ}$  og  $\text{תִּיִּךְ־}$ ). Når partikkelen er trykktung, blir *segål* til *tsere*:  $\text{תִּיִּךְ}$ .

(5) Framfor dei fleste suffiksa blir preposisjonen  $\text{מִן}$  totalt reduplisert (med assimilasjon av bokstaven  $\text{נ}$ ):  $\text{מִן} > \text{מִןמִן} > \text{מִמִּין} > \text{מִמֵּין}$ . Forma med suffiks i 2. pers. mask. sg. oppsto nok som ei forenkling av den pausale forma ( $\text{מִן־}$ ) under påverking av andre former med dette suffikset.

(6) Preposisjonen  $\text{-כֵּן}$  blir utvida med spørjepronomenet  $\text{מִן}$  (sjå punkt 2) framfor dei fleste suffiksa (og faktisk nesten seksti gonger utan suffiks:  $\text{כֵּן־}$ ).

(7) Sjå elles § 33.

## § 37 "Energisk" suffiks

Ei gammal ending med konsonanten  $\text{נ}$  har overlevd i ein del ord med pronomensuffiks på bibelhebraisk – primært imperfektumformer, men også imperativar, infinitiv constructus-former, partisipp, perfektumformer og partiklar. Ei tilsvarande ending på imperfektumformer i klassisk arabisk gir verbformene større kraft. Endinga kallast derfor *energisk נ*.

Energisk  $\text{נ}$  er plassert saman med ein bindevokal ( $\text{-e-}$  [*segål*], ev.  $\text{-a-}$  [*pattah*] i 1sg.) mellom eit ord og eit pronomensuffiks i 3msg., 3fsg., 2msg., 1sg. og 1pl. I 3. og 2. person skjer det ein assimilasjon når  $\text{נ}$  møter første konsonanten i suffikset. Konsonanten  $\text{ה}$  i 3. pers. mask. og fem. sg. blir assimilert til  $\text{נ}$  (## 1 og 2), mens energisk  $\text{נ}$  blir assimilert til  $\text{כ}$  i starten av suffikset i 2. pers. mask. sg. (# 3). Når energisk  $\text{נ}$  møter første bokstaven i suffikset for 1. pers. sg. og pl. ( $\text{נִי}$ ) er resultatet fordobling (## 4 og 5). Det finst også tilfelle der det ikkje skjer assimilering med energisk  $\text{נ}$  (# 6).

1.	3msg.	$\text{הוּ + נִי + אֵין} >$	$\text{אֵינְנוּ}$	han er ikkje
2.	3fsg.	$\text{הָ + נִי + אֵתָן} >$	$\text{אֵתְנָנָהּ}$	eg gir henne
3.	2msg.	$\text{ךָ + נִי + אֵעֲזָבְךָ} >$	$\text{אֵעֲזָבְךָ}$	eg går frå deg
4.	1sg.	$\text{נִי + נִי + אֵין} >$	$\text{אֵינְנִי}$	eg er ikkje

5.	1pl.	הַנָּה + נִּי + נוּ >	הַנָּנוּ	her er vi
6.	3msg.		יְבָרֵךְנָהוּ	han velsignar han

Energisk ן er ikkje det same som paragogisk ן (sjå § 18b), som også kan ha suffiks etter seg, f.eks. יִשְׂרָתוֹנָךְ *dei tener deg* (f.). Det skjer vanlegvis ikkje assimilasjon når det kjem pronomensuffiks etter paragogisk ן.

# Setningslære (syntaks)

Ein som kjenner til forholdet mellom skrift og lyd på bibelhebraisk (ortografi og fonologi), kan gjerne "lese" bibelske tekstar utan vanskar. Og med eit grunnleggande ordforråd og kjennskap til korleis ord blir bøygd (morfologi), kan ein i tillegg kanskje få eit overflatisk innblikk i innhaldet i ein tekst. Men utan å ha sett seg inn i kva dei ulike formkategoriane kan formidle av betydning (semantikk), og korleis ord og grupper av ord fungerer i forhold til kvarandre (syntaks), har ein ikkje tilgang til det fulle meiningspotensialet som ligg i teksten.

## Verbstammer og konjugasjonar, § 38–43

### § 38 Verbstammene

Verb på bibelhebraisk har alltid ei form som gjer at ein kan plassere dei i grupper med andre verb med liknande vokal- og konsonantmønster. Slike grupper fungerer som bøyingskategoriar for verb og blir kalla for verbstammer.<sup>93</sup> Det finst sju hovudstammer: *Qal*, *Niphal*, *Piel*, *Pual*, *Hithpael*, *Hiphil* og *Hophal*. Av dei mindre vanlege stammene, er mesteparten berre variantar av desse sju hovudstammene, gjerne brukt med verb med berre to konsonantar i rota.

Verbstammene gir informasjon om forholdet mellom verbsituasjonen og subjektet for setninga. I tillegg kan dei ha med seg andre typar informasjon som er med på å beskrive sjølve verbsituasjonen. Dei kan også gi informasjon om forholdet mellom verbet og orda omkring. Denne informasjonen er knytt til følgande kategoriar:

(1) **Diatese** (gr. 'oppstilling, tilstand') – Verbstammene på bibelhebraisk fortel vanlegvis noko om korleis subjektet i setninga stiller seg til verbsituasjonen. Ordet som brukast om dette forholdet, er *diatese*. I tillegg til subjektet i setningar, angår diatese også kjernen i nomenfrasar med eit verb i partisipp som adjektivisk attributt (§ 56.a.2) og ord som fungerer som "subjekt" i verbfrasar med infinitiv som hovudord (§ 58). Diatesen kan vere *aktiv*, *passiv* eller *medium*. Aktiv diatese er når subjektet (<sub>SUBJ</sub>) er den som gjer noko, erfarer noko eller har eigenskapen som verbet viser til: *Eg<sub>SUBJ</sub> lokka henne*, *Vi<sub>SUBJ</sub> ser deg*, *Fjellet<sub>SUBJ</sub> er høgt*. Viss diatesen er passiv, er subjektet den som handlinga er retta mot eller produserer, eller den som utløyser ei erfaring: *Eg<sub>SUBJ</sub> vart lokka*, *Vi<sub>SUBJ</sub> blir sett*. Ein mellomting mellom aktiv og passiv finn ein der verbendinga går ut over subjektet samtidig som subjektet er meir eller mindre med på at det skjer: *Eg<sub>SUBJ</sub> let meg lokke*; *Vi<sub>SUBJ</sub> ser oss sjølve*; *Vi<sub>SUBJ</sub> sjåast* (= *ser kvarandre*). I slike tilfelle er diatesen *medium*.

Verbstammene som markerer aktiv diatese, er hovudsakleg *Qal*, *Hiphil* og *Piel*. Passiv diatese er markert ved hjelp av *Pual* og *Hophal*. *Qal* har også ei partisippform som markerer passiv diatese. Både *Niphal* og *Hithpael* markerer at diatesen ikkje er aktiv, men kan vere enten passiv eller medium. *Niphal* er oftast brukt med passiv diatese, og i mindre grad med medium. Verb i *Hithpael*, derimot, brukast som regel med medium diatese, men også passiv. *Hiphil* blir

<sup>93</sup> I andre framstillingar kallast dei for *konjugasjonar*, eit ord som betyr noko anna i denne grammatikken, sjå f.eks. § 39.

av og til brukt når diatesen er medium. Det førekjem også sporadiske unntak til denne inndelinga.

I eksemplane på medium diatese ovanfor er forholda mellom subjekta og verbsituasjonane av ulik karakter. Subjektet kan handle slik at andre utfører ei handling på det: *Eg<sub>SUBJ</sub> let meg lokke* (= *eg let meg sjølv bli lokka av andre*). Då seier ein at medium har ein *tolerativ* nyanse (frå lat. *tolerare* "halde ut"). Der subjektet rettar handlinga eller fokus tilbake på seg sjølv (*Vi<sub>SUBJ</sub> ser oss sjølve*), har medium ein *refleksiv* nyanse (frå lat. *reflectere* "bøye tilbake"). Ein tredje mediumnyanse er *resiprok* (frå lat. *reciprocare* "snu tilbake"). Det er når subjektet er eit fleirtal og har fokus på eller handlinga retta mot kvarandre: *Vi<sub>SUBJ</sub> sjåast* (= *ser kvarandre*). Verbstammene som kan markere medium diatese, gjer det ikkje klart kva for nyanse som gjeld. Her må lesaren bruke samanhengen.

(2) **Kausativitet** (frå lat. *causa* "årsak", jf. eng. *cause*) – I ein del verbsituasjonar skjer det at ei handling, ei hending, ein tilstand e.l. blir forårsaka. Slike verbsituasjonar har ein *kausativitet*. Ta, f.eks., setninga *Dei brenner ned husa dine*. Kausativiteten i verbsituasjonen kan "pakkast ut" ved hjelp av det kausative verbet *få*: *Dei får husa dine til å brenne ned*. Det som er forårsaka, kan framstillast med to forskjellige setningar der det opphavlege objektet *husa dine* fungerer som subjekt. Setninga *Husa dine er nedbrent* legg vekt på det statiske sluttresultatet når den fortel om objektet frå den opphavlege setninga. Men ein kan også framstille *husa dine* slik at det på ein eller annan måte tar del i ein dynamisk aktivitet: *Husa dine brenn ned*.

Når den forårsaka situasjonen er den at ein eller annan har ein ny eigenskap, er kausativiteten *faktiv*. I setninga *Han fyller skyene (med vatn)* får objektet *skyene* ein ny eigenskap: "full". Objektet gjer ikkje noko for å få denne eigenskapen. Ein kan uttrykke stoda til slutt ved hjelp av ei setning med *skyene* som subjekt for ein statisk verbsituasjon (gjerne med eit adjektiv på norsk): *Skyene er fulle (av vatn)*. Kva som må til for å forårsake denne nye eigenskapen, er utanfor synsfeltet for verbkonstruksjonen.

Andre gonger er det tydelegare kva for handling det er som nokon utfører for å forårsake den nye situasjonen. Fokuset er framleis på denne nye situasjonen, men her ser ein også kva som må til. Det er lett å skjønne at nokon *spreier* objektet i setninga *Eg får spreidd dei ut*, men ved hjelp av hjelpeverbet *få*, perfektumforma *spreidd* og adverbet *ut* er det sluttresultatet som likevel får størst vekt. Og det er heller ikkje sikkert at det er subjektet sjølv (*eg*) som spreier objektet. Derfor har slike konstruksjonar ein *resultativ* kausativitet. Også her er *dei* inaktive i forhold til situasjonen som *eg* forårsaker. *Dei* gjer ingen ting når det gjeld å vere spreidde ut.

Viss den forårsaka situasjonen ikkje er ein eigenskap eller eit sluttresultat, men heller ei handling, hending eller erfaring, heiter det at kausativiteten er *kausativ*. I setninga *Han fører Esekiel dit* får *han*-personen objektet *Esekiel* til å *gå* eller *komme* dit. Uansett korleis det blir forårsaka, er det å *gå* eller *komme* ei dynamisk handling som inneber ei endring eller bevegelse. Andre gonger kan det vere ei statisk erfaring hos ein annan som er forårsaka: *HERREN viste han heile landet*. Her får *HERREN* objektet *han* til å *sjå* noko.

Både på norsk og bibelhebraisk kan kausativitet vere knytt til verbets grunnbetydning. Verba *å fylla*, *å føre* og *å vise* har kausativitet på grunn av kva dei betyr. På hebraisk kan kausativitet også uttrykkast gjennom visse verbstammer. *Qal* og *Niphal* tilfører som regel ingen kausativitet til rota. Ei rot bøygd i *Qal* eller *Niphal* kan ha kausativitet, men det ligg i så fall i betydninga til sjølve rota, og kjem ikkje av verbstamma. *Piel*, *Pual* og *Hithpael*, derimot, gir



vanlegvis faktitiv/resultativ kausativitet til ei rot, med fokus på ein ny eigenskap eller sluttresultat. Og *Hiphil* og *Hophal* er brukt når verbsituasjonen har ein kausativ kausativitet fordi ei handling eller erfaring er forårsaka.

(3) **Aksjonsart** – *At Nogenting skeer os Verbet skal sige: at "læse", at "skrive", at "synge", at "skrige".*<sup>94</sup> Det er fort gjort å tenkje at verb er ord som fortel kva som *skjer*, eller kva nokon *gjer*. Men det er også verb på norsk der det er vanskeleg å seie at noko "skjer". Verbet *leve* (*Han lever.*), f.eks., viser gjerne til eit forhold eller tilhøve når det gjeld subjektet (jf. eng. *He is alive*), mens andre verb viser til ulike erfaringar, både fysiske (*svelte*) og psykologiske (*frykte*).

Verbsituasjonar der det skjer bevegelse eller endring – *seie, gjere, komme, gi*, kallast for *handlingar* (ev. *dynamiske* eller *fientive* verbsituasjonar). Verbsituasjonar som kan beskrivast som eit forhold eller erfaring hos subjektet – *vere, sjå, høyre, sitte*, kallast for *tilstandar* (ev. *statiske* eller *stative* verbsituasjonar).<sup>95</sup>

Ein viktig forskjell mellom norsk og bibelhebraisk er at mange tilstandsverb på hebraisk viser til ein *eigenskap* (ibuande eller tileigna) hos subjektet. For å omsette slike verb til norsk, må ein som regel ty til ei form av *vere* pluss eit adjektiv, f.eks. **קַיִן** *vere sterk*, **מֵלֵא** *vere full* og **מֵרֵם** *vere høg*.

Verbstammene utanom *Qal* brukast som regel om forskjellige typar handlingar, men verbsituasjonar uttrykt ved hjelp av *Niphal* er av og til tilstandar (sjå pkt. b4 nedanfor). I *Qal* finn ein både handlingar og tilstandar, og det er ofte slik at handlingsverb i *Qal* blir bøygde etter hovudmønsteret og tilstandsverb i *Qal* blir bøygde etter eit sekundærmønster (sjå §§ 19a og 23a).

*Diatese, kausativitet og aksjonsart kan gjerne koplant saman når ein skal prøve å få oversikt over systemet for verbstammene på bibelhebraisk.* Eit viktig skilje går mellom stammene som ikkje gir nokon kausativitet til rota (*Qal* og *Niphal*), og dei som gjer det (*Piel, Pual, Hithpael, Hiphil* of *Hophal*). Når det gjeld aksjonsart, er det slik at blant stammene som viser kausativitet, er det ein *eigenskap* eller *sluttresultat* som er forårsaka i *Piel, Pual* og *Hithpael* og ei *handling* eller *erfaring* i *Hiphil* og *Hophal*. Ser ein på diatese, utgjer *Qal, Piel* og *Hiphil* dei *aktive* verbstammene; *Niphal, Pual* og *Hophal* dei *passive* verbstammene; og *Niphal* og *Hithpael* (og *Hiphil*) dei *medium* stammene. Dette er meint som hjelp til å skaffe seg oversikt. Detaljane i systemet viser likevel i praksis ein god del avvik frå skjemaet nedanfor.

---

<sup>94</sup> Frå "Sproglære" av Henrik Wergeland (i *Vinterblommer i Barnekammeret*, 1840). I diktet legg Wergeland fram og kort forklarar ti ordklasser ("Taledele") på dansk-norsk.

<sup>95</sup> Det er fleire aksjonsartar enn handlingar og tilstandar (f.eks. *fullføringar*). Men dei hjelper oss ikkje med å forstå bruken av verbstammene på bibelhebraisk.

		Kausativitet		
		Ikkje markert	Faktitiv/resultativ	Kausativ
			Ein <b>eigenskap</b> eller eit <b>sluttresultat</b> er forårsaka	Ei <b>handling</b> eller <b>erfaring</b> er forårsaka
Diatese	Aktiv	<i>Qal</i>	<i>Piel</i>	<i>Hiphil</i>
	Passiv	<i>Niphal</i> <sup>96</sup>	<i>Pual</i>	<i>Hophal</i>
	Medium	<i>Niphal</i>	<i>Hithpael</i>	<i>Hiphil</i>

(4) **Transitivitet** (frå lat. *transire* "gå over") – Verb som kan ta objekt, kallast for *transitive* (sjå § 49a om ulike typar objekt): *Han tar kniven*; *Du seier, "Ja, her er eg!"*; og *Vi ser staden*. *Intransitive* verb er slike som *ikkje* tar objekt: *Eg går inn*; *Ho snakkar*. Enkelte verb har plass til to objekt: *Han gjer ikkje han<sub>1</sub> noko<sub>2</sub>*. Slike verb kan kallast *ditransitive* eller *dobbeltransitive*.

Ein del transitive verb står av og til utan objekt. Det kan vere fordi språkbrukaren vil fokusere på sjølve verbhandlinga: *Slo du?*; *Eg ser!* Verbet er framleis transitivt, men objektet er gjerne underforstått. Det hender også at intransitive verb står med objekt. Slike objekt pleier å vise tilbake til sjølve verbhandlinga og kallast for *indre objekt*: *Ho syng ein song*; *Vi går ein tur*. Kva for verb som kan ta eit indre objekt, er noko som varierer frå språk til språk.

Verbstammene på bibelhebraisk påverkar gjerne transitiviteten. Unntaket er *Qal*. Denne stamma seier ingen ting om transitiviteten til ei rot. Verb som står i *Piel*, pleier å vere transitive, men ikkje dobbeltransitive. Viss ei rot er intransitiv i *Qal*, vil den som regel bli transitiv i *Piel*. Men transitive røter i *Qal* blir ikkje dobbeltransitive i *Piel*, berre transitive. Å bøye ei rot i *Hiphil* vil som regel auke transitiviteten i forhold til *Qal* (eller ei anna stamme). Intransitive røter blir transitive, og transitive blir dobbeltransitive. Det hender likevel at intransitive røter i *Qal* brukast intransitivt også i *Hiphil* (indre kausativ bruk, sjå pkt. f1 nedanfor). Resten av stammene – *Niphal*, *Pual*, *Hithpael* og *Hophal* – reduserer gjerne transitiviteten. Transitive røter i *Qal*, *Piel* og *Hiphil* blir altså intransitive i *Niphal*, *Pual*, *Hithpael* og *Hophal*. Og dobbeltransitive røter i *Hiphil* blir berre transitive i *Hophal*.

(5) **Frekventative situasjonar** – Frekventative verbsituasjonar er handlingar med ein repeterande karakter. Mange enkle handlingar kan gjerast om igjen fleire gonger, men frekventative handlingar inneber alltid gjentaking. Ein kan, f.eks., flytte på noko – ein gong eller fleire gonger. Men viss ein *viftar* med noko, blir det som regel flytta fram og tilbake fleire gonger. Då er verbsituasjonen frekventativ. Ved å bruke *Piel*-stamma kan ein språkbrukar tillegge verbet frekventativ betydning.

#### a) *Qal* (קל)

Generelt kan ein seie at verb bøygd i *Qal* har aktiv diatese, og at stamma ikkje tilfører rota kausativitet. Det vil seie at subjektet for eit verb i *Qal* som regel er den som utfører verbhandlinga, eller er i tilstanden verbet viser til. Verb i *Qal* viser til både tilstandar og handlingar, intransitive så vel som transitive.

<sup>96</sup> Opphavleg var det ei eiga passiv, ikkje-kausativ verbstamme: *Qal* passiv (sjå § 19h).

(1) **Tilstandsverb** i *Qal* beskriv ein eigenskap (# 1), eit forhold (# 2) eller ei erfaring (# 3) hos subjektet og viser ofte eit sekundærmønster når det gjeld vokalane (## 1 og 2, sjå §§ 19a og 23a), men ikkje alltid (# 3). Slike verb er ofte intransitive, men særleg sanseverb kan forståast som tilstandar som involverer fleire enn subjektet (# 4).

1.	וְכָל לֶחֶם צֵידִים יָבֵשׁ	Og alt nistebrødet deira <i>var tørt</i> . (Jos 9,5)
2.	וַיֵּרָא נֹשֵׂא-כֶלִיּוֹ כִּי מֵת שָׁאוּל	Og så såg våpenberaren hans at Saul <i>var død</i> . (1 Sam 31,5)
3.	וְלֹא לִנְצַח אֶקְצוּרָה	Og eg <i>er</i> ikkje <i>sint</i> for alltid. (Jes 57,16)
4.	כִּי-תֵצֵא לְמִלְחָמָה עַל-אֵיבֶיךָ וְרָאִיתָ סוּס וְרֶכֶב עִם רַב מִמֶּךָ לֹא תִירָא מֵהֶם	Når du dreg ut i krig mot fiendane dine og <i>ser</i> hest og vogn, ein hær større enn din, skal du ikkje vere redd for dei. (5 Mos 20,1)

Slike verb blir ofte omsett med *adjektiv* på norsk (jf. *tørr*, *død* og *sint*), og fleire av dei har adjektiviske motpartar på bibelhebraisk, jf. f.eks. *verbet חזק* i *בְּכָל-הָאָרֶץ* i *בִּי-חֲזֵק הָרַעַב* *for hungersnauda var hard over heile jorda* (1 Mos 41,57) og *adjektivet חזק* i *וְהָרַעַב חֲזָק* *hungersnauda [var] hard i Samaria* (1 Kong 18,2). Forskjellen på bibelhebraisk, som ikkje blir fanga opp av den norske omsettinga, er at mens *verbet* kan gi informasjon om diatese, aspekt (sjå § 39) og modalitet (sjå § 39), er ikkje *adjektivet* i stand til det.

(2) **Handlingsverb** inneber bevegelse eller endring. Dei kan vere intransitive og ikkje involvere fleire enn subjektet (## 1 og 2) eller transitive og ramme eller føre til noko anna (## 3 og 4). Same verbrot kan brukast både transitivt og intransitivt i *Qal*, jf. ## 4 og 5 der *rota עשה* å *gjere, lage* må omsettast på forskjellige måtar fordi fokus ligg på sjølve handlinga i # 5. Handlingsverb kan også stå med *indre objekt* som viser tilbake til sjølve handlinga (# 6).

1.	הַשֶּׁמֶשׁ בָּאָה	Sola <i>gjekk ned</i> . (1 Mos 15,17)
2.	אַתָּה קִצַּפְתָּ וְנִחַטָּא	Du <i>vart sint</i> , for vi hadde synda. (Jes 64,4)
3.	הַמָּקוֹם אֲשֶׁר יִבְחַר יְהוָה אֱלֹהֶיךָ בוֹ	Staden som HERREN din Gud <i>vel seg ut</i> . (5 Mos 14,25)
4.	שֵׁשֶׁת יָמִים עָשָׂה יְהוָה אֶת-הַשָּׁמַיִם וְאֶת-הָאָרֶץ	På seks dagar <i>skapte</i> HERREN himmelen og jorda. (2 Mos 31,17)
5.	וּבִטַח עָלָיו וְהוּא יַעֲשֵׂה	Og set di lit til han, så <i>grip</i> han <i>inn</i> / <i>gjer</i> han [noko]. (Sal 37,5)
6.	שֵׁם פְּחָדוֹ פָּחַד	Der <i>skal</i> dei <i>skjelve</i> "ei skjelving". (Sal 14,15)

Legg merke til at same rota kan brukast som eit tilstandsverb og eit handlingsverb (# 3 under pkt. 1 og # 2 her). Det same gjeld også rota **מות** i *Qal* som betyr både *å vere død* (tilstand) og *å dø* (handling).

(3) **Denominative** verb er avleidd av nomen (jf. namnet 'denominativ' av lat. *de* "av" og nomen). Subjektet for denominative verb i *Qal* er eller kjem inn i ein *tilstand* knytt til nomenet som verbet er avleidd av (## 1 og 3), eller gjer ei handling knytt til nomenet (# 2).

1.	konge מֶלֶךְ >	מֶלֶךְ å vere/bli konge
2.	ansikt פָּנִים >	פָּנָה å vende ansiktet i ei bestemt retning
3.	skjegg זָקֵן >	זָקֵן å vere gammal (= skjeggete?)

### b) *Niphal* (נִפְעַל)

*Niphal* er den andre verbstamma som ikkje tilfører rota kausativitet. Hovudforskjellen mellom *Qal* og *Niphal* har med diatese å gjere. Handlinga eller tilstanden uttrykt med verbet i *Qal*, har som regel subjektet i fokus for same rota i *Niphal*. Subjektet for verbet **ראה**, f.eks., *ser* når det står i *Qal*. I *Niphal* er det slik at denne handlinga/tilstanden blir retta mot *subjektet* slik at det *blir sett / viser seg* (# 1a–b). I praksis er det ofte slik at objektet for eit verb i *Qal* fungerer som subjektet for same verbet i *Niphal*. Verb i *Niphal* er altså for det meste intransitive.

1a.	וּבֹקֵר וְרֵאִיתֶם (Qal) אֶת-כְּבוֹד יְהוָה	Og i morgon tidleg, så skal de <i>sjå</i> HERRENS herlegdom (obj.). (2 Mos 16,7)
1b.	וַיִּפְּנוּ אֶל-הַמִּדְבָּר וְהָיָה כְּבוֹד יְהוָה נִרְאָה (Niphal) בְּעֵנֵינוּ	Dei vende seg mot ørkenen, og HERRENS herlegdom (subj.) <i>viste seg</i> i skyene. (2 Mos 16,10)

Denne generelle funksjonen til *Niphal* gjer at verb i denne stamma som regel har passiv eller medium diatese. I tillegg finst det både denominative verb i *Niphal* (sjå pkt. 7) og isolerte røter (sjå pkt. 8). Lesaren må bruke samanhengen og leksikonet for å komme fram til ei adekvat tolking av verbet.

Sjølv om bruken av *Niphal* primært er relatert til *Qal*, kan den også brukast med røter som har den grunnleggande betydninga si i ei anna stamme enn *Qal* (sjå f.eks. pkt. 3, # 2 og pkt. 4, ## 1 og 3 nedanfor).

(1) **Passiv** – Den mest vanlege bruken av verb i *Niphal* er å omtale eit subjekt som passivt står i fokus for ei handling eller erfaring hos ein annan. I ei tilsvarande setning med same rota i *Qal* ville subjektet i *Niphal* fungere som objekt. På norsk kan ein uttrykke passiv diatese ved hjelp av former som sluttar på *-st* (*-s* på bokmål, ## 1 og 3) eller hjelpeverbet *bli* (#

2).

1.	וְעָשִׂיתָ (Qal) מְנִרְתָּ זָהָב טָהוֹר מִקְשָׁה תַעֲשֶׂה (Niphal) הַמְּנוֹרָה	Og så skal du <i>lage</i> ein lysestake (obj.) av reint gull. I hamra arbeid skal lysestaken (subj.) <i>lagast</i> . (2 Mos 25,31)
2.	וַיִּתְּנֵהוּ (Qal) יְהוָה אֱלֹהָיו בְּיַד מֶלֶךְ אֲרָם ... וְגַם בְּיַד־מֶלֶךְ יִשְׂרָאֵל נָתַן (Niphal)	Og så <i>ga</i> HERREN hans Gud han (obj.) i hendene på aramearkongen. ... Og også i hendene på Israels-kongen <i>vart</i> han (subj.) <i>gitt</i> . (2 Krøn 28,5)
3.	תְּהִיֶּינָהּ הַטְּבָעֹת לְבִתִּים לְבָדִים לְשֵׂאתָ (Qal) אֶת־הַשְּׁלֹחַן וְעָשִׂיתָ אֶת־הַבָּדִים עֲצֵי שִׁטִּים ... וְנִשְׂאָ (Niphal) אֶת־הַשְּׁלֹחַן <sup>97</sup>	Ringane skal vera haldarar for stengene som er til å <i>bera</i> bordet (obj.) med. Og du skal <i>lage</i> stengene av akasietre ... . Med dei skal bordet (subj.) <i>berast</i> . (2 Mos 25,27–28)

(2) **Refleksiv** – Når subjektet for verbet i *Niphal* utfører verbhandlinga på seg sjølv, er verbet brukt refleksivt – ein type medium diatese. På norsk bruker ein eit pronomen som peiker tilbake til subjektet for å uttrykke dette. På bibelhebraisk er slike pronomen unødvendige.

1a.	אָמַר יְהוָה לְמֹשֶׁה אַסְּף (Qal) אֶת־ הָעָם וְאַתְּנָה לָהֶם מַיִם	HERREN sa til Moses: <i>Samle</i> folket (obj.) så eg kan gi dei vatn! (4 Mos 21,16)
1b.	וַיִּאֲסָפוּ (Niphal) הָעָם כָּאִישׁ אֶחָד אֶל־יְרוּשָׁלַם	Folket (subj.) <i>samla seg</i> alle som ein i Jerusalem. (Esra 3,1)
2a.	תִּסְתִּירָם (Qal) בְּסִתְרֵי פָנֶיךָ מִרְכְּסֵי אִישׁ	Du <i>gøymer</i> dei (obj.) i ly av ansiktet ditt mot overgrep frå menneske. (Sal 31,21)
2b.	עַד־אָבֵד הַנְּשֹׂאִים וְהַנְּסֹתְרִים (Niphal) מִפְּנֶיךָ	... heilt til alle dei (subj.) som er igjen eller <i>har gøymt seg</i> for deg, har gått til grunne. (5 Mos 7,20)
3a.	לְהַצִּילְךָ (Hiphil) מֵאִשָּׁה זָרָה	for å <i>berge</i> deg (obj.) frå ei anna kvinne (Ordt 2,16)
3b.	עֲשֵׂה זֹאת אִפּוֹא בְּנִי וְהִנְצִל (Niphal)	Gjer då dette, son min, og <i>berg deg</i> [du (subj.)]! (Ordt 6,3)

<sup>97</sup> Legg merke til at ordet הַשְּׁלֹחַן *bordet* har objektsmerket אֶת framfor seg også når det fungerer som subjektet i setninga. Dette heng nok saman med at verbet i setninga har passiv diatese og handlinga går ut over subjektet. Sjå § 55b.

(3) **Tolerativ** – Subjektet for eit verb i *Niphal* kan også tillate (# 1), legge til rette for eller forårsake (## 2–3) at *andre* utfører verbhandlinga i *Qal* (eller ei anna stamme, jf. # 3) på det. Det er ikkje subjektet som gjer handlinga, men subjektet er på ein eller annan måte med på at det skjer. Diatesen er medium med ein tolerativ nyanse.

1.	<p>וּבְקִשְׁתֶּם אֹתִי וּמְצַאתֶם (Qal) כִּי          תִּדְרְשׁוּנִי בְּכָל־לִבְבְּכֶם          וּנְמַצְאתִי (Niphal) לְכֶם נְאֻם־          יְהוָה</p>	<p>Og de skal leite etter meg, og så skal de <i>finne</i> [meg] (obj.). Når de søker meg av heile hjartet dykkar, så skal eg (subj.) la dykk <i>finne</i> meg, seier HERREN. (Jer 29,13–14)</p>
2.	<p>וְנִדְעוּ (Niphal) יְהוָה לְמִצְרַיִם          וְיִדְעוּ (Qal) מִצְרַיִם אֶת־יְהוָה          בַּיּוֹם הַהוּא</p>	<p>Då skal HERREN (subj.) <i>gi seg til kjenne</i> for egyptarane. Så skal egyptarane <i>lære</i> HERREN (obj.) <i>å kjenne</i> på den dagen. (Jes 19,21)</p>
3a.	<p>עַל־כֵּן יִכְבְּדוּךָ (Piel) עַם־עֹז</p>	<p>Difor <i>skal</i> eit mektig folk <i>gi</i> deg (obj.) <i>ære</i>. (Jes 25,3)</p>
3b.	<p>נִכְבְּדַתְּ (Niphal) רַחֲקֶתָ כָּל־          קְצוֹי־אֶרֶץ</p>	<p>Du (subj.) <i>har vunne ære</i> (= <i>fått andre til å gi deg ære</i>), du har utvida alle grensene i landet. (Jes 26,15)</p>

(4) **Adjektivisk** – Verb i *Niphal* kan også brukast til å beskrive tilstanden til subjektet, nesten som eit adjektiv. Fokuset er vanlegvis på sjølve *tilstanden* til subjektet (# 1), men *Niphal* kan også brukast om *overgangen* til denne tilstanden (# 2). Ein annan adjektivisk bruk av *Niphal* (særleg i partisipp) er når tilstanden til subjektet er slik at ein kan, bør eller må utføre verbhandlinga frå *Qal* (eller ei anna stamme) på det (## 3–4).

1.	<p>נִשְׁבַּר שֶׁבֶט מִכָּךְ</p>	<p>Staven som slo deg <i>er knekt</i>. (Jes 14,29)</p>
2.	<p>וּתְרַבִּי וּתְגַדְלִי ... שְׂדִים נִכְנָו (Niphal)          וּשְׁעָרָךְ צִמַּח</p>	<p>Og så voks du og vart stor ... . Brysta <i>vart faste</i>, og håret voks. (Esek 16,7)</p>
3a.	<p>כִּי לֹא הֶאֱמִינוּ (Hiphil) בְּאֱלֹהִים וְלֹא          בְּטַחוּ בִישׁוּעָתוֹ</p>	<p>For dei <i>leit</i> ikkje på Gud og stola ikkje på hans frelse. (Sal 78,22)</p>
3b.	<p>וַיִּדְעַתְּ כִּי־יְהוָה אֱלֹהֶיךָ הוּא הָאֱלֹהִים          הָאֵל הַנְּאֻמָּן (Niphal) שֹׁמֵר הַבְּרִית          וְהַחֶסֶד</p>	<p>Så vit då at det er HERREN din Gud som er Gud, den <i>pålitelege</i> Gud som held pakta og viser kjærleik. (5 Mos 7,9)</p>

4.	אִם-לֹא תִשְׁמַר לַעֲשׂוֹת אֶת-כָּל-דְּבָרֵי הַתּוֹרָה הַזֹּאת הַכְּתוּבִים בַּסֵּפֶר הַזֶּה לִירָאָה (Qal) אֶת-הַשֵּׁם הַנִּכְבָּד וְהַנּוֹרָא (Niph) הַזֶּה אֵת יְהוָה אֱלֹהֶיךָ	Viss du ikkje passar på å gjere alt i denne lova som er skrive i denne boka for å <i>vise</i> <i>ærefrykt</i> for dette ærerike og <i>skremmande</i> namnet: HERREN din Gud, (5 Mos 28,58)
----	---	---

(5) **Resiprok** – *Niph*al blir også brukt når eit subjekt som består av fleire aktørar, rettar handlinga i *Qal* (eller ei anna stamme) mot *kvarandre*. Dette er ein type medium diatese og kan uttrykkast på norsk med visse verb ved hjelp av former på *-st* (*-s* på bokmål, jf. pkt. 1): *sjåast*, *møtast*. Elles brukast vanlegvis pronomenet *kvarandre*.

1a.	כָּזָאת וְכָזָאת יַעַץ (Qal) אֶחֱתִיפֶל אֶת-אֲבִשָׁלָם וְאֵת זְקֵנֵי יִשְׂרָאֵל	Slikt og slikt råd <i>har</i> Ahitofel <i>gitt</i> Absalom og dei eldste i Israel (obj.). (2 Sam 17,15)
1b.	כִּי נִוְעָצוּ (Niph) לֵב יַחֲדוּ עֲלֶיךָ בְּרִית יִכְרְתוּ	Dei (subj.) <i>held</i> råd (= <i>gir kvarandre råd</i> ) med samstemt hjarte. Mot deg lagar dei ei pakt. (Sal 83,6)
2a.	אֶל-אֲשַׁקְלוֹן וְאֶל-חֹף הַיָּם שָׁם יַעֲדָה (Qal)	Til Asjkalon og til kysten, dit <i>har</i> han <i>sendt</i> det [sverdet] (= <i>har pålagt det å møte opp</i> ). (Jer 47,7)
2b.	וַיֹּאמֶר נִוְעַד (Niph) אֶל-בַּיִת הָאֱלֹהִים אֶל-תֹּדֶף הַהֵיכָל	Og så sa han: <i>La oss møtast</i> (= <i>pålegge</i> <i>kvarandre å møte opp</i> ) i Guds hus, midt i tempelet. (Neh 6,10)
3.	בְּגֵי עֲמָךְ הַנִּדְבָרִים (Niph) בָּךְ אֶצֶל הַקִּירוֹת וּבִפְתָחֵי הַבָּתִּים וְדַבֵּר (Piel) חֶד אֶת-אֶחָד אִישׁ אֶת-אָחִיו	Folket ditt som <i>taler saman</i> (= <i>taler med</i> <i>kvarandre</i> ) om deg ved murane og i døroppningane, den eine <i>taler</i> altså til den andre, kvar med sin neste. (Esek 33,30)

(6) **"Ergativ"** – Verb i *Niph*al kan fungere som intransitive motsvar til transitive konstruksjonar i *Qal* (eller ei anna stamme). Subjektet for verbet i *Niph*al er i slike tilfelle det same som objektet for den transitive konstruksjonen i *Qal* (## 1a og b).

Ergative verb er eigentleg verb som kan brukast både transitivt eller intransitivt og på ein slik måte at objektet for den transitive varianten fungerer som subjekt for den intransitive, f.eks. 'Dei smeltar *sølv*et (obj.)' – '*Sølv*et (subj.) smeltar'. Desse verba i *Niph*al er derfor ikkje *ergative* på den måten termen vanlegvis er brukt på, men kan minne om slike verb.

Diatesen her er aktiv, og forskjellen mellom denne bruken av *Niph*al og den passive bruken (sjå pkt. 1) er (1) at her er det ein slags indre dynamikk hos subjektet, og ikkje berre ei ytre påverking – subjektet *gjer* noko på ein måte og blir ikkje berre handla på; og (2) at i den grad ein kan identifisere den som forårsakar handlinga, er den mindre til stades her enn i den passive bruken (## 1b og c). Det kan likevel vere vanskeleg å skjelne mellom ergativ bruk og passiv bruk av *Niph*al.

1a.	רוּחַ הַקָּדִים שִׁבְרוּ (Qal) בְּלֵב יָמִים	Aktiv Qal	Austavinden <i>bryt</i> deg (obj.) <i>sund</i> midt ute på havet. (Esek 27,26)
1b.	בְּתִפְשָׁם בָּדָּךְ בְּכַף תְּרוּץ (Niphal) וּבִקְעָתָ לָהֶם כָּל- כִּתְיָ וּבַהֲשָׁעָנָם עָלֶיךָ תִּשְׁבֵּר (Niphal) וְהֶעֱמַדְתָּ לָהֶם כָּל- מְתָנִים	"Ergativ" Niphal	Når dei grip deg i handa, <i>knekk</i> du (subj.) og skader dei i kvar skulder. Og når dei stør seg på deg, <i>bryt</i> du (subj.) <i>saman</i> og gjer dei ustøe i alle hoftene. (Esek 29,7)
1c.	בְּתוֹךְ עַרְלִים תִּשְׁבֵּר (Niphal) וְתִשְׁכַּב אֶת-חֲלָלֵי- חָרֵב	Passiv Niphal	Mellom uomskorne skal du (subj.) <i>brytast</i> <i>sund</i> og ligge hos dei som er drepne med sverd. (Esek 32,28)

(7) **Denominativ** – Enkelte verb i *Niphal* er avleidd av nomen og blir brukt med betydningsnyansar som til ei viss grad kan settast saman med dei føregåande (## 1[?] og 3). Her gir ikkje verbstamma peikepinn på diatese.

1.	שְׁבַע > שְׁבַע	sju	שָׁבַע > שְׁבַע	å sverje ('å <i>sju</i> seg, binde seg ved sju ting')
2.	נָבִיא > נָבִיא	profet	נָבִיא > נָבִיא	å opptre som profet
3.	קָהָל > קָהָל	forsamling	קָהָל > קָהָל	å samle seg, komme saman

(8) **Isolerte røter** – Verbrøter som primært blir brukt i ei anna stamme enn *Qal*, heiter isolerte røter. Det er ikkje alltid like lett å knyte bruken av dei til dei andre betydningsnyansane ei verbstamme har. Den mest vanlege rota i *Niphal* er ei isolert rot (# 1).

1.	לָחַם	å slåst, føre krig
2.	שָׂאָר	å vere igjen
3.	נָקָה	å vere rein

### c) *Piel* (פִּעֵל)

Verb i *Piel* tar som regel objekt, har *aktiv* diatese og har som oftast ein *faktiv* kausativitet, slik at subjektet forårsakar ein *eigenskap* hos objektet. Det har vore vanleg å beskrive *Piel* som ei *intensiv* verbstamme på den måten at subjektet skulle utføre verbhandlinga frå *Qal* på ein intensiv måte, f.eks. *myrde*, kontra *drepe*. Sjølv om enkelte verb viser intensive



trekk i *Piel*, ser det ut som om *kausativitet* spelar den dominerande rolla når det gjeld funksjonen til denne stamma.

(1) **Faktiv** – Faktitiv bruk av *Piel* inneber at subjektet forårsakar at objektet får eigenskapen som subjektet for same rota i *Qal* har. At objektet har eigenskapen til slutt, kan vere eit objektivt faktum (# 1) eller ei subjektiv oppleving hos objektet (# 2) eller subjektet (# 3).

1.	<p>וּבְשָׁנָה הָאַחַת עָשְׂרָה בְּיָרַח בּוּל          הוא החדש השמיני בלה (Qal)          הַבַּיִת לְכָל־דְּבָרָיו ... וְאֶת־בַּיְתוֹ בָּנָה          שְׁלֹמֹה שָׁלַשׁ עָשְׂרָה שָׁנָה וַיְכַל          אֶת־כָּל־בַּיְתוֹ (Piel)</p>	<p>Og i det ellevte året, i Bul-månad, som er den åttande månaden, <i>sto</i> huset <i>ferdig</i>, med alt som hørde til, ... . På sitt eige hus bygde Salomo i tretten år. Og så klarte han å <i>gjere</i> heile huset <i>ferdig</i>. (1 Kong 6,38–7,1)</p>
2.	<p>אִישׁ אֶת־רֵעֵהוּ יַעֲזֹרוּ וְלֹאֲחָיו יֹאמֶר          חֲזַק (Qal) וַיַּחֲזֵק (Piel) חָרַשׁ אֶת־          צִרְיָה מִחֲלִיק פְּטִישׁ אֶת־הוֹלֵם פָּעַם</p>	<p>Kvar hjelper sin neste, og til bror sin seier han: <i>Ver sterk!</i> Og treskjeraren <i>styrkjer</i> gullsmeden, blekkslagaren [<i>styrkjer</i>] smeden ved ambolten. (Jes 41,6–7)</p>
3a.	<p>וַיְצַוָּה עֲלֵיךָ יְהוָה לֹא־יִזְרַע מִשְׁמַד          עוֹד ... אֲשֵׁים קִבְרָךְ כִּי קְלוֹתָ (Qal)</p>	<p>Og HERREN har gitt bod om deg: ingen fleire av namnet ditt skal bli sådd. ... Eg gjer i stand grava di, for du <i>er verdlaus</i>. (Nah 1,14)</p>
3b.	<p>גַּם לְכָל־הַדְּבָרִים אֲשֶׁר יִדְבְּרוּ אֵלֶיךָ          תִּתֵּן לְבָבְךָ אֲשֶׁר לֹא־תִשְׁמַע אֶת־          עֲבָדֶיךָ מִקְלָלֶיךָ (Piel)</p>	<p>Heller ikkje om alle orda som dei seier, skal du bry deg, så du slepp å høyre at slaven din <i>forbannar</i> deg (= <i>får deg til å vere verdlaus i eigne eller andres auge</i>, jf. § 38f1). (Fork 7,21)</p>

(2) **Resultativ** – Røter som fungerer som handlingsverb i *Qal* har ofte ein resultativ kausativitet i *Piel*. Det vil seie at subjektet i *Piel* forårsakar at objektet kjem inn i ein tilstand som er resultat av handlinga frå *Qal*. Kor involvert subjektet for verbet i *Piel* er i denne handlinga, er utanfor synsfeltet for verbforma. Poenget er tilstanden til objektet, og at subjektet har forårsaka den, f.eks. *å få nokon drepn, å få noko gjort*.

Ein annan måte å uttrykke den resultative nyansen i *Piel* på, er ved hjelp av adverb eller andre ord som seier noko om resultatet av handlinga. Jamfør *å løfte noko* med *å løfte noko opp*. Adverbet *opp* rettar fokuset på slutttilstanden hos det som subjektet løfter (jf. *av garde* i # 1 og *i hop* i # 2b). Ofte vil det likevel vere vanskeleg å få fram det resultative på ein naturleg måte på norsk.

Metaforiske situasjonar (# 3b) og situasjonar der subjektet ikkje er direkte involvert i handlinga (# 3c, der kong Hiram neppe er med på sjølve arbeidet), blir gjerne uttrykt ved hjelp av *Piel*.

1.	וַיֹּאמֶר אֲנֹכִי אֲשַׁלַּח (Piel) גְּדִי- עֲזִים מִן-הַצֹּאן וְתֹאמַר אִם-תִּתֶנּוּ עֲרִבּוֹן עַד שְׁלַחָהּ (Qal)	Og så sa han: Eg <i>sender av garde</i> eit kje av småfeet mitt. Då sa ho: Gir du [meg] eit pant til du <i>sender</i> det? (1 Mos 38,17)
2a.	וְקִבַצְתִּי (Qal) אֶת-כָּל-הַגּוֹיִם	Og så <i>skal</i> eg <i>samle</i> alle folk. (Joel 4,2)
2b.	בָּאָה לְקַבֵּץ (Piel) אֶת-כָּל-הַגּוֹיִם	Ho kjem for å <i>samle i hop</i> alle folk. (Jes 66,18)
3a.	וַיִּתְקְעוּ בְשׁוֹפְרוֹת וַנִּפְּוֶץ (Qal) הַכַּיִּים אֲשֶׁר בְּיָדָם	Då bles dei i bukkehorna og <i>knuste</i> krukkene som var i handene sine. (Dom 7,19)
3b.	וַנִּפְצְתִּי (Piel) בְּדָ גּוֹיִם וְהִשַׁחְתִּי בְּדָ מַמְלָכוֹת	Eg <i>knuser</i> folkeslag med deg og øydelegg kongerike med deg. (Jer 51,20)
3c.	וַנִּפְצְתִּים (Piel) שָׁם וְאֵתָהּ תִּשָּׂא	Eg skal <i>ta</i> dei [sedertre og sypressar bundne saman som flåtar] <i>frå kvarandre</i> der, og du kan hente dei. (1 Kong 5,23 [NO v. 9])

(3) **Frekventativ** (*gjentakende*) – Når *Piel*-stamma markerer at verbsituasjonen stadig blir oppatteken, er det snakk om ein frekventativ bruk. Der slike røtter også brukast i *Qal*, er det ikkje nødvendigvis slik at handlinga berre skjer éin gong. Det er heller slik at bruken i *Qal* er umarkert og viser til handlinga generelt, utan å seie noko om den gjentek seg eller ikkje.

1a.	יִרְנוּ (Qal) יִשְׁבִּי סֵלַע מֵרֵאשׁ הָרִים יִצְחוּ	Dei som bur i Sela, skal <i>juble</i> , frå fjelltoppane skal dei rope. (Jes 42,11)
1b.	קוֹל צִפְיָד נִשְׂאוּ קוֹל יַחְדוֹ יִרְנְנוּ (Piel)	Høyr, vaktmennene dine roper høgt, alle som ein <i>jubl</i> ar dei <i>om og om igjen</i> [= gir frå seg ein serie med gledesrop]. (Jes 52,8)
2a.	שָׂמַחְתִּי בְּאִמְרֵי לִי (Qal) בֵּית יְהוָה נִלְדָה	Eg vart glad då dei sa til meg: Til HERRENS hus <i>går</i> vi. (Sal 122,1)
2b.	בְּבֵית אֱלֹהִים נִהְלַדְתִּי (Piel) בְּרִגְשׁ	I Guds hus <i>gjekk</i> vi <i>rundt omkring</i> i festtog. (Sal 55,15)
3a.	אֵין-לָהּ מִנְחָם מִכָּל- (Qal) אֲהַבִּיהָ	Ho har ingen trøystar blant alle dei som <i>elskar</i> henne. (Klag 1,2)
3b.	וַתַּעֲגֵב עַל-מֵאֲהַבִּיהָ (Piel) אֶל-אֲשׁוּר	Ho lengta etter dei som <i>pleidde</i> å <i>elske</i> henne, etter Assyria. (Esek 23,5)

(4) **Denominativ** – Mange verb i *Piel* er avleidd av nomen, og desse nomena dukkar opp i betydningane til verba på ulike måtar. Subjektet kan bl.a. handle med det (# 1, ofte metaforisk), oppføre seg som det (# 2) eller fjerne det (# 3).

1.	livmor רַחֵם >	רחם å vise miskunn el. kjærleik mot nokon
2.	offerprest כַּהֵן >	כהן å gjere teneste som offerprest
3.	synd חָטָא >	חטא å reinse for synd

(5) **Isolerte røter** – Følgande er røter som berre eller primært finst i *Piel*.

1.	דבר	å tale
2.	צוה	å byde, gi ordre
3.	ברך	å velsigne

#### d) **Pual** (פְּעַל)

Verbstammene *Piel* og *Pual* står i forhold til kvarandre som aktiv og passiv. Verb i *Pual* er intransitive, og subjektet er den som ein annan forårsakar ein eigenskap hos. Derfor kallast også *Pual* ei *faktitiv* verbstamme. Her blir bruksmåtene til *Pual* delt inn på same måte som med *Piel*.

(1) **Faktitiv** – Når det ikkje er ei bestemt handling knytt til rota i *Qal*, kan ein seie at *Pual* er brukt *faktitivt* (på same måte som *Piel*, sjå pkt. d1, ## 1–3).

1a.	אֲדָמוּ (Qal) עֲצָם מִפְּנִינִים	Kroppane var raudare enn korallar. (Klag 4,7)
1b.	מָגֵן גְּבֻרֵיהוּ מֵאָדָם (Pual)	Skjolda til heltane hans er farga raude. (Nah 2,4)
2a.	וַיִּפְתָּ (Qal) בְּסִתְרִי לְבִי וַתִּשָּׂק יָדַי לְפִי	Og så vart hjartet mitt hemmeleg til narr så handa mi kyssa min munn. (Job 31,27)
2b.	וְהִנְבִּיא כִּי־יִפְתָּהּ (Pual) וְדַבֵּר דְּבַר אֲנִי יְהוָה פְּתִיתִי (Piel) אֵת הַנְּבִיא הַהוּא	Og profeten, dersom han blir gjort til narr og talar eit ord, er det eg, HERREN, som har gjort den profeten til narr. (Esek 14,9)
3.	וְקִדְשִׁיתִי (Piel) אֶת־שְׁמִי הַגְּדוֹל הַמְּחֻלָּל (Pual) בְּגוֹיִם אֲשֶׁר חָלְלֵתֶם (Piel) בְּתוֹכָם	Eg vil helge (= gjere heilag) mitt store namn, som har vorte vanhelga (= blitt gjort vanheilag) mellom folkeslaga, det som de vanhelga (= gjorde vanheilag) mellom dei. (Esek 36,23)

(2) **Resultativ** – Tilstanden subjektet blir ført inn i i *Pual*, kan også vere resultat av ei handling (## 1–3). Men det er ikkje handlinga som er i fokus. Det er heller *slutt-tilstanden* til subjektet, som eit resultat av handlinga.

1.	<p>כֹּה אָמַר יְהוָה אֵי זֶה סֵפֶר כְּרִיתוֹת אֲמַכֶּם אֲשֶׁר שְׁלַחְתִּיהָ הֲנֵן בְּעוֹנֹתֵיכֶם נִמְכַרְתֶּם (Piel) ... הֲנֵן בְּעוֹנֹתֵיכֶם נִמְכַרְתֶּם וּבְפִשְׁעֵיכֶם שְׁלַחְתֶּם אֲמַכֶּם (Pual) שְׁלַחְתֶּם אֲמַכֶּם</p>	<p>Så seier HERREN: Kvar er no skilsmissebrevet til mor dykkar som eg <i>sendte</i> henne <i>bort</i> med? ... Sjå, for syndene dykkar vart de selde, for brota dykkar vart mor dykkar <i>send bort</i>. (Jes 50,1)</p>
2a.	<p>יְדֵי זְרַבְבָּל יָסְדוּ הַבַּיִת הַזֶּה (Piel) הַבַּיִת הַזֶּה וְיָדָיו תִּבְצַעְנָה</p>	<p>Serubabels hender har <i>gjort</i> dette huset <i>grunnlagt</i>, og hendene hans skal fullføra det. (Sak 4,9)</p>
2b.	<p>בְּיוֹם יָסַד בַּיִת יְהוָה צְבָאוֹת (Piel) בַּיִת יְהוָה צְבָאוֹת</p>	<p>på dagen huset til HERREN Sebaot vart <i>gjort grunnlagt</i> (Sak 8,9)</p>
3a.	<p>וַיֹּאסְפִים לְרְחוֹב הַמִּזְרָח (Qal) לְרְחוֹב הַמִּזְרָח</p>	<p>Og han <i>samla</i> dei på den opne plassen i aust. (2 Krøn 29,4)</p>
3b.	<p>וַאֲסָפוּ אֶסְפָּה אֲסִיר עַל- (Pual) אֶסְפָּה אֲסִיר עַל- בוֹר</p>	<p>Dei skal <i>samlast i hop</i> som fangar i eit hol. (Jes 24,22)</p>

(3) **Frekventativ (gjentakande)** – *Pual* er brukt sjeldnare med frekventativ betydning enn *Piel*. Her viser *Piel* til den gjentakande bevegelsen i det å hamre.

1a.	<p>וַיִּרְקְעוּ אֶת-פְּחֵי הַזָּהָב וְקִצָּץ (Piel) אֶת-פְּחֵי הַזָּהָב וְקִצָּץ פְּתִילִים</p>	<p>Dei <i>hamra</i> ut gullplater og skar opp til tråd. (2 Mos 39,3)</p>
1b.	<p>כֶּסֶף מְרַקַּע מִתַּרְשִׁישׁ יוּבָא (Pual) מִתַּרְשִׁישׁ יוּבָא וְזָהָב מֵאוּפָז</p>	<p>Det <i>hamra</i> sølvet er innført frå Tarsis og gullet frå Ufas. (Jer 10,9)</p>

(4) **Denominativ** – Dei fleste denominative røter i *Pual* er passive, intransitive variantar av tilsvarande aktive og transitive denominative røter i *Piel* (## 1–2). Men enkelte av dei har ingen former i *Piel* (# 3).

1.	<p>sæl אֲשָׁרִי &gt;</p>	<p>אֲשָׁר å bli prisa lukkeleg (Piel: å prise lukkeleg)</p>
2.	<p>livmor רָחַם &gt;</p>	<p>רָחַם å få miskunn el. kjærleik (Piel: å vise miskunn el. kjærleik mot nokon)</p>

3.	hudsjukdom <b>צָרַעַת</b> >	<b>צָרַע</b> å bli ramma av hudsjukdom
----	--------------------------------	--

e) **Hithpael** (הִתְפַּעֵל)

Verbrøter bøygd i *Hithpael* har vanlegvis ein *medium* diatese i forhold til dei same røtene bøygd i *Piel*. Også *passiv* diatese blir uttrykt ved hjelp av *Hithpael* (sjå pkt. 4 nedanfor). Slike verb er derfor som regel intransitive. Fordi det ofte er ein *eigenskap* som karakteriserer verbsituasjonen på ein eller annan måte, er *Hithpael* rekna blant dei *faktitive* verbstammene (sjå § 38).

*Hithpael*s medium nyanser er av tre hovudtypar: handlingar som subjektet utfører direkte eller indirekte på seg sjølv (*refleksive* handlingar, pkt. 1), situasjonar der subjektet *framstiller* seg sjølv i ein eller annan tilstand (pkt. 2) og *tolerative* situasjonar (pkt. 3). Felles for dei alle er at handlinga på ein eller annan måte har subjektet sjølv i sikte.

(1) **Refleksiv** – *Hithpael* brukast for å uttrykke at subjektet utfører ei handling på seg sjølv. Handlinga er gjerne faktitiv (# 2) eller resultativ (# 3), men ikkje alltid (# 1). Oftast er det slik at subjektet ikkje handlar på andre samtidig (## 1 og 2), men det skjer også at subjektet handlar meir indirekte med seg sjølv, f.eks. i # 3 der subjektet handlar mest med gullringane, men med omsyn til seg sjølv.

1a.	<b>דָּרַךְ קִשְׁתּוֹ וַיִּצְיִבְנִי</b> ( <i>Hiphil</i> ) <b>בְּמִטְרָא לַחֵץ</b>	Han spente bogen og <i>stilte</i> meg <i>opp</i> som mål for sine piler. (Klag 3,12)
1b. <sup>98</sup>	<b>עַל־מִשְׁמַרְתִּי אֶעֱמְדָה וְאֶתִּיצְבָּה</b> <b>עַל־מְצוֹר</b> ( <i>Hithpael</i> )	På vakt vil eg stå og <i>stille meg</i> på muren. (Hab 2,1)
2.	<b>קִם קִדְשׁ</b> ( <i>Piel</i> ) <b>אֶת־הָעָם וְאָמַרְתָּ</b> <b>הִתְקַדְּשׁוּ</b> ( <i>Hithpael</i> ) <b>לְמָחָר</b>	Stå opp! <i>Helge</i> folket! Og sei: <i>Helge</i> dykk til i morgon. (Jos 7,13)
3.	<b>וַיֹּאמֶר אֱלֹהִים אֶהְרֹן פְּרֻקוּ</b> ( <i>Piel</i> ) <b>נְזָמֵי</b> <b>הַזָּהָב אֲשֶׁר בְּאָזְנֵי נְשֵׁיכֶם ... וְהָבִיאוּ</b> <b>אֵלַי וַיִּתְפְּרְקוּ</b> ( <i>Hithpael</i> ) <b>כָּל־הָעָם</b> <b>אֶת־נְזָמֵי הַזָּהָב אֲשֶׁר בְּאָזְנֵיהֶם</b>	Og så sa Aron til dei: <i>Ta av</i> gullringane som er i øyra på konene dykkar ... og kom med dei til meg! Då <i>tok</i> heile folket <i>av seg</i> gullringane som var i øyra deira. (2 Mos 32,2–3)

<sup>98</sup> I eksempla 1a og b er det eigentleg brukt to forskjellige røter: **נָצַב** (1a) og **יָצַב** (1b), men det ser ut til at dei er sideformer.

(2) **Framstilling** – Når subjektet ser på seg sjølv som om det var i ein eller annan tilstand (herleg, audmjuk, sterk) eller framstiller seg sjølv i denne tilstanden, brukast også *Hithpael*. Dette gjeld uansett om subjektet faktisk er i denne tilstanden eller ikkje. Det vil seie at *Hithpael* også brukast når subjektet gjer seg til eller lèt som om (jf. 2 Sam 13,5–6).

1a.	לְשֵׁם יְהוָה אֱלֹהֶיךָ וְלִקְדוֹשׁ יִשְׂרָאֵל (Piel) כִּי פִאֲרָךְ	... for namnet til HERREN din Gud, for Israels Heilage, for han gir deg <i>herlegdom</i> . (Jes 60,9)
1b.	נִצַּר מִטְעֵי מַעֲשֵׂה יָדַי (Hithpael) לְהַתְּפָאֵר	eit skot i min hage, eit verk av hendene mine så eg kan <i>vise min herlegdom</i> (Jes 60,21)
2a.	יִדְעֵתִי יְהוָה כִּי־צָדִק מִשְׁפָּטֶיךָ (Piel) וְאַמוּנָה עֲנִיתָנִי	Eg veit, HERRE, at lovene dine er rette, og at du <i>audmjuka</i> meg i truskap. (Sal 119,75)
2b.	וְאַקְרָא שֵׁם צוֹם עַל־הַנָּהָר אַהוּא (Hithpael) לְהַתְּעַנּוֹת לִפְנֵי אֱלֹהֵינוּ	Då ropa eg ut ei faste der ved Ahava-elva, for at vi skulle <i>audmjuke oss</i> (= <i>vise oss audmjuke</i> ) framfor vår Gud. (Esra 8,21)
3a.	וְצוּ אֶת־יְהוֹשֻׁעַ וְחִזְקוּהוּ וְאַמְצֵהוּ (Piel)	Befal Josva og <i>gjer</i> han modig og <i>sterk</i> ! (5 Mos 3,28)
3b.	וַתֵּרֶא כִּי־מִתְאַמְצֶת הִיא (Hithpael) לְלַכֵּת אֶתָּה וְתַחְדָּל לְדַבֵּר אֵלַיָּהּ	Då ho såg at ho <i>sto fast på sitt</i> (= <i>viste styrke</i> ) og ville vera med henne, slutta ho å tale til henne. (Rut 1,18)

(3) **Tolerativ** – På same måte som *Niphal*, kan *Hithpael* også ha ein tolerativ nyanse. Det vil seie at subjektet tillèt, legg til rette for eller forårsakar at andre gjer handlinga (som regel frå *Piel*) på det.

1a.	כִּי־רָצוּ עֲבָדֶיךָ אֶת־אֲבֹנֵיהָ וְאֶת־ (Piel <sup>99</sup> ) יְחַנְּנוּ עִפְרָה	Ja, tenarane dine elskar steinane hennar, og dei <i>lid med</i> hennar grus. (Sal 102,15)
1b.	וְשָׁבוּ אֵלַיךָ וְהוֹדוּ אֶת־שִׁמְךָ (Hithpael) וְהִתְפַּלְּלוּ וְהִתְחַנְּנוּ אֵלַיךָ בְּבַיִת הַזֶּה	Dei vender om til deg og prisar namnet ditt, og ber og <i>roper</i> til deg <i>om nåde</i> (= <i>får deg til å ha medynk med dei</i> ) i dette huset. (1 Kong 8,33)
2a.	וְחִפְּשֵׁתִי (Piel) אֶתְּו בְּכָל אֶלְפֵי יְהוּדָה	Og eg skal <i>leite</i> han <i>opp</i> mellom alle slektene i Juda. (1 Sam 23,23)

<sup>99</sup> Verbet her står eigentleg i *Poel*, ei stamme brukt på same måte som *Piel* med visse uregelmessige verb (sjå §§ 19h og 24j).

2b.	וַיִּתְחַפֵּשׂ (Hithpael) שָׂאוֹל וַיִּלְבַּשׁ בְּגָדִים אֲחֵרִים	Og Saul gjorde seg ukjenneleg (= fekk andre til å måtte leite han opp) og tok på seg andre klede. (1 Sam 28,8)
3.	וַיִּקְמוּ כָּל-בָּנָיו וְכָל-בָּנֹתָיו לְנַחֲמוֹ וַיִּמְאֵן לְהִתְנַחֵם (Piel) (Hithpael)	Alle sønene og døtrene hans reiste seg for å trøyte han, men han nekta å la seg trøyte. (1 Mos 37,35)

(4) **Passiv** – Den passive bruken av *Hithpael* er nok ei seinare utvikling. Slik som med dei medium nyansane, finst det eksempel på at *Hithpael* er ein passiv variant av *Qal* (# 3), sjølv om *Hithpael* først og fremst modifierer betydninga i *Piel*.

1.	וַבִּדְבָרוֹ עָמִי הִתְחַזְקֵתִי (Hithpael) (Piel) וְאִמְרָה יִדְבַר אֲדֹנָי כִּי חִזְקֵתִנִּי	Og då han talte med meg, vart eg styrkt, og eg sa: Måtte herren min tale! For du har styrkt meg. (Dan 10,19)
2a.	יְהוָה צְבָאוֹת מִפְקֹד (Piel) צָבָא מִלְחָמָה	HERREN Sebaot mønstrar ein krigshær. (Jes 13,4)
2b.	וְאִישׁ יִשְׂרָאֵל הִתְפַּקְדוּ (Hithpael) לְבַד מִבְּנֵימֵן אַרְבַּע מֵאוֹת אֶלֶף אִישׁ שֶׁלֶף חָרָב	Og av israelittar vart det, forutan Benjamin, mønstra fire hundre tusen våpenføre menn. (Dom 20,17)
3a.	שִׁפְכִי (Qal) כִּמִּים לִבֶּךָ נִכַח פָּנָי אֲדֹנָי	Aus hjartet ditt ut som vatn framfor Herren. (Klag 2,19)
3b.	בְּהִשְׁתַּפֵּךְ (Hithpael) נַפְשָׁם אֶל-חֵיק אִמְתָּם	når livet deira blir aust ut på fanget til mødrene deira (Klag 2,12)

(5) **Denominativ** – *Hithpael*-former laga av nomen, har ofte dei same betydningsnyansane som ikkje-denominative former, som f.eks. det å framstille seg eller oppføre seg som noko (# 1) og passiv/medium diatese (## 2 og 3).

1.	profet נְבִיא >	נבא å oppføre seg som profet
2.	ætteliste יַחַשׁ >	יחשׁ å la seg skrive inn i ei ætteliste / bli skrive inn i ei ætteliste
3.	svigerson חָתָן >	חתן å bli svigerson, knyte slektsband gjennom ekteskap

#### f) *Hiphil* (הִפְעִיל)

*Hiphil* er den aktive, kausative verbstamma. Den brukast om situasjonar der subjektet

forårsakar ei *handling*, *hending* eller *erfaring* hos eit objekt. Handlinga osv. som objektet utfører, kan vanlegvis uttrykkast med same rota i *Qal* eller *Niphal*. Verb i *Hiphil* er derfor nesten alltid transitive. Det hender likevel innimellom at dei manglar objekt og har ein *indre kausativ* betydning.

(1) **Kausativ** – Handlinga som subjektet forårsakar hos objektet, kan vere intransitiv i *Qal*, f.eks. ein bevegelse (# 1). Med røter som i *Qal* kan uttrykke både ein tilstand og overgangen til denne tilstanden (# 2a - rota **מות** i *Qal* kan også bety "å vere død"), forårsakar subjektet for verbet i *Hiphil* overgangen til denne tilstanden (# 2b). Same rota i *Piel* (eller ei anna faktitiv stamme) har berre tilstanden i sikte (# 2c). Denne forskjellen blir ofte viska ut i norsk omsetting. Når subjektet forårsakar ei handling hos objektet, er det ikkje alltid gjennom tvang, det kan også vere tillating, overtaling osv.

1.	וְהִבִּיאֲתוּ אֶל-הָאָרֶץ (Hiphil) אֲשֶׁר-בָּא שָׁמָּה וְזָרְעוּ (Qal) יִזְרְעֶנָּה	Og så skal eg <i>la</i> han <i>gå inn</i> i det landet som han <i>gjekk inn</i> i, og etterkommarane hans skal få ta det i eige. (4 Mos 14,24)
2a.	וְאַל-תִּשְׁבְּנִי בֵּית יְהוֹנָתָן הַסֹּפֵר וְלֹא אָמוּת (Qal) שָׁם	Men send meg ikkje tilbake til riksskrivaren Jonatans hus, så eg ikkje <i>døyr</i> der! (Jer 37,20)
2b.	כִּי אֶגִּיד לְךָ הַלּוֹא הָמַת (Hiphil) תִּמְיִתְנִי	Viss eg fortel deg, vil du ikkje heilt sikkert <i>drepe</i> meg (= <i>få meg til å døy</i> )? (Jer 38,15)
2c.	אֲשֶׁר לֹא-מוֹתֶתְנִי (Polel) מִרְחֹם וּתְהִי־לִי אִמִּי קִבְרִי	... fordi han ikkje <i>drap</i> meg (= <i>fekk meg til å vere død</i> ) i mors liv, så mor mi kunne bli mi grav. (Jer 20,17)
3.	עָשָׂר-יָדוֹת לִי בַמֶּלֶךְ וְגַם-בְּדָוִד אֲנִי מִמֶּךָ וּמִדֹּעַ הַקְּלִתְנִי (Hiphil)	Eg eig ti delar i kongen, og i David sjølv har eg meir enn du. Kvifor <i>har</i> du då <i>forakta</i> meg (= <i>har fått meg til å bli rekna som verdlaus i eigne eller andres auge</i> , jf. § 38c1)? (2 Sam 19,44 [no. v. 43])

Det finst også eksempel på verb i *Hiphil* der objektet manglar. Då er det ofte slik at subjektet forårsakar at noko skjer *hos seg sjølv*. Rota i eksempel # 4 (**בוש**) er intransitiv i *Qal*: å gå med skam, kjenne skam, vere skamfull (# 4a). Same rota kan brukast transitivt i *Hiphil* der eit subjekt forårsakar at dette skjer hos objektet: å føre skam over, å få nokon til å kjenne skam (# 4b). Men rota brukast også *intransitivt* (utan objekt) i *Hiphil* på den måten at subjektet ikkje forårsakar at noko hender hos *andre*, men hos seg sjølv: å skamme seg, føre skam over seg sjølv, kalle fram skam hos seg sjølv (# 4c). Denne funksjonen heiter *indre kausativ* og er uttrykk for ein medium diatese (jf. tabellen i § 38). Ein vanleg type indre kausativ er når subjektet forårsakar at det hender noko hos seg sjølv *ved å handle i samsvar med eller ifølge den aktuelle*



hendinga. Viss vi held oss til rota בּוֹשׁ, kan subjektet for denne rota i *Hiphil* føre skam over seg sjølv ved å handle på ein skammeleg måte (# 4d).

4a.	גַּם מִמְצָרִים תְּבוּשִׁי (Qal) כְּאֲשֶׁר-בִּשְׂתָּ (Qal) מֵאֲשׁוּר	Også på grunn av Egypt skal du <i>kjenne skam</i> , slik du <i>vart skamfull</i> på grunn av Assur. (Jer 2,36)
4b.	הִבִּשְׂתָּ (Hiphil) הַיּוֹם אֶת-פְּנֵי כָּל-עֲבָדֶיךָ הַמְּמַלְטִים אֶת- נַפְשְׁךָ הַיּוֹם	Du har i dag <i>ført skam over</i> ansiktet til alle tenarane dine som har berga livet ditt i dag. (2 Sam 19,6 [NO v. 5])
4c.	כְּבִשְׂתָּ גִנֵּב כִּי יִמְצָא כּוֹן הַבִּישׁוֹ (Hiphil) בֵּית יִשְׂרָאֵל	Med same skam ein finn hos ein tjuv når han blir oppdaga, slik skal Israels hus <i>skamme seg</i> (= <i>kalle fram skam hos seg sjølv</i> ). (Jer 2,26)
4d.	כִּי זָנְתָה אִמָּם הַבִּישָׁה הוֹרְתָם (Hiphil)	For mor deira var utru, ho som fekk dei, <i>bar seg skammeleg åt</i> . (Hos 2,7 [NO v. 5])

Handlinga som verbet i *Hiphil* forårsakar hos objektet, kan også vere transitiv i *Qal* (eller ei anna stamme, jf. # 5a). I slike tilfelle vil verbet i *Hiphil* som regel ha to objekt: eitt objekt, ofte ein person, som subjektet forårsakar ei handling hos (*meg* i # 5b), og eitt som knyter seg til handlinga som er forårsaka hos det første objektet (*mitt brot og mi synd* i # 5b). Det hender også at eitt av objekta blir sløyfa – enten objektet som utfører den forårsaka handlinga (X i # 6), eller objektet til handlinga som er forårsaka (X i # 7b).

5a.	כִּי-פָשַׁעִי אָנִי אֲדַע (Qal)	For mine brot (obj.) <i>kjenner</i> eg (subj.). (Sal 51,5)
5b.	פָּשַׁעִי וְחַטָּאתִי הִדְיַעֲנִי (Hiphil)	<i>Lær</i> meg (undersubj.) å <i>kjenne</i> mitt brot og mi synd (obj.)! (Job 13,23)
6.	וְעַל-אִמָּתָם הִילְדוּת (Qal) אוֹתָם וְעַל- אֲבוֹתָם הַמּוֹלְדִים (Hiphil) אוֹתָם בְּאֶרֶץ הַזֹּאת	... og om mødrene deira som <i>føder</i> dei, og om fedrane deira som <i>får</i> (X <i>til å føde</i> ) dei i dette landet. (Jer 16,3)
7a.	וְלִפְנֵי-יּוֹם וְלֹא שָׁמַעְתָּם (Qal)	Og før i dag, så <i>hadde</i> du (subj.) ikkje <i>høyr</i> t dei (obj.). (Jes 48,7)
7b.	אַל-תִּפְחָדוּ וְאַל-תִּרְהוּ הֲלֹא מָאֵז הַשְׁמַעְתִּיךָ (Hiphil) וְהִגִּדְתִּי	Frykt ikkje og ver ikkje redde! Har eg ikkje frå før av <i>latt deg høyre</i> (X) og fortalt [det]? (Jes 44,8)

(2) **Denominativ** – Det er ikkje alltid like lett å sjå ein kausativitet hos *Hiphil*-verb avleidd av nomen.

1.	det som er overfor, vis-à-vis נִגַּד >	נָגַד å melde, kunngjere, fortelje
2.	bannlyst gods/personar חָרַם >	חָרַם å slå med bann
3.	øyre אָזַן >	אָזַן å høyre

(3) **Isolerte røter** – Følgande røter finst berre eller primært i *Hiphil*.

1.	נָכַח	å slå
2.	נָצַל	å rive ut/vekk, redde
3.	יָשַׁע	å hjelpe, berge

g) *Hophal* (הִפְעֵל)

Det passive mostsvaret til *Hiphil* er *Hophal*, den *passive*, kausative verbstamma. Subjektet for eit verb i *Hophal* er gjerne objektet for same rota i *Hiphil*. Men fordi ein del verb i *Hiphil* kan ha to objekt (sjå slutten av avsnitt f1 ovanfor), kan subjektet for slike verb i *Hophal* ha forskjellige forhold til verbhandlinga. *Hophal* kan formidle at ein eller annan forårsakar at subjektet utfører ei handling (## 1–3b), eller at ein eller annan forårsakar at ei handling blir utført på subjektet (## 3c–4). Korleis forårsakinga skjer (tvang, tillating, lokking) kan variere.

(1) **Kausativ** –

1.	<p>וַיִּשְׁלַח שָׂאוּל מַלְאָכִים אֶל-בֵּית דָּוִד לְשָׁמְרוֹ וְלִהְמִיתוֹ (Hiphil)</p> <p>בְּבֹקֶר וַתִּגַּד לְדָוִד מִיכָל אִשְׁתּוֹ לֵאמֹר אִם-אֵינְךָ מִמָּלֶט אֶת-נַפְשֶׁךָ הַלַּיְלָה מָחָר אֶתָּה מוֹמֵת (Hophal)</p>	<p>Og så sende Saul bodberarar til Davids hus for å vakte på han/det og for å <i>drepe</i> han (obj.) om morgonen. Men Mikal, kona til David, fortalde han og sa: Viss ikkje du reddar livet ditt i natt, <i>blir</i> du (subj.) <i>drepen</i> i morgon. (1 Sam 19,11)</p>
2.	<p>כָּל כֶּסֶף הַקְּדָשִׁים אֲשֶׁר-יֹבֵא בֵּית-יְהוָה כֶּסֶף עֹבֵר (Hophal)</p> <p>אִישׁ כֶּסֶף נִפְשׁוֹת עָרְכוּ כָל-כֶּסֶף אֲשֶׁר יַעֲלֶה עַל לֵב-אִישׁ לְהֵבִיא בֵּית יְהוָה (Hiphil)</p>	<p>Alt offersølvet som <i>førast</i> til HERRENS hus [i form av] gangbar sølvmynt, sølvet som kvar einskild skal betala i skatt, alt sølvet som kvar einskild får på hjarte å <i>føre</i> til HERRENS hus ... (2 Kong 12,5 [NO v.4])</p>

3a.	מָאָז הַפְּקִיד אֶתוֹ בְּבֵיתוֹ וְעַל כָּל-אֲשֶׁר יֵשְׁלוֹ	Frå då han <i>hadde gitt</i> han <i>tilsyn</i> i sitt hus og over alt han eigde, ... (1 Mos 39,5)
3b.	וַיִּתְּנֵהוּ עַל-יַד עֹשֵׂי הַמְּלָאכָה הַמְּפֻקְדִים (Hophal) בֵּית יְהוָה	Og så ga dei det til arbeidsleiarane som <i>har fått tilsyn</i> med HERRENS hus. (2 Kong 22,9)
3c.	הַפְּקֻדוֹן אֲשֶׁר הֶפְקַד (Hophal) אֶתוֹ	depositumet som <i>vart sett under tilsyn</i> hos han (3 Mos 5,23)
4a.	הוֹדִיעֵנו (Hiphil) בְּעַמִּים עֲלִילָתָיו	<i>Gjer kjent</i> mellom folka gjerningane hans! (Jes 12,4)
4b.	מוֹדַעַת (Hophal) זֹאת בְּכָל-הָאָרֶץ	<i>La dette bli kjent</i> over heile jorda! (Jes 12,5 <i>Kere</i> )

(2) **Denominativ** – Røter avleidd av nomen, blir brukt i *Hophal* med passiv (men ikkje alltid kausativ) meaning.

1.	(det som er) framfor נָגַד >	נָגַד å bli kunngjort
2.	bannlyst gods/personar חָרַם >	חָרַם å bli slått med bann
3.	salt מָלַח >	מָלַח å bli gnidd inn med salt

## § 39 Dei fire hovudkonjugasjonane

Eit verb på bibelhebraisk står alltid bøygd i ein bestemt konjugasjon (sjå § 16) – enten perfektum, imperfektum, perfektum consecutivum, imperfektum consecutivum, imperativ, jussiv, kohortativ, infinitiv constructus, infinitiv absolutus eller partisipp. Dei fleste gongene – over 70 % – står verbet bøygd i ein av dei fire første: perfektum, imperfektum, perfektum consecutivum eller imperfektum consecutivum.

Forskjellen mellom consecutivum-formene og dei ikkje-consecutivum-formene går blant andre ting ut på om verbsituasjonen følger noko anna eller ikkje (sjå pkt. e og f). Når det gjeld valet mellom perfektum og imperfektum, ser det ut som om kategoriane *aspekt* og *modalitet* har hatt mest å seie.<sup>100</sup> Modalitet handlar om korleis språkbrukaren stiller seg til verbsituasjonen, f.eks. om den er faktisk, ønskeleg, usikker e.l. Det knytast lettast saman med viljesformene jussiv, kohortativ og imperativ (sjå § 40). Men modale nyansar kjem også til uttrykk gjennom hovudkonjugasjonane (sjå nedanfor). Men først, meir om aspekt:

**Aspekt** – Norske verbformer plasserer verbsituasjonen så å seie alltid i tid. Sidan det er

<sup>100</sup> Måten konjugasjonane *perfektum* og *imperfektum* er forklart på i denne grammatikken, der aspekt spelar ei sentral rolle, ligg nært opp til framstillinga i Waltke-O'Connor. Andre (Jouon-Muraoka, Merwe-Naudé-Kroeze) meiner at tempus er minst like viktig som aspekt.

sjølve *forma* (presens, preteritum) som tidsfestar situasjonen, kan ein seie at *tempus* (tid) er ein viktig *grammatisk* kategori på norsk. På bibelhebraisk er tidspunktet for verbsituasjonen ikkje markert gjennom spesielle former, men heller gjennom konteksten. Det som hovudverbformene på bibelhebraisk formidlar, derimot, handlar ofte om *aspekt*.

Aspekt (synsvinkel) har med framstillinga av den indre, tidsmessige oppbygginga av ein verbsituasjon å gjere. Det handlar ikkje om *når i tid* situasjon finn stad, men *korleis i tid* den er framstilt av språkbrukaren, eller kva for synsvinkel blir brukt på situasjonen.

I 1 Kong 5,25 (NO v. 11) er same verbet brukt to gonger, begge gonger om ein fortidig verbsituasjon. Det er altså ingen forskjell mellom dei når det gjeld plassering i tid (*tempus*), og same verbform (preteritum) kan brukast på norsk i begge tilfelle.

1.	<p>וּשְׁלֹמֹה נָתַן לְחִירָם עֶשְׂרִים אֵלֶף כָּר  חֲטָיִם מִכֹּלֶת לְבֵיתוֹ וְעֶשְׂרִים כָּר  שָׁמֶן כֶּתִית כֹּה־יִתֵּן שְׁלֹמֹה לְחִירָם  שָׁנָה בְּשָׁנָה</p>	<p>Og Salomo <i>ga</i> til Hiram tjue tusen kor kveite til hushaldet hans og tjue kor fin olivenolje. Så mykje <i>ga</i> Salomo til Hiram år etter år. (1 Kong 5,25 [NO v. 11])</p>
----	---	---

Annleis er det når det gjeld framstillinga av den indre tidsstrukturen til verbsituasjonane (*aspekt*). Mens verbsituasjonen i det første tilfellet er framstilt som ei enkel *hending*, utan å tydeleggjere at den går føre seg over tid, er den andre verbsituasjonen framstilt meir som ein *prosess* med temporal utstrekning. På norsk er ikkje dette markert i sjølve verbformene, men gjennom andre ord i samanhengen ("år etter år"). På hebraisk er forskjellen også markert ved hjelp av verbformene perfektum og imperfektum.

Når ei verbform framstiller verbsituasjonen i sin heilskap, utan å avsløre noko om den indre tidsmessige oppbygginga, har den *perfektivt aspekt*. Med perfektivt aspekt er altså heile verbsituasjonen sett utanfrå. Dei ulike delane eller fasane i verbsituasjonen (begynnelsen, midten, slutten) er ute av syne eller slått saman til eitt. Ei verbform som derimot "brettar ut" noko om gangen i verbsituasjonen eller viser til at situasjonen har ein indre tidsstruktur, har *imperfektivt aspekt*. I eksempelet ovanfor er det tydeleg utifrå dei hebraiske verbformene at den andre verbsituasjonen går føre seg nærmast som ein prosess over tid og har gjentakande karakter.

Aspekt har med korleis *språkbrukaren* framstiller verbsituasjonen gjennom verbforma å gjere, og ikkje med korleis situasjonen sjølv utartar seg. Den same verbsituasjonen kan vanlegvis omtalast med ulike aspekt. I Jes 63,3 er same verbsituasjonen i fortid omtalt to gonger – den første gongen med perfektivt aspekt for å vise til heile verbsituasjonen og den andre gongen med imperfektivt aspekt for å framstille situasjonen som ein prosess.

2.	<p>פּוֹרָה דְּרַכֹּתַי לְבִדִי וּמַעֲמַיִם  אֵין־אִישׁ אֶתִּי וְאֶדְרָכֶם בְּאֶפְי  וְאֶרְמָסֶם בְּחַמָּתִי</p>	<p>I vinpressa <i>trakka</i> eg åleine, og av folka var det ingen med meg. Og eg <i>trakka</i> på dei i min vreide og trampa dei ned i min harme. (Jes 63,3a)</p>
----	---	---

For å gjere forskjellen mellom korleis verbsituasjonane er framstilt på hebraisk, tydelegare på norsk, kunne ein i det andre tilfellet, f.eks., legge til "dreiv og" ("Eg dreiv og trakka på dei ...") eller gjenta verbet ("Eg trakka og trakka på dei ..."). Men i omsettingsarbeid må ein alltid vege det å få fram nyanse i kjeldespråket mot ein god og naturleg uttrykksmåte i målspråket.

**Modalitet** – Ein språkbrukar vil som regel ha ei meining om i kva grad eller på kva for måte verbsituasjonen han omtaler er ein påstand eller ikkje. Når ein skal sette ord på denne subjektive førestellinga hos språkbrukaren, snakkar ein om *modalitet* (av lat. *modus* "måte"). Det har med måten språkbrukaren legg fram verbsituasjonen på – som ei opplysning, eit spørsmål, eit ønske, eit påbod, osv. Det er altså mange forskjellige kategoriar av modalitet – indikativ, interrogativ, optativ, imperativ, osv. – men dei delast ofte inn i to hovudkategoriar: realis og irrealis. Når ein verbsituasjon blir lagd fram som ein påstand, blir det brukt ein *realis* modalitet. Når ein språkbrukar vil formidle at utsegna ikkje er ein påstand, bl.a. fordi han er usikker på om eller veit at verbsituasjonen ikkje er ein realitet, brukast ein *irrealis* modalitet.

Realis-kategoriar er bl.a. indikativ (konstaterande el. forteljande utsegner), generisk (allmenngyldige utsegner) og energisk (utsegner med sterk overtyding eller ettertrykk). Blant irrealis-kategoriane kan ein finne interrogativ (spørsmål), optativ (ønske), og imperativ (påbod).

Modalitetskategoriane er ikkje språkspesifikke. Det går an å uttrykke ein påstand på alle språk, eller eit spørsmål, eit ønske eller eit påbod. Forskjellen mellom språk går heller ut på *korleis* modalitetskategoriane kjem til uttrykk, og om det finst særskilde *modusformer* (eller *modi*). Når det gjeld verbbygging, er ein modusform ei verbform som brukast enten med realis-kategoriar eller med irrealis-kategoriar, ikkje begge delar. Norsk, for eksempel, har éi levande modusform: imperativ.<sup>101</sup> Denne verbforma formidlar berre irrealis modalitetar (f.eks. imperativ, permissiv [tillating] og prekativ [bønn]). Legg merke til at det er både ein modalitetskategori som heiter *imperativ* og ei norsk modusform som heiter *imperativ*. Den norske modusforma *imperativ* blir brukt for å uttrykke modalitetskategorien *imperativ*, men også andre modalitetskategoriar.

Bibelhebraisk har tre modusformer: imperativ, jussiv og kohortativ. Alle tre brukast med ulike typar irrealis modalitet (sjå § 40), men ikkje realis. Dei fire hovudkonjugasjonane (perfektum, imperfektum, perfektum consecutivum og imperfektum consecutivum) er ikkje modusformer fordi alle fire kan brukast med både realis og irrealis modalitet. Men dei skil seg frå kvarandre når det gjeld kva for typar irrealis modalitet dei uttrykker, og kor ofte dei gjer det.

#### **a) Perfektum (*Qatal* eller "suffikskonjugasjonen")<sup>102</sup> = perfektivt aspekt**

Perfektumformer på bibelhebraisk uttrykker *perfektivt aspekt*. Dei brukast altså for å framstille ein komplett verbsituasjon i fortid (# 1), notid (# 2) eller framtid (# 3). Sjølve verbsituasjonen kan vare eitt augeblikk (# 1) eller til evig tid (# 3). Den kan vere avslutta,

---

<sup>101</sup> Tidlegare var også konjunktivformer aktivt brukt på norsk. Desse hadde også som oppgåve å formidle irrealis-kategoriar (optativ, hypotetisk). No brukast dei utelukkande i faste vendingar: *Herren velsigne deg! Leve Kongen!*

<sup>102</sup> Sidan namnet *perfektum* er brukt om verbformer på norsk (og engelsk) med ein annan funksjon enn dei fleste perfektumformer på bibelhebraisk, har namn som *Qatal* og *suffikskonjugasjon* blitt foreslått som alternativ. For å gjere arbeidet med leksikon og kommentarar lettare, bruker denne grammatikken likevel den tradisjonelle terminologien *perfektum* og *imperfektum*.

undervegs eller ikkje-påbegynt i ytringsaugeblikket. Men den interne tidsmessige oppbygginga av situasjonen er utanfor synsfeltet for verbforma.<sup>103</sup>

1.	סֵפֶר הַתּוֹרָה מִצְאָתִי בְּבַיִת יְהוָה	Eg <i>har funne</i> ein bokrull med lova i HERRENS hus. (2 Kong 22,8)
2.	וְאַתָּה יָדַעְתָּ אֶת-עַבְדְּךָ אֲדֹנָי יְהוָה	For du <i>kjenner</i> tenaren din, Herre GUD. (2 Sam 7,20)
3.	מֶלֶךְ יְהוָה צְבָאוֹת בְּהַר צִיּוֹן וּבִירוּשָׁלַם	HERREN Sebaot <i>skal vere konge</i> på Sion-fjellet og i Jerusalem. (Jes 24,23)

Perfektum brukast også for å uttrykke ein heil verbsituasjon som overskrider tidsinndelinga fortid–notid–framtid (*persistent* perfektum), utan at det kjem tydeleg fram gjennom verbforma at situasjonen varer over tid.

4.	בְּחֶסֶד אֲשֶׁר-עָשִׂיתִי עִמָּךְ תַּעֲשֶׂה עִמָּדִי	Den same venskapen som eg <i>har vist</i> [og framleis viser] deg, skal du vise meg. (1 Mos 21,23)
5.	זָכַר לְעוֹלָם בְּרִיתוֹ	Han <i>hugsar</i> pakta si [framover] til evig tid. (Sal 105,8)

Sidan imperfektum også brukast om framtidige verbsituasjonar (sjå pkt. b3 nedanfor), kan ein spørje kva forskjellen er mellom framtidsp Perfektum og framtidsimperfektum. Det kan hende at når ein framtidig verbsituasjon blir uttrykt ved hjelp av imperfektum (# 6), er det fordi situasjonen på ein eller annan måte er avhengig av og dermed knytt til ein annan situasjon. Ei perfektumform, derimot, framstiller verbsituasjonen som komplett og uavhengig av andre ting eller situasjonar, og kanskje dermed meir dramatisk, sikker eller levande (# 7).

6.	וַיֹּאמֶר יְהוָה אֶל-מֹשֶׁה עֲתָה תִּרְאֶה אֲשֶׁר אֶעֱשֶׂה לְפָרְעֹה	Og så sa HERREN til Moses: No skal du få sjå kva eg <i>vil gjere</i> med farao. (2 Mos 6,1)
7.	אֵלֶּה הַדְּבָרִים עֲשִׂיתֶם וְלֹא עֲזַבְתֶּם	Dette er det eg <i>vil gjere</i> , og eg <i>skal ikkje la det vere</i> . (Jes 42,16)

Ein verbsituasjon som så å seie alltid gjeld, kan også framstillast i sin heilskap gjennom den bibelhebraiske perfektumforma. Fordi slike situasjonar ofte blir omtalt i ordtøke eller

<sup>103</sup> Ein verbsituasjon uttrykt ved hjelp av ei perfektumform kan likevel få delar av sin interne tidsstruktur avslørt gjennom betydninga til verbet, samanhengen det står i eller aksjonsarten det har (sjå § 38). Slik kan det komme fram at situasjonen f.eks. er i startfasen (ingressiv), er vedvarande eller går mot ein slutt (telisk).

visdomsord, heiter dette *gnomisk* perfektum (frå gr. *gnome* 'forstand', jf. *habituelt* imperfektum under pkt. b1 nedanfor).

8.	חֲכָמָה וּמוֹסָר אֲוִילִים בָּזוּ	Dei dumme <i>foraktar</i> formaning og visdom. (Ordt 1,7)
9.	יָדַע שׁוֹר קָנְהוּ וַחֲמוֹר אָבוֹס בְּעֶלְיוֹ	Ein okse <i>kjenner</i> eigaren sin, og eit esel krubba til herren sin. (Jes 1,3)

Visse verbsituasjonar skjer i det dei uttrykkast med ord. Sidan heile situasjonen er omfatta, passar det med ei verbform som uttrykker eit perfektivt aspekt. Denne bruken av perfektum er spesielt vanleg med verbsituasjonar der nokon seier noko. Bruken heiter *momentant* perfektum fordi handlinga finn stad samtidig som talaren ytrar seg.

10.	נָתַתִּי לָכֶם אֶת־כָּל־עֵשֶׂב זֵרַע זֵרַע אֲשֶׁר עַל־פְּנֵי כָל־הָאָרֶץ	Eg <i>gir</i> dykk alle planter som set frø som finst på heile jorda. (1 Mos 1,29)
11.	בִּי נִשְׁבַּעְתִּי נְאֻם־יְהוָה כִּי־ לְחָרְבָה יִהְיֶה הַבַּיִת הַזֶּה	Ved meg sjølv <i>sver</i> eg, seier HERREN, at dette huset blir til ruinar. (Jer 22,5)
12.	כֹּה אָמַר אֲדֹנָי יְהוִה	Så <i>seier</i> Herren GUD. (Esek 2,4)

Når ein på bibelhebraisk omtaler ein verbsituasjon som fører til ein varig tilstand, brukast vanlegvis ei perfektumform. I slike tilfelle vil norske perfektumformer ofte passe å bruke i omsettinga. I eksempla nedanfor fører verbsituasjonen *å gi* til ein tilstand der mottakaren *har* noko. Ein kunne kanskje kalle dette for *perfektisk* perfektum.

13.	וְנָתַתָּה מָטָר עַל־אֲרָצְךָ אֲשֶׁר־נָתַתָּה לְעַמְּךָ לְנַחֲלָה	Og send då regn over landet ditt som du <i>har gitt</i> til folket ditt som eigeendom. (1 Kong 8,36)
14.	וְלַחֲצֵי שֶׁבֶט הַמְּנַשֶּׁה נָתַן מֹשֶׁה בְּבָשָׁן	Og til halvparten av stammen til Manasse <i>hadde</i> Moses <i>gitt</i> [land] i Basan. (Jos 22,7)
15.	וְשִׂמַּחְתָּ בְּכָל־הַטּוֹב אֲשֶׁר נָתַן־לְךָ יְהוָה אֱלֹהֶיךָ וּלְבֵיתְךָ	Og så skal du glede deg over alt det gode som HERREN din Gud <i>kjem til å ha gitt</i> <sup>104</sup> til deg og til huset ditt. (5 Mos 26,11)

Fordi det perfekteive aspektet gjerne framstiller verbsituasjonen som ei hending (og ikkje ein prosess), kan tilstandsverb få ein meir "dynamisk" karakter når dei står i perfektum. I staden

<sup>104</sup> Former som *kjem til å ha gitt* (presens perfektum futurum) blir på norsk ofte erstatta av presens perfektum (*har gitt*) når den framtidige tidsreferansen er tydeleg ut ifrå samanhengen.

for å bli framstilt på ein statisk måte som noko som berre *var*, *er* eller *skal vere*, blir tilstanden uttrykt gjennom eit verb i perfektum nærmast noko som *skjer*. Saman med innhaldet i verbet og/eller andre ord i samanhengen, kan det perfektive aspektet derfor bidra til å framheve f.eks. det ingressive (startfasen) eller teliske (avslutninga) ved verbsituasjonen.

15.	כִּי־רַב שָׁבַעְנוּ בּוֹז	For vi har [no, til slutt] blitt overmette av forakt. (Sal 123,3)
-----	---------------------------	---

Dei fleste eksempla ovanfor uttrykker realis modalitet, dvs. at dei på ein eller annan måte er påstandar. Perfektumformer på bibelhebraisk kan også, utan å miste sin perfektive verdi, brukast med *irrealis* modalitetskategoriar: hypotetisk, optativ (frå lat. *optare* "å vilje") eller prekativ (frå lat. *precari* "å be"). Det er ikkje verbforma som uttrykker ein irrealis modalitet, men perfektum kan brukast der slike modalitet er relevante for forståinga av verbsituasjonen. *Hypotetisk* perfektum handlar om ikkje-faktiske situasjonar (# 16), *optativt* perfektum om ønske som ikkje kan bli oppfylt (# 17) og *prekativt* perfektum om ønske som kan bli oppfylt, dvs. bønner (# 18).

16.	לוֹיֵי יְהוָה צָבָאוֹת הוֹתִיר לָנוּ שָׂרִיד כְּמַעַט כְּסֹדִם הָיִינוּ לְעַמָּה דָּמִינוּ	Viss HERREN Sebaot ikkje hadde latt nokre få overlevande <i>vere igjen</i> til oss, som Sodoma ville vi ha blitt, på Gomorra ville vi ha likna. (Jes 1,9)
17.	לֹא הִקְשַׁבְתָּ לְמִצְוֹתַי וַיְהִי כְּנָהָר שְׁלֹמֶךָ	Om du berre hadde høyrte på mine bod! Då vart freden din som elva. (Jes 48,18)
18.	הֲיִהְיֶה לִי לְצוּר מְעוֹן לְבוֹא תְּמִיד צִוִּיתָ לְהוֹשִׁיעַנִי	Ver for meg eit trygt berg å alltid komme til! <i>Gi befaling</i> om å frelsa meg! (Sal 71,3)

## b) Imperfektum (*Jiqtol* eller "prefikskonjugasjonen")

Mens dei fleste perfektumformer på bibelhebraisk kan tolkast som uttrykk for perfektivt aspekt, er det ein større variasjon i bruken av imperfektum. Til trass for namnet, kan ikkje desse formene alltid knytast saman med *imperfektivt aspekt*. I tillegg til denne bruken er imperfektum ofte brukt om *avhengige* situasjonar, om *framtidige* situasjonar og av og til med *perfektivt aspekt om fortidige* situasjonar. At imperfektum blir brukt på så forskjellige måtar, kan tyde på at forma er ei samansmelting av opphavleg ulike former. Det er sjeldan noko anna enn samanhengen som kan hjelpa lesaren å tolke bruken av imperfektum.

(1) **Imperfektivt aspekt** – Ved å bruke ei imperfektumform kan ein språkbrukar tydeleggjere delar av den interne temporale strukturen i ein verbsituasjon. Dette skjer med fortidige (## 1 og 2) og notidige (# 3) situasjonar og kan bl.a. handle om at ein situasjon startar og held fram (*ingressiv*, # 1), eller at situasjonen er undervegs (*progressiv*, ## 2 og 3).



1.	בִּימֵי שְׁמַגֵּר בְּזַעֲנַת בְּיָמֵי יַעֲלֵ חָדְלוּ אַרְחוֹת וְהִלְכִי נְתִיבוֹת יִלְכוּ אַרְחוֹת עַקְלָלוֹת	I Sjamgar Anatssons dagar, i Jaels dagar, vart vegane aude og dei som var på reise, <i>gjekk</i> ( <i>begynte å gå</i> ) på krokete stigar. (Dom 5,6)
2.	בְּיָמִים הָהֵם אֵין מֶלֶךְ בְּיִשְׂרָאֵל אִישׁ הִיָּשֵׁר בְּעֵינָיו יַעֲשֶׂה	I dei dagane var det ingen konge i Israel. Kvar <i>gjorde</i> ( <i>pleidde å gjere, dreiv og gjorde</i> ) det som var rett i hans eigne auge. (Dom 17,6)
3.	וַיֹּאמֶר הַמֶּלֶךְ אִישׁ-טוֹב זֶה וְאֶל-בְּשׂוֹרָה טוֹבָה יָבוֹא	Og så sa kongen: Han er ein god mann og <i>kjem</i> ( <i>er på veg</i> ) med gledebod. (2 Sam 18,27)

Verbsituasjonar som så å seie alltid er undervegs fordi dei skjer stadig vekk, har også eit imperfektivt aspekt. Slike tilfelle kan kallast for *habituel* imperfektum (frå lat. *habitus* "[vanleg] praksis") og liknar *gnomisk* perfektum (sjå pkt. a ovanfor).

4.	הִנֵּה-נָא בְּהֵמוֹת אֲשֶׁר-עָשִׂיתִי עִמָּךְ חֲצִיר כְּבָקָר יֹאכֵל	Sjå berre på Behemot, som eg skapte saman med deg. Han <i>et</i> gras som ein okse. (Job 40,15 [NO v. 10])
5.	יוֹם לְיוֹם יִבְיַע אִמָּר וְלַיְלָה לְלַיְלָה יִחְוָה-דָּעַת	Dag <i>lar</i> sin tale <i>strøyme</i> til dag, og natt <i>gjer</i> kunnskap <i>kjent</i> for natt. (Sal 19,3)

(2) ***Avhengige verbsituasjonar (modal bruk)*** – Veldig ofte er imperfektum brukt når ein verbsituasjon ikkje er omtalt som ein påstand, men framstilt heller som på ein eller annan måte avhengig av eller knytt til noko anna. Situasjonen kan, for eksempel, ifølge språkbrukaren, vere avhengig av noko hos subjektet eller knytt til språkbrukaren sjølv. I begge tilfelle vil *modale hjelpeverb* på norsk (*kunne, måtte, skulle, ...*) ofte kunne få fram noko av det same.

Språkbrukaren kan oppfatte verbsituasjonen slik at den er avhengig av *evnene* eller *kapasiteten* til subjektet, inkludert *tillatinga* det eventuelt har til å utføre den.

1.	וַיֹּאמֶר לְדָוִד לֹא-תָבוֹא הִנֵּה כִּי אִם-הִסִּירָךְ הָעֵרִים וְהַפְּסָחִים לֹא-תָבוֹא דָּוִד הִנֵּה	Og så sa han til David: Du <i>kjem</i> ikkje <i>inn</i> hit! Men dei halte og blinde skal drive deg bort og seie: David <i>kjem</i> ikkje <i>inn</i> hit! (2 Sam 5,6)
----	--	---

2.	אָח לֹא־פָדָה יִפְדֶּה אִישׁ לֹא־ יִתֵּן לְאֱלֹהִים כֶּפֶרוֹ	Ein bror <i>kan</i> ein ikkje på noko vis <i>kjøpe fri</i> , ein <i>kan</i> ikkje <i>gi</i> Gud løysepengar for han. (Sal 49,8)
----	---	---

Noko liknande er der imperfektum er brukt om situasjonar som har *potensial* til å skje, men er avhengige av at subjektet faktisk utfører dei. Denne måten å framstille ein verbsituasjon på passar godt saman med partiklar som kan uttrykke vilkår (f.eks. אִם og כִּי, ## 4 og 5), og dei som kan uttrykke følge eller formål (f.eks. לְמַעַן og פֶּן, ## 6 og 7).

3.	כִּי עַל־כָּל־אֲשֶׁר אֲשַׁלְחֶךָ תִּלְדָּ וְאֵת כָּל־אֲשֶׁר אֲצַוֶּךָ תִּדְבֹר	For overalt der eg ( <i>eventuelt</i> ) <i>sender</i> deg, skal du gå, og alt eg ( <i>eventuelt</i> ) <i>byd</i> deg, skal du seie. (Jer 1,7)
4.	אִם־אָסַק שָׁמַיִם שָׁם אָתָּה	Om eg <i>skulle stige opp</i> til himmelen – der er du. (Sal 139,8)
5.	כִּי־תָבֹאוּ אֶל־הָאָרֶץ אֲשֶׁר יִתֵּן יְהוָה לְכֶם	Når de <i>kjem inn</i> i landet som HERREN skal gi til dykk, ... (2 Mos 12,25)
6.	וְעָשִׂיתָ כְּכֹל אֲשֶׁר־יִקְרָא אֵלֶיךָ הַנְּכַרִי לְמַעַן יִדְעוּן כָּל־ עַמֵּי הָאָרֶץ אֶת־שִׁמְךָ	Og så må du gjere alt det den framande roper til deg om, slik at alle folk på jorda <i>lærer</i> namnet ditt å <i>kjenne</i> . (1 Kong 8,43)
7.	הָאֵירָה עֵינַי פֶּן־אִישָׁן הַמּוֹת	Gi auga mine lys så eg ikkje <i>sovnar</i> inn i døden! (Sal 13,4)

Det kan også vere ei *lyst* eller eit *begjær* hos subjektet som avgjer om ein verbsituasjon blir realisert. Denne måten å bruke imperfektum på kan, i 1. pers. (jf. siste verbet i # 8), likne bruken av viljesforma *kohortativ* (sjå §§ 21b og 40b).<sup>105</sup>

8.	וַיִּקְרָאוּ לְרֵבֶקָה וַיֹּאמְרוּ אֵלֶיהָ הֲתִלְכִי עִם־הָאִישׁ הַזֶּה וַתֹּאמֶר אֵלֶיךָ	Og så ropa dei på Rebekka og sa til henne: <i>Vil</i> du <i>reise</i> med denne mannen? Og så sa ho: Eg <i>vil reise</i> . (1 Mos 24,58)
----	---	--

<sup>105</sup> Fordi kohortativendinga הֶ֑- ikkje er brukt konsekvent, kan ein i somme tilfelle bli usikker på om ei verbform i 1. pers. er imperfektum (med modal meining) eller kohortativ. Til samanlikning er אֵלֶיךָ i 2 Sam 19,27 og 1 Kong 11,21 analysert som ein kohortativ i *Westminster Hebrew Morphology Database* som er brukt i BibleWorks. Andre verbformer i den nære samanhengen med tydeleg kohortativkjenneteikn (slik som אֶתְּבַשֶׁה i 2 Sam 19,27) eller nektingspartikkel אַל kan av og til vere til hjelp.

9.	הִסְפֵּר-לוֹ כִּי אֲדַבֵּר אִם- אָמַר אִישׁ כִּי יִבְלָע	Skal det bli fortalt til han at eg <i>vil tale</i> ? Eller seier ein mann at han <i>ønsker å gå under</i> ? (Job 37,20)
----	---	---

Verbsituasjonen uttrykt gjennom imperfektum kan vere avhengig av at subjektet oppfyller ei *plikt* eller blir *tvungen* til å utføre den.

10.	הַדְּבַר אֲשֶׁר יֵשִׁים אֱלֹהִים בְּפִי אֶתוֹ אֲדַבֵּר	Ordet som Gud legg i munnen min, det <i>må</i> eg <i>tale</i> . (4 Mos 22,38)
11.	הֲלוֹא בִּירְאֵת אֱלֹהֵינוּ תִּלְכוּ מִחֲרַפַּת הַגּוֹיִם אוֹיְבֵינוּ	Er det ikkje i frykt for vår Gud at de <i>burde ferdast</i> , så det blir ingen spott frå folka, fiendane våre? (Neh 5,9)

Imperfektum brukast også der viljen til *språkbrukaren* motiverer verbsituasjonen. Det kan vere slik at språkbrukaren ber om noko (# 12), tillèt noko (# 13), bestemmer noko (# 14) eller byr noko (## 15).

12.	אַתָּה יְהוָה לֹא-תִכְלֵא רַחֲמֶיךָ מִמְּנִי חֶסֶדְךָ וְאַמְתֶּךָ תָּמִיד יִצְרוּנִי	Du, HERRE, <i>må</i> ikkje <i>halde</i> din mildskap <i>tilbake</i> frå meg. Din miskunn og di sanning <i>må</i> alltid <i>verne</i> meg. (Sal 40,12)
13.	וַיֹּאמֶר אֲמַצְיָה אֶל-עָמוֹס חֲזֵה לְךָ בְּרַח-לְךָ אֶל-אֶרֶץ יְהוּדָה וְאֶכְלֶשֶׁם לֶחֶם וְשָׂם תִּנְבֵּא	Og så sa Amasja til Amos: Sjåar! Gå! Flykt til landet Juda og et brød der. Og der <i>kan</i> du <i>profetere</i> . (Am 7,12)
14.	לְזֹאת יִקְרָא אִשָּׁה כִּי מְאִישׁ לִקְחָהּ-זֹאת	Denne <i>skal kallast</i> kvinne. For av mannen er denne tatt. (1 Mos 2,23)
15.	וַיֹּאמֶר כֹּה תֹאמַר לְבָנֵי יִשְׂרָאֵל אֲהִיָּה שְׁלַחְנִי אֵלֵיכֶם	Og så sa han: Slik <i>skal</i> du <i>seie</i> til israelittane: 'Eg er' har sendt meg til dykk. (2 Mos 3,14)

I tillegg til slike imperfektumformer som involverer språkbrukarens vilje, har bibelhebraisk eigne viljesformer – *jussiv*, *kohortativ* og *imperativ* – som også brukast der viljen til språkbrukaren motiverer verbsituasjonen. Når dei aller fleste jussivformer er identiske med tilsvarande imperfektumformer (sjå § 21a) og begge to kan brukast på same måte, er det ikkje alltid mogleg, og kanskje heller ikkje noko stort poeng i å skjelne mellom imperfektumformer

knytt til språkbrukarens vilje og viljesforma jussiv. Det er likevel eitt punkt der ein ofte ser forskjell i bruken av imperfektum og jussiv for å uttrykke viljen til språkbrukaren: der det skjer ei nekting.

Sjølv der det ikkje er forskjell i *form* mellom imperfektum og jussiv, blir det brukt forskjellige nektingspartiklar saman med dei to konjugasjonane (jf. ## 16 og 17).

16.	כִּי־תֵצֵא לְמִלְחָמָה עַל־אֹיְבֶיךָ וְרָאִיתָ סוֹס וְרֶכֶב עִם רֶב מִמֶּךָ לֹא תִירָא (IMPF.) מֵהֶם	Når du dreg ut i krig mot fiendane dine og ser hest og vogn, ein hær større enn din, <i>skal</i> du <i>ikkje vere redd</i> for dei. (5 Mos 20,1)
17.	וַיֹּאמֶר יְהוָה אֵלַי אֶל־ תִּירָא (JUSS.) אֶתוֹ כִּי בְיַדְךָ נִתְּתִי אֹתוֹ	Men så sa HERREN til meg: <i>Ver ikkje redd</i> han! For eg gir han i dine hender. (5 Mos 3,2)

Med imperfektum (og perfektum) brukast nektingspartikkelen לֹא (# 16), og med jussiv, אֶל (# 17). I 5 Mos 20,1, der imperfektum er brukt, legg Moses fram generelle reglar for krigføring. Det er ingen fiende som trugar tilhøyrarane i augeblikket, og ingen ting dei skulle vere redde for i det Moses seier fram orda. Eksemplet med jussiv frå 5 Mos 3,2, derimot, er talt i ein annan situasjon. Kongen i Basan har med seg hæren sin og vil krige mot folket. Dette er ikkje eit tenkt tilfelle som kanskje kjem ein gong i framtida. Her er det ikkje eit generelt prinsipp om ikkje å frykte som gjeld, men ei oppfordring som krev handling her og no. Mens kombinasjonen IMPF.–לֹא blir brukt med eit meir overordna perspektiv, har altså JUSS.–אֶל eit meir her-og-no-preg.

Sjølv om denne forskjellen mellom imperfektum om det generelle, det som har med lover og allmenn rettleiing å gjere, på den eine sida og jussiv om det konkrete, det presserande og akutte på den andre ikkje er konsekvent gjennomført, er det likevel noko ein kan finne mange eksempel på. Kanskje denne forskjellen på negerte former kan vere nyttig dersom ein også vil skjelne mellom ikkje-negerte tilfelle av imperfektum og jussiv/kohortativ?

(3) **Futurum** – Imperfektum er brukt så ofte om framtidige verbsituasjonar at minst éin større referansegrammatikk bruker *futurum* som namn på konjugasjonen.<sup>106</sup> Om og eventuelt korleis denne bruken av imperfektum heng saman med dei andre måtane konjugasjonen er brukt på, er ikkje sikkert. Men det kan vere den *avhengige* verbsituasjonen som igjen dukkar opp her (jf. førre pkt.), denne gongen avhengig av eller ei følge av ein annan kjent eller ukjent situasjon.<sup>107</sup> Dette skil seg i så fall frå perfektumformer med framtidig tidsreferanse, som framstiller verbsituasjonen som *uavhengig* av andre faktorar, og kanskje dermed meir sikker eller levande. Begge konjugasjonane blir likevel brukt saman ein del gonger

<sup>106</sup> Sjå Joüon-Muraoka, §§ 40 og 111b.

<sup>107</sup> Sjå Waltke-O'Connor § 31.6.2a.

(jf. # 1).

1.	הוא יקרא (IMPF.) בשמי ואני אענה (IMPF.) אתו אמרתי עמי הוא (PERF.)	Han <i>skal kalle</i> på mitt namn, og eg <i>skal svare</i> han. Eg <i>skal seie</i> : Han er mitt folk. (Sak 13,9)
----	---	---

Ein merkar også samanhengen mellom futurisk og avhengig bruk av imperfektum når begge to ser ut til å passe like bra i analysen (jf. # 2). Er det ein påstand om framtida som uttrykkast her ("Dei *kjem til å gå til grunne*."), eller er det slik at verbsituasjonen knytast til noko ved subjektet slik at "Dei *er nøydde til å gå til grunne*."?

2.	המה יאבדו ואתה תעמד	Dei <i>skal/må gå til grunne</i> , men du blir ståande. (Sal 102,27)
----	---------------------	--

Andre gonger passar det klart best å tolke imperfektumforma med futurisk meining, for eksempel i eit løfte (# 3). Verbsituasjonen kan også vere framtidig sett frå eit punkt i fortida, dvs. fortidig i forhold til tale- eller skriveaugeblikket, men framtidig i forhold til ein annan situasjon (# 4).

3.	חזק ואמץ כי אתה תנחיל אתהעם הזה אתהארץ אשרנשבתי לאבותם לתת להם	Ver modig og sterk! For du <i>skal gjera</i> dette folket <i>til eigar</i> av det landet som eg lova fedrane deira å gi dei. (Jos 1,6)
4.	ואלישע חלה אתחליו אשר ימות בו	Og Elisja vart sjuk med sjukdomen han <i>skulle døy</i> av. (2 Kong 13,14)

(4) **Perfektivt aspekt i fortid** – Ein del gonger kan det sjå ut som om imperfektum er brukt om fortidige situasjonar med perfektivt aspekt. Dette *kan* henge saman med ei av dei historiske formene som vart til det som vi no kallar imperfektum. Det er mogleg at den same forma også dannar bakgrunnen for *imperfektum consecutivum* (sjå pkt. f).

1.	ויאמר אעלה אתכם ממצרים	Og så sa han: Eg <i>førte</i> dykk <i>opp</i> frå Egypt. (Dom 2,1)
----	---------------------------	--

Det er særleg etter partiklane אָז og טְרָם (den siste som regel med preposisjonen בְּ

framfor) at imperfektum brukast om fortidige situasjonar.<sup>108</sup>

2.	אָז יבְּנֶה יְהוֹשֻׁעַ מִזְבֵּחַ לַיהוָה אֱלֹהֵי יִשְׂרָאֵל בְּהַר עֵיבָל	På den tid <i>bygde</i> Josva eit altar for HERREN, Israels Gud, på Ebal-fjellet. (Jos 8,30)
3.	בְּטָרַם יבֹּא הַמַּלְאָךְ אֵלָיו וְהוּא אָמַר אֶל־הַזְּקֵנִים	Før sendebodet <i>kom</i> fram til han, så sa han til dei eldste: ... (2 Kong 6,32)

### c) Perfektum consecutivum

Verb i perfektum er gjerne kopla til andre verb og setningar ved hjelp av konjunksjonen ׀ (## 1 og 2). Her er verbformene brukt til å formidle eit perfektivt aspekt, slik dei pleier å brukast (sjå pkt. a og c ovanfor).

1.	וְהָעִיר שׁוֹשֵׁן צָהֳלָה וְשִׁמְחָה	Og byen Susa jubla og <i>gledde seg</i> . (Est 8,15)
2.	לֹא־עֲזַבְתֶּם אֶת־אֲחֵיכֶם ... וְשִׁמְרֶתֶם אֶת־מִשְׁמַרְתִּי מִצֹּת יְהוָה	De har ikkje svikta brørne dykkar ... <i>men har halde</i> HERRENS bod. (Jos 22,3)

Men ofte er det vanskeleg å lese slike former som uttrykk for perfektivt aspekt. Her i 3 Mos 5,16 (# 3) finn vi ei perfektumform med ׀ saman med tre imperfektumformer. Det er ikkje lett å skjønne kvifor den eine situasjonen skulle vere framstilt med perfektivt aspekt når det gir god meining å lesa alle fire verb slik at det er språkbrukarens vilje som motiverer situasjonane (jf. pkt. d2 ovanfor).

3.	יִשְׁלַם וְאֶת־חֲמִישְׁתּוֹ יוֹסֵף עָלָיו וְנָתַן אֹתוֹ לְכַהֵן וְהִכְהִין יִכְפֹּר עָלָיו	Han skal gi vederlag, og ein femtepart skal han legge til det, og så <i>skal</i> han <i>gi</i> det til presten, og presten skal gjere soning for han. (3 Mos 5,16)
----	--	--

Fordi slike former med ׀ ikkje ser ut til å formidle perfektivt aspekt og i tillegg skil seg frå vanlege perfektumformer i 2. pers. mask. sg. og 1. pers. sg. når det gjeld trykkplassering (sjå § 20a), er det her snakk om ein annan konjugasjon: *perfektum consecutivum*. Den er brukt når verbsituasjonen er relatert til eller knytt til noko anna. Den kan vere knytt til ein situasjon, eit tidspunkt, ein person e.l. som uttrykkast gjennom ei setning, ein frase eller eit enkelt ord.

<sup>108</sup> Med slike partiklar blir verbsituasjonen uttrykt med imperfektum, som regel sett i samanhengen med ein annan. Derfor kan slik bruk også koplant saman med bruken av imperfektum om avhengige situasjonar i pkt. 2 (sjå også Waltke-O'Connor § 31.6.3).

Konjugasjonen heiter *perfektum consecutivum* fordi situasjonane slike verb viser til, veldig ofte *følger* det føregående som ein logisk konsekvens, eller følger etter det i tid (jf. # 3), eller begge delar. Men dei kan også fungere som utfyllande detaljer relatert til det føregående. Ofte vil verb i perfektum consecutivum ha *imperfektivt aspekt* og/eller brukast om avhengige situasjonar eller framtidige situasjonar (jf. bruken av imperfektum frå pkt. b1–3 ovanfor). Til gjengjeld viser dei som regel ikkje perfektivt aspekt.

(1) **Logisk følge og/eller påfølgande situasjon** – Perfektum consecutivum er for det meste brukt der verbsituasjonen følger logisk av ein annan situasjon, og/eller følger etter i tid. Den er vanleg *etter vilkårssetningar* og formidlar situasjonen som er konsekvensen av at vilkåret blir oppfylt (## 1 og 2).

1.	אִם־אֶמְצָא חַן בְּעֵינֵי יְהוָה וְהֵשִׁבֵנִי	Dersom eg finn nåde for HERRENS auge, <i>så skal</i> han <i>la</i> meg <i>komme tilbake</i> . (2 Sam 15,25)
2.	וְשָׁב הַגּוֹי הַהוּא מִרְעָתוֹ ... וְנַחַמְתִּי עַל־הָרָעָה אֲשֶׁר חָשַׁבְתִּי לַעֲשׂוֹת לוֹ	Men vender det folket om frå sin vondskap ... <i>så skal</i> eg <i>angre</i> på det vonde som eg hadde tenkt å gjere mot det. (Jer 18,8)

Men situasjonen som verbet i perfektum consecutivum er ei logisk følge av eller følger etter i tid, treng ikkje vere eit vilkår:

3.	יָבֹאוּ בְנֵי הָאֱלֹהִים אֶל־בָּנוֹת הָאָדָם וַיֵּלְדוּ לָהֶם	Gudesønene gjekk inn til menneskedøtrene, <i>og så fødde</i> dei <i>born</i> til dei. (1 Mos 6,4)
4.	הֲאֵלֶּךְ וְקִרְאתִי לָךְ אִשָּׁה מִיִּנְקַת מֶן הָעֵבְרִית	Skal eg gå <i>og hente</i> deg ei kvinne som kan amme blant hebrearane? (2 Mos 2,7)
5.	כִּי יִמְלֹאוּ יָמֶיךָ וְשָׁכַבְתָּ אֶת־ אֲבֹתֶיךָ וְהִקִּימְתִי אֶת־זִרְעֶךָ אֲחֵרֶיךָ	Når dagane dine er fullført <i>og</i> du <i>ligg</i> hos fedrane dine, <i>vil</i> eg <i>reise opp</i> din etterkommar etter deg. (2 Sam 7,12)
6.	הִנֵּה נֹגַע זֶה עַל־שִׁפְתֶיךָ וְסָר עוֹנֶךָ וְחִטָּאתֶךָ תִּכְפֹּר	Sjå, denne har rørt ved leppene dine. <i>No er</i> di skuld <i>borte</i> , og di synd er sona. (Jes 6,7)
7.	נָקַל ... לְהָקִים אֶת־שִׁבְטִי יַעֲקֹב ... וְנִתְתִּיךָ לְאוֹר גּוֹיִם	Å reise opp Jacobs stammer er trivielt. ... <i>Så</i> eg <i>gjer</i> deg til eit lys for folkeslag. (Jes 49,6)

8.	בְּהֵעוֹתוֹ וְהִכְחִיתִי בְּשֹׁבֵט אֲנָשִׁים	Når han gjer det som vondt er, <i>så vil eg straffe</i> han med stokk frå menneske. (2 Sam 7,14)
----	---	--

(2) **Logisk følge og/eller påfølgande situasjon som uttrykk for språkbrukarens vilje** – Den logiske/temporale følga kan også gi uttrykk for språkbrukarens vilje, særleg etter viljesformene imperativ (## 1 og 2), jussiv (# 3) og kohortativ (# 4), men også etter både imperfektum (# 5) og perfektum (# 6), nominale setningar (# 6) og frasar (# 7).

1.	וְלָכוּ אֶל־עַבְדֵי אִיזָב וְהֵעֲלִיתֶם עֹלָה בְּעַדְכֶם	Og gå til tenaren min, Job, <i>og ber fram</i> brennoffer for dykk sjølve! (Job 42,8)
2.	קוּם וְיֵרֵדְתָּ בֵּית הַיּוֹצֵר וְשָׁמָּה אֲשַׁמְיַעְךָ אֶת־דְּבָרֵי	Stå opp <i>og gå ned</i> til pottemakarens hus! Og der skal eg la deg få høyre mine ord. (Jer 18,2)
3.	הֵם יֵלְכוּ וְקִשְׁשׁוּ לָהֶם תָּבָן	La dei gå <i>og sanke</i> halm sjølve. (2 Mos 5,7)
4.	אֲלַקְטָהּ־נָא וְאֶסְפְּתִי בְּעִמָּרִים אַחֲרֵי הַקּוֹצְרִים	La meg då få plukke <i>og sanke</i> aks mellom kornbanda etter skurdfolket! (Rut 2,7)
5.	אִם־יִקְרָא אֵלֶיךָ וְאָמַרְתָּ דְבָר יְהוָה כִּי שָׁמַע עַבְדְּךָ	Viss han roper på deg, <i>skal du svare</i> : Tal, HERRE, for tenaren din høyrer! (1 Sam 3,9)
6.	וְאִם־לֹא קָרוֹב אָחִיךָ אֵלֶיךָ וְלֹא יִדְעֶתָּ וְאֶסְפְּתוֹ אֶל־תּוֹךְ בֵּיתְךָ	Og dersom bror din ikkje er i nærleiken av deg eller du ikkje kjenner han, <i>så skal du ta</i> det med til huset ditt. (5 Mos 22,2)
7.	בְּמוֹתֵי וְקִבְרָתָם אֶתִּי בְּקֶבֶר אֲשֶׁר אִישׁ הָאֱלֹהִים קָבַר בּוֹ	Når eg døyr, <i>så skal de gravlegge</i> meg i den grava som gudsmannen er gravlagd i. (1 Kong 13,31)

(3) **Utfyllande opplysningar relatert til ein situasjon (epexegetisk)** – Etter former i perfektum (# 1), imperfektum consecutivum (# 2) eller nominale former (# 3), kan perfektum consecutivum brukast for å gi utfyllande detaljer (med imperfektivt aspekt) om situasjonar i fortida eller notida. Legg merke til i # 2 at så snart verbet ikkje kan komme like etter konjunksjonen ׀, her på grunn av eit skifte i objektet frå Peninna til Hanna, blir det brukt imperfektum i staden for perfektum consecutivum. Dette, saman med samanhengen, styrkjer oppfatninga av at verbet formidlar eit imperfektivt aspekt.



1.	אִישׁ הָיָה בְּאֶרֶץ-עוּץ אִיּוֹב שְׁמוֹ וְהָיָה הָאִישׁ הַהוּא תָם וַיֵּשֶׁר	Det var ein mann i landet Us. Job var namnet hans. <i>Og</i> denne mannen <i>var</i> from og rettskaffen. (Job 1,1 <sup>109</sup> )
2.	וַיִּזְבַּח אֶלְקָנָה וְנָתַן לַפְּנֵיהָ אֶשְׁתּוֹ ... מְנוֹת וּלְחִנָּה יָתַן מְנָה אֶחָת אֲפִים	Og Elkana heldt offermåltid <i>og</i> [i samband med det] <i>pleidde</i> å gi Peninna, kona si, ... ein del, men til Hanna pleidde han å gi dobbelt så mykje. (1 Sam 1,4–5)
3.	עָרַב וַיְדַעְתֶּם כִּי יְהוָה הוֹצִיא אֶתְכֶם מֵאֶרֶץ מִצְרַיִם	I kveld <i>så skal</i> de <i>forstå</i> at HERREN førte dykk ut frå landet Egypt. (2 Mos 16,6)

#### d) Imperfektum consecutivum

Med ei spesiell form av konjunksjonen ו, er imperfektum consecutivum lett å kjenne igjen i dei fleste formene (sjå § 20b). Det at verb i *Hiphil*, ע"ו- og ע"ע-verb i *Qal* og ל"ה-verb i alle verbstammene vanlegvis har ei *kortare* form i imperfektum consecutivum, kjem kanskje av at imperfektum consecutivum har eit anna historisk opphav enn vanleg imperfektum. Dette andre opphavet kan også vere med på å forklare kvifor imperfektum consecutivum ikkje har dei same betydningsnyansane som ein vanlegvis assosierer med imperfektum, dvs. imperfektivt aspekt, modale nyansar og futurisk bruk (sjå § 39b).

Imperfektum consecutivum, i likskap med perfektum consecutivum, er brukt når verbsituasjonen er relatert til eller knytt til noko anna. Den kan vere knytt til ein situasjon, eit tidspunkt e.l. som uttrykkast gjennom ei setning eller ein frase. Det heiter imperfektum *consecutivum* fordi situasjonane som slike verb viser til, veldig ofte *følger* det føregåande som ein logisk konsekvens eller følger etter det i tid, eller begge delar. Men dei kan også fungere som forklarande detaljer relatert til det føregåande. Om ein skal forstå verbsituasjonen uttrykt ved hjelp av imperfektum consecutivum som ei følge av eller forklaring på ein annan situasjon, er avhengig av betydningane til verba som er brukt, og samanhengen generelt.

Forskjellen mellom imperfektum consecutivum og perfektum consecutivum har med *aspekt* å gjere. Verb i *imperfektum* consecutivum har som regel *perfektivt aspekt* (sjå ovanfor om aspekt). Verb i *perfektum* consecutivum, derimot, har *ikkje* perfektivt aspekt, men brukast med imperfektivt aspekt eller om avhengige situasjonar eller framtidige situasjonar (sjå pkt. b ovanfor).

(1) **Logisk følge og/eller påfølgande situasjon** – Imperfektum consecutivum er for det meste brukt der verbsituasjonen følger logisk av ein annan situasjon, og/eller følger etter i tid. Aspektet er perfektivt, med dei same nyansane og bruksmåtane som perfektum (sjå pkt. c

<sup>109</sup> Fleire utfyllande detaljer om Job og familien hans følger i vv. 2–5, uttrykt ved hjelp av perfektum consecutivum eller imperfektum consecutivum (sjå pkt. f) alt etter om aspektet er imperfektivt (perfektum consecutivum) eller perfektivt (imperfektum consecutivum).

ovanfor). Dette inkluderer modal bruk (jf. # 3 [optativ]).

1.	לְמָה אָמַרְתָּ אַחֲתֵי הוּא וְאָקַח אֶתָּה לִי לְאִשָּׁה	Kvifor sa du: Ho er syster mi, så eg tok henne til meg som kone? (1 Mos 12,19)
2.	בָּדַד בְּטָחוֹ אֲבֹתֵינוּ בְּטָחוֹ וְתַפְלִיטְמוֹ	Til deg sette fedrane våre si lit. Dei sette si lit, og så fria du dei ut. (Sal 22,5)
3.	וְלוֹ הוּאֲלֵנוּ וְנִשְׁבַּב בְּעֵבֶר הַיַּרְדֵּן	Og om vi berre hadde vore bestemte og busette oss på den andre sida av Jordan! (Jos 7,7)
4.	אִז תְּבֹאֲנָה שְׂתִימִים נָשִׁים זָנוֹת אֶל־הַמֶּלֶךְ וְתַעֲמִדְנָה לְפָנָיו	Etterpå kom to prostituerte kvinner til kongen og stilte seg framfor han. (1 Kong 3,16)
5.	וְהִיא מָרַת נֶפֶשׁ וְתַתְּפִלֵּל עַל־ יְהוָה וּבְכַה תְּבַכֶּה	Og ho var "sjelebitter." Så ho ba til HERREN mens ho gret sårt. (1 Sam 1,10)
6.	מִכָּתֵב לְחִזְקִיָּהוּ מֶלֶךְ־יְהוּדָה בְּחִלְתּוֹ וַיְחִי מִחֲלָיו	Noko skrive av Hiskia, kongen av Juda, då han hadde vore sjuk og så kvikna til frå sjukdomen: (Jes 38,9)

(2) *Utfyllande opplysningar relatert til ein situasjon (epokegetisk)* – Imperfektum consecutivum er også brukt der verbsituasjonen ikkje følger noko anna som ei logisk følge eller i tid, men heller forklarar eller utdjupar ein nemnt situasjon med fleire detaljer eller opplysningar. I eksempel # 1 nedanfor er det ikkje slik at Esaus etterkommarar utrydda horittane og busette seg i landet deira etter at dei hadde tatt over deira arvedel (land). Det er heller slik å forstå at dei tok over landet til horittane ved å utrydde dei og busette seg der i staden for dei.

1.	וּבְנֵי עֵשָׂו יִירָשׁוּם וַיִּשְׁמִדוּם מִפְּנֵיהֶם וַיֵּשְׁבוּ תַּחְתָּם	Men Esaus etterkommarar tok over deira [horittanes] arvedel: Dei utrydda dei og busette seg [der] i staden for dei. (5 Mos 2,12)
2.	אַתָּה־הוּא הָאֱלֹהִים וּדְבָרֶיךָ יְהִיוּ אֱמֶת וְתִדְבָר אֶל־עַבְדְּךָ אֶת־הַטּוֹבָה הַזֹּאת	Du er Gud og dine ord er sanning. Og så har du talt til tenaren din denne gode [tingen]. (2 Sam 7,28)

#### § 40 Jussiv, kohortativ, imperativ

I tillegg til modal bruk av dei fire hovudkonjugasjonane, har bibelhebraisk tre konjugasjonar som berre brukast for å uttrykke språkbrukarens vilje: jussiv, kohortativ og imperativ. Desse tre konjugasjonane har forskjellige formale kjenneteikn (alle formene tar

likevel utgangspunkt i imperfektummønsteret, sjå § 21), men utgjer éin funksjonskategori: viljesformene. Innanfor denne kategorien utfyller viljesformene kvarandre på den måten at jussiv brukast hovudsakleg i 3. person og i 2. person med nekting (לֹא), kohortativ brukast i 1. person og imperativ brukast i 2. person utan nekting.

Språkbrukarens vilje kjem ikkje berre fram i påbod og befalingar. Avhengig av den sosiale status til dei involverte, betydninga til verbet som er brukt og samanhengen det er brukt i, kan viljen til språkbrukaren også ta form av eit råd, eit ønske, ei bønne, ei tillating, osv.

### a) Jussiv

Der språkbrukaren uttrykker sin vilje om eit subjekt i 3. person, kan verbet stå i jussiv. Også der viljen gjeld eit subjekt i 2. person, kan jussiv brukast (sjå pkt. 7 nedanfor). Med jussiv er nektingspartikkelen לֹא og ikkje לֹא. Sosiale relasjonar og maktforhold er med på å avgjere korleis verbet i jussiv skal tolkast, bl.a. som:

#### (1) Befaling

1.	וַיֹּאמֶר אֱלֹהִים יְהִי אֹר וְיִהְיֶה אֹר	Då sa Gud: Det <i>skal bli</i> lys! Og det vart lys. (1 Mos 1,3)
2.	וַיִּשְׂאוּהוּ אַנְשֵׁי מִקְמוֹ בְּכֶסֶף וּבַזָּהָב וּבְרִכּוּשׁ וּבְבַהֲמָה	Og mennene frå staden hans <i>skal støtte</i> han med sølv og gull og gods og buskap. (Esra 1,4)

#### (2) Formaning

1.	יִירָאוּ מִיְהוָה כָּל־הָאָרֶץ מִמְנוּ יִגְוְרוּ כָּל־יֹשְׁבֵי תֵבֵל	Heile jorda <i>må frykte</i> HERREN, for han <i>må</i> alle som bur i verda, <i>skjelve</i> . (Sal 33,8)
2.	יַעֲזֹב רָשָׁע דַּרְכּוֹ וְאִישׁ אֲוֹן מַחְשַׁבְתּוֹ וַיֵּשֶׁב אֶל־יְהוָה	Den urettferdige <i>skal forlate</i> sin veg og ugjerningsmannen sine tankar, og <i>vende om</i> til HERREN. (Jes 55,7)

#### (3) Råd

1.	וַעֲתָה יֵרָא פַרְעֹה אִישׁ נָבוֹן וְחָכָם וַיִּשְׂיִתְהוּ עַל־אֶרֶץ מִצְרַיִם	Og no <i>bør</i> farao <i>sjå seg ut</i> ein vis og vitug mann og <i>sette</i> han over landet Egypt. (1 Mos 41,33)
2.	וַיָּשְׁבוּ אֶל־יְהוָה וַיֹּאמְרוּ אֵלָיו אֶל־יְהוָה כָּל־הָעָם	Og så kom dei tilbake til Josva og så sa dei til han: Heile hæren <i>bør ikkje gå opp!</i> (Jos 7,3)

(4) *Tillating*

1.	מִי־יֵרָא וְחָרַד יָשׁב וַיִּצְפֹּר מֵהָר הַגִּלְעָד	Kven er redd og skremd? Han <i>kan snu og fare vekk</i> frå Gilead-fjellet! (Dom 7,3)
2.	וַיַּעַל לִירוּשָׁלַם אֲשֶׁר בִּיהוּדָה וַיְבַן אֶת־בַּיִת יְהוָה אֱלֹהֵי יִשְׂרָאֵל	Og han <i>kan fare opp</i> til Jerusalem som er i Juda og bygge HERRENS, Israels Guds, hus. (Esra 1,3)

(5) *Bønn*

1.	וְעַתָּה תִּיקַר נַפְשִׁי בְּעֵינֶיךָ	Og no <i>la</i> livet mitt <i>få vere dyrt</i> i dine auge! (2 Kong 1,14)
2.	גַּם מִזְדִּים חֲשֵׁךְ עֲבָדְךָ אֶל־ יִמְשְׁלוּ־בִי אֲז אֲז אֵיתָם	Også frå hovmodige spar din tenar, <i>la</i> dei ikkje <i>få makt</i> over meg! Då er eg heil. (Sal 19,14)

(6) *Velsigning/forbanning*

1.	יְבָרְכֶךָ יְהוָה וַיִּשְׁמְרֶךָ <sup>25</sup> יָאֵר יְהוָה פָּנָיו אֵלֶיךָ וַיַּחֲנֶנֶךָ <sup>26</sup> יִשְׂאֵל יְהוָה פָּנָיו אֵלֶיךָ וַיִּשֶׁם לְךָ שָׁלוֹם	HERREN <i>velsigne</i> deg og <i>vare</i> deg! HERREN <i>la</i> sitt ansikt <i>lyse</i> mot deg og <i>vere</i> deg <i>nådig</i> ! HERREN <i>løfte</i> sitt ansikt mot deg og <i>gi</i> deg fred! (4 Mos 6,24–26)
2.	יִשְׁמְךָ יְהוָה כְּצִדְקֶיהוּ וּכְאַחָב אֲשֶׁר־קָלַם מֶלֶךְ־בָּבֶל בְּאֵשׁ	<i>Måtte</i> HERREN <i>gjere</i> deg lik Sidkia og lik Ahab, som kongen av Babel steikte på bålet! (Jer 29,22)

(7) *Jussiv i 2. person* – Jussiv brukast i 2. person som regel med nektingspartikkel אַל, då imperativ ikkje blir nekta på bibelhebraisk (## 1 og 2). Men jussiv kan også brukast i 2. person utan nekting. Dette ser ein bl.a. på verbformer som vanlegvis er kortare i jussiv enn i vanleg imperfektum, f.eks. *Hiphil* (# 3, sjå § 21a om kortformer).

1.	אַל־תִּשְׁלַח יָדְךָ אֶל־הַנֶּעֱר וְאַל־תַּעֲשֶׂ לּוֹ מְאוֹמָה	<i>Strekk</i> ikkje handa di <i>ut</i> mot guten, og <i>gj</i> er han ikkje noko! (1 Mos 22,12)
----	---	---

2.	בִּי אֲדַנִּי אֶל־נָא תִשָּׁת עָלֵינוּ חֲטָאת אֲשֶׁר נִזְאָלְנוּ וְאֲשֶׁר חֲטָאנוּ	Unnskyld, Herre, <i>tilrekne</i> oss då ikkje synd, for vi var tåpelege og vi synda. (4 Mos 12,11)
3.	בְּנֶ־אָדָם בְּטֶ־נְדָךְ תִּאָכַל וּמֵעֵיד תִּמְלֵא אֶת־הַמְּגִלָּה הַזֹּאת	Menneskebarn, <i>fø</i> magen din og <i>fill</i> innvolane dine med denne rullen. (Esek 3,3)

(8) **Etter imperativ** – Eit verb i jussiv etter imperativ uttrykker som regel hensikta til eller resultatet av verbsituasjonen i imperativ. I # 1 nedanfor har verbsituasjonane i imperativ til *hensikt* at israelittane kan gå gjennom havet. I # 2 er *resultatet* av situasjonane i imperativ at far din fortel deg om dei eldgamle dagane.

1.	וְאַתָּה הָרַם אֶת־מִטְּךָ וּנְטָה אֶת־יָדְךָ עַל־הַיָּם וּבִקְעָהוּ וַיָּבֵאוּ בְנֵי־יִשְׂרָאֵל בְּתוֹךְ הַיָּם בִּיבְשָׁה	Og du, løft staven din og rett handa di ut over havet og kløyv det, så israelittane <i>kan</i> gå tvers igjennom havet på tørr mark. (2 Mos 14,16)
2.	זָכַר יָמוֹת עוֹלָם בֵּינוּ שָׁנוֹת דוֹר־דּוֹדוֹר שֶׁאֵל אָבִיךָ וַיִּגְדֶּךָ	Kom dei eldgamle dagar i hug, gi akt på åra frå slekt til slekt! Spør far din, så <i>fortel</i> han deg. (5 Mos 32,7)

## b) Kohortativ

Viljesforma i 1. person heiter kohortativ. Også her er nektingspartikkelen som regel אֵל (ikkje לֹא). Avhengig av språkbrukarens kapasitet eller utsikter til å gjennomføre verbhandlinga, kan denne forma vere uttrykk for:

### (1) Forsett/avgjerd

1.	אֲדַבְּרָה וַיִּרוּח־לִי אֲפַתַּח שְׂפָתַי וְאָעֲנֶה	Eg <i>skal</i> tale så det blir lettare for meg, eg <i>skal</i> opne leppene mine og <i>svare</i> . (Job 32,20)
2.	רוּמָה יְהוָה בְּעֹזְךָ נִשְׁרָה וּנְזַמְרָה גְבוּרָתְךָ	Ver opphøgd, Herre, i di makt! Vi <i>vil</i> spele og <i>syng</i> om dine storverk. (Sal 21,14)

(2) *Bønn*

1.	וַיְהוֹה צְבָאוֹת שֹׁפֵט צְדָק בְּחַן כְּלִיזָה וְלֵב אֲרָאָה נִקְמָתָךְ מֵהֶם	Og HERRE Sebaot, rettferdige dommar, som granskar nyrer og hjarte, <i>la meg få sjå</i> din hemn over dei! (Jer 11,20)
2.	אָנָּה יְהוָה אֱלֹהֵי נְאֻמָּה בְּנַפְשׁ הָאִישׁ הַזֶּה	Å HERRE! <i>La</i> ikkje oss då <i>gå under</i> på grunn av livet til denne mannen! (Jona 1,14)

(3) *Ønske*

1.	אֲרִדָּה־נָא וְאֲרָאָה הַכְּצַעְקָתָהּ הַבָּאָה אֵלַי עָשׂוּ כְּלָה וְאִם־לֹא אֲדַעָהּ	Eg skal stige ned og sjå om dei handlar heilt i tråd med klageropet hennar som har nådd meg. Og viss ikkje, <i>vil eg gjerne vite</i> [det]. (1 Mos 18,21)
2.	נִרְנְנָה בִישׁוּעָתְךָ וּבְשֵׁם־ אֱלֹהֵינוּ נִדְגַל	<i>Måtte vi få juble</i> over di redning og i namnet til vår Gud <i>løfte banneret</i> . (Sal 20,6)

(4) *Formaning (med subjektet i fleirtal)*

1.	לָכֵּה דוֹדַי נִצָּא הַשָּׂדֶה נְלִינָה בְּכַפְרִים	Kom, kjærasten min! <i>La oss gå ut</i> på marka! Vi <i>overnattar</i> mellom hennabuskaner! (Høg 7,12 [NO v. 11])
2.	זֶה יְהוָה קוֹיֵנוּ לוֹ נִגְיִלָה וְנִשְׂמְחָה בִישׁוּעָתוֹ	Dette er HERREN, vi håpa på han. <i>La oss juble og glede</i> oss over hans frelse! (Jes 25,9)

(5) *Etter imperativ* – På same måte som jussiv, er verbsituasjonen i kohortativ gjerne eit formål (# 1) eller resultat (# 2) når verbet kjem etter imperativ.

1.	הָרֵאשֹׁנוֹת מָה הָיָה הַגִּידוֹ וְנִשְׂמְחָה לְבָנוּ וְנִדְעָה אַחֲרֵיתוֹ	Dei første ting, fortel oss kva dei var, så vi <i>kan tenkje</i> over dei og <i>vite</i> slutten på dei! (Jes 41,22)
2.	הִיטִיבוּ דַרְכֵיכֶם וּמַעַלְלֵיכֶם וְאַשְׁכְּנָה אֶתְכֶם בְּמָקוֹם הַזֶּה	Gjer vegane dykkar og gjerningane dykkar gode, så <i>vil eg la</i> dykk <i>bu</i> på denne staden. (Jer 7,3)

c) *Imperativ*

Den vanlegaste viljesforma heiter imperativ. Den brukast berre i 2. person og aldri med

nekting. Ei nekta viljesform i 2. person står heller enten i jussiv (med **אל**, sjå pkt. a7 ovanfor) eller imperfektum (med **לא**, sjå § 39b2). Imperativ brukast med dei same betydningsnyansane som jussiv og kohortativ, dvs.:

(1) *Befaling*

1.	מֵאַרְבַּע רוּחוֹת בְּאֵי הַרוּחַ וּפְחֵי בְּהַרוּגִים הָאֵלֶּה וַיַּחֲיוּ	Frå dei fire vindretningane, <i>kom</i> , ånd, og <i>blås</i> på desse drepne så dei lever. (Esek 37,9)
2.	אָמְרוּ לְאַחֵיכֶם עָמִי וּלְאַחֹתֵיכֶם רַחֲמָה	Sei til brørne dykkar: "mitt folk" og til systrene dykkar: "du som har fått miskunn." (Hos 2,3 [NO v. 1])

(2) *Tillating*

1.	אֶרֶץ מִצְרַיִם לְפָנֶיךָ הוּא בְּמִיטֵב הָאֶרֶץ הוֹשֵׁב אֶת־ אָבִיךָ וְאֶת־אֶחָיֶךָ	Landet Egypt er framfor deg. I den beste delen av landet <i>la</i> far din og brørne dine <i>bu</i> ! (1 Mos 47,6)
2.	לְכוּ־נָא הַגְּבֵרִים וְעַבְדוּ אֶת־ יְהוָה כִּי אֵתָהּ אַתֶּם מִבְּקָשִׁים	Mennene <i>kan gå</i> og <i>tene</i> HERREN, for det ba de om. (2 Mos 10,11)

(3) *Råd*

1.	וַיֹּאמֶר אֲלֵיהֶם שְׂאוּנִי וְהִטִּילְנִי אֶל־הַיָּם וַיִּשְׁתַּק הַיָּם מֵעֲלֵיכֶם	Og så sa han til dei: <i>Løft</i> meg <i>opp</i> og <i>kast</i> meg i havet, så skal havet stilne for dykk! (Jona 1,12)
2.	וַיֹּאמֶר לוֹ יְהוֹנָדָב שֹׁכֵב עַל־ מִשְׁכַּבְּךָ וְהִתְחַל	Og så sa Jonadab til han: <i>Legg</i> deg i senga di og <i>spel sjuk</i> ! (2 Sam 13,5)

(4) *Oppmuntring/formaning*

1.	וַתֹּאמֶר אֵלָיו אָבִי פָּצִיתָה אֶת־ פִּיךָ אֶל־יְהוָה עֲשֵׂה לִי כַּאֲשֶׁר יֵצֵא מִפִּיךָ	Og så sa ho til han: Far min, du har opna munnen din til HERREN. <i>Gjer</i> med meg i samsvar med det som har gått ut av munnen din! (Dom 11,36)
----	---	---

2.	שׁוּבָה יִשְׂרָאֵל עַד יְהוָה אֲלֵהֶיךָ כִּי כָשַׁלְתָּ בְּעֹנֶיךָ	Vend om, Israel, til HERREN din Gud, for du har snubla i di skuld. (Hos 14,2)
----	---	---

(5) *Bønn*

1.	אֲדֹנָי יְהוִה סֶלַח-נָא מִי יְקוּם יַעֲקֹב	Herre GUD, <i>tilgi</i> då! Korleis kan Jakob stå seg? (Am 7,2)
2.	הֲגַמְיָאִינִי נָא מִעֵט-מִים מִבְּדֶיךָ	La meg då få <i>drikke</i> litt vatn frå krukka di! (1 Mos 24,17)

## § 41 Infinitiv constructus

Der ein språkbrukar på bibelhebraisk har behov for å *nemne* ein verbsituasjon – (det) å møte han / (det) at han regjerer – utan å *fortelje* at det skjer – *NN* møter han / han regjerer – brukast som regel *infinitiv constructus*. Langt på veg svarer denne konjugasjonen til infinitiv på norsk. Fordi infinitiv constructus brukast for å nemne ein verbsituasjon på same måte som eit substantiv nemner ein person, ting, stad, eigenskap eller tilstand, kan den kallast for verbets substantiviske form.

Det som infinitiv constructus nemner, ein verbsituasjon, er abstrakt, ikkje ein konkret ting som ein kan ta og kjenne på. Det er kanskje derfor ein del former av infinitiv constructus har nomenendingar frå f-mønsteret i eintal, f.eks. f<sub>1</sub>-mønster: יִרְאָה *å vere redd*, אֲהַבָּה *å elske* og f<sub>2</sub>-mønster: עֲשׂוֹת *å gjere*, תֵּת *å gi*, לָכֶת *å gå* (sjå §§ 22a, 24e–g, 28a og 44a).

Det er ingen syntaktisk samanheng mellom bruken av eit nomen i status constructus og bruken av eit verb i infinitiv constructus. Eit nomen står i status constructus som regel når det kjem eit substantivisk attributt like etterpå (sjå §§ 48 og 56a1). Slik er det ikkje med infinitiv constructus.

Det verbale og det substantiviske kombinerast både på bibelhebraisk og norsk også i det ein kallar for *verbalsubstantiv* – substantiv som nemner ein verbsituasjon, f.eks. סְלִיחָה *tilgiving* (= [det] å tilgi), מוֹסֵר *irettesetting* (= [det] å irettesette), יָגַע *jag* (= [det] å jage). Slike substantiv vil ofte ende på -(n)ing (ev. -else) på norsk og ei f-ending på hebraisk (sjå §§ 28a og 15d). Sjølv om ein som regel ikkje endar opp med å omsette infinitiv constructus med eit verbalsubstantiv på norsk, kan det å lage eit slikt ord ved hjelp av endinga -(n)ing av og til gjere det lettare å få meining ut av den hebraiske teksten.

### a) Substantivisk funksjon

Som eit substantivisk ord blir infinitiv constructus brukt med dei same funksjonane som andre substantiv.



(1) *I ei setning* kan infinitiv constructus fungere som subjekt (## 1–3), predikativ (## 3 og 4), frie adverbial (## 5 og 6) eller fokusledd (# 7) (sjå § 59e).

1.	לֹא-טוֹב הָיְתָה הָאָדָם לְבַדּוֹ	<i>Det at mennesket er åleine, er ikkje godt.</i> (1 Mos 2,18)
2.	וְעֲנֵתָהּ תִּרְבֵּנִי	<i>Og det at du svarer, gjer meg stor.</i> (2 Sam 22,36)
3.	יִרְאַת יְהוָה שְׂנֵאתָ רָע	<i>Å frykte [SUBJ] HERREN er å hate [PIV] det vonde.</i> (Ordt 8,13)
4.	חֲכָמַת עָרוֹם הֵבִין דַּרְכּוֹ	<i>Den klokes visdom er å kjenne sin veg.</i> (Ordt 14,8)
5.	נִלְאַיתִי נָשָׂא	[som] eg er trøyt av å <i>bera</i> . (Jes 1,14)
6.	זֹאת תַּעֲשֶׂה-לָךְ עֲזִבְךָ אֶת- יְהוָה אֱלֹהֶיךָ	<i>Dette har du gjort mot deg sjølv [ved] at du gjekk bort frå HERREN din Gud.</i> (Jer 2,17)
7.	קִנְהַחֲכָמָה מֵה-טוֹב מִחֲרוֹץ	<i>Å vinne visdom – kor mykje betre er det enn gull!</i> (Ordt 16,16)

Når verb som handlar om *måten* subjektet oppfører seg på, eller *tid* eller *stad*, har eit fritt adverbial i form av eit anna verb i infinitiv constructus, viser gjerne verbet i infinitiv constructus til ei handling som hovud verbet har i sikte, og beskriver nærmare når det gjeld måte, tid, stad e.l. I slike situasjonar er det ofte mest naturleg å omsette infinitiv constructus som hovud verbet på norsk og det andre verbet som eit adverbial (jf. *raskt, tidleg, seint* og *lang unna* i parentes nedanfor).

8.	מֵהֲרַתֵּן בֹּא הַיּוֹם	<i>De har hast med å komme i dag.</i> (= De kjem raskt i dag.) (2 Mos 2,18)
9.	שׂוֹא לָכֶם מִשְׁכְּבֵימִי קוֹם מֵאַחֲרֵי-שֵׁבֶת	<i>Det er fåfengt for dykk som er tidlege når det gjeld å stå opp, og som er seine med å sette seg ned.</i> (= Det er fåfengt for dykk som står opp tidleg og set dykk ned seint.) (Sal 127,2)
10.	אֶרְחִיק נָדָד	<i>Eg gjer meg langt borte i flukt.</i> (= Eg flyktar langt unna.) (Sal 55,8)

(2) *I ein verbfrase* kan infinitiv constructus, i tillegg til å vere hovudordet (sjå § 58 og pkt. b nedanfor), fungere som objekt (## 1 og 2) eller subjekt (# 3).

1.	לֹא תוֹסִיפוּ הֵבִיא מִנְחַת-שׂוֹא	<i>Dere må ikkje halde fram med å komme med unyttig gåve!</i> (Jes 1,13)
2.	לֹא יִדְעֵתִי דְבַר	<i>Eg kan ikkje (det å) tale.</i> (Jer 1,6)

3.	<p>וּכְבִּלוֹת נִפְץ יָד־ עַם־קֹדֶשׁ</p>	og når <i>knusinga</i> av det heilage folkets hand er komplett (= og når det heilage folkets hand er heilt knust) (Dan 12,7)
----	--	--

(3) **I ein nomenfrase** kan infinitiv constructus fungere som attributt (sjå § 56).

1.	עַת־בָּא	tid for å komme (Hag 1,2)
2.	רָנִי פִּלְט	gledesrop (?) over utfriing (Sal 32,7)

(4) **I ein preposisjonsfrase** kan infinitiv constructus fungere som ei utfylling (sjå § 57). Rundt 90 % av alle førekomstar av infinitiv constructus er som utfylling i ein preposisjonsfrase. Slike frasar fungerer vanlegvis som frie adverbial om tid (## 1–4, særleg med בָּ og בְּ), formål/resultat (## 5–7, vanlegvis med לְ; negativ siktemål/resultat med מִן, jf. # 7) eller årsak (## 8 og 9). Det infinitte verbet i desse frasane vil ofte måtte omsettast med eit finitt verb på norsk (sjå eksempla nedanfor). Frasar med infinitiv constructus av אָמַר etter preposisjonen לְ fungerer som adverbial om innhaldet i eller måten verbsituasjonen går føre seg (# 10).

1.	וּבְשֹׁכְבְּךָ וּבְקוּמְךָ	og når du <i>legg</i> deg, og når du <i>står opp</i> (5 Mos 6,7)
2.	כְּשָׁמַע גִּדְעוֹן אֶת־מִסְפֵּר הַחִלּוֹם וְאֶת־שִׁבְרוֹ	då Gideon <i>hørde</i> forteljinga om draumen og dens tyding (Dom 7,15)
3.	עַד־בְּאֵנָה בֵּית לָחֶם	heilt til <i>framkomsten</i> deira i Betlehem (= heilt til dei <i>kom fram</i> til Betlehem) (Rut 1,19)
4.	אַחֲרֵי שׁוּבִי	etter <i>at</i> eg hadde <i>vendt meg bort</i> (Jer 31,19)
5.	לְהִשְׁכִּילְךָ בִּינָה	for å <i>lære</i> deg innsikt (Dan 9,22)
6.	לְמַעַן דַּעַת צְדָקוֹת יְהוָה	så du <i>skjønner</i> HERRENS frelsesgjerningar (Mi 6,5)
7.	מִמְלֶךְ עָלֵיהֶם	frå å <i>vere konge</i> over dei (= så eg ikkje blir konge over dei) (1 Sam 8,7)
8.	מֵאַהֲבַת יְהוָה אֶתְכֶם וּמִשְׁמְרוֹ אֶת־הַשְּׁבָעָה אֲשֶׁר נִשְׁבַּע לְאַבְתִּיכֶם	fordi HERREN <i>elskar</i> dykk, og fordi han <i>held</i> løftet som han svor fedrane dykkar (5 Mos 7,8)
9.	בְּאַהֲבַת יְהוָה אֶת־יִשְׂרָאֵל לְעֹלָם	fordi HERREN <i>elskar</i> Israel for alltid (1 Kong 10,9)

10.	וַיִּקְרָא בְּאָזְנֵי קוֹל גְּדוֹל לְאֹמֶר קָרְבוּ	Og så ropte han i øyra mine med høg røyst og <i>sa</i> : Dei nærmar seg. (Esek 9,1)
-----	---	--

Ein preposisjonsfrase med infinitiv constructus som utfylling fungerer også gjerne som objekt (## 11 og 12), men også som apposisjon (# 13), subjekt (## 14 og 15), predikativ (# 16) eller fokusledd (# 17).

11.	וַיִּבְקֹשׁ לְהַרְגֵּ אֶת־מֹשֶׁה	Og så prøvde han å <i>drepe</i> Moses. (2 Mos 2,15)
12.	וְלֹא־יָכְלוּ לְעֲשׂוֹת־הַפֶּסַח בַּיּוֹם הַהוּא	Og dei klarte ikkje å <i>halde</i> påskefesten den dagen. (4 Mos 9,6)
13.	דְּבַר לְהָשִׁיב וּלְבַנּוֹת יְרוּשָׁלַם	ordet om å <i>gjenreise</i> og <i>bygge</i> Jerusalem (Dan 9,25)
14.	וְאִם רַע בְּעֵינֵיכֶם לְעַבְדֹּךָ אֶת־יְהוָה	Men dersom det er vondt i dykkar auge å <i>tene</i> HERREN, ... (Jos 24,15)
15.	לֹא הִיְתָה מִהַמֶּלֶךְ לְהַמִּית אֶת־אַבְנֵר	At <i>nokon drap</i> Abner, skjedde ikkje på grunn av kongen. (2 Sam 3,37)
16.	כִּי מִשְׁפָּטֵי לְאַסֹּף גּוֹיִם	For avgjerda mi er å <i>samle</i> folkeslag. (Sef 3,8)
17.	לְעֹת אָדָם בְּרִיבוֹ אֲדַנִּי לֹא רָאָה	Å undertrykke eit menneske i hans sak – ser ikkje Herren det? (Klag 3,36)

Preposisjonsfrasar med infinitiv constructus som utfylling kan også modifisere verb som handlar om *måten* subjektet oppfører seg på (# 18), *kor* det er (# 19) eller *når* det handlar (# 20). På same måte som ## 8–10 under pkt. 1 ovanfor er det oftast mest naturleg i slike tilfelle å omsette infinitiv constructus med eit finitt verb på norsk og hovud verbet frå den hebraiske setninga som eit adverb (*vanskeleg, djupt, nesten*).

18.	הַקְּשִׁית לְשֹׂאֵל	Du gjer det vanskeleg når det gjeld å <i>spørje</i> . = Du spør vanskeleg. (2 Kong 2,10)
19.	הַעֲמִיקוּ לְשֹׁבֵת	Gjer det djupt når det gjeld å <i>bu</i> ! = Bu djupt! (Jer 49,8)
20.	הַקְּרִיב לְבוֹא מִצְרֵימָה	Han gjorde det nært når det gjaldt å <i>komme</i> til Egypt. = Han var nesten kommen til Egypt. (1 Mos 12,11)

## b) Verbale trekk

Bruken av infinitiv constructus liknar bruken av finitte verbkonjugasjonar der den står som hovudordet i ein verbfrase, saman med eit pronomensuffiks, enkelte ord, frasar eller setningar som fungerer som objekt (# 1), bunde adverbial (# 2) eller objektspredikativ (# 3, sjå § 49 om forskjellige utfyllingar til verb og § 58 om verbfrasar).

1.	מְשַׁל בְּשָׂרִים	å herske <i>over fyrstar</i> [OBJEKT] (Ordt 19,10)
2.	וּבָא בְּשַׁעֲרֵי יְרוּשָׁלַם	og å komme inn <i>gjennom Jerusalems portar</i> [BUNDE ADVERBIAL] (Jer 17,27)
3.	שׁוּמֵי עֵגֹן לְבִשׁוֹ	at eg gjorde skyer til <i>kleda hans</i> [OBJEKTS-PREDIKATIV] (Job 38,9)

## § 42 Infinitiv absolutus

Bibelhebraiske verbformer som vanlegvis blir kalla for *infinitiv absolutus*, er få i tal (ca. 1 % av alle verbformer) og har som regel lite til felles med verbformer ein kallar for *infinitiv* på norsk. Mens norske infinitivformer ofte brukast på same måte som substantiv (jf. § 41 om infinitiv constructus), har former i infinitiv absolutus oftare ein adverbial karakter. Og der dei ikkje fungerer som adverb, ser dei ut til å kunne ha dei same funksjonane som dei andre konjugasjonane, særleg viljesformer (sjå §§ 39–41 og 43).

Verb i infinitiv absolutus har sjeldan preposisjon framfor og aldri pronomensuffiks bak. Som med infinitiv constructus er det heller ikkje her nokon samanheng mellom verb i infinitiv absolutus og nomen i status absolutus.

### a) Saman med eit verb av same rota – Forsterking

I litt over halvparten av alle førekomstane av infinitiv absolutus er den saman med eit anna verb av same rota, men ein annan konjugasjon. Det andre verbet kan vere framfor eller bak infinitiv absolutus, og viss det står noko mellom verba, er det vanlegvis berre éin partikkel.

Funksjonen til infinitiv absolutus er då å forsterke det andre verbet.<sup>110</sup> Språkbrukaren kan, for eksempel, framstille verbsituasjonen som *sikrare* ved hjelp av infinitiv absolutus. Er verbsituasjonen som det andre verbet viser til, på ein eller annan måte *avhengig* av noko anna (sjå, f.eks., § 39b2), kan denne nyansen understrekast av infinitiv absolutus. Eit tredje alternativ er at verbet i infinitiv absolutus forsterkar *måten* sjølve verbsituasjonen finn stad på.

Vanlegvis står begge verba i same stamme. Viss ikkje, står verbet i infinitiv absolutus som regel i *Qal* (jf. # 8 nedanfor), men andre stammekombinasjonar førekjem også (jf. # 7 nedanfor der verba i det andre paret står i *Hophal* [inf. abs.] og *Pual* [impf.]).

Infinitiv absolutus kan fungere som ei *stadfesting* (## 1 og 2). Forsterkinga kan også

<sup>110</sup> Før var det vanleg å tolke ein infinitiv absolutus som står *etter* det andre verbet av same rota, som eit uttrykk for at verbsituasjonen gjentek seg eller varer ved (sjå, f.eks., Birkeland, § 625). I denne grammatikken blir bruken av infinitiv absolutus forklart slik berre når den står saman med ein annan infinitiv absolutus, og minst éin av dei ikkje deler rot mot hovud verbet (sjå pkt. b nedanfor).

brukast for å understreke ein *kontrast* (## 3 og 4). I spørsmål vil infinitiv absolutus ofte framheva det *tvilsame* ved verbsituasjonen (## 5 og 6). Den kan også forsterka ei *nekting* (# 7) eller andre *modale* nyansar ved verbsituasjonen (## 8–12).

1.	בְּנֵה בְּנֵיתִי בַּיִת זָבֵל לָךְ	Sanneleg har eg bygd ein staseleg bustad for deg. (1 Kong 8,13)
2.	לֵךְ אֶמְרֵ-לוֹ חַיָּה תַחֲיָה	Gå, sei til han: Du kjem <i>heilt sikkert</i> til å leve! (2 Kong 8,10 <i>Kere</i> )
3.	וְהִרְאֵנִי יְהוָה בֵּי-מוֹת יָמוֹת	Men HERREN har latt meg sjå at han <i>heller/i staden for</i> kjem til å dø. (2 Kong 8,10)
4.	לֹא בֵּי-קִנְיָה אֶקְנֶה בְּכֶסֶף מָלֵא	Nei, eg vil <i>heller</i> kjøpe det til full pris. (1 Krøn 21,24)
5.	הֲקִצּוֹר קִצְרָה יָדֵי מַפְדּוֹת	Skulle handa mi vere for kort til å frie ut? (Jes 50,2)
6.	הֲמֵאִס מֵאִסְתָּ אֶת-יְהוּדָה	Har du <i>verkeleg</i> forkasta Juda? (= Du har <i>vel ikkje</i> forkasta Juda?) (Jer 14,19)
7.	לֹא-רָחַצְתָּ לְמַשְׁעֵי וְהִמְלַחְתָּ לֹא הִמְלַחְתָּ וְהַחֲתַלְתָּ לֹא חֲתַלְתָּ	Du vart ikkje vaska rein og <i>i alle fall</i> ikkje gnidd inn med salt eller sveipt. (Esek 16,4)
8.	כָּל-הַנִּגְעַבְהָר מוֹת יוֹמָת	Kvar den som rører ved fjellet, skal <i>absolutt</i> drepast! (2 Mos 19,12)
9.	מִכֹּל עֵץ-הַגֵּן אָכַל תֹּאכַל	Av kvart tre i hagen kan du <i>gjærne</i> ete! (1 Mos 2,16)
10.	הֲלֵךְ אִלַּי עִמָּךְ	Eg går <i>gjærne</i> med deg. (Dom 4,9)
11.	אִם-שָׁכַחְתָּ תִשְׁכַּח אֶת-יְהוָה אֱלֹהֶיךָ	Viss du <i>skulle komme til å</i> gløyme HERREN din Gud, ... (5 Mos 8,19)
12.	הִנֵּה-חִדָּשׁ מָחָר וְאַנְכִי יָשֵׁב- אֲשֵׁב עִם-הַמֶּלֶךְ לֶאֱכֹל	Sjå, det er nymåne i morgon, og eg er <i>strengt</i> pålagd å sitte hos kongen under måltidet. (1 Sam 20,5)

I nokre (få?) tilfelle har infinitiv absolutus som funksjon å vise ei forsterking i korleis sjølve verbsituasjonen går føre seg (## 13 og 14). Det er vanskeleg å avgjere når infinitiv absolutus har denne funksjonen.

13.	וְאַנִי-הוּא אֲשֶׁר-חָטְאֵתִי וְהָרַע הָרַעוֹתִי	Og eg er den som har synda og gjort <i>veldig</i> vondt. (1 Krøn 21,17)
14.	קוֹה קוִיתִי יְהוָה	Eg venta <i>med forventning</i> på HERREN. (Sal 40,2)

#### b) Saman med eit verb av ei anna rot – Adverbial

Når infinitiv absolutus ikkje høyrer saman med eit anna verb med same rota, kan den ha

ulike roller i setninga. Mens den berre sjeldan står som subjekt, subjektspredikativ eller objekt for eit anna verb, er det vanlegare å sjå den brukt som adverbial, eit ledd som nærmare bestemmer verbsituasjonen (sjå § 49b). Det handlar vanlegvis om å tydeleggjere måten den skjer på, eller andre forhold rundt den (## 1 og 2).

Dei fleste infinitivane absolutus som er brukt slik, er i *Hiphil*, og den vanlegaste er kanskje *הִיטֵב* *mykje* av verbet *רבה* å *vere mykje, mange, stor* (# 1). Andre eksempel er *הֵיטֵב* *godt* og *מָהֵר* *raskt* (som står i *Piel*).

Det er her, og når infinitiv absolutus brukast som erstatning for ei anna verbform, at den verbale karakteren kjem tydelegare fram, f.eks. ved å ta objekt (sjå # 3 nedanfor).

1.	אֲחָאֵב עֲבַד אֶת־הַבַּעַל מְעַט יְהוּא יַעֲבֹדֵנוּ הַרְבֵּה	Ahab dyrka Baal litt, Jehu vil dyrka han <i>mykje</i> . (2 Kong 10,18)
2.	מִבְּרֹךְ רֵעֵהוּ בְּקוֹל גְּדוֹל בְּבֹקֵר הַשָּׁמַיִם	Ein som velsignar sin neste med høg røyst <i>i det han står opp tidleg</i> om morgonen, ... (Ordt 27,14)
3.	דִּבְרוּ דְבָרִים אֲלוֹת שָׁוְא כָּרַת בְּרִית	Dei taler ord, <i>i det dei sver falskt mens dei inngår ei pakt</i> . (Hos 10,4)

Det skjer også at to forskjellige verb i infinitiv absolutus med konjunksjonen *וְ* mellom står saman med eit anna verb med same rota som berre den éine av infinitivane. Hovud verbet er vanlegvis eit bevegelsesverb, og infinitiven av same rota viser vanlegvis til vedvarande eller gjentakande bevegelse. Den andre infinitiven fungerer adverbialt slik som i ## 1–3 ovanfor.

4.	וַיֵּסַע אַבְרָם הַלּוֹךְ וְנֹסֵעַ הַנְּגֵבָה	Og Abram braut opp <i>gong på gong i det han fór</i> mot Negev. (1 Mos 12,9)
5.	וְהִמְאִסָּף הַלֵּךְ אַחֲרֵי הָאָרוֹן הַלּוֹךְ וְתִקּוֹעַ בְּשׁוֹפְרוֹת	Og baktroppen gjekk <i>heile tida</i> bak kista <i>i det dei blåste</i> i horna. (Jos 6,9)

### c) I staden for andre verbformer

Fleire gonger står eit verb i infinitiv absolutus der ein hadde venta ei anna verbform. Først i ei setning, som er vanlegast, fungerer den gjerne som ei befaling (## 1 og 2). Med konjunksjonen *וְ* framfor, er infinitiv absolutus ofte ei vidareføring av den førre verbforma (# 3). Utan *וְ* kan den stå for ei ny verbform i samanhengen (# 4). Mangelen på kjenneteikn som viser til aspekt, modalitet og person/kjønn/tal, aukar kanskje fokuset på sjølve verbsituasjon som infinitiv absolutus viser til. Denne enkle måten å vise til ein verbsituasjon på brukast også dramatisk som eit slags utrop eller i spørsmål som uttrykker harme (# 5). Mens slike infinitivar

absolutus gjerne kan ta objekt (# 2) eller adverbial (# 4), må subjekta for verbsituasjonane her underforståast frå samanhengen.

1.	הָלֹךְ וְאָמַרְתָּ אֶל־חִזְקִיָּהוּ	Gå og sei til Hiskia: ...! (Jes 38,5)
2.	כֹּה־אָמַר יְהוָה צְבָאוֹת אֱלֹהֵי יִשְׂרָאֵל לְקוֹחַ אֶת־הַסְּפָרִים הָאֵלֶּה	Så seier HERREN Sebaot, Israels Gud: Ta desse rullane! (Jer 32,14)
3.	וְכָל־יִשְׂרָאֵל עָבְרוּ אֶת־תּוֹרַתְךָ וְסוּר (Perf.) (Perf. ≈)	Og heile Israel braut di lov og vende seg bort. (Dan 9,11)
4.	וַיֹּאמֶר מֶלֶךְ יִשְׂרָאֵל אֶל־יְהוֹשָׁפָט הַתְּחַפֵּשׂ וְבָא (Koh.? ≈) בַּמִּלְחָמָה	Og så sa Israels-kongen til Josjafat: Eg vil kle meg ut og gå i striden. (1 Kong 22,30)
5.	הַגְּנֹב רֵצַח וְנֹאֵף וְהַשְּׂבֵעַ לְשֹׁקֵר וְקִטֵּר לְבַעַל וְהֹלֵךְ אַחֲרֵי אֱלֹהִים אֲחֵרִים	Stel de, slår i hel og bryt ekteskapet og sver falskt og tenner offereld for Baal og går etter andre gudar ...? (Jer 7,9)

## § 43 Partisipp

På same måte som infinitiv constructus er ei substantivisk verbform, er partisipp det bibelhebraiske verbsystemets adjektiviske konjugasjon. Det er fordi partisipp i utgangspunktet brukast for å beskrive noko, vanlegvis enten kjernen i ein nomenfrase (sjå § 56a og pkt. a nedanfor) eller subjektet i ei setning (sjå § 59b1 og pkt. b nedanfor). Til forskjell frå infinitiv constructus, blir partisippformer bøygd. Dei blir likevel ikkje bøygd som dei andre verbformene, men som nomen (sjå § 22c). Bøyinga er som regel i samsvar med det ordet som partisippet beskriv.

Både på norsk og bibelhebraisk blir partisipp brukt for å beskrive nokon eller noko i forhold til ein verbsituasjon. Det kan vere den som erfarer ein tilstand eller aktivt utfører ei handling: *den levande Gud, ein flygande seraf*. Eller det kan vere den som passivt blir ramma av eller produsert av ei handling: *De er velsigna, Muren var bygd*. Bibelhebraisk har i tillegg partisippformer som brukast for å beskrive den som har ein funksjon i forhold til verbhandlinga som kombinerer det aktive og det passive (sjå § 38 om *diatese*). Dette heng vanlegvis saman med kva for verbstamme partisippet står i. *Qal* er den einaste stamma med både ei aktiv (קִטֵּל) og ei passiv (קִטּוּל) partisippform.

Verbsituasjonen som partisippet refererer til, er ikkje avgrensa til ei bestemt tid. Det vil seie at den kan skje både før, samtidig som og etter ytringsaugeblikket. Partisipp kan også brukast med fleire modale nyansar, f.eks. både om verbsituasjonar som faktisk skjer, men også om det som *kan* skje eller *må* skje.

Samtidig som partisipp har ein nominal form og funksjon, har dei også verbale trekk.<sup>111</sup>

<sup>111</sup> Derav namnet *partisipp*, for slike ord "partisiperer" eller deltek i to ordklasser – både nomen og verb.

I tillegg til at partisipp i dei fleste verbstammene har ei form som liknar andre konjugasjonar i den same stamma (jf. *Hiphil* imperfektum יִקְטִיל og *Hiphil* partisipp מִקְטִיל), fungerer mange partisipp som kjerne i ein verbfrase (sjå § 58). I slike tilfelle har partisippet vanlegvis med seg eit objekt og/eller adverbial, enten som pronomensuffiks eller åtskilde ord. Som kjerne i ein verbrase står partisipp av og til i status absolutus og av og til i status constructus.

Når eit partisipp ikkje har ein adjektivisk funksjon, fungerer det som regel substantivisk. I staden for å beskrive noko, nemner det noko. Men til forskjell frå infinitiv constructus, ei substantivisk form av verbet som nemner sjølvve verbsituasjonen, kan partisipp brukast for å nemne noko eller nokon som er involvert i verbsituasjonen (sjå pkt. c nedanfor).

Nektingsordet som oftast brukast med partisipp, er אֵין (som regel skrivne אֵין, sjå § 55d).

#### a) Som adjektivisk attributt i ein nomenfrase

Når eit partisipp er brukt som eit adjektivisk attributt til ein nominal kjerne, står det etter kjernen og er samsvarbøygde med den i kjønn, tal og binding (sjå § 56a2). På norsk kan slike partisipp omsettast både som partisipp (## 2 og 3), adjektiv (# 1) og relativsetningar (# 4).

1.	וּבְזֹרַע נְטוּיָה	og med <i>strak</i> arm (5 Mos 4,34)
2.	שְׂקוּץ שִׁמְמָה	ein <i>øydeleggende</i> styggedom (Dan 12,11)
3.	בְּגָדִים חֲבָלִים	<i>pantsette</i> klede (Am 2,8)
4.	הַמְשֻׁפָּחוֹת הַנְּשֹׂאֲרוֹת	slektene <i>som er igjen</i> (Sak 12,14)

#### b) Som adjektivisk predikativ i ei setning eller verbfrase

Eit adjektivisk predikativ beskriv som regel subjektet i setninga og kallast i så fall for eit *subjektpredikativ*. Det finst også *objektpredikativ*, som beskriv eit objekt innanfor ein verbfrase, men dei er sjeldne. Når eit partisipp blir brukt som adjektivisk predikativ, er det også samsvarbøygde, men berre i kjønn og tal (sjå § 50 om samsvarbøying av adjektiviske ord). Det vil i praksis seie at det aldri får bunden artikkel. Som predikativ, kan eit partisipp stå før eller etter det som blir beskrive.

1.	וְנִחַמְדָּה עָלָיו לְהַשְׁבִּיל	Og treet var <i>tillokkande</i> , sidan det kunne gi innsikt. (1 Mos 3,6)
2.	וְהָעֲרָבִים מִבְּיָאִים לוֹ לֶחֶם וּבֶשֶׂר בַּבֹּקֶר	Og ramnane <i>tok med</i> til han brød og kjøt om morgonen. (1 Kong 17,6)

Sidan andre verbkonjugasjonar også brukast som hovudordet i predikatet, kan ein spørje kva som skil bruken av partisipp frå bruken av perfektum eller ei anna finitt form. Kva er altså forskjellen mellom setningane i ## 3–5?



3.	(Perf.) בָּאתִי	Eg kjem ... (Eg har kome ...) (4 Mos 22,38)
4.	(Impf.) אָבוֹא	Eg kjem ... (2 Mos 20,24)
5.	(Part.) אֲנֹכִי בָא	Eg kjem ... (2 Mos 19,9)

Av desse tre er det imperfektum og partisipp som har mest til felles når det gjeld funksjon. Perfektum framstiller helst heile verbsituasjonen i eitt, gjerne som ei hending (sjå § 39a). Her i 4 Mos 22,38 er det eigentleg kanskje mest naturleg å omsette det med perfektum på norsk fordi verbsituasjonen fører til ein varig tilstand *Eg har kome* ... Imperfektum, derimot, brukast der verbsituasjonen skal framstillast som ein prosess, noko som skjer over tid eller er sett saman av fleire delar (sjå § 39b1).

Som eit adjektivisk ord, er partisipp helst brukt for å uttrykke ein eigenskap ved subjektet som varer over tid. Eigenskapen kan vere at det er midt i ei bestemt handling, og handlinga kan vare ganske kort. Dette gjer likevel at bruken av partisipp og bruken av imperfektum liknar mest og ser ut til å overlappe noko, f.eks. i 1 Sam 2,8:

6.	[יְהוָה] מְקִים (Part.) מַעֲפֵר דָּל מְאַשְׁפֵּת יְרִים (Impf.) אֲבִיוֹן	[HERREN] <i>reiser</i> den svake opp av støvet, frå dungen <i>løfter</i> han den fattige. (1 Sam 2,8)
----	---	---

Det som skil bruken av partisipp frå bruken av imperfektum, er at predikative partisipp i utgangspunktet brukast om tilstandar som varer ved, ikkje prosessar som utviklar seg over tid. Dette gjer at partisipp passar særleg godt med (1) forholda, faktorane eller faktaa rundt, ev. årsakene til hovudverbsituasjonen, og (2) verbsituasjonar som er i gang.

Eksempel på partisipp brukt om bakgrunns-/tilleggsinformasjon, ev. årsaka bak hovudverbsituasjonen:

7.	כִּי בּוֹכִים כָּל־הָעָם כְּשִׁמְעֵם אֶת־דְּבָרֵי הַתּוֹרָה	(Esra ... og levittane ... sa då til folkemengda: ... De skal ikkje sørge og ikkje gråte!) For heile folket <i>gret</i> då dei høyrde orda i lova. (Neh 8,9)
8.	תּוֹרַת יְהוָה תְּמִימָה מְשִׁיבַת נֶפֶשׁ	HERRENS lov er fullkomen, ho <i>fornyar</i> livet. (Sal 19,8)
9.	וְהֵייתֶם כְּאֱלֹהִים יֹדְעֵי טוֹב וָרָע	Og så blir de som Gud, <i>i det de kjenner</i> godt og vondt. (1 Mos 3,5)
10.	וְגַם אָרוֹתֶיהָ כִּי אֵינְכֶם שָׂמִים עַל־לֵב	Og sanneleg, eg har forbanna henne fordi de ikkje <i>legg</i> [det] på hjartet. (Mal 2,2)

Eksempel på partisipp om verbsituasjonar som er i gang, konstant eller repetitivt, over kort eller lang tid, og ting som skal til å skje:

11.	וְהִנְנִי מְקַשְׁשֵׁת שְׁנַיִם עֵצִים	Og no går eg <i>her og sankar</i> eit par vedpinnar. (1 Kong 17,12)
12.	וַיְהִיוּ מִלְעָבִים בְּמִלְאָכֵי הָאֱלֹהִים וּבֹזִים דְּבָרָיו וּמַתְעַתְעִים בְּנַבְאָיו	Men <i>gang på gang</i> hånte dei Guds sendebod og <i>spotta</i> orda hans og <i>heldt</i> profetane hans <i>for narr</i> . (2 Krøn 36,16)
13.	כִּי־יֹדַעַ יְהוָה דְּרֹךְ צַדִּיקִים	For HERREN <i>kjenner</i> dei rettferdiges veg. (Sal 1,6)
14.	וְעַתָּה אֹדִיעֶה־נָּא אֶתְכֶם אֵת אֲשֶׁר־אֲנִי עֹשֶׂה לְכַרְמִי	Og no skal eg seie dykk kva eg <i>kjem til å gjere</i> med vingarden min. (Jes 5,5)
15.	הִנְנִי מְבִיא אוֹתָם מֵאֶרֶץ צָפוֹן	Sjå, eg <i>fører</i> dei <i>hit</i> frå landet i nord. (Jer 31,8)

Som objektspredikativ (sjå § 49c):

16.	וְגַם־אֲנִי נֹתֵתִי אֶתְכֶם נְבִזִים	Så derfor gjer eg dykk <i>forakta</i> . (Mal 2,9)
-----	--------------------------------------	---

### c) Som substantivisk ord

Når eit partisipp ikkje blir brukt for å beskrive noko(n), kan det brukast for å *nemne* noko eller nokon. Dette er ein substantivisk funksjon. Etter ein preposisjon eller eit nomen i status constructus fungerer partisipp som substantiv (jf. ## 1 og 3 nedanfor). Det er elles samanhengen som hjelper lesaren å sjå når eit partisipp brukast substantivisk.

Men når infinitiv constructus også har ein substantivisk funksjon (sjå § 41), kva blir då forskjellen mellom den substantiviske bruken av partisipp og bruken av infinitiv constructus? Mens infinitiv constructus nemner sjølve verbhandlinga eller -tilstanden – *laging / det å lage / det at [nokon] lagar*, nemner eit substantivert partisipp ein eller fleire av dei involverte partane i ein verbsituasjon. Det kan vere den som utfører eller opplever den – *ein/fleire lagande / ein/fleire som lagar*, eller det kan vere det som blir ramma eller produsert av den – *noko som er laga*.

På norsk kan ein også bruke partisipp for å nemne dei som deltek i ein verbsituasjon, f.eks. *dei fødande, dei etterlatne*. Ein vil likevel som regel ikkje omsette substantiviske partisipp med partisipp på norsk (jf. #1 nedanfor), men heller med andre substantiv (## 2, 3 og 6) eller pronomen etterfølgt av ei som-setning (## 4, 5 og 7).

1.	כְּחֹלְמִים	som <i>drøymande</i> (Sal 126,1)
2.	רְעֵי	gjetarane mine (Esek 34,8)
3.	עֵדַת מְרַעִים	ein flokk av <i>valdsmenn</i> (Sal 22,17)

4.	יְהוָה אֱלֹהֶיךָ הַמוֹצִיאֲךָ מֵאֶרֶץ מִצְרַיִם	HERREN din Gud, <i>den som førte</i> deg ut frå Egypt (5 Mos 8,14)
5.	וְאַשְׁמַע אֶת מִדְבָּר	Og så hørde eg <i>ein som talte</i> . (Esek 2,2)
6.	הַשֹּׁפֵט כָּל־הָאָרֶץ לֹא יַעֲשֶׂה מִשְׁפָּט	Skulle ikkje <i>dommaren</i> over heile jorda gjera det som rett er? (1 Mos 18,25)
7.	עֵינֵיכֶם הִרְאִיתָ אֶת אֲשֶׁר־עָשָׂה יְהוָה בְּבַעַל פְּעוֹר	Auga dykkar er <i>dei som har sett</i> kva HERREN gjorde ved Baal-Peor. (5 Mos 4,3)

Eit substantivert partisipp kan ha dei same funksjonane i frasen/setninga som andre substantiviske ord (f.eks. utfylling i ein preposisjonsfrase [# 1], kjerne i ein nomenfrase [# 2], attributt i ein nomenfrase [# 3], apposisjon i ein nomenfrase [# 4], objekt i ein verbfrase [# 5], subjekt i ei setning [# 6] og predikativ i ei setning [# 7]). Det betyr at partisipp også kan fungere som substantiviske predikativ (jf. pkt. b ovanfor). Men mens eit adjektivisk predikativ ikkje har bunden artikkel og brukast for å *beskrive* noko, f.eks. subjektet, kan eit partisipp som fungerer som eit substantivisk predikativ ha bunden artikkel og som regel brukast for å *identifisere* noko (sjå § 59 om predikativ). Partisippet i # 8 nedanfor er eit adjektivisk predikativ (jf. # 5 frå pkt. b ovanfor) som fortel om ein "eigenskap" ved subjektet – at det er på veg. Partisippet i # 9, derimot, er eit substantivisk predikativ fordi det fortel kven eller kva subjektet er.

8.	אֲנֹכִי בָּא אֵלֶיךָ בְּעַב הָעָנָן	Eg <i>kjem</i> ( <i>er på veg</i> ) til deg i ei tett sky. (2 Mos 19,9)
9.	אֲנֹכִי הַבָּא מִן־הַמַּעְרָבָה	Eg er <i>den som kjem</i> frå slaget. (1 Sam 4,16)

## Andre bøyingskategoriar og nominale funksjonar, § 44–52

### § 44 Kjønn

På norsk er det berre nomen som har eller blir bøygd i kjønnt. På bibelhebraisk er kjønnt ein bøyingskategori som angår både verb og nomen (sjå §§ 16–37). Sjølv om kjønnt kan vere viktig for *betydninga* det tilfører eit ord, har det sin største verdi som ei hjelp til å knyte forskjellige ord saman innanfor frasar, setningar og større tekstbolkar. Dette skjer gjennom det som heiter samsvarsbøying eller kongruens. I tillegg til kjønnt, kan dette også omfatte tal, binding og person (sjå avsnitt c nedanfor).

#### a) Betydningar knytt til f-mønstra

Når ein ser på orda som blir bøygd etter f-mønstra, er det visse betydningsselement som går igjen i ein del av dei. Det er, for eksempel, mange abstrakte begrep med f-endingar (## 1–3). Ein finn også ein del kollektiv, dvs. ord som i eintal viser til eit mangfald (## 4 og 5).

1.	רָעָה	vondskap
2.	חַטָּאת	synd
3.	חֵכְמָה	visdom
4.	מוֹלָדֵת	avkom
5.	דָּגָה	fisk (jf. דָּג <i>ein fisk</i> )

Endingane frå f-mønstra vart også brukt for å danne substantiv som viste til menneske og dyr med biologisk hokjønn (## 6–9). Men ein kan også finne ord for menneske og dyr der endinga frå f-mønsteret ikkje viser til biologisk hokjønn (# 10), til og med hankjønnssubstantiv med ei ending frå f-mønsteret (# 11).

6.	בַּת	dotter (jf. בֵּן <i>son</i> )
7.	אָחוֹת	søster (jf. אָב <i>bror</i> )
8.	נַעֲרָה	jente, ung kvinne (jf. נֶעֶר <i>gutt, ung mann</i> )
9.	פָּרָה	ku (jf. פֶּר <i>okse</i> )
10.	קָאָת	pelikan (ikkje berre <i>ho-pelikan</i> )
11.	קִהְלֵת	Forkynnaren (jf. הָיָה קִהְלֵת חָכֵם <i>Forkynnaren var vis</i> , der adjektivet חָכֵם, som beskriv קִהְלֵת, er bøygd etter m-mønsteret [Fork 12,9])

Det er også eksempel på ordpar som har tilnærma lik betydning, men ulike bøyingsmønster. Av og til ser det ut til at forskjellen går på om orda er brukt i prosa eller poesi. Dette gjeld, f.eks., צִדְקָה og צִדְקָה (# 12).

	m-mønster	f-mønster	
12.	צִדְקָה	צִדְקָה	rettferd
13.	חֻק	חֻקָּה	lov, regel

## b) Hokjønnsord utan f-mønsterendingane

Dei fleste substantiv som er bøygd etter eit f-mønster, får adjektiviske attributt (sjå § 56a2) og adjektiviske predikativ (sjå § 59) som også er bøygd etter eit f-mønster, f.eks. בְּרִיתְּהָּ *ei ny pakt* (Jer 31,31) og נְאוּהָ תְּהִלָּהָ *Lovsong er veleigna*. Dette er eit eksempel på samsvarsbøying. Men det finst i tillegg fleire substantiv som ikkje, eller berre delvis, blir bøygd etter eit f-mønster, men som likevel blir beskrive med adjektiv bøygd etter eit f-mønster, f.eks. וְהַטְּלָאֵת הַקְּרָנִים גְּבוּהוֹת *dei flekkete og spraglete geitene* (1 Mos 30,35) og *Og begge horna var lange* (Dan 8,3). På grunn av dette, seier ein at også slike substantiv har grammatisk hokjønn.

Bortsett frå ord for levande vesen med biologisk hokjønn (# 1), er det ikkje lett å seie kvifor visse substantiv er hokjønn utan ei f-ending. Kva for betydningsområde som blir lagt fram som felles for slike ord, varierer. Kroppsdelar er éi gruppe (## 2–4), stader ei anna (## 5 og 6).

1.	אֵם	mor
2.	יָד	hand
3.	עֵין	auge
4.	כַּנָּף	vinge
5.	אֶרֶץ	land, jord
6.	עִיר	by

## c) Samsvarsbøying og kjønn

Hovudregelen i bibelhebraisk er at det er same kjønn hos eit subjekt og eit verbalt eller adjektivisk predikativ (sjå § 59), hos ein nominal kjerne og eit adjektivisk attributt (sjå § 56a2), og hos eit substantivisk ord og pronomenet som viser til det (sjå § 52). Når det gjeld samsvarsbøying og talord, sjå § 51. Det skjer likevel at samsvar manglar, eller at det manglar ein basis å bøye i samsvar med.

Manglande samsvar oppstår i ulike situasjonar. Samsvar kan mangle når eit predikativ, attributt eller pronomen skal samsvare med to eller fleire alternativ med ulikt kjønn. I slike tilfelle står ordet vanlegvis i hankjønn (# 1). Når verbet står framfor eit subjekt med grammatisk hokjønn, skjer det at samsvar manglar ved at verbet er bøygd i hankjønn (# 2). Pronomensuffixs i hankjønn viser ofte tilbake til nomen i hokjønn (# 3).

1.	אִישׁ (m.) אוֹ-אִשָּׁה (f.) אֲשֶׁר יַעֲשֶׂה אֶת-הָרֶע בְּעֵינֵי יְהוָה-אֱלֹהֶיךָ (m.)	ein mann eller ei kvinne som gjer det som vondt er i HERREN din Guds auge (5 Mos 17,2)
----	--	--

2.	יָשׁוּב (m.) מְחַשְׁבָּתוֹ (f.) הָרָעָה אֲשֶׁר־חָשַׁב עַל־הַיְהוּדִים עַל־ רֹאשׁוֹ	Dei vonde planane hans som han hadde lagt mot jødane, skulle komme tilbake på hans eige hovud. (Est 9,25)
3.	רַבּוֹת רָעוֹת (f.) צְדִיק וּמַכְלֵם יִצְיָלְנוּ יְהוָה (m.)	Mange er ulukkene til ein rettferdig, men frå dei alle friar HERREN han ut. (Sal 34,20)

Når det som subjektet eller pronomenet viser til, ikkje så lett kan uttrykkast gjennom eit nomen med tydeleg kjønn, står det ofte i hokjønn. Dette er tilfelle når det er ein *situasjon* som er subjektet for verbet, eller det som pronomenet refererer til (## 4 og 5).

4.	לֹא תִקּוּם (f.) וְלֹא תִהְיֶה (f.)	<i>Det</i> [Arams og Efraims planar om å ta Juda] skal ikkje bli ståande, og <i>det</i> skal ikkje skje. (Jes 7,7)
5.	כִּי עָשִׂיתָ זֹאת (f.) אָרוּר אֶתְהָ מִכָּל־הַבְּהֵמָה	Fordi du gjorde <i>dette</i> , er du forbanna framfor alt fe. (1 Mos 3,14)

## § 45 Tal

Bibelhebraisk språk opererer med tre grammatiske tal. I tillegg til eintal (singularis) og fleirtal (pluralis), som er dei einaste som brukast på norsk, blir visse hebraiske ord også bøygd i total (dualis, sjå § 28 for formene).

Bruken av desse talkategoriane er ikkje alltid i samsvar med det "eigentlege" talet på det som ordet viser til. Slik er det heller ikkje på norsk, jf. det grammatiske talet på ordet *mann* (singularis) i frasen *ti tusen mann*. Eit anna eksempel frå norsk er *pengar*. Dette ordet står i grammatisk fleirtal, men det heiter kanskje oftare *meir pengar*, som om det var eit masseord i eintal (jf. *meir mjølk*), enn *fleire pengar*? Om eit ord står i eintal, total eller fleirtal, er likevel mest avhengig av kor mange ting ordet viser til.

Når det gjeld å omtale kvantiteten til forskjellige nomen, er det vanleg å skjelne mellom ting som ein kan telje (*eit hovud*), ting som består av fleire individ som høyrer saman eller eit kollektiv (*ein flokk*), og ting som består av ei einsarta mengd eller ein masse (*gull*).

### a) Eintal (singularis)

Med ting som kan teljast, viser eintalsforma vanlegvis til éin ting (# 1). Kollektiv i eintal viser derimot til fleire ting og tar derfor ofte verb i fleirtal. Enkelte ord er vanlegvis uttrykk for eit kollektiv, f.eks. orda i # 2. Men også ord som oftast blir brukt om individuelle ting, kan av og til vise til eit kollektiv (# 3).

1.	אִישׁ טָמֵא־שִׁפְתָיִם אָנֹכִי	Eg er <i>ein mann</i> med ureine lepper. (Jes 6,5)
----	--------------------------------	--

2.	נַעֲשֶׂה אָדָם בְּצַלְמֵנוּ כְּדְמוּתֵנוּ וְיֵרְדוּ בְדִגְתַּת הַיָּם וּבְעוֹף הַשָּׁמַיִם וּבְבְהֵמָה וּבְכָל־הָאָרֶץ וּבְכָל־ הָרֶמֶשׂ הָרֹמֵשׂ עַל־הָאָרֶץ	Lat oss laga <i>menneske</i> i vårt bilde, etter vår likning! Og dei skal råda over havets <i>fiskar</i> og over himmelens <i>fuglar</i> og over <i>feet</i> og over heile jorda og over alt <i>kryp</i> som kryp på jorda. (1 Mos 1,26)
3.	וְעַתָּה יוֹשְׁבֵי יְרוּשָׁלַם וְאִישׁ יְהוּדָה שִׁפְטוּ־נָא בֵּינִי וּבֵין כְּרָמִי	Og no, <i>de som bur</i> i Jerusalem, og <i>de menneske</i> i Juda: Døm mellom meg og vingarden min! (Jes 5,3)

Ofte kan eit ord i eintal vise til ein heil art, kategori eller ei gruppe av ting. Dette ser ein ofte i opptellingar (# 4) og nemningar for folkeslag (# 5), men også elles.

4.	עֶשְׂרִים־לֶחֶם	tjue brød (2 Kong 4,42)
5.	אֶל־אֶרֶץ הַכְּנַעֲנִי וְהַחִתִּי וְהָאֱמֹרִי וְהַפְּרִזִּי וְהַחִוִּי וְהִיבּוֹסִי	til landet til <i>kanaanearane</i> og <i>hetittane</i> og <i>amorittane</i> og <i>perisittane</i> og <i>hevittane</i> og <i>jebusittane</i> (2 Mos 3,17)

Når eit nomen i eintal står to gonger på rad (med eller utan konjunksjon eller preposisjon mellom), er det ofte for å vise at noko fordeler seg over eller gjeld kvart tilfelle i ei gruppe (## 6 og 7). Meininga kan også vera å framheva noko (# 8) eller vise til forskjellige individ av same art, gruppe eller kategori (# 9).

6.	וְאֶהְיֶה שֹׁשְׁעִים יוֹם יוֹם	Eg var ei kjelde til glede <i> kvar dag</i> . (Ordt 8,30)
7.	הֲאִפְסֵ לְנֶצַח חֶסְדּוֹ גָּמַר אָמַר לְדֹר וָדֹר	Er hans miskunn slutt for evig, ordet hans borte for <i>alle</i> <i>slekter</i> ? (Sal 77,9)
8.	כִּי עֵין בְּעֵין יִרְאוּ בְּשׁוּב יְהוָה צִיּוֹן	For <i>med eigne auge</i> ser dei at HERREN vender attende til Sion. (Jes 52,8)
9.	הֲנִי שֹׁפֵט בֵּין־שָׂה לְשָׂה	Sjå, eg dømmer mellom <i>ulike typar sauer</i> . (Esek 34,17)

## b) Total (dualis)

På bibelhebraisk er det berre substantiv som blir bøygd i total. Adjektiv, pronomen og verb står enten i eintal eller fleirtal. Substantiv står i total som regel når dei viser til to ting eller eit par. Dei fleste tilfelle gjeld kroppsdelar på menneske eller dyr som førekjem parvis (## 1–3). Men også andre substantiv står av og til i total (# 4).

1.	עֵינַיִם	to auge
2.	יָדַיִם	to hender
3.	שִׁפְתַיִם	to lepper
4.	נַעֲלָיִם	eit par sandalar

Ord som opphavleg viste til to ting, står gjerne framleis i total også når dei seinare er brukt med ei betydning som gjer det unaturleg å tenkje på to ting (# 5). Også ord som viser til éin ting, men som likevel er sett saman av to delar, kan stå i total (# 6).

5.	רַחוּם וְחַנוּן יְהוָה אֶרֶץ אֲפִים וְרַב־חֶסֶד	Mild og nådig er HERREN, sein til <i>vreide</i> (opph.: <i>eit par naseborer</i> ) og rik på miskunn. (Sal 103,8)
6.	מְלָקָחַיִם	ei tong

Totalsbøyinga heng ofte igjen når eit typisk parord viser til fleire enn to ting og eigentleg kunne stått i fleirtal (# 6).

5.	שֵׁשׁ כְּנָפַיִם	seks <i>venger</i> (Jes 6,2)
----	------------------	------------------------------

Bakgrunnen for bruken av totalsforma på enkelte nomen er ikkje alltid kjent. Dette gjeld, f.eks., עֲרֵבַיִם (total av ordet עָרַב *kveld*) i frasen בֵּין הָעֲרֵבַיִם *i skumringa*. Ein del stadnamn har elles ei totalsform: יְרוּשָׁלַיִם (*Kere*-forma, sjå § 3g) *Jerusalem*, מִצְרַיִם *Egypt*, אֶפְרַיִם *Efraim*, utan at ein heilt kan vite kvifor.

Det som ser ut som totalsendingar på orda מַיִם *vatn* og שָׁמַיִם *himmel*, er nok heller fleirtalsendingar på ord som i eintal ville heitt noko slik som מַי\* og שָׁמַי\*.

### c) Fleirtal (pluralis)

Ord kan stå i fleirtal på bibelhebraisk når det er snakk om fleire ting, abstrakte ting eller ting med ein viss størrelse – bokstaveleg eller overført.

Når eit substantiv som viser til noko som kan teljast, står i fleirtal, er det som regel fordi det er fleire ting (# 1). Fleirtalsforma brukast også når ei einsarta mengd på ein eller annan måte blir delt opp i mindre einingar (## 2 og 3). Dette ser ut til å gjelde også abstrakte omgrep som vanlegvis står i eintal, men i fleirtal *kan* vise til konkrete eksempel eller uttrykk (# 4).

1.	בְּנֵי יִשְׂרָאֵל	israelittane
----	-------------------	--------------



2.	דָּמִים	spilt menneskeblod (av דָּם <i>blod</i> )
3.	עֲצִים	(fleire) vedstykke (av עֵץ <i>tre, ved</i> )
4.	חֲסֵדֵי יְהוָה עוֹלָם אֲשִׁירָה	Om HERRENS <i>miskunnsgjeringar</i> vil eg alltid synge! (Sal 89,2)

Visse abstrakte eigenskapar (## 4 og 5), tilstandar (# 6) og handlingar (## 7 og 8) står som regel i fleirtal. Dette kan komme av at dei viser seg i fleire konkrete utslag eller varer over tid.

4.	שְׂשׂוּעִים	fryd, glede
5.	מִישָׁרִים	rettvise
6.	נְעוּרִים	ungdom
7.	תְּחִנוּנוֹת / תְּחִנוּנִים	det å be om nåde
8.	תְּלֻנוֹת	det å murre, klage

Ein del ord står i fleirtal på grunn av størrelsen. Det kan vere at dei heilt konkret strekker seg ut i rom (## 9 og 10). Men størrelsen kan også vere overført og handle om posisjonen ein person har (jf. norsk *stormann*). Fleirtalsformer brukast på denne måten om menneske (# 11). Men ein ser det oftare i bruk med ord som viser til Gud, både vanlege substantiv<sup>112</sup> (# 12) og substantivert partisipp (# 13).

9.	פָּנִים	framsida, overflate, ansikt
10.	שָׁמַיִם	himmel
11.	וַיִּקַּח אֲדֹנָי יוֹסֵף אֹתוֹ וַיִּתְּנֵהוּ אֶל-בַּיִת הַסֵּהַר	<i>Herren</i> til Josef tok han og sette han i fengselet. (1 Mos 39,20)
12.	אֱלֹהִים <sup>113</sup>	Gud

<sup>112</sup> Substantivet אֲדֹנָי ser også ut til å vere bøygd i fleirtal med eit pronomensuffiks i 1. pers. sing.: *min Herre / mine Herrar*. Men det er brukt når talarane er i fleirtal (og helst skulle ha sagt "*vår Herre*") og av Gud sjølv, og språklege funn frå ugaritisk talar for å tolke suffikset på dette ordet som eit superlativt element (*Herren over alt*) og ikkje eit uttrykk for fleirtal (sjå Waltke-O'Connor § 7.4.3e–f).

<sup>113</sup> Ordet אֱלֹהִים kan jo også vise til eit fleirtal av *gudar*. Forskjellen ser ein ved hjelp av samanhengen og/eller eit samsvarsbøygte adjektiv, pronomen eller verb i fleirtal, f.eks. i frasen אֱלֹהִים אֲחֵרִים *andre gudar*.

13.	כִּי בְעֵלְיָדָי עָשִׂיךָ יְהוָה צְבָאוֹת שְׁמוֹ	For <i>ektemannen din</i> er <i>han</i> som laga deg, HERREN Sebaot er namnet hans. (Jes 54,5)
-----	---	--

## § 46 Binding

På både norsk og bibelhebraisk er det ein bøyingskategori for nominale ord (substantiv, adjektiv, pronomen) som heiter binding (bm: bestemthet). Ord har altså ubunden eller bunden *form*, basert på korleis dei ser ut (sjå §§ 28 og 29 for formene).

Adjektiv på norsk får bunden form m.a. når dei står som attributt til ord med bunden form i ein nomenfrase: *den store* [bunden form] *forsamlinga* [bunden form] (sjå § 50 om samsvarsbøying og adjektiv). Adjektiv har også bunden form ein del gonger når dei står som attributt til ord med *ubunden* form: *di store* [bunden form] *miskunn* [ubunden form]. Kvifor har adjektivet *stor* lik bøying i desse to frasane når substantiva *forsamling* og *miskunn* er bøygd ulikt? Sjølv om substantiva i desse frasane er bøygd forskjellig, har dei likevel det til felles at dei viser til unike og kjente ting. Dei er begge to bundne når det gjeld *referansen* (= det dei viser til), men berre det eine er bunde i *form*. Denne paragrafen handlar både om bruken av bundne og ubundne *former*, og om ord med bunde *innhald* (referanse) uavhengig av form.

Mens substantiv med bunde innhald viser til unike og kjente ting, viser substantiv med ubunde innhald til uspesifiserte og ukjente medlemmer av ei gruppe eller kategori (*ein konge / kongar*) eller til heile kategorien (*konge*). Med slike ord, er det gruppa eller kategorien som blir omtalt tydelegast, og ikkje dei enkelte medlemmene. Mellom desse to innhaldskategoriane, bunde og ubunde, er det eit tredje alternativ: substantiv som viser til unike, men likevel ukjente ting, f.eks. *Ein dag sa Jonatan til våpenberaren sin ...* Her er det snakk om ein spesifikk, men likevel ukjend, dag. Slike ord har verken ubunde eller bunde, men *determinert* innhald og har vanlegvis ubunden *form* på både norsk og bibelhebraisk.<sup>114</sup>

### a) Ord med bunde innhald

Ord som viser til eit kva som helst eksemplar av noko eller ei heil gruppe ting, har ubunde innhald. Slike ord er ofte umarkert på norsk eller markert med ubunden artikkel: (*ein*) mann, (*ei*) kvinne, (*eit*) menneske. Ord med ubunde innhald på bibelhebraisk er vanlegvis umarkert, og det er opp til omsettaren å vurdere om artikkelen trengst på norsk eller ikkje.<sup>115</sup>

Når eit ord viser til noko kjent og unikt, er det bunde (bm: bestemt) og vil som regel ha bunden artikkel på bibelhebraisk.

1.	הָאָרֶץ	landet
2.	הַיּוֹם	dagen

<sup>114</sup> Talordet אָחַת פְּלַח רָכַב עָלַיִךְ kan av og til brukast med såkalla determinerte substantiv: וַתִּשְׁלַח אִשָּׁה אַחַת פְּלַח רָכַב עָלַיִךְ רָאשׁ אַבְיִמֶלֶךְ (Dom 9,53) *Og så kasta ei [spesifikk, men, for lesaren, ukjend] kvinne ein kvernstein i hovudet på Abimelek.* Det same kan orda אִישׁ og אִשָּׁה (sjå, f.eks., Dom 6,8 og Jos 2,1).

<sup>115</sup> Orda אִישׁ og אִשָּׁה kan brukast når eit substantiv har ubunde innhald: מִי שָׂמַד לְאִישׁ שֶׁר וְשִׁפְט עָלֵינוּ (2 Mos 2,14) *Kven sette deg til leiar eller dommar over oss?*

3.	הָעָם	folket
----	-------	--------

Men ord med bunde innhald, dvs. som viser til noko kjent og spesifikt, har ikkje alltid bunden artikkel. Det gjeld først og fremst eigennamn (## 4 og 5) og ord med pronomensuffiks (## 6 og 7). Personlege og påpeikande pronomen har også bunde innhald sidan også dei viser til noko kjent og unikt (## 8 og 9). I tillegg kjem ord som ikkje er namn, men likevel viser til det einaste av sitt slag og derfor noko unikt og kjent (## 10 og 11).

4.	יְהוָה	HERREN / Javé
5.	יִשְׂרָאֵל	Israel
6.	שְׁמוֹ	namnet hans/sitt
7.	פְּנֶיךָ	ansiktet ditt
8.	הוּא	han
9.	זֶה	denne/dette
10.	אֱלֹהִים <sup>116</sup>	Gud
11.	תְּבִיל	verda

Ord har elles som regel bunde innhald – men ubunden form – når dei står som kjernen i ein nomenfrase med eit substantivisk attributt som har bunden form (# 12) eller pronomensuffiks (# 13), eller er eit eigennamn (# 14) eller viser til noko unikt og kjent (# 15). For å unngå at eit ord med bunde substantivisk attributt sjølv får bunde innhald, kan preposisjonen לְ stå mellom kjernen og attributtet (# 16, sjå også # 26 under § 53f).

12.	תוֹךְ הַיָּם	<i>midten</i> av havet
13.	יְמֵי חַיֶּיךָ	<i>dagane</i> i livet ditt
14.	בֵּית יְהוָה	<i>huset</i> til HERREN
15.	עֵינֹת תְּהוֹם	<i>kjeldene</i> i djupet (Ordt 8,28)
16.	מְזֻמָּר לְדָוִד	ein salme av David / ein Davidssalme (ikkje מְזֻמָּר דָּוִד <i> Davids salme</i> / <i> Davidssalmen</i> )

## b) Bruk og ikkje-bruk av bunden form

Bundne former av nomen brukast på bibelhebraisk som regel på same måte som på

<sup>116</sup> Ordet אֱלֹהִים har bunden form i ca. 14 % av førekomstane. Sjå pkt. b nedanfor.

norsk: for å vise til noko unikt og kjent. Det kan vere kjent fordi det er nemnt tidlegare (# 1) eller blir identifisert i same frase (# 2). Det kan også vere kjent fordi det på ein eller annan måte høyrer saman med noko anna som allereie er nemnt, eller til situasjonen generelt. I eksempel # 3 har det allereie stått at Jesaja er i tempelet. Forfattaren går ut frå at lesaren veit det er eit altar i tempelet, og bruker derfor bunden form for å vise til det altaret.

1.	וַיֵּרָא וְהִנֵּה-אֵיל ... וַיִּקַּח אֶת- הָאֵיל וַיַּעֲלֶהוּ	Og så såg han og der var det <i>ein vêt</i> . ... Og så tok han <i>vêren</i> og ofra han. (1 Mos 22,13)
2.	הַגּוֹיִם אֲשֶׁר אַתֶּם יֹרְשִׁים אַתֶּם	<i>folkeslaga</i> som de driv bort (5 Mos 12,2)
3.	בְּמִלְקָחִים לָקַח מֵעַל הַמִּזְבֵּחַ	Med ei tang hadde han tatt [gloa] frå <i>altaret</i> . (Jes 6,6)

Ord har også bunden form når dei viser til noko som det finst berre eitt eksemplar av (# 4), eller berre eitt relevant, viktig eller godt kjent eksemplar av i samanhengen (# 5). I somme tilfelle går slike substantiv med bunden form over til å bli eigennamn (## 6 og 7).

4.	הַשָּׁמֶשׁ	sola
5.	כִּי-אֵין הַמֶּלֶךְ יוּכַל אֶתְכֶם דָּבַר	For <i>kongen</i> kan ikkje gjere noko med dykk. (Jer 38,5)
6.	הַנָּהָר	elva > Euftrat
7.	הָאֱלֹהִים	guden > Gud

Når eit ord viser til ei heil gruppe eller ein type ting som er unik og kjent i seg sjølv, har det ofte bunden form. Denne måten å bruke bundne former på finst også på norsk (sjå ## 9 og 10), men er meir utbreidd på bibelhebraisk. Dette gjeld primært dyreartar (# 8), mennesketypar (# 9), folkegrupper (# 10) og abstrakte omgrep (# 11). Denne måten å bruke bundne former på er spesielt vanleg i samanlikningar (## 12 og 13).

8.	לְבָשׁוּ כְרִים הַצֹּאֵן	Markene kler seg med <i>småfe</i> . (Sal 65,14)
9.	הַרְשָׁעִים	dei gudlause
10.	הַלְוִי	levitten/levittane
11.	שָׂקֵר הַחֵן וְהַבֵּל הַיָּפִי	<i>Ynde</i> er løgn og <i>venleik</i> er fåfengd. (Ordt 31,30)
12.	אִזְ יִדְלֹג כְּאֵיל פֶּסַח	Då skal den lamme springe som <i>ein hjort</i> . (Jes 35,6)
13.	כִּי-הִנֵּה הַיּוֹם בָּא בְּעֵר כְּתִנּוֹר	Ja, sjå, dagen kjem, brennande som <i>ein omn</i> . (Mal 3,19 [NO 4,1])

Kjent og unik er også den eller dei som blir talt til, derfor vil orda som nemner dei, ofte ha bunden form (# 14, bibelhebraisk har ikkje egne vokative former). Beskrivande ord kan ha bunden form når dei viser til den høgaste graden (superlativ) av ein eigenskap (# 15, sjå § 50 om adjektiv og gradbøying).

14.	אֲדֹנָי הַמֶּלֶךְ הִרְעוּ הָאָנָשִׁים הָאֵלֶּה	Min herre <i>konge!</i> Desse mennene har handla ille. (Jer 38,9)
15.	כִּי־אַתֶּם הַמְעַט מִכָּל־הָעַמִּים	Sanneleg, de er <i>det minste</i> av alle folka. (5 Mos 7,7)

Ein norsk lesar vil ofte sakne bundne former i bibelhebraisk poesi (# 16), men også elles (# 17). Dette kan henge saman med poetiske stavingsreglar eller med det at artikkelen ikkje fanst i ei eldre form av språket.

16.	וַיִּסְדֹּף בְּדִלְתַיִם יָם בְּגִיחוֹ מִרְחֹם יָצָא	Og kven stengde for <i>havet</i> med dører då det fossa fram, fór ut frå <i>morslivet?</i> (Job 38,8)
17.	וַיִּגַּשׁ אַבְרָהָם וַיֹּאמֶר הֲאֵף תִּסְפָּה צְדִיק עִם־רָשָׁע	Og så gjekk Abraham nærare og sa: Vil du altså rive bort <i>den rettferdige</i> saman med <i>den urettferdige?</i> (1 Mos 18,23)

## § 47 Retnings-ה (kamets he-locale)

Nomen og adverbet שָׁמָּה *der* kan ha ein trykklett kamets skriven *plene* med ה som suffiks (sjå § 31a). Dette suffikset markerer vanlegvis at adverbet eller nomenet viser til målet eller retninga for ein bevegelse e.l. (## 1–3). I andre tilfelle uttrykkast det same med ein preposisjon (jf. ## 3 og 4).

1.	וְהֵבֵאתֶם שָׁמָּה עֹלֹתֵיכֶם וְזִבְחֵיכֶם	Og så skal de ta med <i>dit</i> brennoffera dykkar og slaktoffera dykkar. (5 Mos 12,6)
2.	וַיִּשְׁתַּחֲוּ לַיהוָה אַפַּיִם אֶרְצָה	Og så tilba dei HERREN med ansikta <i>mot jorda</i> . (Neh 8,6)
3.	וְלֹא יֵצְאוּ הָאֹהֳלָה	Men dei gjekk ikkje ut <i>til teltet</i> . (4 Mos 11,26)
4.	כַּצֵּאת מֹשֶׁה אֶל־הָאֹהֳלָה	då Moses gjekk ut <i>til teltet</i> (2 Mos 33,8)

Betydninga er redusert til *på* e.l. (# 5) eller er heilt borte (# 6) i somme tilfelle.<sup>117</sup> Bruken av retnings-ה kan kombinerast med preposisjonar som også viser retning, f.eks. לְ eller אֶל (# 7). Det er særleg stadnamn som kan ha ein retnings-ה som verkar unødvendig, med eller utan preposisjon framfor.

5.	וְהִקְטִירָהּ הַמִּזְבֵּחַ	Og så skal du la [det] gå opp i røyk <i>på altaret</i> . (2 Mos 29,13)
6.	כָּעֵת הָרֵאשׁוֹן הַקֵּל אֶרְצָה זְבֻלוֹן וְאֶרְצָה נַפְתָּלִי	På eit tidlegare tidspunkt førte han skam over Sebulons <i>land</i> og Naftalis <i>land</i> . (Jes 8,23 [NO 9,1])
7.	יָשׁוּבוּ רְשָׁעִים לְשָׂאוֹלָה	Dei gudlause skal snu <i>mot Dødsriket</i> . (Sal 9,18)

## §§ 48–49 Substantiv og substantiviske ord som står til nomen og verb

Substantiv og andre substantiviske ord er ofte knytt til nomen og verb på den måten at dei modifierer eller utfyller betydninga til ordet dei står saman med. Når dei står til nomen, har dei enten *genitiv (attributiv)* eller *apposisjonell* funksjon (§ 48), og når dei står til verb, fungerer dei enten som *objekt* eller *adverbial* (§ 49). Grensene mellom ordklassene er noko språkforskarar har konstruert for å gjere det lettare å snakke om fleire ord samtidig. Dei er ikkje heilt vilkårlege, men dei er heller ikkje absolutte. Partisipp er ei gruppe ord som ikkje er lett å plassere då dei har både nominale og verbale trekk. Her i denne grammatikken blir dei (kanskje litt vilkårleg) behandla konsekvent som verb. Å heller ta dei med i nomenklassa, ville ikkje endre noko vesentleg i det nedanståande om genitiv funksjon, apposisjonar, objekt og adverbial.

### § 48 Substantiv som står til nomen

Nomen på både norsk og hebraisk får ofte beskrivande og/eller bestemmande ledd knytt til seg. Det kan vere snakk om adjektiviske ord (*det store djupet*), talord (*to år*), demonstrativ (*dette folket*), substantiviske ord med eller utan preposisjon imellom (*grøda i landet* / *HERRENS ord*) og setningar (*Gud som førte deg ut frå Egypt*). Saman med dette andre elementet, blir det danna ein frase med ein nominal kjerne (= nomenet som får det beskrivande/bestemmande leddet knytt til seg). Korleis slike frasar er bygd opp og fungerer, kan ein lese om i § 56.

Adjektivisk funksjon er temaet for § 50, talord blir behandla i § 51, og § 52d handlar om bruken av demonstrativ. Når ei setning står til eit nomen, kallast den for ei relativsetning, noko ein kan lese meir om i § 61d. Dette avsnittet har fokus på substantiv og substantiviske ord som på ein eller annan måte modifierer betydninga til eit nomen. Spørsmålet er: Kva slags forhold er det mellom den nominale kjernen og det substantiviske leddet som høyrer til den? Der det kjem ein preposisjon mellom kjernen og leddet etterpå, vil den vere med på å forklare

<sup>117</sup> I eksempel # 6 kan det også hende at vi ser ei akkusativending frå kasussystemet som vart brukt i ei eldre form av hebraisk.

dette forholdet. Betydningane og funksjonane som dei forskjellige preposisjonane har, står det om i § 53.

Når eit substantivisk ord står til ein nominal kjerne, *utan* ein preposisjon imellom, fungerer det vanlegvis enten som eit substantivisk *attributt* eller som ein *apposisjon* (det er fleire attributt-typar enn den substantiviske, sjå § 56a). Substantiviske attributt og apposisjonar skil seg frå kvarandre i både form og innhald. Når det gjeld form, er det slik at substantiviske attributt står etter nomen i status constructus og apposisjonar etter nomen i status absolutus, jf. *אֲלֹהֵיהֶן זְבָחִי offer til gudane sine* der *זְבָחִי* står i status constructus med substantivisk attributt etterpå, og *שְׁלָמִים זְבָחִים offer, fredsoffer* der *זְבָחִים* står i status absolutus med apposisjon etterpå. Utfordringa er jo at det ikkje er alle nomen som har ulike former i status constructus og absolutus (sjå § 28).

Substantiviske attributt og apposisjonar er også forskjellige når det gjeld *innhald*. Begge to har som funksjon å spesifisere noko ved den nominale kjernen. Men mens innhaldet til ein apposisjon er meir eller mindre samanfallande med innhaldet til kjernen, har eit substantivisk attributt vanlegvis eit anna innhald enn kjernen. I frasen *Gud, den levande Gud* (Sal 42,3), f.eks., står *den levande Gud* som ein apposisjon til kjernen *Gud* fordi begge to refererer til det same. I samanhengen teksten står i, er det rimeleg å forstå det slik at *Gud er den levande Gud*. Den same kjernen (*Gud*) kan også stå med eit substantivisk attributt: *Jakobs Gud*. I denne frasen har attributtet *Jakob* også ein spesifiserande funksjon, men det har ikkje det same innhaldet som kjernen: *Gud* er ikkje *Jakob*. Apposisjonar viser meir eller mindre til det same som kjernen. Substantiviske attributt gjer vanlegvis ikkje det. Overlapping førekjem likevel, dvs. at det kan vere vanskeleg å sjå at ein apposisjon har same innhaldet som kjernen, og substantiviske attributt har av og til tilnærma likt innhald som kjernen (sjå eksempla ## 8–13 under pkt. a nedanfor).

Bruken av substantiviske attributt, som ikkje viser til det same som kjernen, er vanlegare enn bruken av apposisjonar på bibelhebraisk og blir gjennomgått først (pkt. a). Men bruken av apposisjonar er viktig (pkt. b), ikkje minst på grunn av at dei er brukt oftare og meir variert på bibelhebraisk enn på norsk.

#### a) Genitiv funksjon (substantivisk attributt)

Dei fleste relasjonane mellom eit nomen og eit substantiv som skal modifisere betydninga til nomenet, kan uttrykkast på bibelhebraisk ved å stille dei opp ved sida av kvarandre – nomenet først i status constructus (kjernen), det modifiserande substantivet etterpå. Der substantivet etterpå viser til noko anna enn det som kjernen viser til, kan ein seie at substantivet har *genitiv* funksjon (via lat. frå gr. *genikæ*, eit adjektiv om noko som markerer avstamming eller art).<sup>118</sup> Dette er ein svært open og ofte fleirtydig måte å lage ein forbindelse mellom to slike ord på. Også på norsk vil ein frase danna ved hjelp av eit substantiv med genitivs-s, vere fleirtydig. *Er HERRENS veg*, f.eks., den vegen HERREN går på (Jes 40,3) eller er det den vegen han set fram for andre til å gå på (Jer 5,4f)?

I dette avsnittet ser vi på dei vanlegaste innhaldsmessige forholda som finst mellom

---

<sup>118</sup> På bibelhebraisk er ikkje ord med genitiv funksjon markert for å vise dette. Genitiv er derfor ikkje ein *kasus* på hebraisk, men heller ein *funksjon* som eit substantiv kan ha.

nominale kjernar i status constructus og substantiviske attributt. Desse forholda er vanlegvis slik at dei kan uttrykkast ved hjelp av ei setning der kjernen og attributtet inngår som dei viktigaste ledd, f.eks. "kjernen (K) lager attributtet (A)" eller "K er ein del av A."<sup>119</sup> Slike setningar kan vere ei hjelp til å finne adekvate tolkingar av frasen i samanhengen der den står.

Det er kanskje fort gjort å tenkje at eit ord med genitiv funksjon viser til eigaren av det som kjerneordet viser til. I mange tilfelle vil dette stemme: *huset hans, Kongens hage*. Men som oftast vil ein annan type relasjon enn eige-dom–eigar vere ei betre tolking av forholdet mellom ein nominal kjerne og eit substantivisk attributt. I staden for ei lang liste med slike genitivsrelasjonar, blir dei her delt inn i følgjande grupper: subjektsgenitiv (inkludert eigedoms-genitiv), objekts-genitiv, adverbial genitiv, beskrivande genitiv og bestemmande genitiv

Det seier seg sjølv at dei som brukte bibelhebraisk, ikkje tenkte bevisst i desse gruppene – det same kan eigentleg seiast om nær sagt alle kategoriane og omgrepa i denne grammatikken. Dei er berre meint som ei hjelp til å finne fram til adekvate, språklege tolkingar av teksten, ein måte å utforske meiningspotensialet i teksten på. Innhaldet i dei involverte orda *i samanhengen dei står i*, er som alltid avgjerande for korleis ein lesar forstår forholdet mellom dei. Eksempla som er brukt innanfor dei forskjellige genitivgruppene, vil ofte kunne høyre til i fleire enn den éine gruppa. Dette er fordi forskjellane mellom gruppene er tydelegaste i sentrum av kvar gruppe, og mindre tydelege ved grensene.

(1) **Subjektsgenitiv** er ein type substantivisk attributt som på ein eller annan måte fungerer som eit slags "subjekt" for kjernen. Her er ordet *subjekt* brukt i vid meining om den/det som er ansvarleg for eller opphavet til noko. Kjernen er under attributtets dominans eller påverknad.

Norske eksempel: *Josefs samanbrot* (→ *det at Josef bryt saman*), *rettferds frukt* (→ *frukt som rettferdig handling produserer*), *HERRENS ord* (→ *ord som HERREN produserer*), *kongens slott* (→ *slottet kongen eig*), *fiendens hand* (→ *handa [= makta] fienden rår over / utøver*).

Der kjernen på ein eller annan måte kan forståast som ein verbsituasjon, kan attributtet vere den som utfører handlinga eller opplever tilstanden som kjernen viser til eller impliserer: *A gjer eller erfarer "verbsituasjonen" K* (## 1–3). Når attributtet er eit substantiv som eksplisitt eller implisitt viser til ei verbhandling, kan kjernen vere eit slags objekt for denne handlinga: *Handlinga A er retta mot eller framstiller K* (# 4). Også der attributtet er eit levande vesen, kan kjernen vere ein type produkt: *A tilverkar eller er opphavet K* (## 5–7).

1.	חַנְּנֵי אֱלֹהִים בְּחַסְדֶּךָ	Ver meg nådig, Gud, i samsvar med <i>di</i> miskunn (= den miskunna som <i>du</i> viser/gjer). (Sal 51,3)
2.	פִּי יִסְפֵּר צְדָקָתְךָ	Munnen min skal fortelje om rettferda <i>di</i> (→ rettferda <i>du</i> gjer/kviser). (Sal 71,15)
3.	אִפִּי	vreiden <i>min</i> (→ vreiden <i>eg</i> erfarer)

<sup>119</sup> I andre framstillingar er kjernen i ein frase med substantivisk attributt kalla for *nomen regens* ("det regjerande nomenet") og attributtet *nomen rectum* ("det regjerte nomenet").



4.	קול רנה וישועה	lyd av <i>jubelrop</i> og <i>siger</i> (→ lyd som <i>jubelrop</i> og <i>siger</i> lagar) (Sal 118,15)
5.	דבר יהוה	<i>HERRENS</i> ord (→ ordet som <i>HERREN</i> lagar)
6.	אם ... שמרתם את-בריתי	Viss ... de held pakta <i>mi</i> , ... (→ pakta som <i>eg</i> opprettar) (2 Mos 19,5)
7.	הבינני ואצרה תורתך	Gi meg vit så eg kan ta vare på <i>di</i> lov! (→ lova som <i>du</i> gir) (Sal 119,34)

Attributtet er ein type subjektsgenitiv også når det på ein eller annan måte rår over kjernen. Dette inkluderer eidegdomsgenitiv: A *eig* K (# 8); genitiv om kroppsdelar: K *er ein del av* As *fysiske kropp* (# 9); og genitiv om personlege eigenskapar: K *er ei evne eller side ved* As *person* (## 10 og 11).

8.	ועבדך ואמתך ושורך וחמרך וכל-בהמתך	eller slaven <i>din</i> eller slavekvinna <i>di</i> eller oksen <i>din</i> eller eselet <i>ditt</i> eller noko av buskapen <i>din</i> (→ som <i>du</i> eig) (5 Mos 5,14)
9.	וישב ידו אל-פיו ותאזנה עיניו	Og så løfta han handa <i>si</i> til munnen <i>sin</i> og så lyste auga <i>hans</i> opp. (→ som <i>han</i> har på kroppen) (1 Sam 14,27 <i>Kere</i> )
10.	לכן שמח לבי	Derfor gleder hjartet <i>mitt</i> (= mitt indre menneske) seg. (→ hjartet <i>eg</i> har "inni meg") (Sal 16,9)
11.	כבוד יהוה	<i>HERRENS</i> herlegdom (→ herlegdomen som <i>HERREN</i> har ved seg)

Når attributtet er upersonleg, heiter det gjerne *partitiv genitiv*: K *er ein bit eller del av* A (## 12 og 13).

12.	תוף הים	<i>havets</i> midte = midten av <i>havet</i>
13.	ראש הגבעה	<i>høgdas</i> topp = toppen av <i>høgda</i>

(2) **Objektsgenitiv** er funksjonen til substantiviske attributt som modifierer betydninga til kjernen på same måte som eit objekt modifierer betydninga til eit verb (sjå § 49a). Det vil seie at attributtet kan vise til det som kjernen er retta mot eller framstiller.

Norske eksempel: *hans dom* (→ [retten] *dømmer* han), *livsens tre* (→ *treet* som gir liv).

Eit attributt fungerer som objektsgenitiv når det viser til mottakaren for handlinga som kjernen direkte eller indirekte viser til: A *er ramma av handlinga* (i) K (## 1 og 2). Kjernen kan også vise til noko(n) som utfører ei handling. Når attributtet har objektsgenitiv funksjon, kan det også vere slik at A *er mottakar av eller produktet av* Ks *handling* (## 3–5).

1.	מִמֶּנּוּ יִשׁוּעָתִי	Frå han er redninga <i>mi</i> (→ [han] reddar <i>meg</i> ). (Sal 62,2)
2.	אֲכֹן מִשְׁפָּטִי אֶת־יְהוָה וּפְעֻלָּתִי אֶת־אֱלֹהֵי	Likevel er retten <i>min</i> (→ [HERREN] gir <i>meg</i> min rett) hos HERREN og lønna <i>mi</i> (→ [Gud] lønner <i>meg</i> ) hos min Gud. (Jes 49,4)
3.	וַנְתִּיךָ לְאֹר גּוֹיִם	Så eg gjer deg til eit lys for <i>folkeslag</i> (→ som lyser opp <i>folkeslag</i> ). (Jes 49,6)
4.	נְסִיכֵי אָדָם	fyrstar over <i>menneske</i> (→ som styrer <i>menneske</i> ) (Mika 5,4)
5.	רוּחַ חֲכָמָה וּבִינָה רוּחַ עֲצָה וּגְבוּרָה רוּחַ דַּעַת וְיִרְאַת יְהוָה	ei ånd som gir <i>visdom</i> og <i>forstand</i> , ei ånd som gir <i>råd</i> og <i>styrke</i> , ei ånd som gir <i>kunnskap</i> og <i>frykt for HERREN</i> (Jes 11,2)

(3) **Adverbial genitiv** er det ein kan kalle attributt som seier noko om kor, når, korleis, kvifor, kor mykje osv. kjernen skjer, er eller blir til. Funksjonen er å modifisere betydninga til kjernen på same måte som eit adverbial i ein verbfrase eller ei setning (sjå §§ 49b og 59c).

Norske eksempel: *Jerusalems døtre* (→ *døtre i Jerusalem*), *dødens snarer* (→ *snarer som resulterer i døden*), *hemnens dag* (→ *ein dag sett av for hemn som formål*).

Det vanlegaste er attributt om stad – enten staden der kjernen er, eller er på veg til eller frå: *A er der K skjer eller er* (## 1 og 2) og *A er der K startar/sluttar* (## 3 og 4). Eit tidspunkt eller ein tidsperiode kan også modifisere betydninga til ein nominal kjerne: *A er når K skjer, er eller blir til* (## 5 og 6). Handlar attributtet om måte, kan ein seie at: *A er måten K skjer eller blir til på* (## 7 og 8). Ein variant av det siste er når attributtet viser til eit reisepålegg for ei hending: *A er middelet K skjer eller blir til ved* (# 9).

1.	מַלְכֵי אֶרֶץ	kongane på <i>jorda</i>
2.	הַרֵי יִשְׂרָאֵל	fjella i <i>Israel</i>
3.	תְּעֻלַּת הַבְּרֶכָה הַעֲלִיזוֹנָה	vassleidningen frå <i>Øvredammen</i> (Jes 7,3)
4.	אֶרֶחַ חַיִּים	vegen til <i>livet</i>
5.	אִשָּׁת נְעוּרִים	<i>ungdomstidas</i> kvinne (→ ei kvinne ein skaffar seg i <i>ungdomstida</i> ) (Jes 54,6)
6.	חַיֵּי עוֹלָם	<i>æveliv</i> (→ liv i all <i>æve</i> ) (Dan 12,2)
7.	שׂוֹנְאֵת חָמָס	<i>valdshat</i> (→ hating på ein valdeleg måte) (Sal 25,19)
8.	מִשְׁפָּט־צֶדֶק	<i>rettferdsdømming</i> (→ dømming på ein rettferdig måte) (5 Mos 16,18)

9.	צָלִי-אֵשׁ	noko steikt med <i>eld</i> (2 Mos 12,8)
----	------------	---

Substantiviske attributt kan også fungere som adverbiale genitivar når dei viser til logiske forhold som årsak eller resultat/formål: A er grunnen til K (# 10), eller A er ei følge av eller hensikt til K (# 11).

10.	וְאַתָּה נִשְׂאתָ עֹן חַטָּאתִי	Og du tok bort skylda som kom av <i>synda mi</i> (→ skylda som <i>synda mi</i> er årsak til). (Sal 32,5)
11.	מִשְׁפֵּט מוֹת	<i>dødsdom</i> (→ ein dom som fører til <i>døden</i> )

(4) **Beskrivande genitiv** er der attributtet viser til noko som karakteriserer kjernen. Denne typen genitiv er med på å klassifisere kjernen, og ofte kan slike attributt omsettast til norsk med eit adjektiv – ei ordklasse som brukast i mindre grad på bibelhebraisk. "Kva slags?" er spørsmål beskrivande genitivar gjerne svarer om kjernen. Dei seier noko om korleis kjernen er.

Norske eksempel: *rettferds* (= rett/rettferdig) *veg*, *ei treårs* (= tre år gammel) *geit*, *frelses beger* (→ eit beger fullt av frelse).

Abstrakte substantiv kan fungere som beskrivande genitiv. I slike tilfelle er A eit trekk som beskriv K (## 1 og 2). Med både abstrakte og konkrete substantiv som attributt til בַּת/בֶּן eller אִשָּׁה/אִישׁ, kan ein språkbrukar nemne ein kvalitet ved (## 3 og 4), alderen til (# 5) eller gruppetilhørsele til (## 6 og 7) kjernen.

1.	אֲדָמַת-קֹדֶשׁ	<i>heilagdoms grunn</i> → <i>heilag grunn</i> (2 Mos 3,5)
2.	עֵד שָׂוֵא	eit <i>verdiløyses vitne</i> → eit <i>verdilaust vitne</i> → eit <i>falskt vitne</i> (5 Mos 5,20)
3.	אִישׁ מִלְחָמָה	ein <i>strids mann</i> → ein <i>stridsmann</i> (2 Mos 15,3)
4.	קֶרֶן בֶּן-שֶׁמֶן	eit "son" av <i>feitts horn</i> → eit <i>horn av typen feitt</i> → eit <i>feitt/fruktbart/grøderikt horn</i> (høgd?) (Jes 5,1)
5.	וְאַבְרָם בֶּן-חֲמֵשׁ שָׁנִים וְשִׁבְעִים שָׁנָה	Og Abram var "son" av fem år og 70 år → var 75 år gammel. (1 Mos 12,4)
6.	בְּנֵי-רְאוּבֵן וּבְנֵי-גָד... בְּנֵי יִשְׂרָאֵל	<i>Ruben-stammas "søner"</i> og <i>Gad-stammas "søner"</i> ... <i>Israel-folkets "søner"</i> → <i>rubenittar og gadittar</i> ... <i>israelittar</i> (Jos 4,12)
7.	בֶּן אָדָם	ein <i>menneskes "son"</i> → eit <i>menneske</i>

Substantiviske attributt karakteriserer i fleire tilfelle ved å vise til *innhaldet* i kjernen (# 8) eller *materialet* den er laga eller sett saman av (# 9).

8.	פְּלִגֵי מַיִם	renner fylt med <i>vatn</i> (Sal 1,3)
9.	מִגְדֵּל-עֵץ	høgt byggverk av <i>tre</i> (Neh 8,4)

Eit attributt med beskrivande funksjon kan også forsterke innhaldet i kjernen eller peike den ut som det mest framstående eksempel innanfor ei gruppe eller klasse. Som regel er attributtet ei fleirtalsform av kjernen: *K er eit fullkomme eksempel på A* (# 10), eller *K er det ypparste eksempel på A* (## 11 og 12).

10.	הַבַּל הַבָּלִים	<i>tomleikars tomleik</i> → total tomleik (Fork 1,2)
11.	קֹדֶשׁ הַקְּדוֹשִׁים	<i>dei heilages heilage</i> (ting/stad) → den heilagaste staden
12.	אֱלֹהֵי הָאֱלֹהִים וְאֱדֹנֵי הָאֲדֹנִים	<i>gudanes gud og herranes herre</i> → Gud over <i>gudane</i> og herren over <i>herrane</i> → den høgste Gud og herre (5 Mos 10,17)

(5) **Bestemmande genitiv** er eit samlenamn på substantiviske attributt som er med på å avgrense kva kjernen viser til, eller identifisere den. Slike attributt har som oppgåve å peike ut kven eller kva kjernen er. Dei svarer spørsmålet: "Kva for?"

Norske eksempel: *Jakobs søner* (→ *dei sønene som er i slekt med Jakob*), *ungdommens år* (→ *dei åra ein er ung*), *Efraims fjelland* (→ *det fjellandet som er Efraim*).

Slektskapsforhold og andre relasjonar mellom personar og ting blir gjerne uttrykt ved hjelp av ein bestemmande genitiv som identifiserer kjernen: *K er den som er i slekt med A* (# 1), eller *den som har ein annan type spesielt og/eller eksklusivt forhold til A* (## 2–5).

1.	בְּעֵבֶר הַנְּהָר יִשְׁבוּ אֲבוֹתֵיכֶם מֵעוֹלָם	På den andre sida av Elva budde fedrane <i>dykkar</i> frå gammal tid. (Jos 24,2)
2.	אֲנִי יְהוָה אֱלֹהֶיךָ	Eg er HERREN <i>din</i> Gud. (2 Mos 20,2)
3.	הוֹשַׁע יְהוָה אֶת-עַמּוֹךָ	Frels, HERRE, folket <i>ditt</i> ! (Jer 31,7)
4.	הַר יְהוָה	HERRENS fjell
5.	וְאַהֲבַת לְרֵעֶךָ כְּמוֹךָ	Men du skal elske nesten <i>din</i> som deg sjølv. (3 Mos 19,18)

Noko anna som kan bli spesifisert eller avgrensa på denne måten, er stader og tidspunkt/-periodar: *A viser eksplisitt eller implisitt til ein verbsituasjon ved tidspunktet K* (# 6) eller *staden K* (# 7).

6.	וְקִרְאַנִי בְּיוֹם צָרָה	Og kall på meg den dagen det er <i>naud</i> . (Sal 50,15)
----	---------------------------	---

7.	בֵּית הַתְּפִלָּה	eit <i>bønnens</i> hus (→ eit hus der det bedast) (Jes 56,7)
----	-------------------	--

Attributtet kan avgrense innhaldet i kjernen til ein bestemt identitet: *A er det som K er eller viser til* (## 8–10). Dette gjeld også når kjernen er eit mengdeord: *A er det som mengda K består av* (## 11–13).

8.	לַעֲשׂוֹת אֶת-יּוֹם הַשַּׁבָּת	å halde <i>sabbatsdagen</i> (→ dagen som er sabbaten) (5 Mos 5,15)
9.	הַר סִינַי	<i>Sinai-fjellet</i> (→ fjellet som er <i>Sinai</i> )
10.	רַנְּי בֵּת-צִיּוֹן	Bryt ut i jubel, dotter <i>Sion!</i> (→ dottera som er <i>Sion</i> ) (Sef 3,14)
11.	שְׁנֵי לְחֹת	to <i>tavler</i> (→ to ting som er tavler)
12.	כָּל-הָאָרֶץ	heilskapen av landet (→ heilskapen som er landet) = heile landet
13.	מְעַט מַיִם	ei lita mengd med <i>vatn</i> (→ ei lita mengd som er <i>vatn</i> ) = litt <i>vatn</i>

Der kjernen er eit adjektiv – stor, god, vakker – kan attributtet svare spørsmålet, "Korleis stor, god, vakker ...?": *A viser til det som eigenskapen K gjeld* (## 14 og 15). Slike formuleringar brukast på bibelhebraisk for å beskrive noko(n) **med** eller **som har** det som *attributtet* viser til, og attributtet er slik som adjektivet beskriv det. Også der kjernen er eit substantiv, kan A avgrense den til å gjelde noko spesielt (# 16).

14.	עַם-קָשָׁה- עֵרָף	eit <i>nakkestivt</i> folk → eit folk <b>med</b> <i>stiv nakke</i> (2 Mos 32,9)
15.	נָקִי כַפַּיִם וּבֵר-לֵבָב	skyldfri når det gjeld <i>hender</i> , og rein når det gjeld <i>hjarte</i> → ein <b>som har</b> skyldfrie <i>hender</i> og eit reint <i>hjarte</i> (Sal 24,4)
16.	מְכַלְלֵי-יָפִי	fullkommenskap av <i>venleik</i> → noko fullkomme når det gjeld <i>venleik</i> (Sal 50,2)

## b) Apposisjon

Blant dei forskjellige måtane å spesifisere nærmare kva eller kven eit nomen viser til (adjektivisk attributt [§ 50], substantivisk attributt [§ 48a], attributiv preposisjonsfrase [§ 53] og relativsetning [§ 61d]), finn ein også *apposisjon*. Ein apposisjon er eit modifierande substantiv som viser til det same – i vid meining – som kjernen (hovudordet) gjer. På norsk kjem det ofte komma mellom ein nominal kjerne og ein apposisjon: *meg, din tenar; Abraham, far hans; ein slektning på sida til mannen hennar, ein mektig og velstående mann*. Men ikkje alltid: *landet Egypt; namnet HERREN*.

Med ein apposisjon kan ein språkbrukar spesifisere noko om kjernen ved å nemne det om igjen med andre ord. Ein apposisjon kan eventuelt nemne eit vesentleg trekk ved kjernen i staden for å vere eit anna ord for kjernen. Fordi ein apposisjon og kjernen den høyrer saman med, ikkje alltid har nøyaktig same referanse, er det av og til usikkert om ein har med apposisjon eller substantivisk attributt å gjere. Ein viktig forskjell mellom apposisjon og substantivisk attributt er at eit substantivisk attributt står til ein kerne i status constructus, det gjer ikkje ein apposisjon.

Eit substantiv som fungerer som apposisjon, kan vise til ei smalare gruppe eller eit mindre utval som kjernen høyrer til i (bl.a. yrke, relasjon eller namn). Legg merke til at norske omsettingar av bibelhebraiske apposisjonar kan ha ei anna oppbygging.

1.	וַיִּזְבְּחוּ זִבְחִים שְׁלָמִים לַיהוָה	Og så slakta dei offer, <i>fredsoffer</i> for HERREN. (2 Mos 24,5)
2.	צוּר־עֲזִי מַחְסֵי בְּאֵלֵהִים	Mitt mektige berg, <i>mi tilflukt</i> er hos Gud. (Sal 62,8)
3.	וְקָרָאתִי לְעַבְדֵי לְאַלְיָקִים	Så skal eg kalle på tenaren min, <i>Eljakim</i> . (Jes 22,20)
4.	אִישׁ סָרִיס	ein mann, <i>ein hoffmann</i> (→ ein hoffmann) (Jer 38,7)
5.	מִיכָאֵל הַשָּׂר הַגָּדוֹל הָעֹמֵד עַל־ בְּנֵי עַמּוֹךְ	Mikael, <i>den store fyrsten som står saman med dine landsmenn</i> (Dan 12,1)
6.	נִינְוֵה הָעִיר הַגְּדוֹלָה	<i>storbyen Ninive</i> (Jona 3,2)

Ein apposisjon på bibelhebraisk kan i tillegg vere eit substantiv som viser til ein eigenskap eller kvalitet som karakteriserer kjernen (# 7) eller materialet den er laga av (# 8). Noko liknande er der kjernen viser til eit mål eller tal og apposisjonen til det målte eller talde (# 9).

7.	וְהָיָה אִימָה חֹשֶׁכָה גְדוֹלָה נִפְלֶת עָלָיו	Og sjå, ein redsel, <i>eit stort mørke</i> (→ ein bekmørk redsel) fall over han. (1 Mos 15,12)
8.	הַנְּגִי מִבֵּיא אֶת־הַמַּבּוּל מִיָּם עַל־ הָאָרֶץ	Sjå, eg skal la flaumen, <i>vatn</i> (→ vassflaumen) komme over jorda. (1 Mos 6,17)
9.	שְׁלֹשׁ סָאִים קֶמַח סִלָּת	tre sea <i>fint mjøl</i> (1 Mos 18,6)

## § 49 Substantiv som står til verb

På både norsk og bibelhebraisk får ofte verb ulike typar ledd knytt til seg. Desse fortel meir om verbsituasjonen og kan vere setningar som *veit (at) du er ei heiderleg kvinne*, adverb

som *gå opp* eller substantiviske ord med eller utan preposisjon som *kjem frå HERREN / gjere soning*. Kombinasjonen av verbet og det/dei utfyllande ledd/a heiter ein *verbfrase*. Korleis slike frasar er bygd opp og fungerer i samanhengen, kan ein lese om i § 58.

Ei setning som står som utfyllande ledd til eit verb, kallast for ei leddsetning. For slike setningar, sjå § 61c. Adverb utgjer ei mindre ordklasse på bibelhebraisk enn på norsk og er tema for § 55c. Dette avsnittet handlar om funksjonane til substantiviske ord som står til finitte verb utan forklarande partiklar imellom.<sup>120</sup> Substantiv med preposisjon eller objektsmerke framfor seg har stort sett dei same funksjonane som substantiva i dette avsnittet (sjå §§ 53 og 55b).

Bortsett frå når pronomener skrivast som suffiks på verb (sjå § 34), er det ingen sikker måte å sjå at eit substantivisk ord høyrer saman med eit verb på. Dei gamle kasusformene frå ursemittisk er ikkje lenger i bruk på bibelhebraisk. Ordstilling, som ofte kan vere til hjelp med å skjelle mellom subjekt og objekt på norsk, er friare på hebraisk og gir ikkje like stor hjelp. Ein må først og fremst basere seg på *betydninga* til orda og *samanhengen* dei står i, når ein skal knyte substantiviske ord saman med verb.

Når eit substantiv står til eit verb, viser det normalt til noko(n) som verbsituasjonen i vid forstand er "retta mot." Alternativt kan eit substantiv vise anten til noko som elles kjenneteiknar verbsituasjonen, eller til noko som fortel noko om objektet i ramma av verbsituasjonen. Det som verbsituasjonen er innretta mot eller har som fokus, kallast for *objekt* (pkt. a). Det er slikt som mottar noko, blir ramma, blir tilverka eller blir sansa gjennom verbsituasjonen. Eit *bunde adverbial* kallast substantiv og andre typar adledd som kjem med utfyllande detaljer av ein type (vanlegvis *stad*) som er bestemt av betydninga til verbet (pkt. b). Til slutt har ein *objektspredikativ*, som, saman med verbet, er med på å identifisere eller karakterisere objektet i verbfrasen (pkt. c).

### a) Objekt

Når eit substantiv eller eit substantivisk ord viser til noko(n) som verbsituasjonen på ein eller annan måte går ut over, tilverkar eller er stimulert av, kallast det for eit objekt: *velsign HERREN, skapte himmelen og jorda, å sjå meg*. Men det er ikkje alle verb som viser til ein situasjon med mottakar, produkt eller stimulus, og som dermed kan ha eit objekt knytt til seg. Sjølv når eit verb viser til ein slik *transitiv* situasjon (sjå § 38), er det ikkje alltid slik at mottakaren, produktet eller stimulusen er nemnt (sjå eksempel # 1d nedanfor). I tillegg kjem det at fleire verb er slik at dei kan vise til både transitive og intransitive situasjonar, f.eks. אָלַף, som betyr både *å vere full* (intransitivt) og *å fylle* (transitivt). Generelt kan ein seie at verb med passiv eller medium *diatese* (sjå § 38), dvs. verb bøygd i *Niphal*, *Pual*, *Hithpael* og *Hophal*, ikkje pleier å ha objekt knytt til seg. Dette er fordi handlinga som slike verb viser til, er enten retta mot, tilverkar, er stimulert av eller blir verande hos subjektet sjølv.

I fleire tilfelle vil same verbet kunne få substantiv knytt til seg som objekt både direkte (# 1a), gjennom objektsmerket (# 1b) eller gjennom ein preposisjon (# 1c) – eller stå utan eit substantiv knytt til seg som objekt (# 1d).

---

<sup>120</sup> Substantiv som står til infinitive verb, kan ha dei same funksjonane som her i § 49, eller funksjonar som liknar setningsledda ein finn i § 59.

1a.	וַיִּבְחַר מֹשֶׁה אַנְשֵׁי־חַיִל	Og så valde Moses <i>menn med evne</i> . (2 Mos 18,25)
1b.	כִּי־אַתֶּם בְּחַרְתֶּם לָכֶם אֶת־יְהוָה	at de har valt <i>HERREN</i> (Jos 24,22)
1c.	וַיִּבְחַר בְּזַרְעוֹ	Og så valde han <i>avkommet hans</i> . (5 Mos 4,37)
1d.	כִּי־אַתָּה תִּבְחַר וְלֹא־אֲנִי	Du må jo velje, og ikkje eg. (Job 34,33)

Når ein omset til norsk, hender det at ein må bruke ein preposisjon for å knyte eit objekt til eit verb der det ikkje er ein preposisjon på hebraisk.

2.	יֹאמְרֶךָ	Dei seier <i>imot deg</i> . (Sal 139,20)
----	-----------	--

Objekt som verbhandlinga er retta mot:

3.	וְאַשְׂרֵיהֶם תִּשְׂרֹפוּן בָּאֵשׁ וּפְסִילֵי אֱלֹהֵיהֶם תִּגְדְּעוּן	Og <i>Asjera-pålane deira</i> skal de brenne med eld, og <i>gudebilda deira</i> skal de hogge ned. (5 Mos 12,3)
4.	וְעַל־יִוֵּבֵל יִשְׁלַח שָׂרָשָׁיו	Og mot bekken sender det ut <i>røtene sine</i> . (Jer 17,8)
5.	וּמִשְׁפָּטַי תִּשְׁמְרוּ	Og <i>lovene mine</i> skal de halde. (Esek 36,27)

Objekt som verbhandlinga tilverkar:

6.	עָשָׂה אֶרֶץ וְחוּצוֹת	Han laga <i>jord og marker</i> . (Ordt 8,26)
7.	קָרָא מְקָרָא	å kunngjere <i>høgtid</i> (Jes 1,13)
8.	לֹא־דָבַר וְיְהוָה	HERREN talte <i>det</i> ikkje. (5 Mos 18,21)

Substantiviske ord som knyter seg til ulike sanseverb, kan vise til det som stimulerer sansen, følelsen eller tenkjeevna. Dei kallast også for objekt.

9.	אֲרָאָה שָׁמַיִךָ	Eg ser <i>himmelen din</i> . (Sal 8,4)
10.	הֶעֱצַמּוֹת הַיְבִשׁוֹת שָׁמְעוּ דְבַר־יְהוָה	Tørre knoklar, høyr <i>HERRENS ord!</i> (Esek 37,4)
11.	הֲלוֹא תִדְעוּהָ	Kjenner de <i>det</i> ikkje? (Jes 43,19)

Enkelte verb viser til handlingar som på forskjellige måtar er retta mot fleire objekt samtidig. Det eine objektet kan i slike tilfelle ofte omsettast med det ein ville kalle eit indirekte objekt på norsk. Dette er særleg vanleg med verb bøygd i *Hiphil* (# 13). Det finst også verb som har ulike kombinasjonar av mottakarobjekt, produktobjekt og sanseobjekt knytt til seg samtidig



(# 14).

12.	יִתְּנֵנוּ <sup>1</sup> חֶלְקוֹ <sup>2</sup>	Han gir <i>han</i> <sub>1</sub> <i>arven sin</i> <sub>2</sub> . (Fork 2,21)
13.	מִי יֹאכְלֵנוּ <sup>1</sup> בְּשָׂר <sup>2</sup>	Kven lar <i>oss</i> <sub>1</sub> ete <i>kjøtt</i> <sub>2</sub> ? (4 Mos 11,4)
14.	שְׂאֵלוֹנוּ שׁוֹבֵינוּ דְּבָרֵי־ שִׁיר וְתוֹלְלֵינוּ שְׂמֵחָה	Dei som tok oss til fange, ba <i>oss</i> (mottakar) om <i>songord</i> (produkt), og dei som bortførte oss, om <i>glede</i> (produkt). (Sal 137,3)

Det hender også at intransitive verb står med objekt. Slike objekt pleier å vise tilbake til sjølve verbhandlinga og kallast for *indre objekt*.

15.	שָׁם פָּחַדוּ פָּחַד	Der <i>skal</i> dei <i>skjelve</i> "ei skjelving". (Sal 14,15)
-----	----------------------	--

### b) Bunde adverbial

Mens substantiv som viser til ting eller personar som får ei verbhandling retta mot seg meir eller mindre direkte, kallast for objekt, kan substantiv som viser til ting eller personar som karakteriserer verbsituasjonen, utan å få den retta mot seg, kallast for *bundne adverbial*. Slike adverbial skil seg frå frie adverbial ved at dei heng saman med betydninga til verbet dei modifierer (sjå § 59c om frie adverbial). Verba *å gå*, *å bu* og *å sette*, f.eks., har alle på eit eller anna vis noko med rom å gjere. Dei impliserer ein stad ein går til eller frå, eller der ein bur eller set noko. Dersom substantivet for denne staden nemnast i verbfrasen, fungerer det som eit bunde adverbial fordi det er bunde opp til verbets betydning. Det same substantivet kan gjerne brukast med andre verb som ikkje "krev" det på same måte, men då fungerer det som fritt adverbial. Utan eit bunde adverbial gir ikkje verbet like god eller same mening.

På norsk har slike substantiv oftast preposisjon framfor seg: *vende om til HERREN*. Og det er også vanleg på bibelhebraisk at adverbiale ledd uttrykkast med ein preposisjonsfrase (sjå §§ 53, 57 og 59c). Men i større grad enn på norsk kan adverbial stå *utan* preposisjon på hebraisk (jf. dei norske omsettingane nedanfor).

Bundne adverbial om *stad* brukast med verb som handlar om posisjonar eller bevegelser i rom, og kan vise bl.a. til *kor* verbsituasjonen går føre seg (# 1) eller til *retninga/målet* den har (## 2–3). Av og til har slike adverbial ein retnings- $\eta$  til slutt (# 4, sjå §§ 31a og 47). *Utstrekninga* for verbsituasjonen kan óg uttrykkast gjennom eit substantiv knytt til verbet (# 5).

1.	אֵד סוֹרְרִים שְׁכְנוּ צְחִיחָה	Men opprørarar bur [i] <i>ørkenen</i> . (Sal 68,7)
2.	וּמֹשֶׁה אֶהָרָן וְחֹר עָלוּ רֹאשׁ הַגְּבֻעָה	Og Moses, Aron og Hur gjekk opp [på] <i>toppen av høgda</i> . (2 Mos 17,10)
3.	יְבֹאוּנִי רַחֲמֶיךָ וְאַחֶיךָ	La medynken din komme [til] <i>meg</i> så eg kan leve! (Sal 119,77)

4.	אַרְמֵי אֲבִד אָבִי וַיֵּרֵד מִצְרַיִם	Ein omflakkande aramear var far min. Og han dro ned [til] <i>Egypt</i> . (5 Mos 26,5)
5.	נָזְרוּ אַחֲזֹר	Dei har snudd seg [heilt til] <i>baksida</i> . (Jes 1,4)

Substantivet קול *røyst* (med ulike attributt) fungerer gjerne som bunde adverbial for forskjellige taleverb (# 6). Og verb som impliserer eit eller anna middel, kan også få substantiv knytt til seg som bundne adverbial, bl.a. verb for å fylle, mette, kjøpe osv. Slike adverbial viser til det som noko er eller blir fylt av, metta med, kjøpt for ... (# 7).

6.	וְכָל־הָאָרֶץ בּוֹכִים קוֹל גָּדוֹל	Og heile landet gret <i>høgt</i> . (2 Sam 15,23)
7.	אָז יִמְלֵא שְׂחֹק פִּינוּ	Då fyltest munnen vår [med] <i>latter</i> . (Sal 126,2)

### c) Objektspredikativ

Substantiv kan også fylle ut eit verb ved å visa til kva eller korleis objektet er eller blir som resultat av eller i samband med verbhandlinga. Slike substantiv kallast objektspredikativ og kan ikkje fjernast utan at verbfrasen blir meiningslaus eller endrar betydning.

1.	הַשָּׁמַיִם עָבִים רְכוּבוֹ	den som gjer skyer [til] <i>vogna si</i> (Sal 104,3)
2.	וַיַּחְשְׁבֶהָ לוֹ צְדָקָה	Og så rekna han det for han [som] <i>rettferd</i> . (1 Mos 15,6)

## § 50 Adjektiv

Mens substantiv brukast for å vise til eller nemne personar, stader og ting (både konkrete og abstrakte), blir *adjektiv* som regel brukt for å modifisere betydninga til substantiv.<sup>121</sup> Dei gjer dette ved å peike på eller trekke fram forskjellige *eigenskapar* eller *tilstandar* ved substantiv, og fungerer då enten som attributt i ein frase: *heilage gåver*; eller predikativ i ei setning: *Hans miskunn er stor*. Det hender også at adjektiv *ikkje* brukast for å modifisere betydninga til eit substantiv. Då har adjektivet sjølv som regel ein substantivisk funksjon (sjå pkt b nedanfor).

Eigenskapen som adjektivet viser til, kan igjen bli modifisert ved hjelp av eit substantiv, eit adjektiv, eit verb i infinitiv absolutus eller ein preposisjonsfrase som kjem etter adjektivet. I slike tilfelle dannast det ein nomenfrase med adjektivet som kjerne (sjå § 56a5 for eksempel). Det vanlegaste av slike tilfelle er kanskje substantivet מַאֲד, som fungerer som eit slags adverbialt attributt om grad: *veldig*.

Det går vanlegvis ikkje an å sjå at eit ord er eit adjektiv ut ifrå korleis det ser ut, men det

<sup>121</sup> Det hender også at adjektiv blir brukt til å modifisere eit verb som eit bunde adverbial (sjå § 49b), f.eks. רָאשׁוֹן *først* i 1 Mos 33,2, eller til å modifisere ei heil setning som eit fritt adverbial (sjå § 59c), f.eks. רַב *mykje* i Sal 62,3.

er visse vokal- og konsonantmønster som er typiske for adjektiv (sjå § 15a–b og d).

Adjektiv brukast sjeldnare på bibelhebraisk enn på norsk. Der ein helst bruker adjektiv på norsk, finn ein ofte substantiv (brukt enten som attributt [# 1] eller apposisjon [# 2]) eller tilstandsverb (# 3)<sup>122</sup> på hebraisk.

1.	אֲדָמַת־קֹדֶשׁ	<i>heilagdoms grunn</i> → <i>heilag grunn</i> (2 Mos 3,5)
2.	אֵימָה חַשְׁכָּה גְדֹלָה	<i>ein redsel, eit stort mørke</i> → <i>ein bekmørk redsel</i> (1 Mos 15,12)
3.	וַאֲרָא	Og så vart eg <i>redd</i> . (1 Mos 3,10)

Sjølv om ordklassa adjektiv ikkje er særleg stor på bibelhebraisk, er det fleire ordtypar som har adjektiviske trekk og funksjonar, f.eks. verb i partisipp (§ 43), demonstrativ (§ 52d) og visse talord (§ 51).

Ein annan viktig forskjell mellom norsk og bibelhebraisk når det gjeld adjektiv, er at adjektiv på hebraisk ikkje blir bøygd i *grad*. På norsk kan ein få fram at det som eit substantiv viser til, har meir av ein eigenskap enn noko anna, ved å gradbøye adjektivet – enten i komparativ: *høgare enn himmelen*; eller superlativ: *den yngste broren*. For å uttrykke det same på bibelhebraisk, bruker ein vanlegvis preposisjonen מִן (## 4 og 5, sjå også § 53h) eller bunden artikkel (## 6 og 7, sjå også § 46b og ## 1 og 2 under pkt. b nedanfor).<sup>123</sup>

4.	מְתוּקִים מִדְּבַשׁ	<i>søtare enn honning</i> (Sal 19,11)
5.	עָרוֹם מִכָּל חַיַּת הַשָּׂדֶה	<i>listigast av alle dyra på marka</i> (1 Mos 3,1)
6.	שְׁכֵנוֹ הַקָּרֵב אֶל־בֵּיתוֹ	<i>naboen hans som er nærast til huset hans</i> (2 Mos 12,4)
7.	הַמָּאוֹר הַקָּטָן	det <i>minste</i> lyset (1 Mos 1,16)

#### a) Beskrivande funksjon – attributt eller predikativ

Når adjektiv har ein beskrivande funksjon, står dei enten som attributt i nomenfrasar eller som predikativ i setningar. Som *attributt* i nomenfrasar, kjem dei *etter* kjernen og i same kjønn, tal og binding (§ 56a2 og 6 viser korleis slike frasar ser ut når det gjeld ordstilling og samsvarsbøying).

Som *predikativ* i setningar, kjem adjektiv vanlegvis framfor subjektet (men sjå ## 4–6 nedanfor og § 59b). Samsvarsbøying for adjektiviske predikativ gjeld berre kjønn og tal. Når eit adjektiv brukast som predikativ med *beskrivande* funksjon (i motseiing til *identifiserande* funksjon [sjå neste punkt]), står det aldri med bunden artikkel.

<sup>122</sup> Det motsette ser ut til å vere tilfelle i alle fall med adjektivet זָכוֹר (Sal 103,14), som nesten må omsettast med verbet *hugsar* e.l. på norsk.

<sup>123</sup> *Samanhengen* kan også vise at eit adjektiv er brukt komparativt eller superlativt. Sjå, f.eks., 4 Mos 14,3 og Fork 3,12.

1.	טוב העץ למאכל	Treet var <i>godt</i> for mat. (1 Mos 3,6)
2.	חנון אני	Eg er <i>nådig</i> . (2 Mos 22,26 [NO v. 27])
3.	קדושים תהיו	De skal vere <i>heilage</i> . (3 Mos 19,2)
4.	מצות יהוה ברה	HERRENS bod er <i>klart</i> . (Sal 19,9)

Adjektiv blir ikkje bøygd i total (dualis) slik som visse substantiv. Dersom eit adjektiv skal modifisere eit ord i dualis, står adjektivet i pluralis.

5.	(pl.) משה כבדים (du.) וידי	Men hendene til Moses vart <i>tunge</i> . (2 Mos 17,12)
6.	(pl.) ערות (du.) עינים	<i>blinde</i> auge (Jes 42,7)

Dersom det grammatiske talet som substantivet står i, skil seg frå det reelle talet på det som substantivet viser til (f.eks. med kollektivt eintal eller størrelsesfleirtal, sjå § 45), står eit adjektiv som modifiserer substantivet ofte bøygd i samsvar med det reelle talet og ikkje det grammatiske talet.

7.	גדול (sg.) אלהינו (pl.) מכל- האלהים	Vår Gud er <i>større</i> enn alle gudane. (2 Krøn 2,4 [NO v. 5])
----	--	--

Samsvar i kjønn kan også mangle mellom eit adjektiv og ordet det beskriv. Då står adjektiv som regel i hankjønn. Dette skjer gjerne der det kjem eit ord eller to mellom substantivet og adjektivet som modifiserer det (# 9).

8.	טוב (m.) אחרית (f.) דבר מראשיתו	Enden på noko er <i>betre</i> enn begynnelsen. (Fork 7,8)
9.	רחוק (m.) מרשעים ישועה (f.)	Hjelp er <i>langt borte</i> frå gudlause. (Sal 119,155)

## b) Substantivisk funksjon

Når eit adjektiv ikkje er brukt for å modifisere betydninga til eit substantiv, er det som regel fordi adjektivet sjølv har ein substantivisk funksjon, dvs. at adjektivet *nemner* eller *viser til* noko, slik som eit substantiv: Ein *skuldfri* og ein *rettferdig* må du ikkje slå i hel! (2 Mos 23,7).

Når slike adjektiv står i status constructus med eit substantivisk attributt etterpå, har dei ofte superlativ betydning (## 1 og 2).

1.	קָדוֹשׁ יִשְׂרָאֵל	Israels <i>Heilage</i> (← Israels heilagaste; Jes 12,6)
2.	לְמִקְטָנָם וְעַד-גְּדוֹלָם	frå <i>den minste</i> av dei og til <i>den største</i> av dei (Jer 31,34)

Etter eit nomen i status constructus pleier det å komme eit *substantivisk* attributt. Adjektiv som kjem etter eit nomen i status constructus, har dermed vanlegvis substantivisk funksjon (## 3 og 4). Noko liknande har ein med preposisjonar, som helst fyllast ut av noko substantivisk (sjå § 57a): eit adjektiv som kjem like etter ein preposisjon, har som regel substantivisk funksjon (## 5 og 6).

3.	דֶּרֶךְ חַטָּאִים	<i>syndiges</i> (→ <i>syndarars</i> ) veg (Sal 1,1)
4.	עֵינֵי עִוְרִים וְאָזְנֵי חֲרָשִׁים	<i>blindes</i> auge og <i>døves</i> øyre (Jes 35,5; ikkje: blinde auge og døde øyre)
5.	מִזֵּדִים	frå <i>frekke</i> ( <i>ting?</i> <i>personar?</i> ; Sal 19,14)
6.	בְּחֹזֶק	i form av <i>ein som er sterk</i> (Jes 40,10)

## § 51 Talord

På bibelhebraisk finst det ord for både grunntal (éin, to, tre ...) og ordenstal (første, andre, tredje ...). Ulike former av desse orda kan også brukast for å uttrykke andre typar tal (f.eks. brøkar og fordoblingar).

### a) Grunntal

Orda som uttrykker grunntala på bibelhebraisk, har to grunnleggande funksjonar. Dei kan gi opp talet på noko som nemnast saman med talordet – חָמֵשׁ שָׁנִים *fem år* – og dei kan nemne ein eller fleire ting/personar der det er klart ut ifrå samanhengen kva/kven dei viser til – אִם-אֶמְצָא שָׁם אַרְבָּעִים וְחַמְשָׁה *dersom eg finn førtifem* [rettferdige] *der* (1 Mos 18,28).

אֶחָד *éin* – Talordet אֶחָד fungerer vanlegvis som eit adjektivisk attributt i ein nomenfrase (sjå § 56a2), dvs. at det står *etter* ein nominal kjerne og med same kjønn, tal og binding som kjernen (## 1–4). Det kan også stå som adjektivisk predikativ i ei setning (sjå § 59b1), med same kjønn og tal som subjektet (# 5). Som adjektivisk ord kan אֶחָד bl.a. gi opp talet på noko (# 1), peike ut eitt individ i ei mindre gruppe (# 2), og beskrive noko som felles, udeleleg eller udelt (## 3–5).

1.	יוֹם אֶחָד	<i>éin</i> dag (Jon 3,4)
----	------------	--------------------------

2.	וַיִּתְּנוּ-לָנוּ שְׁנַיִם פָּרִים וַיִּבְחָרוּ לָהֶם הַפָּר הָאֶחָד ... וְאֲנִי אֶעֱשֶׂה אֹת- הַפָּר הָאֶחָד	Så la dei gi oss to oksar. Og dei kan velje seg den <i>eine</i> oxsen ... og eg skal stelle til den <i>andre</i> oxsen. (1 Kong 18,23)
3.	שְׁפָה אֶחָת וּדְבָרִים אֶחָדִים	<i>same</i> språk og <i>same</i> ord (1 Mos 11,1)
4.	בְּשָׂר אֶחָד	<i>éin</i> kropp (1 Mos 2,24)
5.	יְהוָה אֶחָד	HERREN er <i>éin</i> . (5 Mos 6,4)

אֶחָד kan også brukast som eit pronomen for å *nemne* ein viss ting, person eller stad som ikkje alltid er nærmare spesifisert (## 6–8, sjå § 44c om bruken av hokjønnsforma i Sal 27,4). Gruppa som denne *eine* tingen osv. høyrer til i, kan følge etter med preposisjonen מִן i mellom (# 9) eller som eit substantivisk attributt (# 10).

6.	אֶחָת שְׂאֵלָתִי	<i>Ein</i> [ting] ber eg om. (Sal 27,4)
7.	וְאַהֲרֹן וְחֹר תִּמְכוּ בְיָדָיו מִזֶּה אֶחָד וּמִזֶּה אֶחָד	Og Aron og Hur støtta hendene hans. På denne sida var <i>ein</i> [av dei] og på den andre sida var <i>ein</i> [av dei]. (2 Mos 17,12)
8.	וַיִּשְׂאָרוּ שְׁנַיִם-אֲנָשִׁים בַּמְחִנֶּה שֵׁם הָאֶחָד אֶלְדָּד	Og det var to menn igjen i leiren. Namnet til <i>den eine</i> var Eldad. (4 Mos 11,26)
9.	אֶחָד מִן-הַשֶּׁרָפִים	<i>ein</i> av serafane (Jes 6,6)
10.	אֶחָד הַהָרִים	<i>eit</i> av fjella (1 Mos 22,2)

שְׁנַיִם *to* – Dette talordet står som regel i status constructus og i same kjønn som det substantiviske attributtet som kjem etterpå. Det brukast for å gi opp talet på noko (# 11) og for å nemne to individ i gruppa som attributtet viser til (# 12), eller to individ som utgjør gruppa som attributtet viser til (# 13). שְׁנַיִם kan brukast utan attributt for å nemne noko der det er klart ut ifrå samanhengen kva/kven det viser til (# 14).

11.	שְׁנַיִם לַחַת אֲבָנִים	<i>to</i> tavler av stein (5 Mos 5,22)
12.	שְׁנַיִם נְעָרָיו	<i>to</i> av tenestegutane sine (1 Mos 22,3)
13.	וַיִּלְכוּ שְׁנֵיהֶם יַחְדָּו	Og så gjekk dei <i>to</i> i lag. (1 Mos 22,8)

14.	בְּשֵׁתַיִם יִכְסֶה פָּנָיו וּבְשֵׁתַיִם יִכְסֶה רַגְלָיו וּבְשֵׁתַיִם יַעֲזֹפֶף	Med <i>to</i> dekte han ansiktet sitt og med <i>to</i> dekte han føtene sine og med <i>to</i> flaug han. (Jes 6,2)
-----	---	--

I status absolutus blir שְׁנַיִם brukt for å gi opp talet på noko som står framfor eller etter talordet (## 15 og 16).

15.	כְּרוּבִים שְׁנַיִם	<i>to</i> kjerubar (2 Krøn 3,10)
16.	שְׁתַּיִם רָעוֹת	<i>to</i> vonde ting (Jer 2,13)

3–10 – Grunntala 3–10 kan stå både framfor eller etter det talde elementet og i status constructus (berre framfor, ## 17 og 18) eller absolutus (framfor [# 19] eller etter [# 20]). Det mest overraskande ved bruken av desse talorda er at dei står i *motsett* kjønn til det talde, som unntaksvis står i eintal.

17.	שִׁבְעַת יָמִים	<i>sju</i> dagar
18.	שְׁלֹשׁ מֵאוֹת	<i>tre</i> hundre
19.	שְׁמֹנֶה נְסִיכֵי אָדָם	<i>åtte</i> menneskehovdingar (Mi 5,4)
20.	עַמּוּדֵיהֶּ שִׁבְעָה	sine <i>sju</i> søyler (Ordt 9,1)

11–19 – Ein variant av ordet עֶשֶׂר *ti* – עֶשְׂרֵי med hankjønnsord og עֶשְׂרֵה med hokjønnsord – blir kombinert med talorda for 1–9 for å danna talorda 11–19.<sup>124</sup> I slike tilfelle vil talorda for 1 og 2 som vanleg stå i same kjønn som det talde, og 3–9 stå i motsett kjønn (sjå ovanfor). Desse talorda står som regel framfor det talde, som kan stå i fleirtal eller eintal.

21.	וּשְׁתַּיִם עֶשְׂרֵה מִצְבֵּה לְשָׁנִים עֶשֶׂר שְׁבַטֵי יִשְׂרָאֵל	og <i>tolv</i> steinstøtter for Israels <i>tolv</i> stammer (2 Mos 24,4)
22.	חֲמֵשֶׁה עֶשְׂרֵה כֶּסֶף	<i>femten</i> sølvpenngar (Hos 3,2)

10–tal – Talorda for 20, 30, 40 ... 90 har alltid fleirtal absolutus-endinga frå m-mønsteret (sjå § 28a). Mens עֶשְׂרִים *tjue* er "hankjønn fleirtal absolutus" av עֶשֶׂר *ti*, tar dei andre 10-tala utgangspunkt i dei tilsvarande tala frå 3 til 9: שְׁלֹשִׁים *tretti* av שְׁלֹשׁ *tre*, אַרְבָּעִים *førti* av אַרְבַּע *fire* osv. Eit tal mellom to 10-tal uttrykkast vanlegvis ved at tilleggstalet kjem etter 10-talet,

<sup>124</sup> I staden for אָחַד kan ordet עֶשְׂתֵּי også brukast saman med עֶשֶׂר eller עֶשְׂרֵה for *elleve*.

med konjunksjonen ׀ imellom (# 25).

23.	אַרְבָּעִים יוֹם	<i>førti</i> dagar (Jon 3,4)
24.	חֲמִשִּׁים הַצְּדִיקִים	<i>femti</i> rettferdige (1 Mos 18,24)
25.	שֵׁשִׁים וְחֲמִשׁ שָׁנָה	<i>seksstifem</i> år (Jes 7,8)

מֵאָה *hundre* (f.) og אֶלֶף *tusen* (m.) kan stå i eintal, total (מֵאָתַיִם *to hundre*, אֶלְפַיִם *to tusen*) og fleirtal. Det som er talt, kan stå i eintal eller fleirtal.

### b) Ordenstal

Ordenstal er ord som kan vise kva for plass noko(n) har i ei rekkefølge (*første*, *femtiande*, *hundreogtrettiåttande*). På bibelhebraisk finst det eigne former berre for ordenstala frå *første* til *tiande*. Mens ordenstala frå *andre* til *tiande* blir danna ved hjelp av suffikset י־ (som også brukast til å danne andre adjektiviske ord, sjå § 15d), er ordenstalet *første* vanlegvis uttrykt med ordet ראשון (av ראש *hovud*).

Desse talorda kan fungere som adjektiviske attributt i nomenfrasar (## 1 og 2, sjå § 56a2). Når kjernen er eit ord for *gong*, *tilfelle* (פַּעַם [f.], רֶגֶל [f.]), kan det utelatast (# 3).<sup>125</sup> Dei kan også fungere som substantiv og nemne noko(n) ved hjelp av plassen det/n har i rekkefølga (# 4).

1.	הַחֹדֶשׁ הַשְּׁבִיעִי	den <i>sjuande</i> månaden
2.	בְּשָׁנָה הַרְבִּיעִית	i det <i>fjerde</i> året
3.	וַיְהִי דְבַר־יְהוָה אֶל־יוֹנָה שְׁנִית	Og så kom HERRENS ord til Jona <i>andre</i> [ <i>gongen</i> ]. (Jona 3,1)
4.	וְשֵׁם הַשְּׁנִי מִדָּד	Og namnet til <i>den andre</i> var Medad. (4 Mos 11,26)

Talorda som vanlegvis brukast som grunntala 1–10, blir av og til brukt som ordenstal – særleg om dagar og år (men ikkje månadar) i datoar:

5.	בְּיוֹם אֶחָד לַחֹדֶשׁ הַשְּׁבִיעִי	på den <i>første</i> dagen i den <i>sjuande</i> månaden (Neh 8,2)
----	-------------------------------------	---

Frå *ellefte* og oppover brukast dei same orda som for grunntala:

<sup>125</sup> Alternativt kan ein tolke desse talorda som frie adverbial (§ 59c).



6.	בְּאַרְבָּעָה עָשָׂר יוֹם	på den fjortande dagen (Jos 5,10)
----	---------------------------	-----------------------------------

### c) Andre taluttrykk

På same måte som på norsk, kan ein del brøkar uttrykkast med dei same orda som ordenstal, men då i hokjønn: עֶשְׂרִיָּה *ein tiandedel* (Jes 6,13). Elles finst det ein del ord som brukast berre om brøkdelar, f.eks. חֲצִי *ein halv*. Frasar med talord gjentakast gjerne når same sum skal gjelde likt for fleire, f.eks. לְאֶחָד שֵׁשׁ כְּנָפִים שֵׁשׁ כְּנָפִים *seks venger var det til kvar enkelt* (Jes 6,2).

## § 52 Pronomen og demonstrativ

Eit ord brukast som pronomen når det står i staden for eit nomen, ein nomenfrase eller ei setning. I staden for å nemne den same personen, staden, tingen eller situasjonen fleire gonger, vil ein språkbrukar ofte velje å bruke eit kort erstatningsord – eit pronomen – og la samanhengen gjere det klart kva eller kven ordet refererer til: *Kain gjekk laus på Abel og drap han* (ikkje: *og drap Abel*). Dette er tilfelle med *personlege* pronomen som *han*, *dykk* og *eg*. Andre typar pronomen har spesielle tilleggsfunksjonar som å peike på noko (*påpeikande* pronomen) eller indikere eit spørsmål (*spørjepronomen*).

Ein del ord som brukast som pronomen, kan også brukast som demonstrativ. I slike tilfelle kjem dei ikkje i staden for noko anna slik som pronomen gjer. Dei fungerer heller nesten som adjektiviske attributt (sjå §§ 50a og 56a2). Men i staden for å modifisere betydninga til kjernen ved hjelp av ein eigenskap eller tilstand slik som adjektiv gjer, hjelper dei kjernen å vise til noko(n) ved å peike på det/den i den aktuelle samanhengen (sjå pkt. d nedanfor).

### a) Personlege pronomen

Personlege pronomen er ord som får sitt innhald frå samanhengen fordi dei brukast som erstatningsord for nomen, nomenfrasar og setningar. Dei skil seg frå andre typar pronomen ved at dei vanlegvis refererer til noko(n) kjent og bestemt, utan å peike det/den ut for lesaren/tilhøyraren (sjå neste punkt). På bibelhebraisk er personlege pronomen markert for person, kjønn (ikkje i 1. person) og tal, og dei same 3. person-formene blir brukt om både personar og ting – det er altså ikkje noko skilje mellom *han/ho* og *den/det* på hebraisk. Bibelhebraiske pronomen har heller ikkje eigne refleksive former som svarer til norsk *seg/sin/si/sitt*.

Det er to måtar personlege pronomen kan uttrykkast på: Dei kan skrivast enten som sjølvstendige ord (frie pronomen) eller som suffiks på slutten av verb, nomen eller partiklar (pronomensuffiks).

(1) **Frie pronomen** (sjå formene i paradigme 16) fungerer vanlegvis som subjektet i ei setning (## 1 og 2, sjå §§ 59a). Men dei kan også stå som predikat (# 3), fokusledd (# 4) eller vokativ (# 5, sjå §§ 59b, e og f). I ein frase kan eit personleg pronomen fungere som ein

apposisjon til eit pronomensuffiks for å framheve det (# 6, sjå § 48b).

1.	הוא הלחם אשר נתן יהוה לכם לאכלה	Det er brødet som HERREN har gitt dykk til føde. (2 Mos 16,15)
2.	ואתה נשאת עון חטאתי	Og <i>du</i> tok bort mi syndeskuld. (Sal 32,5)
3.	אתה האיש	<i>Du</i> er mannen! (2 Sam 12,7)
4.	ואני הנני מחזק את לב מצרים	Og <i>eg</i> , no straks gjer eg hjartet til Egypt hardt. (2 Mos 14,17)
5.	בחסדך זכר-לי-אתה	I tråd med di miskunn, kom meg i hug, <i>du</i> ! (Sal 25,7)
6.	לא את-אבותינו כרת יהוה את- הברית הזאת כי אתנו אנחנו	Det var ikkje med fedrane våre HERREN gjorde denne pakta, men med oss – <i>oss</i> . (5 Mos 5,3)

Sidan finitte verb på bibelhebraisk har suffiks og/eller prefiks som viser person, kjønn og tal for subjektet, er det i utgangspunktet unødvendig å nemne subjektet for eit slikt verb ved hjelp av eit personleg pronomet. Dette blir likevel gjort når (1) eit verb i eintal har eit subjekt i fleirtal som består av eit hovudsubjekt (pronomet) og eitt eller fleire tilleggssubjekt (# 7); (2) subjektet står i kontrast til ein annan aktør (# 8); og (3) subjektet av ulike grunnar blir framheva (# 9).

7.	ולקח הוא ושכנו הקרב אל- ביתו	... så skal <i>han</i> og naboen hans som er nærast til huset hans ta [eit lam]. (2 Mos 12,4)
8.	השמע עם קול אלהים מדבר מתוך-האש באשר-שמעת אתה ויחי	Har noko folk høyrte Guds røyst mens han taler frå midten av elden, slik som <i>du</i> har høyrte, og overlevd? (5 Mos 4,33)
9.	אני-קראתיך כיתעניני אל	<i>Eg</i> roper til deg, for du svarer meg, Gud. (Sal 17,6)

(2) **Pronomensuffiks** (sjå §§ 33 og paradigme 16 for formene) finst på både verb, nomen og partiklar. På finitte verb og partisipp fungerer dei som objekt (# 1) eller bunde adverbial (# 2, sjå § 49). Pronomensuffiks på verb i infinitiv constructus kan i tillegg fungere som subjekt (# 3). På substantiv (# 4) og substantiverte adjektiv og partisipp (## 5 og 6), har pronomensuffiks ein genitiv funksjon (sjå § 48a). Pronomensuffiks på partiklar har dei same funksjonane som substantiv har etter slike ord (## 7–10).

1.	הלוא תדעוה	Kjenner de <i>det</i> ikkje? (Jes 43,19)
----	------------	--

2.	יְבֹאוּנִי רַחֲמֶיךָ וְאַחֲרֶיהָ	La medynken din komme [til] <i>meg</i> så eg kan leve! (Sal 119,77)
3.	בְּהִכְיֵנו שָׁמַיִם שָׁם אָנֹכִי	Då <i>han</i> grunnfeste himmelen, var eg der. (Ordt 8,27)
4.	מִמְנוּ יְשׁוּעָתִי	Frå han er redninga <i>mi</i> . (Sal 62,2)
5.	לְמִקְטָנִים וְעַד־גְּדוֹלָם	frå den minste <i>av dei</i> og til den største <i>av dei</i> (Jer 31,34)
6.	רְעִי	gjetarane <i>mine</i> (Esek 34,8)
7.	וְאָמְרוּ־לִי	Og så seier dei til <i>meg</i> ... (2 Mos 3,13)
8.	אֲנֹכִי מְלַמֵּד אֶתְכֶם	Eg skal til å lære <i>dykk</i> . (5 Mos 4,1)
9.	הֲנִי שְׁלַחְנִי	<i>Eg!</i> Send <i>meg!</i> (Jes 6,8)
10.	אֵינְנוּ דֹרֵשׁ לְשָׁלוֹם לְעַם הַזֶּה	<i>Han</i> søkjer ikkje fred for dette folket. (Jer 38,4)

#### b) Påpeikande pronomen og andre påpeikande erstatningsord

Når ein språkbrukar på bibelhebraisk nemner noko med eit erstatningsord som samtidig peikar det ut i samanhengen, kallast det ordet for eit påpeikande pronomen. Måten slike ord peikar noko ut på, er først og fremst ved å indikere om det er nært i tid eller rom, eller om det er lenger unna. Dette gjeld også ting som berre nemnast i teksten og ikkje kan observerast konkret (jf. # 3 nedanfor).

Dei fleste orda som brukast slik, kan delast i to grupper: **זֶה** (m.sg.), **זֵאת** (f.sg.) og **אֵלֶּה** (pl.) nemner og peiker på ting i nærleiken, slik at dei vanlegvis svarer omtrent til dei norske *denne*, *dette* og *desse*; og **הוּא** (m.sg.), **הִיא** (f.sg.), **הֵמָּה/הֵם** (m.pl.) og **הֵנָּה** (f.pl.) samt suffiksformene i 3. person, som også brukast som personlege pronomen (sjå paradigme 16), nemner og peiker på ting som er lenger unna, slik at dei vanlegvis svarer omtrent til dei norske *den*, *det* og *dei*. Fordi alle desse orda kan ha andre funksjonar, er det først og fremst samanhengen som avgjer om dei brukast som påpeikande pronomen eller noko anna.

Påpeikande pronomen fungerer i frasar og setningar stort sett slik som alle andre nomen. Dei kan stå som kjernen i ein nomenfrase med apposisjon (men ikkje med attributt, # 1). Dei kan modifisere den nominale kjernen i ein nomenfrase (# 2, sjå § 48) eller verbet i ein verbfrase (# 3, sjå § 49). Dei kan også stå som utfylling i ein preposisjonsfrase (# 4). I setningar kan påpeikande pronomen fungere som subjekt (# 5), predikativ (# 6) eller fokusledd (# 7).

1.	זֵאת קוֹמְתָךְ	<i>denne</i> , bygnaden din (Høg 7,8)
2.	עֵינֵי־אֵלֶּה	auga på <i>desse</i> (2 Kong 6,20)

3.	אחת שאלתי מאת־יהוה אותה אבקש	Eitt ber eg om av HERREN, <i>dét</i> ønsker eg. (Sal 27,4)
4.	נתתי לך את־צפיעי הבקר תחת גללי האדם ועשית את־ לחמך עליהם	Eg gir deg kumøkk i staden for menneskeskit, så kan du lage brødet ditt på <i>dét</i> . (Esek 4,15 <i>Kere</i> )
5.	לא יירשד זה	<i>Denne</i> skal ikkje arve deg. (1 Mos 15,4)
6.	חלותי היא שנות ימין עליון	Det som plagar meg, er <i>dette (det)</i> : endringa i handa til Den høgste. (Sal 77,11)
7.	כי־זה משה האיש אשר העלנו מארץ מצרים לא ידענו מה־היה לו	For <i>denne</i> , altså Moses, mannen som førte oss opp frå landet Egypt, vi veit ikkje kva som har hendt med han. (2 Mos 32,1)

Når det på bibelhebraisk blir vist til og peika på to ting som står i kontrast til kvarandre, brukast gjerne זֶה, זאת eller אֵלֶּה om begge delar:

8.	מלא שבע זאת ונתנה לך גם־את זאת בעבדה אשר תעבד עמדי עוד שבע־שנים אחרות	Fullfør veka til <i>denne</i> , og så skal også <i>den andre</i> bli gitt til deg mot eit arbeid som du gjer hos meg endå sju andre år. (1 Mos 29,27)
----	---	---

Erstatningsord som ikkje alltid kjem i staden for nomen(frasar) eller setningar, men som likevel brukast for å peike på noko i nærleiken eller noko lenger unna, er slike som שָׁם *der/då*, שָׁמָּה *dit*, פֹּה *her*, הֵלֶם *hit*, אֵז *då*, הֵנָּה *hit/no*, כֵּן *slik*, כֵּה *slik* og עֵתָּה *no*.

### c) Spørjepronomen og andre spørjande erstatningsord

Spørjepronomen er erstatningsord som vanlegvis brukast for å etterlyse dei ukjente nomena/frasane/setningane dei erstattar. Det finst i tillegg spørjande erstatningsord som ikkje alltid kjem i staden for nomen(frasar) eller setningar. Ingen av desse orda blir bøygd.

Når ein språkbrukar ikkje ventar svar på spørsmålet fordi han ikkje etterlyser informasjon, men heller legg fram ein påstand, heiter det eit *retorisk* spørsmål (sjå ## 3–5, 8–9 og 11). Eit anna tilfelle der spørjeordet מִי ikkje brukast for å etterlyse informasjon, er der språkbrukaren eigentleg uttrykker eit ønske om at noko skal skje, jf. מִי יַעֲלֶה־לָנוּ הַשְּׂמִימָה

וַיִּקְחֶהָ לָנוּ וַיִּקְחֶהָ לָנוּ *Kven vil fare opp for oss til himmelen og hente det til oss? ≈ Me skulle ønske at nokon ville fare opp ...* (5 Mos 30,12).<sup>126</sup>

Dei to spørjepronomena på bibelhebraisk er מָה (men også med *segål* [מָה] eller *pattah* [מַה־] i staden for *kamets*, og av og til etterfølgt av *makkef*, uansett vokal) og מִי. Pronomenet מָה blir vanlegvis brukt for å spørja etter ting (# 1), mens מִי som regel brukast om personar (# 2). Men מָה kan også brukast om både måtar/grad (## 3 og 6) og grunn (# 4), og מִי kan brukast om ting som assosierast med eller impliserer personar (# 5). Dei brukast som subjekt (# 2), predikativ (# 5), fritt adverbial (## 3 og 6), objekt (# 1) og attributt (# 7). Spørsmål med מָה og מִי kan framhevast med זֶה/זֵאת (## 6 og 7).

1.	מַה־תִּתֶּן־לִי	<i>Kva vil du gi meg?</i> (1 Mos 15,2)
2.	מִי־יַעֲלֶה בְּהַר־יְהוָה וּמִי־יִקּוּם בְּמִקּוֹם קָדְשׁוֹ	<i>Kven kan gå opp på HERRENS fjell? Og kven kan stå på hans heilage stad?</i> (Sal 24,3)
3.	מַה־יִּבִּין דְּרָכּוֹ	<i>Korleis kan han skjønne vegen sin?</i> [Retorisk spørsmål, ≈ Det finst ingen måte han kan skjønne vegen sin på.] (Ordt 20,24)
4.	וַיֹּאמֶר יְהוָה אֶל־מֹשֶׁה מַה־תַּצְעֵק אֵלַי	<i>Og så sa HERREN til Moses: Kvi for roper du til meg?</i> [Retorisk spørsmål, ≈ Du har ingen grunn til å rope til meg.] (2 Mos 14,15)
5.	מִי־גוֹי גָדוֹל	<i>Kven er eit stort folk ...?</i> [Retorisk spørsmål, ≈ Det finst ikkje eit stort folk.] (5 Mos 4,7)
6.	מַה־זֶּה מַה־רַתָּ לְמִצְאָ בְּנִי	<i>Korleis i all verda kunne du vere så snøgg til å finne noko, son min?</i> (1 Mos 27,20)
7.	בֶּן־מִי־זֶה הַנַּעַר	<i>Kven tru guten er son til?</i> (1 Sam 17,55)

Eksempla 3 og 4 ovanfor viser at spørjepronomenet מָה ikkje berre brukast til å spørje etter ting (*kva?*). Dette skjer også når det fungerer som utfylling for ein preposisjon. I slike tilfelle, og avhengig av preposisjonen, kan heile preposisjonsfrasen svare omtrent til *kvifor?* (## 8 og 9), *korleis?* (# 10) og *kor lenge?* (# 11).

<sup>126</sup> Slike spørsmål begynner ofte med מִי יִתֵּן *Kven gir?* ≈ *Eg skulle ønske at ...*, jf. bm *Gid ...* (= *Gud gi det ...*) og nn *Gi (berre) ...*

8.	לְמָה זֶה הֵעֲלִיתָנוּ מִמִּצְרַיִם	<i>Kvifor</i> i all verda har du ført oss opp frå Egypt? [Retorisk spørsmål, ≈ Du hadde ingen grunn til å føre oss opp frå Egypt!] (2 Mos 17,3)
9.	עַל מָה תִּכּוּ עוֹד	<i>Kvifor</i> vil de bli slått meir? [Retorisk spørsmål, ≈ De har ingen grunn til å ønske fleire slag.] (Jes 1,5)
10.	בְּמָה אֲדַע כִּי אֵירֶשֶׁנָּה	<i>Korleis</i> kan eg vite at eg skal arve det? (1 Mos 15,8)
11.	עַד־מָה כְּבוֹדִי לְכֻלָּמָה	<i>Kor lenge</i> skal min herlegdom vere til spott? [Retorisk spørsmål, ≈ Min herlegdom har vore til spott altfor lenge.] (Sal 4,3)

Andre spørjande erstatningsord er slike som *מָתַי* *når?*, *מַדּוּעַ* *kvifor?*, *כּוֹר?* *kor?*, *אֵיךְ* *korleis?*, *אֵי* *når?/kor?*, *אֵי* *kor?* og *אֵיךְ* *kor?*

#### d) Demonstrativ

I tillegg til å kunne fungere som personleg og/eller påpeikande pronomen, kan *הוּא*, *היא*, *הֵם*, *הֵנָּה*, *הֵמָּה*, *זֶה*, *זֶהַּ* og *אֵלֶּה* også ha demonstrativ funksjon. Det skjer når dei spesifiserer nærmare eit nomen ved å indikere om det er nært i tid eller rom, eller er lenger unna. I slike tilfelle dannar dei ein nomenfrase saman med dette nomenet og fungerer som eit adjektivisk attributt i same kjønn, tal og binding som den nominale kjernen (sjå § 56a2 og 56a7).

1.	הַמָּקוֹם הַהוּא	<i>dén</i> staden (1 Mos 22,14)	הַמָּקוֹם הַזֶּה	<i>denne</i> staden (5 Mos 26,9)
2.	הָאָרֶץ הַהוּא	<i>dét</i> landet (2 Mos 3,8)	הָאָרֶץ הַזֹּאת	<i>dette</i> landet (1 Mos 15,7)
3.	הַיָּמִים הָהֵם	<i>déi</i> dagane (Jer 31,33)	הַיָּמִים הָאֵלֶּה	<i>desse</i> dagane (Est 1,5)

### Partiklar (funksjonsord), § 53–55

Denne grammatikken deler hebraiske ord inn i tre grupper eller *klasser* (jf. § 14c): verb, nomen og partiklar. Denne inndelinga er basert på både form (morfologi), funksjon (syntaks) og betydning (semantikk). Mange partiklar er, for eksempel, korte og ubøyelege. Dei har i tillegg ofte meir funksjon enn innhald. Det vil seia at dei "gjer" noko meir enn dei "betyr" noko.

Det er likevel fleire ord som viser at denne inndelinga ikkje er absolutt. Ordet *תַּחַת*, f.eks., brukast både som nomen (substantiv): *תַּחַתָּיו* *plassen hans* (← *staden under han*); og

som partikkel (preposisjon): **תַּחַת הַשֶּׁמֶשׁ** *under sola* (Fork 2,22).<sup>127</sup> I dette og liknande tilfelle, står partikkelen med trekk frå nomenbøying, sjølv om partiklar i utgangspunktet ikkje blir bøygd.

Kva slags ting er det partiklar "gjer"? Ein del av dei relaterer forskjellige ting i teksten til kvarandre. Andre er med på å gi "grammatisk" informasjon om ord og frasar, f.eks. om binding. Partiklar kan også formidla følelsane hos ein språkbrukar.

## § 53 Preposisjonar

Preposisjonar er (stort sett) ubøyelege småord som har eit substantiv eller tilsvarande rett etter seg: *i landet, for dei, til å gjere*. Saman med denne substantiviske *utfyllinga*, blir det danna ein preposisjonsfrase. I § 57 blir det forklart korleis slike frasar er bygd opp og fungerer i ulike samanhengar på bibelhebraisk. Der går det bl.a. fram at preposisjonsfrasar som regel knyter seg til verb (som bunde adverbial, objekt eller objektspredikativ), til nomen (som attributt, apposisjon eller subjektspredikativ) eller til resten av setninga generelt (som fritt adverbial).

Den vanlegaste funksjonen til preposisjonar er å gi opplysningar om kor det som verbet, nomenet eller setninga viser til, er plassert i rom eller tid i forhold til utfyllinga. Men preposisjonar er også med på å uttrykke andre typar konkrete eller abstrakte forhold mellom verbet, nomenet eller setninga og den substantiviske utfyllinga som kjem etterpå. Dette er slike ting som, f.eks., reiskap, fordel/ulempe, følge, årsak, hensikt, eigarskap, måte, ... I tillegg kan preposisjonar av og til vise til grammatiske forhold, f.eks. verb–objekt.

Det finst både enkle, samansette og komplekse preposisjonar. Resten av dette kapittelet handlar stort sett om dei vanlegaste enkle preposisjonane.

*Samansette* preposisjonar er sett saman av (vanlegvis) to enkle preposisjonar, slik ein også har på norsk: *overfor, ifrå*. På bibelhebraisk er det gjerne andre preposisjonar som blir sett saman enn dei ein er vant til på norsk, f.eks. **מֵעַל (עַל) over + מִן frå** (≈) *frå, לְפָנֶיךָ (לְפָנֶיךָ framfor + לְ til* ≈) *framfor*. I mange slike tilfelle passar det best med ein enkel preposisjon som omsetting.

*Komplekse* preposisjonar er eigentleg preposisjonsfrasar med utfyllinga i status constructus som har stivna til faste kombinasjonar. Det vanlegaste eksempelet er **לְפָנֶיךָ**, som består av preposisjonen **לְ til**, *for, når det gjeld* og substantivet **פָּנִים** *ansikt* i status constructus. Her fungerer partikkelen og nomenet saman som éin preposisjon: *framfor, før*. Eit anna vanleg eksempel er **לְמַעַן** *for ... skuld, av omsyn til*.<sup>128</sup>

Sjølv om ein preposisjon ikkje kan bety kva som helst, er det ikkje alltid enkelt å avgrense betydninga ved hjelp av nokre få norske "ekvivalentar." Det er i tillegg først og fremst i eit *leksikon* at ein får hjelp til å sjå betydningsnyansane til eit ord, og der ser ein at betydninga

<sup>127</sup> Jf. *bak* på norsk, som også er både substantiv og preposisjon.

<sup>128</sup> Sideformene til **לְ**, **בְ** og **כְ** – **לְמוֹ**, **בְּמוֹ** og **כְּמוֹ** – kan også kanskje forklarast som komplekse preposisjonar der ein variant av spørjepronomenet **מָה** har blitt ein fast del av preposisjonen.

ofte heng saman med orda det er brukt saman med. Ein preposisjon, for eksempel, kan bety forskjellige ting, avhengig av verbet og utfyllinga som kjem etterpå. Målet her er å gi ei oversikt over korleis preposisjonane som førekjem minst 500 gonger på bibelhebraisk, ofte blir brukt. Preposisjonane nedanfor er sortert alfabetisk og ikkje etter frekvens.

a) אל

Preposisjonen אל viser primært at ein bevegelse i **rom** skjer i *retning mot* utfyllinga (#

1). Den kan også markere at utfyllinga er *sluttmålet* for ein bevegelse (# 2, også biletleg: # 3). Det hender også at preposisjon plasserer noko i *nærleiken* av utfyllinga (# 4).

1.	שִׁטְחֹתַי אֵלַיְךָ כָּפִי	Eg retter <i>mot</i> deg hendene mine. (Sal 88,10)
2.	וַיֵּצֵא אֶת־הָאֲשֵׁרָה מִבַּיִת יְהוָה מִחוּץ לִירוּשָׁלַם אֶל־נַחַל קִדְרוֹן	Og så førte han Asjera-stolpen ut frå HERRENS hus ut av Jerusalem <i>til</i> Kedron-dalen. (2 Kong 23,6)
3.	לְשׂוֹבֵב יַעֲקֹב אֵלָיו	for å føre Jacob tilbake <i>til</i> han (Jes 49,5)
4.	צֵא־נָא לִקְרֹאת אַחֲזוּ אֶתְּהָ וּשְׂאָר יָשׁוּב בְּנֶדֶךְ אֶל־קֶצֶה תְּעֹלֶת הַבְּרָכָה הַעֲלִיזָנָה	Så gå for å møte Ahaz, du og Sjear-Jasjub, son din, <i>ved</i> enden av vassleidningen frå Øvredammen! (Jes 7,3)

Av **andre typar forhold**, brukast אל bl.a. når ein situasjon blir *spesifisert* til å handle om utfyllinga, slik ein også ser med לְ (pkt. f) og כִּי (pkt. d). Dette kan til tider nærme seg ei *årsak* (# 5). Preposisjonen kan også vise at utfyllinga er den som har *interesse* av at hendinga skjer (# 6).

5.	לִבִּי וּבִשְׂרֵי יִרְגְּנוּ אֵל אֱלֹהֵי	Hjartet mitt og kjøttet mitt jublar <i>over</i> den levande Gud. (Sal 84,3)
6.	וַנְּבַקְעֵנָה אֵלֵינוּ	Og la oss ta den <i>for</i> oss sjølve. (Jes 7,6)

Kanskje som ei vidareføring av den romlege bruken om retning, blir אל brukt med *mottakar-* eller *sanseobjektet* til visse verb (## 7–10). Dette er ein **grammatisk** funksjon.

7.	וַיִּקְרָא מֹשֶׁה אֶל־כָּל־יִשְׂרָאֵל	Og så kalla Moses saman heile Israel. (5 Mos 5,1)
8.	וַיֹּאמֶר יְהוָה אֶל־יִשְׁעִיָּהוּ	Og så sa HERREN <i>til</i> Jesaja. (Jes 7,3)
9.	וַיִּתְּנֵם אֵלָי	Og så ga han dei <i>til</i> meg. (5 Mos 5,22)



10.	שמעו איים אלי	Høyr, kystar, på meg! (Jes 49,1)
-----	---------------	----------------------------------

b) אַחַר / אַחֲרָי

Med **romleg** nyanse, er preposisjonen אַחֲרָי med på å plassere noko *bakanfor* eller på *baksida* av utfyllinga (## 1 og 2). Denne bruken kan også vere biletleg, f.eks. om å knyte seg til ein guddom (# 3).

1.	וְשָׂרָה שָׁמְעַת פֶּתַח הָאֵהָל וְהוּא אַחֲרָיו	Og Sara hørde det i teltopninga – og den var <i>rett bak</i> han. (1 Mos 18,10)
2.	וַיִּרְדְּפוּ מִצְרַיִם וַיָּבֵאוּ אַחֲרֵיהֶם	Og så følgde egyptarane etter og gjekk inn <i>rett bak</i> dei. (2 Mos 14,23)
3.	לִלְכֹת אַחֲרֵי אֱלֹהִים אַחֲרַיִם	å gå <i>etter</i> (→ å følge) andre gudar (5 Mos 11,28)

Denne preposisjonen er også brukt **temporalt** for å legge noko til *tidsperioden som følger* utfyllinga.

4.	זָרַעְכֶם אַחֲרֵיכֶם	avkommet dykkar <i>etter</i> dykk (1 Mos 9,9)
5.	הַבְּרִית אֲשֶׁר אֶכְרֵת אֶת־בֵּית יִשְׂרָאֵל אַחֲרֵי הַיָּמִים הָהֵם	pakta som eg gjer med Israels hus <i>etter</i> dei dagane (Jer 31,33)

c) אֵת

Utan pronomensuffiks har dette ordet same form som objektsmerket אֵת (sjå § 55b). Med suffiks har dei vanlegvis forskjellige vokalar (sjå § 36).

Den **romlege** bruken av אֵת plasserer noko (ein situasjon eller ein ting) i nærleiken av eller *hos* utfyllinga (# 1). Den brukast særleg når det er noko som høyrer saman med utfyllinga (# 2). Oftare er det snakk om ein bevegelse der noko (eit subjekt/objekt) *følger med* utfyllinga (## 3 og 4).

1.	שָׂתֵה אֶפְרַחֶיהָ אֵת־מִזְבְּחוֹתֶיךָ	Ho legg ungane sine <i>ved</i> altara dine. (Sal 84,4)
2.	וַיֹּאמֶר אֱלֹהִים אֶל־נֹחַ וְאֶל־בָּנָיו אֵתוֹ	Og så sa Gud til Noah og til sønene hans <i>hos</i> han ... (1 Mos 9,8)
3.	וַיֵּלֶךְ אֵתוֹ לוֹט	Og så dro Lot <i>saman med</i> han. (1 Mos 12,4)
4.	וְקַח אֵתְךָ מִזִּקְנֵי יִשְׂרָאֵל	Og ta <i>med</i> deg nokre av dei eldste i Israel! (2 Mos 17,5)

Denne preposisjonen brukast ikkje berre for å indikere posisjon(ar) i rom, men også om **andre typar forhold**, bl.a. når eit substantiv har utfyllinga som ein gjensidig *part* eller *deltakar* (# 5); når noko er eller skjer til *fordel* for utfyllinga (# 6); når noko skjer *ved hjelp av*, *gjennom* eller *på grunn av* utfyllinga (# 7); og når utfyllinga blir *bevisst* noko (# 8).

5.	בְּרִיתִי אִתְּכֶם	pakta mi <i>med</i> deg (1 Mos 9,9)
6.	יָאֵר פָּנָיו אֶתָּנוּ	Måtte han la ansiktet sitt lyse <i>for</i> oss! (Sal 67,2)
7.	וְשִׁעֲשַׁעֵי אֶת־בְּנֵי אָדָם	Og glede mi var <i>hos</i> menneske. (Ordt 8,31)
8.	וְנוֹדְעָה יַד־יְהוָה אֶת־ עַבְדָּיו	Og HERRENS hand (→ makt) skal bli kjent <i>hos</i> tenarane hans. (Jes 66,14)

#### d) בָּ

Preposisjonen בָּ brukast for å uttrykke at noko på ein eller annan måte skjer eller er i nærleiken av utfyllinga i **rom**, konkret (## 1–7) eller biletleg (# 8).

1.	אֲנֹכִי דֹבֵר בְּאַזְנוֹיְכֶם הַיּוֹם	Eg talar <i>for</i> øyra dykkar i dag. (5 Mos 5,1)
2.	יְהוָה אֱלֹהֵינוּ כָּרַת עִמָּנוּ בְּרִית בְּחֹרֵב	HERREN vår Gud gjorde med oss ei pakt <i>ved</i> Horeb. (5 Mos 5,2)
3.	פָּנִים בְּפָנִים	ansikt <i>til</i> ansikt (5 Mos 5,4)
4.	סֵפֶר הַבְּרִית הַנִּמְצָא בְּבֵית יְהוָה	Paktboka som var funnen <i>i</i> HERRENS hus. (2 Kong 23,2)
5.	וַיִּקְטֹר בְּבָמֹת בְּעָרֵי יְהוּדָה	Så han ofra <i>på</i> haugane <i>i</i> Juda-byane. (2 Kong 23,5)
6.	עֲבָרִי בְּעֵמֶק הַבְּכָא	farande <i>gjennom</i> Bakadalen (Sal 84,7)
7.	רוּחַ עֲבָרָה־בּוֹ	Ein vind fer <i>over</i> han. (Sal 103,16)
8.	וְהָיִיתָ עֵטָרַת תְּפָאֶרֶת בְּיַד־ יְהוָה	Og så skal du bli ein herleg krans <i>i</i> HERRENS hand. (Jes 62,3)

**Temporal** bruk av בָּ skjer når ein situasjon eller noko substantivisk blir plassert *ved* eit tidspunkt (## 9 og 10) eller *innanfor* eit tidsrom (## 11 og 12) markert ved hjelp av utfyllinga.

9.	בְּאַסְפֹּדֶד מִגִּרְנֶךָ וּמִיקָבֶדָּ	når du samler inn frå treskjeplassen din og frå vinpressa di (5 Mos 16,13)
10.	בְּיוֹם צָרְתִי אֲדַנִּי דְרָשְׁתִּי	På mi nauds dag, søkjer eg Herren. (Sal 77,3)
11.	בְּשָׁנַת־מוֹת הַמֶּלֶךְ עֲזִיָּהוּ וְאַרְאֶה אֶת־אֲדָנִי	I dødsåret til kong Ussia, så såg eg Herren. (Jes 6,1)
12.	וּבְעוֹד שָׁשִׁים וְחָמֵשׁ שָׁנָה יַחַת אֶפְרַיִם מֵעַם	Og <i>innanfor</i> ein tidsperiode på 65 år, skal Efraim vere knust så det ikkje lenger er eit folk. (Jes 7,8)

Fleire **andre typar forhold** mellom eit verb/nomen og utfyllinga kan også uttrykkast ved hjelp av preposisjonen בְּ. Utfyllinga kan vere noko som avgrensar eller *spesifiserer* kva det er f.eks. ei setning eller eit adjektiv gjeld (# 13); ei *årsak* til at noko skjer (# 14); ein *tilstand* hos ein aktør (# 15) eller det han opptrer *i eigenskap av* å vere (# 16); ei *norm* noko er gjort etter (# 17) eller ein *måte* noko er gjort på (# 18).

13.	מִי־כַמְכָּה בְּאֵלִים ... נֶאֱדָר בְּקֹדֶשׁ	Kven er lik deg <i>blant</i> gudane? ... herleg <i>i</i> heilagdom? (2 Mos 15,11)
14.	בְּאַהֲבַת יְהוָה אֶת־יִשְׂרָאֵל לְעֵלָם וַיְשִׁימָךָ לְמֶלֶךְ	<i>Fordi</i> HERREN <i>elskar</i> Israel for alltid, så gjorde han deg til konge. (1 Kong 10,9)
15.	אִם־קָפַץ בְּאַף רַחֲמָיו	Har han lukka igjen mildskapen sin <i>i</i> vreide? (Sal 77,10)
16.	הִנֵּה אֲדָנִי יְהוָה בְּחֹזֶק יְבוּאָה	Sjå! Herren GUD kjem <i>som</i> ein "sterking." (Jes 40,10)
17.	וּבְמִשְׁפָּטֵי לֹא יִלְכוּן	Og <i>etter</i> (= <i>i samsvar med</i> ) lovene mine går han ikkje. (Sal 89,31)
18.	בְּחַפְזוֹן יֵצֵאתָ מֵאֶרֶץ מִצְרַיִם	<i>I</i> hast dro du ut av landet Egypt. (5 Mos 16,3)

Preposisjonen brukast også når noko er *til skade for* eller *i fiendskap mot* utfyllinga (# 19).

19.	בָּנִים גִּדְלֵתִי וְרוֹמְמֵתִי וְהֵם פָּשְׁעוּ בִּי	Barn har eg fostra og oppdratt, men dei gjorde opprør <i>mot</i> meg. (Jes 1,2)
-----	---	---

Når utfyllinga viser seg *saman* eller *i samband med* situasjonen (# 20) – gjerne som *reiskapen* noko er utført med (# 21), eller *materialet/gjenstanden* som er brukt i situasjonen (# 22), dukkar denne preposisjonen gjerne opp.

20.	נְחִיתָ בְּחַסְדְּךָ עַם-זוֹ גְּאֻלְתָּ גְּהִלְתָּ בְּעֵזְךָ אֶל-נְוֵה קְדֻשְׁךָ	Du førte <i>i</i> miskunna di folket som du fria ut. Du leidde <i>med</i> krafta di til din heilage bustad. (2 Mos 15,13)
21.	בְּשֵׁתִים יִכְסֶה פָּנָיו וּבְשֵׁתִים יִכְסֶה רַגְלָיו וּבְשֵׁתִים יַעֲוֹף	<i>Med</i> to dekte han ansiktet sitt og <i>med</i> to dekte han føtene sine og <i>med</i> to flaug han. (Jes 6,2)
22.	הַמְשִׁבִיעַ בְּטוֹב עֲדִיךָ	Han mettar <i>med</i> det gode livet ditt(?). (Sal 103,5)

Utfyllinga kan også vere *det ein byter inn*, eller *betalinga* ein gir for noko (# 23). Preposisjonen kan i tillegg vise at noko er eller gjeld ein *del* av utfyllinga (# 24).

23.	כִּי לְקַחָה מִיַּד יְהוָה כְּפָלִים בְּכָל-חַטָּאתֶיהָ	Sanneleg har ho fått av HERRENS hand dobbelt <i>for</i> alle syndene sine. (Jes 40,2)
24.	מֹשֶׁה וְאַהֲרֹן בְּכֹהֲנָיו וְשִׂמְאוֹל בְּקֹרְאֵי שְׁמוֹ	Moses og Aron var <i>blant</i> prestane hans og Samuel <i>blant</i> dei som kalla på namnet hans. (Sal 99,6)

Det **grammatiske** objektet til ein del verb kan stå som utfylling til preposisjonen כִּי:

25.	כִּי בָחַר יְהוָה אֱלֹהֶיךָ לְהִיּוֹת לוֹ לְעַם סִגְלָה	Deg har HERREN din Gud valt ut til å bli eit eigedomsfolk for han. (5 Mos 7,6)
26.	וְדַבַּרְתָּ בָם	Og du skal tale <i>om</i> dei. (5 Mos 6,7)
27.	וְהִגִּיתִי בְּכָל-פְּעֻלָּךָ	Og eg "mumlar" (grundar) <i>på</i> alt ditt verk. (Sal 77,13)
28.	אָדָם בְּטַח בְּךָ	eit menneske som set si lit <i>til</i> deg (Sal 84,13)

e) <sup>129</sup>כִּי

Preposisjonen כִּי skil seg ut blant preposisjonane ved at den har ei setning som utfylling over ti gonger oftare enn nokon annan preposisjon. Setninga er substantivert ved hjelp av konjunksjonen אֲשֶׁר (sjå §§ 54c, 61e og # 10 nedanfor). Det går også an å analysere ordkombinasjonen כִּי אֲשֶׁר som ein separat konjunksjon om samsvar ("[slik] som") eller tid ("når").

Denne preposisjonen skil seg også ut ved å vere den einaste av dei mest vanlege

<sup>129</sup> Denne preposisjonen har ei sideform – כִּמּוֹ – som ofte brukast med pronomensuffiks, f.eks. כִּמּוֹךָ (sjå elles § 36).

preposisjonane som ikkje brukast for å lokalisere noko i rom. Som regel er den heller med på å uttrykke ei **samanlikning** – at noko (ein situasjon eller noko substantivisk) liknar utfyllinga på ein eller annan måte (## 1 og 2); at det er i samsvar med utfyllinga som ei norm eller i måte (## 3 og 4); at det tilsvare utfyllinga i mål eller mengd (# 5); eller rett og slett er identisk med utfyllinga (## 6 og 7).

1.	וְהָיָה כְּעֵץ שֶׁתּוֹלַע עַל-פְּלִגֵּי מַיִם	Han blir då <i>lik</i> eit tre planta ved renner av vatn. (Sal 1,3)
2.	אִם-יְהִיוּ חֲטָאֵיכֶם כְּשָׁנִים כְּשֶׁלֶג יִלְבִּינוּ אִם-יֵאָדִימוּ כְּתוֹלַע כְּצֶמֶר יִהְיוּ	Om så syndene dykkar er <i>som</i> purpur, skal dei bli kvite <i>som</i> snø, om dei er raude <i>som</i> skarlak, skal dei bli <i>som</i> ull. (Jes 1,18)
3.	עָשׂוּ פֶסַח לַיהוָה אֱלֹהֵיכֶם כְּכַתּוּב עַל סֵפֶר הַבְּרִית הַזֶּה	Lag påskefest for HERREN dykkar Gud <i>i samsvar med</i> det som er skrive i denne paktboka! (2 Kong 23,21)
4.	כְּרַחֵם אָב עַל-בְּנָיִם רַחֵם יְהוָה עַל-יִרְאָיו	<i>På same måte som</i> ein far er mild med barna, er HERREN mild med dei som fryktar han. (Sal 103,13)
5.	מִי־אֵל גָּדוֹל כְּאֱלֹהִים	Kven gud er så stor <i>som</i> Gud? (Sal 77,14)
6.	כָּל אֲשֶׁר-שָׂאֵלְתָּ מֵעַם יְהוָה אֱלֹהֶיךָ	[Dette er] <i>identisk med</i> alt som du ba om av HERREN din Gud. (5 Mos 18,16)
7.	הָיִיתִי כְּגֹבֵר אֵין-אֶיִל	Eg har blitt <i>på alle vis</i> ein mann utan kraft. (Sal 88,5)

Ein del gonger har denne preposisjonen substantivisk funksjon i det den blir brukt for å *nemne* noko som liknar, tilsvare eller er identisk med utfyllinga (# 8, jf. norsk *hans like*). Likskap, samsvar eller identitet kan også uttrykkast ved å bruke preposisjonen כְּ *to gonger* (# 9), både framfor det som blir samanlikna med noko anna, og framfor det som er grunnlaget for samanlikninga. På norsk er det vanleg å bruka *som* (*far*), *så* (*son*) (men jf. engelsk *like* [*father*], *like* [*son*]). Rekkefølga på bibelhebraisk kan variere.

8.	כִּי לֹא נַעֲשֶׂה כְּפֶסַח הַזֶּה מִיְמֵי הַשְּׁפָטִים	Sanneleg, <i>noko likt</i> denne påskefesten hadde ikkje blitt laga sidan dommaranes dagar. (2 Kong 23,22)
9.	אִישׁ כְּמַתְּנַת יָדוֹ כְּבִרְכַת יְהוָה אֱלֹהֶיךָ אֲשֶׁר נָתַן לְךָ	Når det gjeld den enkelte, gåva frå handa hans skal vere <i>i samsvar med</i> HERREN din Guds velsigning som han gir til deg. (5 Mos 16,17)

I tillegg til bruken i ulike samanlikningar, kan preposisjonen כִּי vere med på å plassere noko i **tid** (## 10 og 11), særleg når den står framfor verb i infinitiv constructus (# 11).

10.	וַתָּבֵא בִי רוּחַ כְּאֲשֶׁר דִּבֶּר אֱלֹהִים	Og så kom ånd inn i meg <i>då</i> han talte til meg. (Esek 2,2)
11.	שָׁם תִּזְבַּח אֶת־הַפֶּסַח בְּעֶרְבֹ כְּבוֹא הַשֶּׁמֶשׁ	Der skal du slakte påskeofferet om kvelden <i>når</i> sola går ned. (5 Mos 16,6)

#### f) לְ

Med over tjuetusen førekomstar, er לְ den desidert vanlegaste preposisjonen, og den brukast på ei rekke forskjellige måtar. Mange av dei kan gjerne assosierast med kasusen dativ slik ein kjenner den frå andre språk.

Ved hjelp av denne preposisjonen kan ein språkbrukar for det første indikere ei plassering i **rom** der utfyllinga fungerer som retning (# 1) eller mål (# 2). Det hender også at plasseringa er i nærleiken av utfyllinga (# 3).

1.	הֲטֵה-אֲזְנֶךָ לְרִנָּתִי	Vend øyret ditt <i>til</i> ropet mitt! (Sal 88,3)
2.	וּפְנִיתָ בְּבֹקֶר וְהִלַּכְתָּ לְאַהֲלֶיךָ	Og så skal du vende tilbake om morgonen og gå <i>til</i> telta dine. (5 Mos 16,7)
3.	לְפֶתַח חֲטָאת רִבְצָן	<i>Ved</i> døra ligg synd i skjul. (1 Mos 4,7)

Med **temporal** nyanse er לְ ofte brukt for å vise til tidsperioden fram mot utfyllinga:

4.	הֲלֵעוֹלָמִים יִזְנַח אֲדֹנָי	Skal Herren <i>for</i> alltid vere avvisande? (Sal 77,8)
----	-------------------------------	--

Ikkje alle dei **andre forholda** som preposisjonen לְ brukast for å uttrykke, er så lett å skilje frå det romlege. I situasjonar der ein seier eller gir noko, kan לְ vise til retninga eller målet for ei konkret handling eller bevegelse. Men fordi slike verb ikkje alltid er brukt med konkret meining (jf. ## 7 og 8), viser ikkje preposisjonen berre til eit romleg forhold i slike situasjonar. Det kan heller vere snakk om å vise kva/kven som er målet eller i sikte for situasjonen – det ein ofte kallar eit indirekte objekt på norsk.

5.	כֹּה תֹאמַר לְבְנֵי יִשְׂרָאֵל אֲהִיָּה שְׁלַחְנֵי אֲלֵיכֶם	Slik skal du seie <i>til</i> israelittane: "Eg er" har sendt meg til dykk. (2 Mos 3,14)
----	---	---

6.	וּתְתֵן גַּם-לְאִשָּׁה	Og så ga ho også <i>til</i> mannen sin. (1 Mos 3,6)
7.	אֶם-לְדָוִד אֶכְזָב	<i>For</i> David lyg eg aldri. (Sal 89,36)
8.	וַיִּשֶׂם לְךָ שְׁלוֹם	Og måtte han gi deg fred. (4 Mos 6,26)

Den romlege bruken av לְ om mål eller retning har fleire ikkje-romlege motstykke, f.eks. når den viser til noko som følelsane har i sikte (# 9; eller er dette eit eksempel på eit *tema*? Jf. # 17 nedanfor). Den brukast også der utfyllinga fungerer som formål (# 10), særleg når utfyllinga er eit verb i infinitiv constructus (# 11),<sup>130</sup> eller resultat/endeprodukt – tilsikta (# 12) eller utilsikta (# 13). Saman med spørjepronomenet מַה fungerer det som det norske *kvifor* (# 14). "Formålet" kan også vere noko(n) som har fordel (eller ulempe) av situasjonen (# 15). Om ikkje fordel eller ulempe, kan utfyllinga til לְ ha interesse av eller vere motivasjonen for situasjonen (# 16). Med bevegelsesverb i imperativ blir subjektet sjølv av og til framheva ved hjelp av preposisjonen לְ (# 17).

9.	נִכְסְפָה וְגַם-כְּלָתָה נִפְשִׁי לְחַצְרוֹת יְהוָה	Eg lengta, til og med tærttest bort (av lengsel), <i>etter</i> HERRENS føregardar. (Sal 84,3)
10.	מְכוֹן לְשִׁבְתָּךְ	ein stad der du kan bu (2 Mos 15,17)
11.	בַּמָּקוֹם אֲשֶׁר-יִבְחַר יְהוָה לְשִׁבְן שְׁמוֹ שָׁם	på staden som HERREN vel ut <i>for</i> (med sikte på) å la namnet sitt bu der (5 Mos 16,2)
12.	וּקְשַׁרְתָּם לְאוֹת עַל-יָדֶיךָ וְהָיוּ לְטֹטְפֹת בֵּין עֵינֶיךָ	Og du skal binde dei <i>som</i> eit teikn på handa di, og dei skal bli <i>til</i> band mellom auga dine. (5 Mos 6,8)
13.	וַאֲנִי אֶמְרָתִי לְרִיק יִגְעָתִי	Men eg sa: <i>For</i> ingen ting har eg streva! (Jes 49,4)
14.	לְמָה יְהוָה תִּזְנַח נִפְשִׁי	<i>Kvifor</i> , HERRE, støyter du meg (min <i>nefesj</i> ) bort? (Sal 88,15)
15.	שֹׁמֵר הַבְּרִית וְהַחֶסֶד לְאַהֲבָיו	ein som vaktar pakta og miskunna <i>for</i> dei som elsker han (5 Mos 7,9)
16.	וְעָשִׂיתָ פֶּסַח לַיהוָה אֱלֹהֶיךָ	Så du held påskefest <i>for</i> HERREN din Gud. (5 Mos 16,1)
17.	עַל הַר-גְּבֵהָ עָלִי-לָךְ	Stig opp på eit høgt fjell, du gledebod, Sion! (Jes 40,9)

<sup>130</sup> Der verbet i infinitiv constructus er eit *negativt* siktemål (*for* å *ikkje*), brukast bl.a. den komplekse preposisjonen לְבִלְתִּי, f.eks. 1 Mos 4,15.

Preposisjonen לְ har andre, ikkje-romlege bruksmåtar som kanskje likevel heng saman med det romlege forholdet nærleik (*ved, hos, for*). Det er brukt for eksempel om ulike typar spesifiseringar (jf. bruken av preposisjonen כִּי om spesifisering i ## 13–18 under pkt. e ovanfor). Utfyllinga kan spesifisere kven/kva eit verb eller nomen gjeld på ein generell måte (# 18); kva som pregar eller kjenneteiknar situasjonen eller nomenet (# 19); korleis ein verbsituasjon blir utført (# 20); eller kva som er temaet eller emnet for tale o.l. (# 21). Ei slags perspektivspesifisering med לְ er der utfyllinga er den som gjer vurderinga, eller har synet som resten av setninga er eit uttrykk for (# 22). Preposisjonen לְ spesifiserer også frå kven sitt perspektiv visse stadsadverbial gjeld (bl.a. מִמַּעַל *oppe*, מִתַּחַת *nede* og סָבִיב *rundt omkring*), slik at dei til saman blir ein slags kompleks samansett preposisjon (# 23).

18.	וְעָשָׂה חֶסֶד לְאֵלֵפִים לְאַהֲבֵי וּלְשֹׁמְרֵי מִצְוֹתַי	men viser miskunn mot (fleire) tusen [slektsledd] <i>når det gjeld</i> dei som elsker meg, og som held boda mine (5 Mos 5,10 <i>Kere</i> )
19.	כָּל-רֹאשׁ לְחָלִי	Kvart hovud er sjukt (← <i>prega av sjukdom</i> ). (Jes 1,5)
20.	וַיְבָרֵךְ אֹתָם אֱלֹהִים לְאֵמֹר פְּרוּ וּרְבוּ	Og så velsigna Gud dei ( <i>ved å seie</i> ): Ver fruktbare og bli mange! (1 Mos 1,22)
21.	שִׁירַת דָּוִד לְכַרְמוֹ	min kjærleikssong <i>om</i> vingarden hans (Jes 5,1)
22.	כִּי עַם קְדוֹשׁ אַתָּה לִיהוָה אֱלֹהֶיךָ	For eit heilagt folk er du <i>for</i> HERREN din Gud. (5 Mos 7,6)
23.	שְׂרָפִים עֹמְדִים מִמַּעַל לוֹ	Serafar sto over han (← <i>oppe frå hans synsvinkel</i> ). (Jes 6,2)

Nærleik i rom kan også danne bakgrunnen for den ikkje-romlege bruken av לְ for å uttrykke forskjellige genitivforhold (## 24–27) – med eller utan eksistenspartiklane שֵׁי og אֵיזֵא (# 25, sjå også § 55d). Med denne preposisjonen kan ein språkbrukar unngå at ein ubunden nominal kjerne i ein nomenfrase med eit bunde attributt, sjølv blir bunden (jf. # 26a med 26b, sjå også § 46a). I slekt med denne bruken av לְ er når den viser til forfattar eller opphavsmann (# 27).



24.	לְמַעַן תִּדְעַ כִּי לַיהוָה הָאָרֶץ	for at du skal skjønne at jorda <i>hører</i> HERREN <i>til</i> (2 Mos 9,29)
25.	וְאֵין־עֹזֵר לוֹ	Og han <i>har</i> ingen hjelper. (Sal 72,12)
26a.	בָּנִים לְבָנָיִךָ	barn <i>av</i> barna dine (Sal 128,6)
26b.	בְּנֵי בָנֶיךָ	barnebarna dine
27.	תְּפִלָּה לְדָוִד	ei bøn <i>av</i> David

Preposisjonen לְ ser ut til å ha mest ein **grammatisk** funksjon når den innleier objekt for visse verb (# 28). Her er det ikkje så lett å sjå spor etter dei andre forholda som er nemnt ovanfor. Denne bruken er vanleg når objektet er eit verb i infinitiv constructus (# 29). Også når subjektet er eit verb i infinitiv constructus, kan ein finne לְ framfor verbet (# 30, sjå også § 41a4).

28.	הַסֵּלַח לְכָל־עֲוֹנוֹתֵי הָרָפָא לְכָל־ תַּחֲלָאִיכִי	den som tilgir all di synd, den som lækjer alle sjukdomane dine (Sal 103,3)
29.	וַיִּשְׁמְרֵתֶם לַעֲשׂוֹתֵם	Så de passar på å gjere dei. (5 Mos 5,1)
30.	נָקַל מֵהִיוֹתִיךָ לִי עֶבֶד לְהַקִּים אֶת־שִׁבְטֵי יַעֲקֹב	Å reise opp Jacobs stammer er trivielt i lys av at du er ein tenar for meg. (Jes 49,6)

### g) לְפָנַי

Den vanlegaste komplekse preposisjonen er לְפָנַי. Den brukast for å plassere noko i **rom** framfor eller føre utfyllinga (## 1 og 2). Av og til ser det ut til at den fysiske plasseringa er mindre viktig enn det at noko er sett til disposisjon for utfyllinga (# 3).

1.	מִלְאָךְ הָאֱלֹהִים הַהֵלֶךְ לְפָנָי מִחֲנֵה יִשְׂרָאֵל	engelen frå Gud som hadde gått <i>føre</i> Israels leir (2 Mos 14,19)
2.	הִנֵּה שְׂכָרוֹ אִתּוֹ וּפְעֻלָּתוֹ לְפָנָי	Sjå, lønna hans er med han, og vederlaget hans er <i>framfor</i> han. (Jes 62,11)
3.	וַיִּקַּח חֲמָאָה וְחֵלֶב וּבֹן־הַבְּקָר אֲשֶׁר עָשָׂה וַיִּתֵּן לְפָנָיהֶם	Og så tok han rømme og mjølk og kalven som han hadde gjort i stand, og sette det fram <i>for</i> dei. (1 Mos 18,8)

Om **temporale forhold** blir preposisjonen לְפָנַי brukt for å plassere noko i tidsperioden før tidspunktet for utfyllinga.

4.	הַשֶּׁמֶשׁ יִהְיֶה לְחֹשֶׁךְ וְהַיָּרֵחַ לְדָם לְפָנַי בּוֹא יוֹם יְהוָה הַגָּדוֹל וְהַנּוֹרָא	Sola blir omskapt til mørker og månen til blod <i>før</i> HERRENS dag kjem, den store og skremmande. (Joel 3,4)
----	--	---

Ein **annan type forhold** som preposisjonen לְפָנַי er brukt for å markere, er når den står framfor den som gjer den vurderinga, eller har det synet som resten av setninga/frasen er eit uttrykk for.

5.	יְהִיוּ לְרֵצוֹן אִמְרֵי־פִי וְהִגִּיזוּן לִבִּי לְפָנֶיךָ יְהוָה	Måtte orda frå munnen min og meditasjonen i hjartet mitt vere til glede <i>for</i> deg, HERRE. (Sal 19,15)
6.	אִישׁ גָּדוֹל לְפָנַי אֲדַנִּי	ein stor mann <i>ifølge</i> herren hans (2 Kong 5,1)

#### h) <sup>131</sup> מִן

Preposisjonen מִן er brukt om **romlege forhold** når utfyllinga er det konkrete *utgangspunktet* for forskjellige typar handlingar (## 1 og 2). *Retning frå* noko substantivisk (utfyllinga) blir markert ved hjelp av denne preposisjonen sjølv der det ikkje skjer ei handling ved dette utgangspunktet (# 3). Utfyllinga kan også vere staden der noko har sitt *opphav* (# 4). Når utfyllinga viser til eit område i ei bestemt retning (מֵעַל *området oppover*, מִתַּת *området nedunder*, מִקְדָּם *område austover*, מִיְמִין *området til høgre*), er preposisjonen מִן med på å plassere noko i den retninga (# 5).

1.	לְהוֹצִיא מֵהֵיכַל יְהוָה אֶת כָּל־ הַכֵּלִים הָעֲשׂוּיִם לְבַעַל	å føre <i>ut av</i> HERRENS tempel alt utstyret laga til Baal (2 Kong 23,4)
2.	פָּנִים בְּפָנִים דִּבֶּר יְהוָה עִמָּכֶם בְּהָר מִתּוֹךְ הָאֵשׁ	Ansikt til ansikt talte HERREN med dykk på fjellet <i>frå</i> midten av elden. (5 Mos 5,4)
3.	מִי־בִקֶּשׁ זֹאת מִיְדֶכֶם	Kven krev dette <i>av</i> handa dykkar? (Jes 1,12)
4.	עָפָר מִן־הָאֲדָמָה	støv <i>frå</i> jorda (1 Mos 2,7)

<sup>131</sup> Sideform: מִנִּי (brukast ikkje med pronomensuffiks). Sjå § 36 for former med pronomensuffiks.

5.	אֲשֶׁר בַּשָּׁמַיִם מִמַּעַל וְאֲשֶׁר בָּאָרֶץ מִתַּחַת	som er i himmelen <i>i oppover retning</i> , eller som er på jorda <i>i nedover retning</i> (5 Mos 5,8)
----	--	---

Om **tid** brukast מִן for å vise til tidsperioden der noko har sitt *opphav* (# 6), til tidsperioden som begynner *med* utfyllinga (# 7) eller tidsperioden som begynner *etter* utfyllinga (# 8).

6.	חֲשַׁבְתִּי יָמִים מִקֶּדֶם שָׁנוֹת עוֹלָמִים	Eg tenkjer på dagar <i>frå</i> fortida, på framfarne år. (Sal 77,6)
7.	עָנִי אֲנִי וְגוֹעַ מִנְעַר	Hjelpelaus har eg vore og døden nær <i>sidan</i> ungdomstida. (Sal 88,16)
8.	וַיְהִי מִקֵּץ שְׁנַתַּיִם יָמִים	Og det skjedde <i>etter</i> at to år hadde gått (← slutten av to år med dagar) ... (1 Mos 41,1)

Mange av dei **andre forholda** som מִן brukast for å uttrykke, har med idéar om utgangspunkt eller opphav å gjere. Utfyllinga kan f.eks. vere gruppa, ikkje staden, noko blir *skilt ut frå* (# 9). Preposisjonen kan også substantiverast og vise til ein *del* eller bit av utfyllinga (# 10). Utgangspunktet kan vere det same som *startpunktet* for optellingar (# 11) eller forskjellige inklusive uttrykk saman med preposisjonen עַד (# 12).

9.	הַמָּקוֹם אֲשֶׁר־יִבְחַר יְהוָה אֱלֹהֵיכֶם מִכָּל־שִׁבְטֵיכֶם	Staden som HERREN dykkar Gud vel ut <i>blant</i> alle stammene dykkar. (5 Mos 12,5)
10.	מִפְרֵי עֵץ־הַגֵּן נֹאכַל	<i>Noko av</i> frukta på trea i hagen kan vi ete. (1 Mos 3,2)
11.	מֵהַחֵל חֲרָמַשׁ בְּקֶמֶה תָּחֵל לְסַפֵּר שִׁבְעָה שָׁבָעוֹת	<i>Frå</i> ein begynner med sigd i det ståande kornet, skal du begynne å telje sju veker. (5 Mos 16,9)
12.	מִכַּף־רֶגְלְךָ וְעַד־רֹאשׁ	<i>frå</i> fotblad og til hovud ( $\approx$ <i>frå</i> topp til tå) (Jes 1,6)

Utfyllinga til מִן kan også vere utgangspunktet på den måten at den ligg til grunn for eller er *årsaka* til noko anna (# 13, jf. også מִפְּנֵי om årsak).<sup>132</sup> Eit anna logisk forhold som מִן brukast for å uttrykke, er eit *negativt siktemål/resultat* (# 14). Dette heng kanskje saman med

<sup>132</sup> Det norske ordet *årsak* kjem av eit lågtysk ord som eigentleg betyr «opphavleg sak».

מן som eit *nektingsord* for verb i infinitiv constructus (# 15).

13.	לא מִרְבַּכֶּם מִפְּלֵהֶעַמִּים חֶשֶׁק יְהוָה בְּכֶם	Det var ikkje <i>fordi</i> de var det største av alle folka, at HERREN elska dykk. (5 Mos 7,7)
14.	יַחַת אֲפָרִים מֵעַם	Efraim blir knust <i>så</i> det <i>ikkje lenger</i> er eit folk. (Jes 7,8)
15.	וְעַל הָעָבִים אֲצִוֶּה מִהַמָּטִיר עָלְיוֹ מָטָר	Og til skyene skal eg gi ordre om <i>ikkje</i> å la det regne regn over den. (Jes 5,6)

Utgangspunktet som preposisjonen מן viser til i utfyllinga, kan danna *perspektivet* som noko på eit eller anna vis blir vurdert, målt eller bestemt etter (# 16). Utfyllinga er dermed også det som noko blir *samanlikna* med (### 17 og 18, sjå også § 50).

16.	נָגַל מִהֵיֹתָדָ לִי עֶבֶד לְהִקִּים אֶת־שְׁבִטִי יַעֲקֹב	Å reise opp Jacobs stammer er trivielt <i>i lys av</i> at du er ein tenar for meg. (→ Det er <i>for</i> lite for deg som er ein tenar for meg, å reise opp Jacobs stammer.) (Jes 49,6)
17.	כִּי טוֹב־יּוֹם בְּחֻצְרֶיךָ מֵאֶלֶךְ	Ja, ein dag i føregardane dine er <i>betre enn</i> tusen (andre). (Sal 84,11)
18.	עַל־כֵּן אֶהְבֵּתִי מִצֹּתֶיךָ מִזָּהָב וּמִפָּז	Derfor elsker eg boda dine <i>meir enn</i> gull, <i>enn</i> skinande gull. (Sal 119,127)

### i) עד

Når preposisjonen עד brukast om **romlege forhold**, får noko ei lokal utstrekning (# 1) eller beveger seg (# 2) i retning mot eller heilt til utfyllinga.

1.	כִּי־עֲתָה יִגְדֹּל עַד־אַפְסֵי־אָרֶץ	Ja, no skal han vere stor <i>til</i> endane av jorda. (Mika 5,3)
2.	תִּשְׁלַח קִצְרֵהָ עַד־יָם	Den strekte rankene ut <i>til</i> havet. (Sal 80,12)

Den **temporale** bruken av עד handlar som oftast om at noko varer over eit tidsrom *fram til* utfyllinga (# 3), og saman med spørjeordet מתי (eller eit anna spørjeord) dannar den spørsmålet: *Kor lenge?* (# 4). Har handlinga derimot momentan karakter, kan utfyllinga til עד vise til tidspunktet når den *seinast* skjer (# 5).

3.	הָמָּה וְאֲבוֹתָם פָּשְׁעוּ בִּי עַד- עֲצָם הַיּוֹם הַזֶּה	Dei og fedrane deira har gjort opprør mot meg <i>fram til</i> nettopp denne dagen. (Esek 2,3)
4.	עַד־מָתִי אַתֶּם פְּסָחִים עַל- שְׂתֵי הַסְּעָפִים	<i>Kor lenge</i> kjem de til å halte på to krykker? (1 Kong 18,21)
5.	אִם־חָבַל תַּחְבֵּל שְׁלֵמַת רֶגְדְּ עַד־בֶּא הַשָּׁמֶשׁ תִּשְׁיָבֵנוּ לוֹ	Viss du tar kappa frå nesten din som pant, <i>seinast ved</i> solnedgang skal du returnere den til han. (2 Mos 22,25 [NO v. 26])

*Inklusive* uttrykk med עַד (og vanlegvis לְמִן/מִן) gjeld, i tillegg til rom og tid, også grupper av ting og personar.

6.	וַיִּלְבְּשׁוּ שָׂקִים מְגֹדֹלָם וְעַד־קִטְנָם	Og så kledde dei seg i sekkestrie, <i>både store og små</i> (← frå deira største og <i>til</i> deira minste). (Jona 3,5)
----	---	--

## j) עַל

Preposisjonen עַל brukast om **romlege forhold** når noko er eller skjer i området *over* utfyllinga (# 1) eller *på* dens overflate (# 2), både konkret og biletleg. Med bevegelse, går noko gjerne *mot* eller *til* utfyllinga (# 3), ofte i retning nedover (# 4). Denne preposisjonen kan også brukast når noko er i området *ved* eller *ved sida av* utfyllinga (# 5).

1.	וְרַם הוּא עַל־כָּל־הָעַמִּים	Og han er opphøgd <i>over</i> alle folka. (Sal 99,2)
2.	וַאֲרָאָה אֶת־אֲדֹנָי יֹשֵׁב עַל־כִּסֵּא	Og så såg eg Herren sitte <i>på</i> ei trone. (Jes 6,1)
3.	וַיִּתֵּר אַחֲיוּ יְשׁוּבוּן עַל־בְּנֵי יִשְׂרָאֵל	Då skal resten av brørne hans komme tilbake <i>til</i> israelittane. (Mika 5,2)
4.	תִּפֹּל עָלֵיהֶם אִימָתָה וּפַחַד	Angst og redsel fall <i>på</i> dei. (2 Mos 15,16)
5.	וַיַּעֲמֵד הַמֶּלֶךְ עַל־הָעַמּוּד	Og så stilte kongen seg <i>ved</i> søyla. (2 Kong 23,3)

Parallelt med den romlege bruken av עַל om ein bevegelse mot utfyllinga er **andre typar forhold** der utfyllinga mottar noko, eller der noko er retta mot utfyllinga. Det kan vere til fordel for utfyllinga (# 6), men er oftare til skade for den (## 7 og 8). Situasjonen kan også berre dreie seg *om* utfyllinga (# 9).

6.	כָּרַחַם אָב עַל-בְּנֵים רַחַם יְהוָה עַל-יִרְאָיו	På same måte som ein far er mild <i>med</i> barna, er HERREN mild <i>med</i> dei som fryktar han. (Sal 103,13)
7.	אֵל קָנָא פִּקְדַּן עֲוֹן אָבוֹת עַל- בְּנֵים	ein nidkjær Gud som fører straffa for fedranes synd <i>over</i> barna (5 Mos 5,9)
8.	כִּי זָרִים קָמוּ עָלַי	For framande har reist seg <i>mot</i> meg. (Sal 54,5)
9.	חִזּוֹן יִשְׁעֵיהוּ בֶן-אָמוֹן אֲשֶׁר חָזָה עַל-יְהוּדָה וִירוּשָׁלַם	Synet til Jesaja, son til Amos, som han såg <i>om</i> Juda og Jerusalem. (Jes 1,1)

Når nokon får, har eller viser *makt* over utfyllinga til על (# 10) eller gjer noko *på vegner* av den (# 11), er det også kanskje ei vidareføring av eit romleg forhold. Det same gjeld når noko kjem *saman med* (# 12) eller *i tillegg til* (# 13) utfyllinga til על.

10.	הִפְקַדְתִּיךָ הַיּוֹם הַזֶּה עַל-הַגּוֹיִם וְעַל-הַמַּמְלָכוֹת	Eg set deg denne dagen <i>over</i> folka og <i>over</i> rika. (Jer 1,10)
11.	לֹא-יָמוּתוּ אָבוֹת עַל-בְּנֵים וּבְנֵים לֹא-יָמוּתוּ עַל-אָבוֹת	Fedrar skal ikkje døy <i>for</i> barna, og barn skal ikkje døy <i>for</i> fedrane. (2 Krøn 25,4)
12.	שִׁבְעַת יָמִים תֹּאכַל-עִלְיוֹ מִצּוֹת	I sju dagar skal du ete usyrt brød <i>saman med</i> det. (5 Mos 16,3)
13.	וְעוֹד נוֹסֵף עָלֵיהֶם דְּבָרִים רַבִּים כְּהֵמָּה	Og dessutan vart det lagt til <i>i tillegg til</i> dei, mange ord lik dei. (Jer 36,32)

Preposisjonen על kan ha ein logisk nyanse der utfyllinga fungerer som *grunn* for noko (## 14 og 15). Med ordet כֵּן *slik* som utfylling, blir det danna eit adverbial som tilsvarer det norske *derfor* (← *på grunn av slikt*, # 16).

14.	וּמְשׁוֹשׁ חֲתָן עַל-כֶּלֶה יִשֵּׁשׁ עָלֶיךָ אֱלֹהֶיךָ	Og med den gleda ein brudgom har <i>over</i> brura, gleder din Gud seg <i>over</i> deg. (Jes 62,5)
15.	בְּשׁוֹב-צַדִּיק מִצְדָּקָתוֹ וְעָשָׂה עוֹל וּמַת עָלֵיהֶם	Når ein rettferdig vender seg vekk frå rettferda si og gjer urett, så skal han døy <i>på grunn av</i> det (← dei [tinga]). (Esek 18,26)

16.	עַל-כֵּן לֹא-יִקְמוּ רְשָׁעִים בְּמִשְׁפָּט	Derfor kan ikkje gudlause bli ståande i retten. (Sal 1,5)
-----	--	---

### k) עַם

Det er ikkje ofte preposisjonen **עַם** brukast om **romlege forhold**, men den kan vise at noko er eller skjer i nærleiken av utfyllinga.

1.	וַיֵּרַד יְהוָה בְּעַנְן וַיִּתְיַצֵּב עִמּוֹ שָׁם	Og så steig HERREN ned i skya. Og så stilte han seg <i>hos</i> han der. (2 Mos 34,5)
----	---	--

Av **andre typar forhold** som **עַם** brukast om, er den mest vanlege det at noko knyter seg til utfyllinga (# 2) eller følger med den som eit tillegg (# 3). Tilknyttinga kan også likne eit genitivforhold (# 4).

2.	עִמּוֹ-אֲנִי בְּצָרָה	Eg er <i>med</i> han i nauda. (Sal 91,15)
3.	הֲאֵף תִּסְפֶּה צְדִיק עִם-רָשָׁע	Vil du altså rive bort den rettferdige <i>saman med</i> / <i>i tillegg til</i> den gudlause? (1 Mos 18,23)
4.	כִּי-עִם-יְהוָה הַחֶסֶד וְהַרְבֵּה עִמּוֹ פְדוּת	For <i>hos</i> HERREN er miskunn, og storleg <i>hos</i> han er utløysing (→ HERREN <i>har/viser</i> miskunn/utløysing). (Sal 130,7)

Denne preposisjonen brukast også når nokon handlar med utfyllinga, enten til skade (# 5) eller til gagn (# 6) for den.

5.	וַיָּבֹא עַמְלֵק וַיִּלָּחֶם עִם-יִשְׂרָאֵל בְּרִפְדִּים	Og så kom Amalek og kriga <i>med</i> Israel i Refidim. (2 Mos 17,8)
6.	הַגְדִּיל יְהוָה לַעֲשׂוֹת עִמָּנוּ	Stort har HERREN gjort <i>for</i> oss. (Sal 126,3)

### l) תַּחַת

Preposisjonen **תַּחַת** brukast om **romlege forhold** der noko blir plassert *under* (# 1) eller *ved den nedre delen av* (# 2) utfyllinga.

1.	שֶׁהוּא עֹמֵל תַּחַת הַשָּׁמֶשׁ	som han strevar med <i>under</i> sola (Fork 2,22)
----	---------------------------------	---

2.	וְהִשְׁעֵנוּ תַּחַת הָעֵץ	Og kvil dykk <i>under</i> treet. (1 Mos 18,4)
----	---------------------------	---

Av **andre typar forhold** som תַּחַת brukast for å uttrykke, kan nemnast det at noko er/skjer *i staden for* utfyllinga (# 3), og situasjonar der utfyllinga viser til nokon som har/får *autoritet* (# 4).

3.	וַיַּעֲלֵהוּ לְעֹלָה תַּחַת בְּנֹו	Og så ofra han den som brennoffer <i>i staden for</i> son sin. (1 Mos 22,13)
4.	כֹּל שֶׁתָּה תַּחַת־רַגְלָיו	Alt har du lagt <i>under</i> føtene hans. (Sal 8,7)

## § 54 Konjunksjonar

Konjunksjonar er bindeord som står framfor setningar/ord/frasar som høyrer saman med andre setningar/ord/frasar. Gjennom val av konjunksjon kan ein språkbrukar markere korleis det som kjem etterpå, står i forhold til det som det høyrer saman med. På norsk kan ein f.eks. velje konjunksjonen *men* for å vise at det som kjem etterpå står i kontrast til noko anna.

Når eit ord bind saman to likestilte ord/frasar/setningar, fungerer det som ein *sideordnande* konjunksjon. Men dersom ei setning fungerer som ein del av ei anna setning eller ein frase, fungerer eit eventuelt bindeord som ein *underordnande* konjunksjon. Forskjellen mellom sideordnande konjunksjonar og underordnande konjunksjonar går berre på det grammatiske forholdet mellom setningane og orda dei bind saman: Konjunksjonar som står framfor setningar som fungerer som subjekt, objekt, fritt adverbial, fokusledd eller attributt, er underordnande. På norsk er det i tillegg andre forskjellar mellom setningar bundne saman gjennom sideordnande konjunksjonar og underordnande konjunksjonar.

Nedanfor følger ein kort gjennomgang av bruken av orda som ofte brukast som konjunksjonar.

### a) או

Mellom setningar, frasar og ord markerer או ulike sideordna **alternativ**.

1.	הֲנִהְיָה בְּדָבָר הַגָּדוֹל הַזֶּה אוֹ הַנְּשָׁמַע כְּמֵהוּ	Har noko tilsvarande denne store tingen blitt gjort? <i>Eller</i> har noko tilsvarande den blitt høyrte? (5 Mos 4,32)
2.	כִּי־יְהִיָּה בְּעוֹר־בְּשָׂרוֹ שְׂאֵת אוֹ־סִפְחַת אוֹ בְּהֶרֶת	Viss det er på kroppshuda hans ei blemme <i>eller</i> utslett <i>eller</i> ein bleik flekk. (3 Mos 13,2)



## b) ׀

Partikkelen ׀ innleier vanlegvis setningar som fungerer som frie adverbial om slike usikre ting som **vilkår** (# 1) og **vedgåingar** (# 2).

1.	וְאִם רַע בְּעֵינֵיכֶם לְעַבְד אֶת־יְהוָה בַּחֲרוּ לָכֶם הַיּוֹם אֶת־מִי תַעֲבֹדוּן	Og <i>dersom</i> det er vondt i auga dykkar å tene HERREN, vel i dag kven de vil tene. (Jos 24,15)
2.	אִם־יְהִיֹּ חֲטָאֵיכֶם כַּשָּׁנִים כַּשֶּׁלֶג יִלְבִּינוּ	<i>Om så</i> syndene dykkar er som purpur, skal dei bli kvite som snø. (Jes 1,18)

Setningar som ikkje refererer til éi spesifikk hending som skjer på eitt bestemt tidspunkt, men til kvar gong ei hending skulle komme til å skje (men det er *usikkert* når), kan brukast som frie adverbial om **tid** og ha ׀ som konjunksjon (# 3).

3.	וּשְׂפָתַי רִנְנוֹת יְהוָה לִפִּי אִם־ זְכַרְתִּיךָ עַל־יְצוּעֵי	Og med lepper av gledesrop lovsyng munnen min <i>når</i> eg hugsar deg på senga mi. (Sal 63,6b–7a)
----	---	--

Etter eit ja/nei-spørsmål, ser det ut som om ׀ kan innleie det motsette **alternativet**:

4.	הֲיֵשׁ יְהוָה בְּקִרְבָּנוּ אִם־אֵין	Er HERREN iblant oss <i>eller</i> ikkje? (2 Mos 17,7)
----	--------------------------------------	---

## c) 133 אֲשֶׁר

Partikkelen אֲשֶׁר markerer vanlegvis at ei setning fungerer som ein del av ein frase eller ei større setning. Slike setningar brukast vanlegvis innanfor nomenfrasar som relative attributt (## 1–3, sjå § 56a4 og § 61d), mindre ofte som apposisjon (# 4, sjå § 48b og 56b).

1.	אֶרֶצְךָ אֲשֶׁר נָתַן יְהוָה אֱלֹהֶיךָ לָךְ	landet ditt <i>som</i> HERREN din Gud gir deg (5 Mos 28,52)
2.	הַבָּתִּים אֲשֶׁר־יֹאכְלוּ אֹתוֹ	husa <i>der</i> dei et det (2 Mos 12,7)
3.	יְמֵי אֲשֶׁר הִנָּגַע בּוֹ	dagane <i>når</i> sjukdomen er på han (3 Mos 13,46)

<sup>133</sup> To andre partiklar, ׀ (som skrivast som prefiks på same måte som bunden artikkel, med fordobling av påfølgjande bokstav; f.eks. Fork 2,21) og ׀ (f.eks. 2 Mos 15,13), brukast på omtrent same måte som אֲשֶׁר.

4.	וְהֵבִיטוּ אֵלַי אֶת אַשְׁרֵי- דְקָרוֹ	Og dei skal sjå på meg, <i>han som</i> dei har gjennomstunge. (Sak 12,10)
----	---	--

I andre frasetypar og setningar brukast setningar med אֲשֶׁר ofte for **å nemne** noko(n) (ein person, ting, stad eller situasjon). Slik kan dei fungere som bl.a. utfylling i ein preposisjonsfrase (# 5), objekt i ein verbfrase (# 6), eller subjekt (# 7), fokusledd (# 8) eller vokativ (# 9) i ei setning.

5.	כַּאֲשֶׁר יַחְלֵנוּ לָךְ	i samsvar med ( <i>den situasjonen</i> ) at vi ventar på deg (Sal 33,22)
6.	רָאִיתָם אֲשֶׁר עָשִׂיתִי לְמִצְרַיִם	har sett <i>det</i> (= <i>dei tinga</i> ) som eg gjorde mot Egypt (2 Mos 19,4)
7.	זֶה אֲשֶׁר-יִקְרָא-לָהּ יְהוָה צְדִיקְנוּ	Og dette er <i>det</i> (= <i>den tingen</i> ) som ein skal kalle henne: HERREN, vår rettferd. (Jer 33,16)
8.	אֲשֶׁר יֵצֵא מִמֶּעֶד הוּא יִירָשֶׁד	<i>Den (personen)</i> som går ut frå ditt indre, han skal arve deg. (1 Mos 15,4)
9.	וְאֲשֶׁר אֵינְלוֹ כֶּסֶף לְבוֹ שִׁבְרוֹ וְאָכְלוֹ	Og <i>den (personen)</i> som ikkje har pengar: Kom, kjøp og et! (Jes 55,1)

אֲשֶׁר kan også innleie setningar som fungerer som frie adverbial om bl.a. **resultat** (# 10), **hensikt** (# 11), **samanlikning** (# 12), **vilkår** (# 13) og **årsak** (# 14).

10.	וְלֵהֵט אַתֶּם הַיּוֹם הַבֹּא אָמַר יְהוָה צְבָאוֹת אֲשֶׁר לֹא-יַעֲזֹב לָהֶם שָׂרֵשׁ וְעֵנָף	Og dagen som kjem skal brenne dei opp, seier HERREN Sebaot, <i>slik at</i> den ikkje lèt etter seg for dei rot eller grein. (Mal 3,19 [NO 4,1])
11.	וּנְבִלָה שֵׁם שְׁפָתָם אֲשֶׁר לֹא יִשְׁמְעוּ אִישׁ שִׁפְתַי רְעֵהוּ	Og la oss forvirra der språket deira <i>så at</i> den eine ikkje skjønner språket til sin neste. (1 Mos 11,7)
12.	וַיִּקְרָא אַבְרָהָם שֵׁם-הַמָּקוֹם הַהוּא יְהוָה יִרְאֶה אֲשֶׁר יֹאמַר הַיּוֹם בְּהַר יְהוָה יִרְאֶה	Og så kalla Abraham namnet på den staden "HERREN ser," <i>på same måte som</i> det er sagt i dag: På fjellet der HERREN viser seg. (1 Mos 22,14)

13.	אֶת־הַבְּרָכָה אֲשֶׁר תִּשְׁמְעוּ אֵלַי־ מִצֹּזֹת יְהוָה אֱלֹהֵיכֶם	Velsigninga [får de] <i>viss</i> de høyrer på boda frå HERREN dykkar Gud. (5 Mos 11,27)
14.	זֶבַח־פֶּסַח הוּא לַיהוָה אֲשֶׁר פֶּסַח עַל־בֵּיתִי בְּנֵי־יִשְׂרָאֵל בְּמִצְרַיִם	Det er eit påskeoffer for HERREN <i>fordi</i> han gjekk forbi husa til israelittane i Egypt. (2 Mos 12,27)

#### d) בְּטָרָם

Denne partikkelen, som også kan skrivast utan בְּ i starten, innleier leddsetningar som fungerer som frie adverbial om **tid**. Situasjonen i hovudsetninga blir då plassert på eit tidspunkt *før* situasjonen som leddsetninga viser til.

1.	בְּטָרָם אֶצְרָךְ בְּבֶטֶן יְדֵעֲתִיךָ וּבְטָרָם תֵּצֵא מִרְחֹם הַקֶּדֶשׁתִּיךָ	<i>Før</i> eg forma deg i magen, kjende eg deg, og <i>før</i> du gjekk ut av mors liv, helga eg deg. (Jer 1,5 <i>Kere</i> )
----	--	---

#### e) הֵ

Det er ikkje vanleg å rekna spørjepartikkelen הֵ som ein konjunksjon på bibelhebraisk (sjå § 55c2g). Men den innleier setningar som fungerer som objekt innanfor verbfrasar. Sanningsverdien til slike setningar er vanlegvis ukjent for subjektet til verbet i frasen, som i utgangspunktet er interessert i å få den bekrefta eller nekta.

1.	לְרֹאוֹת הַקִּלּוֹ הַמַּיִם מֵעַל פְּנֵי הָאֲדָמָה	for å sjå <i>om</i> vatnet på jordoverflata hadde minka (1 Mos 8,8)
----	---	---

#### f) <sup>134</sup>יְ

Partikkelen יְ (sjå §§ 9 og 20b for dei ulike skrivemåtane) er det mest vanlege ordet på bibelhebraisk. Det står som regel mellom ord/frasar/setningar som er sidestilte (men sjå nedanfor).<sup>135</sup> Det som følger יְ blir vanlegvis lagt til noko anna, enten som eit **tillegg** som aukar den totale mengda (# 1), eit **alternativ** (# 2) eller ei **tidsmessig følge** (# 3, sjå også § 39c og d).

<sup>134</sup> Partiklane הָאֵ וְגַם kan også brukast på same måte som יְ, f.eks. Sal 65,14 og 137,1.

<sup>135</sup> Partikkelen יְ brukast ikkje alltid som konjunksjon, f.eks. når det står i starten av eit avsnitt eller bok saman med verbet הִיהִה i impf. cons. 3msg. (f.eks. 1 Sam 1,1; Neh 6,1).

1.	תוֹצֵא הָאָרֶץ נֶפֶשׁ חַיָּה לְמִינָהּ בְּהֵמָה וְרֶמֶשׂ וְחַיִּיתוֹ- אָרֶץ לְמִינָהּ	Måtte jorda føre fram levande skapningar av kvart sitt slag: fe og kryp og "landdyr" (→ ville dyr) av kvart sitt slag. (1 Mos 1,24)
2.	לֹא-תַעֲשֶׂה כָּל-מְלָאכָה אֲתָהּ וּבְנֶדְךָ וּבִתְךָ עַבְדְּךָ וְאִמְתְּךָ וּבְהִמְתְּךָ וְגֵרְךָ אֲשֶׁר בְּשַׁעְרֶיךָ	Du skal ikkje gjere noko arbeid, verken du eller son din eller dotter di, slaven din eller slavekvinna di eller feet ditt eller innflyttaren som er innanfor portane dine. (2 Mos 20,10)
3.	אֶחְלָצֶהוּ וְאֶכְבְּדֵהוּ	Eg friar han ut og (så) gir han ære. (Sal 91,15)

Også der det som blir lagt til, er ein **kontrast** (# 4), har ein **forsterkande** funksjon (# 5) eller kjem med ei **tilleggsopplysing** om situasjonen (# 6, jf. bruken av consecutivum-formene om utfyllande opplysingar, §§ 39c3 og d2), brukast gjerne ׀ som konjunksjon. Det kan også vere slik at to ord med ׀ mellom seg, til saman viser til **éin ting** (# 7).<sup>136</sup> Av og til fungerer det som kjem etter ׀ som ei **forklaring** eller **spesifisering** (# 8).

4.	וְנִלְחַמוּ אֵלַיךָ וְלֹא-יִוְכְלוּ לָךְ	Dei skal krige mot deg, <i>men</i> ikkje vinne over deg. (Jer 1,19)
5.	שִׂמְחִי וְעִלְזִי בְּכָל-לֵב בֵּית יְרוּשָׁלַם	Gled deg og juble av heile hjartet, dotter Jerusalem! (Sef 3,14)
6.	נִבְנֶה-לָנוּ עִיר וּמִגְדָּל וְרֵאשׁוּ בַשָּׁמַיִם	La oss bygge oss ein by og eit tårn! Og toppen på den skal vere i himmelen. (1 Mos 11,4)
7.	בָּנִים גִּדְּלֵתִי וְרוֹמַמְתִּי	Barn har eg fostra og oppdratt. (Jes 1,2)
8.	וַיִּגְרֶשׁ יְהוָה אֶת-כָּל-הָעַמִּים וְאֶת- הָאֱמֹרִי יֹשֵׁב הָאָרֶץ מִפְּנֵינוּ	Og HERREN dreiv bort alle folka – deriblant amorittane som budde i landet – frå oss. (Jos 24,18)

Partikkelen ׀ står også mellom setningar der den andre, som ofte ikkje startar med eit verb, fungerer som eit fritt adverbial til den første og bl.a. uttrykker eit **resultat** av (# 9) eller **hensikta** til den (# 10, jf. §§ 40a8 og b5), **årsaka** til den (# 11) eller eit **forhold** som ligg til grunn for den første (# 12).

9.	אֲדַנִּי שְׂפָתַי תִּפְתָּח וּפִי יִגִּיד תְּהַלְתֶּךָ	Herre, lukk opp leppene mine, så skal munnen min fortelje din pris. (Sal 51,17)
----	---	---

<sup>136</sup> Fenomenet heiter *hendiadys*, av gresk «éin gjennom to».

10.	לְשׁוּבָב יַעֲקֹב אֱלֹיוּ וַיִּשְׂרָאֵל לוֹ יֶאֱסֶף	for å føre Jakob tilbake til han <i>så</i> Israel kan samlast hos han (Jes 49,5 <i>Kere</i> )
11.	יָדַעְתִּי כִּי־יִרָא אֱלֹהִים אֶתְּהָ לֹא חֲשַׁבְתָּ אֶת־בְּנִדְךָ אֶת־יְחִידְךָ מִמְּנִי	Eg veit at du fryktar Gud, <i>sidan</i> du ikkje sparte son din, din einaste, frå meg. (1 Mos 22,12)
12.	מַה־תִּתְּנֶנְלִי וְאַנְכִי הוֹלֵךְ עֲרִירִי	Kva vil du gi meg, <i>no som</i> eg går barnlaus? (1 Mos 15,2)

### g) יַעַן

Der ordet יַעַן brukast som konjunksjon (den kan også brukast som preposisjon, jf. יַעַן ביתי på grunn av huset mitt), fungerer vanlegvis leddsetninga det knyter til hovudsetninga, som eit fritt adverbial om årsak (## 1 og 2).

1.	יַעַן מָאַסְתָּ אֶת־דְּבַר יְהוָה וַיִּמְאַסְךָ מִמְּלֶכְךָ	<i>Fordi</i> du har vraka HERRENS ord, så har han vraka deg som (← "frå å vere") konge. (1 Sam 15,23)
2.	וְנָתַתִּי אֶת־הָאָרֶץ שְׂמָמָה יַעַן מָעְלוּ מֵעַל	Og eg skal gjere landet til ei øydemark <i>fordi</i> dei har oppført seg trulaust. (Esek 15,8)

### h) כִּי

I likskap med אִם kan partikkelen כִּי brukast både som setningsadverbial (sjå § 55c2i) og som underordnande konjunksjon. Setningane den innleier som konjunksjon, fungerer bl.a. som frie adverbial eller fokusledd om **vilkår/vedgåing** (# 1), **tid** (samanfall i tid, # 3) eller **følge** (# 4). Skiljet mellom tid og vilkår i framtida er ikkje alltid tydeleg (jf. # 2). Etter ei nekta setning, kan kombinasjonen אִם כִּי uttrykke eit negativt vilkår (# 5, sjå også § 55c2b–c).

1.	יָשׁוּב יְהוָה לְשׁוֹשׁ עָלֶיךָ ... כִּי תִשְׁמַע בְּקוֹל יְהוָה אֱלֹהֶיךָ	HERREN vil igjen glede seg over deg ... dersom du høyrer på HERREN din Guds røyst. (5 Mos 30,9–10)
2.	כִּי־יִצְעַק אֵלַי וְשָׁמַעְתִּי	<i>Når/viss</i> han roper til meg, så skal eg høyre. (2 Mos 22,26 [NO v. 27])
3.	כִּי נָעַר יִשְׂרָאֵל וְאֶהְבֵּהוּ	<i>Då</i> Israel var ung, så fekk eg han kjær. (Hos 11,1)
4.	מַה־אָנוּשׁ כִּי־תִזְכְּרֶנּוּ	Kva er eit menneske, <i>slik at</i> du hugsar på det? (Sal 8,5)
5.	לֹא אֶשְׁלַחְךָ כִּי אִם־בְּרַכְתָּנִי	Eg slepper deg ikkje <i>med mindre</i> du velsignar meg. (1 Mos 32,27 [NO v. 26])

Setningar med כִּי kan også brukast til å **nemne** ein situasjon og fungerer då oftast som objekt i ein verbfrase (# 6), utfylling i ein preposisjonsfrase (# 7) eller subjekt i ei setning (# 8).

6.	יִדַע אֱלֹהִים כִּי בַיּוֹם אֲכַלְכֶם מִמְנוּ וְנִפְקַחוּ עֵינֵיכֶם	Gud veit <i>at</i> på den dagen de et av det, så skal auga dykkar opnast. (1 Mos 3,5)
7.	תַּחַת כִּי אָהַב אֶת־אֲבֹתַיִךְ	på grunn av <i>at</i> han elska fedrane dine (5 Mos 4,37)
8.	וַיִּגַד לְמֶלֶךְ מִצְרַיִם כִּי בָרַח הָעָם	Og så vart ( <i>det</i> ) <i>at</i> folket rømte, fortalt til kongen av Egypt. (2 Mos 14,5)

Setningar som startar med כִּי, forklarar ofte **årsaka** eller **bakgrunnen** for andre situasjonar. Slike årsakssetningar kan ein del gonger forståast som underordna i forhold til setninga som fortel om situasjonen som כִּי-setninga er årsak til (## 7 og 8). I andre tilfelle, særleg når כִּי-setninga forklarar årsaka eller bakgrunnen til fleire setningar, er det kanskje best å oppfatta partikkelen som eit setningsadverbial om kontekst (sjå § 55c2b). Det er ikkje mogleg å sette opp faste reglar for når כִּי fungerer som konjunksjon, og når det fungerer som setningsadverbial.

7.	כִּי עָשִׂיתָ זֹאת אָרוּר אָתָּה	<i>Fordi</i> du gjorde dette, er du forbanna! (1 Mos 3,14)
8.	בִּשְׂוֹ מָאֵד כִּי־לֹא הִשְׁכִּילוּ	Dei skal bli heilt til skamme <i>fordi</i> dei mislukkast. (Jer 20,11)

### i) לֹא/לוֹלֵא

I tillegg til אִם og כִּי kan לוֹא/לוֹ og לוֹלֵא (også stava לוֹלֵי) brukast til å knyte ei leddsetning om **vilkår** til ei hovudsetning – לוֹא/לוֹ når vilkåret er positivt (# 1) og לוֹלֵא (+ לוֹ לא) når vilkåret er negativt uttrykt (# 2).

1.	לוֹ חֲכָמוֹ יִשְׁכִּילוּ זֹאת	<i>Viss</i> dei var vise, hadde dei skjønt dette. (5 Mos 32,29)
2.	לוֹלֵי יְהוָה צְבָאוֹת הוֹתִיר לָנוּ שְׂרִיד כְּמַעַט בְּסוֹדִם הַיִּינוּ	<i>Viss</i> HERREN Sebaot <i>ikkje</i> hadde latt nokre få overlevande vere igjen til oss, som Sodoma ville vi ha blitt. (Jes 1,9)

## j) לַמַּעַן

Ordet לַמַּעַן brukast både som preposisjon, setningsadverbial og konjunksjon. Når det er preposisjon, har det ei substantivisk utfylling etter seg slik som andre preposisjonar (f.eks. i Sal 23,3 לַמַּעַן שְׁמוֹ *for sitt namn skuld*). Når det er setningsadverbial, blir setninga det står i, relatert til setninga(ne) før, men ikkje som eit underordna ledd. Når det er konjunksjon, knyter det ei setning til ei større setning som eit underordna ledd. Dette leddet er vanlegvis eit fritt adverbial om **følge** (# 1) eller **hensikt** (# 2).

1.	וַעֲדִיָּהֶם הִמָּה בְּלִי־רְאוֹ וּבְלִי־יָדְעוֹ לַמַּעַן יִבְשׁוּ	Og vitna deira – dei ser ikkje og skjønner ikkje, <i>slik at</i> dei blir til skamme. (Jes 44,9)
2.	חַנּוּנֵי יְהוָה ... לַמַּעַן אֲסַפְּרָה כָּל־תְּהִלָּתֶיךָ	Ver meg nådig, HERRE, ... <i>slik at</i> eg kan forkynne alle dine prisverdige handlingar! (Sal 9,14–15)

## k) עַד

Som ein konjunksjon, står עַד framfor leddsetningar som fungerer som frie adverbial om **tid** (## 1 og 2). Konjunksjonen er då med på å legge ein vedvarande hovudsituasjonen til tidsrommet fram til situasjonen i leddsetninga finn stad. עַד brukast også som preposisjon (sjå § 53i).

1.	שֵׁב לִימִינִי עַד־אֶשִׁית אֵיבִיךָ הָדָם לְרַגְלֶיךָ	Set deg ved mi høgre hand <i>til</i> eg får lagt dine fiendar som skammel for dine føter! (Sal 110,1)
2.	לֹא יִכָּהֶה וְלֹא יִרוּץ עַד־ יָשִׁים בְּאָרֶץ מְשֻׁפָּט	Han skal ikkje slokna og ikkje bli knekt <i>før</i> han set retten igjennom på jorda. (Jes 42,4 [med יִרוּץ for יָרוּץ, jf. LXX])

## l) פְּנֵי

Blant konjunksjonane som knyter leddsetningar om **hensikt** til ei hovudsetning, skil פְּנֵי seg ut på den måten at setninga etterpå viser til ein situasjon som **ikkje** må skje (## 1 og 2).

1.	עַל־כַּפַּיִם יִשְׂאוּנְךָ פְּנֵי־תֵגֶף בְּאֶבְזֵי רַגְלֶךָ	På hender skal dei bere deg <i>så</i> du <b>ikkje</b> støyter på steinen foten din. (Sal 91,12)
----	--	---

2.	לֹא תֹאכְלוּ מִמֶּנּוּ וְלֹא תִגְעוּ בּו פְּיֵי-תַמְתּוֹן	De skal ikkje ete frå det og ikkje røre det, <i>elles</i> døyr de! (1 Mos 3,3)
----	--	---

## § 55 Partiklar med andre funksjonar

### a) Den bundne artikkelen

Den fremste funksjonen til den bundne artikkelen på bibelhebraisk er å markere at eit ord har bunde innhald (bm.: *bestemt*, sjå § 46 om binding generelt og § 28a om utforming av bunden artikkel på bibelhebraisk). Bruken av bundne former på norsk og hebraisk skil seg bl.a. når bunden artikkel markerer eit vokativt ledd (# 1, sjå også §§ 46b og 59f). Artikkelen var nok opphavleg eit slags demonstrativ (*denne/dette/desse*) og brukast framleis slik i somme tilfelle (# 2, sjå også § 52d). Den kan også brukast som ein slags underordnande konjunksjon til å gjere ei setning til ein del av ei større setning eller frase, f.eks. ei utfylling i ein preposisjonsfrase (# 3, jf. bruken av אֲשֶׁר og כִּי, §§ 54c og h).

1.	אֲדֹנֵי הַמְּלָכָה הָרְעוּ הָאֲנָשִׁים הָאֵלֶּה	Min herre <i>konge!</i> Desse mennene har handla ille. (Jer 38,9)
2.	כִּי-קָדוֹשׁ הַיּוֹם לְאֲדֹנֵינוּ	For <i>denne dagen</i> er heilag for vår Herre. (Neh 8,10)
3.	בְּצַר לָהֶם	i <i>den (situasjonen at)</i> det var trøngt for dei (Sal 107,28)

### b) Objektsmerket

Partikkelen אֶת־/אֵת (אֶת־/אֵת- med suffiks,<sup>137</sup> til forskjell frå preposisjonen אֶת־/אֵת *med* som har ei anna utforming med suffiks: -אֵת) står som regel framfor objektet i ein verbfrase (sjå § 49a), derav namnet, som også kan vere *nota accusativi*.

Den liknar ein preposisjon ved at den alltid har noko substantivisk etter seg – eit pronomensuffiks (## 1 og 2), eit substantiv (## 3, 7 og 9), eit substantivert adjektiv (# 4), eit substantivert partisipp (# 5), ei substantivert setning (# 6) eller eit pronomen (# 8). Dette substantiviske som objektsmerket har etter seg, har som regel bunde innhald og veldig ofte bunden form (sjå § 46 om binding).

Objektsmerket skil seg frå preposisjonar ved at det nesten utelukkande høyrer til verbfrasar (preposisjonar knyter sine utfyllingar til både verb, nomen, andre preposisjonar eller til heile setninga) og ved at den berre opplyser om *grammatiske* forhold (objektet for verbet, ev. bunde adverbial [# 7]), og ikkje om forhold som går på *rom* og *tid*.<sup>138</sup> Unntaksvis står objektsmerket framfor subjektet (# 8, ofte med passive verbformer) eller attributtet i ein

<sup>137</sup> Sjå merknad 4 til tabellen i § 36 om utforminga av objektsmerket.

<sup>138</sup> Om ein mogleg *framhevande* funksjon for אֶת, sjå f.eks. Waltke-O'Connor § 10.3b.



nomenfrase (# 9).<sup>139</sup>

Med pronomensuffiks bak seg, er objektsmerket obligatorisk når det kjem framfor verbet (# 1), og når det er *fleire pronomensobjekt* (# 2), sidan bibelhebraisk ikkje har egne objektsformer av personlege pronomener slik som *henne, deg, meg, dykk* og *oss* på norsk. Bruken av objektsmerket er elles lite konsekvent.

1.	אֶתִּי קָרָאתָ	Meg har du har kalla på. (Jes 43,22)
2.	וַיִּשְׁמַעֵנוּ אֹתָהּ	Og så lar han oss høyre det. (5 Mos 30,12)
3.	וְאַהֲבֵתָ אֶת יְהוָה אֱלֹהֶיךָ	Og du skal elske HERREN din Gud. (5 Mos 6,5)
4.	וְאֶת־הַשְּׁמָנָה וְאֶת־הַחֹזֶקָה אֲשֶׁמִּיד	Men den feite og den sterke vil eg øydelegge. (Esek 34,16)
5.	אֶת־הָאֲבֹדֹת אֲבַקֵּשׁ וְאֶת־ הַנְּדַחֹת אֲשִׁיב ... וְאֶת־הַחֹלָה אֲחַזֵּק	Den bortkomne vil eg leite opp og den bortdrivne vil eg føre tilbake ... og den sjuke vil eg styrkje. (Esek 34,16)
6.	לֹא יִנְקֶה יְהוָה אֶת אֲשֶׁר־יִשָּׂא אֶת־שְׁמוֹ לְשׂוֹא	HERREN lar ikkje den som misbrukar namnet hans, gå ustraffa. (2 Mos 20,7)
7.	וְעַמִּי אֶת־טוֹבֵי יִשְׁבְּעוּ	Og folket mitt skal bli mett på godleiken min. (Jer 31,14)
8.	וְנִתְּנָה לְךָ גַם־אֶת־זֹאת	Og så skal denne òg bli gitt til deg. (1 Mos 29,27)
9.	דָּעָה אֶת־יְהוָה	kjennskap til HERREN (Jes 11,9)

### c) Adverb

Ord, frasar og setningar har adverbial funksjon når dei fungerer som bundne adverbial (§ 49b), fritt adverbial (§ 59c) eller setningsadverbial (§ 59d). Både nomen (substantiv, adjektiv) og verb (særleg i infinitiv absolutus) kan fungere adverbialt. Her følger ei oversikt over partiklane som ofte brukast med adverbial funksjon. I tillegg til å kunne fungere som adverb, kan fleire av dei også fungere som konjunksjonar (sjå § 54) eller substantiv.

Adverb på bibelhebraisk kan delast inn i to grupper: adverb brukt som bundne eller frie adverbial, og adverb brukt som setningsadverbial. Funksjonen til adverba i den første gruppa er relativt rett fram sidan dei stort sett gir informasjon om stad, tid, måte og grad. Bruken av adverba i den andre gruppa kan vere litt meir krevjande å få tak på, i det dei som regel ikkje handlar om slike konkrete forhold.

(1) *Adverb brukt som bundne eller frie adverbial* handlar vanlegvis enten om stad,

<sup>139</sup> I 2 Mos 13,7 og 5 Mos 9,25 står objektsmerket framfor frie adverbial om *tid*.

tid, måte eller grad. Fleire av desse orda får sitt innhald frå konteksten, og bruken av dei kan dermed likne på bruken av påpeikande pronomen (sjå § 52b).<sup>140</sup>

Om stad (*kor?*):

1.	הֵלֵם <i>hit</i>	אַל-תִּקְרַב הֵלֵם	Kom ikkje nærare <i>hit</i> ! (2 Mos 3,5)
2.	הִנֵּה <i>hit</i>	מִי־פָתִי יִסַּר הִנֵּה	Den som er uerfaren, kan vende seg <i>hit</i> ! (Ordt 9,4)
3.	רֻנְדֵּי סָבִיב <i>rundt omkring</i>	שְׂאֵי-סָבִיב עֵינֶיךָ וְרֵאֵי	Rett blikket ditt <i>rundt omkring</i> og sjå! (Jes 60,4)
4.	פֹּה <i>her</i>	שְׁבוּ-לְכֶם פֹּה עִם-הַחֲמֹר	Sett dykk <i>her</i> saman med eselet. (1 Mos 22,5)
5.	שָׁם <i>der</i>	לִשְׁכֹן שְׁמוֹ שָׁם	for å la namnet sitt bu <i>der</i> (5 Mos 16,11)
6.	שָׁמָּה <i>dit</i>	וְשָׁמָּה לֹא יָשׁוּב	Og <i>dit</i> vender det ikkje tilbake. (Jes 55,10)

Om tid (*når?*):

7.	אַז <i>då</i>	אַז תִּפְקַחְנָה עֵינַי עֹרְוִים	<i>Då</i> skal auge på blinde opnast! (Jes 35,5)
8.	אַחַר <i>etterpå</i>	אַחַר תִּעְבְּרוּ	<i>Etterpå</i> kan de dra vidare. (1 Mos 18,5)
9.	יוֹמָם <i>om dagen, på dagtid</i>	יוֹמָם הַשֶּׁמֶשׁ לֹא-יִכְבֶּה	<i>Om dagen</i> skal ikkje sola skade deg. (Sal 121,6)
10.	מָחָר <i>i morgon</i>	מָחָר אֲנֹכִי נֹצֵב עַל-רֹאשׁ הַגְּבֻעָה	<i>I morgon</i> skal eg stå på toppen av høgda (2 Mos 17,9)
11.	עוֹד <sup>141</sup> <i>framleis, lenger</i>	לֹא-תִירָאֵי רֵעַ עוֹד	Du skal ikkje <i>lenger</i> vere redd noko vondt. (Sef 3,15)
12.	עֹתָהּ <i>no</i>	עֹתָהּ תִצְמַח	<i>No</i> spirer det fram! (Jes 43,19)

Om måte (*korleis?*):

13.	יַחְדּוֹ / <i>saman</i> יַחַד	וְרֵאוּ כָּל-בֶּשֶׂר יַחְדּוֹ	Og alt kjøtt skal sjå (det) <i>saman</i> . (Jes 40,5)
-----	----------------------------------	-------------------------------	---

<sup>140</sup> På norsk kallast slike ord for "proord," og i dette tilfellet "proadverb".

<sup>141</sup> Det hender at subjektet i ei setning med עוֹד som fritt adverbial, skrivast som pronomensuffiks på slutten av עוֹד, f.eks. 1 Mos 18,22 הָיָה לְפָנַי יְהוָה עוֹדְנִי עוֹדְנִי *Han sto framleis framfor HERREN*. Ordet עוֹד kan også fungere som substantiv og bety *tidsrom*, f.eks. Jes 7,8.

14.	כֹּה <i>slik</i>	כֹּה תְּבָרְכוּ אֶת־בְּנֵי יִשְׂרָאֵל	<i>Slik</i> skal de velsigne israelittane. (4 Mos 6,23)
15.	כָּכָה <i>slik</i>	וְכָכָה תֹאכְלוּ אֹתוֹ	Og <i>slik</i> skal de ete det: (2 Mos 12,11)
16.	כֵּן <i>slik</i>	כָּצִיץ הַשָּׂדֶה כֵּן יִצְיֵן	Lik blomen på marka, <i>slik</i> blomstrar det. (Sal 103,15)
17.	מְהֵרָה <i>fort</i>	מְהֵרָה הַצִּילֵנִי	Redd meg <i>fort</i> ! (Sal 31,3)
18.	רִיקָם <i>tomhendt</i>	לֹא־יָשׁוּב אֵלַי רִיקָם	Det vender ikkje <i>tomt</i> tilbake til meg. (Jes 55,11)

Om grad (*kor mykje?*):

19.	מְאֹד <i>veldig</i>	כְּבִדָּה מְאֹד	Ho er <i>veldig</i> tung. (1 Mos 18,20)
20.	עוֹד <i>igjen, stadig</i>	וְלֹא־יִכָּרֵת כָּל־בֶּשֶׂר עוֹד מִמֵּי הַמַּבּוּל	Og alt kjøtt skal aldri <i>igjen</i> bli utrydda på grunn av vatnet frå storflaumen. (1 Mos 9,11)
21.	תָּמִיד <i>stadig</i>	תָּמִיד תִּהְיֶה לְפִי	<i>Stadig</i> er hans pris i min munn. (Sal 34,2)

(2) **Adverb brukt som setningsadverbial** kan seie noko om setninga dei er ein del av åleine, setninga dei er ein del av i forhold til setningane omkring, og setninga dei er ein del av i forhold til språkbrukaren (sjå § 59d).

Setningsadverbial som modifierer innhaldet i setninga dei er ein del av utan omsyn til setningane omkring eller språkbrukaren sjølv, handlar ofte om *sanningsverdi*. Dei indikerer f.eks. om sanningsverdien ved setningsinnhaldet er høg, fråverande eller usikker.

Når innhaldet i setninga blir modifisert i forhold til setningane omkring ved hjelp av setningsadverb, handlar det gjerne om *samanheng* eller *fokus*. Samanhengen mellom innhaldet i setninga med setningsadverbial og ein annan situasjon kan vi beskrive med slike omgrep som følge, årsak, utbrodering, kontrast, osv. Alternativt kan setningsadverbial vere med og gi ei setning eller ein del av ei setning særskild fokus ved å markere den som eit tillegg til eller ei avgrensing av noko anna.

Språkbrukaren uttrykker sitt engasjement i forhold til innhaldet i setninga ved hjelp av setningsadverbial om *modalitet*.

Grensene mellom desse ulike bruksmåtane er ikkje klare, og betydningane til dei ulike adverba glir lett over i kvarandre.

#### (a) אֵין

Som setningsadverbial brukast אֵין til å formidle at ei setning med nominalt subjektspredikativ (sjå § 59b1) *ikkje* har *sanningsverdi* (sjå også § 55d).

1.	אִינְנוּ אֶכֶל	Han var <i>ikkje</i> fortært! (2 Mos 3,2)
2.	אִין־יוֹסֵף בְּבוֹר	Josef var <i>ikkje</i> i brønnen. (1 Mos 37,29)

(b) אָד

אָד ser ut til å kunne brukast både for å gi eit *avgrensande* fokus (# 1), for å knyte setninga til samanhengen som ein *kontrast* til det føregåande (# 2), og for å gi setninga ein *høg sanningsverdi* (# 3). Den siste bruken kan også innehalde eit element av kontrast til det føregåande eller til ei uuttalt oppfatning.

1.	אָד טוֹב וְחֹסֵד יִרְדְּפוּנִי כָּל־יְמֵי חַיֵּי	Berre godleik og miskunn skal følge meg alle mine levedagar. (Sal 23,6)
2.	חֶלֶב זִבְחֶיךָ לֹא הֲרוִיתָנִי אָד הָעֲבֹדָתִי בְּחַטָּאוֹתֶיךָ	Med feittet av offera dine metta du meg <i>ikkje</i> . Du plaga meg <i>heller</i> med syndene dine. (Jes 43,24)
3.	אָד קָרוֹב לִירְאוֹ יִשְׁעוֹ	[Ein kunne begynt å lure, men ...] <i>Sanneleg</i> , hans frelse er nær for dei som fryktar han. (Sal 85,10)

(c) אֵל

Setningar der subjektspredikativet er eit verb i kohortativ eller jussiv, blir *nekta* med adverbet אֵל (# 1). Setningar med eit verb i imperativ som predikativ, blir *ikkje* nekta.

1.	אֵל־אֲבוֹשָׁה [KOH] אֵל־יַעֲלֶצוּ אֵיבֵי לִי [JUSS]	Eg ønsker <i>ikkje</i> å bli til skamme! Fiendane mine må <i>ikkje</i> få fryde seg over meg! (Sal 25,2)
----	---	---

(d) אִם

Ordet אִם fungerer vanlegvis som konjunksjon (sjå § 54b), men det kan også brukast som setningsadverbial. I slike tilfelle uttrykker det vanlegvis at setninga det er ein del av, har ein *usikker* sanningsverdi. Det finst likevel ein spesiell bruk av אִם om situasjonar som språkbrukaren vil framstille med høg sanningsverdi (sjå nedanfor).

Partikkelen markerer at det er usikkert om eller når ei framtidig hending skal skje.

1.	כִּי אִם־צָעַק יִצְעַק אֵלַי שָׁמַע אֲשַׁמַּע צַעֲקָתוֹ	Når han <i>eventuelt</i> roper til meg, vil eg høyre ropet hans. (2 Mos 22,22)
2.	עַד אֲשֶׁר אִם־שָׂאוּ עָרִים	fram til då byar <i>eventuelt</i> ligg øyde (Jes 6,11)

Ja-nei-spørsmål legg noko fram med ein usikker sanningsverdi – i alle fall på overflata.<sup>142</sup> Det er kanskje derfor ׀א kan markere slike spørsmål, særleg når dei blir stilt fram som alternativ. Spørjepartikkelen ה brukast då vanlegvis framfor det første alternativet (# 3 [direkte] og # 4 [indirekte]), men ׀א kan også brukast framfor begge to (# 5 [indirekte]).

3.	הֵיִשׁ בְּהַבְּלֵי הַגּוֹיִם מְגֻשְׁמִים וְאִם־ הַשָּׁמַיִם יִתְּנוּ רֶגְבִים	Finst det blant avgudane til folka nokon som kan sende regn? Eller kan himmelen gi regnbyer? (Jer 14,22)
4.	כִּי אֵינְךָ יוֹדֵעַ ... הַזֶּה אוֹיֵה וְאִם־ שְׁנֵיהֶם כְּאַחַד טוֹבִים	For du veit ikkje ... om det blir den eine eller den andre eller <i>om</i> begge to blir like bra. (Fork 11,6)
5.	בַּחֲרוּ לָכֶם הַיּוֹם ... אִם אֶת־אֱלֹהִים אֲשֶׁר־עֲבַדוּ אֲבוֹתֵיכֶם ... וְאִם אֶת־ אֱלֹהֵי הָאֲמֹרִי	Vel i dag ... <i>om</i> [de vil tene] gudane som fedrane dykkar dyrka ... eller <i>om</i> [de vil tene] amorittanes gudar. (Jos 24,15)

Kanskje frå bruken av ׀א som konjunksjon framfor vilkårssetningar har det komme to forskjellige adverbiale bruksmåtar. Den eine er modal fordi ׀א brukast for å uttrykke eit *ønske* om at det som setninga uttrykker, skal skje (# 6). Denne bruken av ׀א liknar bruken av *om* på norsk, jf. omsettinga.

Bruken av ׀א i ## 7 og 8 kan derimot verke ulogisk. Det er fordi denne partikkelen, som vanlegvis brukast til å uttrykke usikker sanningsverdi, blir brukt for å uttrykke eit *løfte* eller ein *eid*, der sanningsverdien må vere høg. Denne måten å bruke ׀א på har kanskje sin bakgrunn i slike utsegner som ein finn i 2 Kong 6,31. Det er uansett slik at ein språkbrukar kan love at det som setninga uttrykker, verkeleg *ikkje* er eller blir tilfelle, ved å sette ׀א i starten (# 7). Og motsett, dersom ein stadfester med eid at noko verkeleg *er* eller *blir* tilfelle, kan ein innleie setninga med אִם־לֹא (# 8).

6.	שְׁמַע עַמִּי וְאַעֲיֵדָה בְּךָ יִשְׂרָאֵל אִם־תִּשְׁמַע־לִי	Høyr, mitt folk, og eg vil formane deg! Israel, <i>om</i> du <i>berre</i> ville høyre på meg! (Sal 81,9)
----	---	--

<sup>142</sup> Retoriske ja-nei-spørsmål uttrykker vanlegvis ikkje uvisse, dei legg heller noko fram som ein påstand.

7.	נִשְׁבַּע יְהוָה בְּיָמֵינוּ וּבְזֵרוּעַ עֲזוֹ אִם-אֶתְּנֶן אֶת-דִּגְגָנְךָ עוֹד מֵאֲכָל לְאִיבִיךָ	HERREN har svore ved si høgre hand og ved sin sterke arm: Eg vil <i>aldri</i> gi kornet ditt igjen til mat for fiendane dine. (Jes 62,8)
8.	אִם-לֹא שׁוֹיִתִּי וְדוֹמְמֹתִי נִפְשִׁי	Eg har <i>sanneleg</i> fått meg sjølv til å vere stille og roleg. (Sal 131,2)

(e) אָ

Setningsadverbet אָ set fokus på setninga (ev. ein del av setninga) som eit *tillegg* (# 1).<sup>143</sup> Det kan også knyte setninga til samanhengen som ei *utbrodering* eller *følge* (## 2 og 3).

1.	טְבַחָה טְבַחָה מְסַכָּה יַיִנָּה אָ עָרְכָה שְׁלֹחָנָה	Ho har slakta sitt slakt. Ho har blanda sin vin. Ho har <i>også</i> ( <i>til og med, jamvel</i> ) dekt sitt bord. (Ordt 9,2)
2.	הֲנִי עֹשֶׂה חֵדְשָׁה ... אָ אֲשִׁים בְּמִדְבַר דֶּרֶךְ	Sjå, eg gjer noko nytt. ... Eg legg <i>altså</i> i ørkenen ein veg. (Jes 43,19)
3.	חֲבָלִים נִפְלוּ-לִי בְּנִעְמִים אָ-נִחַלְתָּ שְׁפָרָה עָלַי	Målebanda fall for meg på fruktbar jord, ein arv som er herleg vart <i>altså</i> min. (Sal 16,6)

(f) אֵ

Ei setning eller ein del av ei setning får ofte spesielt fokus som eit *tillegg* ved hjelp av setningsadverbet אֵ (# 1).<sup>144</sup> Språkbrukaren kan også understreke at tilleggselementet har samsvarande *høg sanningsverdi* som noko anna (# 2) – ofte med אֵ framfor begge to (# 3). Av og til er det den (ofte overraskande) høge sanningsverdien i seg sjølv som אֵ ser ut til å understreke, og ikkje det at noko kjem i tillegg til noko anna (# 4). Andre gonger er det heller det faktum at noko *samsvarer* med noko anna i samanhengen, som אֵ markerer (# 5). Samsvaret kan også handle om ei logisk følge (# 6).

<sup>143</sup> Denne adverbiale bruken av אָ ser i fleire tilfelle ut til ha blitt svekt slik at den brukast som ein sideordnande konjunksjon på same måte som וְ (sjå § 54e).

<sup>144</sup> Denne adverbiale bruken av אֵ ser i fleire tilfelle ut til ha blitt svekt slik at den brukast som ein sideordnande konjunksjon på same måte som וְ (sjå § 54e).

1.	ויעזקהו ויסקלהו ויטעהו שֶׁרֶק וַיִּבֶן מִגְדָּל בְּתוֹכוֹ וַגַּם יִקַּב חֶצֶב בּוֹ	Og så hakka han den opp og fjerna stein frå den og planta den med ein god druesort og bygde eit tårn midt i den og <i>til og med</i> hogg ut ei vinpresse i den. (Jes 5,2)
2.	והבל הביא גם־הוא מבכרות צאנו	Og Abel bar fram, han òg, av dei førstefødde frå småfeet sitt. (1 Mos 4,4)
3.	נָבַל תִּבְלַגְּמָה גַּם־ הָעַם הַזֶּה אֲשֶׁר עִמָּךְ	Du kjem til å slite ut <i>både</i> deg sjølv og dette folket som er med deg. (2 Mos 18,18)
4.	גַּם־עֲבָדְךָ נִזְהָר בָּהֶם	<i>Sanneleg</i> , tenaren din får åtvaring gjennom dei. (Sal 19,12)
5.	גַּם־אֲנַחְנוּ נַעֲבֹד אֶת־יְהוָה	Vi òg ( <i>på same måte</i> ) vil tene HERREN. (Jos 24,18)
6.	וַגַּם־אֲנִי נָתַתִּי אֶתְכֶם נִבְזִים	(De har bøygd av frå vegen ...) Så <i>derfor</i> har eg gjort dykk forakta. (Mal 2,9)

#### (g) ה<sup>145</sup>

Ved hjelp av spørjepartikkelen, kan ein språkbrukar markere at sanningsverdien til setninga ikkje er kjent, og samtidig etterlyse ei stadfesting eller nekting av sanningsverdien (# 1). Det vil seie at svaret på spørsmålet vanlegvis er *ja* eller *nei*. *Retoriske* ja-nei-spørsmål uttrykker vanlegvis ikkje uvisse, men legg heller noko fram som ein påstand – gjerne med engasjement (= modal bruk, ## 2 og 3).

1.	הֲעוֹד אָבִי חַי	Lever far min framleis? (1 Mos 45,3)
2.	הֲשֹׁמֵר אָחִי אֲנֹכִי	Er eg vaktar for min bror? (= Eg er <i>ikkje</i> vaktar for min bror!) (1 Mos 4,9)
3.	הֲלוֹא אָב אֶחָד לְכָלֵנוּ	Har vi ikkje éin far alle saman? (= Éin far har vi alle saman!) (Mal 2,10)

#### (h) וְ

Sjølv om det vanlegaste er at partikkelen וְ brukast som konjunksjon (sjå § 54f), er det heller ikkje uvanleg at setninga den innleier blir sett i samanheng med eit ord, ein frase eller ei setning like før ved hjelp av denne partikkelen. Verbet i setninga med וְ står vanlegvis i ei

<sup>145</sup> Denne partikkelen kan skrivast הַ, הָ eller הֵ, avhengig av korleis ordet det kjem framfor, begynner (sjå §§ 8b, 9d–e og 10g).

consecutivum-form, men ikkje alltid (# 3). Ordet/frasen/setninga framfor setninga med ׀ uttrykker som regel eit forhold som på ein eller annan måte ligg til grunn for resten av setninga, og er då formelt sett eit fokusledd, f.eks. om vilkår (# 1) eller tid (## 2 og 3).

1.	אִם־אֶמְצָא חֵן בְּעֵינֵי יְהוָה וְהִשְׁבֵּנִי	Dersom eg finn nåde for HERRENS auge, <i>så</i> skal han la meg komme tilbake. (2 Sam 15,25)
2.	בְּשָׁנַת־מוֹת הַמֶּלֶךְ עֲזִיָּהוּ וְאָרְאָה אֶת־אֲדֹנָי	I dødsåret til kong Ussia, <i>så</i> såg eg Herren. (Jes 6,1)
3.	עוֹד אַרְבָּעִים יוֹם וְנִינְוָה נִהְפְּכֶת	Enno førti dagar, <i>og så</i> skal Nineve bli øydelagd! (Jona 3,4)

(i) כִּי

Partikkelen כִּי, som også brukast som konjunksjon (sjå § 54h), fungerer gjerne som eit setningsadverbial som gir setninga eller ordet/frasen den modifierer *høg* sanningsverdi (# 1), set eit *avgrensande* fokus (# 2, også saman med אִם, # 3) på den, eller set den i ulike forhold til samanhengen – som, f.eks., ei *årsak* (# 4), ein *kontrast* (# 5; saman med אִם, # 6) eller ei *følge* (# 7).

1.	כִּי־אֶהְיֶה עִמָּךְ	<i>Sanneleg</i> , eg skal vere med deg! (2 Mos 3,12)
2.	כִּי־אֶסֶר נַאֲסֶרְךָ וְנִתְּנוּךָ בְּיָדָם	(Vi skal ikkje drepe deg.) Vi vil <i>berre</i> binde deg og gi deg over i handa deira. (Dom 15,13)
3.	לֹא־יָדַע אֶתּוֹ מֵאוֹמָה כִּי אִם־הִלָּחֵם אֲשֶׁר־הוּא אוֹכֵל	Han tenkte ikkje på noko hos seg sjølv, <i>anna enn</i> maten som han åt. (1 Mos 39,6)
4.	וַיְבָרֵךְ אֱלֹהִים אֶת־יוֹם הַשְּׁבִיעִי וַיִּקְדֵּשׁ אֹתוֹ כִּי בּוֹ שָׁבַת מְכֹל־ מְלֹאכְתּוֹ	Og så velsigna Gud den sjuande dagen og helga den. På den hadde han <i>nemleg</i> kvilt frå heile sitt arbeid. (1 Mos 2,3)
5.	כִּי מֵאַהֲבַת יְהוָה אֶתְכֶם וּמִשְׁמֵרוֹ אֶת־הַשְּׁבִעָה אֲשֶׁר נִשְׁבַּע לְאַבְתִּיכֶם הוֹצִיא יְהוָה אֶתְכֶם	Det var <i>heller</i> fordi HERREN elska dykk og fordi han held løftet som han svor fedrane dykkar at HERREN førte dykk ut. (5 Mos 7,8)



6.	לֹא-יָשׁוּב אֵלַי רִיקָם כִּי אִם-עָשָׂה אֶת-אֲשֶׁר חָפְצָתִי	Det vender ikkje tomt tilbake til meg. Det gjer heller det som eg vil. (Jes 55,11)
7.	כִּי-בָרַךְ אֲבָרְכֶךָ	(På grunn av at du gjorde dette ....) så vil eg velsigne deg. (1 Mos 22,(16–)17)

(j) לֹא<sup>146</sup>

Setningsadverbet לֹא brukast for å *nekte* sanningsverdien der subjektspredikativet i setninga er eit verb i perfektum eller imperfektum (# 1), mindre ofte der predikativet er nominalt (# 2).

1.	אֲבָרְהֶם לֹא יִדְעֻנוּ וְיִשְׂרָאֵל לֹא יִכִּירְנוּ	Abraham kjenner oss <i>ikkje</i> , og Israel vil <i>ikkje</i> kjennast ved oss. (Jes 63,16)
2.	לֹא מַחְשְׁבוֹתַי מַחְשְׁבוֹתֵיכֶם וְלֹא דַרְכֵיכֶם דְּרָכַי	Mine tankar er <i>ikkje</i> dykkar tankar, og dykkar vegar er <i>ikkje</i> mine vegar. (Jes 55,8)

(k) נָא

Dersom det ikkje er eit utropsord som gjer setninga til ei høfleg bøn ("Ver så snill!"), fungerer kanskje partikkelen נָא helst som eit setningsadverbial og markerer at setninga den er ein del av, står i ei logisk samanheng (følge, ev. årsak) med det føregåande, det følgjande eller samanhengen generelt. Den står vanlegvis etter eit verb i imperativ (# 1), jussiv eller kohortativ (# 3), men også etter partiklane הִנֵּה (# 1), אֵל (# 2 – mellom nektingspartikkelen og verbet i jussiv) og אִם (# 2).

1.	הִנֵּה-נָא עֲצָרְנִי יְהוָה מִלֶּדֶת בְּאִ-נָא אֶל-שִׁפְחָתִי	Sidan HERREN har hindra meg i å føde, gå <i>då</i> inn til slavekvinna mi! (1 Mos 16,2)
2.	אִם-נָא מָצָאתִי חֵן בְּעֵינֶיךָ אֵל- נָא תֵעָבֵר מֵעַל עַבְדְּךָ	Sidan eg kanskje har funne nåde for auga dine, gå <i>då</i> ikkje forbi tenaren din! (1 Mos 18,3)
3.	לְמַעַן אַחֵי וְרַעֵי אֲדַבְּרָה-נָא שְׁלוֹם בְּךָ	På grunn av brørne mine og venene mine, vil eg <i>derfor</i> seie: Fred over deg! (Sal 122,8)

<sup>146</sup> I poetiske tekstar brukast בַּל av og til som nektingsadverb i staden for לֹא, f.eks. Jes 44,9.

### (1) רק

I likskap med אַל, kan ein språkbrukar bruke partikkelen רק til å gi eit *avgrensande* fokus til ei setning eller ein del av den (# 1). Den markerer også at ei setning står i *kontrast* til det føregående, samanhengen generelt eller ei uuttalt oppfatning (# 2). I det siste tilfellet blir setninga med רק også gjerne framstilt med spesielt *høg sanningsverdi*. Også når det ikkje er ein kontrast, kan רק markere høg sanningsverdi (# 3).

1.	רק אַתְּכֶם יִדְעֵתִי מִכֹּל מְשֻׁפְּחוֹת הָאָדָמָה	Berre dykk har eg kjent av alle slektene på jorda. (Am 3,2)
2.	רק עִם־חֶכְם וְנִבּוֹן הַגּוֹי הַגְּדוֹל הַזֶּה	[Eg hadde ikkje trudd det,] <i>men</i> dette store folket er <i>jo</i> eit vist og forstandig folk! (5 Mos 4,6)
3.	רק לְשֹׁטֵף מֵיִם רַבִּים אֵלָיו לֹא יִגִּיעוּ	Sanneleg, når det kjem ein flaum av veldige vatn, til han skal den ikkje nå. (Sal 32,6)

### d) Eksistenspartiklane

Både וְיֵשׁ og אִינְיֵשׁ kan fungere som subjektspredikativ (sjå § 59b). Med partikkelen וְיֵשׁ som subjektspredikativ kan ein språkbrukar påstå eller bekrefte at subjektet eksisterer eller er til stades (## 1 og 2). Partikkelen אִינְיֵשׁ førekjem oftare fordi den kan brukast både som subjektspredikativ der subjektet ikkje finst eller er til stades (# 3), og som eit setningsadverbial som nektar sanningsverdien til heile setninga (# 4). Den står som regel i status constructus.

1.	אִכֵּן יֵשׁ יְהוָה בְּמָקוֹם הַזֶּה	Sanneleg, HERREN <i>er</i> på denne staden! (1 Mos 28,16)
2.	הֲיֵשׁ אֱלֹהִים מִבְּלַעַדִּי	<i>Finst</i> det ein Gud, annan enn meg? (Jes 44,8)
3.	וְאִין מֵיִם לְשִׁתּוֹת הָעָם	Og det <i>fanst ikkje</i> vatn så folket kunne drikke. (2 Mos 17,1)
4.	אִינְיֵנוּ דִרְשׁ לְשָׁלוֹם לְעָם הַזֶּה	Han søkjer <i>ikkje</i> fred for dette folket. (Jer 38,4)

### e) Merksemdspartikkelen

Med partikkelen הִנֵּה (det same gjeld הִן) kan ein språkbrukar rette spesiell merksemd mot ei setning eller ein del av den. Merksemda eller påpeikinga er gjerne, men ikkje alltid,

prega av ein emosjonell intensitet eller engasjement.

Utan konjunksjonen ׀ i starten, blir הַנִּיָּה oftast brukt for å peike på noko i nærleiken (# 1) eller til ein situasjon ( gjerne med eit verb i partisipp) som er nær i tid og/eller rom (# 2).

1.	וַיֹּאמֶר אָבִי וַיֹּאמֶר הַנִּיָּה בְּנִי	Og så sa han: Far? Og så sa han: <i>Her</i> er eg, son min. (1 Mos 22,7)
2.	הַנִּיָּה עֹשֶׂה חֲדָשָׁה	<i>Sjå!</i> No gjer eg noko nytt! (Jes 43,19)

Når הַנִּיָּה har ׀ framfor seg, er det gjerne brukt i ei forteljing og kan då markere at ein person i forteljinga (brått) blir var på eller oppfattar noko (# 3).

3.	וַיֵּרָא וְהַנִּיָּה שְׁלֹשָׁה אַנְשִׁים נֹצְבִים עָלָיו	Og så såg han og <i>vart klar over at</i> tre menn sto framfor han. (1 Mos 18,2)
----	--	--

Uansett om הַנִּיָּה er med eller utan konjunksjon, kan ein språkbrukar bruke den til å peike på noko som på ein eller annan måte danner grunnlaget for det følgande eller det føregåande i forskjellige logiske forhold: vilkår (# 4), årsak (# 5), følge (# 5), kontrast (# 6), vedgåing (# 7).

4.	הַנִּיָּה אֲנֹכִי בָּא אֶל-בְּנֵי יִשְׂרָאֵל וְאָמַרְתִּי לָהֶם אֱלֹהֵי אֲבוֹתֵיכֶם שְׁלַחְנִי אֵלֵיכֶם וְאָמְרוּ-לִי מָה-שְּׁמוֹ מָה אָמַר אֱלֹהִים	<i>Viss eg no</i> går til israelittane, og så seier eg til dei: Dykkar fedrars Gud har sendt meg til dykk, og dei då seier til meg: Kva er namnet hans?, kva skal eg seie til dei? (2 Mos 3,13)
5.	הֵן לִי לֹא נָתַתָּה זֶרַע וְהַנִּיָּה בְּךָ בֵּיתִי יִוֹרֵשׁ אֹתִי	<i>Fordi</i> du ikkje har gitt meg etterkommarar, <i>så</i> kjem ein av husfolka mine til å arve meg. (1 Mos 15,3)
6.	הַנִּיָּה הָאֵשׁ וְהָעֵצִים וְאִיִּה הַשָּׁה לְעֹלָה	<i>Sjå!</i> <i>Her</i> er elden og veden. Men kor er lammet for ofringa? (1 Mos 22,7)
7.	הַנִּיָּה הַחֹשֶׁךְ יִכְסֶה-אֶרֶץ וְעָרְפֹל לְאֵמִים וְעָלִיד זֶרַח יְהוָה	<i>Sjølv om</i> mørkret <i>no</i> dekkjer jorda og skodde folka, over deg skal HERREN gå opp. (Jes 60,2)

## Frasar (oppbygging og funksjon), § 56–58

Ord i både norske og bibelhebraiske setningar har veldig ofte andre ord knytt til seg. I setninga *Moses, HERRENS tenar, sa med høg røyst*: «Gå!» er, f.eks., *høg* knytt til substantivet *røyst*, *høg røyst* er igjen knytt til preposisjonen *med* og både «Gå!» og *med høg røyst* er knytt til verbet *sa*. I starten av setninga er *HERRENS* knytt til substantivet *tenar*, og *HERRENS tenar* er knytt til substantivet *Moses*. Dette kan ein sjå ved hjelp av kunnskap om bl.a. ordbøying (*høg* er samsvarsbøygd med *røyst* og *HERRENS* har ein genitiv-*s* på slutten) og syntaks (apposisjonar kjem like etter hovudordet, preposisjonar står alltid med utfylling etterpå).

Slike ordgrupper kallar ein for *frasar*. Frasar byggast opp på bestemte måtar og har ulike roller eller funksjonar innanfor både setningar (sjå § 59) og andre, større frasar (sjå nedanfor). Det finst også eksempel på frasar som utgjer heile setninga.

Denne grammatikken deler hebraiske ord inn i tre ordklasser: verb, nomen og partiklar (sjå § 14c). Innanfor kvar av desse tre klassene finst det ord som får andre ord knytt til seg. Sidan dette skjer på litt forskjellige måtar, er det nyttig også å dele frasar inn i tre typar, alt etter som kva slags ord som står som hovudordet i frasen. Ein *verbfrase* består av eit verb som hovudord og orda som knyter seg til dette verbet (sjå § 58). Ein *nomenfrase* består av eit nomen som hovudord og orda som knyter seg til dette nomenet (sjå § 56). Av partiklane er det nesten berre preposisjonar som kan stå som hovudord med andre ord knytt til seg. Derfor heiter den tredje frasetypen *preposisjonsfrase* (sjå § 57).

Frasar og setningar vil som regel skilje seg frå kvarandre på den måten at berre setningar fortel om eller kommenterer noko. Det vil seie at dei både *nemner* noko (det som vi gjerne kallar for *subjektet*) og *fortel* noko om det (det som ein kan kalle *predikatet*). Sagt på ein annan måte: Mens frasar berre pleier å enten *nemne* noko (personar, ting, stader, tidspunkt, eigenskapar) eller *kommentere* noko, pleier setningar både å *nemne* og *kommentere* noko. Samanlikne *Gud er trufast* med *den trufaste Gud*. I det første tilfellet blir det både nemnt noko (*Gud*) og kommunisert noko om det (*er trufast*). I det andre tilfellet blir noko nemnt (*Gud*) saman med utfyllande informasjon om det (*trufast*). Sjølv om desse tilfella liknar kvarandre – begge to har med Gud å gjere og eigenskapen *trufast* – er det tydeleg ut ifrå ordstilling og bøying at dei har ulik funksjon.

### § 56 Nomenfrasar

Nomenfrasar kallar vi ordklynger i teksten der eit nomen eller ein nomenfrase står med andre ord knytt til seg. Nomenet eller nomenfrasen blir kalla *kjernen*, og på bibelhebraisk er strukturen i nomenfrasar som regel slik at kjernen kjem først, og så orda som knyter seg til den.

Det finst hovudsakleg to typar nomenfrasar: dei som består av kjerne pluss *attributt*, og dei som består av kjerne pluss *apposisjon*. Mens eit attributt bestemmer kjernen nærmare, er ein apposisjon som regel ein annan måte å uttrykke det som kjernen viser til (sjå nedanfor om både attributt og apposisjon).

Den syntaktiske funksjonen til nomenfrasar skil seg ikkje frå funksjonen til enkelte nomen, dvs. at slike frasar kan fungere både som subjekt, predikat, fritt adverbial, fokusledd, eller vokativ i ei setning (sjå § 59); som objekt, adverbial, subjekt, predikativ, attributt eller

apposisjon i ein verbfrase (sjå § 58); som attributt eller apposisjon i ein nomenfrase (sjå nedanfor); eller som utfylling i ein preposisjonsfrase (sjå § 57).

### a) Nomenfrase med attributt

Når orda som knyter seg til ein nominal kjerne, gir meir informasjon om eller spesifiserer kjernen på ein eller annan måte, fungerer dei som *attributt* til kjernen. Både suffiks, enkelte ord, frasar og setningar kan fungere som attributt. Ein kan dele attributt inn i fire typar etter kva for form dei har: substantiviske, adjektiviske, preposisjonelle og relative (setningar). Det er særleg stor forskjell mellom substantiviske og adjektiviske attributt når det gjeld bøyning.

(1) **Substantiviske** attributt er pronomensuffiks, substantiv (og andre substantiviske ord<sup>147</sup>) og nomenfrasar med ein substantivisk kjerne, som bestemmer nærmare ein nominal kjerne.<sup>148</sup> Talord fungerer ofte som substantiviske attributt, men ikkje alltid (sjå pkt. 6 nedanfor).

Det nærmaste ein kjem nomenfrasar med substantiviske attributt på norsk er kanskje samansette ord der førsteleddet er eit substantiv: *hærskarane, folkeslaga, teltheilagdomen*. Her blir substantiva *hær, folk* og *telt* brukt til å spesifisere kva type *skarar, slag* og *heilagdom* det er snakk om. Eit par viktige forskjellar mellom norsk og hebraisk er at (1) det attributive leddet kjem *før* kjernen på norsk, men *etter* kjernen på hebraisk; og at (2) det blir danna eitt (samansett) ord av attributtet og kjernen på norsk, mens kjernen og attributtet vanlegvis skrivast kvar for seg på hebraisk. Unntaket til denne regelen gjeld primært pronomensuffiks brukt som substantivisk attributt.

Sjølv om det ikkje blir danna samansette ord i same grad på bibelhebraisk som på norsk, blir det som regel laga ein forbindelse mellom kjernen og det substantiviske attributtet gjennom trykkforhold. Ein nominal kjerne og eit substantivisk attributt blir vanlegvis uttalt som ei lydmessig eining med hovudtrykket på éi av stavingane i attributtet. Dette får som regel følger for korleis hovudordet er skrive (jf. §§ 27–28).

Eksempel på enkle nomenfrasar med forskjellige typar substantiviske attributt:

1.	Pronomensuffiks	אֱלֹהֶיךָ	<i>din Gud / gudane dine</i>
2.		אָבִיו	<i>far hans/sin</i>
3.		עַמִּי	<i>folket mitt</i>
4.	Substantiv	אֹהֶל מוֹעֵד	<i>møtetelt</i>
5.		טְבַעַת זָהָב	<i>gullringar</i>
6.	Substantivert adjektiv	לֵב חַכְמִים	<i>dei vises hjarte (ikkje: eit vist hjarte / vise hjarte; Fork 7,4)</i>

<sup>147</sup> Med *substantiviske ord* siktast det til ord som nemner personar, stader eller ting. Eit adjektiv fungerer substantivisk når det ikkje beskriv noko, men heller viser til noko eller nokon. Jf. forskjellen mellom "*vonde menneske*" (adjektivisk bruk) og "*dei vonde*" (substantivisk bruk).

<sup>148</sup> I andre framstillingar er kjernen i ein frase med substantivisk attributt kalla for *nomen regens* ("det regjerande nomenet") og attributtet *nomen rectum* ("det regjerte nomenet").

7.	Infinitiv constructus <sup>149</sup>	רְנֵי פִּלְט	<i>fresejubil</i> (Sal 32,7)
8.	Substantivert partisipp	מַעֲשֵׂה רֶקֶם	<i>vevarverk</i> (verk av ein "vevande"/vevar)
9.	Nomenfrase med substantivisk kjerne	קוֹל מַיִם רַבִּים	<i>ein lyd av veldige vatn</i>
10.		אוֹת בְּרִית בֵּינִי וּבֵינֵיכֶם	<i>teiknet på pakta mellom meg og dykk</i> (1 Mos 17,11)
11.		רִיחַ שְׂדֵה אֲשֶׁר בְּרַכּוֹ יְהוָה	<i>lukt av ei eng som HERREN har velsigna</i> (1 Mos 27,27)
12.	Verbfrase med inf. cstr.	מְכוֹן שְׁבִתְךָ	<i>bustaden din</i> (staden for di "buing")
13.	Verbfrase med substantivert partisipp	יָד מְבַקְשֵׁי נַפְשָׁם	<i>handa på dei som står dei etter livet</i>

Når ein nomenfrase med substantivisk kjerne fungerer som substantivisk attributt, kan kjernen i den attributive frasen igjen ha eit substantivisk attributt (# 14). Slik kan det fortsette og bli til ei kjede med substantiv der det siste fungerer som attributt til det nest siste, som fungerer som attributt til det som står framfor, som fungerer som attributt til ... og så vidare (# 15).

14.	יָד מְלֹךְ-בָּבֶל	handa til kongen av Babel
15.	פְּרִי-גִדְלֵי לֶבֶב מְלֹךְ- אֲשׁוּר	frukta av hovmodet i hjartet til kongen av Assur (Jes 10,12)

Som regel kan ikkje to nomen dele same substantivisk attributt.<sup>150</sup> Attributtet skrivast enten to gonger – éin gong etter kvar av nomena (# 12) eller éin gong etter det første nomenet og i tillegg som eit pronomensuffiks etter det/dei andre nomenet/a (# 13):

12.	רֶכֶב-אֵשׁ וְסוּסֵי אֵשׁ	<i>eldvogn og eldhestar</i> (2 Kong 2,11)
13.	מִגְדֵּי אֶרֶץ וּמְלֵאָהּ	<i>frukta av jorda og det som fyller henne</i> (5 Mos 33,16)

Når eitt nomen har to substantiviske attributt, blir dette også skriva som to separate frasar (# 14). Men ein finn også eksempel der dei to substantiviske attributta står med

<sup>149</sup> Det finst nokre få eksempel på det som ser ut til å vere infinitiv absolutus brukt som substantivisk attributt (Ordt 1,3; 21,16; Jes 14,23 og Esek 16,49). Det kan verke påfallande at alle er i *Hiphil*.

<sup>150</sup> Unntaket ser ut til å vere frå Dan 1,4: סִפְרֵי וּלְשׁוֹן כְּשָׂדִים *litteraturen og språket til kaldearane*.

konjunksjonen ׀ mellom seg etter nomenet (# 15). Dette er vanleg når attributta kan oppfattast som eit fast ordpar.

14.	קוֹל שְׂשׂוֹן וְקוֹל שְׂמִחָה	lyd av <i>jubel</i> og lyd av <i>glede</i> (Jer 7,34)
15.	יוֹם עָנָן וְעָרָפָל	ein dag <i>med skyer og skodde</i> (Esek 34,12)

Fordi eit substantivisk attributt er knytt så sterkt til den nominale kjernen, står ikkje eit pronomensuffiks som logisk høyrer til kjernen, etter kjernen, men skrivast heller etter det substantiviske attributtet (## 16 og 17). Andre gonger er det mest logisk å forstå pronomensuffikset som eit attributt berre til ordet det skrivast saman med (# 18). Eit nomen med substantivisk attributt kan likevel ha ein retnings-ה til slutt (sjå §§ 31a og 47).

16.	בֵּית־אֲבֹתָם	farshusa <i>deira</i> (ikkje: huset til fedrane deira)
17.	אֱלִילֵי זָהָב	gudebilda <i>hans/sin</i> av gull (ikkje: gudebilde av gullet hans/sitt)
18.	אֱלֹהֵי אֲבֹתֵיהֶם	<i>deira/sine</i> fedrars Gud (ikkje: fedregudane deira/sine)
19.	אֶרֶצָה כְּנָעַן	<i>til</i> landet Kanaan

Nomen med substantiviske attributt har som regel ikkje bunden artikkel. Dersom det substantiviske attributtet er ubunde, er heile frasen ubunden (# 20). Men når attributtet er bunde (sjå § 46 om binding og korleis ord kan bindast), er også frasen som regel bunden (## 21 og 22). For å unngå at heile frasen vart bunden, måtte ein heller bruke eit preposisjonelt attributt (# 23, sjå også pkt. 3 nedanfor og § 53f).

20.	בַּת־מֶלֶךְ	ei kongsdotter / ei dotter av ein konge (2 Kong 9,34)
21.	בָּתֵּי־הַמֶּלֶךְ	kongsdottera / dottera til kongen (2 Krøn 22,11)
22.	כְּהֲנֵי יְהוָה	HERRENS prestar / prestane til HERREN (1 Sam 22,17)
23.	כְּהֲנִים לַיהוָה	prestar for HERREN / prestar til HERREN (1 Sam 1,3)

(2) **Adjektiviske** attributt er adjektiv, partisipp, nomenfrasar med adjektiv som kjerne eller verbfrasar med "beskrivande" partisipp som hovudord (sjå § 43a), som bestemmer ein nominal kjerne nærmare. Både talord og demonstrativ kan også fungere som adjektiviske attributt. Men bruken av dei kan skilje seg noko frå korleis dei fleste adjektiviske ord er brukt (sjå pkt. 6 og 7 nedanfor).

Nomenfrasar med adjektiviske attributt er vanlegare på norsk enn på bibelhebraisk. Ein ser ofte eit substantivisk attributt (eller eit tilstandsverb, sjå § 38) på hebraisk der ein hadde brukt adjektivisk attributt på norsk, f.eks. עֹלָם עֹלָם *ei evig ordning* (bokstavleg: *ei*

"æveordning") eller **מִקְרָא קֹדֶשׁ** *ei heilag samling* (bokstavleg: *ei "heilagdoms" samling*).

Ein viktig forskjell mellom nomenfrasar med adjektiviske attributt og nomenfrasar med substantiviske attributt har med *bøying* å gjere – både av kjernen og av attributtet. I ein frase med substantivisk attributt, står kjernen i status constructus (sjå §§ 27ff). Har kjernen derimot eit *adjektivisk* attributt, står kjernen i status absolutus, og sjølve attributtet er som regel *samsvarsbøyd*. Det vil seie at det står i same kjønn, tal og binding som kjernen (§§ 1–6).

Adjektiviske ord bruker ikkje dualisformene ein finn hos substantiv (sjå §§ 28 og 29). Dersom kjernen står i dualis, har adjektivet derfor vanleg fleirtalsending (# 3). Og sjølv om kjønnet til eit substantiv ikkje alltid viser seg med "riktig" bøyingsmønster (jf. # 2, der substantivet er hankjønn, sjølv om det er bøyd etter f-mønsteret, sjå § 28a), er adjektiv alltid bøyd "rett." Det vil seie at eit adjektiv i hankjønn blir bøyd etter m-mønsteret og eit adjektiv i hokjønn blir bøyd etter eit f-mønster – uansett korleis kjernen er bøyd.

Eksempel på nomenfrasar med eitt adjektivisk attributt:

1.		<b>לֵב חָכָם</b>	eit <i>vist</i> hjarte
2.	Adjektiv	<b>הַלְּחֹת</b> <b>הַרְּאִשִּׁים</b>	dei <i>første</i> tavlene
3.		<b>יָדַיִם</b> (du.) <b>רַפּוֹת</b> (pl.)	<i>slappe</i> hender
4.	Partisipp	<b>הַיּוֹם הַבֹּא</b>	den <i>kommande</i> dagen
5.	Nomenfrase med adjektivisk kjerne (sjå pkt. 5 nedanfor)	<b>פְּרוֹת בְּרִיאֹת</b> <b>בְּשֵׂר</b>	" <i>kjøtt-feite</i> " kyr (1 Mos 41,18)
6.	Verbfrase med partisipp som hovudord (sjå § 58 om verbfrasar)	<b>סֵלֶת בְּלוּלָה</b> <b>בְּשֵׁמֶן</b>	mjøl <i>blanda med olje</i>

Det finst også "regelmessige" unntak til samsvarsbøyingsreglane for adjektiviske attributt:

Dersom to kjernar av forskjellige *kjønn* har same adjektivisk attributt, står attributtet som oftast i hankjønn (# 7). Det hender også at attributtet står i hankjønn sjølv om kjernen er hokjønn når det kjem eit ord eller to i mellom dei (# 8).

Når det gjeld *talbøying*, er adjektiviske attributt ofte bøyd etter det *reelle* talet til kjernen, og ikkje det *grammatiske* talet, f.eks. # 9, der adjektivet står i eintal fordi kjernen, som er bøyd i fleirtal, viser til éin person; og # 10, der adjektivet står i fleirtal fordi kjernen, som er bøyd i eintal, viser til fleire personar.

Ein finn i tillegg ein del adjektiviske attributt med *bunden artikkel* der kjernen ikkje er bunden. Dette ser ein oftast med kjernar som viser til spesifikke og/eller eineståande ting/personar/stader (# 11, og særleg med ord som viser til byggverk av ulike slag, # 12).



7.	עַל-הַבָּנִים (m.) וְעַל-הַבָּנוֹת (f.) הַיְלֻדִים (m.) בַּמָּקוֹם הַזֶּה	om sønene og om døtrene <i>født</i> på denne staden (Jer 16,3)
8.	קִטְרֶת (f.) הַסַּמִּים טָהוֹר (m.)	<i>rein</i> , velluktande røykjelse (2 Mos 37,29)
9.	אֲדָנִים (pl.) קָשָׁה (sg.)	ein <i>hard</i> herre (Jes 19,4; størrelsesfleirtal – sjå § 45c)
10.	עַם (sg.) עַמְּקֵי (pl.) שְׂפָה	eit folk med <i>vanskeleg</i> språk ("eit leppedjupt folk"; Jes 33,19)
11.	אֶרֶץ הַרְחֵבָה וְהַשְּׂמֵנָה אֲשֶׁר-נָתַתָּ לְפָנֵיהֶם	det <i>vide</i> og <i>fruktbare</i> landet som du la framfor dei (Neh 9,35)
12.	חֲצֵר הַגְּדוּלָה	den <i>store</i> føregarden (1 Kong 7,12)

(3) **Preposisjonelle** attributt er frasar med ein preposisjon som hovudord (sjå § 57), som bestemmer ein nominal kjerne nærmare. Det nominale hovudordet står vanlegvis i status absolutus, ubunde (## 1 og 2) eller bunde (# 3), men kan også vere i status constructus (# 4).

1.	מֶלֶךְ בִּירוּשָׁלַם	konge <i>i Jerusalem</i> (Fork 1,1)
2.	אֲנָשִׁים מִזְקְנֵי יִשְׂרָאֵל	menn <i>frå Israels eldste</i>
3.	הָעָם עָלֶיהָ	folket <i>på henne</i> (Jes 42,5)
4.	זְכוֹרֹן לְחַכָּם	eit minne <i>om den vise</i> (Fork 2,16)

(4) **Relative** attributt er *setningar* som bestemmer ein nominal kjerne nærmare. Desse attributive setningane er kalla "relative" fordi dei er relatert til eller *forheld* seg til noko, i dette tilfellet til den nominale kjernen.

Relativsetningar på bibelhebraisk kan ha ulike innleiarord (bindeord/konjunksjonar). Det vanlegaste er partikkelen אֲשֶׁר. Andre ord som kan ha same funksjon, er וְ, וְהִיא og den bundne artikkelen (sjå eksempla nedanfor). Men alle desse orda kan også innleie setningar som *ikkje* fungerer som relative attributt (sjå §§ 52, 54 og 55a)! Det finst i tillegg både på norsk og hebraisk relativsetningar utan innleiarord, f.eks. *landet \_\_\_ eg ga fedrane dykkar*.

Nominale kjernar med relative attributt kan vere bundne (## 1 og 2) eller ubundne (## 3–6). Dei står vanlegvis i status absolutus (## 1–3, 5), men kan også vere i status constructus (## 4 og 6). Eksempla 1–4 er med konjunksjonen אֲשֶׁר. ## 5 og 6 er utan.

1.	אֶרֶץ אֲשֶׁר נָתַן יְהוָה אֱלֹהֶיךָ לְךָ	landet ditt <i>som HERREN din Gud gir deg</i> (5 Mos 28,52)
----	--	---

2.	הַדְּבָר אֲשֶׁר דִּבֶּר יְהוָה עָלָיו	ordet <i>som HERREN taler mot han</i>
3.	אִישׁ אֲשֶׁר בּוֹ מוֹם	ein mann <i>som det er ein feil på</i>
4.	מְקוֹם אֲשֶׁר יִשְׁחַט אֶת־הָעֶזְלָה	staden <i>der han slaktar brennofferdyret</i>
5.	זָהָב עָשׂוּ לְבַעַל	gull [som] <i>dei brukte til Baal</i> (Hos 2,10 [no. v. 8])
6.	יְמֵי הַתְּהַלְכָנוּ אִתָּם	dagane <i>vi gjekk med dei</i> (1 Sam 25,15)

Eksempel på relative attributt med andre bindeord enn אֲשֶׁר (## 7–9):

7.	אָדָם שֶׁאֵין לוֹ תְּשׁוּעָה	eit menneske <i>som det ikkje er hjelp hos</i> (Sal 146,3)
8.	לְוִיתָן זֶה־יִצְרַתָּ לְשִׁחֲקֵבוֹ	Leviatan, <i>som du skapte til å leika med</i> (Sal 104,26)
9.	אֲנָשִׁים הַהֲשִׁיבוּ נָשִׁים נְכַרְיוֹת	menn <i>som hadde gifta seg med framande kvinner</i> (Esra 10,17)

Hos dei fleste nomenfrasane med relative attributt, har den nominale kjernen for frasen ein funksjon eller rolle både i hovudsetninga og i relativsetninga. Kjernen blir på denne måten eit *fellesledd* mellom hovudsetninga og relativsetninga.

Ta for eksempel setninga *Dei skal omringe deg i alle byane i heile landet ditt som HERREN din Gud gir deg*. På norsk er frasen *heile landet ditt* både kjernen i utfyllinga for preposisjonsfrasen *i heile landet ditt som HERREN din Gud gir deg* og det underforståtte objektet i relativsetninga *HERREN din Gud gir deg [heile landet ditt]*. I setninga *Ein mann som det er ein feil på, kan ikkje komme fram*, er *ein mann* både kjernen i subjektet for hovudsetninga (*ein mann som det er ein feil på*) og den underforståtte utfyllinga for preposisjonsfrasen *på [ein mann]* i relativsetninga *det er ein feil på [ein mann]*.

På norsk har altså den nominale kjernen ein *underforstått* funksjon i relativsetninga. Det ville ikkje vore grammatisk å ta den med i relativsetninga, om det så var i form av eit pronomen: *\*Dei skal omringe deg i alle byane i heile landet ditt som HERREN din Gud gir deg heile landet ditt / det*, eller *\*Ein mann som det er ein feil på ein mann / han, kan ikkje komme fram*. På bibelhebraisk, derimot, er det ikkje uvanleg at den nominale kjernen blir tatt med i relativsetninga i form av eit pronomen eller stadsadverb.

I eksempel # 3 ovanfor er det eit pronomensuffiks knytt til preposisjonen i relativsetninga אֲשֶׁר בּוֹ מוֹם. Dette suffikset viser tilbake til אִישׁ *ein mann*. Men ei ord-for-ord-omsetting av frasen blir ikkje grammatisk på norsk – *\*ein mann som det er ein feil på han* – fordi det ikkje er plass til pronomenet *han* i relativsetninga. Dette er derimot ein vanleg uttrykksmåte på bibelhebraisk (jf. ## 10–13).

10.	הַאִישׁ אֲשֶׁר-הוּא טְהוֹר	mannen som [*han] er rein (4 Mos 9,13)
11.	הַגּוֹי אֲשֶׁר-יְהוָה אֱלֹהָיו	folket som HERREN er Gud for [*det] = folket som har HERREN som <i>sin</i> Gud (Sal 33,12)
12.	אֱלֹהֵי אֲשֶׁר לֹא-יָדָעוּ אֲבֹתָיו	ein gud som fedrane hans ikkje kjente [*han]
13.	הַבְּמָה אֲשֶׁר-אַתֶּם הַבָּאִים שָׁם	offerhaugen som de går til (Esek 20,29; eigl.: *offerhaugen som de går <i>dit</i> )

Der er likevel ikkje alle nomenfrasar med relative attributt som har ein nominal kjerne som fungerer både i hovudsetninga og i relativsetninga. Det finst altså relative attributt der den nominale kjernen i frasen ikkje har noka rolle eller funksjon i relativsetninga, og ikkje er eit fellesledd mellom hovudsetninga og relativsetninga.

På den eine sida har ein setningar som brukast for å nemne den/det/dei som er involvert i ein verbsituasjon. Også her kan innleiarordet אֲשֶׁר mangle (# 15).

14.	יָד אֲשֶׁר-אַתָּה יְגוֹר מִפְּנֵיהֶם	handa på dei som du er redd for (Jer 22,25)
15.	יָדֵי לֹא-אוּכָל קוּם	hendene på [dei som] eg ikkje kunne stå meg imot (Klag 1,14)

På den andre sida finst det også relative attributt der sjølve verbsituasjonen er i fokus, og ikkje først og fremst dei som er involvert i situasjonen. Slike attributt liknar setningar på norsk som begynner på (*det*) *at*:

16.	דְּבַר אֲשֶׁר לֹא-קָדְמוּ אֶתְכֶם	det forholdet at dei ikkje møtte dykk (5 Mos 23,5 [NO v. 4])
17.	תְּחִלַּת דְּבַר-יְהוָה בְּהוֹשֵׁעַ	?begynnelsen av [at] HERREN talte gjennom Hosea (Hos 1,2)

(5) **Nomenfrasar med eit adjektiv som kjerne** er mindre vanlege enn frasar med eit substantiv som kjerne. Men dei har stort sett dei same attributt-typane, f.eks. substantivisk – med kjernen i status constructus (# 1), adjektivisk (# 2) og preposisjonelt (# 3). Attributtet kan også vere eit verb i infinitiv absolutus (# 4).

Substantivet מָאֵד *styrke, makt, overflod* brukast ca. 60 gonger som eit slags attributt til

forskjellige adjektiv. Sidan slike adjektiv ikkje står i status constructus (jf. # 5 nedanfor med # 1), er dette ikkje eit vanleg substantivisk attributt. Substantivet har i desse tilfella kanskje gått over til å bli det einaste gradsadverbet i bibelhebraisk, alternativt kan dette vere ei forkorting av preposisjonsfrasen עַד־מְאֹד med same betydning (# 6).

1.	גְּדֹלַת־חֶסֶד	stor <i>i miskunn</i> (Sal 145,8; eigl.: "miskunn-stor")
2.	<sup>151</sup> לְבָנָה אֲדַמְדָּמֶת	raudleg kvit (3 Mos 13,43)
3.	הַקְּרִבָּה אֶל־הַחֶלֶל	næraste <i>til den drepne</i> (5 Mos 21,3)
4.	צְדִיק הַרְבֵּה	altfor rettferdig (Fork 7,16)
5.	גְּדוּלָה מְאֹד	veldig stor
6.	גְּדוּלָה עַד־מְאֹד	veldig stor (1 Mos 27,33; eigl.: "stor i overflod")

Ein spesielt viktig type preposisjonelt attributt til eit adjektiv er dei med preposisjonen מִן. Med slike attributt kan ein språkbrukar uttrykke ei samanlikning der ein på norsk pleier å gradbøye adjektivet (sjå også § 50 og 53h).

7.	טוֹב מִבְּנִים וּמִבָּנוֹת	betre <i>enn</i> søner og døtrer (Jes 56,5)
8.	גְּדוּלַת מְאֹלָה	større <i>enn</i> desse (Esek 8,15)
9.	גְּדוּל מִכָּל־בְּנֵי־קִדְדָם	størst <i>blant</i> folka i aust (Job 1,3)

(6) *Nomenfrasar med talord og adjektivet* רַב־viser seg i to variantar: den eine der orda i frasen er knytt saman i eit constructus-samband, og den andre der orda knytast saman gjennom ulike former for samsvarsbøying. Ordenstala רִאשׁוֹן *første* til עֲשִׂירִי *tiande* fungerer som vanlege adjektiv (sjå f.eks. # 2 under pkt. 2 ovanfor og § 51 om grunntal og ordenstal).

Kanskje det mest spesielle trekket ved bruken av talord på bibelhebraisk er at grunntala *tre* til *ti* står i *motsett* kjønn til det talte elementet, f.eks. (m.) חֲדָשִׁים (f.) שְׁלֹשָׁה *tre månader*. Dette gjeld også når dei står saman med eit tiartal, som *ikkje* står i *motsett* kjønn til det talte, f.eks. (m.) יוֹם (f.) עֶשֶׂר (f.) אַרְבָּעָה *fforten dagar*.

Talord kan inngå i ein nomenfrase med substantivisk attributt. Det vanlegaste er at talordet er den nominale kjernen i status constructus (## 1–8). אֶחָד *éin* og שְׁנַיִם *to* kan også stå som attributt til ein kjerne i status constructus (## 9 og 10). Når שְׁנַיִם brukast som attributt i eit

<sup>151</sup> Det er vel mogleg at adjektivet אֲדַמְדָּמֶת fungerer som ein apposisjon her, og ikkje eit attributt til לְבָנָה.

constructus-samband (# 10), og når אָהָד brukast som enten kjerne eller attributt i eit constructus-samband (## 1 og 9), er det som regel *ikkje* for å oppgi talet på det andre elementet.

1.	אָהָד הָעָם	<i>éin</i> av folket (ikkje: eitt folk)
2.	שְׁנֵי בְּנֵי יוֹנָה	<i>to</i> dueungar
3.	שְׁתֵּי טַבָּעוֹת	<i>to</i> ringar
4.	שְׁלֹשׁ מְאוֹת	<i>tre</i> hundre
5.	שִׁבְעַת יָמִים	<i>sju</i> dagar
6.	שְׁמֹנֶת הַבָּקָר	<i>åtte</i> oksar (4 Mos 7,8)
7.	עֶשְׂרֵת אַלְפֵי אִישׁ	<i>ti tusen</i> mann (Dom 4,10)
8.	מֵאֵת כֶּכֶר	<i>eitt hundre</i> talentar (2 Mos 38,25)
9.	שֵׁם הָאֶחָת	namnet til <i>den eine</i> (ikkje: eitt namn)
10.	שְׁנַת שְׁתַּיִם	det <i>andre</i> året (ikkje: <i>to</i> år)

Talordet אָהָד brukast elles ofte som eit adjektivisk attributt *etter* ein nominal kjerne i status absolutus, som regel i same kjønn, tal og binding (## 11–13).

11.	אִישׁ אָהָד	<i>éin</i> mann
12.	שָׁנָה אֶחָת	<i>eitt</i> år
13.	הַקֶּרֶשׁ הָאָהָד	den <i>eine</i> planken

Andre talord kan stå i status absolutus enten framfor (## 14–18) eller etter (## 19–21) eit anna ord i status absolutus. Dette andre ordet kan stå i eintal (## 17 og 20), og det kan ha bunden artikkel utan at talordet har den (## 18 og 19).

14.	שְׁתַּיִם אֲמוֹת	<i>to</i> alner
15.	שְׁלֹשׁ פְּעָמִים	<i>tre</i> gonger
16.	שִׁבְעַת פָּרוֹת	<i>sju</i> kyr
17.	שְׁתַּיִם עֶשְׂרֵה שָׁנָה	<i>tolv</i> år
18.	שִׁבְעַת הַשְּׁבָלִים	dei <i>sju</i> aksa
19.	הָעֵמֻדִים שְׁנַיִם	dei <i>to</i> søylene

20.	בְּקָר שְׁנַיִם	to oksar
21.	עֲתוּדִים חֲמֵשָׁה	fem bukkar

Når adjektivet רב stor, mykje, mange står som adjektivisk attributt i fleirtal med betydninga mange, kan det stå etter (# 23) eller framfor (# 24) ordet det er attributt til.

23.	יָמִים רַבִּים	mange dagar
24.	רַבִּים בָּנִים	mange søner (1 Krøn 28,5)

(7) *Nomenfrasar med demonstrativa* זֶה (*m.sg.*), זֹאת (*f.sg.*) og אֵלֶּה (*pl.*) ser vanlegvis ut som nomenfrasar med adjektiviske attributt (pkt. 2 ovanfor). Det vil seie at demonstrativet kjem etter kjernen og står i same kjønn, tal og binding (## 1–3). Når kjernen er bunden av at ordet har eit pronomensuffiks, kan demonstrativet mangle bunden artikkel (# 4). Ein sjeldan gong er også kjernen ubunden (# 5).

1.	הַיּוֹם הַזֶּה	denne dagen
2.	הָעִיר הַזֹּאת	denne byen
3.	הַדְּבָרִים הָאֵלֶּה	desse orda
4.	דְּבָרֵנוּ זֶה	denne saka vår
5.	חֲלֵי זֶה	denne sjukdomen

### b) Nomenfrase med apposisjon

Når orda som knyter seg til ein nominal kjerne, har same funksjon i setninga som kjernen og på ein eller annan måte viser til eller nemner det same som kjernen gjer, fungerer dei som *apposisjon* til kjernen (sjå § 48b). Både enkelte ord og frasar kan fungere som apposisjon.

Det er likskapstrekk mellom apposisjonar og både substantiviske og adjektiviske attributt. Både apposisjonar og substantiviske attributt er substantiviske, og grensa mellom å vise til det same som kjernen gjer, og å bestemme kjernen nærmare, er ikkje alltid like klar. I somme tilfelle er einaste forskjellen at kjernen til ein apposisjon står i status absolutus, mens kjernen til eit substantivisk attributt står i status constructus, jf. f.eks. שִׁבְעַ שָׁנִים רָעַב *sju års hungersnaud* (2 Sam 24,13) der kjernen (שִׁבְעַ שָׁנִים) står i absolutus, med שִׁבְעַ שָׁנֵי רָעַב *sju års hungersnaud*, der kjernen (שִׁבְעַ שָׁנֵי) står i constructus. Nomenfrasar med apposisjon liknar nomenfrasar med adjektivisk attributt nettopp på den måten at kjernen i begge frasetypene står i status absolutus. Ein viktig forskjell er likevel at eit adjektivisk attributt som regel er samsvarsbøyd med kjernen i kjønn, tal og binding.

Eksempel på nomenfrasar der apposisjonen er eit enkelt substantiv (## 1–3), ein nomenfrase med substantivisk kjerne (# 4) eller ein preposisjonsfrase med eit verb i infinitiv constructus som hovudordet i utfyllinga (# 5):

1.	עַמִּי יִשְׂרָאֵל	folket mitt, <i>Israel</i>
2.	אֲנָשִׁים אַחִים	menn, <i>brødre</i> (= slektningar). (1 Mos 13,8)
3.	בְּנוֹ הַבְּכוֹר	sonen hans, <i>den førstefødde</i>
4.	יְהוָה אֵל עֲלִיּוֹן	HERREN, <i>Den høgste Gud</i> (1 Mos 14,22)
5.	דְּבַר הַזֶּה לְהַמִּית צְדִיק עַם־רָשָׁע	denne tingen, <i>å drepe den rettferdige saman med den gudlause</i> (1 Mos 18,25)

Til forskjell frå dei fleste andre nomenfrasar, kan kjernen i ein nomenfrase med apposisjon vere eit pronomensuffiks (# 6).

6.	שְׁנֵיהֶם הַמְּלָכִים	dei to, <i>kongane</i> (Dan 11,27)
----	-----------------------	------------------------------------

Når kjernen i ein nomenfrase med apposisjon har ein preposisjon eller objektsmerket framfor seg, kan partikkelen komme framfor apposisjonen også. Dette er mest vanleg når apposisjonen er eit eigennamn (## 7 og 8).

7.	לָהֶם לְבְנֵי יִשְׂרָאֵל	landet som eg gir <i>til dei, til israelittane</i> (Jos 1,2)
8.	אֶת־בְּנֶדְךָ אֶת־יְחִידְךָ אֲשֶׁר־אָהַבְתָּ אֶת־ יִצְחָק	son din, <i>din einaste, som du elskar, Isak</i> (1 Mos 22,2)

## § 57 Preposisjonsfrasar

### a) Oppbygging

Ein preposisjonsfrase inneheld eit ord som viser til romlege, temporale, logiske, grammatiske eller andre typar forhold mellom ord eller ledd i setninga, saman med *noko substantivisk* etter seg: eit pronomensuffiks, eit substantivisk ord eller ein frase. Det første ordet i ein slik frase blir kalla for *preposisjon*, og resten av frasen er *utfylling*.

Eksempel på substantiviske utfyllingar: eit pronomensuffiks (# 1), eit substantiv (# 2), eit påpeikande pronomen (# 3), eit substantivert adjektiv (# 4, sjå § 50b), eit verb i infinitiv constructus (# 5),<sup>152</sup> eit substantivert partisipp (# 6, sjå § 43), adverbet ׀שׁ (# 7), ein nomenfrase

<sup>152</sup> Nokre få gonger fungerer infinitiv absolutus som utfylling i ein preposisjonsfrase (1 Sam 1,9; 2 Kong 13,17.19).

med substantivisk kjerne (# 8), ein verbfrase med enten infinitiv constructus (# 9) eller eit substantivert partisipp (# 10) som hovudord, eller ei substantivert setning (# 11).<sup>153</sup>

1.	לו	til/for <i>han</i> (ev. <i>seg</i> )
2.	בִּירוּשָׁלַם	i <i>Jerusalem</i>
3.	מִזֶּה	frå <i>denne/dette</i>
4.	לְצַדִּיק	til/for <i>den rettferdige</i>
5.	לְנִתּוֹשׁ וְלִנְתּוֹץ וְלִהְאֵבִיד וְלִהְרוֹס לְבָנוֹת וְלִנְטוֹעַ	til å <i>rykkje opp</i> og til å <i>rive ned</i> og til å <i>øydelegge</i> og til å <i>knuse</i> , til å <i>bygge</i> og til å <i>plante</i> (Jer 1,10)
6.	כְּכָתוּב	i samsvar med <i>det som er skrive</i>
7.	מִשָּׁם	<i>derifrå</i>
8.	עַל כָּל יִשְׂרָאֵל	over <i>heile Israel</i>
9.	עַד-בֹּאוֹ הָאֵהָלָה	heilt til <i>hans "gåing inn" i teltet</i> (på norsk blir gjerne denne preposisjonsfrasen omsett som ei setning med konjunksjon: <i>inntil han hadde komme inn i teltet</i> [2 Mos 33,8])
10.	אֶל-יֹשְׁבֵי בָבֶל	til <i>dei som bur i Babel</i>
11.	תַּחַת אֲשֶׁר הָעֵרָה לְמֹות נַפְשׁוֹ	på grunn av [ <i>den situasjonen</i> ] <i>at han tømde ut livet sitt til døden</i> (Jes 53,12)

Når ein preposisjon har fleire utfyllingar, er det vanlegast at preposisjonen skrivast på nytt for kvar utfylling (# 12). Det er likevel ikkje uvanleg at preposisjonen *ikkje* blir skriven på nytt (# 13).

12.	וַיִּרְדּוּ בְדִגַּת הַיָּם וּבְעוֹף הַשָּׁמַיִם וּבְבִהֵמָה וּבְכָל-הָאָרֶץ וּבְכָל- הָרֶמֶשׂ הָרֶמֶשׂ עַל-הָאָרֶץ:	Og dei skal råda <i>over</i> fiskane i havet og <i>over</i> fuglane under himmelen og <i>over</i> feet og <i>over</i> heile jorda og <i>over</i> alt kryp som kryp på jorda. (1 Mos 1,26)
-----	--	---

<sup>153</sup> Tretten gonger står ein bunden artikkel og verbet צָרַר i *Qal* perfektum 3msg. etter preposisjonen בְּ. Med eitt unntak (Jes 26,16) kjem alltid preposisjonen לְ med pronomensuffiks like etter, f.eks. בְּצָר לָהֶם. Sett i lys av preposisjonsfrasen לִי צָר בַּיּוֹם צָר *på den dagen eg er i naud*, kan dette tolkast slik at utfyllinga til בְּ er ei substantivert setning med ein bunden artikkel som knyter den til preposisjonen; sjå § 61e): *på den (tid då) dei er i naud*.



13.	הַחֶפֶץ לַיהוָה בְּעֹלוֹת וּזְבָחִים	Har HERREN si glede i brennoffer og slaktoffer? (1 Sam 15,22)
-----	---	---

### b) Syntaktisk funksjon

Preposisjonsfrasar knyter seg som regel til verb – enten som adverbial (# 1), objekt (# 2), objektspredikativ (# 3) eller subjektspredikativ (# 4) – og er med på å danna verbfrasar (sjå § 58).

1.	יֵשֵׁב בָּהּ	buande i det
2.	תֹּכַל לִרְאוֹת אֶת־פָּנָי	er i stand til å sjå ansiktet mitt (2 Mos 33,20)
3.	וַיִּשֶׂם פִּי בְּחָרֵב חֲדָה	gjorde munnen min lik eit kvast sverd (Jes 49,2)
4.	הֵיט לְאִישׁ	å vere ein manns (= å høyre til ein mann = å vere gift, Rut 1,13)

I verbfrasar med eit substantivert partisipp som hovudord (# 5) eller i nomenfrasar (## 6 og 7), kan ein preposisjonsfrase fungere som attributt (## 5 og 6) eller apposisjon (# 7).

5.	הַבָּאִים בְּשַׁעְרֵים הָאֵלֶּה	de som går inn gjennom desse portane
6.	מֶלֶךְ בִּירוּשָׁלַם	konge i Jerusalem (Fork 1,1)
7.	הַדָּבָר הַזֶּה לְהַמִּית צְדִיק עִם־ רָשָׁע	denne tingen, å drepe rettferdig saman med gudlaus (1 Mos 18,25)

Preposisjonsfrasar kan også stå som predikat (# 8) eller fritt adverbial i ei setning (# 9). Det hender også at ein preposisjonsfrase brukast som subjekt (# 10) eller fokusledd (# 11).

8.	אֲנִי לְדוֹדִי וְדוֹדִי לִי	Eg høyrer kjærasten min til, og kjærasten min høyrer til meg. (Høg 6,3)
9.	כִּי עַם קְדוֹשׁ אַתָּה לַיהוָה אֱלֹהֶיךָ	For eit heilagt folk er du for HERREN din Gud. (5 Mos 7,6)
10.	וַיָּמֹתוּ מֵעַבְדֵי הַמֶּלֶךְ	Og [nokre] av kongens tenarar døydde. (2 Sam 11,24)
11.	בְּשָׁנַת־מוֹת הַמֶּלֶךְ עֲזִיָּהוּ וַאֲרָאָה אֶת־אֲדֹנָי	I dødsåret til kong Ussia, så såg eg Herren. (Jes 6,1)

## § 58 Verbfrasar

Verb på både norsk og bibelhebraisk har veldig ofte andre ord knytt til seg, f.eks. *sa*: «Gå!»; *kom til meg*; og *gjer dei kjende* der både «Gå!», *til meg* og *dei kjende* heng saman med verb *sa*, *kom* og *gjer*. Funksjonen til desse andre elementa er som regel å gi utfyllande informasjon om kven eller kva som er knytt til eller kjenneteiknar situasjonen som verbet viser til.

Når ein skal skjelne mellom funksjonane til dei forskjellige tilleggselementa inni ein verbfrase, snakkar ein vanlegvis om: *objekt*, (*bunde*) *adverbial* og *objektspredikativ* (sjå eksempla nedanfor og § 49). Med verbet היה kan ein også finne *subjektspredikativ*.

Verbfrasar med infinitiv constructus som hovudord skil seg ut på den måten at dei i tillegg kan ha subjekt og andre typar adverbial og predikativ som adledd (sjå nedanfor for eksempel). Slike frasar kan på denne måten likne setningar, men har likevel ein nominal funksjon – dvs. at dei *nemner* situasjonar i staden for å *fortelje* at dei skjer. Når eit *substantivert partisipp* (sjå § 43c) står som hovudord i ein verbfrase, kan frasen analyserast på same måte som ein nomenfrase (sjå § 56). Partisippet er då *kjernen* og resten enten *attributt* eller *apposisjon* (sjå eksempla nedanfor).

Funksjonen til ein verbfrase er avhengig av kva slags verb hovudordet er. Frasar med eit infinitt verb (infinitiv constructus, infinitiv absolutus eller partisipp) som hovudord, fungerer på same måte som eit enkelt verb av desse tre verbytpane (sjå §§ 41–43). Når hovudordet er eit finitt verb, er vanlegvis frasen predikatet i setninga (sjå § 59).

Både pronomensuffiks og enkelte ord kan knyte seg til eit verb. Men også frasar og setningar kan vere med på å utfylle ein verbfrase, jf. «Gå!» (setning) og *til meg* (preposisjonsfrase) i verbfrasane i første avsnitt ovanfor.

Eksempel på verbfrasar med eitt enkelt, tilhøyrande element: eit pronomensuffiks (# 1), eit substantiv (# 2), eit adjektiv (vanleg [# 3] eller substantivert [# 4]), eit pronomen (# 5), eit talord (# 6), ein infinitiv constructus (# 7), ein infinitiv absolutus (# 8), eit substantivert partisipp (# 9), eit adverb (# 10).

1.	מְלִכּוֹ	<i>hans</i> "vering/bliving" konge = det at <i>han</i> [SUBJEKT] er/blir konge
2.	שְׁכֵנוֹ צְחִיחָה	<i>bur</i> [i] <i>ørkenen</i> [BUNDE ADVERBIAL]. (Sal 68,7)
3.	הַיּוֹשְׁבִים הָרְאשֹׁנִים	<i>dei første</i> [ATTRIBUTT] busetjarane (1 Krøn 9,2)
4.	רְאִיתֶם הַטּוֹב	<i>ser det beste</i> [OBJEKT] (2 Kong 10,3)
5.	עָשִׂיתָ זֹאת	<i>gjer dette</i> [OBJEKT]
6.	שָׁנִים יְשָׁלֵם	<i>gir dobbelt</i> [OBJEKT] igjen (2 Mos 22,3 [NO v. 4])
7.	תִּסְרֶף תֵּת	<i>held fram med å gi</i> [OBJEKT] (1 Mos 4,12)

8.	לְמַדּוּ הַיָּטֵב	lær å gjere godt [OBJEKT] (Jes 1,17)
9.	עָלוֹת יִנְהַל	leier ammande (søyer) [OBJEKT] (Jes 40,11)
10.	לְבַלְתִּי-שׁוּב מִדְרָבּוֹ	for å ikkje [SETNINGSADVERBIAL] vende om frå vegen sin (Esek 13,22)

Også nomenfrasar (# 11), preposisjonsfrasar (# 12) og andre verbfrasar (# 13) kan inngå i ein verbfrase. Det er heller ikkje uvanleg at eit verb har ei setning knytt til seg (# 14).

11.	רָעָה אֶבֶן יִשְׂרָאֵל	han som er gjetar, <i>Israels Fjell</i> [APPOSISJON] (1 Mos 49,24)
12.	הָיָה לְטֹטְפַת בֵּין עֵינָיֶיךָ	skal bli <i>til band mellom auga dine</i> [SUBJEKTSPREDIKATIV] (5 Mos 6,8)
13.	תּוֹסִיפוּ הָבִיא מִנְחַת-שָׂוֵא	held fram med å <i>komme med unyttige gåver</i> [OBJEKT] (Jes 1,13)
14.	אָמַרְתִּי אֱלֹהֵי אֲתָהּ	seier: <i>Du er min Gud.</i> [OBJEKT] (Sal 31,15)

I alle eksempla ovanfor er det berre eitt element som høyrer til verbet. Ein god del (dei fleste?) verbfrasar har likevel fleire tilhøyrande element. I # 15 er det både eit pronomensuffiks og eit substantiv. I # 16 er det to preposisjonsfrasar.

15.	וַיַּחְשְׁבֶהָ לוֹ צְדָקָהּ	Og så rekna han <i>det</i> [OBJEKT] for han som <i>rettferd</i> [OBJEKTSPREDIKATIV]. (1 Mos 15,6)
16.	הָיֹוֹת לוֹ לְעַם סִגְלָהּ	å vere <i>for han</i> [FRITT ADVERBIAL] <i>eit kosteleg eigedomsfolk</i> [FAST SUBJEKTSPREDIKATIV]

Til forskjell frå dei fleste andre konjugasjonane, kan verbfrasar med infinitiv constructus som hovudord også innehalde ord/frasar/setningar med ein funksjon som ein elles finn blant setningsledda (§ 59): subjekt, subjektspredikativ, fritt adverbial og/eller setningsadverbial.

Funksjonen til dei ulike ledda i ein verbfrase blir som regel bestemt av samanhengen. I eksempel # 6 ovanfor, gir det best meining å oppfatte det slik at **שְׁנִימִים** *dobbelt* er objektet for verbsituasjonen og ikkje subjektet (*dobbelt gir igjen*). Dette gjeld også vanlegvis pronomensuffiks på slutten av verbet i infinitiv constructus. Dei kan vere subjekt eller objekt, avhengig av samanhengen. Eit viktig unntak ser ein med suffikset i 1. person singularis. Dette suffikset har to variantar. Der det heiter **אֲנִי**-, er det som regel brukt som subjekt (# 17) og der

det heiter וְנִי-, er det vanlegvis objekt (# 18).

17.	בְּשִׁלְחִי אֶת־חֲצִי הָרֶעֶב הָרְעִים בָּהֶם	når <i>eg</i> sender svoltens vonde piler inn mellom dei (Esek 5,16)
18.	לְשִׁלְחָנִי	når det gjeld å sende <i>meg</i> vekk (2 Sam 13,16)

Sjølv om det ikkje er ei fast ordstilling i hebraiske verbfrasar, kjem det som høyrer til verbet, vanlegvis *etter* verbet (men sjå ## 17 og 9 ovanfor). Og mellom verbet og det som knyter seg til det, kan det stå element som ikkje høyrer til verbfrasen, f.eks. eit subjekt (# 19).

19.	וַיָּבֹא מֹשֶׁה אֶל־אֱהֹרָה הַעֲדוּת	Og så kom <i>Moses</i> inn i vitnemålsteltet. (4 Mos 17,23 [NO v. 8])
-----	---	---

## Setningar (oppbygging og typar), § 59–62

### § 59 Setningsledd

Med ei setning gjer ein språkbrukar som regel to ting: (1) nemner noko og (2) fortel om det som blir nemnt. I setninga *HERREN har talt* nemner språkbrukaren først *HERREN*, og så fortel språkbrukaren noko om *HERREN*, nemleg at han har talt. Det som blir nemnt, er det som setninga handlar om eller temaet for setninga, og kallast vanlegvis for *subjektet*. Den delen av setninga som fortel noko om eller kommenterer subjektet, er *predikatet*. Setningar kan i tillegg innehalde ledd som er med på å gi setninga retning eller fokus (*vokativ* eller *fokusledd*). Mange setningar har også ulike typar *adverbiale* ledd som er med på å modifisere betydninga til heile setninga. Ulike *bindeord* som viser korleis setninga er relatert til setningane omkring og inngår i ei større *ytring* (øg kalla *periode*), kjem i tillegg.

#### a) Subjekt

Dei fleste setningane handlar om noko. Dette "noko" som språkbrukaren nemner, for så å kommentere, er det grammatiske subjektet for setninga.

Subjektet er ofte uttrykt gjennom eit substantiv – eit ord som først og fremst har ein nemnande funksjon (## 1 og 2). Men også andre substantiviske ord (## 3–6) og ordkombinasjonar (## 7–10) blir brukt som subjektet i setninga.

1.	Substantiv	יְהוָה מֶלֶךְ	<i>HERREN</i> er konge.
2.	Substantiv	וְהָאָרֶץ הִיְתָה תְּהוֹ וְבָהּ	Og <i>jorda</i> var aud og tom. (1 Mos 1,2)

3.	Pronomen	הוא יבנה בית לשמי	Han skal bygge eit hus for namnet mitt. (2 Sam 7,13)
4.	Substantivert adjektiv	לא כן הרשעים	Dei urettferdige er ikkje slik. (Sal 1,4)
5.	Substantivert partisipp	והמשכלים יזהרו כזהר הרקיע	Og dei som har innsikt, skal skine lik himmelkvelvens skin. (Dan 12,3)
6.	Infinitiv constructus	והשקות בבלי זהב	Og skjenkinga var med/i gullbeger. (Est 1,7)
7.	Nomenfrase	תורת יהוה תמימה	HERRENS rettleiing er fullkomen. (Sal 19,8)
8.	Preposisjonsfrase	וימותו מעבדי המלך	Og så døydde [nokre] av kongens tenarar. (2 Sam 11,24)
9.	Verbfrase	יראת יהוה שנאת רע	Å frykte HERREN er å hate det vonde. (Ordt 8,13)
10.	Setning	ולשאול הגד כי נמלט דוד מקעילה	Og til Saul vart det meldt at David hadde kome seg vekk frå Ke'ila. (1 Sam 23,13)

Subjektet i setningar med eksistenspartiklane **יש** og **אין**, merksemdspartikkelen **הנה** eller adverb som **עוד framleis** og **אי kor?** kan vere eit *pronomensuffixs* på slutten av partikkelen.

11.	ואיננו	Og han er borte. (Sal 103,16)
12.	הנני משחיתם את הארץ	Sjå! Eg øydelegg dei saman med jorda! (1 Mos 6,13)
13.	איכה	Kor er du? (1 Mos 3,9)

Fordi finite verb blir bøygd i person, kjønn og tal på bibelhebraisk (sjå § 18), er subjektet i setninga veldig ofte uttrykt gjennom slike verb åleine (# 14). Når eit pronomen er brukt som subjekt i ei setning med eit finitt verb som predikativ (sjå # 3 ovanfor), er det ofte for å framheve subjektet (jf. § 52a1). Dette er bl.a. fordi måten slike verb er bøygd på, i utgangspunktet gjer pronomenet overflødig.

14.	ויאמרו אליו איה שרה אשתך	Og så sa dei til han: Kor er Sara, kona di? (1 Mos 18,9)
-----	--------------------------	--

Subjektet er også uttrykt gjennom verbet når det ikkje refererer til noko bestemt (# 15, verb i eintal og verb med passiv diatese blir også brukt i slike setningar). Av og til er det sjølve

handlinga i verbet som setninga handlar om. Slike setningar har knapt noko som kan kallast eit subjekt, f.eks. framgangen det blir fortalt om i # 16. Slike verb står vanlegvis i 3. pers. mask. sing. og handlar ofte om meteorologiske fenomen, følelsar og ulike opplevingar. På norsk vil slike setningar likevel som regel ha eit formelt subjekt – *det*.

15.	עַל-כֵּן יֹאמְרוּ הַגִּם שְׂאוּל בְּנֵבִיאָם	Derfor seier <i>dei/folk/ein</i> : Er også Saul blant profetane? (1 Sam 19,24)
16.	וְלִמְעַן יִיטֵב לָךְ	Og slik at <i>det</i> går bra for deg. (5 Mos 5,16)

### b) Predikat og subjektspredikativ

Den delen av setninga som seier noko om subjektet, kallast for predikatet. Predikatet kan bestå av eitt eller fleire ord. Dersom det er fleire ord i predikatet, kan dei utgjere ein eller fleire frasar pluss eventuelle setningar i ulike kombinasjonar. Orda i predikatet treng ikkje å vere samanhengande, dvs. andre setningsledd kan dele opp predikatet (jf. # 9 nedanfor).

Det pleier å vere minst eitt hovudord i kvart predikat. Dette hovudordet er *subjektspredikativet* og kan vere nominalt eller verbalt. Predikatet kan også innehalde fleire predikativ og dermed fortelje fleire ting om subjektet. Desse kan vere av same (# 1) eller forskjellige (# 2) typar og vere bundne saman med konjunksjon (# 1) eller ikkje (# 2).

1.	רַחוּם <sup>1</sup> וְחַנוּן <sup>2</sup> יְהוָה	<i>Mild<sup>1</sup> og nådig<sup>2</sup></i> er HERREN. (Sal 103,8)
2.	וְלֹא-תַעֲנֶה <sup>1</sup> בְּרַעְדֵךְ עֵד <sup>2</sup> שׂוֹא	Og du skal ikkje <i>svare<sup>1</sup></i> om din neste [som] eit falskt <i>vitne<sup>2</sup></i> . (5 Mos 5,20)

Predikatet i norske setningar har som regel eit finitt verb. Det er derfor vanleg å rekne *verbal* som eit separat setningsledd. Mange setningar på bibelhebraisk står utan eit finitt verb og har heller eit nominalt subjektspredikativ. Dei kallast for nominale setningar og utgjer ein viktig forskjell mellom norsk og hebraisk setningslære.

(1) **Nominale subjektspredikativ** er substantiv (## 1 og 2), pronomen (# 3), adjektiv (## 4 og 5); eller eit anna nominalt ord: infinitiv constructus (## 6 og 7), partisipp (## 8–11), eksistenspartikkel (## 12 og 13).

1.	Substantiv	רוּחַ חַיִּי	Livet mitt [er] <i>ein pust</i> . (Job 7,7)
2.		אֲנֹכִי עֹשׂוֹ	Eg [er] <i>Esau</i> . (1 Mos 27,19)
3.	Pronomen	אַתָּה הָאִישׁ	Du [er] mannen! (2 Sam 12,7)
4.	Adjektiv	גָּדוֹל אַתָּה	<i>Stor</i> [er] du. (Sal 86,10)

5.	Adjektiv	גֹּאֲלֶךָ קְדוֹשׁ יִשְׂרָאֵל	Han som løyser deg ut, [er] <i>Israels heilage</i> . (Jes 54,5)
6.	Infinitiv constructus	יִרְאַת יְהוָה שְׂנֵאת רָע	Å frykte HERREN [er] <i>å hate det vonde</i> . (Ordt 8,13)
7.		חֲכֵמַת עָרוֹם הֵבִין דְּרָכָו	Den klokes visdom [er] <i>å kjenne sin veg</i> . (Ordt 14,8)
8.	Partisipp	בּוֹכִים כָּל־הָעָם	Heile folket <i>gret</i> . (Neh 8,9)
9.		יֹדֵעַ יְהוָה דְּרֶךְ צְדִיקִים	HERREN <i>kjenner dei rettferdiges veg</i> . (Sal 1,6)
10.		עֵינֵיכֶם הָרֵאת אֵת אֲשֶׁר־עָשָׂה יְהוָה בְּבַעַל פְּעוֹר	Auga dykkar [er] <i>dei som har sett kva HERREN gjorde ved Baal-Peor</i> . (5 Mos 4,3)
11.		אֲנֹכִי הֵבֵא מִן־הַמַּעְרָכָה	Eg [er] <i>den som kjem frå slaget</i> . (1 Sam 4,16)
12.	Eksistenspartikkel	יֵשׁ חֲמֵשִׁים צְדִיקִים בְּתוֹךְ הָעִיר	Femti rettferdige i byen <i>finst</i> . (← Det finst femti rettferdige i byen.) (1 Mos 18,24)
13.		אֵין אֱלֹהִים	Ein gud <i>finst ikkje</i> . (← Det finst ingen gud.) (Jes 44,6)

Nominale predikativ fortel om subjektet på to forskjellige måtar. Dei kan, for det første, fortelje kva eller kven subjektet er (## 2, 3, 5–7, 10 og 11). Alternativt kan dei fortelje noko om korleis, kor eller når subjektet er (## 1, 4, 8, 9, 12 og 13). I det første tilfellet heiter det at predikativet er *identifiserande*; i det andre at det er *beskrivande*.<sup>154</sup>

Dersom eit predikativ skal kunne fastslå identiteten til subjektet, må predikativet nesten ha bunde innhald (sjå § 46). Beskrivande predikat, derimot, er ubundne. Adjektiv og partisipp brukt som beskrivande predikativ står i same kjønn og tal som subjektet (## 4 og 8–9).

Ein preposisjon kan stå framfor predikativet for å spesifisere nærmare forholdet mellom subjektet og predikativet (## 14 og 15, om preposisjonar, sjå § 53).

14.	אֲתָךְ אֲנִי	Eg [er] med <i>deg</i> . (Jer 1,19)
15.	בְּקֹדֶשׁ דְּרָכָךְ	I <i>heilagdom</i> [er] vegen din. (Sal 77,14)

(2) **Verbale subjektpredikativ** er finitte verb (sjå § 16 for ei oversikt over verbformene). Dei er vanlegvis samsvarsbøygde med subjektet i person, kjønn og tal. Til forskjell frå nominale predikativ, har dei fleste verbale predikat med seg opplysingar om diatese, aspekt og modalitet. Der infinitiv absolutus erstattar eit finitt verb (sjå § 42c), kan dette

<sup>154</sup> Eit anna ord som er brukt om slike predikativ, er *klassifiserande*.

reknast som hovudordet i eit verbalt predikat, ev. med underforstått subjekt (# 3).

1.	Finitt verb	כִּי יִמְלֹאוּ יָמֶיךָ	Når dine dagar <i>er til ende</i> , ... (2 Sam 7,12)
2.		יָדַע שׁוֹר קִנְהוֹ	Ein okse <i>kjenner eigaren sin</i> . (Jes 1,3)
3.	Infinitiv absolutus	וְכָל־יִשְׂרָאֵל עָבְרוּ אֶת־ תּוֹרֹתָי וְסוֹר	Og heile Israel braut di lov og <i>vende seg bort</i> . (Dan 9,11)

Predikat med ei finitt form av verbet היה har som regel nominale predikativ fordi hovudordet i predikatet – ordet som fortel mest om subjektet – ikkje er verbet, men eit nomen. I slike tilfelle er verbet med kanskje mest for å seie noko om aspekt og modalitet.

4.	וְהָיָה צְדָקָא אֲזוֹר מִתְנַוּוֹ	Så skal <i>rettferd</i> vere beltet om livet hans. (Jes 11,5)
----	-----------------------------------	---

### c) Fritt adverbial

Eit språkleg element (suffiks, ord, frase eller setning) som kjem med tilleggsopplysingar om situasjonen som blir formidla gjennom samansetninga av subjektet og subjektspredikativet, kallast for eit fritt adverbial. Slike adverbial handlar om slike ting som stad, tid, måte, årsak, reiskap osv., f.eks. *Det var hungersnaud i landet*. Mens bundne adverbial heng saman med betydninga til verbet dei står til (sjå § 49b), er ikkje frie adverbial avhengige av å stå saman med eit verb i det heile. Frie adverbial finst altså i setningar med og utan verb.

I § 61b finn ein eksempel på setningar som fungerer som frie adverbial (adverbiale leddsetningar). Nedanfor er eksempel på frie adverbial uttrykt gjennom enkelte ord og frasar.

Om *stad*:

1.	שָׁם בָּלַל יְהוָה שִׁפְתַּי כָּל־ הָאָרֶץ	<i>Der</i> forvirra HERREN språket for heile jorda. (1 Mos 11,9)
2.	וְהָיִיתָ עֲטֹרַת תְּפָאֳרַת בְּיַד־ יְהוָה	Og så skal du bli ein herleg krans <i>i HERRENS hand</i> . (Jes 62,3)

Om *tid*:

3.	וּבַתּוֹרָתוֹ יְהִגֶּה יוֹמָם וְלַיְלָה	Og på hans rettleiing grundar han <i>dag og natt</i> . (Sal 1,2)
4.	הֲלִעֲזוּלָמִים יִזְנַח אֲדֹנָי	Skal Herren <i>for alltid</i> vere avvisande? (Sal 77,8)



Om måte:

5.	כִּי עָשִׂיתָ פְּלֵא עֲצוֹת מִרְחוֹק אֲמוֹנָה אִמָּן	Sanneleg har du gjort under, planar frå langt tilbake, [i] <i>truskap</i> [og i] <i>sanning</i> . (Jes 25,1)
----	---	--

Om andre ting:

6.	Middel	וַיִּצֹרֵן יְהוָה אֱלֹהִים אֶת־הָאָדָם עִפְרַיִם מִן־ הָאָדָמָה	Og så forma HERREN Gud mennesket [av] <i>støv</i> frå <i>jorda</i> . (1 Mos 2,7)
7.	Reiskap	וְאִם־תִּמְאָנוּ וּמְרִיתֶם חֶרֶב תֵּאָבְלוּ	Men viss de nektar og gjer opprør, skal de fortærast [av] <i>sverd</i> . (Jes 1,20)
8.	Fordel / ulempe / interesse	וְעָשִׂיתָ פֶּסַח לַיהוָה אֱלֹהֶיךָ	Så du held påske for HERREN din Gud. (5 Mos 16,1)
9.	Årsak	בְּשׁוֹב־צַדִּיק מִצְדָּקָתוֹ וְעָשָׂה עוֹל וּמַת עֲלֵיהֶם	Når ein rettferdig vender seg vekk frå rettferda si og gjer urett, så skal han døy på grunn av <i>det</i> (← <i>dei</i> [tinga]). (Esek 18,26)
10.	Formål	יִבְחַר יְהוָה לְשׁוֹן שְׁמוֹ שָׁם	HERREN vel [den] ut for (med sikte på) å la namnet sitt bu der. (5 Mos 16,2)
11.	Grad	יְהוָה אֱלֹהֵי גְדֻלָּתָךְ מְאֹד	HERRE, min Gud, du er <i>veldig</i> stor! (Sal 104,1)

#### d) Setningsadverbial

Setningsadverbial, i likskap med frie adverbial, modifierer heile setninga.<sup>155</sup> Men til forskjell frå frie adverbial, kan dei ikkje så lett skiljast ut som ein eigen del av setninga med sjølvstendig meining. Dei "gjer" noko med setninga heller enn "fortel" noko om den. Følgeleg er det oftare funksjonsord, f.eks. partiklar (לֵא, כִּי, הֵן), som fungerer som setningsadverbial, og ikkje innhaldsord som nomen og verb.

Setningsadverbial kan modifierer setninga på forskjellige måtar. Dei kan modifierer

<sup>155</sup> Det hender også at setningsadverbial modifierer frasar (f.eks. כִּי i 5 Mos 5,3) eller enkelte ord (f.eks. הֵן i 1 Mos 18,32). I slike tilfelle "gjer" dei dei same tinga med ordet/frasen som dei vanlegvis gjer med setninga.

innhaldet til sjølve setninga dei står i, utan å opplyse om andre, "eksterne" forhold slik frie adverbial gjer. Men dei kan også modifisere setninga i forhold til setninga før eller etterpå, eller i forhold til språkbrukaren sjølv.

Ta, f.eks., den litt kunstige setninga *Dei skal visst heller ikkje lenger vere redde*. Både *visst*, *heller*, *ikkje* og *lenger* modifiserer det som blir kommunisert gjennom samanstillinga av subjektet *dei* og predikatet *skal vere redde*. Ordet *lenger* opplyser om at situasjonen som subjektet og predikativet til saman fortel om, gjaldt tidlegare også. Sidan dette strengt tatt er perifer tilleggsinformasjon om tid, fungerer det her som fritt adverbial.

Dei tre andre, derimot, er tettare knytt til kjernen av det som er kommunisert gjennom setninga. Når ordet *ikkje* negerer sanningsverdien som ligg i forbindelsen av subjektet og predikatet, modifiserer det innhaldet i setninga utan omsyn til ytre faktorar. Ordet *heller* modifiserer setningsinnhaldet i forhold til ei tidlegare setning ved å markere at det er eit tillegg. Og ved hjelp av ordet *visst* blir setningsinnhaldet dempa i forhold til språkbrukarens forventningar.

Setningsadverbial på bibelhebraisk som modifiserer innhaldet i setninga utan å relatere det til noko anna, kan bl.a. negere dette innhaldet (## 1 og 2) eller gjere det til eit spørsmål om innhaldet har sanningsverdi (# 3).

1.	לֹא יִדְעוּךָ	Dei kjenner <i>ikkje</i> deg. (Jes 55,5)
2.	אֵינָנוּ דֹרֵשׁ לְשָׁלוֹם לְעַם הַזֶּה	Han søker <i>ikkje</i> fred for dette folket. (Jer 38,4)
3.	הֲתַחְיֶינָה הָעֲצָמוֹת הָאֵלֶּה	Kan desse knoklane bli levande igjen? (Esek 37,3)

Setningsadverbial som modifiserer setningsinnhaldet i forhold til setninga før (eller etterpå), kan bl.a. fokusere på det som eit tillegg (# 4) eller som ein kontrast (# 5).

4.	נִכְסְפָה וְגַם-כָּלְתָה נַפְשִׁי לְחַצְרוֹת יְהוָה	Ho lengta, sjela mi <i>til og med</i> tærest bort [av lengsel], etter HERRENS føregardar. (Sal 84,3)
5.	וְחָלַב זֶבֶחֶיךָ לֹא הֲרוֹיַתְנִי אֵךְ הָעֲבֹדֹתַי בְּחַטָּאוֹתֶיךָ	Og [med] feittet av offera dine har du <i>ikkje</i> metta meg. Du har <i>heller</i> gitt meg strev gjennom syndene dine. (Jes 43,24)

Setningsadverbial som modifiserer det som blir kommunisert gjennom setninga i forhold til språkbrukaren, kan bl.a. fokusere på innhaldet som noko sant eller sikkert (# 6), eller som noko meir eller mindre usikkert (# 7) i språkbrukarens auge.

6.	כִּי-אַתֶּם הַמְעַט מִכָּל-הָעַמִּים	<i>Sanneleg</i> , de er det minste av alle folka. (5 Mos 7,7)
----	--------------------------------------	---

7.	עַד אֲשֶׁר אִם-שָׂאוּ עָרִים מֵאֵין יוֹשֵׁב	til [tidspunktet] då byar <i>eventuelt</i> har blitt lagde øyde, utan innbyggjar (Jes 6,11)
----	--	---

### e) Fokusledd

Eit anna setningsledd som kan komme i tillegg til subjekt og predikat, heiter fokusleddet.<sup>156</sup> Dette leddet set fokus på eller tematiserer noko(n) ved å nemne det for seg sjølv og som oftast først i setninga. Etterpå kjem resten av setninga med både subjekt og predikat. Det er vanlegvis nomen(frasar) som fungerer som fokusledd (## 1–4), men også preposisjonsfrasar (# 5) og setningar (# 6) kan ha denne funksjonen.

I norsk grammatikk seier ein at noko står i *laust forfeilt*, ein type "ekstraposisjon" i setninga.<sup>157</sup> Eit kjent eksempel for fleire er setninga frå nattverdsliturgien som lyder: *Vår Herre, Jesus Kristus, den natta då han vart sviken, tok han eit brød*. Denne setninga består av subjektet *han*, predikatet *tok eit brød* og eit fritt adverbial om tid: *den natta då han vart sviken*. Setninga begynner i tillegg med *vår Herre, Jesus Kristus*, eit ledd som køyrer fram og omtaler eit element frå resten av setninga – i dette tilfellet subjektet.

Det som eit fokusledd nemner, dukkar gjerne opp igjen i resten av setninga i form av eit pronomen, enten uavhengig eller som suffiks. Når det er tilfellet, kan pronomenet fungere som subjektet (# 1), eit attributt (# 2), eit objekt (# 3) eller eit adverbial (# 4). Det hender også at resten av setninga blir relatert til fokusleddet ved hjelp av eit setningsadverbial (## 5 og 6, sjå § 55c2).

1.	הַמָּקוֹם אֲשֶׁר אַתָּה עוֹמֵד עָלָיו אֲדַמְתָּ-קֹדֶשׁ הוּא	Staden som du står på ( <i>den</i> ), <u>den</u> er heilag grunn. (2 Mos 3,5)
2.	וְהָרַ סִינַי עָשָׂן בְּלוֹן	Og <i>Sinai-fjellet</i> , " <u>dets</u> heilskap" sto i røyk. (2 Mos 19,18)
3.	אֲדַמְתֶּכֶם לְנַגְדְּכֶם זָרִים אֲכַלִּים אֶתְהָ	<i>Jorda dykkar</i> , framfor dykk et framande <u>den</u> opp. (Jes 1,7)
4.	שָׁמַיִם תָּכֵן אֲמוֹנָתְךָ בָּהֶם	<i>Himmelen</i> , du grunnfestar truskapen din i <u>den</u> . (Sal 89,3)
5.	בְּשָׁנַת-מוֹת הַמֶּלֶךְ עֲזַיְהוּ וְאַרְאָה אֶת- אֲדָנִי	<i>I dødsåret til kong Ussia</i> , så såg eg Herren. (Jes 6,1)

<sup>156</sup> Andre namn for slike ledd er *casus pendens* og *nominativ absolutus* (eng. *nominative absolute*).

<sup>157</sup> Norsk referansegrammatikk, s. 904 ff.

6.	אֲשֶׁר נִשְׁבַּעְתִּי מֵעַבְרַי מִי נַח עוֹד עַל הָאָרֶץ כִּן נִשְׁבַּעְתִּי מִקְצֵף עָלֶיךָ	<i>Det at eg lova at Noa-vatnet aldri igjen ville komme over jorda – på same måte lovar eg [no] å ikkje bli harm på deg. (Jes 54,9)</i>
----	--	---

#### f) Vokativ

Vokative ledd nemner den eller dei som setninga er retta eller talt mot. Slike ledd kjem i tillegg til subjekt og predikat og eventuelle adverbial eller fokusledd. Fordi den ein taler til, som regel er kjent og unik, har det vokative leddet bunde innhald og står ofte med bunden form (sjå § 46). Dette leddet står ikkje alltid først i setninga (## 3 og 4).

1.	אֲדֹנָי הַמֶּלֶךְ הִרְעוּ הָאֲנָשִׁים הָאֵלֶּה	<i>Min herre konge! Desse mennene har handla ille. (Jer 38,9)</i>
2.	אֲשֶׁר אֵין לוֹ כֶּסֶף לְכוּ שִׁבְרוּ וְאָכְלוּ	<i>(Den) som ikkje har pengar! Kom, kjøp korn og et! (Sal 47,2)</i>
3.	אַתָּה יְהוָה אָבִינוּ	<i>Du, HERRE, er far vår. (Jes 63,16)</i>
4.	מֵאַרְבַּע רוּחוֹת בָּאֵי הַרוּחַ	<i>Frå dei fire vindretningane, kom, ånd! (Esek 37,9)</i>

## § 60 Setningstypar

#### a) Verbale og nominale setningar

Ein måte å dele inn setningar på, er om predikativet (= hovudordet i predikatet, sjå § 59b) er nominalt eller verbalt. Nominale setningar har nominale predikativ som substantiv, adjektiv, infinitiv constructus og partisipp (sjå § 59b1 for eksempel). Verbale setningar har verbale predikativ: finitte verb i perfektum, imperfektum, consecutivum-formene, viljesformene eller infinitiv absolutus (sjå § 59b2 for eksempel). Eitt unntak er der eit nominalt predikativ er ein del av eit predikat med eit finitt verb (# 1, ev. eit verb i infinitiv absolutus). Slike setningar er å rekne som verbale.

1.	וְהָיָה צְדָקָה [PIV] אֲזוּר מִתְנָיו	Så skal <i>rettferd</i> vere beltet om livet hans. (Jes 11,5)
----	---------------------------------------	---

Nominale predikativ er slik at dei enten *identifiserer* subjektet eller *beskriv/klassifiserer* subjektet. Identifiserande predikativ har vanlegvis bunde innhald (sjå § 46) og står som regel *etter* subjektet (## 2 og 3). Beskrivande/klassifiserande predikativ står ofte framfor subjektet og har ubunde innhald (# 4). Dersom dei er adjektiviske, samsvarer dei gjerne med subjektet i kjønn og tal (# 5).

2.	אֲנֹכִי עֵשָׂו	Eg [er] <i>Esau</i> . (1 Mos 27,19)
3.	אַתֶּם הַמְעַט מִכָּל־הָעַמִּים	De [er] <i>det minste av alle folka</i> . (5 Mos 7,7)
4.	רוּחַ חַיִּי	Livet mitt [er] <i>ein pust</i> . (Job 7,7)
5.	אַרְוֵרָה הָאָדָמָה בְּעִבּוֹרָךְ	<i>Forbanna</i> [er] <i>jorda for di skuld</i> . (1 Mos 3,17)

Verbale setningar pleier å starte med eit finitt verb som samsvarer med subjektet i person, kjønn og tal.

6.	יָדַע שׁוֹר קִנְהוֹ	Ein okse <i>kjenner eigaren sin</i> . (Jes 1,3)
----	---------------------	---

NB! Ordstilling på bibelhebraisk er ikkje fast, og samsvarsbøying kan mangle.<sup>158</sup>

### b) Hovudsetningar og leddsetningar

Dersom ei setning ikkje fungerer som ledd i ei større setning eller frase, kallast det ei hovudsetning. Det er vanleg at hovudsetningar knytast saman i ein tekst med konjunksjonen ׀. Hovudsetningar uttrykker bl.a. påstandar, spørsmål, utrop, viljesutsegner og eidar (sjå § 62).

Leddsetningar fungerer som ledd i større setningar eller frasar. Innanfor andre setningar står leddsetningar vanlegvis som subjekt eller frie adverbial om vilkår, følge, hensikt, årsak, eller tid. Det adverbiale kan også uttrykkast ved hjelp av ei setning som fungerer som fokusledd.<sup>159</sup> Leddsetningar kan elles modifisere nomen i nomenfrasar (som relativt attributt), verb i verbfrasar (som objekt) eller stå som utfylling for preposisjonar i preposisjonsfrasar.

Den mest synlege forskjellen mellom hovudsetningar og leddsetningar er bruken av ulike konjunksjonar. Elles er det lite som skil dei syntaktisk. Det vil seie at dei er bygd opp på omtrent same måte i forhold til ordstilling og setningsledd.

## § 61 Leddsetningar<sup>160</sup>

### a) Subjekssetningar

Leddsetningar som fungerer som subjekt i større setningar, kan nemne ein situasjon (*at*-setningar på norsk, # 1) eller ein part/aktør i ein situasjon ([*den/det/dei*] *som*-setningar, # 2). Dei står vanlegvis med konjunksjonane כִּי eller אֲשֶׁר i starten:

<sup>158</sup> Sjå dei større referansegrammatikkane som Joüon-Muraoka (f.eks. §§ 154–155) og Waltke-O'Connor (§ 8.4) for detaljene omkring ordstilling i dei ulike setningstypene.

<sup>159</sup> Leddsetningar kan også fungere innanfor større setningar som vokative ledd (§ 59 f., # 2), vanlegvis med אֲשֶׁר som konjunksjon.

<sup>160</sup> Preposisjonsfrasar med leddsetningar som utfylling (sjå pkt. e nedanfor) kan ha mange av dei same funksjonane som leddsetningane i pkt. a–d.

1.	וַיָּגֵד לְמֶלֶךְ מִצְרַיִם כִּי בָרַח הָעָם	Og så vart ( <i>det</i> ) at folket rømte, fortalt til kongen av Egypt. (2 Mos 14,5)
2.	וַיִּרַע בְּעֵינָיו יְהוָה אֲשֶׁר עָשָׂה	Og ( <i>det</i> ) som han gjorde, var vondt i HERRENS auge. (1 Mos 38,10)

### b) Leddsetningar som fungerer som fritt adverbial eller fokusledd

Dette er setningar som har som oppgave å gi supplerande informasjon om situasjonen formidla gjennom hovuddelen av setninga. Dersom dei står først i setninga, kan dei fungere som fokusledd. Det som kjem etterpå, vil i så fall starte med partikkelen ׀, som set resten av setninga i samanheng med fokusleddet. Uansett om dei er frie adverbial eller fokusledd, startar slike setningar ofte med konjunksjonar (sjå § 54).

(1) **Om vilkår eller vedgåing** – Eit vilkår er ein situasjon som må vere tilfelle for at ein annan situasjon skal kunne vere tilfelle. Vilkår kan vise til reelle tilfelle eller irreelle tilfelle. Reelle tilfelle har enten allereie blitt oppfylt eller kan framleis oppfyllast. Irreelle tilfelle stemmer ikkje med det som har skjedd eller kan skje. Vedgåingar er reelle vilkår som språkbrukaren erkjenner er negative på ein eller annan måte.

Partikkelen אַם (## 1–3) pleier å innleie både reelle vilkår og vedgåingar. Andre partiklar som kan brukast, er כִּי (## 4 og 5), אֲשֶׁר (# 6) og הֵן/הֵנָּה (# 7).<sup>161</sup>

1.	אַם-גַּלְחָתִי וְסָר מִמְּנֵי כַחִי	Viss eg blir raka, så fer styrken min frå meg. (Dom 16,17)
2.	וְאַם-לֹא תִשְׂיִמוּ עַל-לֵב לְתַת כְּבוֹד לְשָׁמִי ... וְשַׁלַּחְתִּי בְכֶם אֶת- הַמְּאָרָה	Og viss de ikkje legg dykk på hjartet å gi ære til namnet mitt ... så skal eg sende over dykk forbanning. (Mal 2,2)
3.	אַם-יִתְמַהְמָה חֶבֶה-לוֹ	Sjølv om det skulle dryge, vent på det! (Hab 2,3)
4.	כִּי הָהָרִים יִמוּשׁוּ וְהַגְּבְעוֹת תִּמוּטְנָה וְחִסְדֵי מֵאֲתָדָּ לֹא-יִמוּשׁ	Om så fjella vik og haugane vaklar, så skal mi miskunn aldri vike frå deg. (Jes 54,10)
5.	מֵה-בְּצַע כִּי נִהְרַג אֶת-אָחִינוּ	Kva blir vinninga viss me drep bror vår? (1 Mos 37,26)
6.	אֶת-הַבְּרָכָה אֲשֶׁר תִּשְׁמְעוּ אֵל- מִצּוֹת יְהוָה אֱלֹהֵיכֶם	Velsigninga [slår til] viss de høyrer på boda frå HERREN dykkar Gud. (5 Mos 11,27)

<sup>161</sup> Vilkår/vedgåingar kan også stå med ׀ eller ingen konjunksjon i starten.

7.	הֲנֵה אֲנֹכִי בָּא אֶל-בְּנֵי יִשְׂרָאֵל וְאָמַרְתִּי לָהֶם אֱלֹהֵי אֲבוֹתֵיכֶם שְׁלַחְנִי אֵלֵיכֶם וְאָמְרוּ-לִי מַה- שְׁמוֹ מָה אָמַר אֱלֹהִים	Viss eg no går til israelittane og så seier eg til dei: Dykkar fedrars Gud har sendt meg til dykk, og dei då seier til meg: Kva er namnet hans?, kva skal eg seie til dei? (2 Mos 3,13)
----	---	--

Irreelle vilkår står som regel med לוֹ/לוֹא eller לוֹלִי/לוֹלִיא i starten.

8.	לוֹ חֲכָמוֹ יִשְׁכִּילוּ זֹאת	Viss dei var vise, hadde dei skjønt dette. (5 Mos 32,29)
9.	לוֹלִי יְהוָה צְבָאוֹת הַזֹּתִיר לָנוּ שְׂרִיד כְּמַעַט בְּסוֹדֵם הַיִּינוּ	Viss HERREN Sebaot ikkje hadde latt nokre få overlevande vere igjen til oss, som Sodoma ville vi ha blitt. (Jes 1,9)

(2) **Om følge eller hensikt** – Når ein situasjon følger av ein annan, kan det vere med eller utan hensikt. Det er ingen stor forskjell i korleis desse to alternativa er uttrykt på norsk, og heller ikkje på bibelhebraisk. I dei fleste tilfella er det samanhengen som er avgjerande for korleis ein oppfattar spørsmålet om intensjon.

Partiklane אֲשֶׁר (## 1 og 2) og לְמַעַן (## 3 og 4) kan innleie både følge- (## 1 og 3) og hensiktssetningar (## 2 og 4). Også כִּי kan innleie følgesetningar, særleg i spørsmål (# 5). Partikkelen פֶּן brukast som konjunksjon når hensikta er at noko *ikkje* skal skje (# 6). Elles kan לֹא også brukast med אֲשֶׁר eller לְמַעַן i både følge- og hensiktssetningar (# 1).

1.	וְלֵהִט אֶתֶם הַיּוֹם הַבֶּא אָמַר יְהוָה צְבָאוֹת אֲשֶׁר לֹא יַעֲזֹב לָהֶם שְׂרֵשׁ וְעֵנָף	Og dagen som kjem skal brenne dei opp, seier HERREN Sebaot, <i>slik at den ikkje lèt etter seg for dei  rot eller grein.</i> (Mal 3,19 [NO 4,1])
2.	וְשָׁמַרְתָּ לַעֲשׂוֹת אֲשֶׁר יִיטֵב לָךְ	Og du skal passe på å gjere [dei], <i>så det går deg vel!</i> (5 Mos 6,3)
3.	וַעֲדִיָּהֶם הֵמָּה בֹּל יִרְאוּ וּבֹל יִדְעוּ לְמַעַן יִבְשׂוּ	Og vitna deira – dei ser ikkje og skjønner ikkje, <i>slik at  dei blir til skamme.</i> (Jes 44,9)
4.	חַנּוּנֵי יְהוָה ... לְמַעַן אֲסַפְּרָה כָּל תְּהִלָּתֶיךָ	Ver meg nådig, Herre, ... <i>så eg kan forkynne alle dine  prisverdige handlingar!</i> (Sal 9,14–15)

5.	מָה אָנוּשׁ כִּי תִזְכְּרֶנּוּ	Kva er eit menneske, <i>slik at du hugsar på det?</i> (Sal 8,4)
6.	עַל כַּפַּיִם יִשְׂאוּנֶדָּה פֶּן תִּגָּר בְּאַבְנֵי רַגְלֶךָ	På hender skal dei bere deg så <i>du ikkje støyter på steinen foten din.</i> (Sal 91,12)

(3) **Om årsak** – Når situasjonen som ei setning viser til, ligg til grunn for situasjonen uttrykt gjennom resten av setninga, blir ofte leddsetninga om årsak innleidd med partiklane כִּי, הֵן/הֵנָּה eller אֲשֶׁר.

1.	כִּי עָשִׂיתָ זֹאת אָרוּר אַתָּה	<i>Forði du gjorde dette, er du forbanna!</i> (1 Mos 3,14)
2.	זֶבַח-פֶּסַח הוּא לִיהוָה אֲשֶׁר פֶּסַח עַל-בֵּיתִי בְּנִי-יִשְׂרָאֵל בְּמִצְרַיִם	Det er eit påskeoffer for HERREN <i>fordi han gjekk forbi husa til israelittane i Egypt.</i> (2 Mos 12,27)
3.	הֵן לִי לֹא נָתַתָּה זֶרַע וְהֵנָּה בֶן- בֵּיתִי יוֹרֵשׁ אֹתִי	<i>Forði du ikkje har gitt meg etterkommarar, så kjem ein av husfolka mine til å arve meg.</i> (1 Mos 15,3)

(4) **Om tid** – Ein situasjon kan plasserast i tid i forhold til ein annan situasjon ved hjelp av ei leddsetning. Er hovudsituasjonen *samtidig* med situasjonen i leddsetninga, brukast gjerne כִּי for å uttrykke dette (# 1), eventuelt אִם (# 2). Partikkelen בְּטוֹרָם framfor leddsetninga er med på å markere at hovudsituasjonen skal plasserast på eit *tidlegare* tidspunkt enn situasjonen i leddsetninga (# 3). Og med kombinasjonen מֵאַזְּ blir hovudsituasjonen plassert i tida *etter* situasjonen i leddsetninga (# 4).

1.	כִּי נָעַר יִשְׂרָאֵל וְאֶהְיֶהוּ	<i>Då Israel var ung, så fekk eg han kjær.</i> (Hos 11,1)
2.	וְשִׁפְתֵי רִנְנוֹת יְהִלֵּל פִּי אִם זְכַרְתִּיךָ עַל יְצוּעֵי	Og med lepper av gledesrop lovsyng munnen min <i>når eg hugsar deg på senga mi.</i> (Sal 63,6b–7a)
3.	בְּטוֹרָם אֶצְרֶךָ בְּבֶטֶן יִדְעִתִּיךָ וּבְטוֹרָם תִּצָּא מִרְחֹם הַקֶּדֶשׁ שִׁתִּיךָ	<i>Før eg forma deg i magen, kjende eg deg, og før du gjekk ut av mors liv, helga eg deg.</i> (Jer 1,5 Kere)
4.	מֵאַזְּ הַפְּקִיד אֹתוֹ בְּבֵיתוֹ וְעַל כָּל- אֲשֶׁר יִשְׁלוּ וַיְבָרַךְ יְהוָה אֶת-בֵּית הַמִּצְרִי	<i>Etter at han hadde gitt han tilsyn over huset sitt og over alt han eigde, så velsigna HERREN huset til egyptaren.</i> (1 Mos 39,5)



### c) Leddsetningar som står til verb

Setningar som knytast til verb innanfor verbfrasar, fungerer vanlegvis som *objekt* for verbet. Dei er som regel produktobjekt for taleverb (# 1) eller sanseobjekt (## 2–4). Dei kan stå utan konjunksjon i starten (# 1) eller med כִּי (# 2), אֲשֶׁר (# 3), הַ (# 4) eller אִם (# 5). Av og til har dei objektsmerket אֵת framfor seg (# 3).

1.	וַיֹּאמֶר אֱלֹהִים יְהִי אוֹר	Og så sa Gud: <i>Det skal bli lys!</i> (1 Mos 1,3)
2.	יָדַעַ אֱלֹהִים כִּי בַיּוֹם אֲכַלְכֶם מִמֶּנּוּ וְנִפְקַחוּ עֵינֵיכֶם	Gud veit <i>at på den dagen de et av det, så opnast auga dykkar.</i> (1 Mos 3,5)
3.	זָכֹר תִּזְכֹּר אֵת אֲשֶׁר עָשָׂה יְהוָה אֱלֹהֶיךָ לְפָרְעָה וּלְכָל מִצְרַיִם	Hugs ( <i>det</i> ) som <i>HERREN din Gud gjorde med farao og heile Egypt.</i> (5 Mos 7,18)
4.	לְרִאוֹת הַקִּלּוֹ הַמַּיִם מֵעַל פְּנֵי הָאָדָמָה	for å sjå <i>om vatnet på jordoverflata hadde minka</i> (1 Mos 8,8)
5.	בְּחַרוּ לָכֶם הַיּוֹם ... אִם אֵת אֱלֹהִים אֲשֶׁר עֲבַדוּ אֲבוֹתֵיכֶם ... וְאִם אֵת אֱלֹהֵי הָאֲמֹרִי	Vel i dag ... om [de vil tene] gudane som fedrane dykkar dyrka ... eller om [de vil tene] amorittanes gudar. (Jos 24,15)

### d) Leddsetningar som står til nomen

Setningar knytast til nomen innanfor nomenfrasar først og fremst med partikkelen אֲשֶׁר (## 1–4 og 12). Andre gonger står dei med partiklane כִּי (# 5), שֶׁ (# 6), זֶה (# 7), הַ (# 8), זוּ (# 9) eller utan bindeord (## 10 og 11).

Ofte vil bruken av slike setningar likne bruken av adjektiv fordi dei *beskriv* nærmare eller kategoriserer den nominale kjernen i frasen. I andre tilfelle fungerer desse leddsetningane meir som substantiv på den måten at dei brukast til å *nemne* situasjonar eller noko(n) som er involvert i ein situasjon (## 3–5, 11 og 12). I denne siste gruppa har ikkje den nominale kjernen for frasen nokon funksjon i leddsetninga.

Dei fleste slike setningar fungerer som relative attributt (sjå § 56a4). Men dei kan også stå som apposisjon i forhold til den nominale kjernen (# 12).

1.	הָאִישׁ אֲשֶׁר הוּא טָהוֹר	mannen <i>som</i> [*han] er rein (4 Mos 9,13)
2.	אֶרֶץ אֲשֶׁר נָתַן יְהוָה אֱלֹהֶיךָ לָךְ	landet ditt <i>som HERREN din Gud gir deg</i> (5 Mos 28,52)

3.	יָד אֲשֶׁר אַתָּה יָגוּר מִפְּנֵיהֶם	handa ( <i>på dei</i> ) som du er redd for [ <i>*dei</i> ] (Jer 22,25)
4.	דְּבַר אֲשֶׁר לֹא קִדְמוּ אֶתְכֶם	det forholdet <i>at dei</i> ikkje møtte dykk (5 Mos 23,5 [NO v. 4])
5.	הָאוֹת בִּי אֲנֹכִי שְׁלַחְתִּידָּ	teiknet ( <i>på</i> ) at eg har sendt deg (2 Mos 3,12)
6.	אָדָם שְׂאִין לוֹ תְּשׁוּעָה	eit menneske som det ikkje er hjelp hos [ <i>*han</i> ] (Sal 146,3)
7.	אֱלֹהֵינוּ זֶה קוֹיְנוּ לוֹ	vår Gud, som vi håpa på [ <i>*han</i> ] (Jes 25,9)
8.	אֲנָשִׁים הַהֲשִׁיבוּ נָשִׁים נְכָרִיּוֹת	menn som hadde gifta seg med framande kvinner (Esra 10,17)
9.	עַם זֶה קָנִיתָ	folket som du skaffa deg (2 Mos 15,16)
10.	יָמֵי הַתְּהַלְכָנוּ אִתָּם	dagane [då] vi gjekk saman med dei (1 Sam 25,15)
11.	וְכָל נַעֲשֶׂה בַמְרַחֶשֶׁת וְעַל מַחְבֵּת	og heilskapen av ( <i>det som</i> ) blir laga i gryte eller på helle (3 Mos 7,9)
12.	יִרְמְיָהוּ הַנְּבִיא אֵת אֲשֶׁר הַשְּׁלִיכוּ אֶל הַבּוֹר	profeten Jeremia, ( <i>han</i> ) som dei kasta i brønnen (Jer 38,9)

#### e) Leddsetningar som utfyllingar for preposisjonar

Når ei setning fungerer som utfylling for ein preposisjon, er den substantivert på same måte som når den står som subjekt, fokusledd eller vokativ i ei setning eller som objekt i ein verbfrase. Det vil seie at setninga er brukt for å vise til enten ein situasjon (*at*-setning) eller ein part i ein situasjon (*den/det/dei som*-setning). I utgangspunktet står det ein konjunksjon – אֲשֶׁר eller כִּי – mellom preposisjonen og setninga (## 1 og 2). Men denne kan mangle (# 3).

1.	כֹּאֲשֶׁר דִּבֶּר אֵלַי	same ( <i>tidspunktet</i> ) då han talte til meg (Esek 2,2)
2.	תַּחַת כִּי אָהַב אֶת אֲבֹתָיָדָּ	fordi <i>at han</i> elska fedrane dine (5 Mos 4,37)
3.	אֶל-הַכִּינּוֹתַי לוֹ	til [(staden) som] eg har stelt i stand til den (1 Krøn 15,12)

## § 62 Andre hovudsetningar og ytringar

### a) Spørsmål

Spørsmål på norsk og bibelhebraisk kan brukast til å etterlyse informasjon (*Kor er du?*) eller framsette ein påstand – såkalla *retoriske* spørsmål (*Kven er som du blant gudane, Herre? = Det er ingen som du blant gudane*). På bibelhebraisk kan dei i tillegg uttrykke utrop eller ønske. Uansett korleis spørsmål er brukt ("ekte," retorisk, utrop eller ønske), har dei same

struktur på bibelhebraisk.<sup>162</sup>

I norsk skriftspråk er spørsmål markert med spørsmålsteikn. Dei kan i tillegg ha ei anna ordstilling enn andre typar setningar eller bruke spesielle spørjeord. På hebraisk er det ikkje noko setningsteikn som markerer at ei setning fungerer som eit spørsmål. Eit fåtal spørsmål må derfor identifiserast ved hjelp av konteksten åleine (# 1).

1.	אֵף כִּי אָמַר אֱלֹהִים לֹא תֹאכְלוּ מִכָּל עֵץ הַגֶּן	Så Gud sa verkeleg at de ikkje kunne ete av noko tre i hagen? (1 Mos 3,1)
----	---	---

Dei fleste spørsmål har derimot spesielle spørjeord i starten. Ja-nei-spørsmål, der språkbrukaren i utgangspunktet ber om å få noko bekrefte/avkrefta, begynner vanlegvis med partikkelen <sup>163</sup>הֲ skriven som prefiks på første ordet i setninga (## 2 og 3). Når to slike ja/nei-spørsmål blir stilt på rad, har det andre vanlegvis אִם i starten (# 4). Dette andre ja/nei-spørsmålet, med אִם, kan også legge fram det motsette *alternativet* (# 5).

2.	הֲעוֹד אָבִי חֵי	Lever far min framleis? (1 Mos 45,3)
3.	הֲשֹׁמֵר אָחִי אָנֹכִי	Er eg vaktar for min bror? (= Eg er <i>ikkje</i> vaktar for min bror!) (1 Mos 4,9)
4.	הֲשָׁכַח חַנוּת אֵל אִם קָפֵץ בְּאֵף רַחֲמָיו	Har Gud gløymt å vere nådig? Har han lukka igjen mildskapen sin i vreide? (Sal 77,10)
5.	הֲיֵשׁ יְהוָה בְּקִרְבָּנוּ אִם אֵין	Er HERREN iblant oss <i>eller</i> ikkje? (2 Mos 17,7)

Spørsmål som etterlyser informasjon og ikkje berre bekrefting/avkrefting, gjer dette ved hjelp av forskjellige spørjepronomen, av og til som utfylling for forskjellige preposisjonar (sjå # 11 og § 52c), f.eks. מִי *kven?* (# 6), מַה *kva?* (# 7), מָתַי *når?* (# 8), אֵיךְ *korleis?* (# 9), אֵיךְ *korleis?* (# 10) og לָמָּה *kvifor?* (# 11). Spørsmål kan framhevast med זֶה/זֵה (# 11).

6.	מִי יַעֲלֶה בְּהַר יְהוָה וּמִי יִקּוּם בְּמִקּוֹם קֹדֶשׁוֹ	<i>Kven</i> kan gå opp på HERRENS fjell? Og <i>kven</i> kan stå på hans heilage stad? (Sal 24,3)
7.	מַה תִּתֶּן לִי	<i>Kva</i> vil du gi meg? (1 Mos 15,2)

<sup>162</sup> Dette gjeld også "indirekte" spørsmål, som i denne grammatikken er analysert som leddsetningar som står til verb (sjå § 61c, ## 4 og 5).

<sup>163</sup> Denne partikkelen kan skrivast הֲ, הָ eller הַ, avhengig av korleis ordet det kjem framfor, begynner (sjå §§ 8b, 9d-e og 10g).

8.	מְתִי אָבוּא וְאַרְאָה פְּנֵי אֱלֹהִים	Når får eg komme og vise meg for Guds ansikt? (Sal 42,3)
9.	אֵיָה שָׂרָה אֲשֶׁתְּךָ	Kor er Sara, kona di? (1 Mos 18,9)
10.	אֵיךְ נִשְׁיֵר אֶת שִׁיר יְהוָה עַל אֲדָמַת נֶכֶר	Korleis kan vi syngje HERRENS song på framand jord? (Sal 137,4)
11.	לָמָּה זֶה הֶעֱלִיתָנוּ מִמִּצְרַיִם	Kvifor har du ført oss opp frå Egypt? (2 Mos 17,3)

Spørsmål som uttrykk for følelsesladde utbrot eller ønske skil seg ikkje grammatisk frå andre spørsmål (jf. # 5 ovanfor). Dette kan vere ei utfordring for ein norsk lesar som er vant til at i alle fall utrop har ein annan struktur. Samanlikn "spørsmåla" på hebraisk med utropa på norsk nedanfor.

12.	אֵיךְ נָפְלוּ גִבּוֹרִים	Som krigarane har falle! (2 Sam 1,19)
13.	מַה־נּוֹרָא מַעֲשֶׂיךָ	Kor skremmande dine gjerningar er! (Sal 66,3)

Ønske blir gjerne formulert som eit spørsmål med spørjeordet מִי. Ein vanleg kombinasjon er מִי יִתֵּן (# 15), jf. bm *Gid ... (= Gud gi det ...)* og nn *Gi (berre) ...*

14.	מִי יַעֲלֶה לָנוּ הַשָּׁמַיְמָה וְיִקְחֵהָ לָנוּ	Om nokon ville fare opp for oss til himmelen og hente det til oss! (5 Mos 30,12)
15.	מִי יִתֵּן כָּל עַם יְהוָה נְבִיאִים	Om berre alt HERRENS folk var profetar! (4 Mos 11,29)

Ein del spørsmål med מִי fungerer som fokusledd og nemner ubestemte personar (jf. det engelske ubundne relativpronomen *whoever*). Desse dukkar gjerne opp som subjektet i hovuddelen av setninga.

16.	מִי פְתִי יִסֵּר הַנֶּה	Den som er uerfaren, la han vende seg hit! (Ordt 9,4)
17.	מִי חָכֵם וְיִשְׁמֵר אֱלֹהַ	Den som er vis, la han ta vare på dette! (Sal 107,43)

## b) Eidar

Med ein eid gir ein språkbrukar løfte om at noko (ikkje) skjer eller er/blir tilfelle. I tillegg til verbet שָׁבַע i *Niphal*, kan eidar markerast på ulike måtar, først og fremst partiklane לֹא, אֵם

og כִּי.

Eit løfte om at noko skjer eller er/blir tilfelle, blir uttrykt ved hjelp av den litt ulogiske ordkombinasjonen **אם לא** (# 1) eller **כִּי** (# 2), og at noko *ikkje* skjer eller er/blir tilfelle, med **אם** åleine (# 3) eller ordkombinasjonen **לֹא לְחַלְלָהּ לְ** (# 4). Denne "ulogiske" bruken av **אם** er forklart nærmare i slutten av § 55c2d.

1.	<b>אם לא שׁוֹיִתִּי וְדוֹמַמְתִּי נִפְשִׁי</b>	Eg har <i>sanneleg</i> fått meg sjølv til å vere stille og roleg. (Sal 131,2)
2.	<b>נִשְׁבַּעְתִּי נְאֻם יְהוָה ... כִּי בָרַךְ אֲבָרְכֶךָ</b>	Eg sver, seier HERREN, ...: Eg vil <i>sanneleg</i> velsigne deg. (1 Mos 22,16–17)
3.	<b>נִשְׁבַּע יְהוָה בְּיַמִּינוֹ וּבְזְרוֹעַ עֲזוֹ אִם אֲתֵן אֶת דְּגַנְךָ עוֹד מֵאֲכָל לֹא־יִבִּיד</b>	HERREN har svore ved si høgre hand og ved sin sterke arm: Eg vil <i>aldri</i> gi kornet ditt igjen til mat for fiendane dine. (Jes 62,8)
4.	<b>חֲלִילָהּ לָנוּ מֵעֹזב אֶת־יְהוָה לְעַבְד אֱלֹהִים אֲחֵרִים</b>	<i>Aldri i livet skal vi forlate HERREN for å tene andre gudar!</i> (Jos 24,16)

Ein frase/setning med ordet **חִי/חַי** (*liv? lever?*) og eit namn e.l. innleier eller følger mange eidar.

5.	<b>חִי יְהוָה וְחַי נַפְשֶׁךָ אִם אֶעֱזָבֶךָ</b>	( <i>Ved</i> ) <i>HERRENS liv</i> og ( <i>ved</i> ) <i>ditt eige liv!</i> Aldri går eg frå deg! (2 Kong 2,2)
----	--	--

### c) Utrop

Utrop blir ikkje alltid formulert som setningar med subjekt og predikat. Mange ord og frasar er uttrykk for forskjellige følelsesladde utbrot.

Setningar med **וַיְהִי** kan reknast som utrop som stiller noko fram og/eller peiker på det (# 1).

1.	<b>וַיְקוּ לְמִשְׁפָּט וַיְהִי מִשְׁפָּח</b>	Og han venta rett, men <i>sjå</i> , blodspille! (Jes 5,7)
----	--	---

Sjølv om dei blir omsett med setningar, innleier substantivet **אֲשֵׁרִי** (*sterk*) *glede* frasar som fungerer som utrop (## 2 og 3). Eit anna substantiv som kan innleie frasar som fungerer som utrop, er **קוֹל** *lyd, røyst* (## 4 og 5). Med slike frasar kan språkbrukaren gi til kjenne at han

hører noko eller oppfordre mottakaren til å lytte til noko.

2.	אֲשֶׁרִי הָאִישׁ אֲשֶׁר לֹא הִלְדָּה בְּעֵצַת רְשָׁעִים	<i>For ei glede</i> hos mannen som ikkje går etter rådet frå lovause! (Sal 1,1)
3.	אֲשֶׁרִיךָ וְטוֹב לָךְ	Så bra for deg! Godt blir det for deg! (Sal 128,2)
4.	קוֹל רִנָּה וְיִשׁוּעָה בְּאֶהְלֵי צְדִיקִים	(Eg hører / Høyr) lyden av gledesrop og siger i telta til dei rettferdige! (Sal 118,15)
5.	קוֹל קוֹרָא	(Eg hører / Høyr) lyden av ein som roper! (Jes 40,3)

Utrop med אוֹי/הוּי (# 7), men kan også brukast som tilrop (# 6), både med tiltale og omtale (# 7). Preposisjonen לְ brukast dersom den som ropet handlar om, er uttrykt med pronomen.

6.	הוּי כָּל צָמָא לְבוֹ לְמִים	<i>Hei!</i> Kvar den som tørstar, kom til vatnet! (Jes 55,1)
7.	וְאָמַר אוֹי לִי כִי נִדְמִיתִי	Og så sa eg: <i>Ve meg!</i> Det er ute med meg! (Jes 6,5)

#### d) Viljesutsegner

Ein språkbrukar uttrykker viljen sin på bibelhebraisk først og fremst gjennom viljesformene jussiv, kohortativ og imperativ. Desse brukast om både befalingar, tillatingar, bøn, ønske og velsigning/forbanning (sjå § 40). Andre verbkonjugasjonar som kan gi uttrykk for språkbrukarens vilje er imperfektum (# 1), perfektum consecutivum (# 2), partisipp (# 3) og perfektum (# 4).

1.	וַיִּקְרָאוּ לְרֵבֶקָה וַיֹּאמְרוּ אֵלֶיהָ הֲתֵלְכִי עִם הָאִישׁ הַזֶּה וְתֵאמְרִי אֵלָיו	Og så ropa dei på Rebekka og sa til henne: <i>Vil du reise</i> med denne mannen? Og så sa ho: Eg <i>vil reise</i> . (1 Mos 24,58)
2.	אִם יִקְרָא אֵלֶיךָ וְאָמַרְתָּ דִּבְרֵי יְהוָה כִּי שִׁמַּע עֲבָדָךְ	Viss han roper på deg, så <i>skal du svare</i> : Tal, HERRE, tenaren din hører! (1 Sam 3,9)
3.	בְּרוּךְ אַבְרָם לְאֵל עֲלִיוֹן	<i>Velsigna vere</i> Abraham av Gud, Den høgste! (1 Mos 14,19)
4.	יְהִי לִי לְצוּר מְעוֹן לְבוֹא תָמִיד צִוִּיתָ לְהוֹשִׁיעַנִי	Ver for meg eit trygt berg å alltid komme til! <i>Gi befaling</i> om å frelse meg! (Sal 71,3)

Visse partiklar kan også brukast med viljesutsegner, f.eks. לוא/לו (# 5) og אם (# 6).

5.	לוא הקשבת למצותי ויהי כנהר שלומך	<i>Om du berre hadde høyrte på mine bod! Då vart freden din som elva. (Jes 48,18)</i>
6.	ישראל אם תשמע לי	Israel, om du berre ville høyre på meg! (Sal 81,9)

Andre gonger er det berre samanhengen som viser at ei setning er uttrykk for språkbrukarens vilje.

7.	למען אחי ורעי אדברה נא שלום בך	For mine brør og venner skuld vil eg då seie: <i>Fred over deg!</i> (Sal 122,8)
----	-----------------------------------	---

# Tillegg 1 Utvalde paradigme

Formene ført opp i paradigma er ikkje dei einaste moglege, men representerer dei fleste tilfella.

## Paradigme 1: regelmessige verb (§ 23a)

		<i>Qal</i>				<i>Niphal</i>	
		Hovudmønster		Sekundærmønster			
Perf.		Sg.	Pl.	Sg.	Pl.	Sg.	Pl.
	3m.	קָטַל	קָטְלוּ	כָּבַד / קָטַן	כָּבְדוּ / קָטְנוּ	נִקְטַל	נִקְטְלוּ
	3f.	קָטְלָה		כָּבְדָה / קָטְנָה		נִקְטְלָה	
	2m.	קָטַלְתָּ	קָטַלְתֶּם	כָּבַדְתָּ / קָטַנְתָּ	כָּבַדְתֶּם / קָטַנְתֶּם	נִקְטַלְתָּ	נִקְטַלְתֶּם
	2f.	קָטַלְתְּ	קָטַלְתֶּן	כָּבַדְתְּ / קָטַנְתְּ	כָּבַדְתֶּן / קָטַנְתֶּן	נִקְטַלְתְּ	נִקְטַלְתֶּן
	1.	קָטַלְתִּי	קָטַלְנוּ	כָּבַדְתִּי / קָטַנְתִּי	כָּבַדְנוּ / קָטַנּוּ	נִקְטַלְתִּי	נִקְטַלְנוּ
Impf.	3m.	יִקְטַל	יִקְטְלוּ (ן)	יִכָּבֵד	יִכָּבְדוּ (ן)	יִקְטַל	יִקְטְלוּ (ן)
	3f.	תִּקְטַל	תִּקְטְלֶנָּה	תִּכָּבֵד	תִּכָּבְדֶנָּה	תִּקְטַל	תִּקְטְלֶנָּה
	2m.	תִּקְטַל	תִּקְטְלוּ (ן)	תִּכָּבֵד	תִּכָּבְדוּ (ן)	תִּקְטַל	תִּקְטְלוּ (ן)
	2f.	תִּקְטְלִי (ן)	תִּקְטְלֶנָּה	תִּכָּבְדִי (ן)	תִּכָּבְדֶנָּה	תִּקְטְלִי (ן)	תִּקְטְלֶנָּה
	1.	אִקְטַל	נִקְטַל	אִכָּבֵד	נִכָּבֵד	אִקְטַל / אִקְטַל	נִקְטַל
Impv.	m.	קַטַּל	קָטְלוּ	כָּבֵד	כָּבְדוּ	הִקְטַל	הִקְטְלוּ
	f.	קָטְלִי	קָטְלֶנָּה	כָּבְדִי	כָּבְדֶנָּה	הִקְטְלִי	הִקְטְלֶנָּה
Inf. cstr.		קָטַל		כָּבֵד / כָּבַד		הִקְטַל	
Inf. abs.		קָטוּל		כָּבוּד		הִקְטַל / נִקְטַל	
Part. (m.)		קָטַל (aktivt)		כָּבֵד	קָטַן	נִקְטַל	
		קָטוּל (passivt)					



Paradigme 1: regelmessige verb (§ 23a)

		<i>Piel</i>	<i>Pual</i>	<i>Hithpael</i>	<i>Hiphil</i>	<i>Hophal</i>
Perf.	3msg.	קָטַל / קָטַל	קָטַל	הִתְקַטַּל	הִקְטִיל	הִקְטַל
	3fsg.	קָטְלָה	קָטְלָה	הִתְקַטְּלָה	הִקְטִילָה	הִקְטַלָּה
	2msg.	קָטַלְתָּ	קָטַלְתָּ	הִתְקַטְּלַתָּ	הִקְטַלְתָּ	הִקְטַלְתָּ
	2fsg.	קָטַלְתְּ	קָטַלְתְּ	הִתְקַטְּלַתְּ	הִקְטַלְתְּ	הִקְטַלְתְּ
	1sg.	קָטַלְתִּי	קָטַלְתִּי	הִתְקַטְּלַתִּי	הִקְטַלְתִּי	הִקְטַלְתִּי
	3pl.	קָטְלוּ	קָטְלוּ	הִתְקַטְּלוּ	הִקְטִילוּ	הִקְטַלוּ
	2mpl.	קָטַלְתֶּם	קָטַלְתֶּם	הִתְקַטְּלַתֶּם	הִקְטַלְתֶּם	הִקְטַלְתֶּם
	2fpl.	קָטַלְתֶּן	קָטַלְתֶּן	הִתְקַטְּלַתֶּן	הִקְטַלְתֶּן	הִקְטַלְתֶּן
	1pl.	קָטַלְנוּ	קָטַלְנוּ	הִתְקַטְּלַנוּ	הִקְטַלְנוּ	הִקְטַלְנוּ
Impf.	3msg.	יִקְטַל	יִקְטַל	יִתְקַטַּל	יִקְטִיל	יִקְטַל
